



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 48

(2002–2003)

---

## Kulturpolitikk fram mot 2014



# Innhold

<b>1</b>	<b>Samandrag .....</b>	<b>7</b>	<b>3.2.4</b>	Endra organisasjonsformer på kunstfeltet .....	36
1.1	Innleiring .....	7		Sentrums og periferi .....	37
1.2	Struktur og tilnærmingsmåte .....	9	3.2.5	Impulsar frå ulike tradisjonar .....	38
1.3	Musikk .....	10	3.2.6	Utviklingstrekk på dei ulike kunst- og kulturområda .....	39
1.4	Scenekunst .....	11	3.3	Blandingsformer i kunsten .....	39
1.5	Film og kino .....	12	3.3.1	Musikk .....	39
1.6	Biletkunst m.m. .....	12	3.3.2	Scenekunst .....	42
1.7	Arkiv, bibliotek og museum .....	13	3.3.3	Film .....	43
1.8	Språk .....	14	3.3.4	Biletkunst .....	44
1.9	Litteratur .....	15	3.3.5	Arkitektur .....	45
1.10	Kunstnarane .....	16	3.3.6	Design .....	46
1.11	Friviljug innsats .....	16	3.3.7	Kunsthandverk .....	47
1.12	Nokre verkemiddelspørsmål .....	17	3.3.8	Litteratur .....	48
1.13	Kulturygg .....	17	3.3.9	Kunstformidling og kunsttilbod for born og unge .....	49
<b>2</b>	<b>Innleiring .....</b>	<b>19</b>	<b>3.3.10</b>	Arkiv, bibliotek og museum .....	51
2.1	Bakgrunn .....	19		Språk .....	55
2.2	Grunnlagsdokument .....	19	3.3.11		
2.3	Framlagde meldingar og proposisjonar .....	20	3.3.12		
2.4	Nærare om nokre sentrale omgrep	20		<b>Del II</b>	<b>Verkemidla i kulturpolitikken ..</b>
2.4.1	Kultur .....	21			59
2.4.2	Kunst .....	21	<b>4</b>		
2.4.3	Kvalitet .....	22			
Del I	25		4.1	<b>Den faktiske verkemiddelbruken i den noverande norske kulturpolitikken .....</b>	61
<b>Del I</b>	<b>Ein dynamisk kultursektor i eit samfunn i omskaping .....</b>	<b>25</b>	4.2	Innleiane merknad .....	61
<b>3</b>	<b>Viktige utviklingstrekk i samfunnet og innanfor kultursektoren .....</b>	<b>27</b>	4.2.1	Lover og forskrifter .....	61
3.1	Eit samfunn i rask endring .....	27	4.2.2	Lovfeste rettar for kunstnarar .....	61
3.1.1	Endringar i levekår, utdanning og demografi .....	27	4.2.3	Lovgjeving om språkspørsmål .....	63
3.1.2	Globalisering .....	28	4.2.4	Lovverk innanfor abm-feltet .....	64
3.1.3	Kultursituasjonen for born og unge – ein global generasjonskultur? .....	29	4.2.5	Lover og lovforeseigner som vedkjem kunstinstitusjonar .....	66
3.1.4	Individualisering .....	30	4.2.6	Lovføreseigner som vedkjem bokbransjen .....	67
3.2	Internasjonale impulsar og nasjonale endringstendensar på kulturområdet .....	32	4.3	Lovføreseigner om planlegging .....	67
3.2.1	Medie- og kulturindustri .....	33	4.3.1	Økonomiske verkemiddel .....	67
3.2.2	Nye kontaktflater mellom kultur og næringsliv .....	34	4.3.2	Investeringar .....	68
3.2.3	Ein sektor i vekst: kulturtilbod og kulturbruk .....	35	4.3.3	Musikk .....	69
			4.3.4	Scenekunst .....	70
			4.3.5	Film .....	71
			4.3.6	Biletkunst, arkitektur og design .....	72
			4.3.7	Kulturhistoriske museum m.m. ....	73
			4.3.8	Språk, litteratur og bibliotek .....	74
			4.3.9	Arkiv .....	75
			4.4	Oppsummering og oversyn .....	76
			4.4.1	Organisatoriske verkemiddel .....	78
			4.4.2	Generelt om statlege organ og institusjonar .....	78
				Særskilt om Norsk kulturråd .....	79

4.4.3	Særskilt om ABM-utvikling .....	81	6.10	Allmennkringkasting og kultur . . . . .	121
4.4.4	Andre statlege fagorgan .....	81	6.11	Nokre skatte- og avgiftsspørsmål . . . . .	121
4.4.5	Statlege institusjonar .....	82			
4.4.6	Tilskotsinstitusjonar .....	83	<b>7</b>	<b>Musikk</b> .....	123
4.5	Informative verkemiddel .....	84	7.1	Hovudutfordringar og prioriteringar .....	123
4.5.1	Odin .....	84	7.2	Ensemblefeltet .....	124
4.5.2	Kulturnett Noreg .....	85	7.2.1	Særskilt om kor .....	125
4.5.3	Heimesider på Internett .....	85	7.3	Symfoniorkestra .....	125
4.5.4	Nettstaden for Den kulturelle skulesekken .....	85	7.4	Festivalane og dei lokale arrangørane .....	126
4.5.5	Publikasjonar på papir .....	86		Musikkfestivalar .....	127
4.6	Kontrollerande verkemiddel .....	86	7.4.1	Lokale konsertarrangørar .....	127
4.7	Fylkeskommunane si rolle på kulturområdet .....	87	7.4.2	Rikskonsertane .....	127
4.7.1	Økonomi – fylkeskommunale kulturutgifter .....	87	7.5	Konserttilbod landet rundt .....	127
4.7.2	Organisering .....	90	7.5.1	Skulekonsertane .....	128
4.7.3	Nærare om kulturoppgåvane i fylkeskommunane .....	91	7.5.2	Innkjøpsordninga for fonogram ..	128
4.8	Kommunane si rolle på kulturområdet .....	94	7.6	Kyrkjemusikk .....	129
4.8.1	Kommunale kulturutgifter siste tiåret .....	95	7.7	Folkemusikk og folkedans .....	130
4.8.2	Korleis kommunane prioriterer ..	96	7.8	Verdsmusikk .....	132
			7.9	Populärmusikk .....	132
			7.10	Jazz .....	133
			7.11	Dokumentasjon og informasjon ..	134
5	<b>Kulturpolitikk internasjonalt og kultursektoren i andre land</b> .....	97	<b>8</b>	<b>Scenekunst</b> .....	135
5.1	Innleiing .....	97	8.1	Hovudutfordringar og prioriteringar .....	135
5.2	Kulturpolitikk på den internasjonale arenaen .....	97	8.2	Teaterinstitusjonane .....	136
5.3	Kulturpolitikk og kulturforvaltning i andre land .....	100	8.2.1	Tilbod og publikum .....	136
5.3.1	Organisering .....	100	8.2.2	NOU 2002: 8 Etter alle kunstens regler .....	138
5.3.2	Tilhøvet mellom ulike forvaltningsnivå .....	100	8.2.3	Finansiering, økonomi og krav til institusjonane .....	139
5.3.3	Finansiering .....	101	8.3	Operahusprosjektet .....	140
5.3.4	Kulturpolitiske mål og prioriteringar .....	102	8.4	Opera og dans – landet rundt ..	141
<b>Del III</b>	<b>Tiltak og prioriteringar</b> .....	105	8.4.1	Arbeidet med Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett .....	141
6	<b>Innleide perspektiv</b> .....	107	8.4.2	Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett ..	141
6.1	Samfunnsutvikling og kulturpolitikk .....	107	8.4.3	Nærare om dans .....	143
6.2	Kulturelt mangfold i ei globalisert verd .....	109	8.4.4	Særskilt om dansarane i Carte Blanche .....	143
6.3	Utanrikskulturell verksemd og internasjonal kulturutveksling ..	111	8.5	Frie sceniske grupper .....	144
6.4	Kyrkja som kulturerbar .....	114	8.5.1	Tilbod og publikum .....	144
6.5	Særskilt om samisk kultur .....	115	8.5.2	Evaluering av tilskotsordninga for fri scenekunst .....	144
6.6	Særskilt om nasjonale minoritetar og deira kultur .....	116	8.6	Nærare om stønadsordningar ..	145
6.7	Kultur og næring .....	116	8.7	Turnéar og gjestespel .....	145
6.8	Kultur og helse .....	119	8.7.1	Riksteatret .....	145
6.9	Fornying og omstilling .....	120	8.7.2	Anna turnéverksemd .....	146
			8.8	Sending av scenekunst- framsyningar i etermedium ..	146

<b>9</b>	<b>Film m.m., dataspel og kino</b> . . . . .	148	11.6.1	Museumstiltak i abm-meldinga . . . . .	178
9.1	Omlegginga av den statlege filmpolitikken i 2001. . . . .	148	11.6.2	Kort om status i oppfølgingsarbeidet. . . . .	179
9.2	Filmen og det audiovisuelle området fram mot 2014 . . . . .	148	11.6.3	Vidareutvikling av museumssektoren . . . . .	179
9.3	Nye tilskotsordningar til fjernsynsproduksjon og nye medium. . . . .	149	<b>12</b>	<b>Språk</b> . . . . .	187
9.4	Kino. . . . .	150	12.1	Innleiande merknader . . . . .	187
9.4.1	NOU 2001: 5 Kino i en ny tid . . . . .	150	12.2	Mål og rammer for språkpolitikken. . . . .	188
9.4.2	Den kommunale konsesjonsordninga. . . . .	150	12.3	Eit kompetansesenter for norsk språk. . . . .	189
9.4.3	Film & Kino og Norsk kino- og filmfond m.m. . . . .	151	12.4	Stabilisering av rettskrivinga . . . . .	189
9.4.4	Filmleigeavtalen. . . . .	151	12.5	Innsamling av stadnamn . . . . .	190
			12.6	Verkeområdet for mållova . . . . .	191
			12.7	Aktiv støtte til nynorsk skriftkultur . . . . .	193
<b>10</b>	<b>Biletkunst, kunsthåndverk, arkitektur, design og offentleg rom</b> . . . . .	153	12.8	Nynorsk programvare m.m. . . . .	194
10.1	Innleiande merknader . . . . .	153	12.9	Ein norsk språkbank . . . . .	196
10.2	Nasjonalmuseet for kunst . . . . .	153	12.10	Ein samla norsk språkpolitikk . . . . .	197
10.3	Eit landsdekkjande formidlingsnettverk . . . . .	155	12.11	Samisk og andre minoritets-språk . . . . .	198
10.4	Kunstfestivalar o.l. . . . .	156	<b>13</b>	<b>Litteratur</b> . . . . .	199
10.5	Kunsthåndverk . . . . .	157	13.1	Innleiande merknader . . . . .	199
10.6	Innkjøp og samlingsforvaltning . . . . .	157	13.2	Innkjøpsordningane . . . . .	200
10.7	Elektronisk kunst. . . . .	158	13.2.1	Innkjøpsordningane i framtida . . . . .	200
10.8	Fleksibilitet og prosjekt-finansiering . . . . .	159	13.3	Fritaket frå meirverdiavgift . . . . .	201
10.9	Aukande internasjonalisering . . . . .	159	13.4	Nærare om bransjeavtalen . . . . .	202
10.10	Elektronisk formidling . . . . .	160	13.4.1	Gjeldande avtale . . . . .	202
10.11	Arkitektur og offentleg rom . . . . .	161	13.4.2	Avtaleprosessen . . . . .	202
10.12	Design . . . . .	162	13.4.3	Ulike posisjonar og synspunkt . . . . .	202
10.13	Utsmykking . . . . .	163	13.4.4	Ulike modellar i andre land . . . . .	203
10.14	Særskilt om utsmykking m.m. i kyrkjer og andre heilage rom . . . . .	164	13.4.5	Vegen vidare . . . . .	204
			13.5	Bokklubbane . . . . .	204
			13.6	Elektronisk publisering, distribusjon og handel . . . . .	204
<b>11</b>	<b>Arkiv, bibliotek og museum</b> . . . . .	165	13.7	Lydbøker . . . . .	205
11.1	Innleiande merknader . . . . .	165	13.8	Tilrettelagd litteratur . . . . .	206
11.2	Vidareføring av opptrappingsplanen i abm-meldinga . . . . .	165	13.9	Litteratur på nynorsk . . . . .	206
11.3	Aktivt utviklingsarbeid i regi av ABM-utvikling . . . . .	165	13.10	Kulturelt mangfold og litteratur . . . . .	207
11.4	Arkiv . . . . .	166	13.11	Norsk Forfattersentrum . . . . .	208
11.4.1	Arkivtiltak i abm-meldinga . . . . .	166	13.12	Born og litteratur . . . . .	208
11.4.2	Kort om status i oppfølgingsarbeidet . . . . .	167	13.13	Litteraturfestivalar . . . . .	209
11.4.3	Vidareutvikling av arkivsektoren . . . . .	167	13.14	Norsk litteratur i utlandet . . . . .	209
11.5	Bibliotek . . . . .	170	<b>14</b>	<b>Kunstnarane</b> . . . . .	210
11.5.1	Bibliotektiltak i abm-meldinga . . . . .	170	14.1	Innleiande merknader . . . . .	210
11.5.2	Kort om status i oppfølgingsarbeidet . . . . .	171	14.2	Garantiinntekt . . . . .	212
11.5.3	Vidareutvikling av biblioteksektoren . . . . .	172	14.3	Arbeidsstipend . . . . .	213
11.6	Museum . . . . .	178	14.4	Stipendstrukturen . . . . .	213
			14.5	Strukturen på stipendkomitéane . . . . .	214

<b>15</b>	<b>Friviljug innsats på kulturfeltet</b> 216	16.3	Spørsmålet om kulturlov .....	230
15.1	Dei friviljuge organisasjonane og kulturlivet..... 216	16.4	Kunnskapsbehov og FoU om kultursektoren .....	231
15.2	Frifond – tilskotsordninga for lokalt friviljug arbeid blant born og unge..... 217	<b>17</b>	<b>Kulturbygg</b> ..... 233	
<b>16</b>	<b>Verkemiddel – nærmere om nokre aktuelle spørsmål</b> .....	17.1	Innleiande merknader .....	233
16.1	Innleiande merknader .....	17.2	Rom for kunst – midlar frå Norsk kulturfond .....	233
16.2	Om Norsk kulturråd..... 221	17.3	Evalueringa av ordninga for tilskot til lokale/regionale kulturbygg..... 234	
16.2.1	Bakgrunn for drøfting av Norsk kulturråd .....	17.4	Ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus .....	234
16.2.2	Særkjenne ved Norsk kulturråd .. 222	17.5	Ny ordning for tilskot til regionale møteplassar og formidlings- arenaer for kultur .....	235
16.2.3	Vurdering av regelverket..... 224	17.6	Nasjonale kulturbygg..... 235	
16.2.4	Kulturrådet som uavhengig forvaltningsorgan – spørsmålet om instruksjonsrett. .... 224	17.7	Statlege bygg..... 235	
16.2.5	Korleis forma ut nytt regelverk... 227	<b>18</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	236
16.2.6	Delegering av faste tiltak..... 227			
16.2.7	Tilhøvet til ABM-utvikling .....			
16.2.8	Samansetjinga av rådet..... 229			
16.2.9	Ordskiftet om regionalisering .. 229			
16.2.10	Nokre hovudkonklusjonar..... 229	<b>Vedlegg</b>		
		1	Publiserte bakgrunnsdokument .	237



# St.meld. nr. 48

(2002–2003)

## Kulturpolitikk fram mot 2014

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 29. august 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Samandrag

#### 1.1 Innleiing

Siktemålet med denne meldinga er å trekka opp hovudlinene for dei kulturpolitiske prioriteringane det komande tiåret, dvs. at det skal handla om den statlege medverknaden i utviklinga av kulturfeltet i åra fram mot 2014.

Ein hovudbodskap er å halda fram den profesjonelle kunsten og den fagleg forankra kulturinnsatsen som eit verdi i seg sjølv. Dessutan vert kvalitet streka under som eit avgjerande kriterium for at eit kulturtiltak skal verta prioritert i den statlege kulturpolitikken.

Det er viktig å leggja til rette for mangfaldet innanfor kulturlivet. Eit breitt spektrum av skapande, utøvande, dokumenterande og formidlande innsatser frå alle delar av kulturfeltet er ei verdfull motvekt mot den einsrettande krafta ulike kommersielle krefter i samfunnet kan representera.

Eit aktivt og engasjerande kulturliv er viktig både på individ- og samfunnsnivå. Ein dynamisk og pulserande kultursektor som kommuniserer godt med breie brukargrupper er eit uunnverleg aktivum for landet. Kultursektoren er kjelde til kreativ inspirasjon, kunnskap og opplevelingar for alle aldersgrupper – både for folk flest og for avgrensa grupper med særskilde interesser og behov.

Noreg har mange viktige kulturinstitusjonar og eit stort tal kvalifiserte kunstnarar og kulturarbeidarar. For fullt ut å kunna dra nytte av det potensial dette representerer, er det – i eit land med avgrensa folketal og spreidd busettnad – påkravd med omfattande økonomisk medverknad frå det offentlege.

Både allmenne utviklingsliner og endringar innanfor dei respektive kunst- og kulturområda har skapt ei rad nye utfordringar som vil krevja nye ressursar i det komande tiåret. Dels vil det dreia seg om å dekkja opp tiltak som er presenterte i tidlegare dokument, og som Stortinget har slutta seg til, dels er det tale om nye prioriteringar.

Innanfor **scenekunstfeltet** knyter behova seg først og fremst til:

- å gje større armslag for scenekunsten utanfor dei etablerte institusjonane, ikkje minst for moderne dans.
- stevvis å styrkja Den Norske Opera, slik at institusjonen innan 2008 er fullt ut i stand til både kunstfagleg og praktisk å ta i bruk den nye operabygningen. Dette krev ein auke av driftstilskottet med om lag 50 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 48 (2001–2002) *Nytt operahus i Bjørvika*
- å utvikla distrikts- og regionopera i samsvar med Stortingets vedtak og etter ein utarbeidd plan for å stimulera eksisterande tiltak og initiativ

- å prioritera institusjonar med særleg god ressursutnytting og dei små institusjonane som har høge turnékostnader.

På **musikkfeltet** er hovudutfordringane at

- tilskotsordninga for musikkensemble skal verta utvida. Desse er særstakt viktige for fornying av repertoar, nytolkning og formidling av nye verk
- ein del viktige og musikalsk vellukka festivalar skal få betre handlingsrom
- symfoniorkestra i Bergen, Kristiansand, Stavanger, Trondheim og Tromsø skal få fleire musikarar
- innkjøpsordninga for fonogram skal verta utvida
- kyrkjemusikken skal verta prioritert gjennom ei eiga tilskotsordning.

Innanfor **biletkunstfeltet** vil utviklinga av det nye Nasjonalmuseet for kunst vera den mest krevjande utfordringa i åra som kjem. Andre viktige tiltak vil vera å styrkja utvekslinga av samtidskunst mellom Noreg og utlandet, leggja til rette for nye kunsttrykk og for å formidla kunst som står utanfor den vestlege kunstradisjonen.

På **litteraturfeltet** er det behov for å byggja ut innkjøpsordningar for essayistikk og sakprosa. Dessutan er det naudsynt å betra rammevilkåra for utgjeving av litteratur på nynorsk. I tillegg må arbeidet med produksjon og formidling av litteratur til synshemma styrkast.

Av dei direkte verkemidla overfor **kunstnarane** er det særleg aktuelt å styrkja ordninga med arbeidsstipend.

På **abm-feltet** (arkiv, bibliotek og museum) er oppgåva å følgja opp opptrapingsplanen på over 400 mill. kroner i løpet av fem år som vart lovd gjennom St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunniskap og oppleving*, og som fekk brei tilslutnad i Stortinget. Inneverande år er å rekna som år 2 i oppfølginga, og hittil er om lag 100 mill. kroner av den samla opptrappinga på plass i budsjettet.

- Hovudutfordringa på museumsfeltet er å omskapa eit brokut landskap av 700–800 museum til om lag 100 fagleg kvalifiserte og økonomiske handleføre institusjonar som skal samarbeida i eit nasjonalt nettverk. Det pågår for tida mange viktige konsideringsprosessar i dei fleste fylka.
- Hovudutfordringa på bibliotekfeltet er å byggja opp Nasjonalbiblioteket til eit forskingstilretteleggjande kompetansesenter med mellom anna nyopning for publikum på Solli plass sommaren 2005. Vidare er det ei viktig oppgåve å leggja til

rette for det saumlause biblioteket, dvs. at dei informasjonsressursane som norske bibliotek samla rår over, skal vera lett tilgjengelege for alle.


- Hovudutfordringa på arkivfeltet er å setja Arkivverket i stand til å handtera dei aukande mengdene elektronisk arkivtilfang. Mykje viktig historisk kjeldeinformasjon kan elles gå tapt. Dessutan kan det gå ut over rettstryggleiken for den einskilde dersom forvaltninga slettar spora etter seg gjennom ikkje å setja i verk turvande åtgjerder for å tryggja langtidsbevaringa av elektroniske arkiv.

Ei rad kulturinstitusjonar har udekte **investeringssbehov**. Innanfor scenekunstfeltet skal nybygget for Hålogaland Teater realiserast. Ei scene for dans skal etablerast i hovudstaden. Mange museum har akutte behov for betre gjenstandsma-gasin og meir tidsmessige formidlingsarenaer. Behovet for kulturelle møteplassar lokalt og regionalt er framleis stort. Dei nye spelemidlane til kulturygg vil verta eit viktig verkemiddel for å dekkja desse behova.

Departementet stiller institusjonane innanfor kulturlivet overfor strenge krav til omprioriteringar og samarbeid for å utnytta ressursane på ein fullgod måte. Som lekk i det omfattande arbeidet som pågår med omstilling, modernisering og fornying av offentleg sektor, er krava til stram styring og kostnadseffektiv drift eit av hovudspørsmåla i denne meldinga. For å møta dei store utfordringane ein liten nasjon står overfor i kulturpolitikken, er det likevel samstundes naudsynt med ein gradvis auke av dei statlege løyvingane til kulturføremål.

Meldinga gjev i seg sjølv ingen konkrete tilvissingar om i kva omfang eller i kva for budsjettår opptrappingane skal skje, av di dette er spørsmål som må handsamast i dei årlege statsbudsjetta på vanleg måte. Departementet må difor ta klare atterhalde om den økonomiske utviklinga, statens økonomiske handlingsrom og dermed om kva for økonomiske rammevilkår kultursektoren kan gjevast.

Denne meldinga held fram frie grupper, tidsavgrensa prosjekt o.l. som viktige tiltak for å nå måla i kulturpolitikken. Likevel må dei store institusjonane framleis vera hjørnesteinane i gjennomføringa av kulturpolitikken. Dette er permanente strukturar som er bygd opp over lang tid, og som forvaltar ein svært stor del av dei statlege driftsressursane til kulturføremål. Institusjonane har eit ansvar for til kvar tid å vera lydhøyre og mottakelege for impulsar frå omgjevnaden, fanga opp nye behov og samhandla både med kvarandre og med utanforståande aktørar på ein dynamisk måte.



Figur 1.1

På fleire delar av kulturfeltet representerer friviljug arbeid ein viktig del av eller eit vesentleg supplement til den ordinære, løna innsatsen. Dei tradisjonelle, friviljuge organisasjonane er berre ein del av dette biletet. På kulturområdet har det vaks fram ei rekke lokale og regionale verksemder som i stor grad vert borne opp av friviljug innsats for det aktuelle tiltaket. Gjennom dei nye spelemediane til friviljug sektor vil det kunna leggjast endå betre til rette for born og unges engasjement i lokale kulturtiltak.

## 1.2 Struktur og tilnærmingsmåte

Denne meldinga er organisert i tre hovudbolkar. Den første bolken gjer greie for viktige utviklingstrekk i samfunnet generelt og innanfor dei respektive kunst- og kulturområda dei siste tiåra. Siktet målet er å gje eit riss av endringar som alt har fått eller som bør få kulturpolitiske konsekvensar, eller som i det minste bør vurderast i eit slikt perspektiv.

Den andre bolken gjer greie for den faktiske verkemiddelbruken på kulturområdet i dag – lover, forskrifter og andre føresegner; økonomiske innsatsar; organisatoriske, informative og kontrollrande verkemiddel.

Den tredje bolken rettar blikket framover og skisserer prioriteringar og tiltak i det komande tiåret tufta på informasjonen og drøftinga i dei føregåande bokane.

Innleiingsvis er det naturleg å streka under at statleg kulturpolitikk berre kan leggja avgrensa premissar for utviklinga. Mykje ligg utanfor politisk kontroll. Ved utforminga av kulturpolitikken må ein vera merksam på nye fenomen og nye særkjenne ved kultursituasjonen, men samstundes er det viktig ikkje å overdriva implikasjonane av det nye.

Noreg i dag ser ganske annleis ut enn den gongen hovudinnhaldet i den noverande kulturpolitikken vart utforma. Dei siste tiåra har det skjedd omfattande endringar i samfunnet og på kulturområdet. Nokre av dei viktigaste endringane er knytte til den aukande graden av globalisering og individualisering. Dette har medverka til ein meir samansett kultursituasjon, og tradisjonelle førestillingar om norsk feleskultur og nasjonal identitet vert utfordra.

Kulturpolitikken må leggja til rette for utvikling av kulturlivet med utgangspunkt i dagens samansette kulturbilete. Eit overordna mål i kulturpolitikken er å fremja kulturelt mangfold nasjonalt og internasjonalt. Kulturelt mangfold er ein verdi i seg sjølv for både samfunnet og for individet. Men kulturuttrykk og tradisjonar som bryt med menneskerettane, kan sjølv sagt ikkje verta omfatta av innsatsen for å fremja kulturelt mangfold.

Globalisering og internasjonalisering har gjeve nytt handlingsrom for internasjonal kulturutveksling og skapt nye rammevilkår for utanrikskulturell innsats. Med utgangspunkt i kulturens eigenverdi handlar det fyrst og fremst om å leggja til rette for gjensidig kulturutveksling for å fremja kulturell og kunstnarleg utvikling. I dette perspektivet er det vel så viktig å styrkja importen av internasjonale kunst- og kulturuttrykk – særleg dei «smale» – som å fremja eksport av norske produkt. Kultur- og kyrkjedepartementet og Utanriksdepartementet vil samhandla nært om desse spørsmåla. I eit vidare samfunnsperspektiv har internasjonal kulturutveksling også vorte viktigare for mellommenneskeleg forståing og i fredsskapande arbeid.

På det utanrikskulturelle feltet er det eit mål å styrkja Noreg som ein reell aktør på ein veksande internasjonal arena. Dette vil vera ein viktig føresetnad for kompetanseutvikling, nyskaping og kvalitetsutvikling i norsk kultur- og samfunnsliv. Vi må sikra at norsk kulturliv kan utnytta det nye handlingsrommet for internasjonalt kultursamarbeid, og vi skal medverka til kulturell pluralisme og språkleg mangfold globalt. Det er òg eit mål å leggja til rette for aktiv kulturutveksling med land på andre kontinent, slik at vi kan motta eit større spekter av kulturimpulsar. Endeleg er det eit mål å leggja til rette for aktiv kulturutveksling med land på andre kontinent, slik at vi kan motta eit større spekter av kulturimpulsar. Endeleg er det eit mål å leggja til rette for aktiv kulturutveksling med land på andre kontinent, slik at vi kan motta eit større spekter av kulturimpulsar.

gja til rette for ein meir koordinert norsk politikk overfor det multilaterale systemet.

Marknadsøkonomiske krefter ser ut til å setja stadig sterkare preg på kulturlivet, og sektorskilje mellom kultur og næring vert overskridne på nye måtar. Dette har skapt nye kulturpolitiske utfordringar både overfor dei heilt eller delvis kommersielle kulturverksemndene og overfor dei tradisjonelt ikkje-kommersielle kulturverksemndene. Samstundes har det skapt nye rom for samarbeid mellom kultur og næringsliv. Det offentlege vil også framover ha eit hovudansvar for finansieringa av viktige delar av kulturlivet, men for å få så sterkt samla vokster som ynskjeleg, må privat sektor medverka for å supplera den offentlege innsatsen.

Globaliseringa har ført til ny interesse for det lokale og stadbundne. I tråd med ein internasjonal tendens har dette medverka til å vitalisera kulturlivet i regionane. Mange av dei nye initiativa vert utvikla på sida av den etablerte institusjonelle infrastrukturen. Fleire nye verksemder er utvikla på lokale premissar og tufta på eit sterkt lokalt engasjement. Det er ofte skipa nettverk i og mellom regionar og oppretta kontaktar med internasjonalt kulturliv. Dette har skapt nye handlingsrom for organisering av lokal og regional kulturverksemd.

Internasjonaliseringa har prega utviklinga på kulturfeltet som heilskap dei siste åra. Dette har mellom anna medverka til fagleg fornying og endra organisasjonsformer. Eit resultat av denne utviklinga er at sjangergrenser på fleire område vert mindre tydelege, og at det vert samhandla på nye måtar på tvers av kunstartar og på tvers av landegrenser.

### 1.3 Musikk

Det er ei viktig kulturpolitisk oppgåve å forma eit trygt grunnlag for å skapa musikk av høg kvalitet. Dei mange uttrykksformene må vera tilgjengelege for flest mogeleg. Den infrastrukturen som er bygd opp av orkesterinstitusjonar, ensemble, festivalar, konsertarenaer, tilskotsordningar og tiltak både for produksjon og formidling, gjev eit mangfaldig tilbod av god kvalitet for alle som sökjer musikkoppferingar. Det er ei stor utfordring å ta vare på det beste av det institusjonane står for, og samstundes tryggja vidare utvikling og fornying. Musikksektoren må få auka tilskot, og den auka satsinga må gjevast ei retning som fremjar nyskaping og fleksibilitet.

Den statlege politikken på musikkfeltet dekkjer dei fleste ledane i produksjons- og formidlingskjeda gjennom ulike støtteordningar til komponis-

tar, utøvarar, konsertarrangørar og plateinnspelinger. Det er viktig å streka under samanhengen mellom dei ulike aktørane på feltet og mellom dei ulike økonomiske verkemidla. Styrking på eitt område vil gje positiv ringverknad for andre delar av feltet.

Ensemblefeltet er ein viktig og omfattande del av musikklivet, men manglar økonomiske rammevilkår som kan tryggja kontinuitet og utvikling i tilboden til publikum. Departementet legg til grunn at det er naudsynt med ein auke i tilskota til ensembla for at feltet skal få vilkår for vidare utvikling, og for å letta nyetableringar.

For at symfoniorkestra skal kunna nå fram med eit variert musikktilbod til eit publikum med ulike og vekslande preferansar, må orkestra satsa meir på fleksibilitet og samarbeid. Også i framtida vil orkestra vera ulike med omsyn til storleik, organisering, økonomi, fagleg profil og aktivitetsumfang. Alle orkestra bortsett frå Oslo-Filharmonien, som er tilstrekkeleg utbygd, kan framföra gode faglege grunnar for å verta større. Departementet vil prioritera dette i framtidige budsjett.

Gode vilkår for musikkfestivalar og lokale arrangørar er viktig for å kunna ha eit rikt konsertliv over heile landet. For å dekkja behova betre enn i dag er det ynskjeleg å auka ramma for festivalstøtteordninga under Norsk kulturråd. Arrangørleden må få auka ressursar, og det er viktig at dei lokale arrangørane byggjer nettverk.

Å stimulera interessa for musikk hjå born og unge er framleis ei viktig utfordring. Gjennom skulekonsertordninga formidlar Rikskonsertane levande musikk til skulelever over heile landet. Departementet ser det som viktig at alle kommunar som ynskjer det, skal få ta del i den landsomfattande skulekonsertordninga. Innføringa av Den kulturelle skulesekken kan gje ei ny opning for dette.

Innkjøpsordninga for fonogram under Norsk kulturråd skal styrkja produksjonar av høg kvalitet til beste for norske produksjonsselskap, komponistar, utøvarar og musikklivet elles. For å gje ein større del av dei nye produksjonane støtte vil ordninga få auka rammer dei komande åra. Ved å gjera ein større del av desse produksjonane tilgjengelege gjennom biblioteka vil dei verta lettare tilgjengelege for eit større publikum.

Noreg er åleine om å kunna verna, forvalta og føra vidare den norske folkemusikken og folkedansen. Det er ei viktig oppgåve å syta for at denne kulturressursen er tevlefør i eit moderne, profesjonelt kulturliv. Folkemusikken har dei siste tiåra fått fleire utøvarar på høgt nivå, fleire arenaer og større publikum, og det skjer nytenking når det gjeld for-

midlings- og samversformer. Det er behov for meir samla innsats for å styrkja grunnlaget for produksjon og formidling. Interessa for og rekrutteringa innanfor folkedansen har derimot gått tilbake, og dette stiller folkedansmiljøa overfor særskilde utfordringar.

Den breie amatørbaserte aktiviteten får statlege midlar gjennom Frifond-ordninga. Med auka tilførsle av spelemidlar vil større ressursar kunna verta overførte til det lokale musikklivet dei komande åra.

Dokumentasjon og informasjon om norsk musikkliv er ein naudsynt føresetnad for eit levande musikkliv. Fellesløysingar og fagleg samarbeid kan medverka til å styrkja denne delen av musikklivet. Ei samlokalisering av Musikkinformasjonssentret, Norsk Jazzarkiv og Visearkivet vil kunna leggja til rette for eit styrkt miljø både musikk- og dokumentasjonsfagleg. Eit arkiv for populærmusikk og rock kan òg utviklast innanfor eit slikt større miljø.

## 1.4 Scenekunst

Norsk scenekunst er prega av høg aktivitet og eit mangslunge tilbod til publikum. Ei rekke offentleg støtta institusjonar trygger kontinuerleg drift og tilbod av scenekunst over det meste av landet gjennom framsyningar på eigne scener og på turné. Likevel vert det produsert mykje god scenekunst som knapt når lengre enn til heimepublikummet for kvart einskilt teater.

For å nå fram til og skapa interesse hjå publikum må scenekunsten vera nyskapande og fremja kunstnarleg fornying og utvikling. Det trengst difor eit mangefasettert teatertilbod der det skal vera plass for både institusjonar og frie grupper. Det kan ikkje pårekna større realauke i statstilskotet til teaterinstitusjonane i åra framover. Omstillingar er difor avgjerande for å skaffa økonomisk handlingsrom.

For å skapa rom for større fleksibilitet innanfor scenekunstfeltet må dei etablerte institusjonane kontinuerleg vurdera eigen organisasjon og kostnadsstruktur. Samarbeid mellom institusjonane og det frie feltet må utviklast vidare. Samstundes som institusjonane skal ha trygge rammevilkår, må dei offentlege støtteordningane gjerast meir fleksible. Det er særleg naudsynt å auka løvingane til den frie scenekunsten. Når det gjeld faste teater, er det ynskjeleg å prioritera institusjonar med særleg god ressursutnytting og dei små institusjonane som har høge turnékostnader. Departementet vil i samarbeid med Norsk kulturråd vurdera naudsynte

justeringar av kriteria for midlar til fri scenekunst, og ein vil òg sjå på utforminga og forvaltninga av dei relevante tilskotsordningane.

Auka rammer til opera og dans lyt òg prioritertast, både til Den Norske Opera og til verksemdele elles i landet, for å realisera intensjonane for det nye operahuset og planen for produksjon og formidling av opera og ballett i heile landet. Opera og dans skal gjevast eit lyft landet rundt gjennom å stimulera eksisterande og nye tiltak og initiativ med lokalt ankerfeste. Eksisterande kunstinstitasjonar med tilskot over departementets budsjett må medverka i denne satsinga. Dette gjeld særleg institusjonar på musikk- og teaterfeltet.

Kunstforma dans er lite institusjonalisert. Det finst eit mangfold av utdanna dansarar og koreografar, men dei fleste har därlege produksjonsvilkår og lokale som er lite eigna for framsyningar. I samarbeid med Senter for dansekunst har departementet arbeidd for å etablira ei eiga scene for moderne dans i Oslo, og det er planar om at scena mellombels får halda til i Det Norske Teatret.

Gjennom turnéar og gjestespel får publikum i ulike delar av landet betre tilgang til gode teaterproduksjonar. Det må leggjast til rette for at både den institusjonaliserte delen av teaterfeltet og dei frie sceniske gruppene kan vera viktige aktørar i ei slik desentralisert formidling. I dei komande åra bør Riksteatret leggja vekt på å prøva ut ulike former for samarbeid og å formidla oppsetjingar som er arbeidde fram av andre.

Dei auka løvingane til Den kulturelle skulesekken vil elles kunna representera eit nytt handlingsrom for frie grupper innan scenekunstfeltet.

Transmisjonar av scenekunstframsyningar i etermedium vil sikra at publikum i heile landet kan oppleva flest mogeleg oppsetjingar. Som ei eiga insentivordning vil departementet i dei årlege budsjettframlegga leggja inn særskilde midlar til dei scenekunstinstitasjonane som prioriterer tilrettelegging av transmisjonar. NRK har uttrykt positiv vilje til å auka talet på transmisjonar som ein del av det løpende programtilbodet.

## 1.5 Film og kino

Vurdert etter publikumstala for kino, video og fjernsyn kan filmen hevdast å vera det viktigaste kulturuttrykket i vår tid. I tillegg er det ein stor og aukande bruk av nye digitale innhaldsprodukt. Særleg er det kraftig vokster i bruk av TV- og data-spel. Dei nærmaste åra vil audiovisuelle produksjonar verta endå meir sentrale i kultur- og mediebiletet, særleg for dei yngre generasjonane.

Marknaden er dominert av utanlandske produksjonar, særleg angloamerikanske. Som regel er desse produserte for ein internasjonal og global marknad. Dette gjeld både film og nye digitale produksjonar, som dataspel. Dataspel som primært vender seg til born og unge, er dessutan ofte prega av vold og action.

Å laga filmar, dataspel o.l. er kostesamt. Grovt rekna er det like dyrt å produsera ein film eller eit dataspel i Noreg som i land med langt større språkleg marknad og med sjansar for langt større inntening. Dei fleste europeiske landa ser det følgjeleg som viktig og naudsynt å stimulera til nasjonal filmproduksjon.

Det er ei offentleg oppgåve å tryggja at det i eit lite land som Noreg er eit tilbod av film og andre audiovisuelle produksjonar som reflekterer vår historie, vår kultur og vårt språk. Vidare er det behov for kvalitetsprodukt som alternativ til dei mange valdelege dataspela som i dag vert tilbodne på marknaden.

Hovudmålet er å sikra eit godt og mangfaldig norsk audiovisuelt tilbod. For å få til dette er det naudsynt med omfattande støtte til film og andre audiovisuelle medium. Det er særleg viktig å syta for at born og unge får tilgjenge til audiovisuelle produksjonar med høg kvalitet, spesielt når det gjeld dataspel.

Departementet vil vidareføra hovudstrukturen i den omlagde filmpolitikken frå 2001. Det vert teke sikte på å auka løyvingane til utvikling av interaktive produksjonar (spel) på norsk.

## 1.6 Biletkunst m.m.

Hovudprosjektet innanfor dette saksområdet det komande tiåret vil vera å få utvikla det nye Nasjonalmuseet for kunst som formidlingsarena for heile nasjonen, som museumsinstitusjon med internasjonal slagkraft og som fagleg nav i eit mangslunge nettverk av store og små aktørar innanfor dette oppgåvefeltet. Gjennom Nasjonalmuseet for kunst skal det skapast ei kunst- og museumsfagleg sterkare plattform for ei brei satsing på formidling av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design.

Eit stort tal aktørar er på ulik måte deltagarar i formidlinga av visuelle kunstuttrykk. Jamvel om målsetjingane og arbeidsmåtane er mangefaseterte, er det viktig å leggja til rette for samspel og samarbeid, slik at dei ulike institusjonane, organisasjonane og tiltaka kan inngå i eit nasjonalt nettverk til bate for alle partane.

Den kulturelle skulesekken kan vera viktig for Riksutstillingar og tilhøvet til regionale formidlingsaktørar.

Institusjonane på biletkunst- og kunsthandverksfeltet har eit særleg ansvar for å dokumentera mangfaldet av samtidsuttrykk. Institusjonane bør ha eigne innkjøpsbudsjett. Det må leggjast til rette for samarbeid og løpende kontakt mellom musea om innkjøp.

Viktige kunstfestivalar som speglar mangfaldet og endringane i samtidskunsten, må ha økonomiske rammevilkår som tryggjer planmessige førebuingar og gjennomføring.

Elektronisk baserte kunstuttrykk reiser eit sett av nye utfordringar. Tiltak for dokumentasjon, bevaring og formidling må vurderast særskilt.

Den aukande internasjonaliseringa av kunstfeltet krev at Noreg i større grad lyt delta internasjonalt og motta impulsar utanfrå. Som ein lekk i dette arbeidet vart Office for Contemporary Art Norway (OCA) skipa. OCA skal ivareta internasjonal formidling av biletkunst og styrkja deltakinga frå Noreg på den internasjonale kunstarenaen.

Kvaliteten på våre fysiske omgjevnader vil framleis vera eit prioritert område i kulturpolitik-



Figur 1.2

ken det komande tiåret. Gode stader og møteplassar i by og bygd verkar positivt inn på folks levekår. Estetisk kvalitet i buområde skaper identitet og rammer for eit godt miljø. God arkitektur og design og kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og rom er i denne samanhengen viktig. Ein meir samordna innsats frå dei mange aktørane som er involverte i forminga av omgjevnaden, vil vera eigna til å styrkja vektlegginga av den estetiske dimensjonen.

Dei visuelle uttrykka er viktige for kyrkja og i religiøs samanheng i det heile. Det bør leggjast til rette for dialog mellom relevante organ og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg med sikte på breiare kontakt mellom kyrkja, andre aktuelle religiøse institusjonar og kunstnarmiljøa.

## 1.7 Arkiv, bibliotek og museum

Det samlande hovudprosjektet innanfor denne delen av kultursektoren dei aller nærmaste åra er å intensivera arbeidet med å følgja opp det registeret av tiltak som er skissert i St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* (abm-meldinga).

Regjeringa vil leggja til grunn den økonomiske opptrappingsplanen til arkiv, bibliotek og museum som er skissert i abm-meldinga, og som Stortinget tidlegare har sluttat seg til.

Gjennom etableringa av det statlege fellesorganet for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, er det dessutan kome på plass ein viktig reiskap for å kunna driva eit operativt utviklingsarbeid med utgangspunkt i nasjonal samordning og fagleg gjennomtenkte løysingar. Innanfor ansvarsområdet sitt skal ABM-utvikling arbeida på tvers av departementale og andre administrative grenselinjer, og hovudoppgåva er å driva aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordna, effektivisera og styrkja arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

### Arkiv

Innanfor ramma av opptrappingsplanen i abm-meldinga bør siktemålet vera å auka kapasiteten i Arkivverket med ca. 50 stillingar til prioriterte behov i løpet av fem år. I tillegg må det setjast av midlar til utstyrsinvesteringar.

Det må no ha aller høgaste prioritet å koma substansielt i gang med å ta hand om dei store utfordringane med å bevara elektronisk arkivmateriale for ettertida. Meir og meir av arkivdanninga i det offentlege skjer i elektronisk form, og viktige spor etter aktiviteten i forvaltninga er no i ferd med

å gå tapt pga. teknologiske endringar i programvare og maskinelt utstyr.

Det trengst ein ny giv i arbeidet med å utforma bevarings- og kassasjonsplanar i offentleg forvaltning. Dette skal skje i form av landsomfattande prosjekt der ein i tur og orden gjennomgår heile etatar eller sektorar og utformar systematiske og heilskaplege planar. Desse skal omfatta både elektronisk og papirbasert arkivmateriale.

For å opna arkivkjeldene for eit stort publikum og slik bringa arkiva ut til folket må ein intensivera arbeidet for å digitalisera utvalde kjeldeseriar og gjera dei tilgjengelege gjennom nettbaserte tenester.

Som ein utviklingsstrategi på arkivområdet må det i større grad ein hittil siktast mot å bevare og formidla eit breiare spekter av arkiv. Dette er naudsynt for å leggja til rette for heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga. Det vil sei at ein må få ein betre balanse mellom statlege, kommunale og private arkiv, og at offentleg og privat sektor vert sett meir i samanheng.

### Bibliotek

Nasjonalbiblioteket er den største og viktigaste institusjonelle aktøren i det norske biblioteklandskapet, både i kraft av dei operative og forvaltningsmessige funksjonane institusjonen har direkte ansvar for, og som den sentrale ressurseininga for resten av biblioteksystemet. Vidare utbygging og utvikling av Nasjonalbiblioteket som den viktigaste drivkrafta i norsk bibliotekstell vil ha fyrsteprioritet, og dette vil innebera så store kostnader at andre viktige oppgåver på bibliotekfeltet i stor grad må venta.

I regi av ABM-utvikling er det lagt til rette for å utvikla eit norsk digitalt bibliotek, dvs. ei organisert samling av tenester og innhaltsressursar som gjev brukarar tilgang til informasjon i digital form formidla via datanett, eit system som sprengjer rammene for kvart einskilt bibliotek, og stiller dei samla digitale informasjonsressursane og tenestene frå deltakarene til rådvelde for alle på ein enkel måte.

Eit sentralt mål for utviklinga på bibliotekfeltet i åra som kjem, er å leggja til rette for eit såkalla saumlaust bibliotektilbod, noko som i praksis inneber at optimal brukartilgang gjennom nasjonal samordning av informasjonsressursar skal vera eit viktig prinsipp for eit sentralt utviklingsarbeid på tvers av institusjonelle og andre administrative grenselinjer.

Med ABM-utvikling som hovudaktør og koordinerande instans skal det gjennomførast eit

utgreiingsarbeid om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet, og Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med Utdannings- og forskningsdepartementet oppnemna ei referansegruppe for å sikra brei forankring av arbeidet.

Som lekk i det komande utgreiings- og utviklingsarbeidet er det behov for å gjera ei samla kartlegging av status og behov for ein del spesielle biblioteknester som staten heilt eller delvis har ansvaret for, mellom anna for å vurdera om noverande ansvarsdeling og organisering av tenestene samla sett er optimalt rasjonelle og brukartilpassa.

#### Museum

Staten vil leggja til rette for nettverksorganisering av ei rad ulike museumsfunksjonar ved ulike museum over heile landet.

Grunnlaget for den nasjonale nettverksorganiseringa vil vera eit mindre tal konsoliderte museumsinstitusjonar i kvart fylke.

Ved tilførsle av nye ressursar i det pågående reformarbeidet vil ein i all hovudsak prioritera konserveringsprosessar som kan dokumentera innhald og framdrift i tråd med føresetnadene.

Den statlege finansieringa av musea vil skje gjennom direkte tilskot til kvar einskild institusjon, normalt slik at staten kan dekkja inntil 60 pst. av det samla offentlege tilskotet. Det må leggjast til grunn nær kontakt mellom forvaltningsnivåa om musea.

Det bør lagast ein systematisk analyse av ulike røynsler med fri entré til museum i inn- og utland, og ein bør i tillegg over ein toårsperiode prøva ut ulike modellar med gratis tilgjenge ved utvalde institusjonar, kombinert med systematiske publikumsundersøkingar og tilhøyrande evaluering. Mange museum har store eigeninntekter frå billettsal. Dersom staten skal kompensera for bortfall av slike inntekter, vil dette kunna innebera at andre uudekte behov og viktige utfordringar på museumsfeltet ikkje vil kunna prioriterast. Dette ville i så fall vera uheldig.

Jamvel om dei fleste musea har si faglege forankring i ei anna tid og arbeider med gamle ting, er det eit mål at dei fungerer som moderne samfunnsinstitusjonar som går aktivt inn i si eiga samtid, og legg til rette ei formidling som engasjerer nollevande menneske.

Gjennom den aktive rolla ABM-utvikling er tiltenkt i det nasjonale museumsnettverket, er det lagt til rette for at ein kan få til ei betre samordning og styring og gjera meir spesielle prioriteringar tufta på ei meir gjennomtenkt og systematisk vurdering av dokumentasjonsoppgåvene, og det er

grunn til å presisera og supplera dei særlege satsingane som vart drøfta i abm-meldinga.

Ansvaret for dei samiske musea er overført til Sametinget, men departementet tek sikte på å følgja opp med ei styrking av det økonomiske driftsgrunnlaget.

## 1.8 Språk

I St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste* vart det stilt opp som eit overordna språkpolitiske mål å verna og styrkja norsk språk, slik at bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonssamfunnet. I tillegg vart det formulert som eit eige mål å tryggja og styrkja posisjonen for nynorsk, både som levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål.

Departementet er i gang med å skipa eit nytt kompetansesenter for norsk språk i staden for Norsk språkråd, i samsvar med det opplegget som vart skissert i St.prp. nr. 1 (2002–2003).

Norsk rettskriving skal stabiliserast, dvs. at ein så langt råd er skal unngå nye og hyppige endringer i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i einskildspørsmål.

Departementet vil ta initiativ til ei kartlegging av kva som er innsamla av gamle stadnamn her i landet, og vurdera behovet for eit meir systematisk innsamlingsarbeid.

Som eit offisielt uttrykk for jamstellinga mellom målformene, i respekt for både nynorsk- og bokmålsbrukarar og for å signalisera at både målformene både kan og skal brukast i alle samanhengar, skal det etter nærmare reglar nyttast både nynorsk og bokmål i all verksemnd med statleg tilknyting.

Gjennom eit breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil òg omfatta tiltaka som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk.

Ved å leggja til rette for eit samspel mellom offentlege og private aktørar må det i åra framover takast eit krafttak for reell likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.

På noko sikt er det eit mål å få bygd opp ein norsk språkbank, dvs ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike

typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytta til utvikling av språkteknologiske produkt på norsk.

Med utgangspunkt i det nye kompetansesenteret for norsk språk skal det leggjast til rette for å konkretisera, utdjupa og supplera dei overordna måla og rammene for språkpolitikken. Målet er å utforma ein heilskapleg og praktisk orientert politikk tufta på systematiske analyser og strategiske prioriteringar.

Også vilkåra for samiske språk og andre minoritetsspråk må ivaretakast innanfor ramma av ein samla norsk språk- og kulturpolitikk, i samsvar med etablerte prinsipp og dei pliktene norske styresmakter har teke på seg nasjonalt og internasjonalt.

## 1.9 Litteratur

Dei overordna måla for litteraturpolitikken ligg fast, dvs. å fremja den allmenne interessa for litteratur og lesing ved å tryggja flest mogeleg tilgang til både ny og eldre litteratur. Det er viktig å oppretthalda tenlege rammevilkår for bokbransjen. Viktige verkemiddel har dei siste tiåra vore fritak for meirverdiavgift, innkjøpsordningar, bransjeavtalene og eit godt biblioteknettverk.

Innkjøpsordningane for litteratur er eit vel lukka litteratur- og språkpolitisk verkemiddel som bør halda fram. I tillegg til dei eksisterande ordningane bør rammene etter kvart aukast slik at det òg vert rom for innkjøp av viktig sakprosa. Utgjeving av litteratur på nynorsk må tryggjast gjennom auka tilskot til Det Norske Samlaget.

Rammevilkåra for forlag og bokhandlar er mellom anna regulert gjennom bransjeavtalene for omsetjing av bøker inngått mellom Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening. Noverande avtale, som gjeld til utgangen av 2004, er ein kartellavtale som krev unnatak frå konkuranselova, noko styresmaktene har imøtekome. Unnataket er mellom anna grunngjeve med at avtalen er viktig for å tryggja eit desentralisert bokhandelnett i heile landet som den viktigaste kanalen for spreying av norskspråkleg litteratur.

Samanlikna med tidlegare avtalar er den nogjeldande mindre omfattande. Dei viktigaste føresegnene er tvillaust bokhandlane sin einerett på sal av lærebøker til grunnskulen og elevar i vidaregåande skule, dessutan regelen om fast bokpris i utgjevaråret og det påfølgjande året. Tidlegare var det særslig snevre rammer for forlaga sitt sal gjennom andre kanalar enn bokhandlane, men etter kvart som andre butikkar m.m. byrja å interessera seg for boksal, ottast forlaga tevling frå forlag som stod

utanfor forleggarforeininga, og som altså kunne agera ubunde av bransjeavtalene.

I gjeldande avtale er det difor berre skulebøker bokhandlane framleis har einerett på. Dette er ein viktig inntektsfaktor for mange bokhandlar, men samstundes er dette eit avtalepunkt som det er delte meningar om. Mellom anna vert det hevdat at dette gjer lærebøker dyrare enn dei elles ville ha vore, slik at det vert elevar og kommunale skulebudsjett som lyt ta dei samfunnsmessige kostnadene ved å halda oppe eit desentralisert nettverk av bokhandlar.

Eit viktig unnatak frå den faste bokprisen er sal av bøker gjennom bokklubbane. Dette har i alle år vore eit spenningspunkt mellom forlaga (som eig dei viktigaste bokklubbane) og bokhandlane. Bokhandlane tykkjester ha ein stabil driftssituasjon med små endringar i lønsemada det siste tiåret. Dei største verksemndene vert stadig større og utvidar med fleire filialar. Dei store forlaga vert stadig større og har god økonomi.

I tillegg til denne horisontale integrasjonen har det skjedd ein monaleg vertikal integrasjon ved at Gyldendal og Aschehoug har kjøpt seg tungt inn på bokhandelsida, særleg i dei store byane. Dei kontrollerer nærmare 40 pst. av bokhandelen. Dette har skapt uro i bransjen dei siste åra. Mellom anna hevdar forlaget Cappelen at dette gjer det vanskeleg å forsvare ein bransjeavtale med faste prisar, når no dei viktigaste aktørane sit på både sider av bordet og i realiteten tingar med seg sjølv.

Det er bransjen sjølv som har hovudansvaret for å finna fram til tenlege løysingar for tida etter at nogjeldande bransjeavtale går ut ved utgangen av 2004.

Rammevilkåra for bokbransjen varierer mykje frå land til land i Europa. I somme land er det marknaden som rår, dvs. at det ikkje er særlege føresegnere for denne bransjen. Nokre land har bransjeavtalar, og ein del land har regulert bokbransjen gjennom lovutgjeving. Det kan sjå ut til at aktørane i dei ulike landa stort sett forvarar eige system. I Sverige og Finland, som både har frie prisar, tykkjester bransjen å vera nøgd med dei frie kåra. Inntrykket er med andre ord at otten for endringar er stor, men at aktørane tykkjester ha stor evne til å tilpassa seg gjeldande rammevilkår, anten desse er slik eller slik.

Bokklubbane har ein sterk posisjon i Noreg, både økonomisk og kulturelt. Utan bokklubbane ville færre ha kjøpt og lese den nye skjønnlitteraturen. Bokklubbane kan hevdast å vera den største distriktsbokhandelen i landet, men det kan òg hevdast at suksess for bokklubbane gjer tilhøva vanlige for dei lokale bokhandlane.

Den teknologiske utviklinga har ei rad ulike konsekvensar for litteraturfeltet. Jamvel om skriftkulturen framleis står sterkt, gjer det seg gjeldande stadig aukande konkurransen frå lyd- og biletmedium, slik som fjernsyn, dataspel, musikk og musikkvideo, video, DVD osb. E-boka er lansert utan å ha oppnådd nemnande utbreiing, men røyndommen kan etter kvart verta ein annan; særleg av di det teknologiske grunnlaget er til stades for å skapa nye produkt som kombinerer tekst, lyd og (levande) bilete.

Internett-bokhandel har oppnådd ein viss marknadsandel. Tinga prent («print on demand») kan òg etter kvart koma til å gjera seg gjeldande. Mest sannsynleg vil endringane ta tid, slik at bransjen gradvis kan tilpassa seg. På den andre sida er det uråd å utelukka at ny teknologi i løpet av kort tid kan skapa dramatiske endringar i rammevilkåra for både forlags- og bokhandelverksemd.

## 1.10 Kunstnarane

Ei rad institusjonar, stønadsordninger og tiltak under Kultur- og kyrkjedepartementet har direkte innverknad på arbeidsvilkåra for kunstnarar.

Fleire av dei viktigaste rammevilkåra for kunstnarpolitikken har endra seg radikalt dei siste 20–30 åra. Kunstnarstanden er tilnærma tredobla utan at marknaden for tenestene eller produkta har auka tilsvarannde. Jamvel om dei kunstnarpolitiske ordningane reelt har vakse, har auken ikkje vore så stor at han har kunna fanga opp tilvoksteren av nye kunstnarar. Det kan heller ikkje setjast som mål for den statlege innsatsen overfor kunstnarane at løyvingane skal auka i takt med vaksteren i kunstnarstanden. Men dei ordningane som finst må vera effektive og føremålstenlege. Ordningane bør skapa prinsipielt like sjansar for kunstnarane og vera godt tilpassa dei til kvar tid eksisterande arbeidsformene innanfor dei respektive kunstfelta.

Det vert lagt opp til ei viss omfordeling av midlar frå ledige garantiinntekter til arbeidsstipend. Det er elles behov for å vurdera reglane om avkorting av garantiinntekta. Krava til kunstnarleg aktivitet hjå mottakarane av garantiinntekt vert tilrådd skjerpa.

Arbeidsstipend for kunstnarar bør styrkast i åra framover. Talet på arbeidsstipend bør aukast. Arbeidsstipenda bør innrettast på ein måte som ivaretar det behovet kunstnarane har for konsentrasjon og fagleg fordjuping. Det kan på denne bakgrunn vera relevant å vurdera nye typar langvarige stipend.

Apparatet som fordeler statlege stipend og garantiinntekter, er av historiske grunnar svært omfattande i Noreg. Det er eit mål å tilpassa strukturen betre til situasjonen i dagens kunstfelt ved å gjera stipendkomitéstrukturen enklare. Forenklinga kan gjerast ved at den noverande ordninga med 24 fagspesifikke stipendkomitéar vert erstatta av ei løysing med langt færre komitéar, kan henda så få som fem eller seks.

## 1.11 Friviljug innsats

Dei friviljuge organisasjonane er viktige både for kulturlivet og for samfunnet meir allment. Dei er viktige

- i kraft av det arbeidet dei utfører
- som demokratiske aktørar
- av di dei skaper sosiale fellesskapar og lokal identitet
- av di dei evnar å skapa tillit i samfunnet
- av di dei skaper engasjement
- av di dei medverkar til å skapa mangfold i samfunnet
- som rekrutteringsarena for samfunnsengasjerte menneske.

Over budsjetta til Barne- og familidepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har det dei siste åra vorte løyvd midlar til tilskotsordninga til lokalt friviljug arbeid blant born og unge, Frifond. Pengane går til lokale grupper og lag og vert kanaliserde via tre landsomfattande paraplyorganisasjonar etter ein fordelingsnøkkel. Både grupper og lag med tilknyting til sentralt organiserte friviljuge organisasjonar og lokale grupper som ikkje har tilknyting til andre landsomfattande organisasjonar, kan få støtte gjennom ordninga.

Ordninga er nyleg evaluert. Jamvel om noverande forvaltningsmodell på mange måtar fungerer tilfredsstillande, har han likevel klåre ulemper. Fripond-løyvingane når ikkje godt nok ut til frittståande lag, dvs. til den lokale aktiviteten som ikkje er knytt til ein landsomfattande organisasjon. Mellom anna gjeld det friviljug aktivitet blant born og unge i dansegrupper, litteratur-, film- og kunstorganisasjonar og det omfattande kulturvern-/kulturminnevernfeltet. Evalueringrapporten rår difor til at ein bør vurdera å endra den måten midlane i dag vert kanaliserde på, slik at ein kan nå betre fram til desse målgruppene.

Utfordringa med å nå ut til frittståande lag og aktivitetar vert ytterlegare aktualisert gjennom dokumenterte utviklingstrekk innanfor det friviljuge feltet. Nyare forskingsresultat syner viktige

endringar i organisasjonsformer og organisasjonsgrad. Minst like mange born er med på aktivitetar som før, men langt færre ynskjer å vera med i ein organisasjon. Aktiviteten skjer i lausare og meir prosjektbaserte former, og banda mellom lokale aktivitetar og sentralledd i organisasjonane er svekte. Evalueringa av Frifond underbyggjer desse resultata.

Med verknad frå 2003 vart Frifond tilført ein øyremerkt del av midlane til kulturområdet frå speleoverskotet i Norsk Tipping AS. Prognosane for speleoverskotet tilseier at den delen av overskotet som skal gå til Frifond, vil utgjera om lag 135 mill. kroner frå og med 2005. Både resultata av evalueringa og behovet for å kvalitetssikra ordninga med tanke på den monalege auken i den økonomiske ramma for ordninga tilseier ei justering av korleis midlane i Frifond-ordninga vert kanaliserte til målgruppene. Barne- og familidepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har på denne bakgrunn vurdert ulike alternativ til noverande modell:

- paraplyorganisasjonane som tilskotsforvaltarar
- sentral forvaltning gjennom eit statleg organ
- kommunal forvaltning
- ansvarsdeling mellom organisasjonane og kommunane.

Dei to departementa ser både føremoner og ulemper ved dei ulike modellane. Røynslene med Frifond-ordninga så langt har vist at paraplyorganisasjonane har problem med å nå tilfredsstillande ut til målgruppene for ordninga. På den andre sida har dei tvillaust kompetanse på området. Ei sentral statleg forvaltning vil betre kunna tryggja krav om likebehandling og effektiv ressursbruk, men vil samstundes innebera ei svekking av den lokale forankringa av ordninga. Dei to departementa ser alt i alt store føremoner med ein modell som legg til rette for ei betre lokal forankring og ein heilskapleg politikk overfor born og unge lokalt ved å gje kommunane ein sentral plass i Frifond-ordninga.

## 1.12 Nokre verkemiddelspørsmål

Denne meldinga legg ikkje opp til omfattande endringar i den statlege verkemiddlebruken på kulturområdet. Den ansvarsdelinga mellom forvaltningsnivåa som vart innført for ein del kulturinstitusjonar i kjølvatnet av den førre kulturmeldinga, kan leggjast til grunn også for dei komande åra, og på abm-området er det naturleg å vidareføra arbeidet med å gjennomføra dei nyordningane som følgjer av St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling*.

Det er likevel eit par konkrete verkemiddelspørsmål som på ulik måte har vore framme i det kulturpolitiske ordskiftet, og som det difor er på sin plass å drøfta særskilt i denne meldinga. Fyrst og fremst gjeld dette regelverksmessige og styringsmessige spørsmål i tilknyting til Norsk kulturråd. Vidare vert spørsmålet om kulturlov kommentert.

Norsk kulturråd bør vidareføra som eit samla landsdekkjande fagorgan. Men gjeldande styringsgrunnlag for Norsk kulturråd er samansett og prega av å ha vakse fram over tid. Det er lite dekkjande for den samla verksemda i dag. Jamvel om behovet ikkje er akutt, bør det setjast i gang eit arbeid med å ferda ut eit nytt regelverk for Norsk kulturråd. Det nye samla regelverket bør ordnast i to delar, ein del som regulerer organiseringa av Kulturrådet og tilhøvet mellom rådet, departementet og Stortinget, og ein del som regulerer tilskotsordningane og dermed tilhøvet mellom tilskotsmottakarar og rådet.

Det grunnleggjande regelverket bør utformast i lov, ikkje som no i plenarvedtak. Det høver som lovgjeving av di det har synt seg å vera lite behov for endringar over tid, og av di lovs form vil vera betre eigna til å regulera instruksjonsrett for Stortinget. Ei tilskotsforskrift vil då kunna vera heimla i lova.

Når det gjeld det materielle innhaldet av det grunnleggjande regelverket, er avklaring av grensene for instruksjonsrett det sentrale. Kulturrådet og bruken av Kulturfondet har generelt vore særsvellukka. Det er då viktig å føra vidare dei gode sidene ved ordninga. Det gjeld særleg den sjølvstendige stillinga Kulturrådet har hatt ved den konkrete disponeringa av Kulturfondet innanfor dei hovudprioriteringane som vert fastsette ved kongeleg resolusjon.

Overføring av forvaltningsansvaret for ein del faste tiltak frå departementet til Norsk kulturråd gjev rådet ansvar og oversyn over ein større heilskap innanfor ein del saksområde. Ytterlegare overføringer kan gjennomføra utan at ein svekker dei gode sidene ved verksemda i Kulturrådet.

Tanken om ei kulturlov har vore framme mange gonger. Rett nok er det ei rad lover og føresegner som gjeld kultursektoren, men ei allmenn kulturlov finst ikkje. Drøftinga i denne meldinga konkluderer med at verdet av ei slik lov først og fremst vil liggja på symbolplanet.

Ei eventuell kulturlov vil isolert sett ikkje sikra kultursektoren anna enn ein viss minimumsinnsatser. Ei kulturlov vil slik sett ikkje vera tilstrekkeleg til å kunna fanga opp det mangfaldet og den dynamikken som kultursektoren er prega av. Hovudverkemidlet for å gjennomføra kulturpoli-

tiske tiltak vil vera dei økonomiske rammevilkåra for kultursektoren som totalitet. Den framgangen som kultursektoren har hatt dei seinaste 30 åra, er i stor mon eit resultat av at dei økonomiske rammene i heile perioden har hatt ein realvokster. Utan kopling til økonomiske rammevilkår vil difor ei eventuell kulturlov i seg sjølv ikkje skapa betre utgangspunkt for kultursektoren.

### 1.13 Kulturbygg

Kulturtiltak krev fysiske rammevilkår som gjer det mogeleg å realisera dei måla som gjeld for dei respektive institusjonane eller prosjekta.

Utan nybygg vil det til dømes vera vanskeleg å forventa at Hålogaland Teater skal kunna utvikla seg vidare.

På somme område har Noreg – til dømes samanlikna med grannelanda våre – kome seint i gang med å gjennomføra nasjonalt viktige byggjeprosjekt på kulturområdet. Nybygget for Den Norske Opera er eit døme på at ein berrsynt mangel i ein naudsynt infrastruktur av kulturbygg er i ferd med å verta retta opp.

På andre område har dei bygningsmessige løysingane vorte utdaterte i den grad at turvande oppgraderingar kjem kostnadsmessig på line med nybygg. Hovudbygningen for Nasjonalbibliotekets Oslo-avdeling er i så måte eit døme.

Arbeidet med å konsolidera museumsstrukturen har ikkje uventa samstundes synleggjort ei rad investeringsbehov. Å ta vare på kulturarven krev gode lokale både til å formidla og til å oppbevara. For at Sunnmøre Museum skal kunna fylla rolla som konsolidert museumseining i regionen sin, lyt det finnast ei løysing på eit godt dokumentert magasinbehov. For at Nasjonalmuseet for kunst skal verta ein internasjonalt framståande formidlingsarena og kvalifisert kunstvitskapleg institusjon, krevst fullgode fasilitetar både for publikum og for dei mange faglege funksjonane som er minst like viktige.

Ein liten del (ca. 3 pst) av Norsk kulturfond vert årleg nytta til kulturbygg. Det er såleis berre nokså avgrensa prosjekt Norsk kulturråd har funne høve til å medverka med midlar til.

Særleg prioritert er realisering av bygg for produksjon og formidling av nyskapande og profesjonnell kunst. Samstundes er rådet oppteke av å heva kvaliteten på ulike visingslokale.

Gjennom prøveprosjektet *Rom for kunst* som Kulturrådet sluttførte i 2002, vart det avdekt eit stort behov for nye arenaer og oppgradering av

eksisterande lokale, både innanfor det prosjektbaseerte og det institusjonelle kunstfeltet. I lys av desse røynslene ynskjer Norsk kulturråd i åra framover først og fremst å medverka til å utvikla nye arenaer for formidling av kunst.

Departementet legg til grunn at dette i investeringssamanheng vil vera ei tenleg hovudprioritering for Norsk kulturråd i komande år, men samstundes inneber dette at det lyt finnast andre løysingar for ulike typer spesialbygg – mellom anna museumsbygg – som rådet tidlegare har ytt midlar til, men som ikkje kan forventast å verta prioriterte i eit Rom for kunst-perspektiv.

Den noverande ordninga for tilskot til lokale og regionale kulturbygg har eit altfor detaljert og rigid regelverk og bør byggjast om. Med utgangspunkt i dei spelemidlane som vil vera øyremerkte til kulturbygg i åra frametter, rår departementet til å erstatta gjeldande stønadsordning med to nye ordningar.

For det første bør det skipast ei ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus. Midlane – 40 pst. av spelemidlane – bør stillast til rådvelde for fylkeskommunane, som bør stå nokså fritt i bruken av desse midlane, dvs. at dei statlege føringane vert avgrensa til eit sett av premissar som skal gå fram av det årlege brevet der midlane vert stilte til rådvelde. Tilskot til bibliotekbussar kan inngå i ordninga. Ei slik oppgåveoverføring vil vera i tråd med den meir generelle desentraliseringa av regional-politiske verkemiddel som tidlegare låg i Kommunal- og regionaldepartementet, og som no er overførte til fylkeskommunane.

For det andre bør det skipast ei ny ordning for tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur med ei årleg ramme tilsvarende 60 pst. av spelemidlane. I departementet ligg det føre ei rad søknader om tilskot frå budsjettposten til nasjonale kulturbygg. Brorparten av desse har ein karakter og omfang som gjer det naturleg å kategorisera dei som regionale prosjekt. Det dreier seg om å leggja til rette kulturelle møteplassar for både unge og eldre og for aktivitetar på tvers av generasjoner og grupper.

Geografisk vil prosjekta over tid fordela seg på heile landet, men i kvart budsjettår vil tilskota måtta koncentrerast om eit avgrensa tal prosjekt. Følgjeleg vil det vera naudsynt med ei samla prioritering på nasjonalt nivå.

Kategorien nasjonale kulturbygg bør i åra frametter femna om bygg av eit særleg stort omfang, prosjekt der staten åleine skal dekkja ein særleg stor del av dei samla investeringskostnadene, og andre prosjekt som etter sin karakter utan vidare høyrer heime i denne kategorien.

## 2 Innleiing

### 2.1 Bakgrunn

Gjennom åra er det lagt fram ei lang rekke dokument for Stortinget om ulike kulturpolitiske spørsmål. Dei fleste har likevel hatt eit tematisk avgrensa innhald og siktemål. Omgrepene kulturmelding vert helst nytta om dei stortingsmeldingane som har teke føre seg eit breitt spektrum av delområde innanfor kulturfeltet. To slike kulturmeldingar vart fremja i fyrste helvta av 1970-åra, to i fyrste helvta av 1980-åra og den siste i 1992:

- St.meld. nr. 8 (1973–74) *Om organisering og finansiering av kulturarbeid* (fremja av regjeringa Korvald)
- St.meld. nr. 52 (1973–74) *Ny kulturpolitikk* (fremja av regjeringa Bratteli)
- St.meld. nr. 23 (1981–82) *Kulturpolitikk for 1980-åra* (fremja av regjeringa Brundtland)
- St.meld. nr. 27 (1983–84) *Nye oppgåver i kulturpolitikken* (fremja av regjeringa Willoch)
- St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden* (fremja av regjeringa Brundtland)

Dei to meldingane i 1970-åra vart handsama under eitt av Stortinget, jf. Innst. S. nr. 23 (1974–75). Det same var tilfelle med dei to meldingane i 1980-åra, jf. Innst. S. nr. 132 (1984–85). Den siste meldinga drøfta Stortinget våren 1993 på grunnlag av Innst. S. nr. 115 (1992–93).

Tida er såleis inne for å leggja fram ei ny kulturmelding – eit dokument som skal danna eit utgangspunkt for prioriteringar og tiltak på det kulturpolitiske området i tiåret fram mot 2014.

I samband med handsaminga av budsjettproposisjonen for 2000 bad eit flertal (alle unntake medlemene frå Frp) i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Stortinget om at arbeidet med å skaffa fram grunnlagsmateriale for ei ny kulturmelding vart sett i verk, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (1999–2000):

«Flertallet viser til at det er 6 år siden St.meld.nr. 61 (1991–1992) Kultur i tiden ble behandlet. Et overordnet mål for kulturpolitikken var da at kulturen skulle være sektorovergripende og ha hele landet som virkeområde. Ressursbruk og funksjonsfordeling ble belyst,

og mange ulike aspekter ved kulturpolitikken ble drøftet.

Flertallet er opptatt av at tusenårsskiftet gir oss en anledning til å vurdere vår nåværende kulturpolitikk samtidig som det gir oss muligheten til å utforme en kulturpolitikk for et samfunn i forandring.

Kulturopplevelse og kulturdeltagelse gir fellesskap, tilhørighet og forståelse for sammenhenger i tilværelsen. Norge er i økende grad et flerkulturelt samfunn, og erkjennelsen av dette må prege alle deler av kulturpolitikken.

Flertallet mener på denne bakgrunn det i tillegg til de allerede varslede sektormeldingene på kulturområdet, er behov for en mer overordnet og prinsipiell drøftelse av de kulturpolitiske utfordringer i Norge. Det bør her legges særlig vekt på presset på norsk kultur og språk som følge av økt globalisering og teknologisk utvikling, men også de fordeler norsk kulturliv kan oppnå i et åpnere internasjonalt samfunn og de bidrag norsk kulturliv kan yte overfor kulturstitasjoner og brukere av kulturgoder i andre land. Flertallet ber departementet starte en utredning av dette sakskomplekset for å fremskaffe et nødvendig grunnlagsmateriale for arbeidet med en ny kulturmelding.

Flertallet viser til kultursektorens mange utfordringer og viktigheten av at kunst og kultur gjøres tilgjengelig for alle.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, erkjenner at markedet ikke er tilstrekkelig for å sikre kvalitet, nyskapning og mangfold innen kulturlivet, derfor må det offentlige inn med tiltak slik at kunsten og kulturen får muligheten til å spille sin viktige samfunnsrolle. Dette flertallet er opptatt av at de ulike virkemidlene som brukes i kulturpolitikken med jevne mellomrom vurderes, for å se om de har den tiltenkte effekt.»

### 2.2 Grunnlagsdokument

Eit viktig grunnlagsmateriale for denne kulturmeldinga har vore dei mange utgreiingane som dei siste åra er utarbeidde om ulike kulturpolitiske spørsmål, dels på oppdrag av departementet og dels i regi av Norsk kulturråd. Om litteraturspør-

mål åleine ligg det føre eit tosifra tal rapportar o.l. Om musikkfeltet er det òg laga særsmale mange dokument. På scenekunstområdet er det mellom anna lagt fram ei utgreiing frå eit regjeringsoppnemnt utval, NOU 2002: 8 *Etter alle kunstens regler*, og i nært samarbeid med ei rekke instansar er det utarbeidd ein plan for produksjon og formidling av opera og ballett i distrikta. I vedlegg til denne meldinga vert det gjeve eit oversyn over dei utgreiingane som har mest direkte relevans. Det vert dessutan gjort greie for dei gjennomførte høyringane.

I eit samarbeid mellom departementet og *Program for kulturstudiar* under Noregs forskingsråd vart det arrangert tre forskarseminar med tretti forskarar frå universitet, høgskular og forskingsinstitutt for å kasta lys over kulturelle utviklingstrekk. Siktemålet var å skaffa fram eit best mogeleg kunnakapsfundament for dei situasjonsanalysane som vert lagde til grunn for utforminga av den framtidige kulturpolitikken. Innlegga frå desse seminara er samla i tre publikasjonar:

- «Kulturelle kontekster»
- «Individ, identitet og kulturell erfaring»
- «Kulturproduksjon, distribusjon og konsum»

Fullstendige bibliografiske referansar går fram av vedlegg til denne stortingsmeldinga.


### 2.3 Framlagde meldingar og proposisjonar

På fleire saksområde er det dei siste åra lagt fram særskilde dokument – meldingar og proposisjonar – som alt er handsama i Stortinget, og som såleis er viktige premissar for kulturpolitikken innanfor dei respektive områda i åra frametter.

Det mest vidfemnande dokumentet som må trekkjast fram i denne samanhengen, er St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*, den såkalla abm-meldinga, og den tilhøyrande Innst. S. nr. 46 (2000–2001). Presentasjonen og drøftinga av saksområda arkiv, bibliotek og museum i denne meldinga byggjer heilt ut på dei tidlegare dokumenta og arbeidet med å følgja opp desse.

Tilsvarande gjeld for operahusprosjektet, der omtalen i denne meldinga er tufta på dei tidlegare operaproposisjonane og i særleg grad den siste, St.prp. nr. 48 (2001–2002) *Nytt operahus i Bjørvika* med tilhøyrande Innst. S. nr. 234 (2001–2002).

På språkområdet er viktige premissar alt lagde i St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste* og den tilhøyrande Innst. S. nr. 109 (2001–2002).



Figur 2.1

Dessutan følgjer mange sentrale premissar av dei årlege budsjettproposisjonane med tilhøyrande innstillingar.

Vidare må særskilt nemnast St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*, som ligg til førehaving i Stortinget. Den meldinga drøftar mange spørsmål med grenseflater mot problemstillingar i meldinga her. I denne samanhengen må òg nemnast som eit viktig grunnlagsdokument St.meld. nr. 39 (2002–2003) «*Ei blott til Lyst. Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen*».

### 2.4 Nærare om nokre sentrale omgrep

I alle større tekstar om kulturpolitiske spørsmål er det tre omgrep som førekjem ofte – kultur, kunst og kvalitet. Desseorda vert nytta i overlag mange ulike samanhengar og i mange ulike tydingar. Vi pretenderer ikkje å nytta desse omgrepene på ein ein-tydig måte i denne meldinga, men finn det likevel tenleg innleiingsvis å dvelja litt ved desseorda – ikkje for å gje klare definisjonar, men snarare for å streka under det komplekse og mangetydlige.

### 2.4.1 Kultur

Kultur er eit ope omgrep med eit meiningsinnhald som har vist seg å vera historisk skiftande. Innhalldet varierer med den samanhengen omgrepet vert brukt i, og kva som er føremålet med definisjonen.

I denne meldinga vert omgrepet kultur forstått på to nivå. I vid forstand dekkjer det verdiar, normer, kunnskapar, symbol og ytringsformer som er felles for ei viss gruppe menneske eller eit bestemt samfunn. I smalare forstand vert omgrepet brukt om dei forskjellige aktivitetane innanfor kulturlivet og kulturpolitikken når desse vert forstått som ein avgrensa samfunnssektor.

Ein viktig dimensjon ved kulturar er at individet vert knytt til små og store identitets- og meiningsfellesskap som vert etablerte og endra gjennom menneskeleg handling og samhandling.

Både den vide og den smale varianten av kulturomgrepet er sentrale i ein kulturpolitiske samanheng. Gjennom historia har skiftande måtar å forstå både tydningssnivåa på vore med på å leggja premissar for kulturpolitikken.

Fram til i dag har kulturpolitikken i Noreg vore nært knytt til nasjonsbygging og ein likskapsorientert velferdspolitikk. Ei grunnleggjande legitimering av kulturpolitikken har vore å dyrka fram ein særeigen nasjonal identitet forankra i ein einskapleg felles nasjonalkultur. I den samanhengen kan kultur oppfattast som eit avgrensa univers av verdiar, normer, kunnskapar, symbol og ytringsformer som står i motsetnad til andre like avgrensa univers. Ut frå ei slik forståing vert kultur lett oppfatta som eit tilnærma sjølvtilstrekkeleg og lukka system med unike eigenskapar.

Som det er nærmere gjort nærmere greie for i kap. 3, har globalisering og individualisering medverka til at ideala om likskap og nasjonal integrasjon i dag vert utfordra av nye former for ulikskap. Den framtidige kulturpolitikken må venda perspektivet bort frå konstruksjonar av ein einskapleg felleskultur og leggja til rette for ei utvikling av kulturen med utgangspunkt i det mangfaldet og den kompleksiteten som pregar dagens kultursituasjon. Dette krev forståing av kultur som opne prosessar, ikkje som isolerte system. Det må leggjast til grunn at kultur er noko som oppstår, veks fram og vert endra i møtet med andre kulturar. I dette perspektivet vert kulturelt mangfald eit vilkår for danning og utvikling av levande kulturar.

Den smale eller sektorielle forståinga av kulturomgrepet ligg til grunn for den administrative avgrensinga av det kulturpolitiske ansvarsområdet. Grensene for kva som vert omgrepet som fell inn under det kulturpolitiske ansvarsområdet, er histo-

risk flyttbare og varierer frå land til land, jf. kap. 5. Ulike avgrensingar vert grunngjevne dels ut frå kva for verksemder det tykkjест mest tenlege å leggja under same administrasjon. Dels er dei knytte til endringar i det estetiske feltet og ulike haldningar og verdirangeringar av ulike uttrykk.

Etter kvart er eit stadig breiare spekter av uttrykk og aktivitetar innlemma i det kulturpolitiske ansvarsområdet og har oppnådd status som støtteverdig. I løpet av dei siste ti åra har særleg haldningane til populærkultur og kulturindustri endra seg. Det er til dømes etablert offentleg støtte til jazz, rock og nærskyldne musikkformer. Samstundes vert film og musikk i aukande grad vurderte som interessante industrier i skjeringspunktet mellom kultur- og næringspolitiske interesser.

Parallelt med at dei sektorielle grensene vert utvida, er det ein tendens til aukande samarbeid på tvers av dei administrative sektorgrensene både i Noreg og i andre europeiske land. I tråd med dette har det i ein del samanhengar vore tala om ein sektorovergripande kulturpolitikk. Tanken er at kulturpolitikken ikkje kan avgrensast til dei verksemndene som fell innanfor ansvarsområdet til eitt departement. Kultur må setjast inn i ein større heilskap og sjåast i samanheng med andre samfunnssektorar og verkefelta til andre departement.

Ein slikt sektorovergripande kulturpolitikk kan medverka til å føra kulturen ut av ein sektoravgrensa isolasjon og inn i strategiske alliansar med andre område av politikken. Samstundes er det behov for eit ope og inkluderande kulturomgrep som kan fanga opp nye impulsar i eit omskifteleg samfunn prega av tiltakande kulturelt og estetisk mangfald. Dette er ikkje minst viktig for å kunna innlemma ulike minoretsuttrykk i det offentlege systemet av kulturpolitiske støtteordningar. Kulturpolitikken må leggja til grunn eit kulturomgrep som kan ta opp i seg dei endringane som heile tida skjer i samfunnet generelt og på kunst- og kulturmørådet spesielt.

### 2.4.2 Kunst

*Kunst* er ikkje meir eintydig som omgrep enn *kultur*. Det har aldri vore noko klårt skilje mellom kva som er kunst og kva som ikkje er kunst. Det inneber likevel ikkje at vi til dagleg er i tvil om kva som er det eine, og kva som er det andre. Jamvel om omgrepet kunst ikkje lèt seg fanga inn i noka form for definisjon, kan vi i dei fleste tilfella utan vidare avgjera om noko er kunst eller ikkje. Hamsuns roman Pan er sjølvsagt kunst; ei stortingsmelding er det like sjølvsagt ikkje. Men mellom det som uomtvistet er kunst, og det som like uomtvistet

leg ikkje er kunst, finst det mange gråsoner og flytande overgangar.

Eit tradisjonelt emne for ordskifte er tilhøvet mellom allment akseptert «riktig» kunst og det som kan likna til forveksling, men som mange heller vil plassera i ein annan kategori, til dømes *underhaldning* eller *kitsch*. Døme kan vera kriminalromanar og romantisk kiosklitteratur, ymse typar populærmusikk, underhaldningsfilm eller målarstykke av typen *elg i solnedgang*. Somme vil hevda at dette er meir eller mindre masseproduserte produkt som ikkje stettar dei kvalitative krava som må vera oppfylte for at noko skal kunna nemnast kunst. Andre vil forklåra dette på heilt andre måtar og til dømes hevda at det fyrst og fremst er sosiale skilje mellom ulike publikumsgrupper som speglar seg av i slike kategoriseringar.

Det er likevel korkje kiosklitteraturen eller rockemusikken som kallar fram det kritiske spørsmålet *Skal no dette vera kunst?* Slike utbrot er fyrst og fremst knytte til ordskiftet om utviklinga av bilet-kunsten det siste hundreåret.

Dei fleste har vendt seg til at eit målarstykke ikkje treng forestilla noko. At biletkunsten kan vera abstrakt, er akseptert av dei fleste. Men når abstraksjonen går så langt at eit par strekar på eit lerret skal utgjera eit ferdig verk, vil mange stussa over om dette kan kallast kunst. Dessutan har biletkunsten gått endå lenger i retning av fenomen som ikkje har noko med målarstykke eller skulptur å gjera, slik som til dømes framføringskunst (*performance*), installasjonar og såkalla konseptkunst. Slikt kan utfordra oppfatninga av kva kunst er for nokon kvar.

Eit illustrerande døme kan vera såkalla *ready-mades*, gjenstandar frå kvardagen som dukkar opp som kunstverk på ei utstilling. Dersom ei pakke vaskepulver inngår i ei utstilling, vil mange spørja kvifor dette kan kallast kunstverk i den samanhengen, medan den same pakka ikkje er kunstverk i butikkhylla. Er det ingen skilnad på kunst og ikkje-kunst lenger? Til dette kan det gjevast fleire svar.

Det er ingen skilnad i den meining at den utstilte pakka som fysisk objekt kan vera identisk med tilsvarende i butikkhylla. Men likevel er det eit poeng i seg sjølv at når ein slik gjenstand vert plassert på utstilling, vert publikum inviterte til å sjå på og tenkja over dette objektet som eit kunstverk. For å kunna gjera det med utbyte, lyt ein likevel vita noko om utviklinga av kunsten det siste hundreåret og dei tilhøyrande teoriane om moderne kunst, til dømes kva kunsten reagerer mot og kva han strevar etter.

Dette er likevel ikkje noko særmerkt ved den moderne kunsten. Tradisjonelle kunstnarlege ytringsformer krev òg grunnleggjande kunnskapar hjå den som studerer, ser på eller lyder til verket.

Men ofte er det slik at føresetnadene for å forstå eldre kunstuttrykk er meir utbreidde, og at folk flest ikkje tenkjer gjennom sitt eige grunnlag for å tileigna seg det aktuelle kunstuttrykket.

Føresetnadene for å forstå kunsten er noko den einskilde tileignar seg gjennom oppvokster, utdanning, massemedium og deltaking i samfunns- og kulturlivet. Men kunsten endrar kontinuerleg uttrykksform, og i dei tilfella dette skjer i form av brå kast eller fundamentale omskifte, vil det lett oppstå eit etterslep i publikums føresetnader for å tileigna seg det nye.

#### **2.4.3 Kvalitet**

Kvalitet er eit relativt omgrep, men ikkje eit subjektivt. Om noko har kvalitet eller ikkje, er ikkje eit spørsmål om kva den eine eller andre kan lika, men om kva vi har med å gjera, og kva det skal nyttast til. Følgjeleg kan det som i éin situasjon eller til éin bruk har høg kvalitet, i ein annan samanheng ha låg kvalitet, men avgjerda er like objektiv i både tilfella.

Kunstnarleg kvalitet vert såleis eit spørsmål om kva vi ventar oss av kunsten, eller kva vi vil bruka han til. Mange vil framheva at siktemålet er å få ei estetisk oppleving; andre vil leggja vinn på at kunsten skal gje noko å tenkja over og tala om.

Mykje kunst appellerer til kjenslene våre. Musikk kan gjera oss både nedstemte og glade. Vi kan verta oppslukte av spenninga i ein roman eller av samspelet mellom fargar og former i eit målarstykke. Vi kan verta fascinerte av eit flott byggverk eller av samspelet mellom lys og skugge i ein skulptur.

Men kunst er samstundes noko å tenkja over og drøfta med andre. Gjennom mange former for kunstverk kan vi læra noko om menneske, samfunn, historie, religion osb. Kunst appellerer til kommentar og ordskifte, og for mange skaper kunsten behov for å ta standpunkt, til dømes av di vi på ein eller annan måte vert provoserte.

Di betre eit kunstverk er i stand til å innfri slike forventningar, di betre kvalitet kan verket seiast å ha. Men folk som oppsøkjer kunsten, vil ha varierande og ulike forventningar. Følgjeleg vil kvalitetsvurderingar kunna falla nokså ulikt ut.

Det finst altså ikkje eit einskilt sett av alltid gylige kriterium for kunstnarleg kvalitet, men det finst ei rad relevante kunstnarlege kriterium som kan kombinerast på ulik måte, og som til og med kan stå i motsetnad til kvarandre, til dømes det nyskapande, gjenkjennelege, velforma, komplekse, overraskande, teknisk fullkomne, tanke-tunge, lett tilgjengelege eller utfordrande.





Figur 3.1

*Del I*

*Ein dynamisk kultursektor i eit samfunn  
i omskaping*



### 3 Viktige utviklingstrekk i samfunnet og innanfor kultursektoren

#### 3.1 Eit samfunn i rask endring

Vi lever i dag i eit samfunn som ser nokså mykje annleis ut enn for 20 – 30 år sidan, då grunntrekka i den etablerte kulturpolitikken vart fastlagde. Dei viktigaste samfunnsprosessane og utviklingstendensane kan karakteriserast med stikkord som globalisering, kommersialisering og individualisering. Forbrukarsamfunnet, mediesamfunnet, utdanningssamfunnet og ikkje minst kunnskaps- og informasjonssamfunnet er andre uttrykk som vert nytta for å skildra ulike sider ved dagens samfunn.

I mangt og mykje er det tale om moderniseringsprosessar med ei lang forhistorie, men som no har skote ny fart. Form og retning på desse prosessane er i dag sterkt prega av den raske utviklinga innanfor informasjons- og kommunikasjons-teknologi, og dei er prega av ei generell marknadsliberalisering. Dette er komplekse sosiale og kulturelle prosessar som ter seg ulikt i forskjellige samanhengar og på ulike stader. Det lèt seg likevel gjera å identifisera nokre overordna utviklingstendensar i rammevilkåra for kunst og kultur. Men korleis dei ulike prosessane skal tolkast, og kva kulturelle verknader dei har, kan det likevel vera ulike og til dels motstridande meininger om.

##### 3.1.1 Endringar i levekår, utdanning og demografi

Levekåra har betra seg mykje dei siste tiåra, og det har vore ein sterk auke i utdanningsnivået. Det er òg skjedd omfattande demografiske endringar. Endringane i befolknings- og busetnadsmønsteret er eit særleg markant trekk. Folk reiser også meir enn før og har fleire tilbod å fylla fritida si med.

Ein indikator på velstandsnivået får ein ved å sjå på kor stor del av totalbudsjettet sitt eit hushald brukar på mat. Di lågare matvareutgiftene er relativt sett, di høgare er levestandarden. I 1950-åra utgjorde utgiftene til mat om lag 40 pst. av dei totale forbruksutgiftene. I 1980 hadde dette falle til 20 pst., og i perioden 1999–2001 utgjorde matutgiftene berre 11,4 pst. av totalbudsjettet. Kultur- og

fritidsforbruket utgjorde i same periode 12,5 pst.. (Forbruksundersøkelsen SSB 1999–2001).

I 1990-åra vart det vanleg å karakterisera det norske samfunnet som eit utdanningssamfunn. I internasjonal samanheng ligg Noreg i toppsjiktet når det gjeld kor mange som har fullført vidaregåande eller høgare utdanning. Hausten 2000 hadde om lag 86 pst. i aldersgruppa 25 – 64 år utdanning på vidaregåande nivå eller høgare, medan gjennomsnittet for OECD-landa var 64 pst.. (OECD-publikasjonen «Education at a Glance»).

Det som har skjedd, er både at grunnutdanninga er utvida, og at stadig fleire tek høgare utdanning. Frå 1970 og fram til 2001 har det vore ei tredobling i talet på dei som fullfører høgare utdanning, og i dag har om lag 22 pst. av alle over 16 år universitets- eller høgskuleutdanning. Til samanlikning var dette talet i 1970 berre rundt rekna 7 pst.. (SSB Utdanningsstatistikk. Befolkingens høyeste utdanningsnivå, 1. oktober 2001).

Auka utdanning er nok òg ein del av forkláringa på endringane i busetnadsmønsteret. Personar med utdanning vert gjerne trekte til den utdanningsorienterte arbeidsmarknaden i byar og tettstader. Sentralisering, urbanisering og avfolking av distrikta er tema som har stått sentralt i samfunnsdebatten i ei årrekke. Dei siste tiåra samla sett har det skjedd ei klår nettosentralisering, men utviklinga har gått i bølgjer, meir eller mindre i takt med dei økonomiske konjunkturane.

Dei siste tiåra har det dessutan vore ei aukande nettoinnvandring til landet vårt. Internasjonal migrasjon er likevel på ingen måte noko nytt i norsk historie. Vi hadde frå siste halvdelen av 1800-talet ein særleg sterk utvandringsperiode, som varte meir enn eit halvt hundreår, og utvandringa den gongen var mykje større enn dagens nettoinnvandring, både relativt sett og i absolutte tal. Det nye dei siste 30 åra er såleis ikkje at folk flyttar til og frå Noreg, men at nettoinnvandringa er monaleg større enn tidlegare og involverer andre land enn før. For ein generasjon sidan var dei som kom til Noreg for å busetja seg, stort sett folk frå Norden, Nord-Europa eller Nord-Amerika. Frå 1970-åra har det i tillegg kome folk frå andre delar av verda, som Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika.

I 1970 hadde 1,5 pst. av dei som var busette her i landet, ein annan etnisk bakgrunn enn norsk, dvs. at begge foreldra deira var fødde utanlands. I 2001 hadde dette talet stige til 6,6 pst.. Om lag halvparten av desse har bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika eller Tyrkia, medan 18 pst. kjem frå andre land i Norden, vel 11 pst. frå Vest-Europa elles og 16 pst. frå Aust-Europa. Dei to største innvandrargruppene er svenskar og pakistanarar.

Innvandringa har særleg vore merkbar i dei største byane, og Oslo står i ei særstilling. Ein tredjedel av dei med annan etnisk bakgrunn enn norsk, bur i Oslo, og personar med innvandrarbakgrunn utgjer her om lag 19 pst. av folketaket. I Oslo bur dessutan folk med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika eller Tyrkia nokså konsentrerte i nokre drabantbyar og i dei austlege delane av indre Oslo. I nokre av Oslo-skulane har om lag 90 pst. av elevane eit anna morsmål enn norsk. Der finst alt i alt fleire titals morsmål, og alle dei store religionane er representerte. Urdu er det klart største minoritetsspråket.

### 3.1.2 Globalisering

I vid forstand inneber globalisering at både kapital, varer og menneske og alle slags kulturimpulsar raskt kan flytta seg frå ein del av kloten til ein annan. Det er dei nye kommunikasjonsmidla som her spelar ei avgjerande rolle, alt frå internasjonale rutefly til det verdsomspennande nettverket av datamaskinar.

Gjennom dette har det skjedd ein enorm auke i omfanget av den transnasjonale samhandlinga; ho går mykje hurtigare enn før og omfattar eit mykje breiare aktivitetsspekter. Såleis har internasjonalt samkvem med røter som går hundrevis av år tilbake i tida, fått ei heilt anna omskapande kraft i samfunnet dei siste par tiåra. Stader som tidlegare var relativt isolerte frå omverda, vert no vovne stadig tettare inn i dei globale kommunikasjonsnettverka, og lokale handlingar vert forma av ting som skjer milevis unna.

Også den kulturelle globaliseringa er sterkt aukande, og både kunsten og kultur- og medieindustrien opererer i langt større grad enn før i eit internasjonalt handlingsrom. Kva for kulturell verknad globaliseringsprosessane har, er det likevel usemje om. I ordskiftet kan tre hovudperspektiv identifiserast.

For det første vert det hevdat globaliseringa verkar kulturelt *homogeniserande* eller einsrettande. Denne teorien går ut på at den transnasjonale spreininga av kulturelle impulsar gjennom vestleg-dominerte etermedium, gjennom kulturindus-

tri, Internett og turisme, i stor grad fører til at lokale ytringsformer vert trengde til sides til fordel for ein dominerande globalisert kultur. Den tiltakande marknadskonkurransen har tilsvarende verknader. Amerikanisering av samfunnet og anglofisering av språket er aktuelle debattemne i mange land og avspeglar ei tiltakande uro for ei gjennomgripande kulturell einsretting.

Ein annan teori framhevar andre aspekt av utviklinga og hevdar tvert om at globaliseringa verker *heterogeniserande*, at ho gjer sitt til å fremja kulturell differensiering og pluralisering. Det vert her lagt vekt på at lokale og nasjonale kulturar får nye impulsar gjennom aukande internasjonal kulturutveksling, og at dagens kultursituasjon difor er meir samansett og fleirtydig enn tidlegare.

Den tredje teorien representerer ein slags synese av dei to fyrste og nyttar seg av omgrepet *globalisering*. Det vert her lagt vekt på at den tiltakende kulturutvekslinga ikkje berre skjer mellom nasjonar, men like mykje mellom regionale og lokale aktørar på den eine sida og internasjonale kulturelle sentra på den andre sida. Gjennom nye nettverk skjer det ei «lokalisering» av det globale ved at impulsar frå lokale avkrokar vert tekne opp i dei globale straumdraga. Samstundes vert transnasjonale impulsar tekne opp i lokale kultursituasjoner og tilpassa lokale føresetnader.

Etter kvart synest fleire og fleire å meina at alle tre teoriane kan ha noko føre seg, og at dei kvar for seg skildrar prosessar som i røynda verkar saman. Situasjonen er såleis ganske kompleks, slett ikkje eintydig, og globaliseringa kan i ein viss forstand truga det kulturelle mangfaldet, men på andre måtar kan ho produsera skilnader som styrkjer mangfaldet. Prosessane kan manifestera seg med ulik styrke på ulike område innanfor kultur og samfunn og kan gje seg ulikt utslag på ulike stader og til ulik tid.

Det at Noreg i dag har innvandrargrupper med bakgrunn frå eit utal forskjellige kulturar, inneber at landet har fått preg av å vera eit multietnisk og fleirkulturelt samfunn på ein heilt annan måte enn tidlegare. Våre nye landsmenn har til vanleg mykje kontakt med det landet dei stammar frå, og dei tek vare på sentrale delar av kulturbakgrunnen sin, mellom anna gjennom elektroniske media. Men på same tid er dei som nordmenn flest ein del av det norske og det internasjonale samfunnet og dei kulturtradisjonane og straumdraga som pregar desse.

I denne situasjonen er kulturell identitet i aukande grad ein kompleks variabel, eit produkt av så vel kulturelle band til lokalsamfunnet, som til den nasjonale majoritetskulturen og til ulike element frå internasjonal kultur. Dette gjeld ikkje

berre for dei nye minoritetane, jamvel om situasjonen for desse nok har sine særtrekk. Også for den norsk-ethniske majoriteten og for dei nasjonale minoritetane og den samiske urfolket er kulturell identitet i dag ein kompleks storleik. Spørsmålet om kva det vil seja å vera respektive norsk, samisk, norsk-pakistansk, norsk-africansk osb. vil difor ha mange ulike svar.

I møte mellom kulturimpulsar av ulikt opphav vil det som regel oppstå ein eigen dynamikk som vil kunna skapa heilt nye kulturuttrykk og gje opphav til ein ny kulturell identitet. Nye kulturimpulsar som bryt med tradisjonelle oppfatningar av det norske kulturfellesskapet, utvidar registeret av verdiorienteringar og ytringsformer i Noreg. Men dette kan også gjera sitt til at tradisjonelle minoritetar og interne skilnader og pluralistiske trekk ved det tradisjonelt norske vert meir synlege. Dette er med på å endra noko av grunnlaget for synet på kva det vil seja å vere norsk. Det er difor naudsynt i dag i nokon mon å revurdera forståinga av kva den norske feleskulturen omfattar.

### **3.1.3 Kultursituasjonen for born og unge – ein global generasjonskultur?**

Kan henda har globaliseringa i særleg grad påverka kultursituasjonen for born og unge. Mønsteret er rett nok samansett, med både aldersmessige og geografiske variasjonar.

Ein kan skilja mellom aktivitetar som går føre seg heime og andre aktivitetar i lokalsamfunnet. Dessutan kan dei lokale tilhøva variera, og omfanget av kommunalt organiserte fritidsaktivitetar og ulike kommersielle tilbod kan her spela inn. Det gjennomgåande tilboden i nærmiljøet over heile landet er først og fremst fritidsklubbar og idrettsanlegg, men somme kommunar har også eit desentralisert kulturskuleopplegg. Eldre ungdom søker gjerne mot kommersielle tilbod i sentrum, som kafear, diskotek og kino. Det er også mange av dei yngre som i spørjeundersøkingar opplyser at dei brukar ein del av fritida si i kjøpesenter, særleg i dei største byane.

Trass i slike variasjonar synest det vera eit gjennomgåande trekk at aktivitetar blant born og unge i stadig høgare grad er påverka av impulsar frå ei global medieverd. Dette heng særleg saman med medierelaterte aktivitetar som i hovudsak skjer heime. Av desse er det å høyra musikk, sjå tv og video og spela TV- og dataspel dei aktivitetane som tek mest tid. Ifølgje SSB brukte heile 76 pst. i aldersgruppa 9–15 år heime-pc til underhaldning og spel ein gjennomsnittsdag i 2002. Også det å surfa på Internett er ein aktivitet som aukar raskt i

omfang. I 2002 var det 23 pst. i aldersgruppa 9–15 år som brukte nettet ein gjennomsnittsdag, mot 4 pst. i 1997. Enno utgjer dette på langt nær noko fleirtal innanfor ungdomsgruppene, men retninga og farten i utviklinga er klår og eintydig.

Internett er eit interaktivt medium, og prategrupper er populære virtuelle treffstader. Såleis har teknologien etter kvart gjort det mogeleg for individet å dyrka eit utvida sosialt samvær heimefrå. Same funksjonen har mobiltelefonen, som er kome i vanleg bruk ikkje minst i ungdomsgruppene i løpet av 1990-åra. I 2002 hadde 86 pst. i aldersgruppa 13–15 år og 96 pst. i aldersgruppa 16–20 år eigen mobiltelefon. Saman med framandspråklege impulsar, slangprega språkbruk og liknande har mobiltelefon og Internett vore med på å utvikla særskilde ungdomsspråk som fungerer både som kommunikasjonsmiddel og som ein ungdomskulturell identitetsmarkør overfor den vaksne verda.

Mediebruken synest vera på om lag same nivået over heile landet. Slik mediebruk inneber dessutan at born og ungdom ikkje lenger er avskjerma frå omverda når dei er heime. Tvert imot kan dei unge heimefrå både kopla seg opp til den internasjonale medieverda og kommunisera med jamaldringar i lokalsamfunnet eller langt borte. Dette er i prinsippet ein situasjon med positive valalternativ. Mange av aktivitetane fungerer dessutan som førebuing til eit vaksenliv der den nye informasjons- og kommunikasjonsteknologien vil spela ei enda meir gjennomgripande rolle enn i dag, både i yrke og fritid.

Utviklinga av digital kompetanse hjå born er viktig mellom anna for å kunne ta del i framtidige utdanningstilbod og for å motverka at nye skiljelinjer veks fram. Nye medium og nye medieprodukt, inkludert dataspel, vil truleg vera eit vekstområde i den norske kunnskapsøkonomien. Dette tilseier at kvalitet på dette kulturområdet vert ei viktig rettenor for politikkutforminga.

Aktivitetar som å sjå fjernsyn eller spela dataspel kan ikkje berre vurderast som passivt eller skadegjort tidsfordriv. Tvert om er dette aktivitetar som er svært viktige for at born skal integrerast i leik og anna sosial samhandling med jamaldringar. Gjennom media vert borna fortrulege med eit arsenal av historier, idear og førestellingar som kan brukast kreativt i eigen leik. Ikke minst i denne aldersgruppa er medietilboden viktig som ei felles referanseramme for samhandling på tvers av sosiale og kulturelle skilnader.

Liknande døme på kor viktig medie- og populærkulturen er som fellesarena for utveksling av forskjellar, kan ein finna i fleirkulturelle ungdomsmiljø. Her kan det utfalda seg ein særeigen dyna-

mikk i møte mellom kulturuttrykk av heilt ulike opphav. Internasjonale impulsar frå populærkulturelle uttrykk som sport, gatemotar, filmar og musikk kan danna ein felleskultur som fungerer som ein slags tredje møtestad for ungdom med vidt forskjellig bakgrunn og geografisk plassering. Det finst døme på at det på denne måten er etablert ein felleskultur som i stor grad er basert på toleranse for individuell ulikskap. Men her ser et ut til å vera klare kjønnsskilnader. Mellom ungdom med minoritetsbakgrunn er det i all hovudsak gutane som deltek på dei felles arenaene, medan dei fleste jenteane ikkje synest å ha tilgang.

Vel så ofte er det nok slik at media og populærkultur formidlar stoff som vert brukt til å uttrykkja identitetsskilnader. Sidan 1950-åra har det danna seg ulike ungdomsstilar i form av ungdommelege subkulturar. Dette er grupperingar der både kleystil og liknande ytre kjenneteikn kan symbolisera ein meir omfattande fellesskap i musikksmak, verdiar og haldningar. Medan ungdomskulturane i 1950-, 1960-, og 1970-åra var prega av ein meir eller mindre heilskapleg stil, synest dagens ungdomskulturar å vera meir mangearta. Dette kan henga saman med at den unge livsstilen er vorten mindre miljøbestemt og meir subjektiv eller individuell etter kvart som konsumsamfunnet har utvikla seg. Men det kan òg vera uttrykk for at det er fleire i dag som utgjer ein slags gjennomsnittsungdom og ikkje tilhører ein særskild subkultur. I så fall kan dette i ei viss mening sjåast som ei form for einsretting.

Tradisjonelt er den kommunale kulturpolitiken innretta mot idretts- og kulturaktivitetar. Andre aktivitetar for born og unge er overlatne til foreldra på den eine sida og kommersielle aktørar på den andre. Det er likevel slike andre aktivitetar som synest vera i vekst, jamvel om det framleis er mange born og unge som driv med ulike former for idretts- og kulturaktivitetar. Samla sett synest det likevel vera ein tendens til at stadig større delar av fritida til born og unge vert nytta til teknologibaserte aktivitetar heime eller til uteorienterte aktivitetar på kommersielle arenaer.

### 3.1.4 Individualisering

Dei moderniseringsprosessane som har vore i gang heilt sidan 1800-talet, gjer at lagnaden og identiteten til det einskilde menneske i stadig mindre grad er ein funksjon av geografisk og sosialt opphav. I staden er identiteten meir enn før eit produkt av meir eller mindre medvitne individuelle val. Både den økonomiske utviklinga, utdanningssystemet, mediekulturen og internasjonale impul-

sar elles har opna eit større rom for individuell handlefridom. Dette inneber at tradisjonelle sosiale og kulturelle strukturar har mista mykje av si konstituerande kraft. Det er mykje lettare å velja sjølv kva for sosialt lag og kva for kultur ein vil tilhøyra. Dei mest vidtgåande teoriene om individualisering går ut på at individet i dag former seg sjølv, og langt på veg kontrollerer og manipulerer sin eigen identitet og si eiga sjølvframstilling.

Kor djuptgripande og omfattande desse endringane er, er det likevel stor usemjø om. Jamvel om dei fleste nok vil vera samde om at det finst teikn til auka individualisering, vil somme karakterisera endringane som overflatefenomen som er avgrensa til delar av folket, særleg ulike ungdomskulturar og urbane høgutdanningsgrupper.

#### 3.1.4.1 Utviklingstrekk i det friviljuge organisasjonslivet

Teorien om individualisering finn likevel støtte når vi studerer langsiktige utviklingsdrag innanfor organisasjonslivet. Dei friviljuge organisasjonane har tradisjonelt representert særeigne former for fellesskap og har fungert som viktige mellomledd mellom individet og storsamfunnet og mellom lokalkulturen og nasjonalkulturen. Organisasjonslivet var i sterkt vekst i perioden omkring førre hundreårsskiftet og har heile tida sidan vore eit sentralt element i det sivile samfunn.

Karakteristisk for norske og nordiske organisasjonar har vore ein medlemsbasert, demokratisk oppbygning som har danna ein hierarkisk nasjonal struktur med utgangspunkt i eit nettverk av lokale og regionale forgreiningar. Aktive medlemmer har vore grunnmuren i det friviljuge organisasjonsvesenet, og medlemsmassen har hatt uvanleg brei sosial rekruttering. Det nasjonale organisasjonshierarkiet har sett medlemmene i meir eller mindre direkte kontakt med det nasjonale politiske systemet. Bonde-, arbeidar-, fråhalds-, lekmanns-, norskdoms- og etter kvart også idrettsrørsla har saman med sosiale og humanitære organisasjonar hatt sentrale politiske funksjonar gjennom eit nært samarbeid med offentlege styresmakter. Dei var ei viktig drivkraft i utviklinga av velferdssamfunnet og hadde stor politisk gjennomslagskraft langt inn på 1960-talet.

Men nettopp i dette tiåret byrja organisasjonane å endra karakter, som ein refleks av meir generelle utviklingstrekk i samfunnet. I perioden 1960–1990 opplevde fråhalds- og lekmannsrørslene klår tilbakegang, arbeidarrørsla framstod i mindre grad enn før som ei brei kulturrørsle, og dei fleste av dei etablerte organisasjonane innanfor

helse- og sosialsektoren tapte terreng. Totalt sett var det likevel ein vekst i organisasjonslivet, ikkje minst fordi folk fekk meir fritid. Såleis auka omfanget av organisert aktivitet innanfor song og musikk, idrett og andre hobbyaktivitetar. Særleg var det vekst i organisert barne- og ungdomsarbeid, noko som gjorde sitt til at Norges Idrettsforbund (frå 1996 Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite (NIF)) vart den største organisasjonen i landet. Eit viktig trekk ved dei nye fritidsorganisasjonane var at dei voks fram utanfor dei tradisjonelle folkerørslene.

Rundt 1980 såg ein så teikn til at den hierarkiske, nasjonale organisasjonsmodellen var svekt. Om lag 20 pst. av alle lokale lag stod då utan medlemskap i ein vidare krinsorganisasjon eller ein landsomfattande organisasjon. I 1980-åra byrja dessutan fleire andre tendensar å verta synlege, tendensar som peika fram mot ein heilt ny situasjon. Organisasjonslivet vart i aukande grad profesjonalisert, og det sentrale organisasjonsleddet fekk ein meir sjølvstendig og dermed ein sterkare posisjon overfor lokalt og regionalt nivå. Utviklinga gjekk også i retning av organisasjonsmessig spesialisering, og det vart større vekt på eigenorganisering, dvs. aktivitetar primært retta mot eigne medlemer. Dei gamle, idébaserte rørslene var framleis i tilbakegang, men somme nye idérørsler kom til. Ikkje minst fekk kvinnerørsla og miljørørsla mykje å seia for offentleg politikk, utan at dette var ein direkte funksjon av store medlemsmassar. I mange tilfelle hadde organisasjonane no mindre bruk for medlemene sine både til å sikra økonomien og til å nå fram på politisk nivå.

Frå 1990-åra av utviklar desse trekka seg for alvor. Ein kan no tala om eit meir omfattande brot med det gamle organisasjonssamfunnet, det som var tufta på aktive lokallag, og som via ein medlemsbasert, demokratisk oppbygning fungerte som ein bindelekk både mellom individet og lokal-samfunnet og mellom individet og storsamfunnet. Det kan synast som om tendensen går i retning av at forpliktande og langsiktig deltaking i friviljug arbeid delvis vert erstatta av kjøp av tenester, delvis av meir tidsavgrensa friviljug innsats utanfor faste organisasjonar. I kulturlivet har det generelt vore ein kraftig vekst i prosjektprega friviljug innsats i direkte samanheng med til dømes historiske spel, festivalar, distriktsopera, museum m.m.

### 3.1.4.2 Sosiale og kulturelle mønster

Slik oppløysing av tradisjonelle fellesskap som endringane i organisasjonslivet illustrerer, kan gjerne tenkast å gje større rom for individuelle val. På den

andre sida er det sterke kulturformande krefter, til dømes i moderne marknadsføring, som legg rammer for slike val. Ein del av den empiriske kulturforskinga tyder dessutan på at tradisjonelle sosiale mønster stadig har mykje å seia for den kulturelle identiteten til einskildmennesket.

Det viser seg til dømes at klasse- og familiebakgrunn i ganske stor grad påverkar identitet og smak og andre individuelle føresetnader. Dette er underbygt mellom anna i ein analyse av samanhengar mellom sosiale kjenneteikn som yrke, utdanning og inntekt på den eine sida og kulturelle aktivitetar og preferansar på andre sida. Undersøkinga er avgrensa til personar mellom 30 og 60 år, dvs. dei gruppene som er mest integrerte i arbeidslivet. Hovudinntrykket er at det framleis er ganske ulikt korleis smaken er sosialt fordelt, og forholdet mellom sosial plassering og kulturpreferansar dannar eit nokså stabilt mønster gjennom 1990-åra, trass i visse teikn til endringar.

Ei undersøking som omfattar studentar ved universitetet og høgskolane i Bergen, kjem til liknande konklusjonar. Undersøkinga er retta mot kulturinteresser og kulturell smak sett i forhold til sosial bakgrunn og val av studium. Hovudinntrykket er at dei tradisjonelle sosiale strukturane som regulerer kulturkonsumet, stadig i høg grad vert reproduksjonert. Men også her er det teikn til visse avvik.

Utdanningssystemet er eit dynamisk element i det sosiokulturelle hierarkiet. Den såkalla utdanningsrevolusjonen inneber at dei som tradisjonelt har danna publikum for dei seriøse kunstartane, no utgjer ein større del av folket enn nokon gong før. Undersøkinga tyder likevel på at universitetsutdanning i seg sjølv ikkje er ein tilstrekkelig faktor. Den sosiale og kulturelle bakgrunnen til studentane set i overraskande grad sitt preg på dei kulturelle preferansane og aktivitetane deira, jamvel om ein også kan skimta ein dannings-effekt ved enkelte fakultet. Studentar med mest privilegert bakgrunn er også dei flittigaste brukarane av kulturinstitusjonane.

Ei forklaring på at den dynamiske effekten av utdanningsrevolusjonen på kulturell smak og konsum ikkje er så stor som ein kanskje kunne ha venta, er at rekrutteringa til høgare utdanning framleis er sosialt skeiv. Doblinga i talet på studentar som tok høgare utdanning frå 1985 til 1996, førte ikkje til større endringar i den sosiale rekrutteringa til universitetsutdanning. Stadig fleire frå alle sosiale lag tek høgare utdanning, og studentar med mindre privilegert bakgrunn søker seg oftare til dei mindre prestisjegjevande høgskoleutdanningsane.

Visse teikn til endringar kan likevel sporast, og desse er interessante. På litteraturområdet ser det til dømes ut til at sjangrane «romantikk» og «krim og spenning» har fått ein viss auka popularitet blant dei kulturelt relativt ressurssterke. Liknande tendensar finn ein på musikkområdet for sjangeren «rock». Dette kan sjåast i samanheng med ein tendens, som også er observert internasjonalt, til at elitane er meir altetande og ikkje lenger eksklusivt opptekne av tradisjonelt høge sjangrar. På denne måten dannar det seg kontaktflater mellom det «høge» og det «låge», og dette kan mellom anna ha medverka til ei kvalitetsheving på det populærkulturnelle området.

Eit anna teikn på avvik er at den kulturelle kapitalen ikkje eintydig følgjer klassestrukturen. I heimar der ingen av foreldra har høgare utdanning, kan særleg mor gjerne ha vore interessert i både klassisk musikk og klassisk norsk litteratur, og dette har openbert verka inn på den kulturelle orienteringa til borna. Det er nærliggjande å sjå dette som uttrykk for ein dynamisk effekt av den distribusjonen av seriøs kultur som skulen, folkerørslene og NRK stod for då foreldregenerasjonen voks opp.

Samstundes representerer framleis utdanningssystemet eit dynamisk element, om ikkje i så høg grad som ein kunne venta. I undersøkinga kom det fram at ein nokså stor del av studentane kom frå heimar der foreldra ikkje hadde utdanning ut over vidaregåande skule. Det er altså stadig grunn til å meina at utdanningssystemet fremjar sosial mobilitet, jamvel om det er lett å sjå at rekrutteringa til ulike studium er sosialt skeiv.

Hovudresultata frå desse analysane tyder likevel på at tradisjonelle sosiale og kulturelle strukturar stadig er med på å avgjera den kulturelle identiteten til einskildmennesket, sjølv om det finst avvik. Dette står tilsynelatande i motsetnad til meir radikale teoriar om auka individualisering. Ein slags mellomposisjon vil vera at tradisjonelle strukturar ikkje har gått heilt i oppløsing, men at dei snarare har gjennomgått historiske endringar som har ført til eit utvida spelerom for individuelle val.

Analysane av kulturelle preferansar hjå studenter viser ikkje berre at kulturell ulikskap vert reproduksert. Dei tyder òg på at det er store skilnader i kulturbruken mellom anna avhengig av type utdanning. Kulturinteressa hjå kunstpublikum med høg utdanning synest med andre ord å vera sterkt differensiert, og det kan synast som om variasjonane i kulturforbruket aukar. Dette kan peika i retning av at ein utvida individuell handlefridomen gjer at det utviklar seg mindre, spesialiserte kultur-



Figur 3.2

fellesskap som til dels erstattar dei store tradisjonelle fellesskapene.

### **3.2 Internasjonale impulsar og nasjonale endringstendensar på kulturområdet**

Dei ulike faktorane og prosessane som det er gjort greie for ovanfor, har saman med ei allmenn marknadsliberalisering vore med på å tvinga fram endringar i kultursektoren. Eit hovudtrekk er at ulike typar marknadsøkonomiske krefter synest setja stadig sterkare preg på kulturlivet i vidaste forstand, også den offentlege kultursektoren. Grensa mellom det kommersielle kulturområdet, ofte omtalt som kulturindustrien, og det ikkje-kommersielle er vorten mindre tydeleg. Det er fleire grunner til dette:

Kultursektoren er svært viktig for ulike typar næringsliv, ikkje minst reiselivsbransjen, men også fleire andre bransjar. Det har vore sterk vekst særleg i den kommersielle mediesektoren, som har ført til nye arbeidsområde for kunstnarar, særleg utøvande kunstnarar. Ikkje minst i samband med medieutviklinga, Internett inkludert, er det opna for meir eller mindre kulturrelatert eller kunstnarleg næringsverksemd i langt større grad enn før. Internasjonale tendensar til kommersialisering av dei tradisjonelle, seriøse kunstartane gjev seg også utslag i Noreg. Norske mediebedrifter, forlag og plateselskap inkluderte, rettar seg i aukande grad mot ein internasjonal marknad, der det rår hard konkurranse og der store og kapitalsterke aktørar gjerne vil verta større og sterkare gjennom internasjonale oppkjøp. Den internasjonalt kjende samanflettinga av klesmotar og annan design med populärmusikk, film, tv, reklame og biletkunst i det som mellom anna i Storbritannia

vert omtala som «the cultural industries», er i ferd med å få sine parallelar her i landet. I mange land er desse kulturindustriane sett på som viktige både i det noverande og det framtidige næringslivet.

Parallelt med denne utviklinga i retning av aukande kommersialisering er kulturfeltet i Noreg på ulike måtar prega av den allmenne internasjonaliseringa. Dette har tvinge fram omfattande endringer både innanfor det medie- og kulturindustrielle området og på det tradisjonelt ikkje-kommersielle kulturområdet.

### 3.2.1 Medie- og kulturindustri

Statistisk sentralbyrås mediebruksundersøkingar viser aukande utbreiing av nye elektroniske medium sidan 1980-åra. Tilgangen til heimelektronikk har auka kraftig. Radio- og tv-tilbodet har også auka radikalt i volum. Likevel er tida som vert brukt på desse media, ikkje vesentleg endra. 76 pst. av befolkninga hadde tilgang til heime-pc i 2002; 63 pst. hadde tilgang til Internett. Men ein gjennomsnittsdag dette året var det berre 35 pst. som brukte nettet, blant kvinnene 30 pst., blant mennene 40 pst.. Det er berre blant born og unge pc-bruken ser ut til å erstatta andre medium i staden for berre å koma i tillegg. Bruken av pc og Internett er likevel klårt aukande.

Det motsette er tilfellet når det gjeld trykte media. Her er tilbakegangen klår og tydeleg for alle grupper heile vegen gjennom 1990-åra. Folk les sjeldnare og brukar mindre tid på det når dei gjer det. I 1991 brukte vi i gjennomsnitt 70 minuttar dagleg på å lesa aviser, vekeblad, teikneserieblad, tidsskrift/fagblad og bøker. I 2002 brukte vi 56 minuttar. Det ser likevel ut til at lesinga har stabilisert seg på dette nivået dei siste par åra.

Ut over den veksande bruken av pc og Internett og den fallande bruken av trykte medium er det stabilitet som pregar mediebruken.

Det som først og fremst har endra seg gjennom 1990-åra, er den totale mediesituasjonen og korleis media fungerer. Endringane på mediefeltet er kan henda særleg tydelege innanfor kringkastingssektoren. Opplysinga av NRK-monopolet, etableringa av private tv-kanalar og framveksten av ny distribusjons- og kommunikasjonsteknologi har gjort at etermedietilbodet i mangt og mykje har endra karakter i høve til tidlegare.

Det nye medielandskapet vi er på veg inn i, inneber dessutan at kringkasting, telekommunikasjon og informasjonsteknologi smeltar saman.. Dei tenestene som vert utvikla i dette nye skjeringspunktet, framstår òg som ein sentral sektor for all-

menn næringspolitisk utvikling. Ein konsekvens av dette er at kringkastingssystemet i høgare grad ber preg av å vera ein vareproduserande sektor som rettar seg mot kjøpesterke forbrukarar. Utviklinga har konsekvensar både for organisering og produksjon av innhald, for måten innhaldet vert sett saman på, og for korleis media framstår overfor publikum.

Tilbodet av sentrale programtypar i kommersielt fjernsyn har vakse sterkt dei siste åra, medan den norske produksjonen av tyngre kulturprogram er låg. I radio og fjernsyn er det òg ein aukande tendens til målgruppetenking både når dei einskilde programma skal utformast og når sendeskjemaa skal leggjast. Program med brei appell fyller den beste sendetida, medan kulturprogram av ulike slag og andre program med lågare publikumspotensial, vert skuva ut til mindre gunstige sendeflaster, eller over i kanalar med avgrensa dekningsgrad og lågare sjåar- eller lyttarfrekvens. Slike utviklingstrekk har mykje å seia når ein tenkjer på kor sentral rolle radio og fjernsyn spelar som kanal for kulturformidling.

Utviklinga peikar vidare i retning av at publikum spreier seg på fleire kanalar, og at vi får ei skeivare kulturell ressursfordeling. Slike tendensar kan forsterka seg når digitaliseringa opnar for hundrevis av nye kanalar. Alt i alt inneber dette at radio og fjernsyn ikkje vil vera eit like viktig fellesforum for folk flest som tidlegare. Liknande utviklingstrekk kan observerast innanfor kultur- og medieindustrien elles.

På den eine sida er det i kulturindustrien og populærkulturen tendensar både til aukande differensiering og generell nivåheving. Nivåhevinga skuldast dels at ei breiare orientering hjå eit høgare utdanna publikum gjev større rom for eit noko meir krevjande og avansert innhald. Utgivningsprofilen i vekepressa, filmtilbodet i fleirkino-bygga og det veksande mangfaldet av stilartar i populærmusikken er døme på den aukande differensieringa. Også framveksten av relativt sterke audio-visuelle eksportland som Australia, Mexico, Brasil og Japan, ved sida av USA og Storbritannia, er uttrykk for ei tilsvarande differensiering.

På den andre sida ser ein tendensar til einsretting. Markante kulturindustrielle drag vert meir synlege også på område der dei før var svakare. Skiljet mellom kunst og kulturindustri er mindre tydeleg og viser seg ikkje berre i form av eit meir variert tilbod frå kulturindustrien. Også tradisjonelle kunstartar og kulturuttrykk som til dømes klassisk musikk, opera og litteratur vert i aukande grad dregne inn i den allmenne marknadsøkonomien. Dette kan få konsekvensar både for priorite-

ringar og tilnærningsformer. Det kan også verka inn på kunstens sosiale og kulturelle funksjonar.

Denne utviklinga fører ikkje berre til tap av tradisjonelle kulturelle fellesfora, men har også negative følgjer for økonomisk og kulturelt ressurs-svake grupper og for dei kulturytringane som ikkje så lett lèt seg kommersialisera eller marknadsinnetta. Kulturelle klassekilje kan forsterkast. I tillegg kan det svekkja innslaget av kultur- og samfunnskritikk, som har vore ein viktig funksjon innanfor tradisjonelt seriøs kunst.

Endringane i mediebiletet og innanfor kulturindustrien heng delvis saman med omfattande strukturendringar. Det ser ut til at utviklinga går i retning av sterkare sentralisering og konsentrasjon både innanfor produksjon, distribusjon og eigarskap. I bokbransjen til dømes er tendensen at dei største forlaga legg under seg småforlag for å posisjonera seg med tanke på den internasjonale konkurransen dei vil møta. På distribusjonssida skjer ei tilsvarende marknadsmessig posisjonering gjennom samarbeid i bokklubar og bokhandlarkjeder. Det er også ein tendens til vertikal integrasjon ved at tidlegare separate aktørar som forlag og bokhandlar går saman i eitt føretak.

Sentralisering, konsentrasjon og marknadskonkurranse kan tenkast å ha ulike verknader. For det fyrste vil eit marknadsbasert system favorisera sikre suksessar og dermed tendera mot innhalde-messig likeretting ved at breidda i tilbodet vert mindre. For det andre ser det ut til at kulturkonsumet i stor grad vert styrt av ein skapt etterspurnad. Ein døme på dette er den innverknaden bokklubbanne har på lesevanane til folk. For det tredje kan sentralisering innebera at dei tradisjonelle distribusjonslokala vert konsentrerte til færre stader. Det er til dømes eit spørsmål om fullassorterte bokhandlar og platebutikkar og eit breitt kinotilbod i distrikta vil overleva alle strukturendringane. Ein kan frykta at marknadskonsentrasjonen kjem til å velta konkurranseregulerande ordningar som er kulturpolitisk grunngjevne, ved at dei skal vera med på å halda oppe kvalitet, breidd og geografisk spreing av kunst og kulturuttrykk som vert industrielt formidla.

### **3.2.2 Nye kontaktflater mellom kultur og næringsliv**

Sidan 1980-åra synest det å ha vorte kortare avstand mellom kunsten, media, reklamen og kulturindustrien, både i Noreg og internasjonalt. Ei aukande kommersialisering av kunstfeltet skuldast ikkje berre den ekspanderande kulturindustrien. Det synest også å ha oppstått nye samband

mellom det tradisjonelt ikkje-kommersielle kunstlivet og næringslivet, og dette utfordrar sektorskiljet mellom kunst og kommers på nye måtar. Det skjer ei estetisering av næringslivet parallelt med ei kommersialisering av kunst- og kulturlivet.

Næringslivet etterspør i aukande grad verdiar som finst i kulturlivet, til dømes kreativitet, idérikdom og omstillingsevne. I mange bransjar i næringslivet er det stor interesse for estetiske verdiar i den utoverretta delen av verksemda, dvs. i produktutvikling, merkevarebygging, marknadsføring, PR m.m. Det ser ut til at estetiske verdiar har vorte ein meir kritisk ressurs, og det vert lagt estetisk omsorg i produkt som det tidlegare ikkje var aktuelt å sjå i eit slikt perspektiv. Men det er ikkje berre produktet i seg sjølv, men ganske særleg merkevara som idé som vert utforska estetisk i dag, og dessutan heile den offentlege framtoninga til selskapet.

I denne samanhengen er kultursponsing eit viktig element. Haldningane til sponsing og mesénverksemnd synest i dag å vera andre enn det som tradisjonelt har vore tilfelle. Medan det tidlegare gjerne låg klåre baktankar til grunn for slike velgjerningar, er det i dag stadig fleire som oppfattar dette som uttrykk for eit slags strategisk samarbeid der både økonomiske og symbolske verdiar kan flyta begge vegar.

Auken i talet på frilanskunstnarar har skapt eit behov for å finna alternative finansieringskjelder til aktuelle prosjekt. Ein ser også at kunstnarleg sett nye prosjekt vert til i samarbeid med næringslivet. Det er til dømes produsert framføringskunst, såkalla «performances», i samband med presentasjon av nye motekolleksjonar, og biletkunstnarar har medverka med eigne kunstverk når nye varer skulle introduserast på den norske marknaden. Internasjonalt har kapitalsterke selskap fått eit heilt nytt innpass i kunstverda. Armani kan til dømes stilla ut den nye kjolekolleksjonen sin som kunst i heile Guggenheimmuseet i New York. Ei anna døme er den omdiskuterte rolla klesfabrikanten Sonys har hatt som sponsor for Moderna Museet i Stockholm.

Alliansen mellom kultur og næring opnar på den eine sida for ny utvikling og nye løysingar, m.a. med omsyn til finansiering, sysselsetjing og formidling. Også på andre måtar kan kunstfeltet vinna på ei estetisk dreiling i næringslivet, og også samfunnet i vidare meinings kan ha nytte av at næringslivet vert estetisert, utover den reint økonomiske vinsten ein får gjennom meir konkurransedyktige bedrifter. Det kan også vera eit spørsmål i kva grad næringslivet vil kunna ta på seg eit meir generelt samfunnsansvar reint kulturpolitisk.

På den andre sida er det grunn til å spørja korleis det går med vilkåra for uavhengig og kritisk kunst når ikkje berre kunstindustrien, men også det tradisjonelt uavhengige kulturlivet i aukande grad vert drege inn i den allmenne marknadsøkonomien. Kunstnarleg verdi kan i høgare grad verta redusert til marknadsverdi. Då vil dei tapa dei kulturytringane som er vanskelege å kommersialisera. Dette gjeld særleg dei eksperimentelle kunsthandlingane, dei som er leverandørar av alternative perspektiv og alternative formidlingsformer. Kunstudtrykk som utfordrar etablerte tankeformer og tankebanar, har ikkje berre med nyskapning innanfor kunsten å gjera; dei er òg viktige for samfunnet utanfor. Eit mangearta og blømande kunstliv som er fritt og nyskapande, representerer ein viktig arena der nye røynsler kan koma offentleg til uttrykk, og gjer sitt til å stimulera til nytenking og nyskapning i heile samfunnet.

### 3.2.3 Ein sektor i vekst: kulturtildob og kulturbruk

Kultursektoren er ein sektor i sterk vekst. Særleg stor auke har det vore i talet på yrkesaktive innanfor kulturfeltet. Gjennom dei siste 25 åra er talet på kunstnarar her i landet meir enn tredobla. Dette har mellom anna samanheng med utdanningsrevolusjonen og ikkje minst med internasjonalisering av kunstutdanninga. I tillegg til at talet på kunststudentar ved norske institusjonar har auka monaleg, er det stadig fleire kunstnarar som utdannar seg i utlandet. Veksten i dei kulturindustrielle næringane synest å medverka til ein generell auke i etterspurnaden etter både utøvande og skapande kunstnarar. På denne måten vil dei kulturindustrielle bransjene truleg absorbera noko av tilveksten av kunstnarar. Ein ekspanderande kultur- og mediaindustri har også ført til auka sysselsetjing i estetisk-kreative yrke som til dømes moteskaparar, stylistar, reklamefolk, webdesignarar o.a.

Det er heller ingen tvil om at det samla kulturtildobet veks og vert meir variert. På dei fleste område kan ein òg registrera ein auke i kulturbruken. Mykje tyder dessutan på at både tilbodet av og etterspurnaden etter kultur og kulturrelaterte gode av ulike grunnar vil halda fram å veksa. Dette må sjåast i samanheng med ein jamn vekst i den moderne tenesteytande sektoren generelt, at utdanningsnivået aukar, at det vert meir fritid og større fleksibilitet i arbeidslivet og ikkje så skarpt skilje mellom arbeid og fritid. Det heng òg saman med urbanisering, teknologiske endringar, eit meir variert mønster for deltaking. Vi ser òg at grensene mellom ulike typar kunst- og kulturut-

trykk ikkje er så tydelege som før, og at seriøs kunst, reklame og kulturindustri i større grad enn før smeltar saman, og at meir varierte finansieringsformer veks fram.

Statistisk sentralbyrå har tal som gjer det råd å samanlikna bruken av ein del kulturtildob frå 1972 til 1995. Tala viser at det på dei fleste områda er fleire som brukar tilboda for kvart år. Det har vore ein nokså jamn og sterkt auke i kor mange som går på kino, utstillingar, på museum, på jass-, vise- eller popkonserter, og kor mange som låner bøker på bibliotek. Talet på dei som går på idrettsarrangement, teater og opera og på klassiske konserter, har halde seg på eit jamnare nivå, men også for desse tilboda er talet til dels mykje høgare i 1995 enn det var i 1972. Statistisk sentralbyrå har gjennomført nye kulturbruksundersøkingar sidan 1991. Desse gjev eit meir omfattande bilet av kulturbruken; mellom anna er amatørtildob rekna med. Tala viser at kino og idrettsarrangement er dei kulturtildoba som har størst oppslutning. Deretter følgjer folkebibliotek, museum og teater/musikal/revy. Færrest er det som går på ballett/danseforestillinger og opera/operette.

I hovudsak ser kulturbruken ut til å ha endra seg lite i 1990-åra. Dette gjeld både kor mange som nyttar tilboda per år, og kor mange gonger tilboda vert nytta. Det einaste unntaket er klassiske konserter (konserter med klassisk musikk, samtidsmusikk eller kyrkjemusikk). Her har det vore ein klår auke i publikumstalet dei siste ti åra. Til ein viss grad gjeld dette også for populærkonserter.

Kor mange pst. som har nytta ulike kulturtildob dei siste 12 månadene 1991–2000.

Tabell 3.1

	1991	1994	1997	2000
Kino	58	61	60	65
Idrettsarrangement	57	59	54	57
Folkebibliotek	49	51	52	52
Museum	41	45	44	45
Teater/musikal/revy	44	45	44	50
Kunstutstilling	41	44	43	44
Konsert m/populær-musikk	32	38	38	39
Konsert m/klassisk musikk	27	34	37	37
Ballett-/dansefram-syning	8	9	8	11
Opera/operette	5	5	6	6

Kjelde: Norsk kultubarometer 2000, SSB 2001.

Kulturbruken aukar naturleg nok med betra tilgjenge. Dei kulturtilboda som er lettast tilgjengelege innanfor rimeleg tidsavstand, er idrettsarrangement, bibliotek og kino. Avstanden er lengst til konsertlokale og teater. Tilgjenget har endra seg lite dei siste ti åra, og i store delar av landet er det eit tydeleg ynske om at tilgjenget må verta betre.

Jamt over er kvinner flittigare brukarar av dei tradisjonelle kulturtilboda enn menn. Dei går oftare på teater, ballett, klassisk konsert, kunstutstilling og bibliotek. Til gjengjeld er menn mykje oftare på idrettsarrangement og dei går noko meir på konsertar med populærmusikk.

Bruken av dei fleste kulturtilboda aukar med stigande utdanningsnivå. Dette gjeld særleg for teater og opera, konsert med klassisk musikk, kunstutstillingar og museum. Inntektsskilnader slår ut på same måten som utdanning, men i noko mindre grad. Born og unge er gjennomgåande flittigare brukarar av kulturtilbod enn vaksne. Dette inkluderer besøk som skjer i regi av skulen.

Totalt sett synest det altså framleis å vera ein auke både på tilbods- og etterspurnadssida. På somme område er det likevel tendensar til stagnasjon. På andre område har derimot auken vore særleg stor, først og fremst på musikkfeltet.

### **3.2.4 Endra organisasjonsformer på kunstfeltet**

Internasjonaliseringstendensane har prega utviklinga på heile kunstfeltet det siste tiåret. Dette har gjort sitt til at organisasjonsformer er endra, og at det har vakse fram ein ny ekspertise med større kunstfagleg og kunstpolitiske innverknader. Men historisk er det stor skilnad i kva innverknad utøvande og skapande kunstnarar har hatt både i kunstutdanning, i styring og faglege prioriteringar innanfor kunstinstitutionane og ved fordeling av offentlege stipend, offentlege oppdrag o.l.

Gjennom organisasjonane sine har dei skapande kunstnarane heilt sidan 1970-åra vore ein integrert del av eit organisert kunst- og kulturpolitiske regime. Staten har sett på kunstnarane som den legitime ekspertisen på samtidskunst, og kunstnarorganisasjonane har fått sentrale posisjonar i viktige institusjonar og i ulike organ som har med evaluering og ressursfordeling å gjera. Dette er kanskje særleg tydeleg innanfor biletkunsten.

Innanfor dei utøvande kunstartane, særleg innanfor teater, er det derimot institusjonsleiarane som i høgare grad har vore sett på som ekspertar, og kunstnarane sjølve har hatt mindre innverknad på prioriteringar både av kunstfagleg og kunstpolitiske karakter.

Men i løpet av eit drygt tiår har dette biletet endra seg. Det ser til dels ut til at innverknaden til biletkunstnarane er svekt til fordel for ein ny kunstfagleg ekspertise ved institusjonane. Derimot har skodespelarane fått sterke innverknader over den kunstnarlege produksjonen og i nokon grad også over kunstformidlinga. Det kan difor synast som om internasjonaliseringa har hatt motsett verknad innanfor desse to kunstartane. I tillegg til auka internasjonal samhandling på kunstfeltet og internasjonalisering av utdanninga har også sterke marknadsorientering på medieområdet og generell marknadsliberalisering spela ei viktig rolle, likeins meir allmenne forvaltningsreformer i staten.

Tidleg i 1990-åra skjedde ein overgang frå ein korporativ modell der interesseorganisasjonane stod sterkt, til ein konsernmodell der institusjonane og ekspertisen deira vart tillagt større vekt. Parallelt fekk den internasjonale kunstscena meir å seia i samtidskunsten, og den kompetansen biletkunstnarane hadde på dette feltet, vart supplert med ein akademisk utdanna institusjonsekspertise. Studiefinansieringa vart endra slik at kunstfagleg utdanning i utlandet vart meir økonomisk overkomeleg, og talet på unge, utanlandsutdanna kunstnarar vokste kraftig. Mange av desse internasjonalt orienterte kunstnarane såg på organisasjonane som vaktarar av etablerte interesser, ikkje som ein reiskap til realisera eigne ambisjonar. Dermed vende mange seg bort frå organisasjonane og allierte seg i staden med ekspertane i institusjonane og med staten.

På scenekunstfeltet gjorde internasjonaliseringa av kunstuddanninga sitt til at talet på skodespelarar vart meir enn dobla gjennom 1990-åra. Dette førte til at stadig fleire skodespelarar vart frilagsarar. Dette var kunstnarar som gjennom sosialisering ved utanlandske kunsthøgskolar førte nye impulsar inn i norsk scenekunst. Talet på frie prosjekt og frigruppeproduksjonar auka radikalt, og i dag er det stadig fleire skodespelarar som vekslar mellom slike frie prosjekt av ulike slag og engasjement ved eit institusjonsteater, i media eller i reklameoppdrag. På medieområdet og i prosjektsammenheng har skodespelarane på mange vis ei sterke og friare stilling enn dei tradisjonelt har hatt i institusjonane. Dei er etterspurde frå fleire hånd og kan dessutan sysselsetja seg i eigne prosjekt der dei sjølve har kunstnarleg kontroll.

På dei fleste område har internasjonaliseringa ført til fagleg fornying, som igjen har konsekvensar for organiseringa av den kunstnarlege verksemda. Biletkunsten er meir prosessorientert og mindre verktorientert enn før; den litterært orienterte teatertradisjonen er supplert av diverse visuelle og

fysiske ytringsformer. Musikkfeltet er prega av sjangerblandingar og samarbeid på tvers av stiltradisjonar. Grensene mellom kunsttartane flyt også meir over i kvarandre enn tidlegare, og nye samarbeidskonstellasjonar vert organiserte på tvers av faglege skiljelinjer. Innanfor dei fleste områda er det stadig fleire kunstnarar som er frilansarar. Det meste av den samtidsorienterte kunsten vert produsert innanfor relativt lause organisatoriske rammer. Fleksibel prosjektorganisering er meir og meir vanleg. Etablering av nettverk nasjonalt og internasjonalt inngår som ein viktig del både i produksjonen og formidlinga av kunstnarlege verk og prosessar. Kunstfelta er opnare over landegrensene, og det skjer omfattande utveksling av impulsar både gjennom kunstnarleg samarbeid og eksport og import av personar, organisasjonar og kunstverk.

På nokre område gjeld dette likevel først og fremst verksemda på det frie kunstfeltet. Særleg innanfor scenekunst synest det som om internasjonaliseringa har hatt mindre innverknad på dei etablerte institusjonane. Ein kan rett nok sjå gryande tendensar til samarbeid mellom institusjonane og dei frie kunstmiljøa og ein svak auke i talet på frilansarar. Hovudintrykket her er likevel at organisjonsmessige løysingar i liten grad er påverka av internasjonale impulsar.

### 3.2.5 Sentrum og periferi

Globaliseringa har på mange måtar gjort sitt til å endra den tradisjonelle motsetnaden mellom sentrum og periferi og skapt nye føresetnader for organisering av lokal og regional verksemd. Fleire analykarar har peikt på at motsetnaden mellom det globale og det lokale er i ferd med å løysa seg opp eller viskast ut i det moderne samfunnet. Globalisering og lokalisering utgjer i staden to parallelle og samanvovne prosessar, populært kalla glokalisering.

På mange måtar har globaliseringa vore med på å vekkja ny interesse for det lokale og stadbundne. I tråd med ein internasjonal trend har dette ført til at kulturlivet i regionane er vitalisert. Fleire nye verksemder er utvikla ut frå lokale premissar og med eit sterkt lokalt engasjement. Mange av dei nye initiativa dukkar opp og vert dyrka fram på sida av den nasjonale institusjonelle infrastrukturen som vart etablert i 1970- og 1980-åra.

Innanfor kulturfeltet kjem dei såkalla glokaliseringstendensane mellom anna til uttrykk gjennom eit hundretal kunstfestivalar som har vakse fram

over heile landet dei siste tiåra. Dei er ofte eit resultat av fruktbart samvirke mellom globale og lokale krefter. Lokal arrangørkompetanse kan i programlegginga operera i ein stor og veksande internasjonal marknad av verk, artistar og kunstnarar.

Festivalane representerer eit nettverk av kunstformidlarar, og formidlingsmodellen er tufta på eit horisontalt samarbeid utan noko sentrum. Festivalane er lokalt forankra og gjev ofte folk på festivalstaden ei egedomskjensle til arrangementet, noko som i høg grad er viktig for å sikra brei deltaking både på arrangør- og publikumssida. Gjennom friviljug innsats vert det utført store mengder gratisarbeid i desse samanhengane, og eigeninntektene er ofte store. Festivalane er utan tvil viktige dynamoar for det lokale kulturlivet og er med på å gje identitet til mange lokalsamfunn. Ein del festivalar er i tillegg dristige i programlegginga si og har eit innhald med høg kunstnarleg kvalitet, med internasjonale innslag i toppklasse og nyskapande tingingsverk som høgdepunkt. Kvaliteten heng saman med at festivalane er kopla saman i nettverk både nasjonalt og internasjonalt, og at dei er i stand til å betala for seg.

Framveksten av festivalane viser at det i dag finst ein lokal arrangørkompetanse som har lagt til rette for desentralisering av kunstformidlinga. Dette har igjen samanheng med auken i utdanningsnivået over heile landet. Men jamvel om ein del kunstwerksem synest vera mindre bunden til tunge sentrale institusjonar enn tidlegare, finst det andre faktorar som tyder på at sentrum-periferi-dimensjonen framleis er ei viktig strukturande kraft i kulturlivet, både nasjonalt og internasjonalt.

Undersøkingar av det internasjonale kunstfeltet tyder på at dei mest prestisjetunge internasjonale kunstarenaene stort sett er konsentrerte til vestlege storbyar. Her utgjer Norden og norske distrikt framleis ein utkant. Dette vil likevel ikkje seia at alle slike internasjonale kunstarenaer er sentraliserte. Det finst prestisjetunge festivalar og biletkunst-biennalar også på meir perifere stader. Likevel er nok evna til å definera utviklinga i kunstfeltet i høg grad framleis konsentrert til vestlege metropolar.

Det finst også indikasjonar på at sentrum-periferi-dimensjonen enno er verksam i norsk kunstliv. Norske kunstnarar kan såleis framvisa eit langt meir sentralisert busetnadsmønster enn resten av befolkninga. Nesten halvparten – 48 pst. – av kunstnarane budde i 1993–94 i Oslo-regionen (Oslo og seks omkringliggende kommunar) – mot 16 pst. for resten av befolkninga. Trass i store variasjonar mellom dei ulike kunstnargruppene var sentraliseringa i gjennomsnitt sterkare i alle

kunstnargrupper enn blant folk flest. Det er lite som tyder på at denne sentraliseringa er vorten mindre dei siste åra.

Ein liknande tendens finn ein også i andre land, og forklåringa har nok mykje å gjera med arbeidsmarknad, familjø og urban livsstil. Det er i dei store byane dei breiaste og mest fleksible arbeidsmarknadene finst. Her er også det største kunstpublikummet, både fastbuande og tilreisande. Mellombels prosjektorganisering gjer sitt til å auka sentraliseringa av kunstnarane ytterlegare. Når mange av dei må驱va med fleire prosjekt og jobbar på same tid, må dei kunna operera raskt og fleksibelt innanfor ein ustabil arbeidsmarknad. Tilbod om ulike jobbar og prosjekt kjem og går i nokså raskt tempo. Vilkåra for eit slikt prosjektorganisert produksjonssystem vil naturleg nok vera best i byar og tettstader. Sentraliseringa av kunstnarane kan òg ha samanheng med eit liknande verdi- og kvalitetshierarki som gjer seg gjeldande internasjonalt, og med at det framleis er dei kunstsakkunnige i storbyane som i høg grad forvaltar definisjonen av kunstnarleg kvalitet.

### 3.2.6 Impulsar frå ulike tradisjonar

Globaliseringa og aukande innvandring frå ikkje-vestlege delar av verda gjer også at kulturfeltet i aukande grad får impulsar frå kunstnarar som nytta seg av uttrykk som er forankra i andre tradisjonar enn den vestlege. Slik vert det estetiske mangfaldet utvida, både ved at det oppstår fleire uttrykksformer side om side, og ved at det oppstår nye uttrykksformer der ulike tradisjonar smeltar i hop.

Sidan 1980-åra er det gjennomført mange kulturtiltak som har gjort sitt til å utvida mangfaldet i norsk kulturliv. Mange av tiltaka har forankring i ulike minoritetsmiljø. Det har slik vakse fram fleire verksemder med fotfeste i desse miljøa, som gjennom mange år har produsert og formidla musikk, teaterframstyringar, kunstutstillingar m.m. Internasjonale kultursentra og somme museum har òg drive dokumentasjons- og formidlingsarbeid med utgangspunkt i samtidas kulturelle mangfald. I tillegg har fleire festivalar satsa medvete på uttrykk med forankring i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Vidare har somme statlege institusjonar arbeidd aktivt for å inkorporera uttrykk med opphav i desse delane av verda, både i den ordinære verksemda si og som særskilde satsingar.

Det kulturelle mangfaldet i det norske samfunnet avspeglar seg likevel berre i liten grad i det institusjonaliserte kulturfeltet. Mange kunstnarar

med minoritetsbakgrunn opplever at dei anten vert ignorerte eller reduserte til eksotiske innslag ved sida av den kulturelle hovudstraumen.

Det varierer frå kunstart til kunstart i kva grad slikt mangfald vert inkorporert på like vilkår, og i kva grad det er vilje til det. På musikkområdet, særleg i visse sjangrar, er ein svært open for ulike tradisjonar og uttrykksformer. I andre delar av kulturlivet har det derimot vist seg vanskeleg å byggja opp ei inkluderande haldning til uttrykk med opphav i andre tradisjonar enn den vestlege.

Det kan vera fleire grunnar til dette. Ein viktig faktor synest vera at det i sterk grad er storsamfunnet og den dominante vestlege forståinga av kunst, kvalitet og profesjonalitet som legg premisse for samhandling også i kunstlivet. Mykje av dette er knytt til visse autoriserte utdanningsinstitusjonar. I ein slik situasjon er det fare for at kunstnarar med minoritetsbakgrunn og deira uttrykk anten vert marginaliserte, eller at kunstnarane vert tvungne til å læra seg dei norske og vestlege kodane og reglane i ein einsidig tilpassingsprosess.

Mange av dei same eksklusjonsmekanismane som kunstnarar med minoritetsbakgrunn opplever, synest òg å gjelda for publikum. Folk med minoritetsbakgrunn er ikkje berre underrepresenterte blant profesjonane i kulturlivet, men også som publikum. Tal frå Statistisk Sentralbyra tyder på at bruken av ulike kulturtilbod er lågare hjå folk med bakgrunn frå Afrika, Asia og Sør-Amerika enn blant folk flest på ei del område. Dette gjeld særleg besøk på teater og kunstutstillingar.

Mykje tyder på at det framleis er ein lang veg å gå før ein kan snakka om reell likestilling på kulturmrådet. Det vil naturleg nok ta tid å koma over dei tunge historiske føringane i den moderne vestlege kunstinstansjonen. Denne er òg nært kopla opp mot framveksten av nasjonalstaten. Dette har gjort at «norske» kunstnarar, «norske» institusjonar og nasjonale tradisjonar har fått høgast priorititet. Spørsmålet er om denne nasjonale ramma kan verka for trong i den nye situasjonen vi er i med langt sterke multikulturelle innslag enn det som har prega det tradisjonelt nokså homogene norske samfunnet.

I dagens globale og multikulturelle situasjon må vi til ein viss grad redefinera omgrepet nasjonal kultur dersom vi innanfor kunstlivet skal gje plass for eit veksande mangfald av ulike kunstuttrykk. Vi må spørja oss sjølv i kva grad det lèt seg gjera og i kva grad det vil vera rett å halda fast ved ei førestelling om at kunst- og kulturlivet vårt fyrst og fremst er nasjonalt norsk og eine og åleine tilhøyrer ein vestleg kunstradisjon.



Figur 3.3

### 3.3 Utviklingstrekk på dei ulike kunst- og kulturområda

#### 3.3.1 Blandingsformer i kunsten

Kunstscena i samtida er kanskje meir omfattande og mangearta enn nokon gong. I løpet av det 20. hundreåret har det oppstått fleire nye retningar innanfor kunstartane enn i noko tidlegare hundreår. Utviklinga har vore så omfattande og samansett at all generalisering alltid kan utfordrast av talrike moteksempel. Store delar av samtidskunsten liknar mindre og mindre på dei historiske eksempla på kunstverk, og det synest vera vanskelegare enn nokon gong å avgjera kva som er kunst og kva som er god kunst. Både kunstomgrepet og dei verdiane som ligg til grunn for å vurdera kvalitet i kunsten, vert utfordra frå ulike kantar.

Med klåre referansar til avantgarderørslene i tida 1910–40 (som futurisme, dadaisme og surrealisme) sette ein ny generasjon kunstnarar i 1960-åra dagsordenen på ein måte som førte til radikale tradisjonsbrot og blandingsformer innanfor alle kunstartane. Ofte viste dette seg i form av uheilage alliansar mellom høgkultur og populærkultur, mellom vestleg kultur og austleg kultur. Innføring av kunstframande verkemiddel og ny teknologi, opp-

taksutstyr, video og etter kvart også dataelektronikk førte til ein eksplosjon av nye kunstuttrykk. Tidlegare rigide sjangerinndelingar vart overskridne, og kunstfeltet utvikla seg i retning av å vera grunnleggjande tverrkunstnarleg i si orientering, både på form- og innhaldssida.

Den tverrkunstnarlege utviklinga har gjeve opphav til omgrepet *crossover* i omtalen av ein del nyare kunstuttrykk. Dette må likevel ikkje oppfattast som ei sjangernemning; til det rommar omgrepet ei altfor kompleks utvikling og ei altfor mangearta samanstilling av ulike tradisjonelle og nye uttrykksformer. Omgrepet crossover fortel oss snarare at det i tilnærminga til dagens kunst krevst ulike former for kompetanse, helst kompetanse som gjensidig utfyller kvarandre, og dette gjeld både når kunsten vert skapt og formidla, og som grunnlag for å vurdera kva som er godt og därleg.

Omgrepet crossover viser ikkje berre til den formalestetiske sida ved kunsten, men òg at kunsten i stadig større grad er eit resultat av at kulturelle grenser vert overskridne. Skiljet mellom det høge og det låge i kulturen vert medvite nedbrote. Kunstomgrepet, som opphavleg står seg på ein strengt vestleg definert tradisjon, vert òg utvida under innverknad av kunstnarar frå den ikkje-vestlege delen av verda og av korleis dei omset dei estetiske preferansane sine i praktiske kunstuttrykk.

#### 3.3.2 Musikk

Det profesjonelle musikklivet i Noreg har gjennomgått ei rivande utvikling dei siste tiåra, særleg sidan 1970-åra. Heilt frå 1800-talet har Noreg fostra komponistar og utøvarar som har markert seg sterkt også internasjonalt, men det nye i dag er ei eksepsjonell breidd i toppen. Jamvel om talet på faste stillingar og frilansoppgåver i musikklivet har auka kraftig dei siste tiåra, er det utløyste potensiaret større enn nokon gong. Fleire faktorar ligg til grunn for veksten og profesjonaliseringa, og dei ulike faktorane har ulik vekt i dei forskjellige musikkformene.

For det fyrste har utbygginga av musikkutdanninga ført til ein sterk auke i talet på profesjonelle musikkarar. Det er bygt opp eit systematisk opplæringstilbod, heilt frå undervisning for små born til høgare musikkutdanning. Dette gjeld i fyrste rekke innanfor klassisk musikk og jazz. Frå 1970-åra skaut utbygginga av dei kommunale musikk-skulane fart. Noregs musikkhøgskole vart etablert i 1973, og musikkonservatorium vart utbygde frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord. Her vart det utdanna komponistar og utøvarar som mellom

anna deltok i etableringa av ulike kammerensemble og vokalensemble, dessutan ensemble for både tidlegmusikk og samtidsmusikk. Etableringa av jazzlina ved Musikkonservatoriet i Trondheim i 1979 var særleg viktig for norsk jazz. Også utdanningstilbodet innanfor folkemusikk har ført til profesjonalisering og etablering av nye ensemble. Innanfor pop og rock er det først i den seinare tida at det er utforma utdanningstilbod, og rekrutteringa av profesjonelle musikkar og grupper har hittil vore avhengig av bransjemekanismar.

Arbeidsoppgåvene for musikkar har auka parallelt med dette. Mange nye oppgåver kom som eit resultat av utbygginga av utdanningstilboden, men det oppstod òg mange nye arenaer for utøvande musikkarar. Før andre verdskrig var det ikkje mange arbeidsplassar for profesjonelle musikkar bortsett frå ved symfoniorkestra i Oslo og Bergen. Forsvaret og kyrkja hadde sine musikkarar, og somme teater hadde eigne orkester. Framveksten av nye, profesjonelle musikkensemble frå 1950-åra skjedde delvis innanfor dei etablerte musikkformene, dels innanfor dei nye rytmiske sjangrane. Symfoniorkestra vart bygde ut. Den Norske Opera er vidareutvikla sidan etableringa i 1958. Rikskonsertane, som starta verksemda si i 1968, vart raskt utbygd i 1970-åra.

Utviklinga skapte også arbeidsoppgåver for musikkarar ute i distrikta. Før 1970 fanst det knapt andre profesjonelle musikkarar i Nord-Noreg enn organistar og militärmusikkarane i Harstad. Men gjennom ordningane med landsdelsmusikkarar og distriktsmusikkarar vart det no oppretta mange nye stillingar. Eit viktig element i utviklinga har vore alle dei stillingane som kombinerer utøving og undervisning, noko distriktsmusikkarordninga er eit døme på. Det har generelt vore ein god og viktig tradisjon i norsk musikkliv at profesjonelle musikkarar på høgaste nivå har gått inn i undervisningsoppgåver med positivt engasjement.

Ein annan viktig faktor er framveksten av nye retningar i musikklivet. Dels er det tale om nye retningar innanfor komposisjonsmusikken, der det i 1980-åra oppstod fagmiljø både for samtidsmusikk og tidlegmusikk. Dette resulterte i nyetableringar som Oslo Sinfonietta, Norsk Barokkorkester, BIT 20 Ensemble og Cikada Ensemble. Verdsmusikkdagane i Oslo i 1990 markerte eit gjennombrot for samtidsmusikken. For eit internasjonalt publikum vart det manifestert at Noreg hadde fått ei rekke utøvarar som kunne framföra samtidsmusikk på eit svært høgt nivå. Den årlege samtidsmusikkfestivalsen ULTIMA, som sprang ut av verdsmusikkdagane, har vorte eit utstillingsvindauge for ny musikk i Noreg.

Vidare har dei nye rytmiske sjangrane fått gjenomslag. Dette heng saman med den markerte utviklinga for slik musikk i etermedia og den tilhøyrande omskapringa av den offentlege musikkinntressa nasjonalt og internasjonalt. I 1950-åra kom rockemusikken og seinare alle dei andre formene for pop, rock, blues osb. Samstundes har musikk frå Asia, Afrika og Latin-Amerika fått ein plass i musikklivet som var ukjent i 1970-åra. Særleg frå 1990-åra av er konsertar med musikk forankra i ulike kulturar svært vanlege, i Noreg som i andre vestlege land. *World music* er eit omgrep som fortel om stor interesse blant publikum. Denne interessa har i stor grad vore fremja av nordmenn med innvandrarbakgrunn.

Musikkfeltet har nådd eit heilt nytt nivå av mangfold, og grensene mellom ulike musikk-sjangrar er mindre markante enn før. Crossover-tendensane på musikkfeltet er mange, og dei har medverka til radikale kvalitative endringar. Det vert i dag laga musikk i skjeringspunktet mellom ulike sjangrar, som inkorporerer impulsar frå ikkje-vestleg musikk, klassisk og seriøs samtidsmusikk, jazz, rock, folkemusikk og det stadig eksplanderande musikkfeltet som vert kalla *elektronika*, data- og samplingsbasert musikk. Det er symptomatisk for denne utviklinga at mange unge utøvande musikkarar meistrar fleire musikk-sjangrar. Dette har ikkje minst prega populärmusikkfeltet, som har teke opp i seg ei rekke nye former med uklåre grenseflater til diverse musikkformer med kunststatus.

Musikkfeltet er prega av at aktørane inngår i ulike krinsløp, estetisk, kulturelt og økonomisk. Det rotfestet sjangrane tradisjonelt har hatt i ulike sosiale lag og subkulturar, vert framleis halde i hevd, men kulturskiljinene i musikklivet er likevel i ferd med å verta meir utsydelege. Den historiske komposisjonsmusikken (klassisk orkester- og kammermusikk, samtidsmusikk og tidlegmusikk) vinn nytt publikum også utanfor dei krinsane som førte dei inn i vår tid, men utan at dei derfor vinn marknadsdelar som kan gjera dei uavhengige av offentleg støtte. Dei rytmiske sjangrane har eroobra eit massepublikum gjennom kulturindustrien, og somme profesjonelle ensemble særleg innanfor pop og rock, men også innanfor jazzen har ein konsert- og platemarknad som gjer at dei kan overleva på marknadens vilkår. Likevel opererer også mange ensemble innanfor rock/pop/jazz i randsona til kulturindustrien, eller i nisjar som kulturindustrien ikkje dekkjer, og er difor også avhengige av offentleg støtte. Dette gjeld også folkemusikk- og verdsmusikkensembla.

Ein viktig faktor i framveksten av det nye profesjonelle musikklivet er også utviklinga av arrangørleddet over heile landet, med etablering av jazz- og rockeklubb, konsert- og kulturhus m.v. Når det gjeld konserthus og konsertlokale, har situasjonen endra seg mykje sidan 1970. Dei fyrste konserthusa, i Oslo og Bergen, vart bygde sist i 1970-åra. I 1980-åra kom så konserthusa i Stavanger og Trondheim. Fleire andre stader over heile landet har no fått kulturhus som legg betre til rette for konsertverksemeld enn tidlegare. Framveksten av festivalar innanfor ulike sjangrar har vore særleg viktig. Dei fleste festivalane vert arrangerte i sommarmånadene, mellom dei tradisjonelle konsertsesongane, og dei har slik verka supplerande meir enn konkurrerande overfor det etablerte konserttilbodet.

Felles for dei profesjonelle musikkensembla, med unnatak av dei som overlever på marknadsvilkår, er det sterke innslaget av friviljug arbeid. Ensembla har normalt ikkje økonomi til å tilsetja musikarar, og økonomien gjev berre unntaksvise høve til å yta fullgode frilanshonorar. I mange tilfelle hentar musikarane inntektene sine i hovudsak frå anna arbeid, kunstnarleg eller ikkje-kunstnarleg. Det friviljuge musikklivet har sterke tradisjonar i Noreg, og mykje musisering ligg i gråsona mellom friviljug og profesjonelt arbeid. Dette gjeld særleg korfeltet, som ikkje har nådd det same institusjonelle nivået som i grannelanda våre. Men det gjeld også andre sjangrar med låg institusjonalisering, som til dømes storband. Innanfor pop og rock er det fonogrambransjen som fører musikarar og ensemble over terskelen frå friviljug til profesjonelt virke.

Platebransjen har ei heilt sentral stilling, særleg innanfor pop/rock-feltet. Klassisk musikk utgjer om lag 4 pst. av den totale omsetninga. Det meste er med andre ord populärmusikk av ulike slag, og fonogrammet (plater, kassettar, CDar m.v.) kan seiast å vera det viktigaste mediet for nyskapning og formidling av ulike populärmusikaliske uttrykk.

Musikkbransjen har gjennomgåande vore i sterkt vekst, ikkje minst sidan 1960-åra, då vi fekk ein sterkt auke i omsetninga av LP-plater. Internasjonalt har salet av fonogram stige markant, særleg etter introduksjonen av CD-formatet i 1983. Norskproduserte fonogram utgjorde i 2002 om lag 19 pst. av heimemarknaden (Grammofonplategrossistenes forening). Dette er svært lågt samanlikna med dei fleste andre land, og dei andre nordiske landa sel om lag dobbelt så mykje av lokale artistar.

For fyrste gong på mange år opplevde bransjen internasjonalt i 2001 og 2002 ein markant nedgang

i den totale omsetninga. CD-salet i Noreg auka likevel med 14 pst. i 2002. Mykje av nedgangen vert forklart med privatkopiering (brenning av CDar), nedlasting via Internett og andre medium. Innspelt musikk i digital form er særskilt sårbar både i høve til kopiering og tilgjengeleggjering; dette ser ein både ved at ein digital kopi i regelen er like god som originalen, og gjennom framvoksteren av og populariteten til det såkalla *fildelingssystemet*. Med utgangspunkt i EUs direktiv om harmonisering av opphavsrett og nærliggende rettar i informasjonssamfunnet førebud Kultur- og kyrkjedepartementet ein revisjon av åndsverklova. Ein tek med dette sikte på ytterlegare å tilpassa opphavsretten den digitale tidsalder. I høyringsutkastet foreslår departementet mellom anna at rettshavarane til musikk skal motta rimeleg kompensasjon for den kopieringa som skjer til privat bruk. Forslaget legg også opp til eit forbod mot å lasta ned musikk som er ulovleg lagd ut på Internett.

Det har vore ein aukande tendens til maktkoncentrasjonar i musikkbransjen. Marknaden i Noreg er dominert av multinasjonale selskap som også dominerer produksjon og distribusjon globalt. Det finst ikkje lengre verkeleg store selskap i norsk eige. Dette er likevel ikkje nokon ny situasjon. I 1960- og 1970-åra var det også nokre få selskap som dominerte den norske marknaden. Sidan den gongen har det vore endå fleire oppkjøp og samanslutningar. Men det finst i dag mange små norske selskap som gjer sitt til at variasjonane i norsk platemodusjon er større enn for nokre tiår sidan. Globalt er det samstundes skjedd eit samanfall mellom eigarane av musikkproduksjon, distribusjonsnettverk og ny teknologi (CD-brennar, MP3-spelar m.v.). Dette har særleg i USA resultert i at mange artistar fryktar at industrien ikkje vil vera i stand til å ivareta interessene deira.

I den norske marknaden har det på same tid vore konsentrasjon og sentralisering i detaljistleddet. Butikksal av fonogram er i dag sterkt dominert av eit par store kjeder. Dette gjer at distribusjon og promosjon av fonogram i stor grad er kontrollert av nokre få aktørar. Det er sterke tendensar til at store produksjonsselskap vert favoriserte, noko som kan føra til at utvalet ikkje vert så breitt som ein kunne ynskja.

Ei positiv utvikling i så måte er det norske systemet *Phonofile*. Dette er ein musikkdatabase spesielt tilrettelagd for profesjonelle brukarar. Den inneheld eit søkbart arkiv med ca. 50 000 norske innspelingar for bruk i audiovisuelle produksjonar og for kringkasting i radio og TV. Repertoaret i Phonofiles' database er også tilgjengeleg for forbrukarane gjennom tenesta *Musikkonline.no*. Ein kan

her kjøpa einskildspor og/eller heile album som digitale musikkfiler som ein lastar direkte ned til sin eigen datamaskin. Lydfilene er krypterte, men det er høve til å kopiera til berbare avspelingsmaskinar og brennarar til CD-R-plater. Det er rettshavarane sjølve som står bak Musikkonline.no, og det er her tale eit breitt utval av norsk musikk, utan sideblikk til kva repertoar som har størst kommersiell verdi.

### 3.3.3 Scenekunst

Det er ein klår indre samanheng mellom dei endringane som har gått føre seg på scenekunstfeltet organisatorisk og kunstnarleg dei siste tjue åra. Den kraftige utbygginga av regionteater i 1970-åra førte for det første til ei spreiling av scenekunsttilbod til mykje breiare publikumsgrupper. Dette var eit resultat av ein medveten statleg politikk. Operaaktivitet fanst berre sporadisk utanfor Den Norske Opera og Riksoperaen. I byrjinga av 1970-åra vart verksemda til Operaen i Kristiansund teken opp att; denne hadde lege nede sidan mellomkrigstida. Frå 1990-åra har talet på aktørar innanfor opera auka sterkt i alle landsdelar. Distriktsoperaene engasjerer mange friviljuge til verksemda si.

Institusjonane har i hovudsak rekruttert scenekunstnarar frå dei få norske utdanningsinstitusjonane. Men også ein del kunstnarar med annan scenekunstbakgrunn og frå andre kunstfelt har etter kvart funne sin plass der.

Det er i hovudsak eit kjernerepertoar av norsk og internasjonal dramatisk diktning som går att tvers gjennom det norske institusjonslandskapet. Samstundes har spreilinga av institusjonar ført til at scenekunst med ei klår lokal og regional forankring kom til uttrykk, og at nye røyster kom til orde.

I 1980- og 1990-åra fekk også nokre nyare scenekunstprosjekt institusjonsstatus. Dette var prosjekt med ei heller klår institusjonsinnretning, dvs. at organiseringa og dei kunstnarlege måla lett lét seg tilpassa dei eksisterande institusjonsmodellane og den kulturpolitiske dagsordenen. Den viktigaste av dei nye institusjonane var *Carte Blanche dansekompani* i Bergen, skipa i 1991. Inntil då hadde ein berre hatt éi statsfinansiert danseverksmed i Noreg, nemleg operaballetten, det ensemblet som er knytt til Den Norske Opera. Ein annan viktig institusjonsstilvekst kom då den samiske gruppa *Beaivvás Sámi Teáhter* fekk status som regionteater frå 1990, med oppgåve å utvikla eit samisk teater.

Ein viktig milestolpe var nådd då ein i 1982 oppretta ei støtteordning for frie sceniske grupper med

ei fyrste løyving på rundt 3 mill. kroner, som i dag har vakse til det tidobla nominelt. Typisk nok var det innanfor dansefeltet at ein såg dei fyrste såkalla frie gruppene, kunstnarar utan tilknyting til faste institusjonar, som søkte saman for å få fram andre uttrykk, idéar og produksjonsmåtar enn det institusjonane representerte. Det var sjølv sagt også eit utslag av den låste situasjonen på institusjonsområdet. Rekrutteringa til desse gruppene kom i hovudsak frå Statens balletthøgskole, men også frå utdanningsinstitusjonar i USA og ulike stader i Europa. Vi talar altså om høgt utdanna kunstnarar som hadde svært få arbeidsplassar å gå til.

Trass i ein lite utvikla institusjonsstruktur og heller magre tilskotskår har norsk dans dei siste tjue åra utvikla seg til eit høgt internasjonal nivå som vert lagt merke til og sett pris på langt utanfor landegrensene. Påverknaden frå internasjonal kjende koreografer har vore klår, men norske koreografer har også markert seg med moderne og sjølvstendige danseuttrykk, som lèt seg påverka både av moderne teater, bilettekst og musikk. Av dei to offentleg finansierte danseversemndene har *Carte Blanche* i Bergen teke seg særleg av samtidssuttrykket. Elles har arenaer som *Black Box Teater* i Oslo, *BIT Teatergarasjen* i Bergen og *Teaterhuset Avant Garden* i Trondheim hatt mykje å seia for den moderne scenekunsten i denne perioden.

Meir enn ein gjerne tenkjer over, er det dei nye koreografane som har representert norsk scenekunst i utlandet dei siste tjue åra, ofte gjennom nettverk og kontaktar dei har bygt opp over år i sitt utanominstitusjonelle tilvære. På teaterområdet har utviklinga vore noko annleis. Medan frigrupperørsla i grannelanda våre vart driven fram av generasjonar utdanna ved dei ulike sceneskulane, var det dei nye regionteatra som tok av for dette teateropporet her i landet. Dei frie teatergruppene i Noreg har difor gjerne stått for eit meir eksperimentelt og tverrkunstnarleg innslag, og rekrutteringa har også vore meir mangfaldig. Også nokre av desse gruppene har skapt seg eit namn langt utanfor landegrensene.

Utviklinga innanfor teaterområdet dei siste tjue åra er elles prega av aukande mangfold både når det gjeld tema, produksjonsmåte og formspråk. Noko av dette mangfaldet kan tilskrivast etableringa av fleire biscener ved institusjonane i 1970- og 1980-åra. Ein har særleg dei siste åra sett eit aukande samarbeid mellom institusjonsteatra og utanominstitusjonelle produksjonsmiljø.

På store delar av det frie scenekunstfeltet er både produksjon og formidling prega av internasjonal samhandling. Innanfor fleire av institusjonsmiljøa har slike kontaktflater ikkje vore like velutvikla,

jamvel om det kan gjevast nokre gode døme på slike fagleg samarbeid dei siste åra.

Det kanskje mest iaugnefallande ved utviklinga på teaterområdet er nok likevel at så mykje av veksten både i produksjonar og publikumstilstrøyming har skjedd i det private feltet, satsingar på musikalar, revyar og kabaretar, lokale og regionale spel, stand-up, klubbar og festivalar. Berre i Oslo har det dei siste ti åra kome til rundt 4000 nye sete i private teaterinstitusjonar. Ei liknande utvikling kan ein også sjå i andre byar.

Den generelle veksten i kunstnarbefolkninga gjeld også for scenekunstområdet, utan at institusjonane har kunna ta opp i seg denne tilveksten. Over halvparten av medlemene i skodespelarforbundet er frilansarar. Blant dansarane er denne tendensen enda tydelegare. Dette har aktualisert diskusjonen om den ulike institusjonaliseringa innanfor teater og dans og den skeive fordelinga av produksjonsmiddel mellom institusjonstilsette og scenekunstnarar med meir skiftande arbeidstilhøve.

Det er altså klåre og tilsynelatande paradoksale skilnader mellom det institusjonelle teaterområdet og det frie feltet. Den kunstnarlege utviklinga har generelt sett vore sterkest på det tverrkunstnarlege frie feltet og særleg innanfor danseområdet, jamvel om det er der finansieringa er mest usikker og infrastrukturen svakast. På det institusjonelle teaterområdet kan ein ana ein slitasje i institusjonsstrukturen og eit auka press frå kommersielt aktive aktørar i den private teatermarknaden, men også frå den veksande kultur- og medieindustrien meir generelt.

### 3.3.4 Film

I løpet av dei siste tjue-tretti åra har spelefilmen i Noreg utvikla seg til å vera ein del av mediekvarden, og skiljelinene mellom det kulturelle og det kommersielle, mellom «kunstfilm» og «populær-film» synest å ha vorte mindre klåre. Delar av utviklinga kan sjåast i samanheng med ein vekst i fjernsynskonsumet og tilboden av levande bilete generelt i samfunnet. Dette har utan tvil gjort sitt til å auka det ein kallar biletalfabetismen, folks evne til å lesa bilete og forteljingar på film.

Frå 1960-talet var ikkje lenger kinofilmen eine-rådande som filmmedium. Men paradoksalt nok var det ein særfruktbar epoke i filmhistoria. Forståinga av filmen som kulturytring voks fram. I Noreg nådde etterdønningane av dei viktige film-bølgjene i Europa fram i siste halvdel av 1960-åra. Dei kom dels med unge filmskaparar som hadde gått filmskular i utlandet, dels gjennom filmfolk her

heime som hadde fått sjølvkjensla si styrkt i det vel-lukka opprøret som dei første mot leiinga i Norsk Film AS i åra 1964–66, og som inst inne handla om kunstnarleg fridom i det førande filmselskapet i landet. Samstundes la omlegginga av filmstønaden i 1964 grunnlaget for ein meir kunstnarleg ambi-sjøs og personleg prega filmproduksjon, som ikkje var avhengig av å måtta tekkjast eit breitt publi-kum.

I 1970-åra var det ein produktiv periode i norsk film, med 100 filmar og eit samla publikumtal på nær 20 millionar på norske filmar. Ein kan sjå på tida frå siste halvdel av 1960-åra til slutten av 1970-åra som ein stabiliseringsperiode for den norske filmen, etter fjernsynets gjennombrot som det viktigaste folkelege biletmediet. Den politiske eller samfunnsengasjerte filmen fekk meir vind i segla utover i tiåret, særleg på dokumentarfilmsida. Samstundes levde ei rad andre filmformer vidare, og den norske filmproduksjonen nådde kvantitatativt ein topp i 1975. Dette året baud på i alt 14 norske filmar.

Mot slutten av 1970-åra mista den norske filmen kontakten med det store publikummet. Dette kan delvis ha samanheng med auka konkurransen frå nye underhaldningsmedia som video og kabel- og satellittfjernsyn med ein flaum av amerikansk-dominert biletunderhaldning. Så, midt i tiåret, kom ei dreining i retning av meir opne og sokjande forteljarformer. Det var også tida for ein meir kommersiell filmproduksjon i Noreg. Den politisk og kunstnarleg ortodokse filmen fall i vanry, parallelt med at det vart lagt større vekt på å fortelja noko med film som kunne engasjera eit breitt publikum og henta gevinst frå billettinntektene. Dette kom saman med nye finansieringsformer, mellom anna kom-mandittkapital, etter at styresmaktene hadde opna for skattefritak for denne finansieringsforma. Den norske filmfestivalen i Haugesund i 1989 utgjorde ein annan merkestein i utviklinga.

Ved inngangen til 1990-åra var den norske filmen på ny på opptur. Innføringa av konsulentmodellen for å tildela statsstøtte til filmproduksjon etter mønster frå Danmark og Sverige hadde vore helsa som eit framsteg. Særleg manusfattarfunksjonen var styrkt. Nye midlar og ein ny inn-gang til desse gjennom *Audiovisuelt produksjonsfond* og *Nordisk Film- og TV-fond* var med på å auka produksjonsvolumet.

Fleire utviklingstrekk ligg truleg til grunn for dei endringane ein kan sjå i den norske spelefilmen gjennom dei seinaste åra. Mellom anna har det vore viktig med digital redigerings- og opptaksteknikk kopla med utdanningstiltak som *Den norske filmskolen* (frå 1997). At mange filmfolk har opp-

drag i reklamefilm og på dramaproduksjonar for fjernsyn, har tilført filmen nye forteljarmessige og estetiske impulsar, samstundes som det har ført til større kontinuitet i regifunksjonen. Strukturelt har det ført til at produsentrolla har fått meir å seia, i samspele med regissør og manusforfattar, og at tyngdepunktet er flytta enno eit hakk bort frå kunstfilmen. I det meir overordna perspektivet har den norske kinofilmen sikkert òg nytt godt av den jamne og generelle framgangen som nasjonal film har hatt over heile Europa sidan 1992, så vel som suksessane for filmen i dei skandinaviske nabolanda.

Den statlege filmpolitikken vart endra vesentleg i 2001. Hovudmålet med omlegginga var auka publikumsoppslutnaden om norske filmar i alle framningsformer. I tillegg til at filmforvaltninga vart omorganisert, vart det oppretta to nye tilskotsordningar: tilskot etter marknadsvurdering og i form av produsentlån, jf. nærmare omtale under kap. 9.1.

I 2001 opplevde norsk film sitt beste publikumsår sidan 1975 med 1,8 millionar selde kinobillettar. 2002 vart fyrst og fremst eit år for dokumentarfilm. Medan filmbransjen venta på verknaden av omlegginga i filmpolitikken, har 2003 opna lovande

med like mange tilskodalar på norske filmar i fyrste kvartal som i heile 2002 til saman.

### 3.3.5 Biletkunst

I etterkrigstida har måleriet og skulpturen stått sterkt på biletkunstfeltet i Noreg. Særleg innanfor måleriet har det utvikla seg ein solid tradisjon med utøvarar som har innarbeidd den internasjonale seinmodernismens formale strukturar i verka sine. Med få men gode unnatak valde dei mest radikale norske kunstnarane den franske utgåva av seinmodernismen i 1950- og 1960-åra, i staden for dei sterke endringane i kunsten i USA i etterkrigstida. Dette vegvalet førte til at utviklinga av video, framføringskunst (performance) og installasjonskunst kom svært sent til Noreg, og at minimalisme, prosesskunst og konseptkunst fekk få merkbare nedslag.

Også det at landet vårt er perifert plassert i kunstverda, gjorde sitt til at måleriet framleis hadde ein framskoten plass gjennom 1970-åra. Då den nye målarbølgja kom, under leiing av tyske, italienske og amerikanske målarar mot slutten av 1970-åra, fekk desse straumdraga raskt etterfølgjarar i norsk samtidskunst. Ved sida av dette var det somme grupper som tok opp idéar frå ein meir radikal installasjonskunst. Enno i dag er biletkunstfeltet i Noreg sterkt prega av framståande personar frå 1960- og 1970-åra.

I byrjinga av 1990-åra kom det til ein ny generasjon kunstnarar som gjekk direkte i dialog med den internasjonale samtidskunsten. Grunnane til dette var mange, ei ny rolleforståing hos kunstnarane, eit positivt forhold til teori, mykje betre kommunikasjonskanalar og ein sterk informasjonsstraum. Dei nye unge kunstnarane var inspirerte av utanlandske yrkesbrør, som i god avantgarde-ånd skapte sine alternative scener. I staden for å venta på å koma inn i dei etablerte privatgalleria, musea og kunsthallane, arrangerte dei utstillingar og evenement sjølv. Utdanningseksplosjonen og den allmenne internasjonaliseringa har også ført til at kuratoren har kome til som ein ny og mektig aktør på biletkunstfeltet. Denne nye ekspertisen har brote det kompetansemonopolet på samtidskunst som kunstnarane tradisjonelt har hatt, og mellom anna medverka til eit meir internasjonal og elitistisk perspektiv på kunsten.

I denne fasen hadde dei unge kunstnarane i liten grad eit ynske om å delta i den store, kollektive fagforeningsfellesskapen, der reglar for jamn fordeling og representasjon er dei styrande prinssippa. Dei unge kunstnarane utfordra eit system der både dei etablerte galleria og musea på den



Figur 3.4

eine sida og *Norske billedkunstnere* (NBK) på den andre hadde nær tilknyting til staten. Dei nomadiske kunstnarane hadde eit mindre tradisjonelt og inderleg tilhøve til kunstnarrolla enn dei eldre, og dei var mykje meir opne for teoretiske kunstdiskusjonar. Det å kunna engelsk og å bruka IT-utstyr gav den tryggleiken som skulle til for å dra nytte av dei betra kommunikasjonstilhøva og dermed for å innsjå at kunstverda var større enn målarmiljøet i Oslo. Tilgangen på informasjon vart betra gjennom tilbodet om billige tog- og flyreiser, studieopphald ute, utanlandske lærarar, rikt illustrerte magasin, katalogar og kunstbøker og ikkje minst flaumen av digitaliserte bilete som etter kvart vart tilgjengelege via Internett.

Dette unge miljøet etablerte seg aldri som eit vedvarande alternativ til dei tyngre institusjonane, men det har fostra nokre interessante og suksessfulle enkeltkunstnarar som trygt er plasserte i det etablerte kunstsystemet. Nokre av dei mest vellykka av dei yngre har likevel aldri vore ein del av den indre kjernen til den unge scena.

I tillegg til dei kunstnarane som voks ut av den unge scena, finst det altså nokre kunstnarar som er i ferd med å utvikla sjølvstendige internasjonale karrierar, fristilte frå norsk institusjonell forankring eller støtte. Dei har knytt gode kontaktar med galleri, kuratorar og andre museumsfolk i viktige senter for formidling av samtidskunst. I tillegg til dette kjem dei norske samtidskunstnarane som har delteke på dei store, offentleg støtta kunstbiennalane.

Parallelt med framveksten av alternative scener har nye offentlege institusjonar og ordningar vorte etablerte dei siste tiåra. Desse har medverka til å styrkja det nasjonale og regionale formidlingsnettverket. Den statlege kulturpolitikken har lagt vekt på å fremja tre typar biletkunstformidling, profesjonell institusjonsbasert formidling, kunstnarstyrt formidling og publikumsstyrt formidling.

*Utsmykkingsfondet for offentlege bygg* vart etablert i 1976. Den viktigaste oppgåva er å medverka til at både stat, kommune og fylkeskommune i byggjeverksemda si integrerer god kunst, slik at kunsten vert eksponert der mange menneske ferdest. Dette er ein ganske unik formidlingsposisjon, av di kunst på denne måten kan nå ut til grupper som ikkje til vanleg ville oppsøkja dei tradisjonelle kulturinstitusjonane. Ordninga gjer dessutan at biletkunstnarar og kunsthandverkarar får arbeidsoppgråver, og at dei får hove til aktivt å vera med på å forma folks miljø med noko som har kvalitet og kan vekkja engasjement i kvarldagen.

*Museet for samtidskunst* vart etablert i 1988, og *Nordnorsk Kunstmuseum* opna for publikum same

året. I perioden 1992–98 vart det internasjonale kunstprosjektet *Skulpturlandskap Nordland* realisert. Trettitre skulpturar vart plasserte i kvar sin kommune i Nordland fylke. For å styrkja ei landsdekkjande formidling av biletkunst vart ordninga med såkalla knutepunktinstitusjonar etablert i 1995. Åtte biletkunstinstitusjonar rundt om i landet og kunstindustrimusea i Oslo, Bergen og Trondheim fekk direkte statstilskot.

Dei statlege tilskotsordningane til kunstsentrar og landsdelsutstillingane vart delegerte til fylkeskommunane same året. *Riksutstillingar*, arvtakaren til Riksgalleriet, vart skild ut som sjølvstendig institusjon i 1996, med hovudfunksjon å vera ein bindelikk mellom dei ulike formidlingsnettverka over heile Noreg. Etableringa av eit nytt statsfinansiert fotomuseum i 1995 har oppgradert fotografiet som kunstform. I 2001 gjenopna det som *Norsk museum for fotografi – Preus fotomuseum*. Behovet for å betra informasjonen om kunstnarar i Noreg og styrkja den internasjonale utvekslinga vart møtt med etablering av *Kunstnernes informasjonskontor (KIK)* i 1986 og *Office for Contemporary Art (OCA)* i 2001. *Nasjonalmuseet for kunst* er etablert med verknad frå 2003. Institusjonen tek opp i seg museumsverksemda til tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Kunstindustrimuseet i Oslo og Norsk Arkitekturmuseum. Det er naturleg at Nasjonalmuseet for kunst vert ein motor i ein landsomfattande innsats for å styrkja formidling av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design.

### 3.3.6 Arkitektur

Rundt 1980 braut postmodernismen gjennom i arkitekturen. Det året hadde Arkitekturbiennalen i Venezia *The Presence of the Past* som sitt motto, og året etter heldt kunstsenteret Louisiana nord for København ei utstilling med tittelen *Arkitektur som billede*.

Postmodernismens røter strekkjer seg tilbake til modernismekritikken i 1960-åra. I 1966 gav den amerikanske arkitekten Robert Venturi ut den viktige boka *Complexity and Contradiction in Architecture*, der han argumenterte for ein rikare og meir motsetnadsfull byggjekunst. I slutten av 1970-åra tok ein del leiande arkitektar opp klassisistiske element. Denne arven vart blanda med impulsar frå *Art Deco*, som var oppdaga på nytt, og slik vart det skapt eit stiluttrykk som fekk stor gjennomslagskraft.

Postmodernismen vart likevel ikkje ei brei arkitekturretning slik til dømes funksjonalismen var det i 1930-åra. Blant arkitektar var det mange som såg postmodernismen som eit svik mot modernis-

mens bodskap, og i ettertid må ein kunna seia at det vart skapt etter måten få viktige arkitekturverk i denne perioden. Det finst likevel nokre døme i Noreg på postmodernistiske byggverk som vart tildele arkitekturprisar, noko som tyder på at den nye retninga fekk ein offisiell aksept. Postmodernismen var ei protestrørsle mot uttrykksfattigdommen i modernismen, og kanskje var det viktigaste bidraget at handlingsrommet for samtidsarkitekturen vart utvida. I 1990-åra vende mange arkitektar tilbake til kjeldene frå modernismen og funksjonalismen frå 1930-åra.

I 1990-åra har norsk arkitektur fått auka internasjonal merksemd, og Noreg har i dag eit internasjonalt renommé som etter kvart har kome på høgd med dei andre nordiske landa. Dette er både eit resultat av den kvalitative veksten som norsk samtidsarkitektur har opplevd, og av at styresmaktene har satsa midlar på å gjera norsk arkitektur kjend i utlandet.

I 1986 laga *Norsk Arkitekturmuseum* ei utstilling om norsk arkitektur frå 1975 til 1985. Etter det har museet produsert tre femårsutstillingar med om lag 50 bygningar kvar gong. Desse mønstringane har gjeve eit norsk publikum oversikt over dei fremste prestasjonane i dagens norske arkitektur. Men vel så viktig er det at Utanriksdepartementet har betalt for engelskspråklege versjonar av utstillingane og har sendt dei på omfattande vandringar til dei fleste verdsdelane. På tilsvarende måte er det laga internasjonale vandreutstillingar om norsk trearkitektur, arbeida til arkitekten Sverre Fehn og dessutan Biblioteket i Alexandria, som er teikna av det norske arkitektkontoret Snøhetta.

Endringar i rammevilkåra har prega arkitekturområdet på ulike måtar. Byggjebransjen er var for konjunktursvingingar. Rundt 1988 starta ein lågkonjunktur som førte til liten byggjeaktivitet og stor arbeidsløyse blant norske arkitektar. Samstundes gav nye konkurransevilkår reduserte honorarsatsar. Rett nok vart det gode tider igjen midt i 1990-åra, men arkitektane merka at byggjebransjen hadde gjennomgått ei omstrukturering som minska innverknaden deira over det ferdige byggverket. Ei anna endring som skjedde på denne tida, var at arkitektane byrja å ta i bruk datateknologi som gjorde at planar kunne utarbeidast og bygninigar prosjekterast mykje meir rasjonelt. Dei digitale hjelpemidla opnar for nye spennande måtar å rekna ut og fastsetja komplekse former på og er særskilt viktige verkty i utviklinga av arkitektur og planlegging. Vernebygget på Domkirkeodden på Hamar er eit døme på det.

Ei anna endring av rammevilkåra er innføring av EU-direktiv om offentlege innkjøp. Det har ført

til fleire formalitetar og strengare prosedyrar når offentlege bygggherrar skal engasjera arkitekt. Samstundes har talet på tradisjonelle arkitektkonkurransar gått ned. Dette har gjort det vanskelegare for unge arkitektar å etablera seg.

I takt med utflyttinga av norsk industri har vi dei siste tiåra sett at tradisjonsrike industribedrifter og skipsverft vert nedlagde. Den positive sida ved denne utviklinga er at store, ofte sentrumsnære areal vert frigjorde til anna verksemder. Dette er bakgrunnen for dei mange store transformasjonsprosjekta som har gjeve ei heilt ny byutvikling. Nydalen og Aker Brygge i Oslo er døme på dette.

Ei storhending innanfor arkitekturen dei seinare åra var opninga av den nye hovudflyplassen på Gardermoen. Gardermoutbygginga er eitt av fleire døme på at offentleg sektor har vist interesse for arkitektonisk kvalitet. Denne interessa kjem mellom anna tydeleg til uttrykk i verksemda til Statsbygg. Statsbygg står bak kvar fjerde bygning som er representert, når arkitektur frå 1995–2000 vert stilt ut i Norsk Arkitekturmuseum. Også innanfor vegsektoren finst det mange gode døme på at det er lagt stor vekt på estetiske kvalitetar. Det er også teikn til at delar av næringslivet er i ferd med å verta meir estetisk medvete.

### 3.3.7 Design

I det siste tiåret har design erobra ein langt synlegare plass i det norske samfunnet. Ein av grunnane til dette er den oppgraderinga av design som opprettninga av stiftinga *Norsk Form* i 1993 representerer, og den formidlingsverksemda som *Norsk Designråd* har drive i snart 40 år.

*Kunstindustrimuseet i Oslo*, som no er ein del av Nasjonalmuseet for kunst, er tillagt eit særskilt ansvar for design og designhistoriske samlingar. Museet planlegg no ei større permanent utstilling av *Modernismens Design og Kunsthåndverk*, som vil verta opna hausten 2003. Det er også eit siktemål å oppretta eit norsk designsenter gjennom ei samlokalisering av Norsk Form og Norsk Designråd, støtta av både Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Formidlings- og informasjonsstrategiar og kultur- og næringspolitiske tiltak er viktige for å fremja design. Utvikling av samtidsrelevante produkt føreset eit samarbeid mellom den utøvande kompetansen, formgjevaren, og dei faktiske og potensielle oppdragsgjevarane, bedrifts- og industriarane. Ei undersøking frå 2002 gjort av Norsk Designråd tyder likevel på at det er lite interesse

for design blant norske industriiarar. 41 pst. av industriiarane som vart intervjua, svara at dei framleis ikkje brukar design, ikkje har planar om å bruke design og ikkje forstår verdien av å bruke design for å sikra den vidare verksemda.

Bruken av design er likevel aukande både i offentleg og privat sektor, og mykje tyder på at denne tendensen vil halda fram. Dei siste par tiåra har bruken av design auka i profileringa av offentlege og halvoffentlege verksemder som departement, statlege og kommunale kontor, ambassadar og utestasjonar, offentleg transport og kommunikasjon og bymiljø. Også privat næringsliv brukar i stigande grad profesjonelle krefter til å profilera verksemdene sine og til å formgje og utstyra arbeidsplassane og representasjonslokala sine med designprodukt. Samstundes aukar medvitet om at god form kan medverka til å skapa tryggleik og trivsel. Det er mellom anna sett søkjelys på arbeidsmiljøet i skulen. Dette kan gje nye designoppgåver i nær framtid. I den private sektoren er det dessutan ein veksande marknad i den kjøpesterke mellomgenerasjonen og dei unge urbane forbrukarane som i aukande grad skaper livsstilen sin gjennom privat forbruk.

Den rivande utviklinga innanfor teknologisektoren stiller bedriftene overfor stadig nye utfordringer, der den formgjevande innsatsen kan visa seg å vera avgjerande for kva evne produktet har til å kommunisera med brukaren. Samstundes vert formgjevaren og bedriftene stilte overfor ulike forventningar og mangefaseterte krav når dei både skal visa respekt for individuelle behov, og føra vidare kulturelle verdiar og sosiale ideal som nøktern og rett materialbruk, godt handverk, funksjonnell logikk, enkle detaljar og generelt brukarvennlege eigenskapar. Dagens og morgondagens høge krav til forsvarleg bruk av knappe naturressursar og ansvarsjkjensle i produksjonsprosessen har på nytt aktualisert slike verdiar og ideal som nordisk design er tufta på.

Det finst altså teikn på at design spelar ei stadig viktigare rolle i norsk ferdigvareproduksjon og i kommunikasjon og offentlege omgjevnader. Dette har ikkje minst samanheng med den alminnelege estetiseringa av kvardagslivet og meir spesielt av næringslivet, som omtalt ovanfor. Samstundes er ein ung generasjon designnarar i ferd med å profilera seg på den internasjonale arenaen. Unge møbeldesignnarar har til dømes dei seinare åra profilert seg som aldri tidlegare med framtidsretta modellar på prestisjetunge internasjonale møbelmesser. Alt i alt bør god norsk design kunna medverka til internasjonal suksess for norske verksemder.

### 3.3.8 Kunsthåndverk

Forvirringa omkring ord er stor når det gjeld kunsthåndverk. Framleis opptrer omgrepene brukskunst når journalistar skal dekkja utstillingar av kunsthåndverk, jamvel om fagmiljøet slutta å bruka denne nemninga alt i 1970-åra. Andre talar om anvendt kunst eller dekorativ kunst, og begge delar finn vi på musea for kunstindustri. Problemet med desse omgrepene er at dei skaper feil forventningar til kva kunsthåndverk i Noreg i dag er. Dei låser førestellingane til noko som har med funksjon og dekorasjon å gjera, medan mykje av dagens kunsthåndverk korkje er vakkert eller funksjonelt. Det er ei gammal innsikt at orda skaper det dei nemner, og difor er val av ord viktig. Når kunsthåndverkarane i 1975 endra namn frå Norske Brukskunstnere til *Norske Kunsthåndverkere*, var det ei meiningsladd handling. Namneskiftet signaliserte at premissane for og innhaldet i arbeidet deira hadde endra seg. Det gjorde seg gjeldande *En ny bevissthet*. Dette er tittelen på ei bok om norsk kunsthåndverk frå 1970 til 1990.

Brukskunst-omgrepet kunne nyttast om både industriprodukt og unikagjenstandar, men med namneskiftet vart kunstnarlege mål det sentrale. Det kravde noko anna enn å arbeida med både husflid og industridesign. Det var tale om heilt ulike fag, arbeidsmetodar og mål. I ein av definisjonane av Norske Kunsthåndverkere heiter det at «Kunsthåndverk er en kunstart som utforsker forskjellige materialer gjennom håndverksmessig bearbeiding.» Nøkkelordet er her insisteringa på at kunsthåndverket tilhører kunstfeltet. Samstundes vert det lagt vekt på material- og handverkskunnskap som kjernekjunkta i kunsthåndverket. Ut frå ei slik forståing gjev det mening, slik det framleis er vanleg, å gruppera kunsthåndverk og kunsthåndverkarane etter kva materiale som er brukt, anten det er keramikk, glas, metall, tre eller tekstil. Denne bindinga til materiale og teknikkar skil mykje kunsthåndverk klårt frå dagens biletkunst og design og er difor med på å definera faget for folk flest.

Sidan 1975 har medlemene av Norske Kunsthåndverkere vore sidestilte med biletkunstnarane når det gjeld statlege stipend- og støtteordningar og fordeling av offentlege utsmykkingsoppgåver. Desse ordningane forklarer kvifor norsk kunsthåndverk har kunna utvikla seg fritt i kunstnarleg lei, og ikkje har måtta gje etter for kommersielle omsyn. Samstundes skjedde det ei nyorientering også på det kunstnarlege planet, som fekk mykje å seia for utviklinga. Ideal og haldningar som i ettertid har fått merkelappen postmodernisme, fenga

sterkt blant norske kunsthandverkarar rundt 1980. Dekor og ornamentikk fekk då ein heilt annan plass enn i modernistisk estetikk, fargar likeins. Dette innebar status til verkemiddel med lange tradisjonar i kunsthandverket. Det oppstod ein ny historisme, der spora frå fortida fanst med, og der det var lov til å leika med kjende former og å gå på tvers av kategoriane. Samanfallet mellom den sterke organiseringa, det auka medvitet hjå kunsthandverkarane og postmodernismens estetiske fri-setjing av gamle ideal var svært heldig. Dette samanfallet er enno ein faktor som kan forklåra styrken og veksten i norsk kunsthandverk i etterkrigstida. Det er ein vekst som i stigande grad har gjort at norsk kunsthandverk er lagt merke til internasjonalt. Synlege prov er prisar, innkjøp til internasjonale museumssamlingar og representasjon i internasjonal faglitteratur. Særleg gjeld dette for områda keramikk og smykkekunst.

Kva den klare markeringa av kunsthandverk som ein kunstnarleg praksis har hatt å seia for haldningar til faget og prioriteringar i arbeidet, kan knapt overvurderast. Dei to kunsthøgskulane som i dag utdanner kunsthandverkarar i Noreg, *Kunsthøgskolen i Oslo* og *Kunsthøgskolen i Bergen*, har som ein naturleg konsekvens av utviklinga begge lagt om studieplanane til reint kunstorientert undervisning med vekt på individuell rettleiing og personleg utvikling.

Vektlegginga av det kunstnarlege aspektet har også fått følgjer for formidlinga. Frå 1975 har Norske Kunsthåndverkere arrangert ei årleg juryert utstilling, *Årsutstilling Norsk Kunsthåndverk* (frå 2002 omgjort til *Triennalen*, der det veksler mellom ulike materialgrupper år for år). Sidan 1986 vert det også delt ut ein pengepris til beste arbeid. Kombinert med eit fond oppretta i 1990 for innkjøp av kunsthandverk frå samtidia til fordeling mellom dei tre kunstindustrimusea er dette tiltak som har vore svært viktige i arbeidet med å profilera kva som vert rekna som godt kunsthandverk. Ei liknande rolle spelar tidsskriftet *Kunsthåndverk*, som har kome ut regelmessig sidan 1980. Norske Kunsthåndverkere er også med i stiftinga som driv *RAM galleri*, som ved sida av kunstnarsentra og nokre få museum og galleri fungerer som utstillingssstad for kunsthandverk.

Dei mange samlande tiltaka for norsk kunsthandverk inneber ikkje at det rår ei ein tydig oppfatning av kva kunsthandverk er. Den spenninga som er innebygd i kunsthandverkets historie mellom kunstsida og handverkssida, er framleis levande, men ho er også ein del av dynamikken som sikrar at kunsthandverket held fram som eit ope

kunstnarleg felt, som i dag samlar i seg svært ulike tradisjonar og ulike former for praksis.

Samisk kunsthandverk, «duodji», er ein viktig identitetsmarkør for samisk kultur.

### 3.3.9 Litteratur

I løpet av dei siste tjue-tretti åra har det vore ein auke i talet på forfattarar, og omfanget av den litterære produksjonen har auka monaleg. Innanfor dei fleste sjangrane er det også større mangfold og breidd i det som vert publisert.

Utviklinga innanfor norsk skjønnlitteratur dei siste tjue åra har vore prega av eksperimentering med nye, internasjonale estetiske retningar, men også av individuell nyorientering. I fyrste halvdelen av 1980-åra gjekk mange forfattarar bort frå den sterke ideologiske orienteringa og den sosialrealistiske estetikken som var så typisk i 1970-åra. Den etablerte generasjonen av sterkt politiserte forfattarar forlét den ideologiske posisjonen sin, men gjekk i ulike retningar. Somme tok i bruk ein reflekterande og assosierande prosastil. Andre utvikla ein meir stilrein minimalistisk prosa, og ein kan godt snakka om ein minimalistisk tendens i nyare norsk litteratur, særleg i 1990-åra.

Fornyinga i 1980-åra kom også frå ein ny forfattar-generasjon som slo gjennom i fyrste halvdelen av tiåret. Lanseringsomgrepet var postmodernisme, karakterisert ved ei avantgardistisk og eksperimentante haldning. Ulike former for stil- og sjangerblandingar vart utforska. Dette gav seg mellom anna utslag i form av blandingar mellom fiksjon, dokumentarisme, teori, biografi m.m.

Men 1980-åra var ikkje berre ei tid for slik eksperimentering. Det var også tida då mange nye og meir tradisjonelle forteljarar erobra marknaden og fornya den realistiske prosaen. Ein annan tendens som har prega både 1980- og 1990-åra, var at dei tradisjonelle krimsjangrane fekk betre ord på seg, noko som truleg har samanheng med at ei rekke nye krimforfattarar etablerte seg. Eit påfalande drag ved utviklinga har også vore at mange forfattarar har interessert seg for å skriva biografiar, både tradisjonelle diktarbiografiar og innanfor sjangerforma biografiske romanar. Fleire forfattarar har dessutan utvikla ein essayistikk med personleg preg.

I løpet av 1990-åra kom det ein viss reaksjon mot den avantgardistiske tendensen frå dominerande forfattarar frå 1980-åra. Dette skjedde mellom anna ved at mange gjekk attende til forteljinga. Denne tendensen kan vi sjå både hjå 1980-talsgenerasjonen og i den nye generasjonen som debuterte

i løpet av 1990-åra. Ein annen reaksjon var den såkalla nynativismen, ein tilsynelatande enkel og anti-avansert stil der det barnlege, naive og humoristiske vart dyrka i ein tematisk kontekst som gjerne handla om å reparera ei kjensle av meiningsløyse. Ei ganske anna retning som har prega norsk litteratur i 1990-åra, er den såkalla skitten-realismen, ei form for rå realisme som ofte skildrar det vanskelege livet på småstader i forfall.

I norsk lyrikk er det vanskeleg å sjå noko klårt brot eller noka påfallande utvikling frå 1980- til 1990-åra. Men kan henda skjer det ei viss tematisk og motivisk utviding. Fyrst og fremst er det mangfaldet som pregar samtidslyrikken.

Mange forfattarar har vore «fleirbruksforfattarar» og har også skrive barne- og ungdomslitteratur. Dette kan ha gjort sitt til at barne- og ungdomslitteratur etter kvart har fått høgare prestisje. I andre helvta av 1980-åra gjekk barne- og ungdomslitteraturen inn i ein periode med høg kvalitet, kraftig auke i talet på titlar og større etterspurnad. Nokre av grunnane til at barne- og ungdomslitteraturen har hatt slik framgang dei siste tiåra, er større utanlandsk etterspurnad og at ein del norske barnebokforfattarar har fått prestisjetunge litterære prisar i utlandet.

Språkkunst manifesterer seg også innanfor andre sjangrar og uttrykk enn dei tradisjonelt skjønnlitterære. Ein allmenn tendens innanfor all samtidskunst er nedbrytinga av grensene mellom sjangrane. Essayistikken er ein av dei litterære sjangrane som i dag framfor nokon er laboratorium for språkleg nyskaping og nye litterære former. Det same kan i nokon grad seiast om delar av den nye sakprosaen, som saman med essayistikken kan utgjera eit rom for refleksjon og eksperiment, slik som til dømes biografiar, reiseskildringar og dokumentarlitteratur.

Sidan 1960-åra har den statlege litteraturpolitikken i høg grad vore med på å definera rammevilkåra for bokbransjen. I 1950- og byrjinga av 1960-åra hadde produksjonen av ny norsk skjønnlitteratur falle drastisk. På denne bakgrunn vart det i 1965 oppretta ei direkte støtteordning i form av innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. Innkjøpsordninga fungerer slik at staten ved Norsk kulturråd kjøper inn nye norske titlar som er omfatta av ordninga. Dei innkjøpte eksemplara vert distribuerte vederlagsfritt til biblioteka. I 1978 vart ordninga utvida til å omfatta innkjøp av norsk barne- og ungdomslitteratur. Ei eiga selektiv ordning for omsett skjønnlitteratur vart oppretta i 1990. I 1996 kom ei tilsvarende selektiv ordning for faglitteratur for born og ungdom. Frå 1987 vert det også kjøpt inn essaysamlingar, men det finst inga

formelt etablert innkjøpsordning for essayistikk og sakprosa.

I 1960-åra vart det òg oppretta indirekte støtteordningar til norsk bokproduksjon gjennom fritak frå meirverdiavgifta og ved at det vart gjort unnatak frå konkurranselovgjevinga for den såkalla bransjeavtalen for bøker. Momsfritaket vart innført i 1967 og omfattar i dag papirbøker og lydbøker. Den fyrste bransjeavtalen vart inngått i byrjinga av 1960-åra og har sidan regulert store delar av bokomsetninga i Noreg og sikra fast pris på bøker over heile landet.

### 3.3.10 Kunstformidling og kunsttilbod for born og unge

Etter den andre verdskriga vart demokratisering og sosialisering inn i samfunnet ei sentral målsetjing for kunstformidling, kulturarbeid og kunsttilbod for born og unge både i skulen og i fritida. Bibliotek, teatertilbod, konserter, kunstutstillingar og film vart lagde til rette for å nå flest mogeleg. For ungdom skulle kulturelle aktivitetar i fritida ha ein positiv, byggjande og førebyggjande effekt. Med denne satsinga følgde også ei målgruppeorientering og ei auka differensiering av kunst og kultur for ulike aldersgrupper. Ut i 1970-åra var kunstformidlinga prega av distribusjon gjennom sentralinstitusjonar som skule, *Riksutstillingar*, *Rikskonsertane*, *Riksteatret*, *NRK*, *Kunst i skulen* og dei kommunale musikkkulane. Blant kunstnarar og i kunstinstitusjonane var ein medviten om målgrupper og hadde både demokratiserande, oppdraande og dannande intensjonar med kunsten.

Dei siste tjue år har vore prega av reaksjon og forsøk på fornying i høve til dette demokratiseringsprosjektet. I 1970-åra vart skulens rolle i kunstformidlinga nedtona, og det vart lagt vekt på born og unges eigne kulturelle fritidsaktivitetar. Barneåret i 1979 gjorde sitt til at ein vart oppteken av borns eigen kultur som noko unikt og autentisk, noko som måtte vernast mot kommersialisering, institusjonalisering og teknologisering på den eine sida og frå skulens og barnehagane si pedagogisering på den andre. Dette førte i 1980-åra til eit tydeleg skilje mellom rollene til skule og barnehage og andre institusjonar i kunstformidlinga. Kunst vart kategorisert som kultur *for* born og omfatta også den pedagogiske og danningsorienterte og den marknads- og kulturorienterte kulturen. Dette utgjorde barnelitteratur, barneteater, musikk for born, film, teikneseriar m.v., men også filmar, tv-program, dataspel o.l. Kunstformidling og kunsttilbod for born frå dei tradisjonelle kunstinstitusjonane var i 1980-åra ikkje prega i særleg grad av for-

nying. Samstundes heldt Rikskonsertane og frie grupper fram med å formidla kunst i skular og i lokalsamfunn. Den medie- og marknadsorienterte kulturen, til dømes i form av musikk, musikkspel, filmar, elektroniske medium m.v., var prega av stor kreativitet og nyskaping mot born som målgruppe, ofte med bruk av born og unges eigne kulturelle uttrykksformer. NRKs satsing på barne- og ungdomsprogram er eit døme på dette. Etableringa av *Ungdommens kulturmønstring (UKM)* i 1985 var eit tilsvarande uttrykk for at trua på det spesifikke og unike uttrykket finst også hos ungdom.

I løpet av 1990-åra vart ideen om born og unges eigen kultur tona ned, og born og unge vert sett på som deltagarar i kulturen. Grensene mellom kunst, kvardagsliv og den medie- og marknadsorienterte kulturen er etter kvart broten ned. Når kunstnarar brukar dei same verkemidla som folk flest i den individuelle identitetskonstruksjonen, vert det å delta sjølvsagt for born og unge. Dette har gjeve rom for ei meir interaktiv forståing av kva kunstformidling kan vera. Den nye tenkjemåten i kunstformidlinga i 1990-åra er prega av trua på møtet med mange typar kunst, både den tradisjonelle og den avantgardistiske. Gjennom opprettinga av eit eige fagutval for born og unge i 1989 har Norsk kulturråd medverka til mange kunstformidlingsprosjekt innanfor ulike kunstformer og institusjonstypar. I desse prosjekta har det vore lagt vekt på samarbeid mellom skule, barnehage, kunstnarar og kunstinstitusjonar. Ein del prosjekt vart seinare faste ordningar. Døme er *Barnas Hus* i Bergen og *Norsk scenekunstbruk*. Rikskonsertane starta i 1989 prøveprosjekt med kunstformidling i barnehagar, og Norsk kulturråd har dei siste åra støtta prosjektet *Klangfugl*, kunstformidling for små born. Tilsvarande har ein støtta ulike prosjekt for ungdom. Born, unge og vaksne kan dela interesse for dei same kulturelle uttrykksformene, og samhandling på tvers av generasjonar skaper behov for nye formidlingsformer. Dette skjer innanfor musikk, media og teater. Eit eksempel er rollespel, ei form for planlagt improvisasjonsteater der både vaksne, born og unge er likeverdige deltagarar.

Jamvel om kunsten endrar seg og grensene til andre kulturelle uttrykksformer er brotna ned, legg mange av kunstformidlingsprosjekta i institusjonane framleis vekt på opplæring og oppseding til kunsten som autonomt felt, samstundes som det frigjerande potensialet i born og unges møte med kunst vert knytt til at kunsten er forskjellig frå «det vanlege». Samstundes har skule og barnehage fått ei sterkare rolle i kunstformidlinga i 1990-åra. I 1996 vart det i *Broen og den blå hesten* lagt eit nytt grunnlag for samarbeid mellom kommune, fylke,



Figur 3.5

skule, barnehage og kunstinstitusjonar. På ny vart utdanningsfeltet og kunstfeltet utfordra til å samarbeida, men no i ein meir kompleks kulturell samanheng, der born og unges eigenaktivitet vert vektlagd. Dette kjem også til uttrykk i L-97 og i utforminga av *Den kulturelle skulesekken*.

Den kulturelle skulesekken er ei stor kulturpolitisisk satsing. Målet er først og fremst å gje born i grunnskulen ein kulturell kapital og ein kulturell kompetanse som vil gjera dei betre i stand til å møta utfordringane i samfunnet. I byrjinga av juni 2003 vart det fremja ei særskild melding om dette tiltaket, St.meld. nr. 38 (2002–2003), og veka etter kom ei melding om kunst og kultur i og i tilknyting til grunnskulen, St.meld. nr. 39. (2002–2003). Dei to meldingane skal utfylla kvarandre og gje eit samla bilet av det grunnlaget som finst i kultursektoren og utdanningssektoren for å utvikla tiltaket Den kulturelle skulesekken i landssamanhang, i kvar einskild skule og i kulturinstitusjonane.

I utgangspunktet representerer utdanningsfeltet og kunstfeltet ulike tilnæringsmåtar til kunstformidling. Når lærarar, kunstnarar, lokale kulturarbeidarar og andre skal samarbeida om kunstfor-

midling, krevst det difor satsing på utdanning, kompetanseheving og forsking om kunstformidling for born og unge.

### 3.3.11 Arkiv, bibliotek og museum

Arkiv, bibliotek og museum er tre variantar av ein institusjonell infrastruktur som er utvikla i alle kjende sivilisasjonar for å forvalta det materielle kjeldegrunnlaget for samfunnets natur- og kulturarv. Det dreier seg både om å ta vare på kjeldemateriale frå dei eldste tider og frametter, og om å sikra for ettertida tilsvarande materiale frå samtid og den nære fortida. Dermed representerer desse institusjonelle funksjonane eit kollektivt samfunnsminne som ved sida av språket som sosialt fenomen utgjer mykje av grunnlaget for all teknologisk og samfunnsmessig utvikling, for all menneskeskapt kultur.

Samfunnsmindnet strekkjer seg over eit så langt tidsrom at dei funksjonane som skal til for å halda det ved like, ofte ikkje er så høgt påakta samanlikna med meir påtrengjande oppgåver i samfunnet. Avstanden mellom tiltak og resultat, innsats og gevinst, forsøming og skade er mykje stuttare innanfor så mange andre aktivitetsfelt. Ikkje minst difor er det materielle kjeldegrunnlaget sårbart; det er alltid meir eller mindre truga, anten av katastrofelinande hendingar, andre øydeleggjande eller nedbrytande krefter, nye teknologiske utfordringar eller av mangel på kunnskap og medvit om dei grunnleggjande kollektive verdiane som står på spel.

Innanfor ein overordna funksjonell fellesskap har arkiv, bibliotek og museum som institusjonelle variantar kvar for seg sine meir spesifikke funksjonar å fylla. Eit felles analyseverktøy er likevel føremålstenleg å ha i botnen når ein nærare skal gjera greie for dei kvar for seg. Som ein parallel til *produksjon og formidling* innanfor kunstfeltet gjev det meinings å nytta *bevaring og formidling* om arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. Bevaringsfunksjonen kan igjen delast i to variablar; det dreier seg for det fyrste om å velja ut og samla inn, dinest om fysisk å sikra og halda ved like. Formidlingsfunksjonen har òg to element, for det fyrste å gjera tilgjengeleg for bruk gjennom registrering, ordning og tilrettelegging elles, for det andre å sjå til at kjeldene faktisk kjem i bruk, anten av det allmenne publikum eller meir spesielle brukargrupper. Utveljing og vedlikehald, tilrettelegging og bruk kan nyttast som nemningar på dei fire variablane som bevarings- og formidlingsfunksjonen kan spaltast opp i.

Arkiv, bibliotek og museum kan kvar for seg definerast gjennom det idealtypiske kjeldetilfanget

dei forvaltar, arkiv gjennom skriftbasert dokumentasjon oppstått i ein unik administrativ kontekst, bibliotek gjennom skriftbasert informasjon laga med sikte på allmenn distribusjon, og museum gjennom eit variert spekter av innsamla materiale i form av tilverka gjenstandar, kunstverk og naturobjekt. Ei lang historisk utvikling med endringar i materiell og sosial kultur har gjort sitt til at kjelde- samlingane i kvar av dei tre sektorane etter kvart har fått eit meir variert og differensiert preg. Difor har også arkiv, bibliotek og museum dels eit innslag av nærskyldne eller overlappande kjeldeformer, dels finst det institusjonar som ikkje så lett lett seg plassera i den eine eller andre av dei tre kategoriene. Både samla og kvar for seg har dei tre sektorane også meir differensierte og spesialiserte funksjonar å fylla i samfunnet, både innanfor eit kortare og lengre tidsspenn, funksjonar som i varierande grad ligg innanfor kjerneområdet av det kjelde- og kulturarvsperspektivet som her er skisert.

I St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling*, abm-meldinga, vart kvar av sektorane presentert, og både felles og meir sektorspesifikke utfordringar vart inngåande drøfta. Eit resultat av meldinga er at det frå 1. januar 2003 er etablert eit statleg fellesorgan kalla *ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum*. Nedanfor følgjer ein samanfattande analyse og oppdatert omtale av dei tre sektorane kvar for seg.

#### Arkiv

Det fremste nasjonale ansvaret på arkivområdet er å legga til rette for at offentlege styresmakter dokumenterer eiga verksemrd, ved at alle offentlege arkiv vert ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Denne offentlege arkivplikta er no slått fast i arkivlova, som tok til å gjelda i 1999. Men heilt frå tidleg i førre hundreåret har statlege organ hatt plikt til å avlevera dei eldre arkiva sine til eit eige arkivverk, og kommunar og fylkeskommunar har hatt ei lovfesta plikt til å ta vare på sine eigne arkiv.

I kommunesektoren har det berre unnataksvis vore etablert institusjonelle og fysiske føresetnader for å følgja opp dette, og arkiva har difor vore vanskeleg tilgjengelege. Mykje verdfullt materiale er gått tapt. Dei siste 15 åra har det likevel kome til ei rekje kommunale arkivinstitusjonar, særleg i dei større byane og nokre av fylkeskommunane, og det er etablert såkalla interkommunale arkivordningar for å hjelpe kommunar og fylkeskommunar med å utvikla arkivtenestene deira og å oppspora og ordna historisk arkivmateriale. Slike interkom-

munale tiltak kan utviklast til å påta seg deponering og tilgjengeleggjering av historiske arkiv på vegner av medlemskommunane. For her står det enno att mykje fysisk og organisatorisk tilretteleggingsarbeid, jamvel om arkivlova formulerer det kommunale depotansvaret klårare og meir konkret enn før.

Den offentlege arkivplikta er fundamental i ein demokratisk rettsstat, både med tanke på å dokumentera den enkeltes identitet og eide dom og for å påvisa eller avkrefte det ettertida vil vurdera som ulovleg eller urettkomen åferd i tilhøvet mellom det offentlege og samfunnsmedlemmene. Overfor private gjeld ikkje tilsvarende strenge krav til rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon, og arkiv oppstått i privat samanheng er dessutan privat eide dom. Med unnatak for særskilt verneverdige arkiv går difor ikkje arkivlova lenger enn å leggja til rette for friviljug bevaring og avlevering av privatarkiv.

Men som kulturarv og vitskapleg kjelde tilfang kan privatarkiv ha like stor verdi som offentlege arkiv, og arkiv etter offentleg og privat verksemeld utgjer slik sett integrerte delar av eit felles samfunnsminne. Både det statlege Arkivverket og kommunale og private arkivinstitusjonar har opp gjennom åra teke vare på ein god del privatarkiv, men utvalet har til dels vorte tilfeldig, og størstelen av privatarkiva går framleis tapt utan at det vert gjort noka bevaringsvurdering. I abm-meldinga vart det vist til at dette kan gje eit skeivt kjeldegrunnlag for innsikt i norsk samfunnsliv.

Større systematikk i privatarkivarbeidet inneber nasjonal samordning bygd på ei meir medveten haldning til kva for arkiv som det er av særleg verdi å ta vare på for ettertida. Dette krev ei overordna vurdering av tilhøvet mellom arkiv knytt til ulike samfunnssektorar, mellom ulike kategoriar av arkivskaparar, mellom arkiv med lokal og nasjonal tilknyting osv. Utveljingsvariabelen står òg sentralt når det er tale om å vurdera bevaringsverdien av materiale innanfor eit arkiv. For jamvel om det i det offentlege er bevaringsplikt for alle arkiv, er det ein føresetnad at ein kasserer delar av materialet innanfor arkivet, slik at ikkje arkivmengdene vert uoverkomelege.

Etter arkivlova skal all kassasjon i offentlege arkiv godkjennast av statens faglege arkivinstans, *Riksarkivaren*. Kvart statsorgan skal utarbeida framlegg til eigne kassasjonsreglar, men her er mykje u gjort, og omfanget av oppbevarte papirarkiv i statsforvaltninga er større enn det ville vore med eit meir systematisk kassasjonsarbeid. Normalt skal arkivmateriale avleverast til *Arkivverket* når det er 25–30 år gammalt, men ved utgangen av

2001 rekna ein med eit avleveringsetterslep på 47 500 hylrometer. Då har ein ikkje teke med arkivmateriale i dei sjukehusa som staten har overteke frå fylkeskommunane, som alt i alt kan omfatta så mykje som 100 000–150 000 hylrometer.

Eit utval i regi av Riksarkivaren la våren 2002 fram forslag til ei framtidssretta nyordning av den offentleg bevarings- og kassasjonspolitikken. Etter framlegget skal Arkivverket ha ei initierande og koordinerande rolle i utforminga av bevarings- og kassasjonsplanar, og arbeidet skal skje ved å gjenomgå alle landsomfattande etatar og fagsektorar ein for ein. Det er tenkt tilsvarande sektorvise prosjektgjennomgangar for kommunar og fylkeskommunar. Nyordninga vil innebera ei samordning av arbeidet med bevaringsplanar for papirbasert og elektronisk arkivmateriale.

Motsett det som er tilfelle for papirarkiv, vil elektronisk arkivmateriale med tida verta kassert automatisk dersom det ikkje vert etablert tekniske funksjonar og administrative rutinar for å hindra at informasjonsinnhaldet vert teknologisk utilgjengeleg som resultat av hyppige endringar i programvare og maskinelt utstyr. Arkivverket har dei siste åra utvikla system og metodar for å kunna handtera dei nye problema med tanke på elektroniske arkiv i staten, men det finst ikkje operativ kapasitet til å følgja opp i praksis. I kommunesektoren og særleg i høve til private arkiv har ein kome enno kortare. Vi må sjå i auga at eit omfattande tap av verdifull arkivinformasjon allereie kan ha skjedd på mange samfunnsområde.

Samstundes som ny teknologi byr på store utfordringar på bevaringssida, har det opna seg nye framtidsutsikter for meir effektiv formidling av arkivinformasjon. Hittil er det særleg opphavleg papirbasert befolkningshistorisk kjelde materiale som på ulike måtar er overført til digital form og er gjort tilgjengeleg over Internett. Mest kjent er det såkalla Digitalarkivet i regi av Arkivverket og det digitale kulturnettet i regi av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

I papirbasert arkivmateriale ligg det i utgangspunkt ei formidlingsbarriere, fordi det er tale om upubliserte, unike og uerstattelege primærkjelder, skjøre og sårbar, utsette for slitasje dess meir dei vert brukte, som i original berre kan studerast på ein strengt overvaka lesesal. Avskrift, fotokopiering og etter kvart omfattande mikrofilming har hittil vore dei mest aktuelle alternativa, men no er det grunn til å tru at digitalisering og nettbasert tilgjengeleggjering vil opna for ei omfattande demokratisering og effektivisering i tilgangen til utvald arkivinformasjon. Utfordringa ligg i å utnytta dette potensialet slik at kunnskapskjelder som i stor

grad har vore død kapital for folk flest, kan nå fram til eit breitt publikum.

### Bibliotek

Den fremste nasjonale oppgåva på bibliotekfeltet er å forvalta for samtid og ettertid den norske produksjonen av allment tilgjengeleg informasjon, tradisjonelt i form av bøker, aviser, tidsskrift og andre grafiske reproduksjonar. Etter kvar som boktrykkjarkunsten kom i meir allmenn bruk, voks det i Europa fram statlege krav om avleveringsplikt for slike materiale, og i Danmark-Noreg kom det reglar om dette i 1697 og i Noreg i 1815. Her var det universitetsbiblioteket som tok hand om avleveringane. I 1989 vart funksjonen institusjonelt utskild gjennom skipinga av Nasjonalbibliotekavdelinga i Rana, frå 1999 ei av to avdelingar i det samla *Nasjonalbiblioteket*. I 1989 fekk vi dessutan ei oppdatert pliktavleveringslov, som òg femner om nye medieformer som mellom anna lydfestingar, fotografi, film, videogram, kringkasta materiale og ikkje minst digital informasjon.

Den omfattande og ofte flyktige informasjonen av norsk opphav på Internett er òg ein del av den skriftlege kulturarven vår, men kan ikkje avleverast i tradisjonell meinings. I dag blir utvald informasjon lasta ned av Nasjonalbiblioteket, men framtidig praksis er under utgreiing, og det skal mellom anna takast stilling til om det framleis berre skal bevarast utvalde delar av det aktuelle materialet. Prinsippet for anna tilfang er at alt vert kravd avlevert, etter nærmare definisjonar. I det såkalla digitale sikringsmagasinet i Rana skal ein lagra og halda orden på både den delen av kulturarven som er oppstått digitalt, og annan informasjon som vert konvertert til digital form. Den tekniske utbygginga av kapasiteten her er ei hovudutfordring framover. Formidling av dokument i digital form og på andre nye medium som Nasjonalbiblioteket har fått tilgang til under pliktavleveringslova, reiser opphavsrettslege spørsmål som det òg må arbeidast vidare med å finna balanserte løysingar på.

Som samla institusjon står Nasjonalbiblioteket framfor store utfordringar, både organisatorisk, på bygningssida og når det gjeld tenesteutvikling. Institusjonen skal mellom anna vera eit kompetanse- og tenestesenter for dei andre biblioteka og ein sentral aktør i lånenettverket biblioteka imellom. Ei hovudoppgåve er å utvikla avdelinga i Oslo til ein utoverretta publikumsinstitusjon, ein sentral formidlingsarena for norsk skriftkultur og bokhistorie og annan allment tilgjengeleg informasjon av norsk opphav eller tilknyting.

Utanom den sentrale kulturarvsfunksjonen har biblioteksystemet ei rekke spesialiserte formidlingsoppgåver. Tilgang til både norsk og utanlandske fag- og forskingslitteratur spelar ei avgjande rolle innanfor mange delar av samfunnslivet. Dei om lag 400 fag- og forskingsbiblioteka som utgjer integrerte delar av dei respektive moderinstitusjonane sine, utførte i 2002 1576 årsverk og effektuerte 3,3 mill. utlån, av dette 0,5 mill. fjernlån. Det er særleg grunn til å framheva biblioteka innanfor forsking og høgare utdanning med universitetsbiblioteka i spissen.

Ei stadig viktigare oppgåve er å skaffa tilgang til nasjonale og internasjonale databasar og elektroniske tidsskrift, ofte baserte på betalingsordningar, og sentrale lisensavtalar har vore eit verkemiddel for å redusera kostnadene. Nyleg har eit utval lagt fram ein plan for eit nasjonalt innsatsprogram for utvikling av eit norsk digitalt bibliotek, ei organisert samling av tenester og innhaldsressursar som gjev brukarane tilgang til informasjon i digital form formidla via datanett. For å gje lik tilgang til informasjon for alle, ubunde av bu-, studie- eller arbeidsstad, er utfordringa å leggja til rette for at ei slik informasjonsteneste kan femna om alle norske bibliotek.

Som allmenne formidlingsinstitusjonar peiker *folkebiblioteka* seg ut, både gjennom gratis utlån av bøker og anna eigna materiale og som arena for ulike kulturrangement i lokalsamfunnet. Dei formidlar òg faglitteratur og læremiddel og gjev lese- og arbeidsplass i samband med vaksensopplæring, etter- og vidareutdanning og anna fjernundervisning. Dei gjev tilgang til aviser og offentleg informasjon og har dermed ein funksjon som del av den demokratiske infrastrukturen. Ved å knytast til breiband kan dei verta lokale knutepunkt for tilgang til og bruk av nettbaserte tenester, og slik gje verdfull hjelp til lokalt næringsliv og elles fungera sosialt og kunnskapsmessig utjamnande i informasjonssamfunnet. Både i høve til tradisjonelle og nye tenester vil folkebiblioteket framleis kunna ha ei særleg kulturpolitisk rolle å fylla for born og unge og i høve til sosialt vanskelegstilte grupper.

Samstundes må folkebiblioteka kunna tilfredsstilla eit stadig meir krene publikum, som vil krevja meir avanserte tenester; dei må utvikla tilbodet sitt i takt med dei utfordringar som informasjons- og nettverkssamfunnet stiller, og i større grad enn i dag verta ein integrert del av eit samla bibliotekssystem, det som òg har vore kalla eit saumlaust bibliotektilbod, dvs. eit tilbod som gjer at alle brukarar skal kunna venda seg til kva bibliotek som helst utan tanke på type eller storleik for å få den tenesta og den hjelpe vedkomande måtte ynskja.

Med tanke på dei mange nye utfordringane er dei fleste folkebiblioteka svært små institusjonar. I 2001 var det registrert i alt 974 faste avdelingar med i alt 2 756 tilsette, av desse 1 059 med bibliotekfagleg utdanning. Abm-meldinga la difor vekt på at folkebiblioteka burde stimulerast til å utvikla nye og alternative samarbeids- og samordningsmodellar, og at det var særleg viktig at dei mange små bibliotekineingane på kommunenivå kunne utvikla samarbeid på tvers av kommunegrensene. Også i ein uavhengig evalueringssrapport frå 2001 vart det peikt på at det ville vera vanskeleg for dei små bibliotekineingane kvar for seg å leva opp til dei nye krava. Vi viser til nærmare omtale i Ot.prp. nr. 82 (2002–2003).

Tradisjonelt er folkebibliotekinstitusjonen den einaste funksjonen på kulturområdet som er ei lov-pålagd kommunal oppgåve, og lova krev at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek, men opnar for at dette kan drivast heilt eller delvis i driftsfellesskap med annan kommune eller vedkomande fylkeskommune. Lova krev òg at alle fylkeskommunar skal ha eit fylkesbibliotek, og at dette skal vera knytt til eit folkebibliotek.

I den nemnde proposisjonen er det mellom anna foreslått at departementet som forsøksordning kan gjera unnatak frå kravet om at det skal vera eit folkebibliotek i kvar kommune og eit fylkesbibliotek i kvar fylkeskommune. Det er òg lagt til rette for driftsfellesskap med statlege institusjonar. Dette er meint som eit utgangspunkt for utprøving av meir fleksible måtar å organisera bibliotektenestene på.

### Museum

Heile det gjenstandsbaserte potensial av kjeldetilfang for dokumentasjon av natur- og kulturarven er meir differensiert og mangslunge enn det arkiv- og bibliotekrelevante kjeldematerialet. På museumsområdet er det difor ikkje like lett å identifisera og avgrensa ein overordna nasjonal dokumentasjonsfunksjon.

I kulturminnelova, jf. lov 9. juni 1978 nr. 50, er det likevel definert oppgåver som kan minna om avleveringsplikta for statleg arkivmateriale og for produksjonen av allment tilgjengeleg informasjon. Såleis er det fastsett at på visse vilkår er såkalla lause kulturminne eldre enn 1537, mynter eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år som kjem for dagen tilfeldig, ved funn, utgravingar eller på annan måte, å definera som statleg eigedom. Det er i forskrifter til lova fastsett kva for museum som har ansvaret for desse gjenstandane på vegner av staten. Som oppfølging av abm-mel-

dinga er også departementet no i gang med å etablira eit stort nasjonalt kunstmuseum i hovudstadsområdet. Utover dette vil det statlege ansvaret i samsvar med prinsippa i abm-meldinga ikkje vera knytt til bestemte institusjonar, men til nærmare definerte funksjonar ved mange museum over heile landet, museum som dermed vil inngå i eit nasjonalt nettverk.

Abm-meldinga gav elles eit riss av det norske museumslandskapet som eit sjølvgrodde system der private og lokale initiativ har vore ein langt viktigare etableringsfaktor enn offentleg planlegging og styring. Eit karakteristisk trekk er dei mange små, sjølvstendige museumseiningerane over heile landet; i alt er det registrert om lag 800 museum og samlingar fordelte på 700 administrative einingar, og ei oppteljing frå 1997 viste at det var kome til 95 nye museum sidan 1990 og 211 nye sidan 1980. Staten gjev no direkte eller indirekte driftstilskot til i overkant av 200 museum, dei fleste i samfinansiering med fylkeskommunane og til dels dei aktuelle vertskommunane.

Jamvel om det siste tiåret er laga fleire fylkesvise museumsplanar, varierer museumsstrukturen mykje frå fylke til fylke, og situasjonen har alt i alt vore prega av stor fragmentering og lita styring av den organisatoriske utviklinga. Dei fleste musea med statleg finansiering er knytte til Kultur- og kyrkjedepartementet, men viktige unnatak er universitetsmusea under Utdannings- og forskingsdepartementet og ymse etatsmuseum som *Forsvarsmuseet* under Forsvarsdepartementet og mellom anna *Norsk vegmuseum* under Samferdselsdepartementet m.fl.

Over 80 pst. av musea er klassifiserte som *kulturhistoriske museum*. Dette omfattar mellom anna arkeologiske og tekniske museum og ikkje minst mange små friluftsmuseum og bygdetun, eit typisk kjenneteikn ved den nordiske museumsmodellen. Dei kulturhistoriske musea forvaltar flesteparten av dei om lag 5600 verneverdighe bygningane som finst ved norske museum. Dei andre hovudkategoriene museum er *kunst- og kunstindustrimuseum*, *naturhistoriske museum*, først og fremst det naturhistoriske museet ved Universitetet i Oslo og nokre få andre, og endeleg blanda kulturhistoriske og naturhistoriske museum, med *Bergen Museum*, *Vitskapsmuseet i Trondheim*, *Tromsø Museum*, *Stavanger Museum*, *Arkeologisk museum i Stavanger*, *Norsk Skogmuseum* (tidlegare Norsk Skogbruksmuseum) og *Norsk Bergverksmuseum* som dei viktigaste. Det er registrert 9 mill. fotografier og 15 mill. gjenstandar i museal eige. To tredjedelar av gjenstandane har naturhistorisk opphav, fjerdeparten er klassifiserte som kulturhistoriske og resten som kunsthistoriske.

Musea samlar og tek vare på gjenstandar av di dei representerer handfaste vitnemål om noko fortidig, annleis eller sjeldsynt, noko som er eigna til å knyta band mellom fortid og notid, mellom det kjende og det ukjende eller mellom det allmenne og det uvanlege. Utover dette har prinsipp og praksis for utval av tilfang og systematisering av samlingane endra seg opp gjennom tidene. Frå 1970-åra har norske museum møtt kritikk for å vera for lite opptekne av samtida og den nære fortida, at dei hang for mykje fast i bondekulturen frå 1700- og 1800-talet. Det er vorte eit mål å leggja meir vinn på å dokumentera industrialismens og masseproduksjonens tidsalder. Arbeidet med teknisk-industrielle kulturminne er ein del av dette, og det stiller nye krav til samordna innsats mellom museum finansierte over kulturbudsjettet og kulturminneforvaltninga under Miljøverndepartementet.

Medan dei eldre gjenstandsamlingane ved dei ulike musea i stor grad speglar lokale særkjenne i dei materielle kulturytringane, stiller dokumentasjon av masseprodusert gjenstandstilfang frå samtida heilt andre krav til samordning og samarbeid museum imellom for å unngå overlappande innsatsar og udekte felt. Elles har det frå statleg hald sidan byrjinga av 1990-åra vore lagt vekt på å arbeida meir systematisk på grunnlag av innsamlings- og forskingsplanar.

*Norsk museumsutvikling* vart skipa i 1994 som eit sentralt statleg fagorgan for samordning og utvikling, og ei uavhengig evaluering departementet fekk gjennomført i 2001, konkluderte med at dette har vore ei særskilt vellukka etablering, og at arbeidet har hatt ein påtakleg effekt og høg opplevd nytteverdi for musea. Det framstår som Norsk museumsutvikling har kome inn og fylt eit udekt behov innanfor ein institusjonelt sterkt fragmentert sektor. Norsk museumsutvikling er frå 1. januar 2003 ein integrert del av den nye institusjonen *ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum*.

Norsk museumsutvikling har ikkje minst arbeidd med bevaring og sikring av museumssamlingar. Ulike undersøkingar i 1990-åra har vist at den fysiske tilstanden for dei norske museumsamlingane gjennomgåande er alarmerande dårlig. Det er eit stort registreringsetterslep, mykje er oppbevart i dårlig eigna lokale med mangefull kontroll av lys, temperatur, fukt, ureining og skadedyr. I ei stor museumsutgreiing frå 1996 (NOU 1996: 7 *Museum – mangfold, minne møtestad*) vart det gjort framlegg om ei eingongssatsing innanfor ei ramme på 380 mill. kroner for å ta att det tapte innanfor registrering og førebyggjande konservering. I abm-meldinga er det i staden for eit slikt

skippartak lagt opp til ei permanent styrking av driftsgrunnlaget ved musea tufta på langsiktige strategiar og fagleg opprusting.

Norsk museumsutvikling har også arbeidd med å leggja til rette for at musea tek informasjons- og kommunikasjonsteknologiske hjelpemiddel i bruk over eit breitt spekter. Den fragmenterte institusjonsstrukturen har ikkje skapt gode nok vilkår for at musea får utnytta det forskingspotensialet som ligg i museumssamlingane. Små einingar gjer at høgt kvalifisert vitskapleg personell brukar mykje tid til meir trivielle arbeidsoppgåver, og at dei i liten grad blir integrert i eit større fagleg miljø som ofte krevst for å halda seg fagleg oppdatert og for å kunne driva systematisk forsking.

I tillegg til å vera vitskapelege kunnskapsbankar til liks med arkiv og bibliotek har musea eit stort potensial for å fungera som sosiale og kulturelle møtestader og som arenaer for kunnskaps- og kunstopplevingar av mange slag. Med utgangspunkt i det grunnleggjande utstillingskonseptet er det etter kvart utvikla eit breitt spekter av museale formidlingsformer med appell til alle aldersgrupper; ikkje minst er born og unge ei viktig målgruppe. Innanfor Den kulturelle skulesekken er musea tiltenkte ei viktig rolle, og i 2003 har departementet fordelt 10 mill. kroner til 20 utvalde museum med krav om at dei utviklar eit tilbod som gjev ein auke på 5000 i talet på skuleelevar i organisert undervisning. Statistikken fortel generelt om ein klar auke i talet på museumsbesøk i 1980- og 1990-åra.

### 3.3.12 Språk

Språkpolitisk har perioden 1980–2000 vore markt av ei generell avideologisering, noko som mellom anna heng saman med at dei viktigaste fløyene i språkpolitikken har vore orienterte mot samarbeid i *Norsk språkråd*. Dette har i stor grad vore konsentrert om normering, først og fremst i høve til det formale nivå av språket, som ortografi, bøyning og praktiske skriveregler. Utviklinga gjekk lenge i retning av større valfridom, men i åra fram mot tusenårsskiftet endra dette seg, og Språkrådet har den siste tida arbeidd for å redusera valfridommen.

Undersøkingar av avisspråk underbyggjer inntrykket av at skilnaden mellom det offisielle bokmålet og den uoffisielle riksmålsvarianten i dag er mindre markert enn tidlegare. I faktisk språkbruk er det såkalla moderat bokmål som synest å dominera. Eit visst innslag av riksmålsformer er likevel vanleg, men tradisjonelle faneformer som til dømes *nu, etter, sne* o.l. er på det nærmeste borte frå avisspaltene. Også i skjønnlitteratur og faglittera-

tur, i forvaltning og næringsliv og i meir private samanhengar synest moderat bokmål, med visse riksmålsinnsLAG, å dominera, men dette er ikkje undersøkt systematisk på same måte som for avis-språket, og det finst klåre unnatak, ikkje minst i skjønnlitteraturen.

I nynorsk ser det ut til å ha utvikla seg ei tode-ling i ord- og formval. På den eine sida har vi ei nøy-tral, dominerande midtnorm, knytt til praksis i viktige nynorske mediebedrifter. På den andre sida kan ein registrera nokre randvariantar, merkte av regional tilknyting, språkpolitisk syn o.l. Det er dessutan tydeleg at påverknaden frå bokmål er sterkare og til dels meir akseptert enn før. Bok-målsprega ord er i bruk side om side med meir tra-disjonelt nynorsk ordtilfang. Det synest heller ikkje lenger å vera særleg stor skilnad mellom bok-mål og nynorsk i setningsbygning og stilføring. Undersøkingar viser at mange av dei språkfeila nynorskbrukarar gjer, er direkte påverknad frå bokmål.

Medan bokmålet er ein underliggende dyna-mikksparkar for nynorsk, har engelsk ein tilsva-rande funksjon overfor norsk språk generelt. Både engelsk språkpåverknad og språkendringar som heng saman med meir interne utviklingstrekk, synest å spreia seg omtrent like mykje innanfor begge målformer. Det er særleg i ordtilfanget at slike endringar er synlege og tydelege. Mange nyord er karakteristiske vitnemål om den tida då dei kom til, til dømes *betal-tv* (1983), *fettsuging* (1984), *børstraktor* (1986), *datavirus* (1987), *skattekrymping* (1990), *eggdonasjon* (1993), *høgdehus* (1994), *nettleige* (1996), *fasttelefon* (1999) og *romtu-rist* (2001).

Særleg frå engelsk kjem ein stadig straum av lånord, til dømes *back-office*, *chatta*, *franchising*, *paintball*, *sub-woofer*, *workshop* osv. Men mange engelske ord er kan henda berre på vitjing, som gruppesspråk og sjargong, utan at ein veit om dei verkeleg vil etablera seg som eit fast innsLAG i norsk språk. Mindre tydeleg er andre typar påverknad, som omsetjingslån, til dømes *topptung*, etter *top heavy*, og tydingslån, dvs. ord som finst i språket frå før, men der tydinga eller bruksmåten er ny, som til dømes *realisera* i tydinga *innsjå*. Ein annan variant er nydanningar der ein låner sjølv omgrepet, men ikkje ordstoffet, som *tilbakemelding* frå det engelske *feedback*. Det er gjerne ord av dei siste typane Språkrådet lanserer som norske avløysar-ord til engelske ord.

Av meir språksystematiske utviklingsdrag kan nemnast spreiinga av sin-genitiven i talemålet frå vest og nord til aust og i skriftspråket frå nynorsk til bokmål, der han førebels er brukt særleg ved

særnamn, jf. *SAS sitt ruteopplegg*, dessutan tenden-sen i talemålet til samanfall mellom sj-lyd og kj-lyd. Meir enkeltståande endringar er ein tendens til genusskifte frå hankjønn til hokjønn i ord som *katastrofa*, *floka* o.l., overgang frå intransitiv til transitiv bruk av visse verb, til dømes «han *rauk* korsbandet» og fleirtalsbøyning av typen «*innsikter*, *praksisar*».

I talemålet er regionalisering eit markant utvi-klingsdrag, dvs. at dialektane i eit større område blir meir utjamna på grunnlag av folkeleg talemål i byane. Dette er særleg tydeleg på Sør-Austlandet, der former frå Oslo aust spreier seg, men det skjer òg ikring Kristiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim og i Nord-Noreg. Ein ser òg at det veks fram nye bymål gjennom tilnærming av tidlegare austkant- og vestkantspråk, mellom anna kjent frå Vestfold. Desse prosessane må nok sjåast i saman-heng med framvoksteren av større regionhovud-stader, utbreiing av regionavisar og distriktsse-dingar i radio og fjernsyn, truleg òg med ei generell velstandsutvikling og nedtoning av klasseskilje.

Eit utvida medietilbod har skapt nye arenaer for språkbruk, og vi har heilt nye medium, som e-post, prategrupper, heimesider og tekstmeldingar. Det er vorte lettare å koma til orde og koma på trykk, og mekanismane for kvalitetssikring er ikkje utbygde i same tempo. Den språkforma ein kan sjå, ber ofte merke av dette. Mange er ustøe når dei skal uttrykkja seg. Noko av det aller mest slåande i moderne skriftspråk er kanskje tendensen til å særskriva samansette ord (*konferanse avgift*), til å nytta stor førebokstav i ord som ikkje er særnamn (vi skal ha *Kokt Laks*), og til å markera eigeform med apostrof etter engelsk mønster (*Unni's*).

I talemålet er skiljet mellom det private og det offentlege i endring, til dømes gjennom tendensen til privat småpludring som eit stilideal i munnleg etermediespråk eller ved at høflege pronomen er avløyste av direkte og utfordrande språkkonven-sjonar i ymse debattprogram.

Eit interessant spørsmål er kva ulike former for ungdomsspråk kan tenkjast å innebera for den generelle språkutviklinga. Til dømes vert det i pra-tegrupper på nettet og i SMS-meldingar ofte nytta ein talemålsorientert ortografi som avspeglar ei uformell og intim kommunikasjonsform, kan henda eit slags opprør mot den meir formelle vak-senverda. Ungdomsspråk kan elles særmerkja seg gjennom taletempo, bruk av småord, dramatisering, kodeveksling og liknande. Det har òg vaks fram variantar av ungdomsspråk med mange ord frå store innvandrarspråk, kalla «kebabnorsk», «salsanorsk» osb., variantar som òg vert nytta av norsk ungdom utan innvandrarbakgrunn og ikkje

berre i Oslo. Forsking frå Danmark viser elles at opprørsk bruk av engelsk blant ungdom er ein viktig innfallsport for engelske lånord i dansk og utgjer ei kraft som gjev status til engelsk i breie grupper.

Engelske lånord og annan engelskpåverknad kjem òg inn gjennom nye media av ulike slag. Dessutan utgjer reklamen ein enorm tekstmasse, der mykje er på engelsk. Slik påverknad er nok òg eit resultat av utvida reising, auka innvandring, og ikkje minst skule og utdanning.

Samstundes skjer påverknaden frå engelsk på ein annan og ikkje fullt så synleg måte, gjennom det som vert kalla domenetap for norsk, dvs. tendensen til at engelsk vinn og norsk taper status i samfunnet, at norsktalande i praksis vel bort norsk i aukande grad. Til no er det fyrst og fremst innanfor næringslivet og i forsking og høgare utdanning at ei slik utvikling er registrert. I visse delar av desse skjerma sektorane er det ein tendens til at meir og meir av kommunikasjonen går føre seg på engelsk. Til dømes gjer overnasjonal eigarskap sitt til at stadig fleire selskap går over til engelsk som administrasjonsspråk.

Eit uttrykk for domenetap er det òg når stadig færre publikasjonar frå norske forskrarar er på norsk, og når stadig færre av dei som tek doktorgraden, skriv avhandlinga på norsk. I dag ligg gjennomsnittet berre på vel 20 pst., og då er det lite som skal til før den norskspråklege vitskaplege sakprosaen generelt kan koma i krise. Kva for språk det vitskaplege personalet nyttar seg imellom i andre samanhengar, er ikkje undersøkt, men ein kan trygt slå fast at norsk er i ein pressa situasjon som akademisk bruksspråk. For somme av faga, nemleg dei som har si viktigaste kontaktflate i det norske samfunnet, kan ei svekking verta alvorleg, både for rekruttering, legitimitet og kanskje generell funksjonsevne.

Ei svekking av slik språkleg infrastruktur kan på lengre sikt føra til meir markante endringar i norsk språk og i det norske språksamfunnet enn dei utviklingsdraga som det elles er gjort greie for ovanfor.

Samisk språk og minoritetsspråka finsk/kvensk, romani og romanes vert omtala i kap. 4.2.2 og kap. 12.10.



Figur 4.1

*Del II*  
*Verkemidla i kulturpolitikken*



## 4 Den faktiske verkemiddelbruken i den noverande norske kulturpolitikken

### 4.1 Innleiande merknad

I dette kapitlet vert det gjeve eit grovt oversyn over dei styringsreiskapane som vert nytta for å gjennomføra kulturpolitiske tiltak på statleg nivå. Det vert òg gjort greie for visse hovuddrag i det som skjer på fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

Med politikk forstår vi implementering av policies – bruk av lovheimla, økonomiske, organisatoriske, informerande og kontrollerande verkemiddel for å nå visse mål. Jamvel om vi splittar opp verkemidla i dei fem nemnde kategoriene, lyt vi med det same presisera at desse i og for seg ulike typane verkemiddel heng nært og nøye i hop. Det er ofte tale om eit samvirke der til dømes informative verkemiddel vert sett inn for å tryggja gjennomføringa av ei lov, eller der økonomiske ytingar har som føresetnad at eit tiltak er organisert på ein viss måte og at ressursbruken skal kunna kontrollerast osb.

### 4.2 Lover og forskrifter

Det er ei vanleg oppfatning at lover i liten grad vert nytta som styringsreiskapar innanfor kultursektoren. Dette må modifiserast noko. Innanfor det saksfeltet som denne meldinga femner om, har Kultur- og kyrkjedepartementet heilt eller delvis forvaltningsansvar for i alt 17 lover. I kronologisk orden dreier dette seg om følgjande lover:

- Lov 4. november 1948 nr. 1 om avgift på omsetning av billedkunst
- Lov 13. desember 1948 nr. 5 om Riksteatret
- Lov 14. desember 1956 nr. 4 om avgift på offentlig framføring av utøvende kunstneres prestasjoner m.v.
- Lov 23. oktober 1959 om oreigning av fast eigedom, § 2 nr. 4 (grunn til museum) og 34 (grunn til møtehus o.a.)
- Lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk m.v.
- Lov 9. april 1965 nr. 1 om avgift til Det norske komponistfond
- Lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd

- Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, § 23 (utførsleforbod) og §§ 23 a – 23 f (tilbakelevering av kulturgjenstandar)
- Lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste
- Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek
- Lov 29. mai 1987 nr. 23 om bibliotekvederlag
- Lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold, kap. 3 om samisk språk
- Lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument
- Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn
- Lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespel mv.
- Lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv
- Lov 28. mai 1993 nr. 52 om vederlag for visning av billedkunst og kunsthåndverk m.v.

Av dette oversynet går det fram at det dreier seg om lovgjeving av nokså ulik karakter. I tillegg finst det føresegner i fleire lover av generell karakter som spelar, eller i det minste kan spela, ei viktig rolle som kulturpolitisk verkemiddel. Vi vil i det følgjande også nemna ein del slike, når dei uttrykkelig vedkjem aktørar, institusjonar eller sektorar innanfor kulturfeltet.

#### 4.2.1 Lovfeste rettar for kunstnarar

Ei gruppe lover kan som verkemiddel i kulturpolitikken omtalast først og fremst som kunstnarpolitiske ordningar. Dette gjeld:

- Lov 4. november 1948 nr. 1 om avgift på omsetning av billedkunst
- Lov 14. desember 1956 nr. 4 om avgift på offentlig framføring av utøvende kunstneres prestasjoner m.v.
- Lov 9. april 1965 nr. 1 om avgift til Det norske komponistfond
- Lov 29. mai 1987 nr. 23 om bibliotekvederlag
- Lov 28. mai 1993 nr. 52 om vederlag for visning av billedkunst og kunsthåndverk m.v.

Vidare må særskilt nemnast *lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk m.v.* som er ei allmenn

lov, men som har mange føresegner som særskilt vedkjem kunstnarar, jf. nedanom. *Lov 14. mars 2003 nr. 15 om beskyttelse av design (designlova) som gjer det mogeleg å få eimerett til ny design i ein avgrensa periode, kan òg nemnast her.*

Dei ulike avgiftene og vederlagsordningane konstituerer ein del av den økonomiske ramma for arbeidet å visse kunstnargrupper, og åndsverklov-gjevinga gjev opphavsrettshavarane ein viss kontroll med bruken av det dei har skapt. For institusjonar, verksemder og prosjekt innanfor kultursektoren dannar føresegner i desse lovene på ulike vis formelle og økonomiske rammevilkår for aktivitar og tiltaksplanar.

*Bildende Kunstneres Hjelpefond* er tufta på avgifta på omsetning av biletkunst, jf. lov 4. november 1948 nr. 1, som fastset at ved all offentleg omsetjing av biletkunst skal kjøparen i tillegg til kjøpesummen betala 3 pst. av denne som avgift til eit særskilt hjelpefond. Fondsmidlane skal nyttast til å stø biletkunstnarar som bur og i hovudsak har sitt virke i Noreg, deira etterlatne og andre føremål til å fremja norsk biletkunst. I 2002 var inntektene til fondet ca. 14,7 mill. kroner. Same året fordele fondet i alt 13,6 mill. kroner. Av dette vart 7,8 mill. kroner (57 pst.) ytt som varig stønad, tilleggsstønad eller stipend til eldre kunstnarar og etterlatne, 5,2 mill. kroner (38 pst.) til stipend og 0,7 mill. kroner (5 pst.) til andre føremål. Følgje-rettsdirektivet (Europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/84/EU om følgjerett til fordel for opphavsmannen til eit originalkunstverk) gjev opphavsmannen ein rett til individuelt vederlag i form av ein viss del av salssummen ved vidaresal av eit originalt biletkunstverk (følgjerett). Direktivet vart teke inn i EØS-avtala ved Stortingets handsaming av St.prp. nr. 49 (2002–2003), jf. Innst. S. nr. 228 (2002–2003). Gjennomføringa krev visse brigde i lova om avgift på biletkunst. Ein eigen lovproposisjon om gjennomføringa av direktivet skal fremjast.

*Fond for utøvande kunstnarar* er tufta på inntektene frå avgifta på prestasjonane åt utøvande kunstnarar, jf. lov 14. desember 1956 nr. 4. Dette fondet er ei kulturpolitisk ordning og avgiftsplikta er no avgrensa til offentleg framføring av verk som ikkje er vederlagspliktige etter åndsverklova, jf. Ot.prp. nr. 15 (1999–2000) og Innst. O. nr. 67 (1999–2000). Fondet hadde i 2000 vel 22 mill. kroner i samla inntekter. Av dette kom vel 18 mill. kroner profesjonelle utøvande kunstnarar til gode i form av stønad til innspeling av fonogram i Noreg, prosjektilskot, reisestønad, kurs og seminar, stipend for vidareutdanning, debutstønad, priser m.m. Dei som mottek tilskot, må bu og i hovudsak

ha sitt virke i Noreg. Førebels er berre føresegna om avgift for framføring av prestasjonar gjennom kringkasting sett i verk. Fondsinntektene vil auka monaleg når alle avgiftsføreseggnene i lova vert sette i verk fullt ut.

*Det Norske Komponistfond* er tufta på dei avgiftsinntektene som følgjer av lov 9. april 1965 nr. 1. TONO og NCB (Nordisk Copyright Bureau) står føre innkrevjinga av avgifta. Fondsmidlane går til komponistar som bur og i hovudsak har sitt virke i Noreg, deira etterlatne og andre føremål for å fremja norsk skapande tonekunst. Gjennom fondet vert det ytt tilskot til tinga verk (med 4,2 mill. kroner i 2001) og til komponistorganisasjonar (med 1,6 mill. kroner i 2001).

*Bibliotekvederlaget* er kulturpolitisk grunn-gjeve. Staten betaler eit årleg kollektivt vederlag for bruken av verk som er utgjevne i Norge, og som vert nytta til utlån i offentlege bibliotek. Løyvinga til dette føremålet er tufta på ein avtale mellom departementet og 22 organisasjonar med forhandlingsrett til denne vederlagsordninga. Noverande avtale gjeld for åra 2002 – 2004. I 2002 vart det betalt i alt ca. 61,7 mill. kroner til dei ulike fonda som nyt godt av desse midlane. Jf. elles St.prp. nr. 1 (2002–2003) kap. 321 Kunstnarføremål post 75 Vederlagsordningar.

*Visningsvederlaget* er også kulturpolitisk grunn-gjeve. Staten betaler eit årleg kollektivt vederlag for offentleg framsyning av biletkunst, fotokunst og kunsthandverk som er skapt i Noreg eller av norske og samiske kunstnarar, og som tilhører offentlege eller offentleg støtta institusjonar. Løyvinga til dette føremålet er tufta på ein avtale mellom departementet og fire organisasjonar. Noverande avtale gjeld for åra 2003 – 2005. I 2002 vart det betalt i alt ca. 22,6 mill. kroner til dei aktuelle fonda. Jf. elles St.prp. nr. 1 (2002–2003) kap. 321 Kunstnarføremål post 75 Vederlagsordningar.

Det ligg utanfor ramma av framstillinga her å gjera greie for åndsverklova, men det er naudsynt å streka under at denne lova tryggjer kunstnarar inntekter frå det dei har skapt eller utøvd. At desse rettane er opphavsrettslege, inneber at opphavspersonar frå andre land som hovudregel har same rettar som norske rettshavarar. Følgjeleg er det berre delar av dei vederlagsmidlane som tilflyt dei forvaltande organisasjonane, som kjem norske rettshavarar til gode. Avrekning og utbetaling refererer seg i hovudsak til verksemder som fann stad året før:

- TONO, som representerer rettar til musikkverk, hadde i 2002 inntekter på 238,5 mill. kroner og avrekna same året 64,2 mill. kroner i individuelt vederlag til norske rettshavarar. Dei

- overførte også 4,1 mill. kroner til komponistfondet.
- NCB (Nordic Copyright Bureau), som forvaltar lydfestingsrettar, fekk i 2002 inn 115,1 mill. kroner i Noreg og avrekna same året 31,8 mill. kroner individuelt til norske rettshavarar. I tillegg overførte dei 1,9 mill. kroner til Det Norske Komponistfond.
  - GRAMO fekk i 2002 inn i alt 83,4 mill. kroner i vederlag for sekundærbruk av lydopptak i kringkastingssendingar, innkopiering og offentleg framføring. Dei utbetalte same året i alt 57 mill. kroner til norske og utanlandske rettshavarar. Det finst ikkje tal i årsrekneskapen som spesifiserer kor mykje av dette som vart utbetalte til norske rettshavarar. Av den utbetalte summen var 8,1 mill. forelda, «herrelause» midlar, som vart disponerte til organisasjons- og prosjektstøtte for produsent- og utøvarsektoren.
  - NORWACO, som forvaltar rettar i tilknyting til vidaresending av kringkastingsprogram i kabelnett, fekk i 2002 inn 112,3 mill. kroner i vederlag og fordele 16,2 mill. kroner til norske rettshavarar, i hovudsak kollektivt til ymse fond og organisasjoner.
  - KOPINOR, som forvaltar rettar i tilknyting til kopiering, hadde i 2002 samla inntekter på 204,7 mill. kroner og utbetalte 185 mill. kroner til norske rettshavarar, i hovudsak kollektivt til ymse fond og organisasjoner.
  - BONO, som forvaltar rettar for biletkunstnarar, hadde i 2002 inntekter på 4,9 mill. kroner og utbetalte 3,8 mill. kroner til norske rettshavarar.
  - LINO, som forvaltar rettar for skribentar, dvs. rettar som ikkje er overdrigne til forlag, hadde i 2002 inntekter på 2,1 mill. kroner. Dei utbetalte 1,9 mill. kroner i individuelt vederlag til norske rettshavarar.

I tilknyting til dei opphavsrettslege vederlagsordningane skal også nemnast avtala mellom staten og organisasjonane for biletkunstnarar om utstillingsvederlag til opphavspersonen når eit kunstverk som tilhører opphavspersonen, er med på utstillingar som staten konkret eller gjennom generell driftsstøtte har gjeve tilskot til. Det er uråd å gje eit sikkert tal for det samla vederlaget som tilflyt biletkunstnarar etter denne avtala, men overslagsvis dreier det seg om ca. 5,5 mill. kroner årleg.

Fleire føresegner i *skattelova* vedkjem uttrykkjeleg kunstnarar:

- § 4–2 slår fast at rett til åndsverk ikkje skal reknast med i skattepliktig formue så lenge retten tilhører opphavspersonen.
- § 5–15 (1) j nr. 1; kunstnarløn løyvd av Stortinget skal ikkje reknast som inntekt.
- § 6–31 (2) inneholder ein særregel om minstefrådrag for forfattarar.
- § 14–3 (2) slår fast at kontantprinsippet skal gjelda for inntekt ved sal av eigenproduserte kunstverk.
- § 14–5 andre ledet bokstav d nr. 2 gjev heimel for å fastsetja i forskrift særskilde reglar for vurdering av varelager for kunstnarar som tilverkar kunstverk utan fysisk bruksføremål, jf. § 14–5–2 i skatteforskrift 19. november 1999 nr. 1158.
- § 14–80 gjev opphavsmann til åndsverk høve til å krevja ei utjamning av inntekta over dei siste tre åra når personinntekta sistre året monaleg overstig inntekta i dei to føregående åra.

Vidare finst det ein unnataksregel i *lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift*:

- § 5 fyrste ledet nr. 1 bokstav a gjev unnatak for opphavspersonen ved eiga utnytting av eigne litterære og kunstnarlege verk og for omsetjing ved mellommann i opphavsmannens namn.

Med heimel i *lov 13. juni 1980 nr. 24 om likningsforvaltning* § 5–2 og kgl. res. 3. februar 1989 nr. 74 er det fastsett ei eiga forskrift om rekneskapsføring for biletkunstnarar, jf. forskrift 21. februar 1995 nr. 180. Etter denne skal kontantprinsippet følgjast for inntekts- og utgiftsføring ved tilverking og sal av eigenproduserte kunstverk.

#### 4.2.2 Lovgjeving om språkspørsmål

Om språkspørsmål finst det fleire lover. *Lova om Norsk språkråd* er spesiell i den meining at ho regu-



Figur 4.2

lerer ein heilt ut statleg aktivitet, dvs. at staten i prinsippet kunne ha gjennomført desse tiltaka utan å ty til lov som verkemiddel. Når lovforma likevel er vald, heng det saman med at utviklinga av norsk skriftspråk i meir enn hundre år har vore eit kulturpolitiske stridstema. Norsk språkråd vart skipa i byrjinga av 1970-åra, og eit siktemål var såleis å medverka til ei avspenning i språkstriden. Lova vart endra i 2002 ved at føresegna om ei tilnærming mellom dei to målformene vart oppheva, jf. Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) og Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Det materielle innhaldet i lova avgrensar seg til dei oppgåvane Språkrådet skal ha. Nærare om samansetjinga, organiseringa og verksemda overlét lova til Kongen å fastsetja. Departementet arbeider no med ei omdanning av Norsk språkråd til å verta eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk, jf. omtale av dette side 19–20 i St.meld. nr. 9 (2001–2002) og side 98 i St.prp. nr. 1 (2002–2003) for Kultur- og kyrkjedepartementet.

*Lova om målbruk i offentleg teneste* skal tryggja at statlege organ nyttar både målformene etter nærmere gjevne reglar og at private får svar frå offentlege organ i samsvar med eige målynks. Lova fastset dessutan at det kvart fjerde år skal leggjast fram ei melding for Stortinget om målbruk i offentleg teneste. Dei seinaste dokumenta er St.meld. nr. 9 (2001–2002) og den tilhøyrande Innst. S. nr. 109 (2001–2002). Mellom anna som grunnlag for den rapporteringa som inngår i desse meldingane, fører Kultur- og kyrkjedepartementet i samarbeid med Norsk språkråd eit årvisst tilsyn med korleis føresegna i denne lova vert etterlevde i store og små statsorgan. Måollova inneheld reglar som formelt har samband med saksførehavinga i statleg forvaltning og har såleis som lovtype visse felstrekk med forvaltningslova og lova om offentleg innsyn, men i sitt innhald har reglane i måollova eit klårt kulturpolitiske siktemål.

*Lov om stadnamn* regulerer fastsetjing av skrivemåten for stadnamn når desse skal brukast i offentlege samanhengar, både i kommunal, fylkeskommunal og statleg sektor. Hovudregelen er at ein ved fastsetjing av skrivemåten skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, samisk og finsk (for finske/kvenske namn i Nord-Noreg). Lova gjev òg reglar for bruk av stadnamn i fleirspråklege område. Det er oppretta ei desentralisert namnekonsulentteneste, som for norske språklege namn er knytt til dei fire universiteta. Det er dessutan namnekonsulentteneste for samiske namn og for finske/kvenske namn og ei eiga klagenemnd. I medhald av lova er det oppretta eit sentralt stadnamnregister ved Statens kartverk. Dit skal alle

namnevedtak meldast. I 2001 vart lova evaluert, og evalueringssrapporten har vore på høyring. Med bakgrunn i evalueringa og høyringsfråsegnene førebur departementet no endringar i lova, særleg med sikte på å forenkla saksgangen, fjerna eller mjuka opp uheldige føresegner og innføra føremålsparagraf og reglar om namnevern.

Kultur- og kyrkjedepartementet har forvalningsansvar for kap. 3 om samisk språk i *lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold*. Føresegna om samisk språk er både prinsipielt og praktisk viktige for å tryggja vidareføringa av den samiske kulturen. Forvaltningsområdet for samisk språk er fem kommunar i Finnmark og éin i Troms. Grunna omorganisering i Sametinget vart det nyleg gjort visse endringer i lovføresegna om samisk språk, jf. Ot.prp. nr. 114 (2001–2002) og Innst. O. nr. 13 (2002–2003). Nærare føresegner om samisk språk er fastsette i forskrift 2. januar 2003.

I 1992 vart det vedteke ei europeisk pakt om regions- og minoritetsspråk. Noreg ratifiserte pakta alt i 1993, men pakta tok til å gjelda først frå 1. mars 1998. Del II i pakta fastset siktemål og prinsipp for den plikta statane har for å tryggja vernet om og å styrkja minoritetsspråka. Aktuelle norske minoritetsspråk er samisk og kvensk/finsk, dessutan romanes og romani som er ikkje-territoriale språk. Del III i pakta inneheld meir omfattande og detaljerte føresegner som legg konkakte plikter på statane om bruk av minoritetsspråk på ulike felt, mellom anna innanfor utdanningssektoren, rettsstellet og i den offentlege forvaltninga. For Noreg er del III berre gjeven verknad for samisk.

#### **4.2.3 Lovverk innanfor abm-feltet**

*Lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv* vart sett i verk frå 1. januar 1999. Lova gjev eit samla heimegrundlag for alle føresegner om arkiv. Lova har fleire siktemål. For det fyrste er arkiv ein viktig del av det samla kulturvernet. Arkiva inneheld viktige vitnemål om norsk samfunnsliv i fortid og notid. Det gjeld om å tryggja at dette dokumentasjonsmaterialet står til rådvelde for forsking og anna kjeldestudium både no og i framtida. Samstundes er det viktig å vera om arkiva av omsyn til den forvaltningsmessige bruken av arkivinformasjon og dessutan å tryggja dokumentasjon av rettslege interesser.

Etter ei lovendring i 2000 er dokumentomgrepet i arkivlova å definera som «ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring». Tilsvarande definisjon vart òg teken inn i for-

valtnigslova og lova om offentleg innsyn. Dette er ei vidare tilpassing til den nye røyndommen som elektroniske arkiv inneber. Med heimel i arkivlova er det fastsett ei omfattande forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift 11. desember 1998 nr. 1193. Somme av føresegne, i hovudsak dei som vedkjem journalføring, har i tillegg heimel også i lova om offentleg innsyn, og ei anna føresegn er heimla i alle dei tre nemnde lovene.

Sett frå ein kulturvernsstad dekkjer arkivlova og *lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument* to sider av same sak. Både lovene skal tryggja grunnlagsmateriale for forsking m.m. i notid og framtid. Lova om avleveringsplikt pålegg alle som gjev ut eller på annan måte gjer tilgjengeleg for allmenta informasjon på eit eller anna medium, å avleverta eit visst tal eksemplar av dokumentet til staten. Lova er ei kortfatta fullmaktslov, og dei fleste fullmaktene som i lova er tillagde Kongen, er ved kgl. res. 25. mai 1990 delegerte til departementet. Meir detaljerte føresegner om kven som har avleveringsplikt, kvar dokumenta skal sendast m.m. er fastsette i forskrift 25. mai 1990.

Denne lova er eit heilt avgjerande rammevilkår for *Nasjonalbiblioteket*. Ho tryggjer kontinuerleg supplering av samlingane ved at utgjevarar, prenteverk m.fl. sender inn nye bøker, tidsskrift, lydfestinger m.m. Mottaket av denne dokumentstrauenen er i hovudsak knytt til Nasjonalbiblioteket i Rana, men somme dokumentslag vert innsende til avdelinga i Oslo (musikk), og filmar og videogram skal avleverast til Norsk filminstitutt. Lova er også viktig for universitetsbiblioteka, som mottek brukseksemplar av nye bøker og tidsskrift frå det sentrale mottaket ved Nasjonalbiblioteket i Rana. Det same gjer Samisk spesialbibliotek i Karasjok av publikasjonar på samisk.

*Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek* er det naturleg å sjå i eit folkeopplysningsperspektiv; lova skal tryggja at folk flest har rimeleg lett tilgang til allmenn litteratur m.m. Noreg har hatt lover om folkebibliotek sidan 1935. Medan dei tidlegare lovene gav staten heimel for å gje reglar for og stilla ei rekke krav til standard, drift og organisering av folkebiblioteka, er nogjeldande biblioteklov først og fremst ei rammelov utan føresegner om kommunalt løyvingsnivå, statstilskot og vilkår for slikt. Lova slår likevel fast at det skal vera eit folkebibliotek i kvar kommune og eit fylkesbibliotek i kvart fylke, at utlån skal vera gratis og at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef.

I ulike samanhengar er det reist spørsmål ved føresegne i den nogjeldande lova, jf. til dømes

drøftinga i St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling*. Mellom anna av di mange kommunar ikkje har lukkast med å tilsetja fagutdanna bibliotekar og mange lokale bibliotek har særslig avgrensa opningstid, er det behov for betre samarbeid over kommunegrensene. I Ot.prp. nr. 82 (2002–2003) vart det gjort framlegg om nokre mindre endringar i lova, som mellom anna opnar for større grad av forsøksverksemd, samstundes som det vart varsle ein samla lovrevisjon seinare som lekk i eit vidare utgreiings- og utviklingsarbeid for heile bibliotekfeltet. Stortinget slutta seg til dei tilrådde lovendringane, jf. Innst. O. nr. 125 (2002–2003). Endringane tok til å gjelda frå 1. august 2003.

Posten Norge BA verkar på grunnlag av konseksjon fastsett av Samferdselsdepartementet 26. september 2001 med heimel i *postlova*. I pkt. 3.3 i konsesjonsvilkåra heiter det mellom anna følgjande:

«Posten skal for sendinger med blindeskrift, lydkassettar og lignende mellom blinde samt mellom blinde og godkjent institutt for blinde/bibliotek, tilby tjenestene (...) uten å kreve vedrlag fra avsender eller mottaker ...»

For Norsk lyd- og blindeskribtbibliotek er dette ei overlag viktig føresegn.

Om museum finst det inga eiga lov, men føresegner i somme lover har konkret relevans for denne sektoren. *Oreigningslova* § 2 nr. 4 gjev heimel for å oreigna fast grunn til museumsføremål. Slike saker førekjem sjeldan, men det er i nokre tilfelle gjeve samtykke til oreigningsinngrep som har vore særslig viktig for det aktuelle museet.

For mange museum spelar *kulturminnelova* ei viktig rolle. Særleg gjeld dette for dei fem arkeologiske landsdelsmusea (fire universitetsmuseum og Arkeologisk museum i Stavanger) og dei tre sjøfartsmusea i Oslo, Stavanger og Bergen, som alle i forskrift til kulturminnelova er tillagde særskilde forvaltningsfullmakter innanfor sine respektive geografiske område. Dessutan eig eller forvaltar mange museum bygningar, party o.a. som er freda med heimel i denne lova. Kulturminnelova sorterer under Miljøverndepartementet, men Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for § 23 og §§ 23a–23 f.

Paragraf 23 fastset utførsleforbod for visse kategoriar kulturminne, med mindre det er innhenta særskilt løyve. Føremålet med dette forbodet er å verna om og ta vare på faste og lause kulturminne som ein del av Noregs kulturarv og historie og dessutan å tryggja dokumentasjon og kunnskap om dei kulturminna som det vert gjeve løyve til å

føra ut or landet. Samtykke til utførsle skal normalt gjevast om ikkje objektet er særskilt viktig for forsking eller bevaring og formidling av landets kulturarv.

Etter §§ 23a–23 f i kulturminnelova skal ein kulturgjenstand som fysisk finst i Noreg, men som er ulovleg fjerna frå ein stat som inngår i EØS-samarbeidet eller er medlem i Unidroit-konvensjonen av 24. juni 1995, leverast attende til denne statens territorium etter visse reglar.

Vidare finst det ein UNESCO-konvensjon frå 1970 om tiltak for å forby og hindra ulovleg import og eksport av kulturgjenstandar og ulovleg overføring av eigedomssrett til slike gjenstandar. Konvensjonen pålegg medlemsstatane plikt til mellom anna å innføra innførsle- og utførsleforbod for nærmere definerte kulturgjenstandar, syta for at det er kompetente forvaltningsorgan for vern av kulturgjenstandar, og dessutan å fastsetja føresegner om attendelevering. Siktemålet er å førebyggja utarning av kulturarven i opphavslanda. Noreg vil venligvis ratifisera denne konvensjonen våren 2004.

Fleire føresegner i *skattelova* har direkte meinung for institusjonar innanfor abm-feltet, ikkje minst for museum:

- § 6–42 gjev mellom anna rett til skattefrådrag for tilskot til institutt som under medverknad av staten førestår vitskapleg forsking. Dersom tilskotet er meir enn kr 10 000, kan frådraget ikkje overstiga 10 pst. av inntekta å skattytaren.
- § 6–50 gjev rett til skattefrådrag for pengegåver til visse friviljuge organisasjonar, mellom anna (bokstav f) til organisasjonar som driv kulturværn, miljøvern, naturvern eller dyrevern. Det kan maksimalt trekkjast frå kr 6 000 etter denne paragrafen. Som friviljug organisasjon skal i denne samanhengen reknast selskap, stifting eller samanslutning som har sete her i landet, og som ikkje har ervervsføremål.

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift er det fleire unnataksreglar med relevans for abm-feltet:

- § 5 første leden nr. 1 bokstav c gjev unnatak for museum, arrangørar av utstillingar m.fl. ved omsetjing av katalogar, program, prospektkort og suvenir.
- § 5 første leden nr. 1 bokstav d gjev unnatak for velgjerande og allmennyttige institusjonar og organisasjonar ved omsetjing av ymse varer.
- Etter § 62 femte leden kan det gjevast forskrift om avgiftsfri innførsle av varer som etter særskild føresegn kan innførast tollfritt. Etter UNESCO-overeinskomst av 22. november 1950

er det tollfri import av samlar- og kunstgjenstandar til offentlege galleri, museum og andre offentlege institusjonar som «importlandets kompetente myndigheter har godkjent for tollfri innførsel av slike gjenstandar som ikke skal videreselges». I same utstrekning som tollfridom vert innvilga, er det òg fastsett fritak for meirverdiavgift for slik import, jf. forskrift 12. desember 1975 § 5 nr. 3.

#### **4.2.4 Lover og lovføresegner som vedkjem kunstinstitusjonar**

Omgrepet kunstinstitusjon inkluderer i denne samanhengen ikkje kunstmuseum. Dei står i desse spørsmåla på line med andre museum, jf. kap. 4.2.3 ovanfor. Alt i alt må det kunna seiast at det er få lover og lovføresegner som konkret og uttrykkjelag gjeld institusjonar innanfor kunstfeltet.

Eit unnatak er *lov 13. desember 1948 nr. 5 om Riksteatret*. Denne lova er spesiell i den meining at ho regulerer ein heilt ut statleg aktivitet, som staten vil kunna driva utan å ty til lov som verkemiddel. Lova nøyser seg ikkje med å fastslå føremålet med verksemda, men skildrar i tillegg i detalj korleis dette målet skal nåast, korleis utgiftene skal dekkjast, storleiken på og oppnemningsperioden for styret og funksjonstida for teatersjefen.

Ei føresegn i *skattelova* kan ha interesse for ein del tiltak innanfor kunstlivet:

- § 6–50 gjev rett til skattefrådrag for pengegåver til visse friviljuge organisasjonar, mellom anna slike som driv barne- og ungdomsretta arbeid innan musikk, teater, litteratur, dans, idrett, friluftsliv o.l., jf. bokstav b. Det kan maksimalt trekkjast frå kr 6 000 etter denne paragrafen. Som friviljug organisasjon skal i denne samanhengen reknast selskap, stifting eller samanslutning som har sete her i landet og som ikkje har ervervsføremål.

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift er det nokre unnataksreglar som direkte eller indirekte er relevante for kunstinstitusjonar:

- § 5 første leden nr. 1 bokstav c gjev unnatak for mellom anna teater, kinoar og arrangørar av utstillingar, konserter og stemner ved omsetjing av katalogar, program, prospektkort og suvenir.
- § 5 første leden nr. 1 bokstav d gjev unnatak for velgjerande og allmennyttige institusjonar og organisasjonar ved omsetjing av ymse varer.

#### 4.2.5 Lovføresegner som vedkjem bokbransjen

*Lov 11. juni 1993 nr. 65 om konkurranse i ervervsvirksomhet* set i § 3–1 forbod mot samarbeid om og påverknad av priser, avansar og rabattar, § 3–3 set forbod mot samarbeid om og påverknad til marknadsdeling, og § 3–4 forbyr samanslutningar å fastsetja eller oppmoda til reguleringar. Bransjeavtalen mellom Den norske Bokhandlerforening og Den norske Forleggerforening byggjer på dispensasjon frå desse føresegnene. Arbeids- og administrasjonsdepartementet har gjeve slik dispensasjon fram til utgangen av 2004.

*I lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift* er det ein unnataksregel som er overlag viktig for bokbransjen:

- Etter § 16 fyrste leden nr. 8 skal det ikkje beta last avgift for omsetjing av bøker i siste omsetjingsleden. Det same gjeld for ein del tidsskrift etter nærmare spesifikasjonar i lovteksten. Av forskrift går det fram at avgiftsfritaket òg gjeld for lydbøker som er parallelutgåver til vanlege bøker. I same forskrifa vert det elles presisert at noter, notehefter og notebøker ikkje er omfatta av avgiftsfritaket.

Vidare er det ei føresogn i *skattelova* som òg er viktig for denne bransjen:

- § 14–5 andre leden bokstav d nr. 1 gjev heimel for å fastsetja i forskrift særskilde reglar for vurdering av varelager i bokbransjen, jf. § 14–5–1 i skatteforskrift 19. november 1999 nr. 1158.

#### 4.2.6 Lovføresegner om planlegging

*Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77* inneholder fleire føresegnere som har interesse for kulturfeltet. For det fyrste vert det slege fast i føremålsparragrafen – § 2 fyrste leden – at eitt av siktemåla er å tryggja estetiske omsyn. Dette vert nærmare utdjupa når det gjeld bygningar i § 74 nr. 2:

«Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstiller rimelige skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret.

Kommunen kan utarbeide retningslinjer for estetisk utforming av tiltak etter loven.»



Figur 4.3

I § 19–1 om fylkesplanlegging heiter det at dette planarbeidet skal samordna statens, fylkeskommunens og hovuddraga i kommunane si fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksamhetsområdet. Etter § 20–1 skal kommunane ha eit uavbrote planarbeid med sikte på å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine område.

### 4.3 Økonomiske verkemiddel

Framstillinga nedanfor avgrensar seg i hovudsak til ansvarsområdet åt Kultur- og kyrkjedepartementet med tilhøyrande underliggjande organ. Der det er naturleg vert tiltak og innsatsar under andre departement m.m. nemnde, men vi gjer til dømes ikkje detaljert greie for arbeidsfeltet åt Riksantikvaren og anna kulturminnevern under Miljoverndepartementet. Universitetsmusea, biblioteka i universitets- og høgskulesektoren og skulebibliotek i grunnskule og vidaregåande skule fell òg utanfor ramma for denne meldinga. Vi går heller ikkje nærmare inn på etatsmuseum, fagbibliotek e.l. som er underlagde eller mottekk tilskot frå andre departement eller underliggjande verksemder under desse. Den rolla Utanriksdepartementet spelar i formidling av norsk kultur til utlandet, lyt sjåast i samanheng med impulsstraumar i motsett lei; følgjeleg fell det naturleg å trekka inn dette på fleire punkt.

Kultur- og kyrkjedepartementet overførte frå 2002 forvaltningsansvaret for samiske kulturinstitusjonar og tiltak til Sametinget, som no forvaltar ei rammeløyving til kulturføremål, dvs. at det er opp til Sametinget å prioritera innanfor denne ramma.

Dei økonomiske verkemidla på kulturområdet kan kategoriserast på fleire måtar. Fyrst og fremst dreier det seg om ordinære løyingar over statsbudsjettet. Av dette går ein del til statlege institu-

sjonar og tiltak, men brorparten av desse løyvингane vert kanaliserete til tilskotsinstitusjonar som er organiserte som stiftingar, aksjeselskap, lutlag, medlemsforeiningar e.l. Ein mindre del går til individuelle mottakarar (kunstnarar) og ein endå mindre del vert overført til tiltak i kommunal sektor.

Andre ressurskjelder for ulike delar av kultursektoren følgjer direkte eller indirekte av ein del av dei lovne og lovføresegne det er gjort greie for under kap. 4.2 ovanom. Føresegna om at delar av speleoverskotet frå *Norsk Tipping AS* skal gå til nærmare spesifiserte føremål innanfor kulturfeltet, må i denne samanhengen framhevast særskilt. Viktige er òg reglar i dei relevante lovane om skattefritak og fritak for meirverdiavgift og tilsvarande avgrensingar i konkuranselovgjevinga. For ymse kunstnargrupper har dei lovfeste ordningane for fonds- og vederlagsmidlar mykje å sei. For heilskapen si skuld skal dessutan nemnast at somme legat kjem kunstnarar og kulturarbeidarar til gode, men alt i alt spelar desse ei lita rolle. For nokre museum er ordninga med statsgaranti for utstillinger frå utlandet viktige ved at det sparar desse institusjonane for trygdingskostnader.

Norske kulturtiltak nyt elles godt av prosjektmidlar både frå nordisk og europeisk hald. Tilskota frå *Nordisk Kulturfond*, *Nordisk Ministerråd* og EU-programmet *Kultur 2000* er i samla volum nokså avgrensa, men dei er prinsipielt viktige av di dei medverkar til samarbeid mellom aktørar i ulike land og dermed til å byggja internasjonale nettverk på kulturområdet. Etter at kultur vart ein del av EØS-avtala i 1995, har det det vore aukande norsk deltagning i europeiske samarbeidsprosjekt som sokjer tilskot frå EUs kulturprogram.

I framstillinga nedanom gjer vi eit skilje mellom midlar til investeringsføremål og midlar til andre føremål. Det siste dreier seg først og fremst om løpende drift av institusjonar og tiltak, men også om ad hoc-prega tilskot til prosjekt og utviklingsføremål, innkjøpsordningar m.m. Dette vert gjennomgått separat for kvart saksområde, for jamvel om det er mange gråsonar og overlappande interessefelt mellom dei ulike delane av kulturområdet, legg vi likevel til grunn at ei oppdelt framstilling gjev det beste oversynet.

#### 4.3.1 Investeringar

Statlege bygg vert finansierte over budsjettet å Arbeids- og administrasjonsdepartementet med Statsbygg som gjennomføringsaktør. Ikkje minst er ein serie bygg for Arkivverket gjennomførte etter denne modellen. Av pågående prosjekt er det likevel først og fremst nybygget for Den Norske

Opera som følgjer denne finansieringsordninga. Eit anna aktuelt prosjekt er det nye depotbygget ved Nasjonalbiblioteket i Rana, som vart teke i bruk i 2003.

Kategorien *nasjonale kulturygg* er bygg som heilt eller delvis vert finansierte med tilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet over kap. 320 Allmenne kulturføremål post 73 Nasjonale kulturygg. I 2003 mottek 14 prosjekt tilskot frå denne posten, og dei fleste av desse er såkalla fylkestunensarsstader. Svært mange prosjekt står på vente liste for tilskot frå denne posten. Departementet presenterer i den årlege budsjettproposisjonen ein investeringsplan med tilråding om prioriteringar og periodisering av tilskot for den komande fireårsbolken. I tillegg vert det lista opp dei prosjekta departementet er gjort kjent med, og som kan vera aktuelle for tilskot seinare, men desse varierer sterkt både med omsyn til prosjektutvikling og finansielle avklaringar. I 2003 er løyvinga på posten om lag 61,5 mill. kroner, men dette er eit etter måten lågt nivå. For å gjennomføra dei prosjekta som er tekne inn i investeringsplanen for åra fram til og med 2006, lyt løyvinga aukast monaleg i dei komande budsjetterminane.

Av den samla avsetjinga til *Norsk kulturfond* i 2003 er 12 mill. kroner sett av til kulturygg. Midlar frå denne avsetjinga – som vanlegvis har lege på om lag 8 mill. kroner – har gjennom åra vorte nytta til delfinansiering av mindre og spesielle kulturygg til museums-, galleri-, teater- og musikkføremål. Frå og med 2003 er den tradisjonelle potten til kulturygg slegen i hop med ei avsetjing til *Rom for kunst*, som har vore eit prøveprosjekt for å stetta behovet for visings- og produksjonslokale for prosjektorganisert kunst. I 2002 ytte Norsk kulturråd tilskot til 31 prosjekt frå avsetjinga til kulturygg og til 13 prosjekt under Rom for kunst.

*Lokale og regionale kulturygg* mottek i 2003 statleg tilskot på 45 mill. kroner frå speleoverskotet i *Norsk Tipping AS*. Desse midlane vert nytta til nybygg, ombygging av eller tilbygg til eksisterande kulturygningar. Desse byggverka skal gje rom for formidling av kunst og kultur, eigenaktivitet, møte- og forsamlingsverksemrd, og gjea teneste som kulturelle og sosiale møtestader i lokalsamfunnet eller regionen. Lokala skal vera tilgjengelege for alle og opne for all lovleg kultur- og organisasjonsverksemrd. Tilskotssatsane er geografisk differensierte; regionale kulturygg frå Namdalen og nordover vil kunna få inntil 5 mill. kroner i tilskot avgrensa til 50 pst. av byggjekostnadene, medan prosjekt i resten av landet vil kunna få eit tilsvarande tilskot, men avgrensa til ein tredjedel av byggjekostnadene. For lokale bygg er sum-

men inntil 2 mill. kroner i Troms og Finnmark avgrensa til 50 pst. av byggjekostnadene, inntil 1,6 mill. kroner i Namdalen og Nordland avgrensa til 50 pst. av byggjekostnadene, medan lokale bygg i resten av landet i hovudregelen kan få 1 mill. kroner avgrensa til ein tredjedel av byggjekostnadene.

*Tilskotsordninga for privatatte kyrkjebygg* skal gje trussamfunn utanfor Den norske kyrkja og private stiftingar og friviljuge organisasjonar innanfor Den norske kyrkja økonomisk handlingsrom for å byggja eller kjøpa kyrkjebygg og liknande med lågare eigenfinansiering. Kultur- og kyrkjedepartementet overtok forvaltingsansvaret for tilskotsordninga frå 1. januar 2002. For 2003 er det løyvd 7,2 mill. kroner til dette føremålet, men av denne summen er 3,9 mill. kroner gått med til å dekkja opp prosjekt som fekk innvilga tilskot i 2002.

Når eit statleg byggjeprosjekt vert sett i verk, skal i utgangspunktet ein nærmere spesifisert del av dei samla prosjektkostnadene nyttast til kunstnarleg utsmykking. Prosentdelen er avhengig av kva karakter bygget har og vil til vanleg variera mellom 0,5 og 1,5 pst. *Utsmykkingsfondet for offentlege bygg* står føre arbeidet med slike utsmykkings tiltak. Dette kan definerast som investeringar; det tykkjест likevel meir nærliggjande å gjera nærmere greie for dette under omtalen av biletkunst, arkitektur og design, jf. kap. 4.3.4 nedanom.

Investeringar og drift heng i hop på fleire måtar. For det første ved at statlege brukarinstitusjonar i hovudsregelen lyt betala såkalla kostnadsdekkjande leige, som mellom anna skal avspeglia den investerte kapitalen.

Løpende vedlikehald er ei driftsutgift, men der som dette vert forsømd, kan det etter nokre år oppstå ein situasjon der det lyt gjennomførast eit investeringstiltak for å bøta på dei skadene eller det forfallet som har oppstått. I prinsippet skal slikt ikkje skje, men det kan gjevast fleire døme på at dette i røynda har skjedd.

#### 4.3.2 Musikk

Løyvingar til musikktiltak er spreidde på fleire kapittel og postar i budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet. Hovudbolken av midlane er plasserte på kap. 323 Musikkføremål, men ein god del midlar på kap. 320 Allmenne kulturføremål og kap. 321 Kunstnarføremål kjem òg musikkfeltet til gode. I tillegg har ein del tiltak som mottek tilskot frå kap. 324 Teater- og operaføremål, viktige musikklement. Til dømes utgjer orkesteret ved *Den norske Opera* nærmare 20 pst. (ca. 43 mill. kroner i 2001) av dei samla driftskostnadene for institusjonen. Jamvel om vi ser bort frå opera og andre

overlappinger mot scenekunstfeltet, utgjer statlege løyvingar til musikktiltak i 2003 om lag 600 mill. kroner.

*Rikskonsertane*, som formidlar konsertar i heile landet, er den einaste institusjonen på musikkfeltet som er organisert som ein heilt ut statleg aktivitet. Med ei bruttoløyving i 2003 på 104,6 mill. kroner og eit inntektskrav på 16 mill. kroner vil netto statleg utgift til dette tiltaket vera om lag 88,6 mill. kroner. Om lag helvta av budsjettet knyter seg til skulekonsertar.

To symfoniorkester mottek heile det offentlege tilskotet sitt frå staten. Dette gjeld *Oslo Filharmonien* og *Bergen Filharmoniske Orkester*. Desse får i 2003 i alt nær 146 mill. kroner frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Ordninga med *landsdelsmusikarar i Nord-Noreg* vert finansiert ved at staten dekkjer 75 pst. av godkjend stillingsramme for musikarane og regionen resten. Fylkeskommunane har finansieringsansvaret for leiring og administrasjon. I 2003 er statstilskotet 13,1 mill. kroner.

Symfoniorkestra i Trondheim, Stavanger, Tromsø og Kristiansand og dei tidlegare militære distriktsmusikkorpса i Kristiansand og Halden mottek 70 pst. av det offentlege driftstilskotet sitt frå staten og dei resterande 30 pst. frå dei respektive fylkeskommunane og kommunane. Statleg tilskot over budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet utgjer i 2003 i alt 111,6 mill. kroner. I tillegg kjem 9 mill. kroner frå Forsvarsdepartementet til dei tidlegare militære korpsa.

*Festspela i Nord-Noreg* mottek 70 pst. av driftstilskotet frå staten og resten frå dei tre fylkeskommunane og Harstad kommune. Statleg tilskot i 2003 er 6,5 mill. kroner.

*Festspela i Bergen, Olavsfestdagane i Trondheim og jazzfestivalen i Molde* mottek 60 pst. av driftstilskotet frå staten og resten frå regionen. I 2003 er statstilskotet til desse i alt 16,6 mill. kroner.

Ymse faste tiltak på musikkområdet får statleg tilskot anten frå departementet (kap. 323 post 78) eller frå *Norsk kulturråd* (kap. 320 post 74). Frå departementet summerer desse tilskota seg i 2003 til 21,8 mill. kroner, medan Norsk kulturråd yter 69,9 mill. kroner. Eit oversyn over dei som får tilskot frå desse postane, vert kvart år teke inn i vedlegg i budsjettproposisjonen frå Kultur- og kyrkjedepartementet. I post 74 inngår òg tilskot til lokale konsertinitiativ, turné-, transport- og festivalstønad, musikkverkstadordninga og til landsfemnande musikkorganisasjonar.

Hovudoppgåva for Norsk kulturråd er å forvalta løyvingane til Norsk kulturfond (kap. 320 post 50), og i 2003 går det 52,3 mill. kroner til musikkføre-

mål. Desse midlane går til ensemblestønad, festivalstønad, innkjøpsordninga for fonogram, innspeilingar, tingingsverk og ymist anna. Det er ikkje utan vidare berrsynt kvifor somme tilskotsordningar er plasserte på post 74, medan andre er bygde inn i avsetjinga på post 50.

Alt i alt vil det for Norsk kulturråd sin del vera tale om meir enn tusen einskildtilskot til musikktiltak frå kap. 320 postane 50 og 74. Av dette utgjer lokale musikktiltak om lag to tredjedelar. Årsmeldinga for Norsk kulturråd inneheld eit detaljert oversyn over mottakarane. For lokale musikktiltak er det berre gjort greie for korleis tilskota fordeler seg fylkesvis.

*Fond for lyd og bilete* vert i 2003 tilført ei løyving på 25 mill. kroner frå kap. 320 post 51. I 2002 gav fondet tilskot til 529 prosjekt med i alt 26,6 mill. kroner. Av dette var 293 tilskot til musikktiltak, som utgjorde 10,8 mill. kroner eller nærmere 41 pst. av dei samla tildelingane.

Av løyvingane til *kunstnarstønadsordninga* på kap. 321 vil om lag 17,4 mill. kroner i 2003 gå til musikkarar, komponistar og populærkomponistar. Dette femner om 36 garantiinntekter, 52 arbeidsstipend (folkemusikkarar medrekna), ymse stipend og stipend etter fullført kunstuddanning.

Frå løyvinga til *friviljug verksemد* på kap. 320 post 80 vert paraplyorganisasjonen *Norsk Musikkråd* i 2003 tilført 14,9 mill. kroner. Hovuddelen av dette tilskotet skal fordelast til barne- og ungdomsarbeid lokalt, men ein mindre del går til dei landsomfattande organisasjonane på musikkområdet. Norsk Musikkråd mottek i tillegg midlar til vaksenopplæringstiltak frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Friviljug arbeid innanfor musikkområdet vil i 2003 elles verta tilført om lag 13,5 mill. kroner frå speleooverskotet i Norsk Tipping AS.

Av den samla overføringa til *Sametinget* frå kap. 320 post 53 Samiske kulturføremål går 1,4 mill. kroner i 2003 til samiske musikkfestivalar.

For at dette oversynet skal vera mest mogeleg heilskapleg, er det òg naturleg å nemna *Kringkasningsorkesteret (KORK)*, som vert finansiert over NRKs budsjett. Orkesteret har 51 fast tilsette musikkarar.

Utanriksdepartementet yter tilskot til musikktiltak som inngår i arbeidet med å formidla norsk kultur i utlandet. I 2001 nytta departementet 4,8 mill. kroner til slike tiltak. I tillegg vart det brukt i alt 6,8 mill. kroner i bistandsmidlar til musikktiltak.

Frå nordisk hald mottek ei rad norske aktørar innanfor musikkfeltet tilskot. I 2001 utgjorde slike tilskot frå *Nordisk kulturfond*, Nomus (Nordisk Musikkomit  ) m.m. i alt om lag 2,1 mill. kroner.

Innanfor ramma av EUs fyrste rammeprogram for kultur – *Kultur 2000* – vil *Høgskolen i Oslo* (n  r kontrakten er underteikna av b  e partane) fr   2003 motta 6,5 mill. kroner til det fleir  rige prosjektet *Klangfugl* – kunst for de minste, som femner om fleire kunstartar. Vidare mottok *Ultima* i 2001 vel 1 mill. kroner til eit prosjekt retta mot born og unge og med samarbeidspartnerar i Tyskland og Nederland. I 2002 var *Festspillene i Bergen* deltakar i eit EU-st  tta prosjekt under italiensk leiing. I perioden 1996–2003 vil seks norske aktørar innanfor musikkfeltet ha leidd EU-st  tta prosjekt. Fleire aktørar har vore deltakarar i EU-st  tta prosjekt.

I tillegg kjem alts   dei midlane som f  lgjer av fonds- og vederlagsordningar, jf. omtale under kap. 4.2.1. Dessutan betaler staten etter s  rskild avtale vederlag til TONO for bruken av kyrkjemu  sikk; i 2003 g  r om lag 1,4 mill. kroner fr   l  yvinga p   kap. 321 post 75 til dette f  rem  let.

#### 4.3.3 Scenekunst

Omgrepet scenekunst femner i denne samanhenget om b  de teater, opera og dans. Scenekunsten er det mest kostnadskrevjande kunstområdet. L  yvingane er spreidde p   fleire kapittel og postar, men hovudbolken er    finna p   kap. 324 Teater- og operaf  rem  l. Andre midlar til feltet er budsjetterte over kap. 320 Allmenne kulturf  rem  l og kap. 321 Kunstnarf  rem  l. I 2003 utgjer samla statlege l  yvingar til scenekunst om lag 900 mill. kroner.

*Riksteatret*, som formidlar framsyningar p   66 spelestader landet rundt, er det einaste tiltaket p   scenekunstområdet som er organisert som ein heilt ut statleg aktivitet. Med ei bruttol  yving i 2003 p   82,7 mill. kroner og eit inntektskrav p   8 mill. kroner, vil netto statleg utgift til denne institusjonen verta om lag 74,7 mill. kroner.

*Den Norske Opera, Nationalteatret* og *Det Norske Teatret* i Oslo og *Den Nationale Scene* i Bergen f  r heile det offentlege tilskotet sitt fr   staten. Dette utgjer meir enn helvta av dei samla statlege l  yvingane til scenekunst. I 2003 er samla l  yving til desse fire institusjonane 494,4 mill. kroner.

Tolv scenekunstinstitusjonar mottek 70 pst. av det offentlege tilskotet fr   staten og dei resterande 30 pst. fr   fylkeskommunar og kommunar. I 2003 er samla statleg l  yving 182,3 mill. kroner. Av denne summen mottek to teater – *Tr  ndelag Teater* og *Rogaland Teater* – 74,5 mill. kroner, dvs. 41 pst. av dei samla tilskota. Det er i r  ynda fleire kategoriar av institusjonar som er lagde inn under denne finansieringsordninga, fr   tradisjonsrike institusjonsteater til mindre regionale prosjektteater (statleg tilskot 2003 i parentes):

- Trøndelag Teater (42,4 mill. kroner)
- Rogaland Teater (32,1 mill. kroner)
- Hålogaland Teater (17,7 mill. kroner)
- Carte Blanche (13,5 mill. kroner)
- Teater Ibsen (13,5 mill. kroner)
- Nordland Teater (12,5 mill. kroner)
- Teatret Vårt (11,9 mill. kroner)
- Agder Teater (10,8 mill. kroner)
- Sogn og Fjordane Teater (10,3 mill. kroner)
- Hedmark Teater (7,4 mill. kroner)
- Hordaland Teater (5,8 mill. kroner)
- Haugesund Teater (4,4 mill. kroner)

Over ein eigen post for region- og distriktsopera vert det i 2003 gjeve tilskot til elleve ulike tiltak med til saman nær 16 mill. kroner. *Operaen i Kristiansund* står i ei særstilling og får åleine 7,2 mill. kroner eller 45 pst. av midlane på denne posten. For dei andre varierer tilskota frå vel 0,5 mill. kroner til nærmare 1,8 mill. kroner. Dette gjeld *Musikkteatret i Bodø*, *Opera Nordfjord*, *Ringsakeroperaen*, *Steinvikholm Musikkteater*, *Trønderoperaen*, *Opera Nord*, *Opera Sør*, *Opera Vest*, *Stiftelsen Musikkteatret* og *Vest-Norges Opera*.

Ymse faste tiltak på scenekunstområdet får statleg tilskot anten frå departementet (kap. 324 post 78) eller frå Norsk kulturråd (kap. 320. post 74). Frå departementet summerer desse tilskota seg i 2003 til 29,6 mill. kroner, medan Norsk kulturråd yter 20,1 mill. kroner. Eit oversyn over tilskotsmottakarane frå desse postane vert kvart år teke inn i vedlegg til budsjettproposisjonen frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Innanfor ramma av Norsk kulturfond (kap. 320 post 50) vil Norsk kulturråd i 2003 nytta 36 mill. kroner til såkalla fri scenekunst o.l. Om lag helvta går til teatertiltak, 40 pst. til dans og resten til musikkteater og tverrkunstnarlege uttrykk. Ein stor del av midlane (ca. 60 pst.) er bundne opp i fleirårige prosjekt.

Fond for lyd og bilete (kap. 320 post 51) gav i 2002 tilskot til 49 scenekunsttiltak med i alt 3,1 mill. kroner. Dette utgjorde 13,5 pst. av dei samla tildeilingane frå fondet det året.

Av dei samla løyingane til samiske tiltak vil Sametinget i 2003 nytta 11,1 mill. kroner som tilskot til *Beaivvás Sámi Teáhter*.

Av løyingane til kunstnarstønadsordningar på kap. 321 vil om lag 18,8 mill. kroner i 2003 gå til skodespelarar, sceneinstruktørar, scenografar, theatermedarbeidarar og ballettkunstnarar. Dette femner om 35 garantiinntekter, 50 arbeidsstipend, ymse stipend og stipend etter fullført kunstutdanning.

Frå løyinga til friviljug verksemد på kap. 320 post 80 vert paraplyorganisasjonen *Norsk Amatørteaterråd* i 2003 tilført 3,2 mill. kroner. Hovuddelen av dette tilskotet skal fordelast til barne- og ungdomsarbeid lokalt.

Friviljug arbeid innanfor amatørteaterfeltet vil i 2003 elles verta tilført om lag 3,6 mill. kroner frå speleoverskotet i Norsk Tipping AS.

Frå Nordisk Kulturfond er det gjeve tilskot til fleire scenekunstprosjekt under norsk leiing eller med norsk deltaking. I 2002 fekk fire norske prosjekt i alt 0,6 mill. kroner. Av dette gjekk helvta til *Olavsfestdagane i Trondheim* til urframføring av ein kyrkjeopera. Teater & Dans i Norden under Nordisk Ministerråd yter tilskot til gjestespel og prosjekt innanfor scenekunstområdet.

Innanfor ramma av EUs program Kultur 2000 mottok Opera Vest i Bergen i 2002 over 1 mill. kroner til å leia eit samarbeidsprosjekt om ein samtidsopera. *Norsk Kulturskoleråd* mottok 6 mill. kroner frå 2001 til eit fleirårig nysirkusprosjekt. I perioden 1996–2003 vil norske aktørar innanfor scenekunstfeltet ha hatt leiaransvar for 13 EU-støtta prosjekt. Fleire andre har vore deltakarar i EU-prosjekt.

#### 4.3.4 Film

Løyingane på filmområdet er å finna på kap. 334 Film og medieføremål. Alt i alt mottek dette området om lag 315 mill. kroner i statlege løyingar i 2003.

Kultur- og kyrkjedepartementet har fire underliggjande verksemder på filmområdet, *Norsk filmfond*, *Norsk filminstitutt*, *Statens filmtilsyn* og *Norsk filmutvikling*.

Etter omlegginga på filmområdet i 2001 vart Norsk filmfond oppretta og alle tilskotsordningane til filmproduksjon samla der. Norsk filmfond er i 2003 tildelt 214,6 mill. kroner til desse føremåla (kap. 334 post 50).

Norsk filminstitutt forvaltar ei tilskotsordning til ulike kulturelle tiltak i samband med film, som mellom anna inkluderer tilskot til ymse filmfestivalar. Løyinga til denne ordninga over kap. 334 post 78 utgjer 5 mill. kroner i 2003.

Norsk filmutvikling har mellom anna ansvar for kurs og etterutdanning på filmområdet. I 2003 får Norsk filmutvikling 3,5 mill. kroner (kap. 334 post 71) til utvikling av filmmanuskript. 1,3 mill. kroner til ymse faste tiltak (kap. 334 post 78) skal mellom anna nyttast til kurs og utdanningsretta tiltak.

Staten løyver òg midlar til to regionale filmsenter under kap 334. *Vestnorsk filmsenter AS* i Bergen får 3,4 mill. kroner i 2003 for tildeling til kortfilmproduksjon. Bergen kommune og Hordaland fyl-

keskommune eig dette filmsenteret. Kommunen ytte i 2002 eit driftstilskot på 0,7 mill. kroner og fylkeskommunen eit tilskot på 0,45 mill. kroner. I tillegg mottok dei 0,25 mill. kroner i driftstilskot frå Stavanger kommune og 0,05 mill. kroner frå Rogaland fylkeskommune.

*Nordnorsk filmsenter AS* i Honningsvåg får 3,7 mill. kroner frå staten i 2003 for tildeling til kortfilmproduksjon. Nordnorsk filmsenter AS skal gje støtte til minst éin samisk film årleg. Staten dekkjer i tillegg 70 pst. av driftsmidlane til Nordnorsk filmsenter AS. I 2003 utgjer dette om lag 2 mill. kroner.

Det vert elles løyvd 2 mill. kroner til produksjonselskapet *Film 3 AS* på Lillehammer, som er ein del av satsinga på kultur og media frå Lillehammer Kunnskapspark.

Noreg er medlem av *Nordisk Film- og TV-fond*, som skal fremja audiovisuelle produksjonar i Norden gjennom toppfinansiering av filmar, fjernsynsseriar, kortfilm og kreativ dokumentarfilm. I 2003 får Nordisk Film- og TV-fond 4,9 mill. kroner over kap. 334 post 78.

Noreg tek del i EU-programmet *MEDIA Plus* (2001–2005). MEDIA Plus er eit program for utvikling av europeisk audiovisuell industri. Kontingensten for Noreg i 2003 er om lag 10 mill. kroner, som vert dekt over kap. 334 post 75.

Noreg deltek i tillegg i *EURIMAGES*, som er eit fond oppretta av Europarådet for finansiering av europeiske samproduksjonar. Føremålet med EURIMAGES er å stø europeisk filmproduksjon og europeisk filmkultur gjennom å gje finansiell støtte til produksjon av spelefilm og kreativ dokumentarfilm. Det er løyvd om lag 2,2 mill. kroner til dette føremålet over kap. 334 post 78.

#### **4.3.5 Biletkunst, arkitektur og design**

Storparten av løyingane til biletkunstområdet er å finna på kap. 322 Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom, men to kunstindustrimuseum er plasserte på kap. 328 Museums- og andre kulturværnføremål. Dessutan mottek dette saksområdet innsatsar frå kap. 320 Allmenne kulturføremål gjennom Norsk kulturråd. I tillegg kjem ein god del av løyingane på kap. 321 Kunstnarføremål dette feltet til gode. Samla utgjer dette om lag 404 mill. kroner til biletkunst m.m. over budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet i 2003.

*Riksutstillingar* er eit statleg tiltak som arbeider med formidling av vandréutstillingar til skular og andre arenaer i heile landet. Samla løying i 2003 er 22,8 mill. kroner. Planen er at denne institusjonen på eit framtidig tidspunkt skal byggjast inn i det nye *Nasjonalmuseet for kunst*.

Statleg er òg *Utsmykkingsfondet for offentlege bygg*, med ei driftsløyving på 6,9 mill. kroner i 2003. Ordninga er slik at midlane til den einskilde utsmykkingsoppgåva er ein del av dei samla investeringskostnadene som vert dekte over budsjettet åt Statsbygg, varierande frå 0 pst. til 1,5 pst. av byggjekostnadene, alt etter kva karakter bygget har. Vidare disponerer Utsmykkingsfondet i 2003 i alt 7,3 mill. kroner til kunstnarleg utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg, til offentlege uterom og til innkjøp av kunst til leigebygningar og eldre statlege bygningar.

Ei nyskaping frå 2003 er stiftinga Nasjonalmuseet for kunst, som har teke opp i seg dei tidlegare statsinstitusjonane Nasjonalgalleriet og Museet for samtidskunst og dei to tilskotsinstitusjonane Kunstindustrimuseet i Oslo og Norsk Arkitekturmuseum. Det nye museet får i 2003 eit statleg tilskot på 113 mill. kroner.

*Henie Onstad Kunstsenter* mottek 5,1 mill. kroner i statleg tilskot i 2003. Bærum kommune yter i 2003 i alt 7,3 mill. kroner i driftstilskot. I ein intenjsjonsavtale er det lagt opp til at denne institusjonen skal inngå i Nasjonalmuseet for kunst seinast frå og med 2005.

*Nordenfeldske kunstindustrimuseum* får i 2003 eit statstilskot på 7,9 mill. kroner, og

*Nordnorsk kunstmuseum* i Tromsø mottek eit statstilskot på 8,6 mill. kroner. Det lokale og regionale forvaltningsnivået deltek ikkje i driftsfinsaneringa av desse institusjonane.

*Nordnorsk Kunstnersentrums* i Svolvær mottek 70 pst. av det samla offentlege driftstilskotet frå staten og dei resterande 30 pst. frå lokalt og regionalt nivå. I 2003 er det statlege tilskotet 1,6 mill. kroner.

Kunstmusea i Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Lillehammer og *Vestlandske Kunstindustrimuseum* i Bergen får i 2003 17,9 mill. kroner i statleg driftstilskot og dette skal maksimalt utgjera 60 pst. av samla offentlege driftstilskot.

*Bergen Kunstmuseum* mottek 2,8 mill. kroner i statstilskot, men dette refererer seg til dei formidlingsoppgåvene dette museet skal ha innan regionen sin. Den ordinære museumsdrifta i Bergen vert finansiert av kommunen.

*Galleri F 15* på Jeløya ved Moss, som er ein utstillingsarena utan samlingar og dermed ikkje eit museum, får 2,5 mill. kroner i statstilskot i 2003. Statstilskotet er avgrensa til maksimalt 60 pst. av det samla offentlege driftstilskotet. Kommunen og fylkeskommunen dekkjer det resterande.

Kap. 322 post 75 gjeld tiltak for det offentlege rommet, arkitektur og design. Av ei samla løying på 18 mill. kroner går nær 17 mill. kroner til *Norsk Form*.

I alt 22 nokså ulike tilskotsmottakarar er samla på kap. 322 post 78, jf. oversyn i vedlegg til den årlege budsjettproposisjonen. Samla statleg tilskot i 2003 er 37,9 mill. kroner. Dei største einskildmottakarane er *Norske Kunsthåndverkere* med 5,7 mill. kroner og *Kunstnernes Hus* med 5,2 mill. kroner. Nemnast skal òg *OCA – Office of Contemporary Art Norway* som tek seg av internasjonal formidling av samtidskunst. I år er tilskotet frå denne posten 3,7 mill. kroner, og i tillegg yter Utanriksdepartementet tilskot til konkrete prosjekt.

Tilskot til *Atelier Nord* vert gjeve av Norsk kulturråd frå kap. 320 post 74 med 2,1 mill. kroner i 2003.


Av den samla avsetjinga til Norsk kulturfond på kap. 320 post 50 vil 13,8 mill. kroner i 2003 verta nytta til biletkunst og kunsthandverk. Av dette går 2,2 mill. kroner til innkjøpsordninga for samtidskunst, 1,9 mill. kroner til debutant- og utstyrsstønad, 2,3 mill. kroner til kunst og ny teknologi, og endeleg 7,4 mill. kroner til prosjektstønad (utstillingar, publikasjonar, kulturelt mangfald og ymse andre tiltak).

I tillegg administrerer Norsk kulturråd ordninga med utstillingsstipend til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar frå kap. 321 post 75. Dette har ei løvvingsramme i 2003 på 3,8 mill. kroner.

Av løvvingane til kunstnarstønadsordningar på kap. 321 vil om lag 107 mill. kroner i 2003 gå til biletkunstnarar, kunsthandverkarar, fotografar, arkitektar og interiørarkitektar. Dette femner om 383 garantiinntekter, 157 arbeidsstipend, ymse stipend og stipend etter fullført kunstuddanning. Biletkunstnarar og kunsthandverkarar er i særklasse dei gruppene kunstnarar som har flest garantiinntekter og arbeidsstipend.

Udstillingsvederlag er inkludert i tilskotet til dei einskilde institusjonane og tiltaka. Visningsvederlag frå kap. 321 post 75 tilkjem fire kunstnarorganisasjonar og vil i 2003 utgjera om lag 24 mill. kroner. Både desse vederlagsordningane er det gjort greie for under kap. 4.2.1 ovanom.

Nordiske tiltak på biletkunstområdet er først og fremst det nordiske instituttet for samtidskunst (NIFCA) i Helsinki med tilhøyrande gjesteatelier-program (med ei ramme på 1,5 mill. danske kroner i 2003) og dessutan det nordiske kunstnarsenteret med atelier på Dalsåsen i Fjaler. Dette siste får DKK 1,6 mill. i nordiske driftsmidlar og dessutan 0,8 mill. kroner frå norsk hald (kap. 322 post 78). Prosjekt innanfor biletkunstfeltet mottek dessutan tilskot frå Nordisk kulturfond; om lag 10 pst. av fondsmidlane til allmenne kulturføremål tilfell dette kunstområdet.



Figur 4.4

Fleire norske aktørar innanfor biletkunstfeltet har fått midlar frå EU-programmet Kultur 2000 gjennom deltaking i prosjekt under leiing av institusjonar i andre land.

#### 4.3.6 Kulturhistoriske museum m.m.

Dei reine kunst- og kunstindustrimusea er gjorde greie for under kap. 4.3.5 ovanfor. Her handlar det om andre museum, i all hovudsak kulturhistoriske museum; nokre få er reint naturhistoriske, og somme har innslag av naturhistorie og kunst i tillegg til det allment kulturhistoriske. Hovudbolken av løvvingar til slike museum er plasserte på kap. 328 Museums- og andre kulturvern føremål, men ein del midlar til musea kjem òg frå kap. 320 Allmenne kulturføremål og frå kap. 325 Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum. I 2003 utgjer løvvingane frå Kultur- og kyrkjedepartementet til kulturhistoriske museum m.m. om lag 500 mill. kroner.

*Arkeologisk museum i Stavanger (AmS)* er eit statleg museum. Med ei bruttoløvving i 2003 på 45,4 mill. kroner og eit inntektskrav på 15,5 mill. kroner vil netto statleg utgift verta om lag 32,8 mill.

kroner. Mesteparten av inntekta knyter seg til arkeologiske undersøkingar. Statleg er òg *Bunad- og folkedraktrådet* med ei løyving på 2,8 mill. i 2003. Andre museum er tilskotsinstitusjonar organiserte som stiftingar o.a.

I alt 14 museum får så godt som heile det offentlege tilskotet sitt frå staten. Dette er ei nokså samansett gruppe, som både femner om store museum slik som *Norsk Folkemuseum*, *Maihaugen* og *Norsk Teknisk Museum*, mindre institusjonar slik som *Kvinnemuseet på Kongsvinger* og dessutan museum som forvaltar viktige kulturminne i statleg eige, slik som *Eidsvoll 1814 – Rikspolitisk senter*, *Norsk Bergverksmuseum* på Kongsberg m.fl. I 2003 mottek desse musea i alt 150,7 mill. kroner over kap. 328 post 70.

*Stiklestad Nasjonale Kultursenter A/S* mottek 60 pst. av det offentlege driftstilskotet sitt frå staten og dei resterande 40 pst. frå fylkeskommunalt og kommunalt nivå. I 2003 er det statleg tilskotet 9,4 mill. kroner.

Tilskotsordninga for museum, kap. 328 post 60, femner om ca. 188 museum i alle fylka. Løyvinga på posten vert utbetalt til fylkeskommunane, som fordeler midlane til dei einskilde musea, og har ansvar for rekneskap og rapportering. Samla mottek musea på tilskotsordninga i 2003 146,9 mill. kroner frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

55 museum mottek i 2003 direkte tilskot frå kap. 328 post 73 Museumsreforma med i alt 42,6 mill. kroner. Desse løyvingane er ein lekk i arbeidet med å stimulera til regional konsolidering av institusjonsstrukturen på museumsområdet i løpet av ein femårsperiode gjennom samarbeid med dei respektive musea, fylkeskommunane og kommunane. Grunngjevinga for det særskilde tilskotet varierer frå museum til museum. I dei einskilde tilsegsbreva er føresetnadene nærmere konkretiserte.

Det går for seg vidfemnande prosessar i eit stort tal museumsregionar med sikte på å innretta seg etter føringane som følgjer av St.meld. nr. 22 (1999–2000) og Innst. S. nr. 46 (2000–2001). Dei økonomiske incentiva frå staten tykkjест å ha skapt den ynskte dynamikken.

Ymse faste tiltak på museums- og kulturvern-området får i 2003 statleg tilskot frå kap. 328 post 78 med i alt 35,3 mill. kroner. Dei fleste tiltaka vert forvalta av *ABM-utvikling*. Mellom dei faste tiltaka inngår tilskot til landsfemnande organisasjonar, slik som *Kulturvernets fellesorganisasjon (KORG)*, sikringstiltak ved musea, utdannings- og reisestipend og ymse prosjekttilstskot, dessutan ordinært driftstilskot til dei tre skværrigga seglkipa *Christian Radich*, *Statsraad Lehmkuhl* og *Sørlandet*.

Desse seglkipa får i tillegg vedlikehalds- og opprustingstilskot gjennom ei eiga løyving på kap. 328 post 75 med 10 mill. kroner i 2003.

I 2003 mottek 20 museum 0,5 mill. kroner kvar for å styrkja og utvikla det historiske elementet i den kulturelle skulesekken, jf. kap. 320 post 81.

Frå Norsk kulturråd mottek mange museum tilskot til prosjekt. I 2003 vil 14,8 mill. kroner frå Kulturfondet (kap. 320 post 50) verta nytta til kulturverntiltak, i hovudsak i regi av museumsinstitusjonar.

Av den samla overføringa til Sametinget frå kap. 320 post 53 Samiske kulturføremål går 9,3 mill. kroner i 2003 til samiske museum.

*ABM-utvikling* disponerer i 2003 ei samla budsjetttramme på 64,1 mill. kroner (kap. 325 postane 01 og 73). Det kan leggjast til grunn at om lag 40 pst. av dette direkte eller indirekte knyter seg til museumsrelaterte funksjonar og innsatsar.

Frå *Riksantikvaren* (under Miljøverndepartementet) vert det årvisst ytt tilskot til ein del museum til istandsetjing og vedlikehald av kulturminne. Dette gjeld først og fremst ti særskilt prioriterte teknisk-industrielle kulturminne, tre senter for fartyvern og eit utval verna fartv, der mange tilhører eit museum.

Frå Nordisk kulturfond vert det årleg gjeve tilskot til nokre få museumsprosjekt. Og under Nordisk Ministerråd finst det ein museumskomite med eit budsjett på 1,1 mill. kroner i 2003.

Innanfor ramma av EUs første rammeprogram for kultur – *Kultur 2000* – vil *Stiftinga Lyngheisenteret* motta 1,2 mill. kroner i 2003 som europeisk kulturarvslaboratorium (når kontrakten er underteikna av både partane). *Hardanger Fartyvernsenter* har over to år motteke i alt 1,2 mill. kroner til eit samarbeidsprosjekt om kunnskap om båtbygging. I 2002 var *Vikingmuseet på Borg* deltakar i eit prosjekt under irsk leiing. I perioden 1996–2003 vil norske aktørar innanfor museums- og kulturvernfeltet ha hatt leiaransvar for ni EU-støtta prosjekt. Mellom anna har *Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider* fått 4,5 mill kroner over to år og *Stiftelsen Bryggen* i Bergen 0,9 mill kroner som europeiske kulturarvslaboratorium. Fleire norske aktørar har vore prosjektdeltakarar.

#### **4.3.7 Språk, litteratur og bibliotek**

I denne samanhengen er det naturleg å gjera greie for ressursstraumane til språk, litteratur og bibliotek under eitt; stønadsordningane for litteratur har både ein språkpolitiske dimensjon og ei bibliotekmessig side; ei hovudgrunngjeving for å ha eit nasjonalbibliotek er at ein sentral institusjon syste-

matisk skal ta vare på publikasjonar på norsk språk osb. Over budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet går om lag 540 mill. kroner til desse innsatsområda i 2003.

*Nasjonalbiblioteket* er den budsjettmessig største statsinstitusjonen innanfor kulturområdet med ei løvingsramme i 2003 på i 201,4 mill. kroner. Med eit inntektskrav på 8,4 mill. kroner inneber dette ei netto statsutgift på 193 mill. kroner. Institusjonen har hovudsete i Oslo, men majoriteten av dei tilsette og meir enn helvta av ressursinnsatsen er knytt til avdelinga i Rana.

*Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek* er òg eit statleg tiltak. Samla løvning i 2003 er 35,8 mill. kroner. Verksemda held til i Oslo, men med små avdelingar i Bergen og Trondheim.

Det statlege fagorganet *Norsk språkråd* mottekk i 2003 ei løvning på 13,4 mill. kroner.

Ei stor mengd faste tiltak mottekk tilskot frå kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekføremål. Somme er gjevne eigne tilskotspostar (post 73 *Noregs Mållag*, post 74 *Det Norske Samlaget* og post 75 *Språkteknologi, Norsk Ordbok m.m.*), men dei fleste er samla på post 78 Ymse faste tiltak. Ein del får tilskotet utbetalt direkte frå departementet, men for brorparten er forvaltningsansvaret delegert til ABM-utvikling. Dei konkrete føremåla og tilskotsmottakarane går fram av den årlege budsjettproposisjonen, jf. vedlegg II. I 2003 utgjer samla løvning på desse tilskotspostane 76,4 mill. kroner.

Av løvингane til kunstnarstønadsordningar på kap. 321 vil om lag 25,3 mill. kroner i 2003 gå til skjønlitterære forfattarar, barne- og ungdomsbok-forfattarar, dramatikarar, omsetjarar og faglitte-rære forfattarar. Dette femner om 62 garantiinntekter, 72 arbeidsstipend, og ymse andre stipend. Brorparten av midlane tilfell gruppa skjønlitterære forfattarar.

Bibliotekvederlaget, som utgjer hovuddelen av løvингa på kap. 321 post 75, vil i 2003 ha ei samla ramme på overslagsvis 64,3 mill. kroner, jf. utfyl-lande omtale under kap. 4.2.1.

Litteraturstønadsordningane, som er det viktigaste einskildelementet i Norsk kulturfond, vil i 2003 verta tilført 75,4 mill. kroner. Denne summen femner om 36 mill. kroner til innkjøpsordninga for skjønlitteratur for vaksne, 23,5 mill. kroner til innkjøpsordninga for skjønlitteratur for born og unge og dei resterande 15,9 mill. kronene til ti ulike mindre stønadsordningar.

I tillegg yter Norsk kulturråd tilskot til om lag 50 kulturtidsskrift med i alt 2,6 mill. kroner i 2003.

Av dei samla tildelingane frå Fond for lyd og bilet (kap. 320 post 51) vart 1,9 mill. kroner (8

pst.) i 2002 nytta til tekstuutviklingsprosjekt fordelt på 80 ulike tilskotsmottakarar.

Av dei samla løvингane til samiske tiltak vil Sametinget i 2003 nytta 1,6 mill. kroner som tilskot til forlagsverksemdu, 3,6 mill. kroner til samisk spesialbibliotek og 4,7 mill. kroner til mobile bibliotek-tenester.

ABM-utvikling disponerer i 2003 ei samla bud-sjettramme på 64,1 mill. kroner (kap. 325 postane 01 og 73). Det kan leggjast til grunn at meir enn helvta av dette direkte eller indirekte knyter seg til bibliotekrelaterte funksjonar og innsatsar.

Mellom dei prosjekta som får stønad frå Nordisk Kulturfond, inngår tilskot til omsetningsoppgå-ver og andre tiltak innanfor litterurfeltet. I 2002 fekk til dømes *Norsk Forfattersentrum* midlar til eit nettverksprosjekt, Fredrikstad bibliotek opnådde tilskot til eit prosjekt om bøker, bilet og born, og eit anna norskleia prosjekt fekk tilskot til ein nordisk biletbokverkstad.

Nordisk Ministerråd har mellom anna ein eigen litteratur- og bibliotekskomite, *NORDBOK* med eit budsjett på DKK 7,5 mill. i 2003. Frå 1. januar 2003 er sekretariatet for denne nordiske komiteen plassert i ABM-utvikling i Oslo. Det vert mellom anna gjeve tilskot til omsetjing og utgjeving av litteratur på nordiske språk i Norden og til nordisk samarbeid på folkebibliotekområdet.

Innanfor ramma av EUs program Kultur 2000 vil Norsk Forfattersentrum i 2003 motta 0,3 mill. kroner til eit prosjekt med samarbeidspartnarar i Finland og Sverige, og fem norske forlag vil motta 1,7 mill. kroner til omsetjing til norsk av 29 bøker av utanlandske forfattarar (når kontraktane er underteikna av partane). Utanlandske forlag vil i 2003 motta støtte til omsetjing av ti bøker av norske forfattarar. I 2002 mottok fem norske forlag i alt 1,2 mill. kroner til omsetjing av 29 skjønnlitterære bøker. Vidare mottok utanlandske forlag tilskot til omsetjing av 16 bøker av norske forfattarar. Til saman vil 13 norske forlag i perioden 1997–2003 ha motteke tilskot frå programmet Kultur 2000 og det føregåande Ariane-programmet til omsetjing av 163 bøker av utanlandske forfattarar. I tillegg vil det vera gjeve EU-støtte til omsetjing av 63 bøker av norske forfattarar.

#### 4.3.8 Arkiv

Løvningar til arkivtiltak i budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet er i hovudsak plasserte på kap. 329 Arkivføremål. Kapitlet omfattar det statlige *Arkivverket* og den statlige verksemdua *Norsk lokalhistorisk institutt*, dessutan faste tilskot til *Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek*, *Landslaget*

for lokal- og privatarkiv og Stiftinga Asta (standar-disert datasystem for elektronisk katalogisering). Den samla bruttoløyvinga på kap. 329 Arkivføremål utgjer i 2003 om lag 173 mill. kroner.

Det statlege Arkivverket omfattar *Riksarkivet* og åtte statsarkiv. Arkivverket disponerer ei brutto driftsløyving i 2003 på 147 mill. kroner (kap. 329 post 01) og har eit inntektskrav på 1,3 mill. kroner (kap. 3329 post 01). Arkivverket disponerer samstundes ei løyving på 5,7 mill. kroner til utgifter ved oppdrag (kap. 329 post 21). Denne løyvinga kan berre nyttast i same omfang som det kan skaffast inntekter (kap. 3329 post 02). Vidare disponerer Arkivverket ei løyving på 3,9 mill. kroner til investeringar i utstyr og inventar (kap. 329 post 45). Netto utgjer dermed dei samla statlege utgiftene til Arkivverket 149,6 mill. kroner.

Den statlege verksemnda Norsk lokalhistorisk institutt disponerer i 2003 ei løyving på om lag 3,2 mill. kroner (kap. 329 post 01).

Ymse faste tiltak på arkivområdet (kap. 329 post 78) får tilskot frå departementet (Stiftinga Asta og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek) og Abm-utvikling (Landslaget for lokal- og privatarkiv). Den samla løyvinga til desse tiltaka i 2003 utgjer 4,1 mill. kroner.

Av dei samla løyvingane til samiske tiltak nyttar Sametinget i 2003 nær 0,7 mill. kroner til *Samisk arkiv*.

Det bør òg nemnast at mange av musea som mottar driftstilskot under kap. 328 Museums- og andre kulturvern føremål, forvaltar viktige arkiv. Norsk kulturråd løyver, etter søknad frå institusjonane, midlar frå avsetninga til kulturvern føremål til avgrensa tiltak på arkivfeltet.

#### 4.3.9 Oppsummering og oversyn

I budsjettet å Kultur- og kyrkjedepartementet for 2003 har det saksområdet som denne meldinga femner om, ei samla løyvingsramme på om lag 3,8 mrd. kroner. I denne summen er medrekna alle budsjettkapitla under programkategori 08.20 Kulturføremål, det meste av kap. 334 under programkategori 08.30 Film- og medieføremål og dessutan ein høveleg del av programkategori 08.10 Administrasjon.

Frå og med i år vil ein del av speleoverskotet i Norsk Tipping AS verta fordelt av Kongen til den kulturelle skulesekken (ca. 60 mill. kroner), friviljug kulturarbeid (ca. 45 mill. kroner) og lokale/regionale kulturygg (ca. 45 mill. kroner). I 2004 vil summane venteleg verta dobla og i 2005 tredobla.

I tillegg vert det løyvd midlar til kulturføremål over fleire andre departementsbudsjett, men det er nær sagt uråd å gje eit eksakt tal for dette. I 2003 kan det gjevast eit estimat på ein stad mellom 0,75 mrd. kroner og 1,2 mrd kroner for summen av slike løyvingar.

Viktigast av dei andre departementa er utan tvil *Utdannings- og forskingsdepartementet* med dei store universitetsmusea, universitets- og høgskulebiblioteka. Dette illustrerer samstundes eit vanskeleg avgrensingsspørsmål, dvs. kvar grenselina skal setjast mellom det som vert definert som kulturføremål og det som først og fremst er å sjå på som forsking eller forskings- og utdanningsrelaterte støttefunksjonar. I museumsstatistikken for 2001 er musea ved dei fire universiteta innrapporterte med ei samla budsjettramme på nær 344 mill. kroner (inkludert inntekter frå arkeologiske og andre oppdrag). Somme vil hevda at universitetsbiblioteka i all hovudsak må sjåast på som utdanning og forsking, men mot dette kan det hevdast at desse institusjonane – og særleg universitetsbiblioteka i Bergen og Trondheim – har samlingar og samlingsfunksjonar av kategoriar som elles vert handtarte av Nasjonalbiblioteket.

Dinest spelar *Forsvarsdepartementet* ei viktig rolle på kulturområdet. Forsvarsmuseet, Forsvarets musikk og ein del andre tiltak får i 2003 løyvingar på i alt 183,6 mill. kroner frå kap. 1795 Kulturrelle og allmennytige føremål. Minst like omfatande er innsatsane gjennom Forsvarsbygg for å halda ved like festningsverk, andre militære historiske bygningar og anlegg.

*Miljøverndepartementet* har i 2003 løyvingar til kulturminne og kulturmiljø (programkategori 12.30) med i alt 234,7 mill. kroner, som i all hovudsak vert forvalta av Riksantikvaren.

*Utanriksdepartementet* har i 2003 ei løyving på 56,7 mill. kroner på kap. 115 Presse-, kultur- og informasjonsføremål. Dessutan femner mange bistandsprosjekt om kulturtiltak. Økonomisk medverknad frå Utanriksdepartementet er nemnd i fleire samanhengar tidlegare i dette kapitlet alt i alt fordelte Presse-, kultur- og informasjonsavdelinga i Utanriksdepartementet 46,5 mill. kroner i 2002 til desse føremåla:

- Biletkunst 7,5 mill. kroner
- Arkitektur og design 4,3 mill. kroner
- Musikk 10,2 mill. kroner
- Scenekunst 3,3 mill. kroner
- Litteratur 1,9 mill. kroner
- Film 1,3 mill. kroner
- Kulturarv 0,7 mill. kroner
- Tverrfaglege kulturmönstringar 0,8 mill. kroner

- Informasjonsutstillingar 3,7 mill. kroner
- Universitets- og forskingssamarbeid 6,6 mill. kroner
- Skuleprosjekt 0,4 mill. kroner
- UNESCO 5,8 mill. kroner

Vidare løyver fleire departement midlar til etatsmuseum – *Samferdsledepartementet* til *Norsk Vegmuseum*, *Olje- og energidepartementet* til *Norsk Oljemuseum*. *Fiskeridepartementet* løyver midlar til kystkultur, *Kommunal- og regionaldepartementet* til nasjonale minoritetar og *Landbruksdepartementet* til bygdeutviklingstiltak, og desse føremåla har i ein del tilfelle kulturdimensjonar ved seg. Nemnast lyt og at *Statsbygg* (under Arbeids- og administrasjonsdepartementet) i forvaltningsporteføljen sin har ei rad freda og verneverdige bygningar.

I periodar med stor arbeidsløyse har elles arbeidsmarknadsmidlar vore sett inn over eit breitt spektrum av prosjekt innanfor kulturområdet; ikkje minst i praktisk kulturvernarbeid ved musea har dette vore særskilt viktig.


I framstillinga ovanom er det i fleire samanhengar vist til samarbeidstiltak på nordisk nivå. Under Nordisk Ministerråd finst ei rad ordningar som er viktige for å fremja samarbeidet mellom dei nordiske grannelanda, men som likevel opererer innanfor nokså avgrensa økonomiske rammer:

- Nordbok gjev tilskot til omsetjingar og til folkebiblioteksamarbeid
- Nomus gjev tilskot til tingingsverk, konsertturnéar, festivalar m.m.
- Nifca administrerer eit gjesteatelierprogram
- Sleipnir er eit reisestipendprogram for profesjonelle kunstnarar
- Dalsåsen kunstnarsenter tilbyrd atelier
- Teater & Dans i Norden står gjestespel og andre scenekunsttiltak
- Nordisk Amatørteaterråd står gjestespel for amatørar
- Nordisk Museumskomite står museums- og utstillingssamarbeid
- Skandinavisk Kunstnerkollegium i Roma legg til rette for kunstnaropphold i Roma
- Nordisk Kulturfond yter tilskot til eit breitt spektrum av nordiske kulturtiltak innanfor ei årleg ramme på om lag 19 mill. kroner
- Kulturprosjekt utanfor Norden disponerer i 2003 om lag 7 mill. kroner for å fremja samarbeidstiltak i utlandet
- Styringsgruppa for Nordisk Barne- og Ungdomskultur (BUK) disponerte 5,8 mill. i 2001
- Nordisk Ungdomskomite (NUK) disponerte 5,5 mill. i 2001
- Samerådet/Samisk Kunstnarråd

- Samarbeidsnemnd for Norden-undervisning i utlandet
- Nordisk Film- og TV-Fond, jf. kap. 4.3.4

Nordisk kulturfond fordelte i 2001 tilskot med til saman 27,5 mill. danske kroner. Av dette gjekk 5 mill. (18 pst.) til norskleia prosjekt. Av den samla løyvinga vart 18,9 mill. danske kroner nytta til allmenn kultur, og resten til utdanning, forsking o.a. Av 479 søknader innanfor området allmenn kultur oppnådde 175 tilskot. Av desse var 61 innanfor musikkfeltet.

For å delta i EUs kulturprogram (Kultur 2000) yter Noreg i 2003 eit tilskot på 5,6 mill. kroner. Det vil sjølv sagt variera frå år til år kva utteljingar norsk kulturliv får av denne innsatsen. I 2003 vil norske aktørar få om lag 10 mill. kroner frå Kultur 2000, når kontraktane er undertekna. I 2002 mottok norske aktørar om lag 3 mill. kroner frå dette kulturprogrammet til bokomsetjingar og ymse kulturprosjekt under norsk leiing. I 2001 mottok norske interessentar nære på 10 mill. kroner frå Kultur 2000.



Figur 4.5

## 4.4 Organisatoriske verkemiddel

Med organisatoriske verkemiddel vil vi i denne samanhengen forstå føresegner om

- kva for organisatoriske einingar som skal finnast og korleis desse skal organiserast, styringsorgan og samansetjinga av desse medrekna
- kva for arbeidsoppgåver den einskilde eininga skal stå føre
- prosessar internt i den einskilde eininga og korleis eininga skal agera andsynes omverda, og fullmakter til å delegera
- handlingsrammer og kvalifikasjonskrav for personar i dei einskilde einingane.

Slike føresegner vil vera av to hovedslag. Dels kan det vera tale om pliktreglar, dvs. direktiv eller retningsliner for korleis eit forvaltningsorgan eller ein tenestemann skal handla. Dels dreier det seg om kompetanseregular, dvs. reglar om kven som har fullmakt til kva, og korleis vedkomande organ eller person kan gå fram.

Ei heildekjkjande gjennomgåing av dei organisatoriske verkemidla på kulturområdet ville ha måttå femna om store delar av forvaltningsretten, noko som ville ha sprengt alle rammer for denne framstillinga. Vi nøyer oss difor med innleiingsvis å konstatera at eit breitt spektrum av organisatoriske føresegner er nedfelt i forvaltningslova, lova om offentleg innsyn, tenestemannslova, arbeidsmiljølova og ei rad andre lover med tilhøyrande forskrifter. Andre føresegner følgjer av avtalar mellom partane i arbeidslivet. Andre er kort og godt heimla i Kongens generelle mynde til å organisera og instruera statsforvaltninga. Brorparten av desse føresegneiene er samla i Statens personalhandbok.

### 4.4.1 Generelt om statlege organ og institusjonar

Talet på statlege verksemder under Kultur- og kyrkjedepartementet innanfor det saksområdet som denne meldinga femner om, har minka dei siste åra. Dels er tidlegare separate tiltak slegne i hop til eitt organ; det viktigaste dømet er skipinga av *ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum*, som har teke opp i seg tre tidlegare einingar (Norsk museumsutvikling, Riksbiblioteketnesta og Statens bibliotektilsyn). Dels er statsinstitusjonar omgjorde til stiftingar; det viktigaste dømet er innlemminga av to statlege museum (Nasjonalgalleriet og Museet for samtidskunst) i den nye stiftinga *Nasjonalmuseet for kunst*; andre døme er *Eidsvoll 1814* og *Norsk Bergverksmuseum*.

Dels er kulturminne i statleg eige avvikla som eigne institusjonar og forvaltningsansvaret overført til større museum; døme er *Aulestad* under *, *Håkonshallen* og *Rosenkrantzårnet* under *Bryggens Museum* og *Uranienborg* under *Follo Museum*.*

Kultur- og kyrkjedepartementet har no att 18 underliggjande statlege verksemder på kulturområdet. Desse kan delast i to hovudgrupper:

- Fagorgan med forvaltnings-, rådgjevings-, samordnings- og utviklingsoppgåver innanfor eit nærmare definert saksområde. Viktigast i denne gruppa er *Norsk kulturråd*, *ABM-utvikling* og *Norsk filmfond*. I tillegg høyrer *Norsk språkråd*, *Bunad- og folkedraktrådet*, *Norsk lokalhistorisk institutt*, *Utsmykkingsfondet for offentlege bygg*, *Norsk filmutvikling*, *Fondet for lyd og bilet* og *Utvalet for statens stipend og garantiintekter* til denne kategorien.
- Statlege institusjonar med forvaltningsansvar for samlingar og/eller for å produsera kulturtillitbod i form av utstillingar, framsyningar eller konsertar. *Arkivverket* og *Nasjonalbiblioteket* må i denne samanhengen framhevast særskilt. Dei andre er *Norsk filminstitutt*, *Arkeologisk museum i Stavanger*, *Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek*, *Riksutstillingar*, *Rikskonsertane* og *Riksteatret*.

Med statlege verksemder av så ulik karakter vil styringsdialogen sjølv sagt måttå fortona seg nokså ulikt.

For dei fleste av desse verksemndene har departementet fastsett vedtekter med føresegner om føremål, korleis måla skal søkjast nådde, om den daglege leiinga og samansetjinga av denne, dessutan om arbeidsoppgåvene og arbeidsmåten å styret.

Den formelle posisjonen for slike styre kan framstå som noko uklår, men det er liten tvil om at desse styra, ikkje minst styreleiarane, spelar ei viktig rolle i styringsdialogen mellom verksemda og departementet.

*Økonomiinstruksen* for Kultur- og kyrkjedepartementet fastsett med heimel i økonomireglementet og såkalla funksjonelle krav frå Finansdepartementet gjev ikkje berre føresegner om arbeids- og ansvarsdelinga internt i departementet, men òg for etatsstyringa, dvs. den uavbrotne styringa, oppfølginga og kontrollen av underliggjande, statlege verksemder.

Departementet fastset ein hovudinstruks for kvar underliggjande verksemd. Det viktigaste styringsdokumentet er tildelingsbrevet. Ein hovudbjelke i styringsdialogen er budsjettmøtet med

budsjettsøknaden og rapporten frå førre året som basisdokument.

Personalreglement for større verksemder vert utarbeidde gjennom tingingar etter Hovudavtala § 13 nr. 2 bokstav e. I samsvar med tenestemannslova § 23 skal desse godkjennast av Arbeids- og administrasjonsdepartementet. For mindre verksemder skal det berre ligga føre reglar for tilsetjingar.

#### **4.4.2 Særskilt om Norsk kulturråd**

Med di det seinare i denne meldinga vert gjort ei drøfting av mogelege brigde i arbeidsmåten og oppgåvene for Norsk kulturråd, er det på sin plass her å gjera etter måten detaljert greie for det norgjeldande regelverket.

Dette regelverket er delt opp i fleire forskrifter m.m. Det er ikkje naudsynt å gjera ein fullstendig gjennomgang av regelverka, men nedanfor vert dei gjennomgått med sikte på å framheva det som særlig er viktig i høve til korleis framtidig regelverk bør utformast, og det som elles gjeld spørsmålet om i kva grad Kulturrådet er meint å vera eit uavhengig organ.

#### *Forskrift for Norsk kulturråd*

Den sentrale forskriften er forskrift for Norsk kulturråd fastsett ved kgl. res. 27. august 1965 og endra seinast 20. november 1987. Bakgrunnen er at Kulturrådet er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

Grunnlaget for stortingsvedtaket er St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 1 (1964–65) om Norsk kulturfond og Innst. S. nr. 294 (1964–65), vidare St.prp. nr. 130 (1964–65) om vedtekter for Norsk kulturfond og retningslinjer for bruken av fondsmidlane.

I forskriftena er fastsett at rådet skal ha 13 medlemmer. Av desse vert fire oppnemnde av Stortinget og ni av Kongen etter tilråding frå Kulturdepartementet. To av dei ni er nominerte frå Kommunenes Sentralforbund (§ 2). Leiar og nestleiar av rådet vert oppnemnde av Kongen.

Føremål og arbeidsoppgåve for rådet går fram av § 4, som lyder slik:

«Rådet har til oppgave å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med de vedtekter for Norsk kulturfond og de retningslinjer som Stortinget fastsetter. Det er Kultur- og vitenskapsdepartementets rådgivende organ i saker som gjelder Norsk Kulturfond, og skal gi uttalelser i andre spørsmål som departementet legger fram for dem, eller som Rådet selv ønsker å ta opp.

Rådet skal hvert år gi tilråding til Kultur- og vitenskapsdepartementet om fordeling av midler som bevilges til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av de midler som ved fordelingen ble stilt til Rådets disposisjon.

Rådet skal innen 15. februar gi melding til Kultur- og vitenskapsdepartementet om Fondets virksomhet i det foregående år.»

Av føresegna framgår den tette koplinga det er mellom Kulturrådet og Kulturfondet, som er løvingsmåten for hovuddelen av dei pengane Kulturrådet har til rådvelde.

Elles fastset forskrifta at rådet skal halda møte minst to gonger om året, og ho gjev litt nærmere reglar om korleis arbeidet i rådet skal vera.

#### *Instruks for direktøren i Norsk kulturråd*

Direktøren i Norsk kulturråd har ei sentral stilling, og særskilt instruks for direktørstillinga er fastsett av Kulturdepartementet 24. september 1996.

Instruksen framhevar at Kulturrådet er eit kollegialt organ, og at direktørens oppgåve er å leggja til rette for saksførebuing og handsaming, «slik at man på best mulig måte ivaretar og styrker Rådets kollegiale sær preg» (§ 1).

§ 3 i instruksen er kalla Ledelse av administrasjonen. Der er det fastsett følgjande:

«Direktøren har den daglige ledelse av Kulturrådet etter Rådets vedtak og retningslinjer.

Direktøren har ansvar for å lede og organisere administrasjonen i Norsk Kulturråd etter de retningslinjer som rådet fastsetter. Direktøren skal planlegge den samlede virksomheten.

Direktøren har ansvar for å legge frem forslag til virksomhetsplan, budsjett og årsmelding. Herunder skal direktøren fremme forslag til organiseringen av stillinger i administrasjonen.»

Det framgår av dette samanhilde med § 1 om Kulturrådet som eit kollegialt organ, at direktørstillinga ikkje er ei dagleg leiarstilling i høve til det kollegiale organet Kulturrådet, men nettopp er tillagd den daglege leiaren av administrasjonen, dvs. dei tilsette i Kulturrådet. Her òg er direktøren underordna det kollegiale organet, jf. andre ledene der det er vist til retningsliner fastsette av rådet.

Det er fastsett i § 4 at direktøren skal setja i verk rådsvedtak og andre vedtak gjorde av utval som rådet har delegert kompetanse til.

Endeleg går det fram av § 6 at direktøren «uttaler seg på vegne av Norsk kulturråd, Rådets utval m.v. innen rammen av vedtak og retningslinjer.» I tillegg er det der fastsett at direktøren skal leia kon-

taktarbeidet med styresmakter, organisasjonar, kunstnarar og andre samarbeidspartnarar.

#### Norsk kulturfond

Å løyva pengar til Norsk kulturfond er den måten hovuddelen av løyvingane til Kulturrådet vert gjevne på. Forskrifta om Norsk kulturfond er fastsett av Stortinget 19. juni 1965. Ho er ikkje seinare endra, bortsett frå som konsekvens av omorganisering av departementsstrukturen.

Forskrifta er viktig i høve spørsmålet om instruksjonsrett og det er difor grunn til å gjengje heile:

«§ 1. Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2. Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg kan få del i kulturgoda.

§ 3. Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet og disponerte ved kgl. resolusjon etter tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet, og i samsvar med retningslinjer som Stortinget har fastsett.

§ 4. Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

§ 5. Kultur- og kyrkjedepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.»

Føremålet med Kulturfondet går dermed fram av § 2. Det er tredelt; for det første skal det stimulera til skapande åndsliv, for det andre skal det verna kulturarven, og for det tredje skal det arbeida for å breia ut kulturgoda til flest mogleg.

Det går elles fram av forskrifta at Kulturfondet ikkje er eit fond i tydinga sjølvstendig rettssubjekt, som ei stifting eller liknande. Fondet er derimot ei årleg generell løyving over statsbudsjettet, der hovudfordelinga av løyvinga skjer i eit samspel mellom Kulturrådet og Kultur- og kyrkjedepartementet, og slik at Kulturrådet står føre den individuelle tildelinga innanfor den fordelinga som vert vedteken.

Hovudfordelinga av Norsk kulturfond, som vert vedteken av regjeringa ved kgl. res., er grov, utan fordeling på konkrete prosjekt. Fordelinga for dei siste åra går mellom anna fram av resultatrapport i framlegget til statsbudsjett, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) for Kulturdepartementet side 58.

Dei retningslinene som det er vist til i § 3, vart vedtekne av Stortinget 19. juni 1965 og er sidan ikkje endra, men vert no kalla forskrift om bruken av midlar frå Norsk kulturfond. Dei er ganske generelle. Det er likevel grunn til å nemna at forskriftena i innleiinga seier: «Innanfor denne ramma [kunst og kulturvern] må Rådet til kvar tid vurdera kva for oppgåver som bør prioriterast.» Dette syner at rådet er meint å opptre sjølvstendig.

Det er òg fastsett særskilde regelverk for fordeling av tilskot frå Kulturfondet til ulike føremål.

#### Regelverk for ulike tilskotsordningar

Dei ulike tilskotsordningane som Kulturrådet forvaltar er regulerte på ulike vis, delvis gjennom forskrift, delvis ved avtale og delvis ved interne vedtak i Kulturrådet.

Det er fastsett to forskrifter for tilskotsordningar for Norsk kulturfond. Den eine generelle er *forskrift 29. januar 1999 nr. 187 om tilskudd fra Norsk kulturfond*, og den andre er *forskrift 12. oktober 1998 nr. 1440 om støtteordningen for fri scenekunst*.

Innkjøpsordninga for litteratur er regulert ved avtale mellom Kulturrådet og forlaga, slik at ho fell utanfor forskriftena. Innkjøpsordninga for samtidskunst byggjer berre på interne vedtak i Kulturrådet. Endeleg gjeld ikkje tilskotsforskriftene for tilskot i medhald av delegerte forvaltningsoppgåver frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Norsk kulturråd, jf. § 1 tredje ledd i tilskotsforskrifta.

Av både forskriftena framgår den praktiske gjennomføringsmåten av tilskotsordningane med søknader og søknadsførehaving, utbetaling, rapportering og kontroll.

Vidare framgår det av både forskriftena at det ikkje vil verta gjeve støtte til ordinær drift av institusjonar og organisasjonar, men at tilskota er knytte til enkeltståande tiltak eller prosjekt, jf. tilskotsforskrifta § 3 og scenekunstforskrifta §§ 2 og 6.

Etter både forskriftena kan søkjar klaga til Kultur- og kyrkjedepartementet, jf. tilskotsforskrifta § 14 og scenekunstforskrifta § 11. Både stader er det samstundes fastsett at klage ikkje kan skje «hva angår Rådets faglige kunstneriske skjønn». Dette er elles generelt regulert i forskrift 20. november 1987, gjeven i medhald av forvaltningslova § 28 tredje leden. Det er der fastsett følgjande:

«Vedtak fattet av Norsk kulturråd, Norsk kassettavgiftsfond og Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere kan ikke påklages til departementet for så vidt angår det faglige kunstneriske skjønn.»

Heimelen i forvaltningslova § 28 tredje leden set som vilkår for avgrensing av klageretten at det berre kan skje «når tungveiende grunner taler for det». Vurderinga i 1987 var altså at slike tungtveiende grunnar låg føre.

#### *Andre administrative oppgåver*

For heilskapen si skuld skal det også nemnast at adminisasjonen for Norsk kulturråd i tillegg har sekretariatsoppgåvene for Fond for lyd og bilete og for Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar.

#### **4.4.3 Særskilt om ABM-utvikling**

ABM-utvikling vart oppretta 1. januar 2003 ved ei samanslåing av Statens bibliotektilsyn, Norsk museumsutvikling og Riksbibliotektenesta. ABM-utvikling skal vera eit strategisk utviklingsorgan og arbeida med felles utviklings- og samarbeidstiltak og med sektorspesifikke utfordringar for dei tre sektorane.

Vedtekter for ABM-utvikling er fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. mars 2003. Innanfor ansvarsområdet sitt skal ABM-utvikling arbeida på tvers av departementale og andre administrative grenseliner.

Etter § 2 i vedtektena har ABM-utvikling til hovudoppgåve å driva aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordna, effektivisera og styrkja arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling skal setja institusjonane og sektorane betre i stand til å løysa faglege oppgåver og til å møta nye utfordringar i samfunnet og skal arbeida med heile spekteret av funksjonar innanfor arkiv, bibliotek og museum.

I § 3 i vedtektena heiter det at ABM-utvikling skal fremja samarbeid mellom dei tre sektorane der dette framstår som formålstenleg, men at det skal leggjast vekt på den faglege eigenarten og dei funksjonane som kvar av sektorane og dei spesifikk samlingane deira representerer. ABM-utvikling skal samarbeida fagleg med Arkivverket og Nasjonalbiblioteket og tilpassa eiga verksemd i høve til den kompetansen og dei funksjonane som desse etatane er tillagde.

ABM-utvikling forvaltar midlar som kan nyttast både til eigeninitierte prosjekt og til å støtta tiltak i regi av andre aktørar. ABM-utvikling kan også forvalta faste tilskotsmidlar og kan tilleggjast andre forvaltningsoppgåver. ABM-utvikling skal vera rådgjevande instans for offentlege styresmakter.

ABM-utvikling vert leia av eit styre på åtte medlemer oppnemnde av Kultur- og kyrkjedeparte-

mentet for ein periode på fire år. To av medlemene vert oppnemnde i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet, og éin i samråd med Miljøverndepartementet.

#### **4.4.4 Andre statlege fagorgan**

*Utsmykkingsfondet for offentlege bygg* vart skipa etter stortingsvedtak 30. november 1976. Av gjeldande vedtekter for fondet fastsette av Kulturdepartementet 26. februar 1998 går det fram at verksemda skal leggja til rette for og stimulera til at utsmykking vert eit viktig element i offentlege bygg og den nærmeste omgjevnaden. Fondet skal tryggja høg kvalitet på offentleg utsmykking, definert som biletkunst og kunsthandverk sett inn i ei arkitektonisk ramme. Utsmykkingsfondet vert leia av eit styre på sju medlemer, og fem av desse vert oppnemnde etter framlegg frå Norske Billedkunstnere, Norske Kunsthåndverkere, Norske Arkitekters Landsforbund, Statsbygg og Kommunenes Sentralforbund.

Noverande ordning for utsmykking av statlege bygg byggjer på kgl. res. 5. september 1997. Etter måten detaljerte retningsliner for ordninga vart fastsette av Kulturdepartementet 15. februar 1999. Hovudregelen er at det vert engasjert ein kunstnarleg konsulent for det einskilde prosjektet; denne leiar eit utsmykkingsutval som skal arbeida fram ein utsmykkingsplan. Utførande kunstnar inngår kontrakt om oppdraget.

Retningsliner for utsmykkingsordninga for leiebygg og eldre statlege bygg er fastsette av departementet 25. februar 1998. Vidare fastsette departementet 8. november 1999 retningsliner for kunstnarleg utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg som får tilskot frå fondet. I sistnemnde ordning inngår såkalla regionale samarbeidsutval knytt til dei regionale kunstnarsentra

Av vedtekter for *Norsk språkråd* fastsette ved kgl. res. 29. oktober 1971 og seinast endra 10. januar 1992 framgår at rådet har 38 medlemer fordelt på to like seksjonar, éin for bokmål og éin for nynorsk. Rådet vert oppnemnt for fire år om gongen av institusjonar og organisasjonar innanfor utdanning og forsking, presse og kringkasting, forfattarar-, skodespelar- og forlagsbransje og ulike språkpolitiske interessegrupper.

Blant medlemene vel rådet ei fagnemnd på åtte medlemer, fire for kvar seksjon, og eit styre på seks medlemer, tre frå kvar seksjon. Rådet møtest ein gong for året, og kvar seksjon vel sin eigen leiar for eitt år om gongen. Seksjonsleiarane er skiftevis leiar og nestleiar i rådet og i styret annakvart år.

Fagnemnda er eit fagleg og konsultativt organ innanfor Norsk språkråd og arbeider mellom anna med terminologi, rettskriving og andre normeringsspørsmål. Rådet har fullmakt til å gjera endelig vedtak i visse normeringsspørsmål, mellom anna om skrivemåte og bøyning av nye ord og andre ord som ikkje tidlegare er normerte i norsk. Vedtak om endringar i tidlegare normerte enkeltord og gjennomgripande systemendringar må leggjast fram for departementet til godkjenning.

Vedtekter for *Norsk lokalhistorisk institutt* er fastsette av departementet 8. juni 1998. Institusjonen har som mål å fremja lokal- og regionalhistorisk arbeid i heile landet. Instituttet skal gje råd og rettleiing til aktørar innanfor lokal og regional historie, driva og stimulera til forsking og vera eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokalhistorie.

*Bunad- og folkedraktrådet* skal verna om folkedraktradirasjoner og bunadsbruk. Lokalt særprega draktskikk er grunnlaget for rettleiings- og rådgjevingsarbeidet. Rådet forvaltar eit arkiv med draktregistreringar og annan dokumentasjon knytt til folkedraktane og bunadene. Vedtekter er fastsette av departementet 26. januar 1999. Dei fem rådsmedlemene skal samla representera allmenn kulturhistorisk forsking, folkedraktforsking og sak-kunnskap om tekstil og saum. Sekretariatet er samlokalisert med Valdres Folkemuseum på Fagernes.

*Norsk filmfond* gjev tilskot til prosjektutvikling og produksjon av norsk langfilm, dokumentarfilm og kortfilm. Fondet skal vidare vera eit rådgjevande organ for departementet i filmspørsmål. Dei har også ansvaret for ordninga med billettstøtte og direkte støtte til produsentar, og dei gjev tilskot til den nasjonale norske filmkommisjonen. Norsk filmfond forvaltar også internasjonale oppgåver i samband med EURIMAGES og MEDIA Desk Noreg. Departementet oppnemmer styret.

*Norsk filmutvikling* skal vera eit kompetanse- og utviklingscenter for den norske filmbransjen og har mellom anna ansvar for kurs og etterutdanning på filmområdet. Dei skal også tryggja at gode idéar og realiserbare prosjekt vert utvikla i tråd med hovudmåla for filmområdet. I samband med statsbudsjettet for 2003 har Stortinget bede om at det skal setjast i gang ei evaluering av verksemda for å gjera kurs- og etterutdanninga meir målretta. Arbeidet med evalueringa er no sett i gang. Departementet vil koma attende til dette i budsjettet for 2004.

*Fond for lyd og bilete* forvaltar midlar til produksjon og formidling av fonogram og videogram innspelte i Noreg. Midlane, som er ei årleg ordinær løying over statsbudsjettet (kap. 320 post 51), skal

koma opphavsrettshavarar, utøvande kunstnarar og produsentar til gode. Vedtekter er fastsette av Kultur- og vitskapsdepartementet 10. november 1982 med seinare endringar. Forskrift om tilskot frå fondet er fastsett av Kulturdepartementet 19. januar 1999 med seinare endringar. Sekretariatet er administrativt knytt til Norsk kulturråd. Seks fagutval vert oppnemnde av styret for eitt år om gongen.

*Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar* har ansvar for forvaltning av direkte stønadsordningar for kunstnarar, dvs. stipend og garantiinntekter og dessutan stipend etter fullført kunstudanning (kap. 321 postane 72, 73 og 74). Sekretariatet vert kalla *Statens kunstnarstipend* og er samlokalisert med Norsk kulturråd. Dei faglege vurderingane vert gjorde i 24 fagspesifikke komitear. Jf. elles kap. 14.

#### 4.4.5 Statlege institusjonar

*Arkivverket* er den nest største statlege verksemda under Kultur- og kyrkjedepartementet med om lag 200 årsverk og ein arkivbestand på om lag 170 000 hylrometer og er ein etat med regionale forgreningar. Etaten består såleis av sentralinstitusjonen Riksarkivet leia av riksarkivaren og åtte regionale statsarkiv leia av kvar sin statsarkivar. Riksarkivaren er også overordna leiar for heile etaten, og omgrepet vert brukt både som embetstittel (riksarkivaren) og som nemning for den forvalningsorganisasjonen embetsinnehavaren står i spissen for (Riksarkivaren). For i tillegg til overordna ansvar for Arkivverket som utøvande kulturverninstituasjon har Riksarkivaren omfattande forvaltningsfullmakter. Både organiseringa av etaten og forvaltningsfullmaktene er frå 1. januar 1999 forankra i arkivlova med forskrifter.

Som forvaltningsinstitusjon fører Riksarkivaren tilsyn med arkivarbeidet både i alle statlege organ og i kommunar og fylkeskommunar. Riksarkivaren kan mellom anna gje pålegg som er naudsynte for å oppfylla føresegner i arkivlova med forskrifter. Det er Riksarkivaren som i siste instans avgjer kva for offentleg arkivmateriale som skal takast vare på for ettertida, og kva som kan eller skal kasserast. Det er i arkivlova fastsett at statlege arkiv skal avleverast til Arkivverket, og av forskrifter framgår at sentrale statlege organ skal avlevere til Riksarkivet, medan regionale og lokale organ avleverer til vedkomande statsarkiv.

*Nasjonalbiblioteket* er den største statsinstitusjonen under Kultur- og kyrkjedepartementet med om lag 325 årsverk og forvaltar eineståande bok- og spesialsamlingar. Institusjonen vert leia av ein

nasjonalbibliotekar tilsett av Kongen og har to operative avdelingar, ei i Oslo og ei i Rana. I tillegg har Nasjonalbibliotekaren ei eiga stabsavdeling.

Vedtekter for Nasjonalbiblioteket er fastsette av Kulturdepartementet 16. mai 2001, og det framgår her at Nasjonalbiblioteket skal tryggja for ettertida og gjera tilgjengeleg eksemplar av allment tilgjengelege dokument i samsvar med pliktavleveringslova med forskrifter. Vidare framgår at Nasjonalbiblioteket vert leia av eit styre med sju medlemer oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet.

Vedtektena fastset at dei to avdelingane i Oslo og Rana skal utviklast til einingar med klårt formulerte og skilde oppgåver, men på ein slik måte at Nasjonalbiblioteket som heilskap vert *ein* samla og funksjonell institusjon. Avdelinga i Oslo skal fyrst og fremst ta seg av utoverretta brukar- og publikumsoppgåver, medan avdelinga i Rana fyrst og fremst ta seg av gjennomføringa av pliktavleveringslova.

Vedtektena for *Arkeologisk museum i Stavanger* vart fastsette av Kyrkje- og undervisningsdepartementet 15. april 1980. Museet skal vera ein tverrfagleg institusjon, som gjennom forsking, forvalting og formidling skal fremja forståing for og kunnskap om mennesket og livsmiljøet, særleg i førreformatorisk tid. Det finst i alt fem arkeologiske landsdelsmuseum. Dei andre fire er universitetsmuseum.

*Norsk lyd- og blindeskribtbibliotek* skal yta biblioteknester overfor blinde og synshemma og overfor andre lesehemma når dette ikkje går ut over tilbodet til primærbrukarane. Av vedtektena, fastsette av Kulturdepartementet 1. juni 1991 med endringar av 24. april 1992, går det fram at institusjonen skal

- skaffa fram og halda ved like eit variert tilbod av litteratur i blindeskrift og lydbøker
- gjera materialet tilgjengeleg for brukargruppene
- driva informerande og oppsökjande verksemd overfor aktuelle brukargrupper
- gje nye brukarar brei informasjon om hjelpetiltak for synshemma
- stå føre utviklingstiltak der målet er å betra informasjonstilgangen for lesehemma
- samarbeida med norske og utanlandske verksemder, institusjonar og organisasjonar for å tryggja ein samordna innsats og best mogeleg ressursbruk.

*Riksutstillingar* har til oppgåve å skapa interesse og forståing for biletkunst, kunsthåndverk, fotografi og andre former for visuelle kunstarlege uttrykk.

Institusjonen skal arbeida for dette gjennom utstillingar og andre formidlingstiltak. Riksutstillingar har eit særleg ansvar for at kunstformidlinga i Noreg er landsdekkjande. Vedtektena er fastsette av Kulturdepartementet 20. desember 1995.

*Rikskonsertane* står føre konsertverksemrd innanfor alle sjangrar i kulturhus, samfunnshus, kyrkjer, skular, barnehagar m.m. over heile landet. Instruks for styret er fastsett av departementet 9. juli 1993.

*Riksteatret* står i ei særstilling innanfor kunstfeltet ved at verksemda er rotfest i ei eiga lov, jf. kap. 4.2.4. Instruks for styret ved Riksteatret er fastsett ved kgl. res. 28. mai 1976.

*Norsk filminstitutt* arbeider med innsamling, bevaring og restaurering av gammal og ny norsk film, og er ansvarlege for lansering av norsk film i utlandet. I tillegg sel og leiger dei ut film, særleg formidlar dei barnefilm, kortfilm, dokumentarfilm og filmar frå den norske filmhistoria. Norsk filminstitutt har også ansvar for ymse filmkulturelle tiltak og for å gjera verka frå filmhistoria tilgjengelege gjennom daglege framsyningar i dei to kinoane instituttet driv.

#### 4.4.6 Tilskotsinstitusjonar

Mellom dei mange tiltaka som mottek statlege driftstilskot på kulturområdet, finst det fleire ulike organisasjonsformer. Dei viktigaste er likevel aksjeselskap og stifting.

Aksjeselskap er mest vanleg på scenekunstområdet, men førekjem også på fleire andre område. I desse selskapa eig staten meir enn helvta av aksjane:

- Den Norske Opera
- Nationaltheatret
- Den Nationale Scene
- Rogaland Teater
- Trøndelag Teater
- Carte Blanche
- Hundreårsmarkeringen – Norge 2005
- Norsk Filmstudio.

Av dei nemnde institusjonane er *Norge 2005 AS* spesiell med di det er eit tidsavgrensa selskap med ansvar for å fordela midlar til dei mange kulturprosjekta som fram til 2005 skal markera at det er 100 år sidan landet vart sjølvstendig.

Aksjeselskap der staten ikkje eig aksjar, er *Det Norske Teatret, Hålogaland Teater, Teatret Vårt, Teater Ibsen, Sogn og Fjordane Teater, Nordland Teater, Agder Teater, Haugesund Teater og Hordaland Teater*. Eit unnatak på scenekunstområdet er at *Hedmark Teater* er organisert som stifting.

Innanfor musikkfeltet er dei største institusjonane organiserte som stiftingar. Dette gjeld *Oslo Filharmonien*, *Musikkelskabet Harmonien*, *Stavanger Symfoniorkester*, *Trondheim Symfoniorkester*, *Sørlandets Musikkstiftelse*, *Det Norske Blåseensemble* og *Tromsø Symfoniorkester*.

På museumsområdet er stiftingsforma dominerande. Dette gjeld alle dei store tilskotsmusea, både allmenne kulturhistoriske museum som til dømes *Norsk Folkemuseum* og kunstmuseum som til dømes *Nordenfeldske Kunstmuseum*.

Som oftast er det andre enn staten som har initiert dei mange museumsstiftingane, men i dei tilfella Kultur- og kyrkjedepartementet dei seinare åra har skipa til nye museum eller omorganisert eksisterande, har stiftingsforma òg vorte vald. Døme på ei ny museumsstifting er *Norsk museum for fotografi – Preus fotomuseum* i Horten, jf. St.prp. nr. 56 (1993–94) *Skiping av nasjonalt fotomuseum*.

Døme på omorganiseringar av tidlegare statsinstitusjonar til stiftingar er *Norsk Bergverksmuseum*, *Eidsvoll 1814 – Rikspolitisk senter* og det nye *Nasjonalnalmuseet for kunst*. I siste tilfelle er det grunngjeve i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2002–2003) kvifor stiftingsforma er vald:

«Hovudgrunnen til dette er at stiftingsforma gjev høveleg fridom og fleksibilitet for institusjonen. Den sikrar at det er ein «arm lengds» avstand mellom styresmakter og institusjon i utføringa av det faglege arbeidet. (...) Å driva museum, men innsamling, forskings- og utviklingsarbeid innanfor det faglege ansvarsfeltet og formidlingsaktivitet mot eit breitt publikum, er ikkje forvalningsoppgåver i vanleg meinings av ordet. Eit museum kan meir samanliknast med ein frittståande kunnskapsorganisasjon med eit mandat til å verka i og for samfunnet. (...) På denne bakgrunn er det naturleg å finna ei organisasjonsform som gjev stor fagleg fri-

dom og organisatorisk sjølvstende for det nye museet.»

Kultur- og kyrkjedepartementet nemner opp styremedlemer til eit stort tal tilskotsinstitusjonar. I ein del tilfelle peikar departementet ut fleirtalet av medlemene i styret; i andre tilfelle berre ein eller to medlemer. Alt i alt nemner departementet direkte eller indirekte opp om lag 180 slike styremedlemer og om lag 140 varamedlemer.

## 4.5 Informative verkemiddel


Denne gjennomgåinga av verkemiddel rettar fyrst og fremst søkjelyset på korleis desse fungerer i arbeidet med å setja i verk kulturpolitisk motiverte tiltak. Innleiingsvis må det likevel strekast under at dette ofte er eit dobbeltverkande fenomen, dvs. at departementet også i stor grad må halda oppe ein informasjonsstraum mot seg sjølv for å styrkja eigne kunnskapar og dermed grunnlaget for utföringa av kulturpolitikken. Ein indirekte verkande variant av det siste vil vera å spreia informasjon om faktiske tiltak, idear og tenkjemåtar for dermed å initiera eit ordskifte som i neste omgang kan gje eit betre grunnlag for å forma ut nye tiltak, gjera større eller mindre justeringar i pågående tiltak e.l.

### 4.5.1 Odin

Odin er ei forkorting for *Offentlege dokument i Noreg* og er ei felles, internettbasert, elektronisk informasjonsteneste frå regjeringa og departementa. Odin ligg som ei paraplyteneste over tilsvarende tenester for kvart einskilt departement, og desse kan anten nåast via hovudsida til Odin eller som eigne nettadresser. Alle tenestene har ein felles informasjonsstruktur, dessutan ein individuelt tilpassa struktur for kvar nettstad.

Den sentrale redaksjonen for Odin er plassert i Statens forvalningsteneste, men kvart av departementa, så også Kultur- og kyrkjedepartementet, har sin lokale Odin-redaksjon og er ansvarleg for all publisering og vedlikehald av informasjon på sine eigne sider. Føremålet med Odin er å gjera informasjons- og nyhendestoff frå regjeringa og departementa tilgjengeleg på Internett, slik at sentral statleg forvaltning gjennom bruk av moderne informasjonsteknologi vert meir open og tilgjengeleg.

Alt i dag er Odin kan henda den viktigaste kana- len for presentasjon og publisering av aktuell informasjon om den statlege kulturpolitikken, og denne utviklinga vil mest truleg halda fram. Odin legg vinn på å presentera informasjonen slik at han er



Figur 4.6

lett å orientera seg i og med søkjefunksjonar. Etter kvart vil tenesta også tilby interaktivitet og tovegs-kommunikasjon.

Til liks med dei andre departementa legg Kultur- og kyrkjedepartementet nesten dagleg ut ny informasjon på hovudsida si i Odin. Her finst først og fremst ei spalte med ein kort journalistisk presentasjon i kronologisk rekjkjefølgd av dei fem – seks siste sakene som er lagde ut, og med lenkje vidare til dei aktuelle dokumenta i fulltekst. Her vert det såleis presentert aktuell statistikk, ferske høyringssaker og utgreiingsrapportar, nye proposisjonar og meldingar til Stortinget, aktuelle stilsutlysingar osb.

I tillegg finst ei smalare spalte med lenkje til kalender for politisk leiing, oversyn over pressekontaktar i departementet, alle pressemeldingar og alle talar og artiklar av kulturministeren eller andre i den politiske leiinga. Her finst også lenkjer til større saker av meir varig aktualitet, som til dømes Nytt operahus, Den kulturelle skulesekken, og i tillegg ei lenkje med oversyn over alle institusjonar og fagorgan under Kultur- og kyrkjedepartementet.

Det finst også ei anna spalte med andre inngangar til mykje av det same stoffet, dessutan lenkjer til informasjon om alt kulturrelatert regelverk og budsjett- og rekneskapsinformasjon. I tillegg finst fagrelaterte lenkjer og ei lenkje til saker og dokument om internasjonal kulturpolitikk. Tenesta har elles eit arkiv som inneholdt dokument som er publiserte på Odin, både slike som er tilgjengelege i den aktive strukturen, og dei som er historisk arkiverte.

På Kultur- og kyrkjedepartementet si hovudsida på Odin ligg også ei lenkje til Kulturnett Noreg.

#### 4.5.2 Kulturnett Noreg

Kulturnett Noreg er den offisielle inngangsdøra til norsk kultur på nettet og er Kultur- og kyrkjedepartementet si Internett-satsing. Førsteversjonen av Kulturnett Noreg opna 8. desember 1998, og for tida vert det arbeidd med å utvikla versjon 3.0.

Kulturnett slik det er i dag, er sett i hop av eit nav, Kulturnettet, og fire delnett, Arkivnett, Biblioteknett, Museumsnett og Kunstnett. ABM-utvikling overtok ansvaret for drift og utvikling av navet og dei fire delnetta 1. januar 2003.

Kulturnett er først og fremst ein portal til norske kulturressursar på nett, men driftar og ein del tenester sjølv. Dei viktigaste tenestene er:

- Kulturkalendaren, som gjev eit oversyn over kulturarrangement rundt omkring i Noreg. Kommunane sjølv legg inn opplysningar om

arrangement. Desse opplysningsane vert så kvalitetskontrollerte i kulturnettredaksjonen.

- Søkemotoren, som søker i alle norske kulturnettstader
- Emneinngangen er ei lenkjesamling som gjev eit breitt oversyn over kulturlenkjer kategoriserte etter emne
- Magasinet med redaksjonelt stoff om kultur og kulturuttrykk, særleg i skjeringspunktet kultur og ny teknologi.

I tillegg til desse har dei fire delnetta sine eigne tenester, mellom anna:

- Museumsguiden (Museumsnett)
- Arkivguiden (Arkivnett)
- Leserommet (Biblioteknett)
- Kunstnarregisteret (Kunstnett)
- Magasin med stoff om sektoren på kvart av dei fire delnetta

#### 4.5.3 Heimesider på Internett

Eit stort tal kulturinstitusjonar har eigne heimesider på Internett, jamvel om det er vanskeleg å gje eit eksakt tal for kor mange dette gjeld, og det kjem stadig nye til.

Innanfor kunstområdet kan ein med basis i lenkjesamlinga på Kunstnett leggja til grunn at det dreier seg om meir enn 150, men det finst venteleg ein heil del til som ikkje er knytte til dette nettet.

På abm-feltet er oversynet betre. 367 museum har eigne heimesider. Det same gjeld ca. 60 arkivinstitusjonar. Arkiv knytte til museum eller bibliotek er haldne utanfor. Vidare har 254 folkebibliotek slik eigenpresentasjon, medan altså 180 ikkje har. Dessutan har alle dei 19 fylkesbiblioteka heimesider på Internett.

Eit samla overslag tyder altså på at meir enn 850 aktørar innanfor kulturfeltet gjer bruk av Internett for å presentera seg sjølv gjennom eigne heimesider.

#### 4.5.4 Nettstaden for Den kulturelle skulesekken

Sekretariatet for prosjektet Den kulturelle skulesekken er lokalisiert i ABM-utvikling. Det er laga ein eigen nettstad for dette tiltaket, og denne er eit godt døme på korleis Internett har revolusjonert bruken av informative verkemiddel på kulturområdet. På desse nettsidene finst det til kvar tid à jourført informasjon om kva som er gjort frå offentlege styresmakter si side med omsyn til fordeling av midlar, pressemeldingar, talar etc.

Endå viktigare er det at denne nettstaden inneholder omtalar av store og små prosjekt og aktørar på kultur- og skulesida som på ulike måtar har engasjert seg i arbeidet med å fylla Den kulturelle skulesekken med eit godt innhald. Nettstaden inneholder òg lenkjer til aktuelle artiklar i pressa.

Gode idear vert dermed spreidde raskt; aktørar som syslar med ein idé, vil finna informasjon om kven dei kan ha nytte av å stå i kontakt med; og dessutan har nettstaden ein funksjon for tilbakemeldingar, slik at dei som til dømes har informasjon eller synspunkt som det sentrale sekretariatet, styringsgruppa og referansegruppa bør kjenna til, har eit verkty for å formidla dette i same stund.

#### 4.5.5 Publikasjonar på papir

Jamvel om ein stor del av dei forvaltningsmessige informasjonsstraumane innanfor kulturfeltet er flytte over til Internett, finst det like fullt ein rik flora av fagtidsskrift, meldingsblad, nyhendebulletengar og mykje anna i tradisjonelt papirformat som gjev kulturpolitiske informasjon til medlemene av visse organisasjonar eller til allmenta. Samstundes kan ein del av desse periodiske publikasjonane vera viktige for aktørar på administrativt og politisk nivå – som kjelde til kunnskap om kva for synspunkt og tenkjemåtar som gjer seg gjeldande i dei ulike segmenta av kulturfeltet.

Viktige publikasjonar som er å finna i elektronisk form, kan det likevel framleis vera stor etterspurnad etter i vanleg prenta utgåve. Som døme kan nemnast at stortingsmeldinga om arkiv, bibliotek og museum, St.meld. nr. 22 (1999–2000) er send ut i 7 000 eksemplar på papir.

Norsk kulturråd har ein rapportserie av skrifter som har forskings- eller utgreiingsmessig interesse for ulike delar av kulturfeltet, for forvaltninga og for forskarar. I tillegg gjev rådet ut ein notatserie på eit noko meir førebels og forskingsmessig mindre ambisiøst nivå. InnhalDET og konklusjonane i desse rapportane og arbeidsnotata står for den einskilde forfattaren si rekning, men like fullt kan den innsikten som desse publikasjonane gjev, danna viktige premissar for den forvaltningsmessige og kulturpolitiske oppfølginga innanfor dei respektive problemområda.

Dei fagorgana som no er innlemma i ABM-utvikling, Norsk museumsutvikling, Riksbibliotekstenesta og Statens bibliotektilsyn, har dei siste åra fått utarbeidd ei lang rad publikasjonar. Målgruppa for desse dokumenta er først og fremst aktørane innanfor musea og biblioteka. Dette er sektorar med eit stort tal mindre institusjonar som har eit

uavbrote behov for ny informasjon om ulike faglege spørsmål.

Norsk språkråd gjev ut dei periodiske publikasjonane *Språknytt* og *Statsspråk* og dessutan ein skriftserie. Betre skriftleg språkbruk er det overordna siktemålet anten målgruppa er vid og generell eller smal og fagleg avgrensa.

Arkivverket gjev ut *Arkivmagasinet*, som kjem med tre-fire nummer i året og inneholder fagartiklar og orienterande stoff mynta på aktuelle fagmiljø og den interesserte allmenta, dessutan ein skriftserie med meir omfattande faglege publikasjonar.

Interesseorganisasjonar innanfor dei ulike kunst- og kulturområda har eit stort tal periodiske publikasjonar, som dels tek opp reint faglege spørsmål, men som òg i stor grad freistar ivaretakkinga delområdets kulturpolitiske interesser.

Bladet *Kulturliv* er eit frittståande fagblad, jamvel om det opphavleg var statleg initiert (i 1979 under namnet *Kulturnytt*). Bladet *Museumsnytt* får statleg tilskot (frå AMB-utvikling), men utgjevar er Norges Museumsforbund, og dette tryggjer ein uavhengig profil.

#### 4.6 Kontrollerande verkemiddel

Fleire av dei organisatoriske verkemidla vi har gjort greie for under kap. 4.4, kan òg sjåast frå ein kontrollerande synsstad. Dei mange vedtekta, instruksane o.l. vil i så måte vera å sjå på som førevar-tiltak for å tryggja at vedkomande organ eller institusjon held aktivitetene innanfor det føremålet som er fastsett, og at oppgåveløysinga skjer på ein kvalifisert og adekvat måte.

Økonomiinstruksen for Kultur- og kyrkjedepartementet og hovudinstruksane for underliggende statlege verksemder er alt nemnde under kap. 4.4.1. Retningsliner for økonomiforvaltning, revisjon og rapportering er nedfelt i alle tildelings- og tilsegningsbrev og utdjupa ytterlegare i særskilt vedlegg til desse.

I budsjettproposisjonen vert det stilt opp hovudmål og resultatløft for dei ulike delane av kultursektoren. I tildelings- og tilsegningsbreva vert dette operasjonalisert i form av såkalla resultatindikatorar, som er utgangspunktet for attendemeldingar fra institusjonane gjennom årsmeldingar, halvårsrapportar m.m. Dette gjev grei og oversynleg informasjon om dei sidene ved dei ulike aktivitetane og verksemndene som lett lèt seg kvantifisera, dvs. slikt som vitjingstal, talet på framsyningar, produksjonar eller utstillingar, katalogiserte bøker, registrerte gjenstandar eller hylrometer avleverte arkiv osb. For dei meir kvalitative dimensjonane ved kul-

turlivet, som i røynda er minst like viktige, har systemet med mål- og resultatstyring meir avgrensa verde.

I arbeidet med byggjeprosjekt vil dei innleiane fasane vera prega av å kontrollera at kostnadene vert avgrensa til det som er naudsynt for å realisera siktet, og intensjonane med det aktuelle tiltaket, og at kvalitative krav vert ivaretakne på ein fullgod måte. I tillegg til den byggfaglege ekspertisen som sjølvsagt skal finnast hjå dei instansane som har ansvaret for gjennomføringa av prosjektet, vert det i somme tilfelle initiert ekstern kvalitetssikring. Forprosjektet til nytt operahus vart såleis gjennomgått av eit rådgjevande ingeniørfirma, Dovre International, slik det alltid skal gjerast for byggjeprosjekt på 500 mill. kroner eller meir, og siktlinene i den store operasalen er vurderte av eit arkitektfirma, 4B Arkitekter AS.

## 4.7 Fylkeskommunane si rolle på kulturområdet

Ved handsaminga av kulturmeldingane frå 1970-åra var det tverrpolitisk semje om at den nye kulturpolitikken skulle vera ein del av den allmenne samfunnsplanlegginga, og kommunane vart tilrådde å skipa kulturstyre og oppretta stillingar for kulturadministrative oppgåver. Parallelt gjorde det seg gjeldande eit ynske om regionalisering, som munna ut i etablering av den nye folkevalde fylkeskommunen frå 1976. I løpet av nokre år var fylkeskommunale kulturforvaltninga på plass i alle fylkeskommunane.

Fylkeskommunen sitt engasjement på kulturområdet dreier seg dels om sjølvdefinerte oppgåver og funksjonar, dels om medansvar for oppgåver som òg er forankra på statleg nivå, slik som driftstilskot til region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar og ymse tilskot og tilskotsordningar. På somme område er oppgåver desentraliserte, slik at tidlegare øyremerkte statlege tilskot til visse kulturtiltak er lagde inn i dei generelle overføringane frå staten til fylkeskommunane.

Fylkeskommunen er i endring og den framtidige rolla vert drøfta. I NOU 2000: 22 *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune* og den tilhøyrande St.meld. nr. 31 (2000–2001) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling* er rammene for den nye fylkeskommunen skisserte. Fylkeskommunen er mellom anna tiltenkt å vera ein regional utviklingsaktør.

### 4.7.1 Økonomi – fylkeskommunale kulturutgifter

I løpet av dei siste 20 åra er det gjort fleire analysar av dei kommunale og fylkeskommunale kulturutgiftene. I samband med St.meld. nr. 61 *Kultur i tiden* (1991–1992) vart det utarbeidd oversyn over utviklinga av kommunale og fylkeskommunale kulturutgifter i perioden 1980–1990. I 1994 kom det rapportar om organisasjonsendringar i den kommunale kultursektoren og om utviklinga av kommunale og fylkeskommunale kulturutgifter i perioden 1989–92. Av rapporten *Salderingspost eller sektor i vekst? Kommunale og fylkeskommunale driftsutgifter til kulturformål 1989–94* går det fram at både brutto- og nettoutgiftene til kultur i fylkeskommunane auka monaleg i perioden 1980–1990.

I 1997–98 initierte Norsk kulturråd prosjekt for å kartlegga og analysera utviklinga i kommunale og fylkeskommunale utgifter til kulturføremål i perioden 1991–1996 og endringar i organiseringa av kulturforvaltninga i 1990-åra. Dette munna ut i rapportane *Kultursektor i forvitring?* og *Kommunale og fylkeskommunale utgifter til kulturformål 1991–95*. Bakgrunnen for den fyrstnemnde rapporten var elles å spora mogelege effektar av den nye kommunelova frå 1993, som gav kommunane og fylkeskommunane større fridom til å velja korleis dei ville organisera eiga verksemد.

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå syner at det i perioden 1991–2000 var ein jamn auke i dei fylkeskommunale netto- og bruttoutgiftene til kultur både i samla volum og per innbyggjar. I tiårsbolken var realvoksteren i bruttoutgiftene 95 kroner og nettoutgiftene 38 kroner per innbyggjar rekna i 1991-kroner.

I 2000 hadde fylkeskommunane i underkant av 686 mill. kroner i netto driftsutgifter til kulturformål. Til samanlikning var kommunane sine samla netto driftsutgifter om lag 4,7 mrd. kroner, og utgifter over Kulturdepartementet sitt budsjett om lag 3,5 mrd. kroner (SSB 2000). Fylkeskommunane stod for ca. 8 pst. av dei samla offentlege kulturutgiftene. Dei største utgiftspostane for fylkeskommunane var kunst og kunst- og kulturformidling (26 pst.) og kulturvern/museum (25 pst.) Brutto driftsutgifter til kultur i 2000 i fylkeskommunane var 1 356 mill. kroner, altså om lag det doble av netto driftsutgifter.

Ei kartlegging av driftsutgifter gjev ikkje utan vidare eit fullgodt bilet av kulturfeltet i eit fylke. Utgiftsdata fangar ikkje opp kulturaktivitetar som ikkje går over dei fylkeskommunale budsjetta, og rekneskapstala seier ikkje noko om kvaliteten og innhaldet i kulturtilbodet. Dessutan har fylkeskom-

munane hatt så ulik posteringspraksis at samanlikningar ikkje vert pålitelege.

Ei undersøking av dei tala som dannar grunnlaget for Statistisk Sentralbyrå sin statistikk over fylkeskommunale utgifter til kultur i perioden 1991–2000, viser at det er særskilde problem knytte til postering av investeringar i fylkeskommunane. I heile tiårsperioden har praksis for føring av spelemidlar vore svært ulik i fylkeskommunane. Sidan spelemidlane utgjer ein stor del av dei totale kulturmidlane i fylkeskommunane og ein stor del av inntektene frå staten, har dette gjeve store utslag i rekneskapen for einskilde fylkeskommunar. Fylke som har ført spelemidlane som inntekt i rekneskapen, har difor hatt unaturleg høge tal i høve til dei fylkeskommunane som har halde desse midlane utanfor rekneskapen. Ein kompliserande faktor i denne samanheng er at det har vore ulikt kva post i rekneskapen dei einskilde fylkeskommunane har ført spelemidlane på. I tillegg har praksis internt i fylkeskommunane endra seg i løpet av tiårsperioden. Dette gjer det vanskeleg både å samanlikna

postar over tid i innanfor ein fylkeskommune og å samanlikna postar fylkeskommunane imellom.

Vidare har bruken av fondsmidlar i samband med store investeringar gjeve swingingar i den fylkeskommunale kulturstatistikken. Dette har ført til at somme fylkeskommunar har hatt svært oppblåsne rekneskapstal i einskilde år med store investeringar, medan dei nokre år seinare har falle attende til eit meir normalt nivå.

I 2000 var det berre Rogaland og Vestfold som framleis ikkje førte spelemidlane som inntekt i driftsrekneskapen, og som heller ikkje hadde gjort det i heile tiårsperioden 1991–2000. Til saman i heile perioden utgjer dette over 219 millionar kroner for Rogaland og over 79 millionar kroner for Vestfold. I tiårsperioden 1991–2001 er bortimot 460 millionar av i alt om lag 2,4 milliardar kroner av spelemidlane ikkje førte i den ordinære driftsrekneskapen i fylkeskommunane.

Det er difor stor grunn til å vera varsam med bruken av desse tala i ulike samanhengar. Til dømes vil det vera vanskeleg å gjennomföra analyser for å finna ein samanheng mellom politisk og

Tabell 4.1 Brutto og netto driftsutgifter til kulturføremål fylkesvis og per innbyggjar, alle fylke unntake Oslo, 2000.

Region	Brutto driftsutgifter Sum 01–39	Netto driftsutgifter Sum 01–39	Brutto driftsutgifter per innb. Sum 01–39	Netto driftsutgifter per innb.
Hele landet	1 356 733	685 663	342	173
Østfold	65 499	36 413	264	147
Akershus	93 509	52 773	200	113
Hedmark	80 960	42 334	433	226
Oppland	54 842	28 817	300	158
Buskerud	79 717	36 300	337	153
Vestfold	51 650	39 474	243	186
Telemark	52 669	23 212	319	141
Aust-Agder	50 116	24 255	490	237
Vest-Agder	46 010	22 623	296	145
Rogaland	78 408	54 375	210	146
Hordaland	147 237	73 123	338	168
Sogn og Fjordane	68 220	29 434	634	274
Møre og Romsdal	78 463	42 824	323	176
Sør-Trøndelag	88 458	44 169	337	168
Nord-Trøndelag	64 372	32 687	506	257
Nordland	136 754	48 901	572	205
Troms	65 682	30 539	435	202
Finnmark	54 167	23 410	731	316

administrativ organisering i fylkeskommunane og den økonomiske utviklinga på kulturfeltet. Det er òg vanskeleg å trekka slutningar om bråe oppgan- gar eller nedgangar i utgiftene frå det eine året til det andre utan å undersøke endringane nøyare.

Varierande praksis knytt til bokføring av kulturbudsjett og rekneskap i fylkeskommunane gjer det altså uråd å gjera ei fullgod samanlikning av utviklinga i dei ulike fylkeskommunane i tiåret 1991–2000. Oversynet for 2000 gjev likevel truleg eit nokolunde rett bilet av situasjonen. Tabell 4.1 ovanfor syner netto driftsutgifter til kulturføremål fylkesvis og per innbyggjar i alle fylke unntake Oslo. Med unntak for Rogaland og Vestfold har alle fylkeskommunane inkludert spelemidlane i tala. Desse to fylkeskommunane får difor kunstig låge brutto og netto driftsutgifter i 2000 samanlikna med dei andre fylkeskommunane.

Tabell 4.1 syner at det er visse ulikskapar i kulturtutgifter per innbyggjar i fylkeskommunane. Fylkeskommunane frå Nord-Trøndelag og nordover og Sogn og Fjordane ligg i toppen, medan Østfold,

Akershus, Telemark og Vest-Agder har gjennomgåande lågare brutto og netto driftsutgifter til kultur samanlikna med dei andre fylkeskommunane.

I tillegg til at det kan vera feilkjelder knytte til rekneskapspraksis, er det fleire andre mogelege årsaker til skilnadene. Når dei mest utprega distriktsfylka har prioritert kultur høgast, kan dette avspeglia at det i desse områda finst få private og kommersielle kulturtilbod, at det er relativt store avstandar mellom folk, og at fylkeskommunane har teke på seg ei meir aktiv pådrivar- og samordningsrolle overfor kommunane. Desse fylka har få bykommunar med store kulturbudsjett, noko som gjer at fylkeskommunen truleg har vore ein meir sentral aktør på kulturfeltet enn i andre fylke med store byar og folkerike kommunar.

I fylke med fleire og større byar og bykommunar, som til dømes Hordaland og Sør-Trøndelag, har trangen for fylkeskommunane som kulturen-treprenør vore mindre. Kan henda er det grunnlag for å seia at fylkeskommunal satsing på kultur har hatt større politisk legitimitet i distriktsfylka enn i

Tabell 4.2 Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål. Fylkeskommunar 1991–2000 (i 1000 kroner).

	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
I alt	395 096	430 268	461 134	457 460	438 197	463 154	560 563	593 281	617 299	685 663
Kulturadmi-nistrasjon	60 830	62 585	65 751	61 409	70 288	72 249	74 412	77 440	67 279	75 016
Bibliotekføre-mål	60 458	65 906	67 558	68 250	71 808	74 585	76 256	84 516	87 344	93 491
Kulturvern, museum	78 115	83 475	93 784	107 107	120 938	114 694	161 250	152 704	164 423	170 923
Kino	7 495	0	5 261	5 130	27	5 592	-6	8 524	10 658	0
Andre medie-føre-mål	3 787	3 838	4 234	4 118	5 229	4 010	5 150	3 059	3 891	
Kunst og kunst- og kul-turformidling	72 739	105 895	111 288	115 854	103 764	109 313	128 635	131 892	152 101	178 582
Idrett, friluftsliv og andre mosjonsaktiv-i-tetar	34 680	31 869	29 460	21 210	12 455	634	23 603	36 560	28 259	59 432
Anna barne- og ungdoms-arbeid	17 567	18 652	22 228	22 068	24 137	23 454	24 151	20 819	16 721	16 927
Vaksenopplæ- ring utanom skuleverket	15 087	15 099	15 473	15 299	16 587	16 247	16 197	17 193	9 192	6 087
Andre kulturføre-mål	44 338	42 949	46 097	37 015	12 964	42 376	50 915	60 574	77 431	81 676

andre fylke. I dei nordlegaste fylka er ein stor del av det kulturpolitiske samarbeidet knytt opp til den nordnorske kulturavtalen. Geografien og dei lange avstandane gjer òg at det kostar meir å produsera og formidla kunst og kultur i desse fylka enn i andre fylke.

Østfold og Akershus har låge brutto og netto kulturutgifter per innbyggjar. Desse fylka ligg i skuggen av hovudstaden med mange kulturtildelningar av nasjonal art. Det er såleis ikkje utan vidare grunnlag for å hevda at innbyggjarane i desse fylka har eit dårlegare kulturtildelning enn i fylke med eit større fylkeskommunalt kulturbudsjet.

#### 4.7.2 Organisering

I tillegg til kulturadministrative stillingar på fylkeskommunalt nivå vart det etter kvart også vanleg å innføra hovudutvalsmodellen på politisk nivå, dvs. ein modell der dei politiske nemndene eller utvala vart organiserte etter føremål. I løpet av 1980-åra var utviklinga at dei aller fleste kommunane og fylkeskommunane hadde eige hovudutval for kultursaker.

I slutten av 1980-åra vart det likevel reist kritikk mot hovudutvalsmodellen. Det vart hevdat at organiseringa førte til sektorisering, og at heilskapen i politikken vart for lite teken vare på. I den nye kommunelova av 1993 vart det difor opna for alternative modellar for organisering. Dette har ført til omfat-

Tabell 4.3

	Politisk organisering	Administrativ organisering
Finnmark	Hovudutval for utdanning og kultur	Kulturetat
Troms	Kulturutval	Kulturetat
Nordland	Parlamentarisme	Fylkesråd for regional utvikling med næring, samferdsel og kultur
Nord-Trøndelag	Hovudutval for kultur	Avdeling for regional utvikling med plan, miljø, næring og kultur
Sør-Trøndelag	Hovudutval for næring, samferdsel og kultur	Divisjon næring, samferdsel og kultur
Møre og Romsdal	Hovudutval for kultur	Kulturavdeling
Sogn og Fjordane	Hovudutval for kultur	Kulturavdeling
Hordaland	Komite for kultur og helse	Avdeling for regional utvikling med næring, plan, miljø, samferdsel og kultur
Rogaland	Regional- og kulturutval	Avdeling for regional utvikling med næring, samferdsel, fylkesvegar og kultur
Oppland	Hovudutval for næring og kultur	Avdeling for regional utvikling med næring, plan, samferdsel, fylkesvegar og kultur
Hedmark	Hovudutval for kultur, oppvekst og miljø	Avdeling for regional utvikling
Buskerud	Hovudutval for kultur	Kulturavdeling
Vest-Agder	Hovudutval for kultur- og utdanning	Regionalavdeling med næring, samferdsel og kultur
Aust-Agder	Komite for regional utvikling	Regionaletaten
Telemark	Hovudutval for kultur og miljø	Regionaletaten
Vestfold	Hovudutval for regional utvikling	Kulturverksemada
Østfold	Samferdsels-, miljø- og kulturkomiteen	Nærings- og kulturavdelinga
Akershus	Hovudutval for kultur	Kultursektoren
Oslo	Byråd og komite for kultur og utdanning	Kultur- og utdanningskomiteens sektor

tande endringar i den administrative og politiske organiseringa av både den kommunale og den fylkeskommunale kultursektoren. Hovudtendensen er at fleire føremål har vorte organiserte saman, men det er likevel stor variasjon i kva oppgåver som vert handsama i det same politiske utvalet som kultur. I fylkeskommunane har det vore ein tendens til at meir teknisk prega saker som samferdsel, næring og miljø i aukande grad er vorte organisert saman med kultur, medan utdanning og kultur er ein sjeldnare kombinasjon. Dette har hovudsakleg samanheng med fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør.

I 1998 hadde sju fylkeskommunar framleis ein sjølvstendig, administrativ kulturetat, medan dei elleve andre hadde valt å plassera kulturavdelinga under ein større paraply. I 2002 var biletet av den administrative og politiske organiseringa av den fylkeskommunale kultursektoren dette:

Det er eit sentralt spørsmål om innlemminga av kulturfeltet i regionale utviklingsavdelingar har innverka eller vil koma til å innverka på status og prioriteringar som regionen gjev kulturfeltet. Nokre fylkeskommunar har lagt vekt på å synleggjera kultursektoren gjennom reine fylkeskommunale kulturavdelingar. Dei har sett dette som ein verdi overfor publikum og i høve til andre politikk-område. Somme vil hevda at det er særleg viktig å vera synleg for eit politikkfelt som elles lett kan koma i skuggen av større og meir lovregulerte politikkområde.

Andre strekar tvert om under at ein først fekk ein aktiv regional kulturpolitikk då fylket etablerte eiga regionalavdeling og integrerte kulturpolitikken i utviklings- og næringspolitikken, dvs. at dette har medverka til eit generelt større kulturengasjement i fylkeskommunen og auke i løvingane til denne sektoren.

#### **4.7.3 Nærare om kulturoppgåvene i fylkeskommunane**

Tidlegare fanst det fleire statlege tilskot og tilskotsordningar som vart forvalta av fylkeskommunane. Dei seinare åra er dei fleste slike anten avvikla eller innlemma i inntektssystemet, jf. særleg St.prp. nr. 62 (1999–2000) *Om kommuneøkonomien 2001* og Innst. S. nr. 252 (1999–2000).

I tråd med desse dokumenta vart det statlege tilskotet til formidling av biletkunst og kunsthandverk i regionane innlemma i inntektssystemet frå 2001. Dette femna om tilskot til fem landsdelsutstillingar og 13 regionale kunstnarsenter.

Vidare vart statlege tilskot til mobile bibliotektenester og til biblioteklokale avvikla frå same tids-

punktet, med di dette vart definert som i fyrste rekjkje eit kommunalt ansvar.

Dei involverte fagmiljøa har ikkje slutta seg til denne omlegginga, og særleg frå bibliotekhald gjer det seg gjeldande eit sterkt ynske om å innföra statlege øyremerkte tilskot til bokbussar og andre mobile bibliotekløysingar på nyt. Også i innspel til denne stortingsmeldinga har dei regionale kunstnarsentra, eller kunstsentra som det no helst heiter, bede om direkte statlege tilskot slik dei hadde inntil midten av 1990-åra.

Ei særskild ordning som er vidareförd, er tilskotsordninga for museum. Her vert det via fylkeskommunane kanalisert driftsmidlar til eit stort tal museum, jf. kap. 4.3.6 og kap. 11.6.3. Samstundes løver fylkeskommunane og dessutan mange kommunar av eigne midlar driftstilskot til desse musea.

På museumsområdet pågår det omfattande strukturendringar. Dette er eit hovudelement i arbeidet med å følgja opp St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling*, den såkalla abm-medlinga, jf. den tilhøyrande Innst. S. nr. 46 (2000–2001). I løpet av ein femårsperiode frå og med 2002 er siktet målet å minke talet på separate museumseiningar monaleg ved å styrkja regionale museum, slik at desse får fagleg styrke og kapasitet til å samordna kulturvernet innanfor eit nærmere definert område og til å samhandla med andre konsoliderte museum i faglege nettverk. I dette omstilingsarbeidet har fylkeskommunen ei viktig rolle i nært samspel med staten ved ABM-utvikling som operativ aktør på vegner av departementet, dei involverte musea og aktuelle vertscommunar. Eit viktig prinsipp i denne museumsreforma er at dei konsoliderte musea som hovudregel bør få driftsmidlar både frå statleg og regionalt/lokalt nivå, slik at det statlege tilskotet til vanleg ikkje skal overstiga 60 pst. av det samla driftstilskotet.

Forvaltningsoppgåvene i samand med tilskotsordninga for lokale og regionale kulturygg, jf. kap. 4.3.1, er i stor grad delegerte til fylkeskommunane, som tek i mot, handsamar og godkjenner søknader etter førehandsgodkjenning i vedkommende kommune eller i departementet. Fylkeskommunane gjer vedtak om i kva kommunar regionale kulturygg skal plasserast, og skal dessutan uttala seg om kva regionale funksjonar bygget bør dekka.

Årleg sender fylkeskommunen inn eit oversyn til departementet over innkomne og godkjende søknader under denne tilskotsordninga. På dette grunnlaget fordeler departementet midlar mellom fylka. Fylkeskommunen fordeler tilskotsmidlar avsette til lokale kulturygg, medan departementet fordeler tilskot til regionale kulturygg. Fylkeskommunen utbetaler innvilga tilskot til kommu-

nane, fører oversyn over tildelte og utbetalte summar, tek i mot rekneskapar for prosjekta osb.

Etter dei siste endringane i lov om pengespel mv. skal helvta av overskotet i Norsk Tipping gå til idrettsføremål. I § 2 i forskrift 11. desember 1992 er det fastsett følgjande:

«Kulturdepartementet eller den departementet gir fullmakt, foretar fordelingen innenfor rammen av de enkelte poster. Departementet fastsetter prosedyre og detaljregler for fordeling».

Fylkeskommunen har fullmakt til å fordela dei spelemidlane til idrettsføremål som kvart år vert stilte til rådvelde for det einskilde fylket. Dei må likevel følgja dei prosedyrane og dei krava til handsaming som departementet fastset. Planane som det vert søkt om tilskot til, må på førehånd vera godkjende av Kultur- og kyrkjedepartementet eller den departementet gjev fullmakt. Departementet har gjeve kommunane fullmakt til å førehandsgodkjenna planane for dei fleste typane anlegg. Når det gjeld ein del større og kompliserte anlegg, som til dømes fleirbruksshallar, symjehallar og spesialhallar, skal desse godkjennast av departementet.

Av lovpålagde kulturoppgåver i fylkeskommunane må først og fremst nemnast fylkesbiblioteket, som er nedfelt i lov om folkebibliotek. Lova skisserer ein samla struktur med kommunale folkebibliotek, fylkeskommunale fylkesbibliotek og statlege bibliotek- og rettleiingstenester. Etter handsaming av Ot.prp. nr. 82 (2002–2003) *Lov om endringar i lov av 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek* er det vedteke visse endringar som også vedkjem fylkesbiblioteka, jf. Innst. O. nr. 125 (2002–2003).

Etter lov om folkebibliotek skal fylkeskommunen ha eit fylkesbibliotek som skal vera leia av ein fagutdanna biblioteksjef. Fylkesbiblioteket har ansvaret for fjernlånsverksemda og organiseringa av lånesamarbeidet mellom biblioteka og kan gjea avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar. Fylkesbiblioteket skal også gje råd til lokale styresmakter, yta bibliotekfagleg rettleiing og arrangera møte og kurs om bibliotekspørsmål. Det skal i tillegg vera eit organisert samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skuleleiinga i fylkeskommunen. Eit slikt samarbeid skal tryggjast ved hjelp av avtalar, slik at den faglege kompetansen i fylkesbiblioteket vert stilt til rådvelde for den statlege skuleleiinga i fylket. Fylkeskommunen skal utover dette gje fråsegner om fordeling av statlege midlar og yta hjelp til statlege styresmakter ved utgreiing og planlegging. Nokre fylkesbibliotek er involverte i bokbussdrift.

Etter lov om arkiv av 4. desember 1992 nr. 126 pliktar alle offentlege organ å ha arkiv og å ordna

og innretta dette slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Med heimel i forskrift til lova skal alle kommunar og fylkeskommunar oppretta særskilde ordningar for arkivdepot, og i fleire fylkeskommunar er det frå tidlegare skipa eigne fylkesarkiv. Arkivforskrifta fastset at arkiv som ikkje lenger er i bruk for administrative føremål, skal avleverast til arkivdepot, jf. forskrift av 11. desember 1998 nr. 1193.

I kjølvatnet av St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden* vart det for i alt 29 institusjonar innanfor områda scenekunst, musikk, biletkunst og museum inngått avtalar mellom departementet, fylkeskommunar og kommunar om ei deling av ansvaret for offentlege driftstilskot til dei respektive institusjonane. For region-/landsdelsinstitusjonar, i alt 16 institusjonar på scenekunst- og musikkområdet, er fordelingsnøkkelen 70 pst. frå staten og 30 pst. frå regionen. For knutepunktinstitusjonane, som femner om museum, først og fremst innanfor biletkunstfeltet, og nokre festspel, i alt 13 institusjonar, er fordelingsnøkkelen normalt 60 pst. frå staten og 40 pst. frå regionen, men for Nord-Noreg 70 pst. frå staten og 30 pst. frå regionen. Det er ulikt frå institusjon til institusjon korleis den regionale delen fordeler seg mellom fylkeskommunalt og kommunalt tilskot.

Det siste tiåret har det frå mange hald vorte lagt stor vekt på formidling av ulike former for profesjnell kunst og kultur, særleg for born og unge. Dette har også kome til uttrykk i den fylkeskommunale kulturinnsatsen. Fleire fylkeskommunar har skipa eiga musikkteneste, som produserer skule- og barnehagekonserter og produksjonar til kommunane, arrangerer kurs og seminar, deltek i samarbeidsprosjekt med andre profesjonelle aktørar og sel pedagogiske tenester til kommunar, skular og det friviljuge kulturlivet i fylket. Nokre fylkeskommunar har etablert ordningar med regionale scenekunstinstruktørar.

I samband med NOU 2000: 22 *Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune* vart det gjennomført ei undersøking mellom fylkeskommunane om deira syn på kulturpolitikken og tilhøvet mellom det regionale og det statlege nivå på feltet. Ein del av fylkeskommunane gav uttrykk for at dei opplevde det som eit problem at kunst- og kulturformidlinga i eige fylke var for dårlig organisert og planlagd, og at formidlinga difor var lite effektiv. Dei meinte det var trong for å styrkja formidlings- og samordningsarbeidet i fleire fylke.

Mykje tyder på at det er i ferd med å skje ei betring av kulturformidlinga i fleire fylke. I løpet av dei siste åra har fleire fylkeskommunar laga eigne formidlingsstrategiar for alle kunst- og kulturfor-

mer. Dei fleste fylkeskommunane har fått statleg tilskot til dette arbeidet, til dømes gjennom det nasjonale tiltaket Den kulturelle skulesekken. Det må likevel seiast å vera stor variasjon mellom fylkeskommunane på dette feltet. Nokre fylkeskommunar har etablert velfungerande tilbod med vekt på kvalitet og breidd. Andre har så vidt kome i gang med arbeidet og har framleis mykje u gjort. Det varierer òg frå den eine regionen til den andre kva kulturytringar som vert prioriterte. Musikkfeltet er truleg det som generelt er best dekt over heile landet.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeids tiltak mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet. Målet er å tryggja eit profesjonelt kulturtildel til elevar i grunnskulen og å leggja til rette for at elevane lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt tilhøve til kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Den kulturelle skulesekken skal òg medverka til at kulturelle uttrykk vert integrert som ein naturleg del når læringsmåla i skulen skal realisera st.

I 2001, 2002 og 2003 er det løyvd i alt 42,1 mill. kroner til utvikling av Den kulturelle skulesekken over budsjettet å Kultur- og kyrkjedepartementet. I tillegg kjem spelemidlane for 2003. Midlane har i 2001 og 2002 i hovudsak vorte forvalta av fylkeskommunane, med sikt på å utvikla Den kulturelle skulesekken i dei respektive regionane. Hovuddelen av midlane over statsbudsjettet for 2003 er øyremerkt 20 museum over heile landet og skal gå til å styrkja ulike tiltaksprogram for born og unge.

*I lov om endring i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespel mv., jf. Innst. O. nr. 44 (2001–2002), vart følgjande vedteke om fordeling av overskotet i Norsk Tipping AS:*

«Etter at det er foretatt fondsavsetninger, skal selskapets overskudd fordeles med en halvdel til idrettsformål og en halvdel til kulturformål. Midlene til idrettsformål fordeles av Kongen. Av midlene til kulturformål fordeles 2/3 av Stortinget og 1/3 av Kongen.»

Om lag 40 pst. av den tredjedelen av kulturmidlane som skal fordelast av Kongen, skal nyttast til Den kulturelle skulesekken. Førebels prognose syner at om lag 60 mill. kroner i 2003, 120 mill. i 2004 og om lag 180 mill. kroner i 2005 vil kunna tilførast dette tiltaket. I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2002–2003) uttaler komiteen mellom anna følgjande:

«Det vil være hensiktsmessig å kanalisere hoveddelen av midlene gjennom fylkeskommunenes kulturavdelinger, slik at disse, som kjenner kulturtildel i sitt distrikt best, aktivt er med på å fylle opp sekken. Komiteen er med

andre ord skeptisk til en for sterk sentral styring av ordningen».

Vidare gjorde Stortinget dette vedtaket:

«Stortinget ber Regjeringen i egen sak våren 2003 redegjøre for hvordan midlene til den kulturelle skolesekken brukes i 2003, og å legge frem planer for hvordan ordningen skal utförmes i årene fremover. Midlene skal ikke gå til vekst i administrasjonsapparatet for ordningen eller som direkte driftstilskudd fra departementet til ulike institusjoner utover det som ligg i budsjettet.»

Ved kgl. res. av 14. februar 2003 vart eit beløp på 36 mill. kroner av det forventa overskotet av Norsk Tipping AS for 2002 fordelt til fylkeskommunane. Fordelinga byggjer på elevtal i fylket, men inkluderer òg eit likt grunntilskot til alle, og det er dessutan somme utjamningsfaktorar som tek omsyn til kulturell infrastruktur og geografiske avstandar i fylket. Dei resterande midlane av overskotet for 2002 vil verta nytta til nasjonale prosjekt og satsingsområde.

Realiseringa av Den kulturelle skulesekken er avhengig av eit nært fagleg samarbeid og samspel mellom skule- og kultursektoren på alle forvaltningsnivå. På nasjonalt nivå er det oppretta ei politisk styringsgruppe med ein statssekretær frå Kultur- og kyrkjedepartementet og ein frå Utdannings- og forskingsdepartementet. Her skal det leggjast overordna foringar for utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Styringsgruppa har utnemnd ei referansegruppe med representantar frå skule- og kultursida på alle forvaltningsnivå. Referansegruppa skal gje styringsgruppa faglege råd og innspel til spesielle satsingsområde. Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken er lagt til ABM-utvikling. Sekretariatet skal kontinuerleg samarbeida med Læringssenteret for å tryggja turvande ankerfeste i skulen.

Kultur- og kyrkjedepartementet har i ei eiga stortingsmelding gjort nærmere greie for Den kulturelle skulesekken, jf. St.meld. nr. 38 (2002–2003). Meldinga omhandlar bakgrunnen for satsinga og sentrale utfordringar for det vidare arbeidet med dette tiltaket i heile landet.

I 1986 arrangerte Akershus fylkeskommune ei kulturmönstring for born og ungdom etter ein finsk modell. Etter initiativ frå Norsk kulturråd vart *Ungdommens kulturmönstring* ei landsomfattande og årleg tilstelling i 1987. Prosjektet var den største satsinga på barne- og ungdomskulturfeltet i regi av Kulturrådet. Målet med prosjektet var å signalisera høgare prioritering av målgruppa og å skapa ringverknader som kunne stimulera til sterkare satsing

på barne- og ungdomskultur i kommunar og fylkeskommunar.

Dei første landsomfattande mёнstringane hadde tematisake innhald. Det fyrste året var temaet musikk, året etter scenekunst, og i 1989 var det biletkunst, kunsthåndverk, film og foto som stod i framgrunnen. I 1990 var temaet *Kultur på tvers*, og dette la grunnlaget for den noverande tverrkulturelle modellen. Sidan 1991 har den årlege landsm nstringa vore arrangert i Trondheim, og det nasjonale sekretariatet, *UKM Noreg*, er  g plassert der. Landsm nstringa i 2001 hadde 543 deltakarar fr  alle 19 fylka, og det var ein stor variasjon av uttrykksformer. Tiltaket set s kjelyset p  born og ungdoms eigen kultur og legg vekt p  ut vande aktivitet og p   f  ulike barne- og ungdomstalent fram i lyset.

I tillegg til dei midlane som er bundne opp til drift av institusjonar, har fylkeskommunane frie midlar, og desse gjev spelerom for eigne priorit ringar. Desse midlane g r gjerne til stipend, driftstilskot til festivalar og kulturaktivitetar av regional karakter, nasjonale og regionale samarbeidsprosjekt og interregionalt samarbeid.

Mange fylkeskommunar har etablert ulike ordningar med reisestipend, arbeidsstipend og utst llingsstipend for kunstnarar busette i fylket. Det er ikkje utarbeidd noko fullst ndig oversyn over omfanget. Dei aller fleste fylkeskommunane deler ut ein eller anna form for kulturpris. I tillegg gjev dei fleste fylkeskommunane driftstilskot til ulike organisasjonar p  regionalt niv  og st tte til festivalar av regional og nasjonal karakter. Mange av festivalane f r  g statleg tilskot gjennom Norsk kulturr ds ordning for festivalst tte.

Dei fleste fylka samarbeider med grannefylka om ymse fellesprosjekt og tiltak. Til d mes finst det eit visst interfylkeskommunalt samarbeid om regionale kunstutstillingar som til d mes *Vestlandsutstillinga*, *Tr ndelagsutstillinga* og *S rlandsutstillinga*. Det finst ogs  d me p  at fylkeskommunar har inng tt eit meir overordna samarbeid, jf. til d mes *Samarbeidsr det for Vest- og S rlandet (SAVOS)*, som omfattar dei seks fylka fr  Aust-Agder til M re og Romsdal.

I tillegg til interfylkeskommunalt samarbeid i Noreg deltek fylkeskommunane i det interregionale samarbeidet i Europa, Norden og overfor Russland og Baltikum, jf. til d mes *Nordkalott-samarbeidet*, *Nordsj -samarbeidet*, *Barents-samarbeidet* og *Midtnorden-samarbeidet*. Mangfaldet av puljer og prosjektmidlar innanfor europeisk og nordisk samarbeid har f rt til at fylkesniv t har hatt h ve til   skaffa seg kontaktar og har kunna delta i ymse nettverk og samarbeidsprosjekt p  tvers av land-

grensene. P  kulturfeltet femner dette i fyrste rekke om ymse prosjekt innanfor reiseliv, kultur- arv og festivalar.

P  fleire omr de spelar fylkeskommunane ei rolle som koordinatorar og p drivar for utvikling av lokale og regionale tiltak. I nokre tilfelle tek dei initiativ og st r opp om planlagde tiltak i ein utviklingsfase.

Fylkeskommunane arbeider p  fleire felt som r dgjevar overfor kommunar som ikkje har ressur sar til spesialkompetanse. B de fylkesbiblioteket og dei tilsette innanfor kulturminnevern og allmennkultur har slike roller. Truleg spelar fylkeskommunen ei st rre rolle i s  m te i fylke utan st rre bykommunar enn i fylke med store og sterke byar.

Kultur som politisk og administrativ sektor i fylkeskommunane avspeglar ikkje utan vidare dei departementale grenselinene p  statleg niv . Eit typisk d me er kulturminnevern. Dette er p  statleg plan er ein del av ansvarsomr det til Milj vern-departementet, medan det i fylkeskommunane innsg r i dei samla forvalningsoppg vene p  kulturomr det. Ogs  barne- og ungdomsarbeid i brei meinung vert i fylkeskommunane ofte definert og teke vare p  som ein del av den generelle kulturformidlinga. Samla sett inneber dette at det fylkeskommunale engasjement p  kulturomr det ikkje lett l t seg definera gjennom bestemte eller kl rt avgrensa oppg vekategoriar. Biletet er langt meir samansett og nyansert, og dette avspeglar det mangslunge og varierte kulturelle landskapet som kulturpolitikken er eit svar p .

## 4.8 Kommunane si rolle p  kulturomr det

Det kommunale forvaltningsniv t har eit omfat tande engasjement p  kulturomr det, og dette har r ter langt attende i tid. Som for fylkeskommunane skjedde det ei administrativ styrking og konsolidering i 1970- ra.

M lt i  konomiske storleikar er den kommunale innsatsen p  kulturomr det n r idrett og fri luftsliv er medrekna, om lag p  h gde med den statlege og alts  mange gonger st rre enn den fylkeskommunale.

Det meste er tufta p  eigne frie priorit ringar. Unnataket fr  dette er i utgangspunktet folkebiblioteket som lovp lagd oppg ve, men lova definerer ikkje kor stor ressursinnsats den einskilde kommunen m  setja inn for   etterleva lovp boden.

Kommunar der det finst kulturinstitusjonar med delvis statleg driftsfinansiering, deltek i

Tabell 4.4 Brutto og netto driftsutgifter til kulturføremål. Kommunar medrekna Oslo 1991–2000 i mill. kroner i løpende og faste prisar (i 1991-prisar)

		1991	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Brutto	Løpende prisar	4 263	4 729	4 884	4 939	5 169	5 322	5 679	6 156	6 470
	Faste prisar	4 263	4 521	4 603	4 541	4 697	4 712	4 918	5 212	5 311
Netto	Løpende prisar	3 072	3 444	3 468	3 524	3 711	3 783	4 076	4 474	4 721
	Faste prisar	3 072	3 292	3 268	3 240	3 372	3 350	3 530	3 787	3 876

Kjelde: SSB

hovudregelen i finansieringa av desse. Dette gjeld både for dei større institusjonane der det ligg føre formelle avtalar om delt ansvar for driftstilskot mellom forvaltningsnivåa, og for mange andre kulturinstitusjonar, særleg på museumsområdet.

Born og unge står sentralt i den kommunale innsatsen på kulturområdet. Idrett og anna barne- og ungdomsarbeid representerer nær halve ressursbruken. Om vi i tillegg plussar på bibliotekutgiftene, vil dette alt i alt utgjera nærmere 70 pst. av dei kommunale budsjetta på kulturområdet.

#### 4.8.1 Kommunale kulturutgifter siste tiåret

Omlegginga til KOSTRA for registrering av statistiske opplysningar om kommunane gjer det dverre uråd å leggja fram heilt oppdaterte tal for dei kommunale utgiftene til kultur på ein måte som kan samanliknast med tidlegare år. Tala i tabell 4.3 avgrensar seg difor til tidbolken 1991–2000.

Dei brutto driftsutgiftene til kulturføremål i kommunane i 2000 utgjorde 6,5 mrd. kroner, Oslo medrekna. Netto driftsutgifter utgjorde same året 4,7 mrd. kroner. Utviklinga i 1990-åra går fram av tabellen ovanfor. Oversynet over utgiftene rekna i faste prisar syner at det har vore ein realauke på ca. 25 pst. i perioden når bruttotala vert lagde til grunn, og ca. 26 pst. dersom vi nytta netttotala.

Netttotala er i denne samanhengen kan henda dei mest interessante, med di dei avspeglar dei lokale prioriteringane. På den andre sida vil det vera bruttotala som best reflekterer kva for ressurser kultursektoren lokalt faktisk mottek frå eller via vedkomande kommune.

Dei kommunale kulturutgiftene stod nokså stille i midten av 1990-åra. Dette kan mellom anna ha samanheng med at det vart gjort somme avrekningar mot inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar i samband med at det vart inngått

Tabell 4.5 Brutto og netto driftsutgifter til ulike kulturføremål. Kommunar medrekna Oslo i 2000 i mill. kroner. Del av utgiftene.

Kulturføremål	Brutto driftsutgifter (1000 kr)	Netto driftsutgifter (1000 kr)	Brutto driftsutgifter (del i pst. av total)	Netto driftsutgifter (del i pst. av total)
I alt	6 470,5	4 721,7	100,0 pst.	100,0 pst.
Kulturadministrasjon	479,8	375,3	7,4 pst.	7,9 pst.
Bibliotek	1 011,2	886,2	15,6 pst.	18,8 pst.
Museum, kulturvern	364,8	219,2	5,6 pst.	4,6 pst.
Kino	253,2	50,5	3,9 pst.	1,1 pst.
Andre mediaføremål	9,6	7,3	0,1 pst.	0,2 pst.
Kunst, kunst- og kulturformidling	391,7	322,4	6,1 pst.	6,8 pst.
Idrett, friluftsliv etc.	2 199,0	1 530,3	34,0 pst.	32,4 pst.
Anna barne- og ungdomsarbeid	795,4	638,1	12,3 pst.	13,5 pst.
Vaksenopplæring	18,6	1,5	0,3 pst.	0,0 pst.
Andre kulturføremål	946,8	690,4	14,6 pst.	14,6 pst.

Kjelde: SSB

avtalar om såkalla region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar.

#### 4.8.2 Korleis kommunane prioriterer

Kva går dei kommunale kulturløyvingane til? Kommunane har lang tradisjon for å nytta midlar til bibliotek, idrett og ulike andre kulturtiltak for born og unge. Slik er det framleis, jf. tabell 4.4. Samstundes lyt det leggjast til at dei òg nyttar større summar til kulturvern og til kunst- og kulturformidling. Drift av kommunale kulturskular er ikkje rekna med i denne tabellen.

Jamvel om det ikkje går fram av statistikken, kan det leggjast til grunn at friviljuge lag og organisasjoner er viktige mottakarar av kommunale løyvingar til kultur. I løpet av 1990-åra ser det ut til at realvoksteren har vore størst innanfor kulturvern, born og unge og andre kulturføremål, jf. tabell 4.5

Det er dei største og dei aller minste kommunane som nyttar mest ressursar til kultur per innbyggjar.

Organiseringa av arbeidet med kulturspørsmål har vorte endra i mange kommunar det siste tiåret. På politisk nivå er det skjedd ein overgang frå reine hovudutval for kultur til utval med ansvar for fleire saksområde. Kombinasjonar med kultur og utdanning eller kultur og næring er vanlege. Liknande endringar har òg funne stad på administrativt nivå. Ein NIBR-rapport frå 1998, *Kultursektor i forverring?*, peika på samanhengar mellom eigne kom-

munale kulturetatar og prioritering av dette innsatsområdet, men biletet er ikkje eintydig og årsakssamanhengane heller ikkje opplagde.

Tabell 4.6 Brutto driftsutgifter til ulike kulturføremål. Kommunar medrekna Oslo. Realvokster 1991–2000 (i mill. kroner). Faste priser (1991-prisar)

Kulturføremål	1991	2000	Realvekst (pst.)
I alt	4 263,0	5 311,3	24,6 pst.
Kulturadministrasjon	360,2	393,9	9,4 pst.
Bibliotek	675,4	830,0	22,9 pst.
Kulturvern, museum	238,2	299,5	25,7 pst.
Kino	221,1	207,9	-6,0 pst.
Andre mediaføremål	7,5	7,9	5,3 pst.
Kunst, kunst- og kulturformidling	295,2	321,6	8,9 pst.
Idrett og friluftsliv	1 598,2	1 805,1	12,9 pst.
Born og ungdom	433,5	652,9	50,6 pst.
Vaksenopplæring	12,4	15,3	23,4 pst.
Andre kulturføremål	420,9	777,2	84,7 pst.

## 5 Kulturpolitikk internasjonalt og kultursektoren i andre land

### 5.1 Innleiing


Å sjå ut over eige lands grenser er ofte tenleg for å få fram nye perspektiv. Det kan medverka til å klår gjera kva som er særeige ved tilhøva i Noreg og gje gode idear til endringar i våre eigne prioriteringar og i verkemiddelbruken. Norsk deltaking i internasjonale organ skaper arenaer for utveksling av røynsler, ordskifte og refleksjon om ulike tilnærningsmåtar. Ideelt sett burde ein vore i stand til å leggja fram omfattande internasjonale samanlikningar av kulturpolitikken i mange land, men slike samanlikningar er særskilt krevjande, og det statistiske grunnlaget for samanliknande analysar er heller ikkje til stades. Jamvel om ein held seg på eit overordna nivå, lyt det takast etterhald om kor god informasjon slike samanlikningar gjev.

Kulturpolitikken er meir eller mindre artikulert i ulike land, og både utforminga, iverksetjinga og verknaden av kulturpolitikken er påverka av faktorar som historie, samfunn, økonomi, geografi, folketal og andre nasjonale kjenneteikn.

Kulturstatistikk som kan samanliknast, er lite utvikla. Dette må ein særleg vera merksam på ved talfesting av offentlege kulturutgifter. I dei einskilde landa opererer ein med ulike definisjonar av kulturomgrepet, og kultursektoren er organisert på ulike måtar, mellom anna med omsyn til ansvarsdeling mellom ulike departement og mellom ulike forvaltningsnivå. Det er berre kulturutgiftene i dei nordiske landa som til ein viss grad vil kunna samanliknast.

I tillegg til Finland, Sverige og Danmark har vi sett nærmere på Tyskland, Frankrike, Nederland, Storbritannia og New Zealand. Sistnemnde er teke med av di den britiske modellen på ein tenleg måte lèt seg illustrera med døme frå dette landet, som i mangt og mykje er sterkt påverka av Storbritannia, og som med omsyn til folkesetnad og geografi har større likskapar med Noreg enn Storbritannia.

Offentleg støtte til kultur har lange historiske tradisjonar i dei vestlege landa, men ein meir systematisk offentleg kulturpolitikk vart utvikla i etterkrigstida. Det finst mange fellestrekk mellom kulturpolitikken slik han utvikla seg i dei ulike landa, både med omsyn til generelle politiske og forvaltningsmessige tradisjonar og kulturpolitiske mål,



Figur 5.1

men det finst også ein del viktige skilnader. Dei siste åra tykkjест det likevel å vera tendensar til større likskap mellom landa, noko som for dei europeiske landa mellom anna er knytt til allmenn internasjonalisering og integrasjon i EU.

### 5.2 Kulturpolitikk på den internasjonale arenaen

Jamvel om kulturpolitikk i all hovudsak vert rekna som oppgåver for nasjonalstatar, er både kulturpolitiske tema og kulturpolitikk reint generelt å finna på oppgåvekartet til multilaterale organisasjonar. Kulturpolitikk og kulturpolitiske tema er også viktige i arbeidet med å knyta band mellom ulika statar og folkegrupper.

UNESCO er SNs organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. På kulturområdet er UNESCO som SN-organ åleine om å ha arbeidsoppgåver. Kulturarv har lenge vore eit hovedtema for UNESCO, mellom anna gjennom arbeidet med konvensjonar og andre normative instrument som er retta mot å ta vare på den fysiske kulturarven. Mest kjend er konvensjonen frå 1972 med ei tilhøyrande liste, *World Heritage List*, over framståande stader som representerer natur- og kulturarv i verda.

Med utgangspunkt i rapporten *Our Creative Diversity* frå 1995 vart det på ein mellomstatleg konferanse i Stockholm i 1998 vedteke ein hand-

lingsplan for kulturpolitikk og utvikling, UNESCOs *Action Plan on Cultural Policies for Development*. Dokumentet gjev ei rekke allmenne retningsliner for korleis kulturpolitikk bør og kan utformast for å kunna spela ei positiv rolle i samfunnsutviklinga.

Naturleg nok viser UNESCO som multilateral organisasjon eit sterkt engasjement for kulturelt mangfald for å skapa kunnskap om og respekt for ulike levemåtar og kulturuttrykk. Mangfaldsperspektivet er følgt opp i UNESCOs universelle erklæring om kulturelt mangfald, vedteken på UNESCOs generalkonferanse hausten 2001. Jf. elles kap. 6.2.

Til liks med UNESCO er *Europarådet* ein organisasjon som på kulturområdet etablerer rammeverk og referansedokument for korleis medlemsstatane utformar og gjennomfører nasjonal kulturpolitisk praksis. På same måten som UNESCO er Europarådet sterkt synleg i arbeidet for kultur- og naturarv, mellom anna gjennom ei rekke konvensjonar og tilrådingar. Som døme kan nemnast innsats innanfor arkeologifeltet og digital kulturarv. Eit anna døme er ein deklarasjon om kulturelt mangfald, vedteken i 2000. Europarådet har òg engasjert seg i andre internasjonale kulturspørsmål mellom anna i høve til europeisk filmindustri.

Når det gjeld allmenn kulturpolitikk, har Europarådet sidan 1980-åra hatt eit system med evaluering av kulturpolitikken i medlemsstatane. Førebels har 17 statar gjennomført slik evaluering, som tener dels som plattform for vidare internt arbeid i landa, dels som informasjonskjelde for andre medlemsland. I tillegg til evaluatingsarbeidet utarbeiter og distribuerer Europarådet faktainformasjon om kulturpolitikken i medlemslanda.

Både UNESCO og Europarådet representerer viktige dimensjonar i arbeidet med å utforma kulturpolitikk. Både organisasjonane er forankra i arbeidet for fred, demokrati og menneskerettar. Innanfor eit slikt perspektiv utgjer utforming av kulturpolitiske rammeverk eit bidrag i arbeidet med å leggja til rette for kulturell sameksistens som er tufta på kunnskap om og respekt og forståing for kultur som samfunnsformande faktor. Slik sett kan den multilaterale innsatsen innanfor kulturpolikkfeltet seiast å ha som hovudfunksjon å skapa kunnskap om og forståing for den kulturelle dimensjonen i samfunnsutviklinga.

Kjenneteiknande for EUs innsats innanfor kulturfeltet er økonomisk støtte til konkrete samarbeidsprosjekt. Før 1990 hadde EU-landa berre sporadisk samarbeid om kultur, media og idrett. I løpet av 1990-åra vart det gjort opptak til å skipa eigne program som skulle fremja samarbeidet på

dese områda. EU-samarbeidet på kulturområdet er i dag tufta på Maastricht-traktaten, og målet er at Fellesskapen skal støtta utviklinga av kulturen i medlemslanda med vyrdnad for det nasjonale og regionale mangfaldet og samstundes framheva den felles kulturarven. Fellesskapen skal fremja samarbeid landa imellom og kan mellom anna støtta tiltak for å spreia kunnskapen om europeisk kunst (inkludert det audiovisuelle området), kultur og historie og for å verna og ta vare på kulturarv av særleg europeisk verdi.

I 1992 la Kommisjonen fram eit handlingsprogram for kultursamarbeidet. Dette munna etter kvart ut i tre program, *Kaleidoskop*, *Ariane* og *Rafael*. Kaleidoskop vart vedteke i 1997 og femna om skapande og utøvande kunst. Ariane vart vedteke i 1997 og galdt bøker og lesing og støtte til omsetjing av samtidslitteratur. Rafael-programmet for perioden 1997–1999 galdt støtte til vern av kulturarven.

Sidan 1996 har Noreg vore med i EUs pilotprogram og i dei ordinære programma etter kvart som dei er vedtekne, og samarbeidet er tufta på protokoll 31 i EØS-avtalen, som gjeld samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridomane. Artikkel 13 opnar for at EØS/EFTA-landa kan delta i alle aktivitetar som EU har på kulturområdet. Borgarar fra Island, Liechtenstein og Noreg kan søkja støtte og tevla på lik line med søkerar frå medlemslanda om midlar frå kulturprogramma.

Den store satsinga på kulturområdet er *Kultur 2000*. Tufta på røynslene frå Kaleidoskop, Ariane og Rafael kom EU-kommisjonen i 1997 med framlegg til eit nytt samla program for finansiering og programstyring av kulturstøtte. Dette fyrste rammeprogrammet for kultur i EU innebar ei samordning av all kulturstøtte i eit integrert program som kom i staden for dei tre opphavlege kulturprogramma. Programmet går førebels ut 2004, men Kommisjonen har nyleg gjort framlegg om å utvida programperioden ut 2006. Vidare arbeider Kommisjonen no med eit framlegg til nytt rammeprogram for kultur for åra etter 2006. Ein open konsultasjonsrunde om dette er nyleg sluttført.

Rammeprogrammet Kultur 2000 femner om kunst (inkludert omsetjing av samtidslitteratur) og kulturvern. Det vert gjeve støtte til innovative/eksperimentelle prosjekt, til integrerte prosjekt, organiserte gjennom fleirårige samarbeidsavtalar i europeiske nettverk, og til spesielle kulturelle «events» med ein europeisk og/eller internasjonal dimensjon, inkludert tiltaket Europeisk kulturhuvudstad.

Generaldirektoratet for Utdanning og kultur har forvaltningsansvaret for programmet, saman

med Forvaltningskomiteen for Kultur 2000, der Noreg deltek på lik line med medlemslanda, men utan røysterett. Samanlikna med dei opphavlege programma er støtta til kvart einskilt prosjekt auka ein god del. Prosjekt som får støtte, må no inkludera minst eitt av tre tema: tilgjenge, bruk av ny teknologi og tilhøvet mellom vår kulturelle fortid og framtid. Kultur- og kyrkjedepartementet har delegert til Norsk kulturråd, i samarbeid med ei referansegruppe med representantar for ABM-utvikling, Riksantikvaren og NORLA, å vera kontaktorgan for programmet med ansvar for informasjon og rådgjeving overfor norske interesser. Norske kulturaktørar kan søkja om og har fått tildele støtte frå Norsk kulturråd, Riksantikvaren og ABM-utvikling til eigenfinansiering, høvesvis prosjektutvikling av prosjekt med norsk leiing. Mange norske prosjekt/tiltak har fått økonomisk støtte frå Kultur 2000, jf. kap. 4.3.

Norske kulturinstitusjonar har naturleg nok retta hovudinteressa si mot Kultur 2000 i EU-samanheng. Norske kulturaktørar har likevel også fått støtte frå *Interreg-programma*, særleg gjeld det prosjekt innanfor kultur og reiseliv og kulturarv. Det finst også døme på, først og fremst frå abm-feltet, at norske miljø går inn i prosjekt under *EUs rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling*. Både under femte og sjette rammeprogram er *Information Society Technologies (IST)* eit svært aktuelt programområde. IST-programmet er eit verkenmiddel for å oppnå EUs mål om kunnskaps-samfunnet, og då eit kunnskapssamfunn som skal inkludera alle. Aktuelle deltema under IST-programmet for abm-feltet er *Cross-media content for leisure and entertainment* og *eInclusion*. Nasjonalbiblioteket har vore og er med i IST-samarbeids-prosjekt, seinast i prosjektet *Metadata Engine (META-E)*.

Eit anna aktuelt program er *Citizens and governance in a knowledge-based society*, der deltema som *Citizenship, democracy and new forms of governance* og *Knowledge based society and social cohesion* kan ha aktualitet for norske abm-miljø. ABM-utvikling har litt midlar til å støtta forprosjekt for søknader til EUs rammeprogram.

Nemnast skal også *European digital content on global networks (eContent)*. Programmet har som mål å støtta produksjon, bruk og distribusjon av europeisk digitalt innhald. *eContent* skal også støtta språkleg og kulturelt mangfold i dei globale netta og er meir marknadsretta enn EUs forskingsprogram. Målgrupper er produsentar og leverandørar av innhald.

Norsk kulturaktørar kan også søkja støtte frå EUs utdannings- og ungdomsprogram.

Endeleg skal nemnast EUs *MEDIA-program*, der Noreg har delteke sidan 1996. Programmet har som formål å stimulera utviklinga av europeisk audiovisuell industri innanfor områda utdanning, utvikling og distribusjon. EU-kommisjonen administrerer programbudsjettet. Informasjonskontor for programmet, såkalla mediedesk, er etablerte i alle landa som deltek. *MEDIA Plus*-programmet gjeld for perioden 2001 til 2005, men Kommisjonen har foreslått at programmet skal forlengjast med eitt år.


Prosjektorientert samarbeid er stikkordet for den rolla dei to nordiske samarbeidsorgana *Nordisk Råd* og *Nordisk Ministerråd* spelar innanfor det nordiske kulturfeltet. Grunnlaget for det nordiske kultursamarbeidet er å finna i ein avtale om kulturtelt samarbeid frå 1972. Målet med samarbeidet er formulert slik i den seinaste strategidokumentet frå 1998, *Nordisk kultursamarbeide ved årtusindskiften*:

«Hovedformålet med det nordiske kultursamarbeide under Nordisk Ministerråd er at udvikle og styrke det nordiske fællesskab. Udviklingen sker ved at vælge samarbejdsområder og – opgaver, som gennem samarbejdet klart fremmer og styrker vedkommende sag i de enkelte nordiske lande. Hovedvægten vil blive lagt på indsatser, som kan fremme og udvikle den nordiske identitet blandt børn og unge i de moderne, flerkulturelle samfund i Norden, udviklingen på mediaområdet, samarbejde og formidling af resultater på kunstområdet, indsatser for at styrke det folkelige engagement i nordisk kultursamarbejde og gennemførelsen af samarbejdsprojekter som har stor gennemslagskraft i de nordiske lande og internationalt.»

Hovudverkemiddelet er *Nordisk kulturfond*, som gjev støtte til kultur- og utdanningstiltak. Normalt skal miljø i tre nordiske land vera involverte i prosjekta. Gjeldande innsatsområde er prosjekt som:

- omfattar aktivitetar for og med born og unge
- fremjar nordisk språkforståing
- fremjar bruk av nye medium
- tek sikte på å gje arbeidet mot framandhat og rasisme ei brei folkeleg forankring.

I tillegg er det fleire andre ordningar/komitear/organ som gjev prosjektstøtte eller arbeider med spesielle tema. Som døme kan nemnast NORD-BOK – Nordisk litteratur- og bibliotekskomité, som nyleg har flytta sekretariatsfunksjonen til Noreg, NIFCA – Nordisk Institut for samtidskunst, som disponerer ei rekke gjestateljer, og Nord-



Figur 5.2

Scen, som dekkjer scenekunst, dans, teater og opera/musikkteater. Born og unge har dei seinaste åra vore ei prioritert målgruppe i det nordiske kultursamarbeidet, og to komitear arbeider innanfor det feltet, styringsgruppa for nordisk barne- og ungdomskultur (BUK) og Nordisk ungdomskomite, jf. elles kap. 4.

I tillegg til komitear som arbeider med særskilde tema, har Nordisk Råd òg ansvaret for nordiske kulturhus på Færøyane og Island. Desse fungerer som konkrete arenaer for nordisk kulturutveksling.

Som døme på anna kulturprosjektsamarbeid over landegrensene skal nemnast Austersjøsamarbeidet og Barentssamarbeidet. Dei nordiske landa (med unnatak av Island), Russland, dei tre baltiske landa, Polen og Tyskland har forma verksemda Ars Baltica, som sidan 1990 har som mål å stimulera til kulturutveksling mellom dei nemnde landa. Integrert i Barentssamarbeidet mellom dei nordiske landa og Russland er òg samarbeid på kulturområdet.

### 5.3 Kulturpolitikk og kulturforvaltning i andre land

#### 5.3.1 Organisering

Graden av offentleg engasjement og statleg styring av kultursektoren varierer mellom dei ulike landa. Den franske modellen er rekna som ein svært sentralisert modell, der departementsorgana styrer kulturlivet meir direkte enn det som er vanleg i dei fleste andre vesteuropeiske landa. I Storbritannia og på New Zealand har derimot haldninga tradisjonelt vore at staten skulle gripa minst mogeleg direkte inn i kulturlivet. Den britiske modellen vert gjerne omtala som ein kulturpolitikk tufta på prinsippet om armlengds avstand. Dette inneber at den

kulturpolitiske forvaltinga i stor grad er delegert til halvautonome organ, som opererer nokså fritt i høve til sentralforvaltinga. Eit av dei meir sentrale armlengds-organa er *Arts Council England (ACE)*, som forvaltar midlar til dei ulike kunstområda. På New Zealand er kulturpolitikken organisert etter den britiske modellen, og *Creative New Zealand* kan samanliknast med ACE. Heilt fram til byrjinga av 1990-talet var kulturpolitiske saker spreidde på ulike departement både i Storbritannia og på New Zealand. Opprettinga av eit kulturdepartement, som fann stad i både landa først i 1990-åra, har donna grunnlaget for noko større grad av politisk styring.

I Nederland og dei nordiske landa er òg mange løpende forvaltningsoppgåver delegerte til særskilde organ som opererer på armlengds avstand frå sentralforvaltinga. Ansvars- og arbeidsfordelinga mellom departement og armlengds-avstandsorgan er likevel varierande. I nokre av dei nordiske kulturråda kan ein dessutan spora ein viss grad av korporativ innverknad, til skilnad frå det britiske Arts Council. Det inneber til dømes at kunstnarorganisasjonar gjennom å delta i avgjerdssformular har direkte innverknad på korleis økonomiske ressurser skal fordelast.

Tyskland skil seg organisatorisk frå dei andre landa som forbundsrepublikk. Etter grunnlova er det dei einskilde delstatane (Länder) som har hovudansvaret for kulturpolitikken. Det finst ikkje eit nasjonalt kulturdepartement i Tyskland. Men i 1998 vart det oppretta ei eiga stilling som «regjerings ansvarshavande for kultur- og medieoppgåver» (*Beauftragte der Bundesregierung für die Angelegenheiten der Kultur und den Medien, BKM*), organisert som ei eiga eining ved Forbundskanslarens kontor. Likevel er det i liten grad utforma ein overordna nasjonal kulturpolitikk, og BKMs innverknad på kulturpolitikken i delstatane er avgrensa. Det er store skilnader med omsyn til korleis kulturfeltet er organisert innanfor kvar einskild delstatsforvaltning, men i alle delstatane finst det eit kulturdepartement i ei eller anna form.

#### 5.3.2 Tilhøvet mellom ulike forvaltningsnivå

Desentralisering av avgjerdssrett har stått høgt på den kulturpolitiske dagsorden i dei fleste landa sidan 1970-åra. Prosessane har likevel ytra seg på ulike måtar.

I Frankrike har det fyrst og fremst handla om ei form for *dekonsentrasjon* av statleg kulturforvaltning til regionane og i mindre grad om overføring av avgjerdssrett til dei lokalpolitisk folkevalde. Dette kjem tydelegast til uttrykk i ordninga med

statlege kulturforvaltningsorgan i regionane (*DRAC*). Ei slik regionalisering inneber at staten held fram med å ha vesentleg kontroll også med løvingar og tiltak på regionalt nivå. Samstundes kan det medverka til ei utjamning mellom regionane. I Finland finst det ei liknande ordning med regionale kunstråd som er administrativt plasserte i lensstyra, regionale administrative organ som er ein del av det statlege forvaltningsapparatet. Elles har dei andre nordiske landa gått lenger i retning av å delegera avgjerdssrett til regionalt og lokalt folkevalt nivå som resultat av forvaltningsreformer etter 1970-åra. I 1990-åra er det gjennomført omfattande forsøksprogram både i Sverige og Danmark med sikte på auka regional avgjerdssrett. I Danmark vart det i 1999 innført eit nytt avtalesystem for regionalisering av kulturpolitikken med lov om regionale kulturavtalar.

I Nederland med er det frå og med 1970-åra innført forvaltningsreformer med sikte på å overføra meir ansvar til regionale og kommunale styresmakter. Dei siste tiåra har fleire administrative endringar skapt nye grunnlag for desentralisering, og det finst fleire regionale og kommunale råd og fond. Likevel tykkjест det ikkje å ha funne stad ei eintydig desentralisering på heile det kulturpolitiske området. Medan det på somme område, som til dømes kulturarvområdet, har vore ei klår desentralisering, har det tvert om vore ei aukande sentralisering innanfor til dømes utøvande og visuelle kunstartar.

I Storbritannia har det òg vore tendensar til å overføra avgjerdssretten til lågare forvaltningsnivå, mellom anna ved å desentralisera ansvar til regionale kunstråd i 1990-åra. Nyleg vart det likevel sett i gang ei ny omstrukturering av *Arts Council* ved at ACE og dei regionale kunstutvala vart slegne i hop til ein organisasjon, *Arts Council England*. På New Zealand har det vore ei tilsvarande omstrukturering i retning av auka administrativ sentralisering. I 1974 vart kunstrådet omstrukturert ved opprettina av regionale og kommunale kunstråd. *Maori and South Pacific Arts Council* vart skipa i 1978. I 1994 vart kunstrådet omstrukturert på nytt og *Creative New Zealand* består i dag av eit styrande råd og to kunstutval, der det eine har ansvaret for å stø maori-kunst.

I Forbundsrepublikken Tyskland er det naturleg nok vesentleg regional folkevald styring, med di det er dei einskilde delstatane (Länder) som har hovudansvaret for kulturpolitikken. Delstatane gjennomfører kulturpolitikk og ivaretok oppgåver på kulturfeltet i nært samarbeid med kommunane i delstaten sin. Som fylgje av oppgåvefordelinga og desentraliseringa frå delstatane si side, er det ofte

kommunane som vert det viktigaste kulturpolitiske forvaltningsnivået.

### 5.3.3 Finansiering

I dei fleste vestlege landa har det vore ein kraftig auke i offentlege kulturutgifter etter den andre verdskrigen, med størst vokster i 1960- og 70-åra. I kontinental-Europa og Norden har dei offentlege kulturutgiftene tradisjonelt vore etter måten høge, medan ulike former for private sponsormidlar har spela ei mindre rolle. Sidan midten av 1980-åra har dei offentlege kulturutgiftene meir eller mindre stagnert i dei fleste landa, og i Tyskland og Nederland har det vore tendensar til ein svak realnedgang i 1990-åra. I Frankrike har det vore ein jamn auke gjennom heile 1990-talet.

I dei nordiske landa har den statlege støtta til kultur vore nokså stabil i perioden 1975–2000. I rapporten *The Nordic Cultural Model* (2003) vert det hevdat at utgiftene til kultursektoren i dei nordiske landa følgjer auken i den økonomiske voksten totalt sett.

I dei fleste landa oppmuntrar styresmaktene i aukande grad til privat sponsoring, og i fleire land er det innført ulike former for skatteinsentiv o.l. Jamvel om sponsormidlar framleis har ei ganske marginal rolle i høve til offentleg støtte, tykkjest det vera ein generell tendens til større variasjon i finansieringskjelder. På same tid vert det i aukande grad lagt vekt på publikumstal og kostnadseffektivitet.

I anglo-amerikanske land kan det hevdast at det offentlege tradisjonelt har prioritert kulturområdet lågt, dersom ein legg til grunn direkte budsjettløyvingar. Men på den andre sida har til dømes USA skattereglar som legg godt til rette for privat medverknad i finansieringa av kultursektoren. Etter auke i 1970-åra førte politisk og økonomisk press i 1980-åra til ei fundamental revurdering av kulturstøtta i Storbritannia. I løpet av 1990-åra har likevel dei offentlege kulturutgiftene auka både i Storbritannia og på New Zealand. Dette skuldast først og fremst tilførsle av lotterimidlar. Generelt tykkjest det vera tendensar til ein aukande aksept for ein aktiv statleg kulturpolitikk og støtteordningar for kulturen.

Fordeling av offentlege kulturmiddlar på ulike forvaltningsnivå varierer mellom dei ulike landa. I Finland er det statlege engasjementet høgt (staten 60 pst. og kommunane 40 pst.). I Frankrike, på New Zealand og i Sverige svarar staten for om lag helvta av dei samla offentlege utgiftene. I Storbritannia, Nederland og Danmark er det statlege engasjementet svakare, og lokale styresmakter svarar for over helvta av dei samla offentlege utgif-

tene. I Tyskland utgjer utgiftene på forbundsnivå berre ein liten del av dei offentlege kulturutgiftene (under 10 pst.). Delstatane og kommunane svarar til saman for meir enn 90 pst. av dei offentlege kulturutgiftene. Den prosentvise delen er i gjennomsnitt ganske lik på dei to forvaltningsnivåa.

### 5.3.4 Kulturpolitiske mål og prioriteringar

Kulturpolitiske mål er meir eller mindre artikulerte i dei ulike landa. Ofte ligg mål og prioriteringar snarare implisitt i kulturpolitiske handlingar. På eit grunnleggjande plan tykkjест det tradisjonelt å vera to mål som i særleg grad har legitimert kulturpolitikken i dei vesteuropeiske landa og på New Zealand.

For det første har kulturpolitikken hatt som mål å skapa ein felles nasjonal identitet og ein nasjonal einskapskultur. Denne dimensjonen har kome til uttrykk på ulike måtar og i ulik grad i dei ulike landa, mellom anna på bakgrunn av ulike historiske føresetnader. På New Zealand er det stadig ei eksplisitt overordna kulturpolitisk målsetjing å utvikla nasjonal kulturell identitet, men det vert òg streka under at det er ein samansett identitet som omfattar kulturen, tradisjonane, historia og praksisen til alle på New Zealand. Dette må sjåast i lys av den to-kulturelle situasjonen på New Zealand med ein maori-folkesetnad og ein engelskspråkleg folkesetnad.

I dag vert den nasjonale dimensjonen i alle landa utfordra gjennom aukande globalisering og ein meir pluralistisk kultursituasjon. På same tid tykkjест globaliseringa å ha medverka til både større merksemd omkring nasjonal identitet og til eit aukande medvit om kulturelt mangfold på ulike plan i løpet av dei siste tjue åra. Frankrike har til dømes markert seg internasjonalt gjennom å retta ei aukande merksemd mot å fremja kulturelt mangfold (*diversité culturel*) under presset frå ein globalisert kulturindustri. På eit anna plan har mellom anna Storbritannia (særleg gjennom Arts Council of England) og Nederland vore opptekne av å inkludera ulike etniske minoritetar i kulturlivet.

For det andre har demokratisering av kulturen på tvers av geografiske og sosiale skiljeliner vore ei grunnleggjande felles kulturpolitisk målsetjing heilt sidan kulturpolitikken vart sett i system. Dette har likevel ovra seg ulikt i høve til ulike kulturomgrep og i høve til skiftande idear, administrative handlingar og politiske, intellektuelle og samfunnsmessige kontekstar.

Fram til 1960-åra handla det fyrst og fremst om å fremja og spreia den «høgverdige» kunsten, definert av ein etablert elite. Med utvidinga av kulturomgrepet og den nye kulturpolitikken i 1970-åra vart kulturell utvikling plassert i ein vidare samfunnsmessig kontekst, og kulturpolitiske strategiar vart innretta mot eit vidare spekter av kulturuttrykk. Det kulturpolitiske ansvarsområdet vart utvida i noko ulike retningar i dei ulike landa. Dette speglar seg til ein viss grad av i det administrative ansvarsområdet som er lagt til dei respektive kulturdepartementa.


I Frankrike vart det gjennom 1970- og 80-åra i aukande grad lagt vekt på utdanning samstundes med at kulturomgrepet vart utvida i retning av kulturindustri, media, eksperimentell «evenementskultur» (sirkus, gateteater o.l.) og populærkultur (rock, pop, graffiti, teikneseriar, motar, gastronomi). Kulturdepartementets ansvarsområde omfattar likevel ikkje idrett. Etter at kulturindustrien vart innlemma i kulturomgrepet og aukande merksemd vart retta mot kulturelt mangfold og globalisering, er det tendensar til å sjå kultursektoren i eit økonomisk perspektiv. Samtidig er kulturpolitikken i høg grad kvalitetsorientert.

Det gjeld òg kulturpolitikken i Nederland, der ein sidan 1980-åra har lagt vekt på at demokratiseringa ikkje måtte gå ut over kunstnarleg kvalitet. I Storbritannia og på New Zealand er kultursektoren nær knytt til økonomiske og sosiale tilhøve. Stor interesse er retta mot kulturindustrien, og i tillegg er både turisme og idrett innlemma i kulturdepartementets ansvarsområde (jamvel om det på New Zealand er ein eigen minister med ansvar for idrett og friluftsliv).

I dei nordiske landa vart kulturpolitiske mål formulerte som ein del av velferdspolitikken etter den andre verdskriga. Dette har mellom anna ført til at dei nordiske landa tykkjест leggja større vekt på ei sosial velferdslegitimering, medan kulturpolitikken i dei fleste andre vesteuropeiske landa tykkjест leggja større vekt på kvalitetslegitimering.

Dette kjem til dømes til uttrykk i kunstnarpolitikken. I dei nordiske landa har demokratisering i tydinga sosial tryggleik for og utjamning av levekår mellom kunstnarar vore ein del av kulturpolitikken ansvarsområde sidan 1970-åra. I dei fleste andre land er det vorte lagt mindre vekt på sosial tryggleik og kollektiv velferd og meir vekt på å stimulera kunstnarleg skapande verksemd.





Figur 6.1

*Del III*  
*Tiltak og prioriteringar*



## 6 Innleiande perspektiv

### 6.1 Samfunnsutvikling og kulturpolitikk

På den eine sida er det lett å peika på mange særkjenne og grunnleggjande trekk ved det norske samfunnet som har lege fast i fleire tiår. På den andre sida kan det hevdast at dei utviklingstrekka som er skildra i kap. 3, har medverka til å danna eit Noreg som ser annleis ut enn det samfunnet som var då hovudinhaldet i den noverande kulturpolitikken vart utforma i 1970-åra.

Somme av endringane har å gjera med ulike dimensjonar ved globalisering og individualisering. Saman med andre samverkande faktorar har dette medverka til ein generell framvokster og ei synleggjering av ein meir samansett og fleirtydig kultursituasjon. Dette har ført til at det i dag er behov for å skapa ei ny forståing av kva norsk felleskultur består av. Tradisjonelle førestellingar om det norske og nasjonal identitet er i endring.

På eit grunnleggjande plan utfordrar denne situasjonen sentrale premissar for kulturpolitikken. Heilt fram til i dag har den norske kulturpolitikken og dei norske kulturinstitusjonane i høg grad vore tufta på det som kan kallast eit nasjonalt prosjekt. Dei fleste større kulturinstitusjonane vart etablerte med tilvising til nasjonal ideologi og sjølvforståing. Somme av dei sentrale premissane har vore at vi alle tek del i ein felles, nasjonal kulturarv, og at ei av dei viktigaste oppgåvene i kulturpolitikken har vore å styrkja denne nasjonale felleskulturen. Denne forståinga har vore rådande heilt til i dag.

Slik det er gjort greie for i innleiinga til denne meldinga, må kulturpolitikken leggja til grunn eit dynamisk og inkluderande perspektiv, som gjev rom for eit mangfold av ulike røyster. Like sjansar, likeverd og retten til å vera ulik må vera grunnleggjande premissar.

Ytringsfridomskommisjonen la i 1999 fram ei utgreiing med ei brei og grundig vurdering av både det historiske grunnlaget og verdigrunnlaget for ytringsfridomen i det norske samfunnet. Kommisjonen sitt framlegg til ny § 100 i Grunnlova er – saman med fleire alternative utkast – lagde fram for Stortinget som private lovforslag og vil verta handsame i denne stortingsperioden. Regjeringa legg

opp til å fremja ei stortingsmelding innan utgangen av 2003, der dei ulike framlegga vil verta gjennomgått.

Ytringsfridomskommisjonen gjorde mellom anna framlegg om å grunnlovsfesta det såkalla «infrastrukturkravet», dvs. det ansvaret styresmaktene har for å leggja tilhøva «til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale». I omgrepet «oplyst» ligg mellom anna at det statlege ansvaret vil omfatta kulturpolitikk i vid forstand.

Sjølv om infrastrukturkravet i dag ikkje er slege fast i Grunnlova, har vi i Noreg lang tradisjon for at styresmaktene legg til rette for faktisk ytringsfridom. Ein aktiv kultur- og mediepolitikk er ein viktig del av dette arbeidet. Og mange av dei kultur- og mediepolitiske verkemidla vi har i dag – til dømes prinsippa for allmennkringkasting – er ledd i den praktiske oppfølginga av dette infrastrukturkravet.

Ulike problemstillingar knytte til globalisering og kulturelt mangfold står høgt på dagsordenen, både på nasjonalt nivå og i ulike regionale og internasjonale fora. Dette er omtala i kap. 6.2 nedanfor.

Globalisering og aukande internasjonalisering har skapt nye rammevilkår for og gjev større vekt til internasjonal kulturutveksling og utanrikskulturell innsats. Med utgangspunkt i kulturens eigenverdi handlar det først og fremst om å leggja til rette for gjensidig kulturutveksling for å fremja kulturell og kunstnarleg utvikling. I eit vidare samfunnsperspektiv har internasjonal kulturutveksling òg vorte viktigare i fredsskapande arbeid og for mellommenneskelig forståing. Dette vert nærmere omtala i kap. 6.3.

Etnisk og kulturelt mangfold er ikkje eit nytt fenomen i noregshistoria. Noreg har alltid vore eit fleiretnisk samfunn, med etniske norske nordmenn, eit samisk urfolk og ulike nasjonale minoritetar (jødar, kvenar, rom, romani-folket og skogfinnar) med meir enn ei hundre år lang historie i Noreg. Det er eit grunnleggjande kulturpolitisk prinsipp at dei ulike minoritetane skal ha rett til og høve til å halda fast ved og vidareutvikla eige språk og eigen kultur. Gjennom ratifisering av Europarådets pakt for vern av regions- eller minoritetsspråk har Noreg forplikta seg til å setja i verk særskilde tiltak for å verna og styrkja samisk, kvensk, roma-

nes og romani. Samane har ein særskild status som urfolk. Prinsipielle haldningar til den samiske kulturen vert omtala i kap. 6.5.

Eit anna hovudtrekk ved samfunnsutviklinga er at marknadsøkonomiske krefter tykkjест å setja stadig sterkare preg på kulturlivet. Kulturindustrien er veksande og er i stadig høgare grad prega av den internasjonale marknaden. Skiljet mellom ein kommersielt innretta kulturindustri og den tradisjonelt ikkje-kommersielle delen av kulturlivet har vorte utydelegare. Samstundes har det oppstått nye band mellom kultur og næring. Dette har skapt nye kulturpolitiske utfordringar både for kulturbransjane og dei ikkje-kommersielle kulturverksamdene. Dette vert nærare omtala i kap. 6.7.

Eit tredje utviklingstrekk er endringar i tilhøvet mellom sentrum og periferi og nye føresetnader for organisering av lokal og regional verksemd. Dette heng saman med den såkalla *glokaliseringa*, som kjem til uttrykk i ein kombinasjon av globalisering og regionalisering.

Globaliseringa har ført til ny interesse for det lokale og stadbundne. I tråd med ein internasjonal tendens har dette medverka til å vitalisera kulturlivet i regionane. Fleire nye verksemder – teater- og musikktiltak, festivalar, museum osb. – er utvikla på lokale premissar og tufta på eit sterkt lokalt engasjement. Verksemdene har vanlegvis økonomisk støtte frå både statlege, regionale og lokale styresmakter. Ofte får dei også bidrag frå lokalt næringsliv. Ulike former for lokale og regionale partnarskap står gjerne attom mange av tiltaka. Verksemdene er i regelen tufta på monaleg friviljug innsats, og det er utvikla nye modellar for samarbeid mellom profesjonelle og amatørar. Det er ofte etablert nettverk i og mellom regionar og oppretta kontaktar med internasjonalt kulturliv. Mange av dei nye initiativa dukkar opp og vert dyrka fram på sida av den nasjonale institusjonelle infrastrukturen som vart etablert i 1970- og 1980-åra.

Til liks med mange andre europeiske land har kulturpolitikken i Noreg dei siste tiåra vore prega av ein desentraliseringsprosess, tufta på idealat om kulturelt demokrati og auka sjølvstyre, jf. kap. 5. I somme fylke og regionar vert det målbore ynske om å delegera fleire statlege ordningar til regionalt og lokalt nivå. Samstundes ser ein nye initiativ for å etablira regionalt kultursamarbeid på tvers av fylkesgrensene.

Dei sentrale institusjonane har framleis eit hovudansvar for å føra kulturuttrykk ut til folket, men utviklinga stiller kulturpolitikken overfor nye utfordringar og viser at det er grunn til å tenkja nytt i høve til den lokale og regionale kulturpolitikken.

Det er viktig å utnytta den desentraliserte formidlingskompetansen som har vaks fram, og å stimulera kreative lokalmiljø. Den kulturelle skulesekken er eit døme på auka delegering av mynde til lokalt og regionalt nivå. Ein sentral bodskap i St.meld. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken* er at utviklinga av dette tiltaket ikkje skal vera underlagd sterk sentral styring, men gje rom for mange lokale variantar og prioriteringar. I utarbeidingsa av den overordna strategien for utviklinga av Den kulturelle skulesekken er det lagt til grunn som eit heilt sentralt prinsipp at utforminga og utviklinga ikkje skal skje under sterk statleg styring. Fylkeskommunen er tillagd eit stort ansvar for regional samordning av tilboda og for kommunal innsats. Utforminga av Den kulturelle skulesekken lokalt må skje på lokalt grunnlag og i samspel med det regionale arbeidet som vert lagt til rette på fylkesplanet. For 2003 er 60 pst. av dei tilgjengelege spelemidlane til Den kulturelle skulesekken fordelte til fylkeskommunane.

Slik det er gjort greie for innleiingsvis i denne meldinga, er det kulturens eigenverdi – tufta på kvalitet – som må leggjast til grunn for ein langsiglig kulturpolitikk, men i tillegg har kulturlivet mange positive ringverknader.

Eit hovudmål i kulturpolitikken er at heile folket skal sikrast tilgjenge til kulturgode. Det handlar om retten til å delta i kulturlivet, og det handlar om likeverd. Kultur skal være tilgjengeleg for alle menneska i samfunnet, også for dei som har redusert funksjonsevne. I standardregel nr. 10 frå Dei sameinte nasjonane (SN) heiter det at staten skal «sikre at mennesker med funksjonshindringer er inkludert og kan delta i kulturelle aktivitetar på lik linje med andre». I tråd med sektoransvarsprinsippet har Kultur- og kyrkjedepartementet ansvar for gjennomføring og oppfølging av reglane på sitt fagområde.

Som på andre samfunnsområde eksisterer det på kulturområdet tilhøve som hindrar og til dels ekskluderer menneske med funksjonshemminger frå å delta i kulturlivet. Ulike vermekidel og stimuleringsstiltak tek sikte på å betra på dette. Utfordringar og tiltak som er knytte til einskildområde, vert omtala nærare i dei følgjande kapitla.

Mesteparten av pengane som kvart år går ut frå Kultur- og kyrkjedepartementet, går til å støtta den profesjonelle kulturen i Noreg. Men samstundes er ein klar over den viktige rolla dei friviljuge organisasjonane har i samfunnet, og er oppteken av å stimulera vidare til friviljug innsats og deltaking i friviljuge organisasjonar. Dei friviljuge organisasjonane og kulturlivet vert omtala i kap. 15.

Kapitla i denne bolken er av praktiske årsaker ordna sektorvis. Med den utviklinga som har skjedd dei siste tiåra, har likevel grensene mellom dei ulike kunstområda vorte mindre tydelege. Slik det er skildra i kap. 3, har dei sterke tendensane til internasjonalisering prega utviklinga på kunstfeltet som heilskap det siste tiåret. Dette har mellom anna medverka til fagleg fornying og endra organisasjonsformer. Eit resultat av denne utviklinga er at sjangergrenser vert mindre tydelege, og at det vert samhandla på nye måtar på tvers av kunsttarene. Dette er noko kulturpolitikken må ta omsyn til i framtida.

Ansvaret for å reflektera og stimulera til nyutvikling ligg både hjå einskildkunstnarar, frie grupper og dei faste institusjonane. Det skal likevel strekkast under at dei store institusjonane både er og framleis skal vera hjørnestinar i gjennomføringa av kulturpolitikken. Institusjonane utgjer permanente strukturar som er bygde opp over lang tid og som forvaltar ein svært stor del av dei statlege driftsressursane til kulturføremål. Dei faste institusjonane har eit særleg ansvar for til kvar tid å vera responsive overfor omgjevnaden, fanga opp nye

behov og samhandla både med kvarandre og med utanforståande aktørar på ein dynamisk måte.

## 6.2 Kulturelt mangfold i ei globalisert verd

Kulturelt mangfold vert i mange samanhengar vurdert som ein klår samfunnskvalitet som legg føringer både på nasjonal og internasjonal utforming av kulturpolitikk. I UNESCOs universelle deklarasjon om kulturelt mangfold er samfunnsverdien formuleret slik i artikkel 1:

«Kulturen antar forskjellige former gjennom tid og rom. Dette mangfoldet kommer til uttrykk i særegenheten og mangfoldet i identiteten til de grupper og samfunn som til sammen utgjør menneskeheden. Som kilde til utveksling, fornyelse og kreativitet er det kulturelle mangfold like nødvendig for menneskeheden som det biologiske mangfold er for naturen. Slik sett er det kulturelle mangfold menneskehets felles arv, og det bør anerkjennes og opprettholdes til gagn for nålevende og framtidige generasjoner.»

Den positive vurderinga av kulturelt mangfold kan likevel ikkje femna om kulturuttrykk og tradisjonar som bryt med menneskerettane. Desse vert ikkje omfatta av den innsatsen som UNESCO og andre internasjonale organisasjonar gjer for å fremja kulturelt mangfold som ein samfunnsverdi. Tvangsgifte av småjenter eller andre tradisjonar som krenkjer einskildmenneske eller grupper, vil aldri kunna reknast å vera «til gagn for nålevende og framtidige generasjoner», sjølv om det kulturhistoriske grunnlaget for slike tradisjonar er aldri så godt dokumentert. Vi kan forstå sosiale og kulturelle årsaker til at slike tradisjonar har vaks fram, men vi kan ikkje akseptera dei som positive uttrykk for kulturelt mangfold.

Slik det er framstilt i kap. 3, vert globalisering oppfatta som ein prosess der ei rekke kommunikasjonsmiddel – frå internasjonale rutefly til det globale nettverket av datamaskiner – gjer at kapital, varer, menneske og kulturfenomen kan flytta seg med stor fart mellom ulike delar av kloten. På grunn av den radikale auken i fart og omfang i den overnasjonale samhandlinga har internasjonalt samkvem dei siste tiåra fått karakter av å vera ei samfunnsendrande kraft.

På kulturområdet inneber dette fleire utviklingstendensar som verkar samstundes, men som har ulike retningar og konsekvensar, ikkje minst for det kulturelle mangfaldet. Mange er opptekne av og urolege for *homogeniserings- eller einsrettings-*



Figur 6.2

*tendensen*, dvs. at kulturimpulsar – i norsk sammenheng gjerne angloamerikanske i kombinasjon med sterke kommersielle interesser – skal fortrengja det lokale og dermed føra til mindre kulturelt mangfald. Det er rett å seia at mange interessentar i kulturlivet legg størst vekt på faren for einsretting, og det er lett å peika på kulturpolitiske tiltak i mange land som tek sikte på å møta einsrettstendensane. Mange språkpolitiske tiltak for internasjonalt sett små språkgrupper vil ofte vera utforma slik at dei skal verna og styrkja det eigne språket, jf. språkpolitiske tiltak i kap. 12.

Den andre utviklingstendensen som kjem av globaliseringa, *heterogeniseringstendensen*, peikar i motsett lei. Her vert det framheva at globaliseringskretene gjer det lettare å markera og presentera det lokale og særegne for ei stor omverd; det er lettare å verta lagt merke til og kan henda verta akseptert òg. Saman med dei andre globaliseringskretene gjer omfattande internasjonal mobilitet at vi får fleirkulturelle samfunn, både på nasjonalt og lokalt nivå, og det gjer at vi som einskildindivid møter og må forhalda oss til stadig nye kulturuttrykk. Slik sett kan det argumenterast for at globaliseringsprosessane også kan fremja kulturelt mangfald i den meining at kulturytringar og -tilbod vert stadig meir samansette og ueinsarta. Konkret fører det med seg auka krav til kunnskap om og forståing for at ulike uttrykksformer har likeverd i eit stadig meir samansett kulturlandskap. Til dømes vil ein i norsk kulturpolitisk røyndom måtta akseptera at innvandrargrupper har annan tradisjon og andre oppfatningar når det gjeld kunststyringar enn det fleirtalssamfunnet er vane med.

Som nemnt i kap. 3 vert den tredje globaliseringstendensen kalla *globalisering*. Dette siktar til at det går føre seg ei aukande kulturutveksling, ikkje berre mellom nasjonar, men mellom regionale og lokale aktørar og internasjonale kulturelle sentra. Dei globale trendane tek opp i seg impulsar frå lokale avkrokar, som slik sett kan setja eit preg på dei globale utviklingstendensane.

Totalt sett representerer globaliseringa store utfordringar på det kulturpolitiske området, og det både på nasjonalt og internasjonalt nivå. I dag samtykker dei fleste i at globaliseringa kan verka einsrettande og samstundes produsera skilnader som styrker mangfaldet. I eit kulturpolitiske perspektiv inneber det at ein heile tida må balansera mellom å henta inn vinstan av globaliseringa og å setja inn motstrategiar der mangfaldet vert truga.

Regjeringa har i St.meld. nr. 19 (2002–2003) *En verden av muligheter – globaliseringens tidsalder og dens utfordringer*, i kap. 7, formulert generelle mål for korleis ein vil arbeida for å møta desse utfor-

dringane. I føreliggjande melding vil vi konsektrera oss om nokre av hovudpunktene, jf. elles omtale av det utanrikskulturelle området i kap. 6.3.

I utforminga av norsk kulturpolitikk vil ein målmedvite arbeida for å styrkja norsk språk og andre kulturformer der norske miljø er åleine om å vera aktive. På desse feltene er det berre norsk innsats som kan spela ei avgjerande rolle.

Departementet vil styrkja tiltak som gjer det mogeleg for ulike uttrykksformer frå minoritetsgrupper å vinna innpass i kulturlivet som annleis, men likevel likeverdige uttrykksformer i det norske kulturlandskapet. Det er tale om å utvikla gjensidig kunnskap om og respekt for det likeverdige i ulikskapane. Her har majoritetssamfunnet eit spesielt ansvar for å stimulera til respekt og toleranse. I viss mon kan det gjerast med å etablera tidsavgrensa, spesielle stimuleringstiltak. Det langsigtige målet er likevel å få til haldningsendringar som gjer at det som er annleis, vert oppfatta som noko naturleg, verdfullt og likeverdig.

I St.meld nr. 17 (1996–97) *Om innvandring og det flerkulturelle Norge* heiter det i innleiinga:

«Regjeringen legger til grunn at det norske samfunnet har vært og i økende grad vil være flerkulturelt. Kulturelt mangfold er berikende og en styrke for fellesskapet. På alle områder må det legges til rette for åpenhet og dialog, samhandling og nyskaping. Rasisme og diskriminering er i strid med våre grunnleggende verdier og må motarbeides aktivt.»

Dette perspektivet ligg òg til grunn for måla på kunstområdet. I St.meld. nr. 47 (1996–97) *Kunstnarane* heiter det:

«(...) samarbeid med kulturinstitusjonane og kunstnarorganisasjonane vil [ein] satsa på tiltak som stimulerer til likestilling for profesjonelle kunstnarar med innvandrarbakgrunn i kunstlivet, og sikra at dei får likeverdige høve til å vera verksame som kunstnarar. Dessutan vil departementet arbeida for at det blir skapt større aksept og forståing for ikkje-vestlege kunstuttrykk i Noreg og stimulera til større tverrkulturt samarbeid i utviklinga av ny samtidskunst.»

Med utgangspunkt i St.meld. nr. 47 (1996–97) starta Norsk kulturråd i 1998 eit fireårig utviklingsprogram for kunst og det flerkulturelle samfunnet, *Mosaikk*. Med verknad frå 2002 vart Mosaikk avvikla som eige program. Samstundes vart målet for programmet – å fremja kulturelt mangfald på kunst- og kulturområdet – innarbeidd som satsingsområde i dei ordinære arbeids- og ansvarsområda til dei ulike fagutvala. Parallelt med Mosaikk-programmet vart det introdusert eit treårig signal-

prosjekt innanfor scenekunstfeltet, *Open Scene*, som hadde som mål å opna institusjonane for kulturelt mangfald. Både Mosaikkprogrammet og Open scene vart evaluerte i 2002.

Med utgangspunkt i ein konferanse om kulturelt mangfald arrangert av Kultur- og kyrkjedepartementet, Norsk kulturråd, Drammen og Oslo kommunar i august 2002 oppnemnde departementet ei arbeidsgruppe som skulle drøfta korleis ein bør følgja opp målet om å fremja kulturelt mangfald på kulturfeltet. Gruppa la fram resultata sine tidleg i 2003.

Drøftingane i arbeidsgruppa og evalueringane av ulike tiltak dei seinare åra har gjeve departementet eit betre grunnlag for å integrera perspektivet om kulturelt mangfald i den allmenne kulturpolitikken. Både Mosaikk-programmet og Open Scene har utan tvil medverka til å setja kulturelt mangfald på dagsordenen og til å gjera kunstnarar med minoritetsbakgrunn meir synlege. Prosjektevalueringane tyder likevel på at det er ein lang veg å gå før ein kan tala om reell inkorporasjon, tufta på gjensidig erfaringsutveksling og likeverdig dialog.

Erfaringane i Noreg samsvarar med røysler frå andre land. Dei viser at det er behov for fleire parallelle strategiar for å fremja kulturelt mangfald. Det er trong for tiltak som kan gi handlingsrom for dei ulike minoritetane til å fremja og utvikla kulturuttrykka sine på eigne premissar. Samstundes er det behov for å skapa møtestader og tiltak som fremjar nye kombinasjonar av uttrykksformer. Dette medfører at ein både må vidareutvikla særordningar for grupper med ulik etnisk bakgrunn og samstundes stimulera til å inkorporera nye uttrykk i eksisterande ordningar og institusjonar.

Gjennom det uformelle nettverket av 53 kulturministrar, *International Network for Cultural Policy (INCP)*, er det utforma eit framlegg om ein internasjonal konvensjon om kulturelt mangfald. Det er framlegg om at UNESCO skal bera dette arbeidet fram til eit konvensjonsframlegg som kan handsamast av alle dei 189 medlemsstatane i UNESCO, kan henda i 2005. Konvensjonen kan verta eit internasjonalt referansedokument for å fremja kulturelt mangfald både internt i og mellom nasjonalstatane.

Eit viktig område når det gjeld internasjonalt kultursamarbeid, er å stimulera norske fag- og utøvarmiljø til å delta i internasjonale samarbeidsprogram. Dels er det tale om på heimebane å få impulsar frå andre land i arbeidet med kulturpolitiske spørsmål og tiltak, dels har norske miljø noko å læra bort til utanlandske miljø. Både UNESCO, Europarådet, EU og det nordiske samarbeidet har rammeverk for aktuelle prosjekt. Det er EU som har den desidert største økonomiske ramma for

denne typen kultursamarbeid. Fleire norske institusjonar og miljø har vore med i EU-prosjekt under *Kultur 2000* og *Media Plus*. Departementet ser positivt på at norske institusjonar, organisasjonar og miljø deltek i slike program, og vil leggja betre til rette for at norske interessentar kan søkja seg inn i samarbeidsprosjekt. Norsk kulturråd og ABM-utvikling vil vera formidlingskontaktane for deltaking i EU-prosjekt. I den samanhengen vil departementet samstundes peika på det potensialet som ligg i EUs rammeprogram for forsking og utvikling, der spesielt institusjonar innanfor ABM-området vil kunna delta i samarbeidsprosjekt. Mellom anna har Nasjonalbiblioteket røynsle frå deltaking i EU-finansierte prosjekt, og departementet vil sjå det som positivt om fleire institusjonar kunne dra nytte av slike internasjonale samarbeidsprosjekt.

### **6.3 Utanrikskulturell verksemd og internasjonal kulturutveksling**

Ansvoaret for internasjonalt samarbeid på kulturområdet er delt mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Utanriksdepartementet. Kultur- og kyrkjedepartementet har overordna ansvar for nordisk og multilateralt kultursamarbeid, dessutan for formidling av utanlandsk kultur til Noreg. Utanriksdepartementet har overordna ansvar for presentasjon av og informasjon om norsk kultur i utlandet og for gjensidig kultursamarbeid mellom Noreg og land i Sør. Det globale nettverket av utanriksstasjonar som Utanriksdepartementet disponerer, femner om ca. 150 ambassadar og konsulat og står sentralt i praktisk kulturformidling og informasjonsarbeid.

Det er om å gjera at dei to departementa arbeider godt saman. Internasjonal kulturutveksling handlar om *gjensidig* utveksling. I dette perspektivet må import og eksport sjåast i nær samanheng. Dei overordna målsetjingane for det internasjonale kultursamarbeidet er å presentera eit breitt spekter av norske kulturuttrykk med høg kvalitet internasjonalt og å syta for at kulturmiljø i Noreg mottek impulsar frå utlandet. Måla er forankra i kulturens eigenverdi, og det handlar først og fremst om å fremja kulturell og kunstnarleg utvikling. I dette perspektivet vert det ikkje minst viktig å styrkja importsida. Ein føresetnad for kvalitet og nyskapning i kulturlivet i Noreg er at vi deltek som ein reell aktør på den internasjonale kulturarenaen, og ein slik aktør vert vi først når Noreg er ein attraktiv arena for internasjonale kunstnarar.

Det bør vera ei prioritert oppgåve på heile kulturfeltet å leggja til rette for og stimulera auka

nasjonal samhandling både på produksjons- og formidlingssida. Viktige verkemiddel vil mellom anna vera EUs rammeprogram for kultur, turnémidlar, prosjektstøtteordningar, festivalstøtteordningar og gjestespelordninga i Norsk kulturråd, dessutan Utanriksdepartementets satsing for å presentera norsk kunst i andre land. På nokre område finst det òg institusjonar som arbeider særskilt for å fremja internasjonal utveksling, slik som Musikkinformasjonssenteret, OCA og NORLA. I tillegg spelar ei rekke andre institusjonar og verksemder som får støtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet, ei viktig rolle i arbeidet med å styrkja internasjonaliseringa av kulturlivet i Noreg. Dei ulike ordningane, institusjonane og verksemndene er omtala nærare i dei einskilde kapitla.

Utanriksdepartementet søker i størst mogeleg grad å formidla og leggja til rette for eit direkte samarbeid mellom sentrale kulturformidlarar og kulturinstitusjonar i Noreg og i utlandet med utgangspunkt i kulturfeltets eigne interesser og prioriteringar. Hovudmålet er å styrkja kontakten mellom det profesjonelle kunst- og kulturlivet i Noreg og tilsvarande institusjonar og miljø i andre land og samstundes formidla Noreg som ein moderne og kreativ kulturnasjon. Presentasjonen av norske samtidsuttrykk vert gjeven ein stadig breiare plass i kunstformidlinga i utlandet. Ei sentral oppgåve er å leggja til rette for nettverksbygging på tvers av landegrensene og stø samarbeidsprosjekt som fremjar internasjonaliseringa av kulturlivet.

Internasjonal kulturutveksling må elles sjåast i samanheng med at ein aukande del av det norske folket har bakgrunn frå ikkje-vestlege kulturar. I dette perspektivet vert import av kunst og samarbeid mellom norskbaserte og internasjonale kunstnarar viktig. For kunstnarar i Noreg som primært arbeider med tradisjonar og uttrykk med ankerfeste i andre delar av verda, er det ofte avgjande å samarbeida med kunstnarar utanfor Noreg. For å stimulera til kompetanse- og nettverksbygging bør tilhøva leggjast betre til rette for samarbeid med miljø over heile verda. På sikt vil dette kunne medverka til å innarbeida kulturell ulikskap som ein naturleg del av den norske kunstrøyndomen. Dette vil ikkje berre ha innverkanad på kunstnarane og kunstproduksjonen. Det vil òg gjera uttrykksmangfaldet og kulturtilbodet rikare for publikum.

Utanriksdepartementet sin innsats på kulturfellet skal styrkja Noregs rolle som aktiv internasjonal deltagar og bidragsytar. Utanriksdepartementet vil føra ein aktiv utanrikskulturell politikk for å styrkja Noregs rolle som ein reell aktør på ein vek-

sande internasjonal arena, som føresetnad for kompetanseutvikling, nyskaping og kvalitetsutvikling i norsk kultur- og samfunnsliv.

For å sikra Noregs rolle som ein aktiv deltagar og bidragsytar i den globale kulturutvekslinga er det trond for overordna og systematisk planlegging med langsiktig perspektiv. Noreg må som andre land gjera seg nytte av dei foremonene feltet byr på, og yta økonomisk og administrativ støtte til institusjonar, kunstnarar og andre kulturarbeidarar som ynskjer å markera og profilera seg på ein internasjonal, offentleg arena på ein tydeleg og godt synleg måte.

Stadig fleire land Noreg samhandlar med, legg auka vekt på kulturens plass i ein brei kommunikasjonsstrategi overfor utvalde målgrupper i andre land. Denne forma for breiddediplomati (*public diplomacy*) er eit uttrykk for den styrkte rolla som media spelar i vår tid, og viser korleis kulturfeltet vert stadig viktigare for å formidla korleis tenkinga, forskinga og samfunnsdebatten ovrar seg i eit land.

*Målet med den utanrikskulturelle politikken er vidare å sikra at norsk kulturliv får ta del i det nye handlingsrommet for internasjonalt kultursamarbeid.*

Gjensidig kulturutveksling og deltaking i internasjonale fellesprosjekt har vorte ein føresetnad for å få nye impulsar og heva kompetansen i det norske samfunnet. For aktørar innanfor kunst, forsking, medium og kulturlivet elles har individuell og kollektiv nettverksbygging på tvers av landegrensene vorte avgjerande for fagleg utfalding og utvikling.

Internasjonaliseringa av kultursektoren og nettverksbygging på tvers av landegrensene har medverka til at uformelle nettverk har vorte viktigare. Likevel vil det også i framtida vera behov for støtte- eller finansieringsordningar og eit administrativt apparat som kan hjelpe norske aktørar som arbeider på tvers av landegrensene. Ved utanriksstasjonane er nettverksbygging eit hovudelement i kultur- og mediearbeitet, og det vert lagt vekt på etablera nettverkssamarbeid både med store institusjonar og uformelle kunstmiljø lokalt.

*Den utanrikskulturelle politikken skal medverka til kulturell pluralisme og språkleg mangfold globalt.*

Den globale, kulturelle massemarknaden representerer omfattande høve til impulsutveksling, men øver òg eit sterkt marknadspress på små språk- og kultursamfunn i verda, både i den vestlege verda og i utviklingsland med veik infrastruktur for kulturlivet. Ein aktiv utanrikskulturell politikk som hindrar at kulturutveksling vert redusert til handelstilhøve og marknadsmakt, og som opnar for ikkje-kommersielle aktivitetar, er ein føreset-

nad for kulturell pluralisme og språkleg mangfold internasjonalt.

Mangfold krev vilje til å visa fram kven ein er og kva ein kan bidra med. I ei globalisert verd føreset dette i praksis at dei einskilde landa set inn ressurser for å formidla sine eigne kulturar, tradisjonar og samtidsuttrykk.

Å fremja globalt mangfold knyter seg på den eine sida til arbeidet med å presentera og informera om kulturliv i og kunstuttrykk frå Noreg, med vekt på samtidsuttrykk og tiltak som formidlar variasjonsrikdomen i det heimlege kulturfeltet. I tillegg er det eit mål for Noregs kultursamarbeid med land i Sør å fremja mangfold globalt, gjennom støtte til tiltak som styrker lokale krefter i arbeidet med å bevare kulturarven og styrkja eit levande kulturliv.

*Det er eit mål å sikra at ein fra norsk side er synleg i europeisk samanheng.*

Noregs tilhøve til eit Europa i endring krev ein gjennomtenkt kommunikasjonsstrategi. Ein aktiv politikk som medverkar til å formidla norske standpunkt og interesser, og som etablerer nyanserte og oppdaterte bilete av det moderne Noreg, er ein føresetnad for å unngå marginalisering og dermed sikra at ein i Europa ser og hører norske aktørar.

EU utgjer ein stadig viktigare kulturpolitiske faktor, ikkje berre gjennom støtteordningar, men òg gjennom politiske rammer og kontaktskapande initiativ til nye prosjekt og samarbeidstiltak. Å vera til stades på brei basis i europeisk samanheng har som føresetnad at det finst støtteordningar og eit administrativt apparat – som ambassadane – som legg til rette for at norske kunstnarar og kulturinstitusjonar slepp til på dei viktigaste faglege arenaene som gjeld til kvar tid.

*Det er eit mål å leggja til rette for større variasjon når det gjeld land vi mottek kulturimpulsar frå, gjennom aktiv kulturutveksling med land på andre kontinent.*

Å få kunnskap om mindre kjende tradisjonar og samtidsuttrykk medverkar til å fremja nordmenns kunnskap om og interesse for land i mindre kjende verdsdelar. Det er ein føresetnad for auka innsikt i og respekt for eigen så vel som andre kulturar. Samstundes gjev kulturutveksling norske interesser høve til å verta synlege i viktige land i voksterregionar på andre kontinent. Systematisk kulturutveksling med land i Sør medverkar til avgjerande impulsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving for alle involverte samarbeidspartnarar. Dette vert i aukande grad lagt vekt på i norsk kultur- og samfunnsutvikling.

Impulsutvekslinga mellom Noreg og land i Sør er tufta på at kulturutveksling og kunstutfaldning

verkar utviklingsfremjande i seg sjølv. I stigande grad erkjenner ein at kulturfaktoren er vital når ein skal byggja opp frie medium og leggja til rette for ein levande offentleg debatt som er grunnleggjande for eit reelt folkestyre og eit velfungerande samfunn.

*Det er eit mål å medverka til å styrkja dialogen mellom ulike kulturar som ein føresetnad for mellommenneskeleg forståing.*

Kulturelle, etniske og religiøse faktorar medverkar til å forsterka mange av dei politiske og økonomiske konfliktane verda opplever i dag. Terroråttaket på World Trade Center 11. september 2001 har aktualisert behovet for brei kultur- og samfunnskontakt på tvers av kulturelle og politiske skiljelinjer. Gjennom norske bidrag er det ynskjeleg å leggja til rette for utvida dialog mellom sivilisasjonane og til utforsking av felles verdiar og etiske standardar.

Den aukande innverknaden kulturfeltet har for fredsskapande kontakt og forståing mellom ulike kulturar, religionar og regionar, kjem mellom anna til uttrykk gjennom ei stigande interesse internasjonalt for såkalla «mjuk» makt, tufta på gjensidige drøftingar, overtalingskunst og etiske argument framfor militær, politisk og økonomisk makt og innverknad. Slike perspektiv er særleg viktige for små statar som Noreg, samstundes som vi ser at stormaktene òg i høg grad interesserer seg for dette.

På denne bakgrunn vil det vera tenleg å integrera det internasjonale kultursamarbeidet i dei brubyggjande og konfliktførebyggjande prosessane som Noreg er involvert i internasjonalt. Mellom anna vil ein støtta og leggja til rette for kulturutvekslingstiltak som medverkar til å styrkja felles normer og referanserammer, og som fremjar kunnskap og kontakt på tvers av kulturelle, politiske og geografiske skiljelinjer.

*Det er eit mål å etablere tiltak for å møta det aukande behovet for informasjon om, oversyn over og koordinering av norske kulturaktivitetar i utlandet.*

Internasjonaliseringa av kulturlivet og det aukande omfanget av uformelle nettverk har forsterka behovet for systematisk informasjons- og erfaringsutveksling med tanke på å koordinera og gjera norske aktivitetar synlege. Omfattande internetsatsingar, som utvikling av ein overorda Noregs-portal i regi av Utanriksdepartementet, står sentralt i dette arbeidet.

Det praktiske kultur- og informasjonsarbeidet ved ambassadane så vel som den nettverksskapande verksemnda overfor lokale kulturaktørar har større verdi for Noreg enn for land som har valt å oppretta separate kulturinstitutt i utlandet. Dei nor-

ske utanriksstasjonane spelar ei viktig rolle i arbeidet med å skapa oversyn over og samanheng i det Noreg står for i utlandet. Dette gjeld ikkje minst i høve til land i Sør og dei viktigaste landa i voksterregionane på andre kontinent, der norske kulturkontaktar tradisjonelt er veike. Verdien av å opptre aktivt overfor utviklinga i desse regionane, som representerer størstedelen av folkesetnaden i verda, vil vera aukande i åra som kjem.

Det at fleire statar markerer seg som kulturpolitiske aktive både i og utanfor Europa, stiller nye krav til styresmaktenes innsats på feltet og har medverka til å markera kor viktig det er med det globale apparatet som ambassadane representerer, og som sikrar informasjon om og oversyn over norske kulturaktivitetar i utlandet.

*Målet er vidare å leggja til rette for auka koordinering av norsk politikk i høve til det multilaterale systemet.*

I ei globalisert verd vert multilaterale organisasjonar som SN-systemet, WTO, EU osb. stadig viktigare. Reell norsk medverknad føreset at det er konsekvens, konsistens og samanheng mellom kulturområdet og dei andre politikkområda. Dette gjer koordinering av den statlege norske innsatsen

på ulike område til eit hovudspørsmål, også med tanke på å fremja eit best mogeleg samspele med ikkje-statlege aktørar og nettverksmiljø i kulturlivet.

## 6.4 Kyrkja som kulturberar

Aktivitetane i kyrkja og kyrkjelydane – og i trus- og livssynsamfunn elles – er også viktige kulturberarar. Bodskapen i trua og mennesket si leiting etter eit fast ankerfeste utanfor seg sjølv kjem i høg grad til uttrykk gjennom kunsten, både frå skapande og utøvande kunstnarar og gjennom amatørbasert eigenaktivitet over eit breitt felt. Gjennom kunsten vert meiningsberande ritual, forteljingar og metaforar utforma og sliplete til.

Musikken har ein særleg funksjon i forkynning og tilbeding. Men kyrkjemusikken når langt utover det religiøse rommet han er skapt for. Det same kan seiast om andre kunstartar. Ulike former for bilettekst, som målarstykke, skulpturar eller installasjonar, set preget sitt på våre indre bilete. Forkynning gjer levande tekstar som generasjonar før oss har forhalde seg til, og som framleis påverkar språk og diktning. Kyrkjebrygg har gjennom tusen år i dette landet vore eit synleg uttrykk for det religiøse rommet i tilveret.

I spenningsfeltet mellom profesjonell kunst og friviljug deltaking i livet i kyrkjelyden går det føre seg ei viktig opplæring, til dømes gjennom lokal kor- og konsertverksemeld.

Kyrkjerommet vert elles meir og meir teke i bruk til kulturaktivitetar av ulike slag. Ei vidareutvikling av slik bruk vil innebera ei breiare utnytting av dei heilt særeigne kulturhusa som kyrkjebrygningane våre utgjer, og det vil kunna medverka til å opna kyrkja for eit breiare publikum enn dei faste kyrkjegjengarane.

Kyrkjeloge jubileum og festivalar integrerer mange kunstuttrykk. 850-årsjubileet for skipinga av Hamar bispedøme, Petter Dass-dagane på Alstadhaug, Nordland musikkfestveke i Bodø og Olavsfestdagane i Trondheim er i så måte gode døme. Med røter i den kyrkjeloge tradisjonen har festivalar og jubileumsarrangørar utvikla eit samarbeid med kyrkja, eit samarbeid som skaper aktuelle og mangefaseterte arrangement for eit breitt publikum.

Å ta vare på kyrkjene krev særskild kompetanse i mange tradisjonelle handverksfag. Den etterspurnaden etter handverksmessig kompetanse som vedlikehald og restaurering av kyrkjer representerer, er såleis viktig for vidareføringa og etterreisinga av slike dugleikar. Restaureringsar-



Figur 6.3

beida ved Nidaros domkyrkje er i denne samanhengen eit viktig døme; det er eit kompetansesenter for heile landet for restaurering av verneverdige bygningar i stein.

Det er etablert ulike former for dialog mellom Den norske kyrkja og andre religions- og livssynsfellesskap i Noreg. Røynsler frå samtaler mellom kyrkja og til dømes muslimske fellesskap viser at det er eit stort behov for gjensidig informasjon, samstundes som kontakten frå både sider vert sett på som svært verdifull.

Hovudføremålet med slike samtalar er gjerne å gje auka innsikt i religion, tru og overtyding hjå den andre parten. Men ein løpande dialog set ein langt vidare dagsorden. Det viser seg ofte at religiøse spørsmål er knytte til ein vidare samanheng, der samfunnstilhøve, kultur, tradisjon og livssituasjon vert sentrale. Det kan difor ofte vera uklårt om eit fenomen er religiøst eller bør sjåast som eit kulturuttrykk eller eit uttrykk for etniske skilnader, ulike tradisjonar i dei samfunna vi kjem frå, som eit allment samlivs- eller sameksistensspørsmål eller rett og slett som eit problem knytt til det å få dagleivet til å fungera.

Religionen er med andre ord integrert i ei rekkje andre aspekt ved livet. Behov for avklaring synest like ofte vera knytt til kulturuttrykk og kulturell identitet og til ei gjensidig forståing av korleis ein faktisk ynskjer å leva, som til ei reint religiøs grunngjeving for dei vala ein tek. Dette kan handla om så konkrete forhold som mat, klede, innreiing av heimen, samversformer, behovet for offentlege rom til felles kulturelle og religiøse aktivitetar og korleis slike rom skal utformast osb. Det er gjennom alle desse kulturelle livsuttrykka at ein konkret formar ein livspraksis, og behovet for at andre aksepterer dette, er stort i alle kulturar. Vi tenkjer kan henda ofte at dette er eit behov som særmerkjer våre nye landsmenn, men erfaringane viser at det like mykje handlar om dei forventningane etnisk norske nordmenn har om aksept for «den norske levemåten».

Eit breitt perspektiv synest dermed å vera ein føresetnad for å auka og utdjupa gjensidig forståing og aksept. I eit slikt inkluderande breitt perspektiv vert ikkje religionen borte, men får snarare forsterka relevans. Religionen medverkar til å skapa identitet og formidla tradisjon og til fortolking; han utfordrar og forpliktar, og formidlar samanheng og håp.

Eit breitt perspektiv på religiøse spørsmål er også naudsynt for å motverka og imøtegå tendensar til å bruka religionen som eit middel til andre føremål, gjennom fundamentalistisk prega rørsler eller aktivitetar. Muslimane i Noreg tek igjen og

igjen avstand frå terror og valdsaktivitetane i islams namn og hevdar at dette er forvrengingar av islam, på same måten som kyrkja tek avstand frå fundamentalistiske grupperingar som brukar kristendommen på liknande vis. Religion vert uttrykt i ein brei livssamanheng, og den som vil forstå den plassen religionane har i livet til menneska, må sjå på heile breidda av aktivitetar mennesket deltek i, ikkje berre dei spesifikt religiøse. Ikkje minst det etiske perspektivet, som står sterkt både i kristendom og islam, understrekar dette.

Det finst ei rekkje kulturarrangement rundt om i landet som har eit integrerande perspektiv på tilhøvet mellom kyrkje og kultur. Dei er gjerne prega av ein levande, brei og folkekirkjeleg tradisjon kombinert med ei vidtrekkjande open holdning til alle sider ved menneskelivet – også religion og kyrkje – i kulturlivet. Resultatet vert eit kyrkje- og kulturliv med lita interesse for grensedraging og avstand og med mykje større handlefridom til å byggja aktivitetar som inkluderer tenking om religion som ein integrert del av den totale livsopplevinga hjå mennesket.

Kyrkja har altså ei rolle som kulturberar og kulturarena. Og kyrkja står overfor mange av dei same utfordringane som kulturlivet og samfunnet elles. I eit samfunn med aukande livssynsmangfold og ein veksande flora av kulturtradisjonar er det særleg viktig at folkekirkja vår fører ein aktiv dialog med dei som representerer andre religionar og livssyn.

## 6.5 Særskilt om samisk kultur

Samane i Noreg utgjer eit urfolk med ein særeigen kultur. Norske styresmakter har eit ansvar for å medverka til å bevare og å vidareutvikla denne kulturen. Regjeringa er medviten om dette ansvaret og vil difor følgja utviklinga når det gjeld samisk kultur særskilt. Dette skal gjerast i dialog og samråd med Sametinget.

Med di størstedelen av samane bur i Noreg, er framtida for den samiske kulturen i stor mon avhengig av korleis ein legg til rette tilhøva her i landet. Noreg har difor eit ansvar for å visa veg i utviklinga. I internasjonalt samarbeid bør Noreg ta mål av seg å vera eit førebilete når det gjeld respekt for og handtering av urfolks kultur.

Skal samisk kultur sikrast ei framtid, må samiske born og unge kunna kjenna seg trygge i sin eigen kultur. Dette må gjerast på ein slik måte at det ikkje skaper konfliktar hjå den einskilde på grunn av den dominerande kulturen i storsamfunnet.

Sentralt i den samiske kulturen står språket. Utan eit levande språk som kan brukast over eit variert spekter i kvardagslivet, vert den kulturelle eigenarten og livskrafta svakare. Språket er eit av dei mest markante særtrekka i den samiske kulturen og ein hjørnesten i den vidare utviklinga. For den einskilde er språket identitetsskapande og ei dagleg påminning om kvar ein høyrer til. Departementet vil i samarbeid med Sametinget arbeida for å bevare og vidareutvikla samisk språk.

Samisk kultur må sikrast eit forsvarleg økonomisk grunnlag. Slik tilhøva er i dag, er det eit misøre mellom eksisterande behov og tilgjengelege ressursar. Dette er ikkje eineståande, men av di samisk kultur som ein minoritetskultur er spesielt utsett for ytre påverknad, er det viktig at samiske kulturinstitusjonar og prosjekt får tilfredsstillande økonomiske vilkår.

Frå og med budsjettåret 2002 er det meste av statlege midlar til samisk kultur overført til Sametinget. Kultur- og kyrkjedepartementet løyver midlane til samiske kulturtiltak som ei rammeløyving til Sametinget. Dette er gjort for å gje Sametinget høve til å disponera midlane på grunnlag av politisk prioritering.

Samisk kultur har ofte behov som skil seg frå norsk kultur elles. Den er sårbar, men òg sterk og har eit stort utviklingspotensial. Det inneber at

offentlege styresmakter med ansvar for samiske kulturspørsmål må vera spesielt merksame på utfordringane. Det gjeld både stat, fylkeskommune og kommune.

Det vert elles vist til omtale av samisk kultur og språk i dei årlege stortingsmeldingane om verksamda til Sametinget og i St.meld. nr. 55 (2000–2001) og St.meld. nr. 33 (2001–2002).

## **6.6 Særskilt om nasjonale minoritetar og deira kultur**

Dei nasjonale minoritetane i Noreg, jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar, har ein kultur som skil dei frå majoritetsfolkegruppa. Gjennom ratifiseringa av Europarådet sin rammekonvensjon for vern av nasjonale minoritetar har Noreg også eit ansvar for å fremja dei vilkåra som er naudsynte for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, kan ta vare på og utvikla kulturen sin og bevare dei grunnleggjande delane av identiteten sin.


Stoltenberg-regjeringa la fram ei melding om politikken overfor desse gruppene, jf. St.meld. nr. 15 (2000–2001), som fekk brei oppslutnad i Stortinget.

Sentralt i politikken overfor nasjonale minoritetar er mellom anna oppføring av kulturygg for å formidla, bevare og utvikla kulturen til gruppene. Dette er nærmere omtala i kap. 11.6.1. For kvenane er òg språket (kvensk/finsk) viktig. Det sentrale verkemidlet er tilbod om undervisning i finsk i grunn- og vidaregåande skule. I skuleåret 2002/2003 var det 1 048 elevar som nyttta seg av dette tilboden. Dei siste ti åra har det vore ein jamn auke i elevtalet. Til dømes var det siste skuleåret 28 med finsk som andrespråk i 10. klasse jamfört med 169 elevar i 2. klasse. Når det gjeld spørsmålet om kvensk skal definerast som eit eige språk eller ein finsk dialekt, er dette omtala i kap. 12.10.

I samband med at Noreg rapporterte til Europarådet om oppfølging av rammekonvensjonen, uttala den rådgjevande komiteen at støtta til kvensk kultur ikkje stod i høve til behova og den estimerte storleiken til gruppa. I den endelege resolusjonen frå ministerrådet peika Europarådet særskilt på behovet for auka støtte til kvenske medium (aviser og kringkasting).

## **6.7 Kultur og næring**

Kulturlivet og næringslivet har tradisjonelt vore oppfatta som to samfunnsområde utan særleg



Figur 6.4

interessefellesskap. I kulturpolitikken er det likevel fleire grunnar til å sjå nærmare på tilhøvet mellom kultur og næring. For det første spelar kommersielle aktørar i dei ulike kulturbransjane ei avgjerande rolle i viktige delar av kulturlivet. Det gjeld mellom anna forlagsbransjen, fonogrambransjen og filmbransjen. For det andre går mange andre næringslivsaktørar som ikkje er involverte i kulturproduksjonen, i stigande grad inn som samarbeidspartnerar med kulturlivet, som sponsorar, men i aukande grad også som oppdragsgjevarar.

Både i Noreg og i andre land er det ein føresetnad at kulturpolitikken i fyrste rekke rettar seg mot dei delane av kulturlivet som ikkje har tilstrekkeleg finansiering gjennom inntekter frå omsetnad av varer og tenester i ein marknad. Bransjeaktørar som opererer på kommersiell basis, spelar likevel ei hovudrolle i store delar av kulturproduksjonen og kulturformidlinga. Forlag, plateselskap, filmselskap osb. står for ein vesentleg del av kulturproduksjonen og genererer i mange høve monalege marknadsinntekter med verksemda si. På den måten får kunstnarar og andre fagfolk høve til å utøva yrka sine, og aktiviteten skaper store økonomiske verdiar, samstundes som publikum får tilbod om ein stor og variert produksjon.

Kulturverksemder som vert drivne på eit forretningsmessig grunnlag, nyt på nokre område like stor samfunnstillit som kulturforvaltarar som dei ikkje-kommersielle, ideelle verksemndene. Difor har ein i kulturpolitikken utvikla ulike former for bransjetilpassa økonomiske ordningar. Døme på slike ordningar er momsfratak, innkjøpsordningar, produksjonstilskot osb., jf. nærmare omtale i kap. 4. Ordningane har ikkje næringspolitiske, men kulturpolitisk grunngjeving, dvs. at dei skal medverka til å oppretthalda volum, mangfold og kvalitet i den nasjonale kulturproduksjonen.

Skiljet mellom kommersielle og ikkje-kommersielle verksemder i kultursektoren er ikkje knivskarpt. Somme av dei ikkje-kommersielle verksemndene kan likevel ha monalege marknadsinntekter, til dømes teater og orkester. Omvendt får dei kommersielle i mange høve substansielle offentlege tilskot. Aktørane i kulturlivet spreier seg over heile spekteret, frå dei heilkommersielle til dei rein ideelle. Det er heller ikkje slik at skiljet mellom kommersielt og ideelt følgjer grensene mellom kunstnarane eller sjangrane. Visse uttrykk innanfor populærkulturen er til dømes ikkje alltid så populære at dei er kommersielt interessante.

Dei fire norske sirkusverksemndene mottek ingen statleg stønad, dvs. at dei fungerer heilt ut i ein privat marknad. Men verksemndene har likevel på fleire måtar særskilde behov andsynes offent-

lege styresmakter, mellom anna i høve til føresegner om dyrehald, arbeidsløyve for utanlandske artistar og avgifter for rullande materiell osb. For eit sirkus kan det vera avgjerande viktig at dei aktuelle statlege organa til kvar tid er budde på å leggja til rette for snøgt å løysa dei spørsmåla som oppstår.

Den offentlege kulturpolitikken må ta omsyn til heilskapen og tilpassa verkemiddelapparatet til heile spekteret av tiltak og verksemder på kulturområdet.

Kulturindustrien fungerer i nært samspel med den offentlege støtta til kulturlivet. Litteratureksperten har det siste tiåret fått eit stort omfang, og mellom anna er Tyskland vorte ein viktig marknad. Det er vanskeleg å tenkja seg at dette ville ha skjedd utan eit aktivt støtteapparat i form av NORLA og den breidda i utgjevingane som innkjøpsordningane har medverka til. Sameleis medverkar eksportgjennombrotet til kvalitetshaving. Støtta til musikklivet har venteleg hatt mykje å seia for å etablera den breidda som er ein naudsynt føresetnad for kvalitet. På same tid har kommersielt vellukka artistar innanfor klassisk musikk, jazz, pop, rock og elektronika medverka til ei allmenn kvalitetshaving som har kome musikklivet til gode. Døme kan også finnast på andre felt. Desse tilhøva syner at ein velfungerande kulturindustri har mykje å seia for kulturlivet som heilskap.

Kulturpolitikken møter det private næringslivet også i andre samanhengar. Den delen av næringslivet som ikkje sjølv er involvert i kulturproduksjonen, kan likevel ha sine eigne interesser i kultursektoren. Det ser ut til at næringslivets kulturinteresse aukar, samstundes som interessa endrar retning. I tillegg til at næringslivet held fram med den tradisjonelle mesénverksemnd og kultursponsinga, ser vi ei aukande interesse for å undersøkja kva kunst og estetikk kan tilføra næringslivet ut over positiv offentleg eksponering. I somme bransjar legg ein estetiske perspektiv på nær sagt alle lekkjer i verksemda. Dette medfører at næringslivet i aukande grad etterspør eit vidt spekter av kunstnarleg kompetanse, tenester og produkt. Det ser ut til at næringslivet i aukande grad ynskjer eit meir aktivt og kreativt samarbeid med kulturlivet enn tradisjonell sponsoring og mesénverksemnd. Dette er ei positiv utvikling.

Det at næringslivet spelar ei stadig viktigare rolle i kulturlivet, som strategisk samarbeidspartner, oppdragsgjevar og kjøpar av kulturprodukt osb., vil etter ei tid ha både kulturøkonomiske, kulturelle og kunstnarlege konsekvensar. Det er difor god grunn til å retta kulturpolitisk interesse mot temaet.

I Noreg som i andre land har næringslivet ein tradisjon for å støtta kulturlivet, og bidrag frå private bedrifter utgjer i mange høve eit viktig supplement til dei offentlege tilskota. Næringslivet sitt engasjement tykkjест i løpet av nokre år å ha utvikla seg frå ei relativt diskret mesénrolle, med moderat eksponering av sponsoren som motyting for økonomiske bidrag, til ei meir gjensidig verksend i form av strategisk samarbeid mellom kunstnarlege verksemder og næringslivsaktørar. Næringslivet innser at kulturlivet kan ha noko meir konkret å tilby enn tillitsskapande verdi og prestige. Difor byrjar samvirket mellom dei to sektorane å likna strategiske samarbeidsavtalar, der det vert venta at kulturverksemndene skal medverka med ekspertise som gjev kunstnarlege impulsar med direkte nytte for næringslivsaktørane.

I bakgrunnen for denne utviklinga i næringslivet ligg ei allment aukande interesse for kunst og estetikk i samtidskulturen. Mange av dei faktorane som er omtala i kap. 3, har medverka til ei «estetisk vending» i vår samtid: auka velstand, høgare utdanningsnivå i folket, ein veksande skare av unge menneske med kunstnarleg eller kunstfagleg utdanning, den kulturelle globaliseringa med aukande internasjonal formidling av kulturindustriprodukt osb.

Ei anna årsak til at fleire bedrifter søker samarbeid med kulturlivet, er at kultursektoren har eigenskapar som er viktige for verdiskapinga i bedriftene, til dømes kreativitet og idérikdom. Dette er verdiar som er viktige for bedriftene i ein stadig meir global marknad med store krav til omstilling og konkurranseevne. I pressa marknader der tradisjonelle konkurranseføremoner som pris og kvalitet ikkje lenger er tilstrekkelege, legg ein stadig større vekt på utvikling av tilleggsverdiar som er knytte til oppleveling, livsstil, identitetar, og fellesnemnaren for denne endringa i vare- og tenesteomsetninga er estetikk. Profilering av varer og tenester gjennom merkevarebygging krev i stigande grad estetisk kompetanse. Dette er ikkje minst tydeleg i samband med design-bølgja som akkurat no pregar samtidskulturen.

Auka interesse i næringslivet for verdiar som finst innanfor kultursektoren, får ikkje berre innverknad på utforming og marknadsføring av produkta. I mange bransjar har kunst og estetikk vorte eit sentralt verkemiddel i alle delar av verksemda, både dei interne og dei utovervende. Kunstnarlege modellar og strategiar vert prøvde ut i utvikling av prinsipp for leiarskap og organisering. Personalpolitikken og bedriftskulturen vert utvikla ved hjelp av kunst og estetikk, gjerne i identitetsbyggjande prosjekt som knyter dei tilsette til bedriftsprofilen.

Her spelar likeins utforming av bygningar og fysiske omgjevnader ei stadig viktigare rolle. I business-to-business-relasjonane vert det brukt estetiske verkemiddel i presentasjonen av bedrifta, og kulturuttrykk dannar stadig oftare ramma om viktige hendingar i næringslivet. Slik vert ein heilsakleg bedriftsprofil forma med estetiske middel. Etterspurnaden frå bedriftene etter tenester frå kulturlivet vert òg tilpassa denne heilskapen. Det er difor viktig at kulturlivet utnyttar det utviklingsrommet som finst i eit kreativt samarbeid med bedriftene.

Det er ei viktig kulturpolitiske oppgåve å medverka til at næringslivet kan aksla eit større kulturpolitiske ansvar og slik hjelpe fram vokster og utvikling i kultursektoren.

Det finst tvillaust rom for samarbeid langt utover det som faktisk vert utnytta i dag. Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet gav i 2001 ut publikasjonen *Tango for to. Samspill mellom kulturliv og næringsliv*, der det vert skissert nokre idear til korleis det kan leggjast betre til rette for slikt samarbeid. Siktemålet med initiativet var å auka verdiskapinga gjennom å utvikla samarbeidet mellom kultur- og næringslivet. Det er no viktig at kultur- og næringslivet følgjer opp det initiativet som er teke. Mellom anna vert det peika på trøngen for felles møteplassar der dei to sektorane kan utvikla eit nærmare samarbeid.

Eit slikt samarbeidsorgan, *Forum for kultur og næringsliv*, vart skipa same året og har seinare motteke tilskot frå både dei nemnde departementa. Formålet skal på ideell basis byggja bruver mellom dei to sektorane og stimulera til samarbeid og gjensi-dig overføring av kunnskap, verdiar og haldningar.

Det finst i dag ikkje tilstrekkeleg oversyn over kva kultursektoren har å seia næringsmessig, og kva dei kreative næringane har å seia for norsk økonomi og for verdiskapinga i bedriftene. Slik kunnskap vil vera viktig for den vidare utviklinga av området. Det kan vera vanskeleg å måla dei direkte effektane, men Nærings- og handelsdepartementet vil i løpet av 2003 sjå om det kan lata seg gjera å setja i gang eit arbeid for å betra kunnskapsgrunnlaget.

I samband med handsaminga av Innst. S. nr. 260 (2002–2003) vart det løyvd 5 mill. kroner til eit nytt program for kulturbasert næringsutvikling og 5 mill. kroner til eit nytt program for næringsretta design.

Samspelet mellom kultur og næring er eit tverr-sektorelt tema som kan ha noko å seia innanfor fleire politikkområde. Mellom anna finst det døme frå fleire land på kva kulturtiltak kan ha å seia for utviklinga av byar, tettstader og regionar.

Det ligg fast at det offentlege har hovudansvaret for å finansiera det ideelle og ikkje-kommersielle kulturlivet. For kulturlivet kan likevel eit samarbeid med bedriftene gje grunnlag for fleire finansieringskjelder. Dette kan gje større handlingsrom for å realisera fleire ynskte prosjekt og tiltak. Det er ein føresetnad at offentleg kulturforvaltning skal tena fellesskapsinteressene og arbeida for å realisera allmenne mål for kultursektoren som det ikkje utan vidare er rimeleg å venta at private aktørar tek ansvaret for.

Omsynet til dei overordna måla for kultursektoren inneber likevel ikkje at ein skal overså verdien av at private aktørar samstundes sokjer å realisera eigne mål i kultursektoren. I mange høve vil næringslivet og kulturlivet finna område med felles interesse. Men for dei private aktørane er det viktig at det offentlege held fast ved det grunnleggjande ansvaret for det ikkje-kommersielle kulturlivet. Utan den offentlige støtta ville det i eit land som Noreg knapt ha funnest eit kulturliv som kan samarbeida med næringslivet. Det er viktig at staten respekterer det private næringslivet som ein viktig partnar i arbeidet for å utvikla kulturlivet. I denne partnarskapen er det avgjerande å identifisera og utvikla område der det offentlege og private har felles interesser.

Avslutningsvis må det strekast under at samarbeid mellom kulturlivet og næringslivet er verdfullt; det lyt skje på dei respektive partane sine eigne premissar, og staten som bidragsytar til kulturfeltet har ingen partsrolle i dette hopehavet. Konsekvensen av dette er at dersom ein kulturinstitusjon opplever bortfall av slike inntekter, vil ikkje ein slik situasjon legitimera krav om at staten skal kompensera for inntektstapet. Og motsett, når ein institusjon oppnår ein monaleg auke i sponsorinntektene sine, skal ikkje dette ha noko å seia for dei økonomiske bidraga frå staten eller andre offentlege tilskotsytarar. Likevel lyt vi ta atterhald for at det kan oppstå tilfelle der eit tiltak innhaldsmessig utviklar seg i kommersiell lei på ein slik måte at grunnlaget for offentleg tilskot ikkje lenger er til stades.


## 6.8 Kultur og helse

Å delta i meiningsfulle kulturaktivitetar kan medverka til auka livskvalitet og betre evne til å meistra eigen livssituasjon. Det er framleis store sosio-økonomiske skilnader i folket når det gjeld kulturdeltaking. I opptrapplingsplanen for psykisk helse for perioden 1998–2006 står det at regjeringa ynskjer ei samfunnsutvikling som legg større vekt på dei

kulturelle og menneskelege verdiane, og det vert lagt til grunn at minst 15 000 menneske står med eit udekt behov for kultur og fritidstiltak som kan medverka til å betra den samla sosiale situasjonen deira.

I perioden 1996–1999 var det gjennomført eit omfattande utviklingsarbeid i regi av Norsk kulturråd, Sosial- og helsedepartementet og Rikskonsertane. Ressursbruken var ca. 15 mill. kroner og fordele seg på 35 prosjekt over heile landet. Hovudinteressa var retta mot eigenverdien i kunst og kultur og mot kultur som verkemiddel i folkehelsearbeidet. Kultur- og helsesatsinga medverka til å skaffa ny kunnskap om årsakssamanhangar og verkemiddel når det gjeld kva kulturdeltaking har å seia. Erfaringar fra prosjektperioden viser interessante resultat i kommunar og bydelar der samspelet mellom deltakarar og profesjonelle kunstutøvarar har vore dominerande.

Arbeidet vert vidareført i ei nasjonal rådgivningsgruppe med sekretariat i Helsedepartementet. Siktemålet med det vidare arbeidet er å medverka til at kunst og kultur av god kvalitet vert betre tilgjengeleg for fleire, og at kultur vert ein akseptert metode i det førebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande arbeidet.



Figur 6.5

Kulturfeltet skal òg vera inkluderande for folk med funksjonshemmingar eller utviklingshemmingar av ulike slag. Det må leggjast til rette for slike grupper både som aktive deltagarar i kunstnarleg og kulturelt virke og som publikummarar.

Digitalisering kan gje funksjonshemma betre tilgjenge til kulturprodukt, til dømes tekst og lyd i digitale format for synshemma. Desse områda vil også i framtida krevja samarbeid mellom fleire departement.

## 6.9 Fornying og omstilling

Kravet til fornying og omstilling gjeld heile den offentlege sektoren og med auka styrke. Dei institusjonane i kulturlivet som får hovuddelen av dei årlege driftsbudsjetta frå det offentlege, møter òg dette kravet. Som illustrerande døme omtalar vi nokre hovudutfordringar for fornying og omstilling for scenekunst- og musikkfeltet.

### Tilgjenge – formidling

Sett utanfrå kan verksemnda i institusjonane stundom framstå som sterkt statisk og rituell. Framsyningar og konserter går føre seg i faste lokale, innanfor etablerte og attkjennande konsert- og teatersesongar og på faste vekedagar og tidspunkt. Det faste publikummet kjenner att systemet frå år til år, kodane er dei same heile tida, og det skaper høg grad av tryggleik. Men dette systemet gjev kan henda ikkje rom for å vera så open og nytenkjande som ein bør vera for å kunna nå fram til nye publikumsgrupper. Det er institusjonane sjølve som må leggja til rette for betre tilgjenge og fornying i formidlinga, men nokre moment som har vore framme i diskusjonen, skal nemnast.

- Framsyningar/konserter på sundagar. Mange stader i utlandet er slike arrangement innarbeidde og populære, både for eit vakse publikum og for familiær. Mange eldre menneske kvir seg for å gå ut på kveldstid, og dei vil gjenom sundagsmatinéar kunne få eit godt tilpassa tilbod.
- Framsyningar/konserter utanom dei ordinære sesongane. Oppbløminga av festivalar i Noreg, som i stor mon går føre seg om sommaren, har fjerna mytane om at nordmenn ikkje oppsøkjer kulturtilstellingar i sommarmånadene.
- Framsyningar/konserter i samband med høgtidele jul, påske og pinse.
- Framsyningar/konserter i alternative lokale og omgjevnader – oppsøkjande verksemnd. Somme har peika på at dei tradisjonelle lokala har høge

dørstokkar. Sikkert er det at alternative lokale kan nå eit nyt publikum. Det er mange døme på dette. Torshovteatret har for ein stor del eit anna publikum enn hovudscena på Nationaltheatret. FriluftsframSYNINGAR, til dømes dei historiske spela, når eit stort publikum og må arrangerast utanom dei faste sesongane på grunn av den korte norske sommaren.

- Transmisjonar, jf. kap. 8.8.
- Opphavsrettslege spørsmål.

### Fleksibilitet

Trass i at det offentlege årvisst legg store økonomiske ressursar inn i institusjonane, opplever desse ein pressa økonomisk situasjon. Ein hovudgrunn til dette er at dei største utgiftspostane er knytt til arbeidskraft generelt og faste lønskostnader spesielt. Fleksibiliteten vert dermed avgrensa og pressa. For å oppnå betre fleksibilitet må institusjonane sjølve finna fram til eigna tiltak og endringer. Nokre moment som har vore framme i diskusjonen, er:

- Tettare samarbeid mellom institusjonane, til dømes på det teknisk-administrative området og når det gjeld gjenbruk av produksjonar.
- Prioritering av kompetanse- og leiarutvikling.
- Tilpassing av storleiken på kunstnarlege ensemble til budsjetttrøyndomen. Som døme kunne fleire orkester samarbeida om ein strykar-pool framfor sjølve å byggja opp orkestra til den storleiken som er naudsynt for å oppföra dei mest ressurskrevjande verka. Ein slik pool kunne også avhjelpe vikar-problema i orkestra og medverka til å utvikla ensemble-feltet.
- Større fleksibilitet for å dela opp orkestra i mindre orkester og ensemble. Dette ville også vera eit positivt bidrag med tanke på å nytta den norske orkesterressursen i operasamanhang.
- Eit meir fleksibelt samarbeid mellom institusjonar og frie grupper, med den tilpassinga av kunstnarleg og teknisk-administrativt produktionsapparat som dette måtte føra til.
- Meir bruk av tidsavgrensa tilsetjingkontraktar.
- Meir bruk av skiftarbeid og delte dagsverk for nye grupper av tilsette.
- Prosesstilpassa arbeidstidsordningar, som prøvetidsreglar og ferie- og fritidsreglar.

### Verkemiddel for å få til endringsprosessar

Samfunnet opplever ei stadig omforming. Kulturlivet kan ikkje stilla seg utanfor ein slik prosess. Det er ei stor utfordring for leiarane i kulturinstitusjo-

nane å motivera til ei forståing for at det er endring som gjev tryggleik, ikkje det etablerte og det vante.

Prinsipielt vil staten kunna nytta både gulrot og pisk for å oppnå ynskte endringar i kulturlivet. Dersom ein institusjon over lengre tid har därlege resultat, bør dette få konsekvensar for dei offentlege tilskota. Men det er liten tvil om at det i dei fleste tilfella er mest tenleg å nytta gulrota. Departementet vil difor i samband med dei årlege budsjettforsлага vurdera å innføra særskilde insentivordningar for å motivera til ynskte endringsprosesar, og då vurdert frå samfunnets og publikums side. Nokre aktuelle tiltak vil til dømes kunna vera

- å stimulera til turnéverksemd og gjestespel
- å stimulera til større fleksibilitet i tilsetnings- og arbeidstilhøve
- å gje tilskot til institusjonar som legg til rette og forenklar avtaleverket sitt for transmisjonar i etermedium
- å stimulera til enklare handtering av opphavsrettlege spørsmål.

For å målretta slike tiltak best mogeleg bør ordningar byggjast opp over tid, slik at ein kan forma insentiv-opplegg som fungerer treffsikkert.

## 6.10 Allmennkringkasting og kultur

Fjernsynet er det mediet som nordmenn nyttar mest tid på. Statistikken syner at medan vi i gjennomsnitt nyttar noko over 30 minutt kvar dag til avislesing og om lag 85 minutt til å høyra på radio, ser vi om lag 2 ½ time fjernsyn kvar dag. Det er fjernsynssendingane frå NRK og TV 2 som har den høgaste sjåaroppslutninga.

Målt på denne måten framstår fjernsynskanalane til NRK og TV 2 som dei viktigaste mediekanalane i Noreg. Difor er dei også mellom dei viktigaste kulturformidlarane våre. Både NRK og TV 2 er forplikta til å drive allmennkringkasting.

Allmennkringkasting inneber at kringkastarane skal senda eit breitt spektrum av program. Det skal sendast program så vel for breie som smale sjåargrupper, og sendingane skal vera med på å styrkja norsk språk, identitet og kultur.

Allmennkringkastingskrava til TV 2 er ytterlegare presiserte i konsesjonsvilkåra til kanalen. Tilsvarande inneheld radiokonsesjonane som tek til å gjelda frå 1. januar 2004 for *Kanal 4* og *P 4 Radio hele Norge*, langt meir konkrete programforpliktingar enn den konsesjonen P 4 har no. Krava til NRK er ikkje like presise som dei som gjeld for TV 2. Vedtekene til NRK vil i løpet av hausten 2003 verta

ytterlegare presiserte, slik at NRK i det minste får dei same konkretiserte pliktene som TV 2.

Når det gjeld kulturstoff, er det presisert at allmennkringkastarane skal senda norskspråkleg drama og ha eigne program som speglar av mangfaldet i norsk og internasjonalt kulturliv. Eit viktig element i krava til NRK og TV 2 er at programmeyyen skal ha ei tematisk og sjangermessig breidd. Dette gjeld samansetjinga både av dei ulike programkategoriene og innanfor den einskilde programkategorien. Dette inneber at ulike kulturuttrykk og ulike sjangrar, både norske og utanlandske, skal speglast i programtilbodet frå allmennkringkastarane, jf. i denne samanhengen kap. 8.8 om transmisjonar. Dei tiltaka departementet no set i verk, vil gjera det mogeleg for allmennkringkastarane å senda frå norske opera- og teaterframstyringar.

Det må strekast under at jamvel om fjernsyn og radio er massemedium, skal programma i allmennkringkastingskanalane NRK og TV 2 ikkje berre vera retta mot dei breie lag av folket. Dei smale kulturuttrykka har sin sjølvsagde plass i programtilbodet, også i beste sendetida.

Både TV 2 og NRK skal som allmennkringkastarar for fjernsyn leggja til rette tilbodet sitt for høyrselshemma i så stor grad som mogeleg. Krav til teksting av sendingane finst i konsesjonsvilkåra til TV 2, og NRK tekstar og har direkte døvetolking av store delar av sendingane sine.

## 6.11 Nokre skatte- og avgiftsspørsmål

I Sem-erklæringa heiter det at «samarbeidsregjeringen vil vurdere støtten til kulturformål både gjennom konkrete bevilgninger over statsbudsjettet og gjennom stimuleringsordninger som f.eks. ulike skatteincentiv.»

Utforminga av skatte- og avgiftssystemet har store konsekvensar for kultursektoren. Der det er tenleg, vil regjeringa ta sikte på å endra einskilde føresegner slik at skatte- og avgiftssystemet bygger opp om og stimulerer ei positiv utvikling av kulturområdet. Konkret vil følgjande problemstillingar verta vurderte nærare:

*Meirverdiavgiftssystemet og konsekvensane for samarbeid mellom kulturinstitusjonar*

I St.prp. nr. 1 (2001–2002) heiter det m.a. at» ... også innenfor andre deler av kulturfeltet bør det være gode muligheter for at virksomheter og enkelttiltak samarbeider innenfor og på tvers av sjangere og geografiske områder for å

oppnå bedre kunstneriske resultater og ressursutnyttelse generelt. Det er ønskelig at ulike former for samarbeid blir prøvd ut. Departementet er kjent med at enkelte scenekunstinstansjoner har planer om samarbeid av kunstnerisk og administrativ art. En ser det som positivt at slike initiativ til samarbeid kommer fra institusjonene selv. Departementet vil følge dette nøye og vurdere om det i konkrete tilfeller bør legges inn føringer om dette som forutsetninger for statstilskudd ...»

Meirverdiavgiftsreforma med innføring av ei generell avgift på omsetjing av all slags tenester har likevel skapt vanskar for slikt samarbeid mellom ulike institusjonar. Dette har samanheng med at naturlege samarbeidsområde som lagerhald, rekneskap, marknadsføring, ulike tekniske oppgåver osb. vil verta pålagde meirverdiavgift når ein institusjon utfører tenester for ein annan. Dei fleste kulturinstitusjonane er haldne utanfor avgiftsområdet når det gjeld inntektene deira, og vil difor ikkje ha høve til å føra påført meirverdiavgift til frådrag. I røynda vil dette vanskeleggjera eit samarbeid mellom institusjonar – eit samarbeid som elles av effektivitetsgrunnar ville ha vore tenleg. Meirverdiavgiftssystemet kan òg gjera det noko dyrare og

difor stå i vegen for konkurranseutsetjing av tenester, slik som til dømes vakthald ved musea. Konsekvensane av meirverdiavgiftssystemet er generelle og gjeld på dei fleste områda i samfunnet. Regjeringa ser at dagens reglar kan gje uynskte verknaader og vil følgja problemstillinga. Dersom det tykkjест naudsynt, vil ein koma attende til Stortinget med saka.

#### *Frådrag for gåver til friviljuge organisasjonar*

Frå og med inntektsåret 2000 har alle skattytarar kunna krevja frådrag for gåver til visse friviljuge organisasjonar. Det er eit vilkår at gåva utgjer minst 500 kroner det året frådraget vert kravd. I inntektsåra 2000–2002 kunne ein skattytar krevja frådrag for gåver og betalt kontingent til fagforeining o.a. på inntil 900 kroner samla. I samband med budsjettet for 2003 vart frådrag for gåver til friviljuge organisasjonar gjeve eit eige frådrag, uavhengig av frådrag for betalt kontingent til fagforeining o.a. Samstundes vart beløpsgrensa auka til 6 000 kroner. Føremålet med endringa var å betra dei økonomiske rammene for friviljuge organisasjonar i Noreg.

## 7 Musikk

### 7.1 Hovudutfordringar og prioriteringar

Norsk musikkliv framstår i dag som ein ferdig og livskraftig del av norsk kulturliv. Innanfor eit stort mangfald av musikalske sjangrar og uttrykk vert det rekruttert mange unge utøvarar på eit svært høgt nivå. Det systematiske utdanningstilbodet som er bygd opp, frå kommunale kulturskular til høgskulenivå, er eit vesentleg fundament for denne utviklinga. Viktige aktørar i norsk utøvande musikk innanfor orkester, som *Oslo Filharmonien* og *Bergen Filharmoniske Orkester*, og ensemble, som *Oslo Kammerorkester*, *BIT 20* og *Cikada*, markerer seg i fremste rekje internasjonalt. Nokre festivalar, som *Festspillene i Bergen*, *Ultima*, *Molde Internasjonale Jazzfestival*, *Risør Kammermusikkfest* og *Oslo World Music Festival*, har vunne eit internasjonalt renommé.

Den infrastrukturen av orkesterinstitusjonar, konsertarenaer, tilskotsordningar og tiltak både for produksjon og formidling som er bygd opp, gjev eit mangslunge musikktilbod av god kvalitet for alle som søker musikkopplevingar. Det er ei stor utfordring å ta vare på det beste som er skapt av institusjonane, og samstundes sikra vidare utvikling og fornying.

Det næreste tiåret må musikksektoren få auka tilskot innanfor dei tilgjengelege rammene. Det er eit overordna mål å innretta satsinga slik at det fremjar nyskaping og fleksibilitet.

Musikkpolitikken skal forma eit trygt grunnlag for å skapa musikk av høg kvalitet. Dei mange uttrykksformene må vera tilgjengelege for flest mogeleg. Utgreiingane på musikkfeltet frå den seinare tida gjev verdifulle innspel til å vurdera musikksektoren i åra som kjem.

Symfoniorkestra utgjer den største utgiftskategorien til musikkføremål på det statlege kulturbudsjettet. Likevel er det meldt inn store behov for auka tilskot. Ynska frå orkestra er ulikart, men fleire musikarstillingar står høgast på lista hjå nesten alle symfoniorkestra.

På det skapande området må det leggjast vinn på at offentlege stønadsordningar for produksjon skal kunna ivareta nyskaping innanfor alle sjangrar, medrekna musikkformer som ikkje er

tufta på notasjon, og sjangrar som er nye i landet. Det må arbeidast for å auka talet på framföringar av nykomponert musikk. Å tryggja vidareutviklinga av samtidsmusikken lyt nemnast særskilt.

Mange musikkformer har opphav i bestemte historiske og kulturelle kontekstar, som pregar både utøvarar, publikum og rammene rundt musikken. På fleire måtar har grensene mellom slike delkulturar i musikklivet vorte mindre tydelege. Publikum er i mindre grad knytt til *ei* musikkform, og utøvarane hentar impulsar frå eit spekter av sjangrar. Jazz, folkemusikk, populärmusikk og såkalla verdsmusikk er illustrerande døme på musikkformer som er knytte til delkulturar, men som samstundes rommar mange prosjekt som kryssar tradisjonelle sjangergrenser. Jamvel om det er behov for særskilde tiltak for visse musikkformer, vil det samstundes vera viktig å leggja til rette for at ulike delkulturar i musikklivet kan møtest.

Den breie amatørbaserte aktiviteten er ein viktig del av musikklivet. Kommunane spelar ei sentral rolle i finansieringa av desse tiltaka. Frå statleg hald vert delar av desse aktivitetane tilførte midlar gjennom Frifond-ordninga. Med auka tilførsle av spelemidlar vil meir ressursar kunna gå til det lokale musikklivet dei komande åra. Samarbeidet mellom profesjonelle og amatørar har lange og verdfulle tradisjonar i musikklivet, og dette er det viktig å ta vare på. Støtteordninga for konsertar på lokalt initiativ, som no er lagd til Norsk kulturråd, har gjennom mange år gjeve viktige bidrag til denne utviklinga.

Å stimulera interessa for musikk hjå born og unge er no som før ei viktig utfordring. Ei rad institusjonar og ensemble gjer ein dugande innsats andsynes desse målgruppene. Skulekonsertordninga gjennom Rikskonsertane lyt i denne sammenhengen nemnast særskilt. Den auka tilførsla av spelemidlar til lokal kulturaktivitet dei komande åra vil gje økonomisk handlingsrom for utvida musikkformidling til skuleelevar.

God musikk må takast vare på og formidlast som fonogram. For å kunna støtta ein rimeleg del av dei nye produksjonane vil innkjøpsordninga for fonogram under Norsk kulturråd få vidare rammer dei komande åra.

Musikk er ei kunstform med høg grad av internasjonalt samarbeid og internasjonal utveksling. Prosjekt og nettverk på tvers av landegrensene kan stimulera til nyskaping og kvalitativ utvikling. Å leggja til rette for internasjonalt samkvem både for musikkarar og formidlarar lyt vera ei prioritert oppgåve. Dels er det tale om å tilføra norsk musikk til impulsar utanfrå, dels dreier det seg om å fremja norsk musikk og norske musikkarar i utlandet. Viktige verkemiddel vil vera EUs rammeprogram for kultur, turnémidlar til orkestra, prosjektmidlar i Norsk kulturråd, arbeidet i Musikkinformasjonsenteret (MIC) og satsingar frå Utanriksdepartementet med presentasjon av norsk musikk og norske musikkarar i andre land.

Den statlege politikken på musikkfeltet dekkjer dei fleste lekkjene i produksjons- og formidlingskjeda gjennom ulike støtteordningar til komponistar, utøvarar, konsertarrangørar og plateinnspelningar. Det er viktig å streka under samanhengen mellom dei ulike aktørane på feltet og mellom dei ulike økonomiske verkemidla. Til dømes er festivalane ein viktig konsertarena for ensembla. Ei styrking av festivalstøtteordninga vil difor gje ei indirekte styrking også av ensemblefellet. På den andre sida kan fleirårig støtte til ensembla, i tillegg til å gje betra grunnlag for langsiktig kunstnarleg utvikling, medverka til at ensembla i større mon kan tilpassa seg planleggingshorisonten til konsertarrangørane. Auka satsing på skulekonsertordninga til Rikskonsertane vil innebera fleire oppdrag for frilansarar. Auka økonomiske rammer og endra retningsliner for innkjøpsordninga for fonogram kjem heile feltet til gode. Styrking på eitt område vil gje positive ringverknader for andre delar av feltet.

For å tryggja norsk musikkliv som ein blømande del av norsk kulturliv er det viktig at dei offentlege tilskota gjev fullgode rammer for kunstnarleg nyskaping og legg til rette for fleksibilitet og dynamikk i musikklivet.



Figur 7.1

## 7.2 Ensemblefellet

*Noreg har i dag eit rikt og pulserande musikkliv som i stor grad er resultat av at det dei siste tiåra har vakse fram mange nye ensemble som produserer, framfører og formidlar eit mangslunge musikktilbod av høg kvalitet både innanfor klassisk musikk – inkludert samtidsmusikk – og innanfor dei mange uttrykksformene av jazz, folkemusikk, pop, rock og verdsmusikk. Ut frå dei kulturpolitiske måla på musikkområdet om mangfold, kvalitet og tilgjenge er det behov for ei monaleg styrking av dei økonomiske rammevilkåra på ensemblefellet.*

Omgrepet ensemble femner i denne sammenhengen om alle former for meir eller mindre faste konstellasjonar av samspel, små og store grupper, innanfor heile spekteret av musikkfeltet. Ensembla både lagar og formidlar musikk, og skapande og utøvande funksjonar kan vera innebygde i eitt og same prosjektet. Mange ensemble improviserer eller komponerer sitt eige materiale. Utgreiinga *Musikkliv og musikkpolitikk* (Norsk kulturråd 2002, rapport nr. 31) drøftar stoda for musikkensembla. Under Norsk kulturfond er det for 2003 sett av 12,9 mill. kroner i særskilt tilskot til musikkensembla. I tillegg får ensemble direkte eller indirekte midlar frå fleire andre kjelder, slik som engasjement for Rikskonsertane, oppdrag under festivalar, tiltak under Den kulturelle skulesekken m.m.

Ensembla medverkar til musikalsk utvikling ved å vera både nyskapande, nytolkande og tradisjonsberande og ved å inngå i utveksling på tvers av sjangrar. Gjennom turnéar og fonogram kjem ensembla heile landet til gode.

Mange ensemble driv ei langsiktig eller permanent verksemd som i stor grad medverkar til å oppfylla dei musikkpolitiske måla. Samstundes har mange ensemble store kostnader og få sjansar til å henta inntekter i marknaden. Mykje av innsatsen er ubetalt, og mange musikkarar lyt ta anna arbeid i tillegg til det kunstnarlege. Kulturpolitisk er det ikkje tilfredsstillande at ein så viktig og omfattande del av musikklivet er utan økonomiske rammevilkår som kan sikra kontinuitet og utvikling i musikktilbodet til publikum.

Ensemblefellet har difor eit særleg behov for sterkare innsats frå det offentlege. Det store mangfaldet av ensemble har tronge vilkår. Ei rad gode instrumental- og vokalensemble gjer seg gjeldande innanfor eit breitt spekter av uttrykksformer, samstundes som det finst eit potensial for endå meir spesialisert og variert verksemd. Somme ensemble held i hop i lang tid, andre har ein meir mellombels og prosjektpregta karakter.

Jamvel om ensembla kan søkja tilskot frå fleire ordningar, kan berre ein liten del av behovet dekkjast opp innanfor gjeldande rammer. Dette gjeld både innanfor klassisk musikk, pop/rock og tradisjons- og improvisasjonsmusikk. Det er ei utfordring å skapa eit betre grunnlag for ensembleverksemd, både for langsiktig arbeid innanfor dei store repertoarområda (kammerorkester, sinfonietta, vokal, tidlegmusikk, storband m.m.) og for prosjekt innanfor alle sjangrar. Behovet for å styrkja og profesjonalisera korfeltet skal i denne samanhengen haldast fram særskilt. Det er elles ynskjeleg at kyrkjemusikken vert knytt musikkpolitisk betre i hop med musikkfeltet elles. Ensemble innanfor alle sjangrar og uttrykksformer bør dessutan få betre høve til å utvikla gode konsert- og fonogramprosjekt.

Det er neppe tenleg å samla dei statlege tilskota i éi ordning ubunden av sjangrar, men det kan vera naturleg å leggja til rette for ei meir heilskapleg og samordna tilskotsforvaltning, der det vert lagt særleg vekt på kvalitet, den kunstnarlege profilen, evne til formidling, aktivitet, storleik, stabilitet og potensial for kunstnarleg utvikling hjå kvart einskilt ensemble. Vidare vil det vera tenleg at Norsk kulturråd gjev tilsegner om fleirårig tilskot til ensemble når det er eit særleg behov for å arbeida utan avbrot med produksjon og formidling over ein lengre periode.

Departementet legg til grunn at ein monaleg auke i tilskota til ensembla er naudsynt for å gje feltet rimelege vilkår for vidare utvikling og for å letta nyetableringar.

### 7.2.1 Særskilt om kor

Noreg har bare eitt kor i dag som er profesjonelt i den meinings at songarane er yrkesutøvarar, og det er koret ved Den Norske Opera. Fleire andre kor held likevel eit svært høgt kunstnarleg nivå og har markert seg internasjonalt. Når ein skal vurdera korsituasjonen i Noreg i dag og tiltak for å betra tilhøva, høyrer det òg med at ein vesentleg del av kulturarven vår er komposisjonar for kor.

Stortinget har bede om at korfeltet skal vurderast særskilt. Korfeltet er med som ein del av utgreiinga *Musikkliv og musikkpolitikk* (Norsk kulturråd 2002, rapport nr. 31). Utgreiinga peiker på at det er behov for eit lyft for dette feltet.

Utgreiinga drøftar om dette best kan gjennomførast ved å etablera ein ny nasjonal korinstitusjon som kan fungera som eit lokomotiv for heile feltet, eller ved å vidareutvikla dei eksisterande vokalensembla på profesjonelt nivå. Konklusjonen er at eit nytt nasjonalt kor oppretta på kulturpolitiske initia-

tiv vil vera altfor ressurskrevjande. I staden rår utgreiinga til å bruka dei ulike eksisterande tilskotsordningane meir målretta; dvs. generell ensemblestøtte, reisestøtte, aspirantstøtte, plateinnspelingsstøtte osv. På den måten kan ein gje fleire av dei eksisterande korensembla eit profesjonelt lyft. Ikkje minst vil ei romslegare økonomisk ramme for den generelle ensemblestøtteordninga kunna gje grunnlag for å vidareutvikla og profesjonalisera eksisterande vokalensemble og fanga opp nye kunstnarlege initiativ på korområdet. Den breie, lokale koraktiviteten bør kunna styrkast gjennom auka midlar til lokal, friviljug verksemd, jf. kap 15.

Det må òg strekast under at ei styrking av kyrkjemusikken i Noreg, jf. nedanfor, implisitt vil kunna innebera eit viktig lyft for kormusikken.

### 7.3 Symfoniorkestra

*Symfoniorkestra tilfører musikklivet eit eineståande tilbod av både norsk og utanlandsk musikk. Musikarar i orkestra har dessutan ofte andre viktige roller som medverkande i ensemble eller som musikkpedagogar. Ei hovudutfordring for orkestra i åra frammetter er å nå fram med eit variert musikktilbod til eit publikum med ulike og vekslande preferansar. Orkestra lyt følgjeleg evna å vera fleksible og å samarbeida. Betre kvalitativ informasjon om orkestra bør skaffast fram ved hjelp av periodiske evalueringer og meir presis målstyring.*

Staten yter støtte til seks profesjonelle symfoniorkester. Desse er *Oslo-Filharmonien, Bergen Filharmoniske Orkester, Stavanger Symfoniorkester, Trondheim Symfoniorkester, Kristiansand Symfoniorkester og Tromsø Symfoniorkester*. I tillegg kjem *Kringkastingsorkesteret* og *Den Norske Operas Orkester*. I åra frammetter må det leggjast til rette for at symfoniorkestra kan utvikla seg vidare som formlalarar av eit breitt musikktilbod.

Ei utgreiing om orkesterfeltet frå 2001 (*Symfoniorkesterutredning. Ny orkestersatsning – kvantitativt og kvalitativt*) vurderer korleis ein på ulike måtar kan oppnå målet om å gjera musikk av høg kvalitet tilgjengeleg for flest mogeleg, og korleis ein kan stimulera til kunstnarleg fornying, målretta aktiviteten og sikra god ressursbruk. Utgreiinga skildrar stoda for dei nemnde symfoniorkestra, vurderer dei statlege målkrava til desse institusjonane og gjev tilrådingar om korleis desse måla kan nåast. Både tiltak som krev nye ressursar og andre måtar å organisera tilgjengelege ressursar på, vert drøfta.

Tilrådingane i utgreiinga dreier seg særleg om prosjekt retta mot nye målgrupper, framføring av særleg krevjande repertoar, meir turnéverksemd innan- og utanlands og utviding av talet på faste musikarar. Vidare vert det peikt på at symfoniorkestra bør trappa opp verksemda som operaorkester. Orkestra bør dessutan ta ansvar for å bruka unge norske talent som solistar. Utgreiinga peiker på at eit kjernekpunkt i den vidare orkesterutviklinga er at desse i større grad opnar for fleksibel bruk gjennom å dela orkesteret opp i mindre ensemble eller to orkestergrupper. Slik oppdeling vil gje grunnlag for fleire distrikts-, ensemble- og samarbeidskonsertar. Fleksibel bruk av orkestermusikarane ved at dei inngår i ulike ensemblekonstellasjonar, kan gjerast innanfor ein symfoniorkesterinstitusjon, men kan òg innebera samarbeid med andre ensemble eller i samband med operaoppsetjingar. Systematisk prosjektorganisering og samarbeid i form av meir eller mindre organiserte og omfattande musikarpool-ordningar vil både kunna gje grunnlag for betre tilbod til publikum, meir varierte oppgåver for musikarane og betre utnytting av dei samla økonomiske ressursane.

Dei norske orkestra kan gjennom dei seinare åra dokumentera god kunstnarleg vekst og utvikling.

Størst internasjonal merksemnd har Oslo-Filharmonien hatt. Gjennom eit mangeårig samarbeid med dirigenten Mariss Jansons har orkesteret etablert seg på europeisk toppnivå. Det er ei viktig kulturpolitiske oppgåve å medverka til at orkestret kan utvikla seg vidare. I denne samanhengen er det ei sentral deloppgåve å syta for at orkesteret får dei akustiske og praktiske tilhøva i Oslo konserthus som er naudsynt for vidare utvikling av orkesteret. Dette krev medverknad frå Oslo kommune som eigar av konserthuset.

Bergen Filharmoniske Orkester utmerkjer seg òg musikalsk både heime og ute. Orkesteret har gjennom turnéar utanfor Bergen i samarbeid med regionale styresmakter nådd eit nytt publikum. Departementet ser på dette initiativet som særskilt interessant.

Symfoniorkestra i Stavanger og Trondheim markerer seg òg positivt, både gjennom ordinær verksemnd, turnéar og fonograminnspelingar.

Trass i det avgrensa talet på musikarar gjev orkestra i Kristiansand og Tromsø også verdfulle bidrag til musikklivet.

Kringkastingsorkesteret har dei siste åra utvikla eit meir allsidig og dristig repertoar. Nemnast skal òg *Den Norske Operas Orkester*, som jamleg har konsertar utover dei faste oppgåvene som operaorkester.

Departementet legg til grunn at symfoniorkestra også i framtida vil vera ulike med omsyn til stor-

leik, organisering, økonomi, fagleg profil og omfang. Det bør leggjast til rette for å få fram eit større mangfold i musikkframboedet frå orkestra. Fleire turnéar, utprøving av ulike konsertformer for å nå nye grupper, utvida og planmessig samarbeid med ensemble, fleire skulekonsertar og medverknad i musikkteateroppsetjingar tykkjест vera tenlege grep. Meir fleksibel bruk av dei kunstnarlege ressursane ved deling av orkesteret i mindre einingar for gjennomføring av prosjekt vil kunna gje positive resultat.

Symfoniorkestra har eit særskilt ansvar for å ta vare på, formidla og vidareutvikla musikkformer som har ankerfeste i Noreg, og for å gjera bruk av nyskapande musikkuttrykk frå samtida.

Oslo-Filharmonien har i dag 109 musikarar. Dei andre symfoniorkestra framfører – med noko vekslande argumentasjon – gode faglege grunnar for å verta større. Departementet vil prioritera dette i framtidige budsjett.

Departementet har i samarbeid med *Norsk teater- og orkesterforening* sett i gang eit arbeid for å revidera det noverande opplegget for mål- og resultatstyring for orkestra og teatra og for å innföra periodiske evalueringar, til dømes kvart femte år. Dette vil kunna gje meir relevant styringsinformasjon. Eit fornya opplegg for målstyring må tryggja meiningsfulle og pålitelege data gjennom resultatmål og indikatorar som seier noko presist om dei hovudmåla dei er uteleidde av.

Utgjeving av fonogram er ein viktig formidlingskanal for symfonisk musikk, jamvel om salet av slike utgjevingar har stagnert. Dei norske symfoniorkestra har dei siste åra fått gjeve ut CD-produksjonar på fleire plateselskap. Vidare utgjevingar er både avhengig av salsresultata for det framboedet som alt er, og dessutan av korleis orkestra legg til rette for innspelingar, og korleis dei prisar seg sjølv. Somme av dei norske orkestra har avtalar med musikarane sine om løn for frikjøp av NRK-opptak eller nyinnspelingar. Dette kan tryggja minimum sju årlege utgjevingar. Nye utgjevingar er viktige for å få formidla i inn- og utland kva orkesteret står for kunstnarleg.

## 7.4 Festivalane og dei lokale arrangørane

*Eit rikt konsertliv i heile landet heile året er eit overordna siktemål. Gode vilkår for musikkfestivalar og lokale arrangørar er difor viktig. Det er ei særleg utfordring å styrkja vilkåra for dei mange musikkfestivalane og andre konsertarrangørar landet rundt.*

Festivalar og festspel, etablerte musikkinstansjonar, små og store spelestader og kulturhus er alle viktige aktørar i formidlinga av eit rikt musikkmangfald til eit breitt publikum. Mykje fungerer godt, men ein del kan verta endå betre gjennom auka samarbeid, meir fleksibel organisering og større differensiering av tilbodet. Ikkje berre gjeld det å nytta heile breidda i den musikken som vert skapt i Noreg; det er òg viktig å formidla viktige produksjonar frå andre land.

#### 7.4.1 Musikkfestivalar

Utviklinga av festivalane er noko av det mest gledelege og nyskapande som er skjedd innanfor musikkfeltet dei seinare åra.

Kreativiteten blømer og mangfaldet er stort landet rundt. Nye festivalar dukkar stadig opp. Fleire festivalar er alt veletablerte, og somme har opparbeidd seg eit internasjonalt omdømme. Innanfor dei ulike sjangrane kan *Festspillene i Bergen*, *Risør Kammermusikkfestival*, *Ultima*, *Molde Internasjonale Jazzfestival* og *Oslo World Music Festival* nemnast særskilt.

Det vert arrangert festivalar året rundt, men særleg mange vert avvikla om sommaren og vert på den måten eit verdfullt kulturtilbod i eit tidsrom då dei fleste konsert- og teatersalane er stengde. Festivalane har sterkt lokalt rotfeste, og mange tek friviljug del i arbeidet med å gjennomføra arrangementet. Utan denne innsatsen ville dei fleste festivalbudsjettet ikkje ha gått i hop.

*Festspillene i Bergen*, *Festspillene i Nord-Norge*, *Molde Internasjonale Jazzfestival* og *Olavsfestdagene i Trondheim* har status som knutepunktinstansjonar. Fast årleg tilskot får òg samtidsmusikkfestivalen *Ultima*.

Festivalstønadsordninga under Norsk kulturråd har tvillaust vore sterkt medverkande til den gode utviklinga desse arrangementa har hatt. I 2003 er det gjeve tilskot til 40 festivalar med i alt 20,7 mill. kroner. Dei einskilde tilsegnene varierer frå 0,1 til 1,55 mill. kroner og fordeler seg på kategoriane/sjangrane festspel, folkemusikk-viser, jazz, kammermusikk, kyrkjemusikk, populærmusikk og samtidsmusikk.

For å dekkja behova betre enn i dag må ramma for tilskotsordninga aukast monaleg. Tildeling av midlar må tuftast på ei vurdering av kvalitet, oppslutnad og lokalt ankerfeste.

#### 7.4.2 Lokale konsertarrangørar

Den lokale arrangørleden har tre hovudoppgåver: å setja saman eit kunstnarleg program (program-

mering), marknadsføring/sal og teknisk gjennomføring av konsertar. Alle tre oppgåvene stiller stadig utvida krav både til kompetanse og menneskelege og økonomiske ressursar.

All erfaring tilseier at skal det skapast publikumslojalitet, må programmering med tilhøyrande marknadsføring vera heilskapleg og langsiktig. Samarbeidet mellom til dømes norske kulturhus og Rikskonsertane byggjer i stadig sterkare grad på slik tenking. Ei effektiv vidareføring krev mellom anna at arrangørane får utvikla kompetanse til å gå inn i forpliktande og langsiktig samarbeid med både lokale, regionale og nasjonale produksjonsmiljø.

Samstundes som arrangørleden må styrkast ressursmessig, er det viktig at dei lokale arrangørane byggjer lokale nettverk som også omfattar interesseorganisasjonar og andre miljø der musikkgleda og den friviljuge innsatsen er ei drivkraft.

Det kan vera tenleg å gjennomføra ulike forsøks- og utviklingsprosjekt i samarbeid mellom landsomfattande arrangørnettverk, sterke organisasjonar og kvalitetsmedvitne produksjonsmiljø, til dømes *Norsk Kulturhusnettverk* og *Norgesnettet*, *Norsk Jazzforum*, *Norsk Rockforbund* i samarbeid med *Rikskonsertane* og *Norsk kulturråd*, for å utvikla kompetanse og erfaring med tanke på ei generell styrking av arrangørleden.

### 7.5 Rikskonsertane

*Rikskonsertane* har heile landet som verkefelt og har oppgåver innanfor eit breitt spektrum av musikkfeltet. *Rikskonsertane* fremjar mangfaldet i norsk musikkliv med konsertar innanfor mange sjangrar. Gjennom skulekonsertordninga formidlar dei levande musikk til skulelevar i hundretusental. Gjennom programmeringa av eit mangslunge turnétilbod i heile landet med norske og utanlandske musikkarar og musikkensemble og satsingar på verdsmusikk ivaretak Rikskonsertane ei viktig rolle i norsk musikkliv.

Verksemda åt Rikskonsertane er dominert av skulekonsertane, som er sette i hop av musikk av alle sjangrar. Tabell 7.1 viser talet på konsertar av ulike slag og tilhøyrande publikumstal for 2002:

#### 7.5.1 Konserttilbod landet rundt

Gjennom konsertprogrammet sitt gjev Rikskonsertane konsertarrangørar – kulturhus, festivalar og andre større og mindre spelestader – høve til å tilby eit variert og kvalitativt godt konserttilbod som dei elles ikkje vil ha ressursar til å skaffa. Etterspurna-

Tabell 7.1

Konserttype	Talet på konsertar	Talet på publikum
<i>Skulekonsertar</i>	6 600	752 655
<i>Barnehagekonsertar</i>	687	20 610
<i>Offentlege konsertar:</i>		
Klassisk musikk/samtidsmusikk	56	5 692
Jazz	78	9 302
Pop/rock	71	12 139
Viser	5	223
Norsk tradisjonsmusikk	34	2 670
Verdsmusikk	75	13 291
I alt	7 606	816 582

den etter konserttilboda til Rikskonsertane frå norske konsertarrangørar er vesentleg større enn det Rikskonsertane har ressursar til å tilby, og etterspurnaden har auka.

Gjennom eit omfattande nettverk av arrangørar og spelestader og med sine røynsler i å tilby fram-syningar med opera og ballett vil Rikskonsertane kunna ivareta ein viktig funksjon i gjennomføringa av den landsdekkjande planen for produksjon og formidling av opera og ballett, jf. omtale i kap. 8. Det vil vera behov for ei viss styrking av Rikskonsertane for å kunna utnytta arrangørnettverk og formidlingskompetanse i utviklinga av eit landsomfattande tilbod av opera og ballett.

### 7.5.2 Skulekonsertane

Rikskonsertane har ansvar for den landsomfattande skulekonsertordninga. Per 1. januar 2003 er 365 kommunar abonnentar i ordninga, medan 46 kommunar står på venteliste, jf. St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*. Rikskonsertane har avtalar med alle fylkeskommunane om planlegging og produksjon av skulekonsertar. Programmering av konserttilbodet som elevane møter, er i stor grad desentralisert og er dels tufta på det lokale musikklivet og dels på meir omfattande turnéverksemd. Totalt skjer ca. 60 pst. av produksjonen av skulekonsertar i regi av fylkeskommunane. Det er eit tett fagleg samarbeid mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane med planmessig kompetanseutvikling og evaluering av alle nye skulekonsertproduksjonar.

Skulekonsertordninga fungerer både fagleg og organisatorisk godt og sikrar kommunane som er med i ordninga, eit variert konserttilbod til grunnskuleelevene i kommunen.

Innføring av Den kulturelle skulesekken set skulekonsertordninga til Rikskonsertane inn i ei ny heilsaksramme. Det er viktig både å ta vare på, vidareføra og vidareutvikla kompetansen og nettverka som er bygde opp gjennom 35 år med skulekonsertverksemd. Det vert difor viktig å klårgjera den rolla Rikskonsertane skal ha innanfor den heilskapen som Den kulturelle skulesekken representerer, jf. kap. 6.5.1 i St.meld. nr. 38 (2002–2003).

Frå 2003 får fylkeskommunane til dels omfattande midlar til formidling av kunst og kultur i skulan. I tida framover vil eit samla tilfang bestå dels av produksjonar og tiltak i regi av fylkeskommunane, dels av tilbod frå sentrale institusjonar som produserer for og formidlar til born og unge, i tillegg til det kvar skule tilfører av eigne aktivitetar.

Når det gjeld samordning av regional og sentral verksemd, er det grunn til å tru at fylkeskommunane i fyrste rekke vil prioritera område som er dårleg dekte gjennom sentrale ordningar.

Departementet ser det som viktig at alle kommunar som ynskjer det, skal få delta i den landsomfattande skulekonsertordninga. Ordninga må vidareutviklast og i større grad tilpassast ulikskapane i lokalt kulturliv. Departementet ser i den sammenhengen med interesse på den planen dei fire store bykommunane Oslo, Trondheim, Kristiansand og Drammen har utarbeidd i samarbeid med Rikskonsertane for å prøva ut ein skulekonsertmodell som er tilpassa storbysituasjonen.

Det organisatoriske og faglege samarbeidet mellom Rikskonsertene og fylkeskommunane vart tilrettelagt i avtalane i 2000, og det fungerer godt. Dette medverkar til å sikra likeverd i tilbodet over heile landet og til kompetansebygging og kvalitetsutvikling i alle regionar. Det ligg implisitt i avtaleverket at omfanget av dei oppgåvane som vert overførte frå Rikskonsertane til fylkeskommunane, skal vurderast løpende, med utgangspunkt i dei faglege og organisatoriske føresetnadene fylkeskommunen har for å produsera skulekonsertprogram. I dette ligg eit positivt insitament til fylkeskommunane om å investera i fagleg kompetanse på musikkområdet.

### 7.6 Innkjøpsordninga for fonogram

*Innkjøpsordninga for fonogram bør styrkast for å tryggja at ein større del av viktige produksjonar med*

*norske musikkarar og norskkomponert musikk kan verta innkjøpt, anten produksjonen er utgjeven av eit norsk eller eit utanlandsk selskap.*

Innkjøpsordninga for fonogram skal styrkja norsk produksjon av høg kvalitet til beste for produksjonsselskap, komponistar, utøvarar og musikklivet elles. Dei innkjøpte fonogramma er i dag produksjonar i CD-format, men det må vera ei løpende vurdering om andre medium og distribusjonsformer som vert gjorde mogelege av den teknologiske utviklinga, skal koma inn under ordninga.

For 2003 er det avsett 6,4 mill. kroner til ordninga. Dei tronge økonomiske rammene har ført til at det i hovudsak berre vert kjøpt inn utgjevingar med norske utøvarar som er produserte her i landet, og at berre 20 pst. av alle utgjevingane i denne gruppa kan kjøpast inn. Dette inneber at ein med nokre få unnatak ikkje kan kjøpa inn verdfull musikk som er spela inn på utanlandske selskap av norske musikkarar.

Det vert kjøpt inn 550 eksemplar av kvar tittel. Desse vert distribuerte til bibliotek, skular, norske utanriksstasjonar og musikkmiljø i utlandet. Fonogramma vert slik tilgjengelege for eit breitt publikum i Noreg, og dei utgjer eit viktig bidrag til presentasjonen av norsk kultur i utlandet.

I tillegg til å auka talet på innkjøpte titlar monaleg er det òg ynskjeleg å auka talet på innkjøpte eksemplar per tittel noko og å opna for innkjøp av antologiar over fonogramkarrieren til enkeltkomponistar/artistar eller band/ensemble, eventuelt også spesielle musikksgangrar eller geografisk baserte musikalske uttrykk.

Innkjøpsordninga for fonogram, som Norsk kulturråd starta i 1985, vart i ein lang periode forvalta av *Norsk Musikkinformasjon*, no *Musikkinformasjonssenteret*, men er frå 2000 ført attende til Norsk kulturråd. Musikkinformasjonssenteret er kontaktled til utlandet når fonogramma skal formidlast, og senteret er med på å velja ut musikkformidlarar og musikkmiljø.

Innkjøpskomiteen, som innstiller kva titlar som skal kjøpast inn, er til no peikt ut av organisasjonane *FONO*, *GramArt*, *IFPI*, *Musikernes Fellesorganisasjon*, *NOPA*, *Norsk Komponistforening* og *Rådet for folkemusikk og folkedans*. Fleire relevante organisasjonar er ikkje representerte i komiteen, men det er viktigare å sikra den faglege kompetansen i komiteen enn at fleire ulike organisasjonar skal vera representerte. Departementet ynskjer å gå bort frå ordninga med at utvalde organisasjonar oppnemner representantar, og i staden oppnemna ein komité etter framlegg frå relevante organisasjonar tufta på behovet for fagleg ekspertise og på



Figur 7.2

same måten som for dei andre fagutvala til Kulturrådet.

## 7.7 Kyrkjemusikk

*Den kyrkjemusikalske verksemda i norske kyrkjebydar representerer eit viktig potensial i norsk kulturliv. Rammevilkåra for norsk kyrkjemusikk er i dag lite tilfredsstillande. Difor vert berre delar av dette potensialet utnytta. Både kyrkja og kulturlivet må tilleggjast ansvar for å leggja til rette for at rikdommen av kyrkjemusikk, skapt gjennom den lange historia kyrkja har, og i vår eiga tid, skal verta ein viktig integrert faktor i det indre livet til kyrkjelydane og i norsk kulturliv. Det bør setjast i verk tiltak for å styrkja rekrutteringa til kyrkjemusikarykret og for å fremja regional og lokal satsing på kyrkjemusikalsk aktivitet.*

Høgare norsk musikkutdanning har sidan andre halvdelen av 1800-talet hatt fundamentet sitt i organistutdanninga. Fyrste halvdel av 1900-talet var ein viktig vekstperiode for kyrkjemusikken i Noreg. Dei store endringane i musikkutdanninga i 1960- og 1970-åra hadde òg positive konsekvensar for kyrkjemusikken i landet, men den sterke voksteren i musikklivet generelt gjorde det lettare for musikkfagleg personale utanfor kyrkja å få arbeid. I den seinare tida har rekrutteringa til kyrkjemusikkrykka stagnert og gått tilbake. Musikkskulane og kulturskulane, som langt på veg har erstatta organistane som den sentrale musikkressursen i lokalsamfunnet, har i liten grad vore opptekne av kyrkjemusikk. Færre born og unge er dermed inspirerte til å gå vidare med kyrkjemusikk som studieområde.

Alle norske kyrkjer er rammer for gudstenester der musikk er eit grunnleggjande uttrykksmiddel. Kvar einskild kyrkje kan òg, både som kyrkjerom

og som kyrkjelyd, velja å vera senter for musikkaktivitet ut over den liturgiske. Mange kyrkjer er eit slikt senter i lokalmiljøet sitt. Nokre kyrkjer har bygd opp ei omfattande verksemd med korarbeid for born, ungdom og vaksne, og instrumentalgrupper og konsertar, både ved eigne produksjonar og med inviterte musikarar. Kyrkjene har altså potensial for å driva musikkopplæring, konsertproduksjon og arrangement av konsertar i tillegg til å ivaretaka musikken som del av liturgiske tenester.

For å kunna nytta potensialet for musikkverksemd som finst i svært mange av landets kyrkjer, må ei rad føresetnader vera til stades:

- På landsbasis må det leggjast til rette for ei medviten rekruttering av kyrkjemusikarar, mellom anna ved at kulturskulane må gje rom for orgelspel og kyrkjemusikk, og ved at born og unge får høve til å vera med på kyrkjemusikkaktivitetar som har kunstnarlege mål og vert leidde av kvalifiserte musikarar.
- Leiinga i kyrkja må i ord og handling verdsetja kyrkjemusikalsk verksemd og aktivt støtta dei som har til oppgåve å driva slikt arbeid.
- Det må oppretta fleire organiststillingar som gjev rom for brei kyrkjemusikalsk aktivitet, dvs. rom for øving og innstudering, konserterring, planlegging og administrasjon. Det må prioriterast å tilsetja høgt kvalifiserte og velfungerande musikarar i stillingane.
- Kyrkjelyden/kommunen må løyva midlar til kyrkjemusikkverksemda, først og fremst løn til profesjonell medverknad (permanent og ad hoc) og vedlikehald/kjøp av instrument. Løyvingar bør knytast til langsiktige handlingsplanar som er forankra både i leiinga i kyrkjelyden/styringsorgan og i samarbeidsavtalar med andre lokale aktørar (kulturskule m.v.).
- Kyrkjelyden må sjølv syta for å ha den naudsynte organisatoriske infrastrukturen for å kunna handtera alle sider ved konsertverksemd, eventuelt i samarbeid med andre lokale konsertarrangørar.

Utfordringane på kyrkjemusikkfeltet er altså samansette. Vi har dessutan å gjera med ein stadig større pluralisme i musikalske sjangrar og uttrykk innanfor kyrkjerommet.

Det er i dag ingen særskilde avsetningar til kyrkjemusikkfremål. Kyrkjemusikkfestivalar kan søkja og få tildelt midlar over festivaltilskotsordninga i Norsk kulturråd. For 2003 er det gjeve tilskot til to festivalar med i alt 0,75 mill. kroner.

Departementet har vurdert rammevilkåra for kyrkjemusikken, jf. Budsjettinnst. S. nr. 2 (2002–2003), og har kome til at ein fyrst og fremst bør pri-

oritera dei tiltaka som er omtalte ovanfor, og som gjeld handlingsrom for tilsette kyrkjemusikarar.

Det er to overordna omsyn departementet vil tilrå å leggja vekt på når det gjeld å styrkja rammene for kyrkjemusikken med økonomiske verkemiddel. Det bør veljast strategiar som gjev flest mogeleg ressursar til aktivitet, og ein bør prøva å avgrensa bruken av ressursar til administrasjon. Det bør veljast strategiar som ikkje etablerer ein statisk struktur, men som gjev høve til fleksibilitet og variasjonsbreidd.

Departementet har kome til at ei særskild støtteordning for kyrkjemusikk gjennom Norsk kulturråd vil vera ei god løysing for å ivareta desse overordna omsyna. Det bør ikkje gjevast tilskot til einskildprosjekt, men til program over fleire år, til dømes tre til fem år. Kyrkjelydar som vil prioritera kyrkjemusikk innanfor eit heilskapleg perspektiv, må oppfordrast til å utforma ein samla plan som omfattar eit knippe av dei komponentane som er nemnde ovanfor. Det er ein føresetnad at søknadene skal handsamast av eit utval med særleg kompetanse innanfor kyrkjemusikk, der kunstnarleg kvalitet er det overordna kriteriet for tildeling.

## 7.8 Folkemusikk og folkedans

*Noreg er åleine om å kunna verna, forvalta, og føra vidare den norske folkemusikken og folkedansen. Det er ei viktig oppgåve å syta for at denne kulturressursen er tevlefør i eit moderne, profesjonelt kulturliv. Folkemusikken har dei siste tiåra fått fleire utevarar på høgt nivå, fleire arenaer og større publikum, og det skjer nytenking når det gjeld formidlings- og samversformer. Det er behov for meir samla innsats for å styrkja grunnlaget for produksjon og formidling. Interessa for og rekrutteringa innanfor folkedansen har derimot gått tilbake, og dette stiller folkedansmiljøa overfor særskilde utfordringar.*

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2002–2003) la komiteen til grunn at folkemusikk og folkedans vil verta grundig drøfta i kulturmeldinga. I ei utgreiing om norsk folkemusikk og folkedans (Norsk kulturråd 2001, rapport nr. 27) vart det særleg halde fram at forvaltaransvaret for den norske folkemusikken og folkedansen er eit ansvar Noreg har åleine. Vi kan ikkje dela det med verdssamfunnet, slik vi kan når det gjeld svært mange andre kulturuttrykk. Dei fleste kunst- og kulturuttrykka som vert fremja gjennom kulturpolitiske verkemiddel, er i større eller mindre grad tufta på felles internasjonale kompetansefundament og normer. Folkemusikken og folkedansen er i utgangspunktet tufta på

dels nasjonale og dels lokale kompetansefunderingar og normer.

Som kulturredtrykk er folkemusikk og folkedans prega av overlevering av handlingsboren kunnskap mellom generasjonane, og dei fungerer på tvers av generasjonane. Musikken og dansen finst i eit utal lokale variantar som berre eit levande grasrotmiljø kan halda liv i. Det at lokalmiljøa har bevart lokalvariasjonen er ein av kjerneverdiane, noko som på same tid er særleg verdfullt og særleg vanskeleg å halda oppe. Grunnplanet har ein erfaringsskunnskap som ikkje finst andre stader, og som difor treng spesiell støtte for å leva vidare i tilstrekkeleg breidd. Dette er mellom anna ein grunntanke bak UNESCO sitt arbeid for vern av den ikkje-materielle kulturarven. Både nasjonalt og internasjonalt er det tale om å ta ynsket om å fremja kulturelt mangfald på alvor.

Det siste tiåret har det kome til mange unge utøvarar som er rusta til å arbeida profesjonelt med å formidla folkemusikk og folkedans. Folkemusikken har gjennomgått ei markant modernisering og profesjonalisering dei siste tiåra. Dei profesjonelle utøvarane er på eit svært høgt nivå, og vi ser kimen til profesjonelle grupper, eit aukande publikum og nytenking om korleis sjangeren kan utviklast.

Folkemusikken har som fleire andre musikkformer utfordringar når det gjeld formidling til eit breiare publikum. Det er behov for å utvikla formidlingsarenaer og kompetansen i arrangørleden. Eit viktig tiltak vil vera å medverka til eit landsomfattande nettverk av scener for folkemusikk, og kompetente tilskiparar vil gje høve for fleire folkemusikkturnéar, slik at eit større publikum kan oppleva det beste innanfor norsk folkemusikk.

Det vil vera tenleg å styrkja prosjektmidlane til produksjon av framsyningar og til turné- og konserterverksemde, slik at eit godt utval topputøvarar får grunnlag for å satsa profesjonelt, og slik at det kan verta rom for nokre produksjonar med større grupper. Det bør òg vera rom til folkedansutøvarar og produksjonar med vekt på folkedans innanfor denne ordninga. Ei utøvarstyrt oppbygging av frie grupper og ensemble tykkjест vera mest tenleg.

Departementet har dei siste åra på ulikt vis også gjeve midlar til andre formidlingstiltak. Det gjeld mellom anna ei løying til *Den norske folkemusikkscena* som *Landslaget for Spelemenn* og *Norsk Folkemusikk og Danselag* har ansvaret for. Det er ei prøveordning som skal byggja ut arrangørnettverk, hjelpe fram turnéar og arbeida for utøvarprofesjonalisering gjennom opplæringstiltak. Det gjeld òg løying til ein nettbasert utøvarkatalog og formidling driven av Norsk Folkemusikk- og Danselag. Det vil vera tenleg å styrkja og samordna slik

tenesteyting for konsert- og turnéverksemde retta mot heile breidda av både utøvarar og arrangørar og tryggja at verksemda vert til nytte for heile fellet.

Den norske folkedansen er i ein vanskeleg situasjon. Han er lite synleg og rekrutteringa er veik. Det trengst særlege tiltak for å styrkja folkedansen som allment kunstnarleg uttrykk, verneverdig lokalkultur og generasjonssamanbindande eigenaktivitet.

Noreg har i dag fleire unge, velutdanna og røynde folkedanspedagogar enn nokon gong, men arbeidsvilkåra gjer at mest ingen etablerer seg profesjonelt. Samarbeidsprosjekt mellom pedagogar, skuleverk og organisasjonsliv om folkedansundervisning bør medverka til nytenking om både organisering og utforming av slik undervisning. Då kan både volum og kvalitet aukast, friviljug aktivitet styrkast, og alle nivå i skuleverket kan få hjelp til betre å oppfylla måla sine når det gjeld folkedans. Ikkje minst L94 og L97 har mål om folkemusikk og folkedans som det er vanskeleg å fylla. Etter kvart bør dette kunna føra til at vi får ei god gruppe yrkesverksame folkedanspedagogar, og til at vi får gode mønster som integrerer profesjonell folkedansundervisning i både skule og kulturliv. Det vil kunna gje folkedansen ei likearta utvikling med den folkemusikken har hatt.

Den breie og varierte folkemusikk- og folkedansverksemda har basis i friviljug arbeid og er i utgangspunktet smålåten lokalkultur og eigenaktivitet. Eigenaktivitet, friviljug arbeid og levande lokalmiljø er framleis ein føresetnad for berekraftig vern og vidareføring, og dei organisasjonane som stimulerer og hjelper fram slikt arbeid, treng ein rimeleg basis for verksemda si. I åra framover vil det koma auka midlar til lokal friviljug verksemd, Frifond m.m. Saman med utviklinga av Den kulturelle skulesekken bør Frifond kunna medverka til å styrkja det lokale arbeidet med folkemusikk og folkedans.

*Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)* sitt sentr, *Rff-senteret*, er den einaste spesialiserte faginstitusjonen på folkedansfeltet med arkiv, forsking, formidlingsverksemde og ansvar for det einaste tilbodet om folkedans i høgre utdanning. Institusjonen har starta prosjektet *Bygda dansar* gjennom eit pilotprosjekt kalla *Fjordapuls* i Sogn og Fjordane. Prosjektet har som mål å utdanna folkedansutøvarar til profesjonelt nivå og utvikla nye presentasjonsformer på folkedansfeltet gjennom ei ambulerande folkedansscene. Rff mottekk i 2003 i alt vel 4,4 mill. kroner frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Av dette er 1,45 mill. kroner aktivitetsmidlar og resten til drift.

Det har i mange år vore delte meininger innanfor utøvarmiljøet om korleis ulike funksjonar bør organiserast og forvaltast. I tilknyting til rapporten om folkemusikk og folkedans har Norsk kulturråd gjeve uttrykk for behov for ei klårare oppgåvædeiling mellom organisasjonane eller ei omorganisering for å motverka oppbygging av parallelle strukturar. Det vart vidare peikt på at Rådet for folkemusikk og folkedans har ein uklår styrings- og oppgåvestruktur. Departementet vil gå gjennom funksjonar og organisatoriske sider ved Rådet for folkemusikk og folkedans.

Aktiviteten innanfor folkemusikk og folkedans er å finna i utøvarmiljø i by og bygd, og lokal erfaringeskunnskap utgjer eit viktig kompetansegrunnlag. Ein stor del av aktiviteten er likevel avhengig av å kunna nytta eit mangearta material som er samla inn frå slutten av 1800-talet. Det må difor leggjast vinn på å tryggja og gjera tilgjengelege dei store og unike samlingane av folkemusikk og folkedans i dei mange spesialarkiva. Det ligg etter kvart store samlingar på gamle medietypar, noko som krev stor innsats i konvertering/kopiering, både av di dei står i fare for å forvitra og av di dei er svært vanskeleg tilgjengelege for bruk. Folkemusikk- og folkedansarkiva er eit nettverk av nasjonale, regionale og lokale arkiv som gjer rikdomen av innsamla materiale tilgjengeleg for både organisasjonane og medlemene deira på grasrota, for topputøvarane og andre kunstnarar og for dei ulike typane utdanning og forsking. Materialet er i tett og kontinuerleg bruk, og bruken er i stor grad avhengig av fagleg hjelp frå spesialistane ved arkiva. Det er viktig med ei organisering som held dei ulike funksjonane mest mogeleg saman, slik at ein får eit nettverk av gode familjø som tryggjer lokalt vern og lokal formidling. Nasjonalbiblioteket bør trekkjast inn i arbeidet som kompetanseorgan for langsiktig bevaring av lyd og for drift av databasar.

At landet har eit særleg forvaltningsansvar for kulturformer vi er åleine om, reduserer ikkje ansvaret vi har for at alle har rett til eigen kultur som identitetsmerke og grunnlag for kulturell utfalding, sjølv om det er kultur med tyngdepunkt og røter i andre land. Utfordringane knyter seg såleis til eit breitt mangfald av folkemusikkulturar i Noreg.

Møte mellom ulike folkemusikktradisjonar kan samstundes gje grobotn for ein dialog som i neste omgang kan skapa grunnlag for å utvikla nye uttrykk og nye tradisjonar.

## 7.9 Verdsmusikk

*Å fremja formidling av verdsmusikk kan vera med på å skapa forståing og respekt for ikkje-vestlege kulturar. Den innsatsen som Rikskonsertane og ymse festivalar gjer for å spreia slike musikkuttrykk, må førast vidare.*

I den vestlege verda vert *verdsmusikk* ofte definert som musikk som fell utanom nordamerikanske og europeiske musikktradisjonar. Omgrepet omfattar populärmusikk så vel som folkemusikk og klassisk musikk. Norsk tradisjonsmusikk er difor å rekna som del av verdsmusikken.

I tillegg til ynsket om å gjera verdsmusikk av høg kvalitet kjend for eit breitt publikum på line med annan musikk kan den kulturpolitiske interessa for verdsmusikk grunngjenvast med behovet for å skapa forståing og respekt for dei verdiane som ligg i ikkje-vestlege kulturar, gje innvandrarmusikarar i Noreg arbeid som profesjonelle musikarar og medverka til at innvandrarmusikarar får presentert musikken sin på best mogeleg vis til ulike publikumsgrupper.

Det er eit stort publikum for verdsmusikk i Noreg, og interessa er aukande. Som døme må nemnast *Førde Internasjonale Folkemusikkfestival*, som kvart år i tillegg til den norske folkemusikken presenterer ulike tema frå verdsmusikken. Dette er ein særsviktig møteplass mellom norsk og utanlandsk tradisjonsmusikk m.m.

Vidare har *Oslo World Music Festival* også turnear med verdsmusikk som Rikskonsertane står bak. Rikskonsertane har hatt formidling av musikk frå ikkje-vestlege kulturar som særleg satsingsområde sidan 1987 og har utvikla monaleg kompetanse på området. Innsatsen har medverka til å gjera denne musikken kjend og godtakken. Det er framleis stort behov for å styrkja arbeidet med å presentera fleirkulturell musikk.

## 7.10 Populärmusikk

*Populärmusikken bør fremjast som uttryksform, og krav til kvalitet må stå like sentralt som overfor dei andre områda av musikklivet. Støtta til populärmusikk bør i større grad ytast innanfor ramma av dei generelle stønadsordningane. Det er framleis ikkje aktuelt med støtte til den kommersielle delen av populärmusikken.*

I det kulturpolitiske ordskeiftet vert populärmusikken dels sett på som kommersiell underhaldningskultur, dels som eit viktig element i ungdomskulturen og dels som ei kunstnarleg uttrykksform. Utgreiinga *Populärmusikken i kul-*

*turpolitikken* (Norsk kulturråd 2002, rapport nr. 30) kastar lys over dette musikkområdet frå fleire ulike innfallsvinklar.

Gjennom ulike ordningar er det teke sikte på å supplera og korrigera marknaden med omsyn til vilkåra for nyskaping, produksjon og formidling. For 2003 er det fordelt om lag 18 mill. kroner til populærmusikk over dei ulike tilskotsordningane, Norgesnettet, musikkverkstad-ordninga, turné-, transport- og festivalstøtte-ordninga, festivaltilskotsordninga og tilskotsordninga for landsomfattande musikkorganisasjonar. I tillegg kjem midlar frå Frifond-ordninga.

I den nemnde utgreiinga om populærmusikken vert det mellom anna uttrykt dette om den aktuelle stoda:

«Norge har nå opp mot 300 faste spillesteder og over 30 festivaler for rytmisk populærmusikk. Slike tall vitner både om stor entusiasme landet rundt og viktig innsats fra organisasjoner på området, som Norsk Rockforbund og Norgesnettet. Midlene fra de statlige støtteordningene har åpenbart også hatt vesentlig betydning for det som er oppnådd, inkludert Musikkverkstedsordningens tilskudd til utstyr i for eksempel klubbsammenheng.»

Turné-, transport- og festivalstønad frå Norsk kulturråd til rock og nærskyldje musikkformer har mykje å seia både for konsert- og turnéverksemr og for arrangørar. For å unngå samanblanding med tilskotsordninga for musikkfestivalar vert namnet endra til ensemble- og utøvarstøtte for populærmusikk.

*Norgesnettet* er eit nettverk av om lag 25 spelestader med ein tilvokster på to-tre nye kvart år. Føremålet er å skipa, utvikla og driva eit landsdekkjande nettverk av profesjonelt drivne og utstyrte spelestader for rytmisk musikk til nytte for artistar, arrangørar og publikum.

Gjennom musikkverkstadordninga vert det gjeve tilskot til teknisk utstyr og anna for å leggja til rette for utøvarar av eit breitt spektrum av rytmisk musikk.

Prosjekt innanfor populærmusikken vil i tillegg kunna motta stønad frå dei sjangeruavhengige tilskotsordningane under Norsk kulturråd.

Over heile landet finst det mange ungdommar som brukar mykje av fritida i band og rockegrupper. Denne aktiviteten er omfatta av hovudmåla for tilskotsordninga for lokal, friviljug verksemr blant born og unge – *Frifond*. Dei økonomiske rammene for friviljug arbeid vert auka som følgje av at kulturlivet får større del av speleoverskotet. Dette vil

såleis også kunna koma populærmusikken til gode, jf. kap. 15.

## 7.11 Jazz

*Norsk jazz har stor breidd i uttrykksformer, god rekruttering og er internasjonalt orientert. Å tryggja grunnlaget for jazzen i Noreg tilseier særleg ein innsats for å vidareutvikla spele- og møtestader for denne musikkforma.*

Norsk jazz har dei siste åra hausta stor fagnad langt utover landets grenser. Norske jazzmusikkar har ein sterk posisjon innanfor europeisk og internasjonalt jazzliv. Mange musikkarar har synt vilje til å testa ut nye retningar og har slik vore med på å skapa nye spenstige stilartar.

Det siste tiåret har dei statlege tilskota til jazz auka monaleg. For 2003 utgjer dei samla tilskota til jazzføremål om lag 30 mill. kroner fordelt frå festivaltilskotsordninga, musikkverkstadsordninga, ensemblestøtte og tilskot til drift av organisasjonar, spelestader og arkiv. I tillegg kjem midlar frå Fri-fond-ordninga.

Dei auka statlege tilskota har støtt opp under ei samla organisering av feltet med *Norsk jazzforum* som paraplyorganisasjon og med fem regionale jazzsenter i Bodø, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Oslo. Jazzfeltet har mellom anna gjennom dette etablert seg som eit sentralt og spennande musikkfelt i Noreg. Ei viktig utfordring er å fordela arbeidsoppgåvene mellom jazzsentra og å samordna dei ulike tiltaka betre der det ligg til rette for det. Dette vil vera ein viktig føresetnad for å vidareutvikla og styrka dei regionale jazzsentra og arrangørnettverket.

Økonomisk sett er jazzsjangeren prega av samspel mellom den kommersielle musikkbransjen og den offentlege musikkpolitikken. Delar av jazzen har ein kommersiell marknad, medan ein stor del av jazzmusikken må søkja finansiering gjennom offentlege støtteordningar. Rekrutteringa av unge og dyktige jazzmusikkarar dei seinare åra har resultert i ei rekke kunstnarlege etableringar som treng produksjonsvilkår som kan sikra nivået og profesionaliteten i verksamda. Offentleg økonomisk innsats må innrettast slik at han tryggjer eit breitt og samansett jazzfelt, der improvisasjonsmusikken får hove til å nå ein større marknad og eit nyt og breiare publikum.

Innretninga av tilskota til jazzføremål vil verta vidareført, slik at Norsk jazzforum held fram med å vidarefordela tilskotsmidlar via medlemene sine, dvs. dei fleste norske jazzmusikkarane, storbanda, jazzklubbane og ei rad jazzfestivalar, medan dei

regionale jazzsentra administrerer midlar til scenedrift, produsentar og pedagogisk verksemd i kvar sine regionar.

Jazzmusikkarar, jazzensemble og arrangørar kan i tillegg motta stønad frå dei sjangeruavhengige tilskotsordningane under Norsk kulturråd.

Ein meir kontinuerleg presentasjon av både norsk og internasjonal jazz vil vera tenleg for ytterlegare å tryggja kvalitet, breidd og rekruttering. Å skipa til ei nasjonal scene for jazz vil skapa ein viktig møtestad for publikum og utøvarar. Ein samlende møteplass for jazzmiljøa og felles konserpscene bør i fyrste omgang ikkje skje som nyetablering, men bør utviklast med utgangspunkt i eksisterande miljø og eigna spelestader, jf. Budsjettinnst. S. nr. 2 (2002–2003).

## 7.12 Dokumentasjon og informasjon

*Dokumentasjon og informasjon om norsk musikkliv er ein naudsynt føresetnad for eit levande musikkliv. Dokumentasjonen av og informasjonen om norsk musikkliv er organisert på ulike måtar. Dels er arbeidet knytt til bestemte musikkformer og lokale miljø innanfor musikkfeltet og dels til meir landsomfattande institusjonar og nettverk med verksemd på tvers av sjangergrenser. Fellesløysingar og fagleg samarbeid kan medverka til å styrkja denne delen av musikklivet.*

*Musikkinformasjonssenteret (MIC)* har som føremål å arbeida for auka bruk av norsk musikk i inn- og utland. Informasjonssenteret skal aktivt informera om og profilera kvaliteten i musikklivet i Noreg (komponistar, utøvarar og andre aktørar som har norsk statsborgarskap, eller som bur og i hovudsak har verksemda si i Noreg) uavhengig av sjanger og kunstnarleg/estetisk ståstad.

Musikkinformasjonssenteret produserer framføringsmateriell for norske musikkverk og distribuerer og formidlar dette til framføringsinstitusjonar og utøvarar verda over. I tillegg står dei for informasjon om og profilering av norske skapande og utøvande tonekunstnarar og andre bransjeaktørar i inn- og utland. MIC er ansvarleg utgjevar av ballade.no, som er Noregs største nettavis for musikk, og av mic.no/english, som er ein viktig nettportal til norsk musikkliv for utlandet, med mellom anna nyhende, oversyn over skapande og

utøvande kunstnarar, innhaldestliste over verk, diskografiar, kalender over tiltak, institusjonar og bransjeregister. MIC medverkar òg til å organisera norsk deltaking på sentrale musikkmessere i utlandet. Senteret har vidare ansvaret for distribusjon og profilering av innkjøpsordninga for nye norske fonogram og for Utanriksdepartementet si reisestøtte til profesjonelle musikkarar i utlandet.

Oppgåva med vedlikehald og oppdatering av landets mest komplette kontakt- og bransjeregister for norsk musikkliv og forvaltninga av ei manuskriptsamling med over 7000 norske musikkverk gjer Musikkinformasjonssenteret til eit sentralt miljø for dokumentasjon av norsk musikkliv.

Det er eit udekt behov for systematisk å samla, oppbevara og leggja til rette brukarvenleg dokumentasjon over norsk rock og populærmusikk. Norsk kulturråds utgreiing om populærmusikken peiker på at eit arkiv for populærmusikk bør utviklast i eit samarbeid med arkiva for dei nærskyldde musikkformene viser og jazz, der *Norsk Jazzarkiv* og *Visearkivet* er sentrale miljø.

Musikkinformasjonssenteret, Norsk Jazzarkiv og Visearkivet vil ha behov for meir tidhøvelege lokale og betre infrastruktur. Den rehabiliterte hovudbygningen for Nasjonalbibliotekets Osloavdeling vil ha rom for ei samlokalisering av de nemnde institusjonane. Ei samlokalisering hjå Nasjonalbiblioteket vil òg fagleg kunna medverka til å styrkja dokumentasjonsverksemda omkring norsk musikkliv. Nasjonalbiblioteket har omfattande samlingar av lydopptak, frå dei eldste voks-rullane til dei nyaste DVD-platene, og samlingane veks uavbrote gjennom den tilførsla som følgjer av lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument.

Ei slik samlokalisering legg til rette for eit styrkt miljø både musikk- og dokumentasjonsfagleg. Ei samlokalisering av dei tre miljøa og Nasjonalbiblioteket vil ikkje minst gje høve til meir kostnadseffektiv utnytting av teknologi og styrkja kompetansegrunnlaget når det gjeld å ta i bruk ny informasjonsteknologi på området. Eit arkiv for norsk rock og populærmusikk vil høva godt innanfor eit slikt større miljø.

Departementet tek sikte på at alle desse skal vera på plass når den rehabiliterte bygningen for Nasjonalbiblioteket på Solli plass i Oslo opnar for publikum i 2005, jf. kap. 11.5.3.

## 8 Scenekunst

### 8.1 Hovudutfordringar og prioriteringar

Norsk scenekunst er prega av høg aktivitet og eit mangfaldig tilbod til publikum. Mangfaldet sikrar òg utøvarane varierte oppgåver og fremjar kunstnarleg utvikling.

Ei rekke offentleg støtta institusjonar tryggjer kontinuerleg drift og tilbod av scenekunst over det meste av landet gjennom framsyningar på eigne scener og på turné. I tillegg turnerer *Riksteatret* til 66 faste spelestader over heile landet. Gjennom *Norsk Scenekunstbruk* og *Nettverk for scenekunst* har formidling av framsyningar frå frie sceniske grupper auka. I mange fylke er det skipa teaterverkstader som samarbeider med amatørteatra.

Likevel konstaterte scenekunstutvalet i NOU 2002: 8 *Etter alle kunstens regler* at det i Noreg vert produsert mykje scenekunst av høg kvalitet som berre i avgrensa grad når utover heimepublikummet til kvart einskilt teater.

Dei offentleg støtta scenekunstinstitusjonane har eit omfattande og stabilt publikum, om lag 1,2 millionar vitjande per år og om lag på same nivået i dag som for 25 år sidan. Jamvel om institusjonane i dag møter tevling om folks interesser og fritid, er det ei stor utfordring for dei statsstøtta institusjonane å nå fram til eit større publikum. Større spreying av framsyningar gjennom etermedium i form av transmisjonar vil kunna gje verdfulle bidrag. Til dømes kan ei transmittert oppsetjing av opera, teater og dans oppnå eit publikum som langt overstig det eit teater elles kan ha gjennom eit heilt år.

Voksteren i publikumstilstrøyming innanfor scenekunstfeltet dei seinare åra har kome i det privatfinansierte feltet (særleg revyteater, musikalar o.a.), festivalar og amatørteater. Jamvel om statistikken er ufullstendig, kan det leggjast til grunn at den privatfinansierte delen av teaterfeltet alt i alt har like stor publikumsoppslutnad som det offentleg støtta, profesjonelle teaterfeltet.

For å forsvara det offentlege tilskotet skal scenekunsten – både i institusjonane og i frie grupper – vera nyskapande og fremja kunstnarleg fornying og utvikling. Men det synest ikkje å vera noka klår semje om definisjonen av omgrepet nyskapande. Scenekunstutvalet peikar i NOU 2002: 8 på at kunst

i seg sjølv inneber fornying, og at nyskapande teaterkunst skil seg frå reproduzierende kunst. Dette må gjelda uavhengig av tradisjon. Å vera nyskapande er følgjeleg ei generell forventning til både det tekstbaserte teateret og til produksjonar som representerer andre sjangrar og dramaturgiske prinsipp.

Å nå fram til publikum er ei fleirsidig utfordring innanfor scenekunstfeltet. For det første gjeld det om å få publikum til å koma til teatersalane, kulturhuset eller gymnastikksalen for å sjå ei framsyning. For det andre gjeld det om å skapa kunst som vedkjem, rører ved og engasjerer publikum. Scenekunsten må yta noko som har relevans for samtida, og som skaper interesse hjå publikum. Til dette trengst eit mangslunge teater der både institusjonar og frie grupper har viktige roller å fylla.

Løyvingane til scenekunstføremål for 2003 utgjer om lag 900 mill. kroner. Av dette går om lag 750 mill. kroner til 17 institusjonar med fast tilskot. Berre noko over 30 mill. kroner kjem dei frie sceniske gruppene direkte til gode.

Ved institusjonane er ein svært stor del av budsjettet bunde opp i faste kostnader. Jamvel om dei samla løyvingane er omfattande, vert handlingsrommet opplevd som nokså avgrensa. Det kan likevel ikkje pårekna nemnande realauke i statstilskotet til teaterinstitusjonane i åra frametter. Omstillingar er difor avgjerande for å skaffa økonomisk handlingsrom.

For å skapa rom for større fleksibilitet innanfor scenekunstfeltet kan det vera naudsynt å arbeida i fleire retningar:

- Dei etablerte institusjonane må kontinuerleg vurdera eigen organisasjon og kostnadsstruktur; eksisterande samarbeidsløysingar må vidareutviklast, og nye organiserast, både mellom institusjonane og med det frie scenekunstfeltet.
- Samstundes som institusjonane skal ha trygge rammevilkår, må dei offentlege stønadsordningane gjerast meir fleksible, og det må gjennom eit revidert system for mål- og resultatstyring skapast aksept for at tilskot kan verta redusert dersom resultata ikkje står i rimeleg forhold til tilskotet.
- Det er særleg naudsynt å auka løyvingane til den frie scenekunsten, men det er også ynskjeleg



Figur 8.1

å prioritera institusjonar med særleg god ressursutnytting og dei små institusjonane som har høge turnékostnader.

Det vil i tillegg vera naudsynt å prioritera auka rammer til opera og dans, både til *Den Norske Opera* og til verksemda elles i landet, for å realisera intensjonane for det nye operahuset og *Nasjonal plan for opera og ballett*.

Riksteatret bør dei komande åra leggja vekt på å prøva ut ulike former for samarbeid og å formidla oppsetjingar som er arbeidde fram av andre.

## 8.2 Teaterinstitusjonane

*Dei faste teaterinstitusjonane må ha trygge økonomiske rammevilkår. Det er eit særleg behov for å betra dei økonomiske rammene for dei mindre institusjonsteatra og einskilde andre teaterverksemder. God kunstnarleg utvikling, ressursutnytting, omstillings- og samarbeidsevne og økonomistyring vil vera avgjerande for prioriteringa mellom institusjonane. Godt samarbeid mellom teatra og med dei frie grup-*

*pene må fremjast både av kunstnarlege, praktiske og økonomiske grunnar. Dei gode produksjonane må nå ut til eit større publikum. Betre kvalitativ informasjon om teatra bør skaffast fram ved hjelp av periodiske evalueringar og meir presis målstyring.*

### 8.2.1 Tilbod og publikum

#### 8.2.1.1 Institusjonar og scener

Ved sida av statsinstitusjonen Riksteatret har staten teke eit særskilt finansielt ansvar for *Nationaltheatret*, *Det Norske Teatret* og *Den Nationale Scene* ved at desse tre får heile det offentlege tilskotet frå staten, i alt om lag 288 mill. kroner for 2003. Desse teatra er samstundes dei største institusjonane.

Gjennom avtalane om ansvarsdeling mellom staten og kommunenesektoren er det etablert eit finansieringssystem der *Agder Teater*, *dansekompisen Carte Blanche*, *Haugesund Teater*, *Hedmark Teater*, *Hordaland Teater*, *Hålogaland Teater*, *Nordland Teater*, *Rogaland Teater*, *Sogn og Fjordane Teater*, *Teater Ibsen*, *Teatret Vårt og Trøndelag Teater* etter avtalane får 70 pst. av det offentlege tilskotet frå staten og 30 pst. frå regionale styremakter.

I 2003 får desse 15 verksemdene statleg tilskot på om lag 470 mill. kroner.

I tillegg til institusjonsteatra får ei rekke teaterverksemder årlege statstilskot utan at det er stilt krav til omfanget av det regionale tilskotet. For 2003 er det avsett om lag 28 mill. kroner til desse verksemdene over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett direkte eller gjennom Norsk kulturråd. Ei rekke av desse verksemdene har òg monalege faste tilskot frå vedkomande region.

*Beaivvas Sami Teahter*, som mottek driftstilskot frå Sametinget, har til føremål å fremja teaterverksemder på samisk språk og på den måten formidla samisk kultur. Teatret skal dekkja dei samiske områda i Noreg, men arbeider òg i ein viss mon i dei samiske områda i grannelanda.

Staten gjev òg fast tilskot til *Det Norske Tegnspråkteater*. Etter ein prøveperiode på tre år vart dette skipa som fast verksemder frå 2002. Det er eit turnéteater som skal ha framsynningar i heile landet. Den primære målgruppa er høyrselshemma. Teatret har synt varierte oppsetjingar både for born og vaksne.

Alt i alt utgjer desse institusjonane ein kunstnarleg, scenisk og teknisk infrastruktur som gjev eit godt grunnlag for å vedlikehalda og utvikla eit landsdekkjande teatertilbod.

### 8.2.1.2 *Tilbodet til publikum*

Tilbodet av teater- og danseframstillingar har vorte meir variert dei siste tiåra. Teatra har fått fleire mindre scener, og det er aukande samarbeid mellom institusjonsteatra og det frie scenekunstfeltet. Den frie scenekunsten har utvikla seg både med omsyn til organisering og uttrykk. Samarbeidet mellom amatørar og profesjonelle har auka, ikkje minst gjennom dei historiske spela. Fleire institusjonar og tiltak har ei særleg innretning mot teater for born og unge, og fleire samarbeider med amatørar. Mange av teatra sameiner lokal forankring med internasjonal orientering.

Jamvel om det er store skilnader frå det eine teateret til det andre, har dei største teatra eit særleg godt utgangspunkt for det kunstnarlege arbeidet. Dette gjeld Nationaltheatret, Det Norske Teatret, Den Nationale Scene, Trøndelag Teater og Rogaland Teater. Med dei kunstnarlege ressursane dei rår over, er dei i stand til å visa klassikarane og samstundes gje rom for norsk og utanlandsk samtidsdramatikk på hovudscene og biscener.

Teaterfestivalar i inn- og utland har vorte viktige arenaer for internasjonal kontakt og samarbeid. Innslaget av scenekunst har etter kvart vorte viktig ved ei rekke av dei større festspela og festivalane. Festspela i Bergen har alltid monalege innslag av teater, dans og opera. Men festspela i Nord-Noreg, den internasjonale folkemusikkfestivalen i Førde og fleire andre musikkfestivalar har òg jamleg innslag av teater og annan scenekunst. I tillegg finst reine teaterfestivalar, mellom anna Ibsenfestivalen ved Nationaltheatret, figurteaterfestivalen i Kristiansand, marknaden for scenekunst i Sandefjord, Porsgrunn internasjonale teaterfestival og Nordland Teaters nystarta vinterlysfestival i Mo i Rana.

Dei statsstøtta teatra har ein viktig funksjon som formidlarar av nyskriven norsk dramatikk og ny koreografi. Via Norsk kulturråd vert det gjeve tilskot til refusjon av honoraret til dramatikaren i samband med urpremiere. Teaterinstitusjonar og sceneprosjektgrupper kan få stønad til å engasjera ein forfattar i inntil tre månader, og forfattarar kan søkja stønad til eige manusarbeid.

Alle teaterinstitusjonane har regelbunde tilbod for born og ungdom, men mest for born. Jamvel om statistikken ikkje er fullkommen, kan det leggjast til grunn at om lag ein tredjedel av det samla teaterpublikummet er born og unge. Det ser ut til at teatra finn det lettare å venda seg til born opp til 12 år enn til ungdom mellom 12 og 18 år, men på den andre sida oppsøkjer teaterinteresserte ungdommar gjerne ordinære framstillingar for vaksne.

På dei større teatra dominerer klassikarane barnerepertoaret. Mindre, regionale teatertiltak tykkjест gjera mest for å fornja repertoaret for born og unge. Verkemidla er både vanleg teater og dokketeater. Somme teater som Hordaland Teater, Brageteateret, Haugesund Teater og Nord-Trøndelag Teater har hovuddelen av verksemda retta mot born og unge. Rogaland Teaters barne- og ungdomsteater og Kristiansand barne- og ungdomsteater i regi av Agder Teater er særmerkte ved at det er born og unge som spelar alle rollene, medan profesjonelle krefter ved teateret har ansvaret for regi, scenografi, lys, lyd og kostyme. Dokketeateret ved Oslo Nye Teater og dokkeensemplet ved Riksteatret kan òg nemnast særskilt.

Amatørteaterverksemda i Noreg er ein stor og viktig del av at teaterbiletet. Statleg stønad til amatørteater, inkludert midlar frå Frifond-ordninga, går gjennom paraplyorganisasjonen *Norsk Amatørteaterråd*, jf. kap. 15.

### 8.2.1.3 *Kulturelt mangfold*

Utfordringane når det gjeld å trekka nye grupper til scenekunsten, er samansette. I 1998 vart eit fireårig utviklingsprogram for kunst og det fleirkulturelle samfunnet, *Mosaikk*, sett i gang i regi av Norsk kulturråd. Parallelt vart det introdusert eit treårig signalprosjekt innanfor scenekunstfeltet, kalla *Open Scene*. Open Scene vart lokalisert til Det Norske Teatret og utvikla i samarbeid mellom teateret og Norsk kulturråd. Hovudmålet var «å integrere ein fleirkulturell dimensjon i Det Norske Teatret si ordinære verksemd». Samstundes skulle Det Norske Teatret gjennom signalprosjektet vera «forsøksarena for ein prosess som kan bidra til å opne institusjonane i kulturlivet for eit større mangfold og å integrere ein fleirkulturell dimensjon i institusjonane si ordinære verksemd».

Då Mosaikk og Open Scene vart oppretta, var scenekunstnarar med innvandrarbakgrunn bortimot fråverande ved dei etablerte teaterinstitusjonane, og dei gjorde seg i liten grad gjeldande som søkerar til scenekunstutvalet i Norsk kulturråd. Både Mosaikk-programmet og Open Scene har utan tvil medverka til å setja kulturelt mangfold på dagsordenen og å synleggjera kunstnarar med minoritetsbakgrunn. Røysler frå andre land syner at det er naudsynt med særskilde tiltak for at ein større del av folket skal få tilgang til scenekunst både som publikum og aktive deltakarar. Dette krev at kunstnarar og kunstinstitusjonar tilpassar arbeidsmåtane sine. Samhandling mellom kunst og publikum, kunstens evne til å kommunisera med einskildindivid, står sentralt. Det er naudsynt

å utvikla tiltak som gjer at særleg born og ungdom frå grupper som ikkje har noko tilhøve til scenekunsten, får oppleva scenekunst og får høve til å koma innanfor det profesjonelle scenekunstmiljøet og kunna oppleva at dette miljøet er ein integrert del av livet deira. Det langsigtige i slike tiltak må understrekast. Den kulturelle skulesekken er eit svært viktig verkemiddel i denne samanhanga.

Det er òg naudsynt å stimulera til at kunstnarar med ikkje-vestleg bakgrunn får høve til å styrkja den kunstnarlege profesjonaliteten sin og utvikla uttrykka sine på eigne premissar. Dette kan skje gjennom særlege utdanningstiltak og gjennom støtte til organisasjonar, ensemble og einskild-kunstnarar. Slike tiltak kan etter kvart setja dei i stand til å møta norske og andre vestlege kollegaer på ulike, men likeverdige vilkår. I denne samanhengen er det særleg viktig å styrkja eksisterande verksemder som har vakse fram med ankerfeste i ulike minoritetsmiljø. Eit døme frå scenekunstfeltet er *Nordic Black Theatre* i Oslo, som er ein kombinasjon av teater og utdanningsinstitusjon. Sidan *Nordic Black Theatre* starta i 1992, har dei satsa medvite på opplæring av skodespelarar med fleirkulturell bakgrunn. Teatret har årleg fast statstilskot.

### **8.2.2 NOU 2002: 8 Etter alle kunstens regler**

Eit utval oppnemnt av regjeringa i 2000 la fram utgreiinga si om scenekunstfeltet i 2002, jf. NOU 2002: 8 *Etter alle kunstens regler*. Utvalet hadde i mandat å vurdera dagens teatertilbod og om det var behov for endringar for å sikra alle eit godt tilbod for framtida. Summen av offentlege overføringer til teatersektoren skulle ikkje utvidast som følgje av forslag frå utvalet. Utgreiinga har vore på høyring.

Utvalet framhevar at det vert laga mange viktige og sjåverdige framsyningar i Noreg, både ved scenekunstinstitusjonane og i ulike andre produksjonsmiljø. Likevel er det for få som får sjå desse framsyningane. I arbeidet sitt har utvalet festa seg ved at ulike delar av scenekunstfeltet har ulike rammevilkår i form av løvingar og infrastruktur. Ein stor del av dei offentlege midlane til scenekunst er tilskot til dei faste institusjonsteatra, berre ein liten del går til scenekunst utanfor institusjonane, og samarbeidet mellom desse to feltet er for dårleg utbygd.

Fleirtalet i utvalet rår til å konsentrera ramme-finansieringa frå staten til tre nasjonale institusjonar (Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Riksteatret) og fire landsdelsinstitusjonar (Den Nationale Scene, Trøndelag Teater, Rogaland Teater og

Hålogaland Teater). Forslaget inneber òg endring i status og finansiering for statsinstitusjonen Riksteatret og for Den Nationale Scene, som i dag er kategorisert som nasjonal institusjon. Midlar til dei resterande teaterinstitusjonane som saman med Carte Blanche inngår i funksjonsdelinga for teaterfeltet, dessutan midlar til fri scenekunst og ei rekke andre tiltak på feltet, vil fleirtalet overfør til ei ny ordning med programfinansiering under eit scenekunstråd. Programfinansieringa skal romma stønadsordningar til einskilde scenekunstprosjekt, langsigtige program som medverkar til å realisera overordna mål for feltet, og tiltak eller infrastruktur som tek vare på produksjon og formidling av scenekunst rundt om i landet. Institusjonar som etter forslaget mister det faste tilskotet, skal kunne søkja midlar under programfinansieringa saman med frie grupper.

For å auka formidlinga av scenekunst rår utvalet til at Riksteatret skal tufta tilboden til distrikts-Noreg på å formidla produksjonar frå heile scenekunstfeltet. Riksteatret skal difor halda fram med ei gradvis nedbygging av det faste skodespelarensemblet og ikkje leggja opp til eigne produksjonar.

Utvælt rår til at rapporteringssystemet vert gjort enklare og supplert med systematiske gjennomgangar for å måla den samfunnsmessige effekten. Utvalet framhevar at det er stigande interesse og vilje til samarbeid mellom aktørane i scenekunstfeltet og rår til at staten bør nutta insitament som stør opp under utviklinga av slike felles løysingar.

I høyringa var det stor motstand mot å trekka tiltak som regionteatra og Carte Blanche ut or ordninga med rammefinansiering og å endra status for Den Nationale Scene. Mange uttrykkjer skepsis til om ein med den skisserte programfinansieringa vil klara å løysa utfordringane i feltet. Mange er kritiske til at mandatet la til grunn at dei offentlege overføringsane på teatersektoren ikkje skulle utvidast, og meiner det er behov for å tilføra feltet meir midlar.

Mange av høyringsinstansane er samde med utvalet i at Riksteatret ikkje skal ha eigenproduksjon, men reindyrka rolla si som formidlingsinstitusjon. Fleire meiner at utvalet i spørsmålet om formidling burde lagt større vekt på Norsk Scenekunstbruk og Nettverk for scenekunst.

Mange av høyringssvara peikar på behovet for å styrkja fri scenekunst og å betra rammevilkåra for dans. Det vert etterlyst ordningar som kan gje nokre godt etablerte frie grupper meir stabil stønad enn det støtteordninga for fri scenekunst har rom for, dessutan ordningar for å styrkja arenaer for fri scenekunst.

### 8.2.3 Finansiering, økonomi og krav til institusjonane

Departementet tek ikkje sikte på å følgja opp framlegget om å avgrensa rammefinansieringa til nokre få institusjonar og knyta dei fleste teatra til ei ordning med programfinansiering. Departementet meiner det for tida ikkje er aktuelt å endra prinsippa for noverande finansieringsordningar, heller ikkje å etablera nye institusjonar eller innlemma fleire institusjonar i ordninga med avtalefesta samfinansiering.

Det overordna målet er å sikra at etablerte verksemder har rimelege og trygge rammevilkår. Likevel er det naudsynt å leggja til rette for større dynamikk i fordelinga av løvingane.

Det er eit generelt inntrykk at alle institusjonane og gruppene innanfor scenekunstfeltet opplever at dei har for trønge økonomiske rammer i høve til dei kunstnarlege ambisjonane. Som referert ovanfor er dei økonomiske midlane fordelt svært ulikt. Dei tre største institusjonane, som får heile tilskotet sitt frå staten, mottek i 2003 om lag 288 mill. kroner. Dei tolv institusjonane som har tilskotet fordelt med 70 pst. på staten og 30 pst. på regionale styresmakter, mottek i alt 260 mill. kroner i offentlege tilskot.

Det er ikkje realistisk å jamna ut desse skilnadene eller garantera eit økonomisk minstenivå for noka verksemnd. Auka tilskot til institusjonsteater og andre teaterverksemder bør ha som siktet mål å styrkja fleksibiliteten i finansieringssystemet og i hovudsak rettast inn mot følgjande tre prioriterte område:

Fyrste innsatsområde vil vera å gje dei mindre regionteatra som turnerer mykje, kompensasjon for turnéutgifter gjennom ein auke i det faste tilskotet i løpet av nokre år. Det er ei kjensgjerning at dei mindre teatra turnerer meir enn dei store. Turnéutgiftene er økonomisk tyngjande og kan utgjera 10–20 pst. av årsbudsjettet for regionteatra.

Andre innsatsområde vil vera å tilføra nokre av dei mindre verksemndene utviklingsmidlar for ein periode på inntil fem år, og det uavhengig av om dei er ein del av ordninga med avtalefesta samfinansiering eller ikkje. Når perioden er over, skal utviklingsmidlane koma andre verksemder til gode for ein ny periode. Som fast del av opplegget skal ein evaluera institusjonar som har fått utviklingsmidlar. Eit vilkår for å få utviklingsmidlar er at også regionale styresmakter yter ein del som tilsvrar 30 pst. av det totale utviklingstilskotet til den aktuelle verksemda.

Tredje innsatsområde vil vera å auka tilskotet til institusjonar med særskild god ressursutnyt-

ting. Dette må òg gjelda for institusjonar utanfor ordninga med avtalefesta samfinansiering, slik som Grenland Friteater, som det er ynskjeleg å tryggja fast årleg statstilskot.

I dei seinare åra har det vorte vanlegare med samarbeid mellom teatra og med frigruppene, og det finst mange døme på samarbeid som har gjeve gode resultat kunstnarleg og på anna vis. Det er viktig at denne positive utviklinga held fram, slik at ein får utløyst kunstnarlege potensial, planar og ambisjonar som elles vanskeleg vil kunna lata seg realisera. Fordi institusjonsteatra jamt over rår over større ressursar enn det frie grupper gjer, bør dei invitera til samarbeid med frie sceniske grupper, opna scenene sine og stilla andre fasilitetar til rådvelde i det omfang dette lèt seg sameina med den ordinære verksemda. Ein føresetnad er at slikt samarbeid ikkje bryt med prinsippet om kunstnarleg fridom og teatersjefens høve til å utøva kunstnarleg ansvar innanfor fastsette økonomiske rammer.

Dei store institusjonane må ha eit særskilt ansvar for å fremja samarbeid og effektiv ressursbruk innanfor heile scenekunstfeltet. Institusjonane bør sjå nærmare på gjeldande avtaleverk og dinest føra drøftingar med organisasjonane med siktet på å endra føresegner som kan stå i vegen for gode løysingar.

Medan høg kunstnarleg kvalitet er eit mål for heile scenekunstfeltet, må dei største institusjonane likevel bera eit særleg ansvar for å skapa variert teaterkunst på høgt kunstnarleg nivå og gje publikum eit tilbod der både klassikarane og nyare norsk og utanlands dramatikk inngår i eit repertoire med appell til både breie publikumsgrupper og grupper med særskilde interesser.

For kvar enskild teaterinstitusjon er det avgjande at styringa av verksemda på alle plan er god. Styra og den daglege leiinga for institusjonane er ansvarlege for å sjå til at det er tilfelle. Dei er òg ansvarlege for at institusjonane byggjer opp ein viss økonomisk reserve i form av fond eller fri eigenkapital. Dette er naudsynt for å sikra kunstnarleg fridom og evne til å bera oppsetjingar som ikkje får den venta oppslutninga frå publikum. Den økonomiske reserven må ha eit omfang som står i rimeleg forhold til teaterets ordinære budsjetttrammar. Avsetning til ein slik økonomisk reserve skal ikkje få negative følgjer for omfanget av det statlege tilskotet.

Det er ein føresetnad frå staten si side at institusjonane syter for at det vert sett av tilstrekkeleg med pengar til vedlikehald av bygningar og teknisk utstyr. Institusjonane må syta for kartlegging av vedlikehaldsbehovet, laga vedlikehaldsplana-

og prioritera turvande midlar innanfor sine ordinære budsjett. Departementet vil følgja opp dette gjennom dei årlege budsjettørftingane med institusjonane.

Det etablerte systemet med mål- og resultatstyring gjev ikkje svar på korleis dei kvalitative sidene ved dei einskilde teatra endrar seg over tid. Departementet har i samarbeid med Norsk teater- og orkesterforening sett i gang eit arbeid for å revidera det noverande opplegget og innføra periodiske evalueringar, til dømes kvart femte år. Dette vil kunna gje meir relevant styringsinformasjon. Eit fornya opplegg for målstyring må gje meiningsfulle og pålitelege data.

### 8.3 Operahusprosjektet

*Bygginga av eit nasjonalt operahus er det største ein-skildprosjektet på kulturområdet i Noreg i dag. Etter den framdriftsplanen som er presentert for Stortinget, skal operahuset stå ferdig i 2007 med opning og ordinær drift frå hausten 2008. Departementet vil rapportera om prosjektet i dei årlege budsjettpropo-sisjonane.*

Stortinget vedtok våren 1999 at det skal byggjast eit nytt operahus i Bjørvika. I juni 2002 gjorde Stortinget vedtak om ei bindande kostnadsramme for prosjektet på 3 330 mill. kroner rekna etter prisnivået 1. januar 2002, jf. Innst. S. nr. 234 (2001–2002) og St.prp. nr. 48 (2001–2002) *Nytt operahus i Bjørvika*. Grunnarbeida tok til i februar 2003.

Det nye operahuset vil innehalda ein stor sal med om lag 1 350 plassar og ein mindre sal med inntil 400 plassar. I tillegg vil det vera mogeleg med publikumsarrangement i den største prøvesalen.

Ei målsetjing for det nye huset er at Den Norske Opera skal utvikla og presentera eit stort og allsidig repertoar av høg kvalitet innanfor opera og ballett og musikk- og danseater og framstå som ein interessant og attraktiv musikk- og scenekunstinstitusjon for mange publikumsgrupper.

Den store salen vil gje høve til å presentera heile breidda innanfor klassisk og moderne opera og ballett, musikalar, operettar, konsertar og store gjestespel. Den mindre salen vil gje rom for fleire former for kunstuttrykk, for det smalare opera- og ballettreperstoaret og det repertoaret som passar i eit mindre og meir fleksibelt scenerom. Denne salen vil òg vera open for eigna kvalitetsproduksjonar frå musikk- og danseatermiljøet elles i Noreg og frå utlandet. Den største prøvesalen vil kunna leggjast til rette for små verkstad- og utviklingsprosjekt.

Den Norske Opera står framom særskrivjande og omfattande oppgåver dei nærmaste åra. Fram til det nye huset vert opna, vil det vera eit mål for Operaen å kunna kvalifisera og førebu dei tilsette og heile organisasjonen på dei utfordringane og det handlingsrommet som eit nytt operahus vil gje. Innanfor ramma av ein omstillings- og opptrapningsplan vil framsyningstilbodet verta utvida, slik at det nye repertoaret som vert utvikla, både skal kunna presenterast i noverande lokale og tilpassast eit nytt hus. Dette føreset og utvida mannskap innanfor dei fleste personellgruppene og at publikumsarbeidet vert styrkt. Skulering av publikum er ei stor utfordring for Den Norske Opera, både for å byggja opp auka interesse og forståing for kunstartane opera og ballett i Noreg meir allment og for å stimulera til større engasjement for og meir opne haldningar til nytt repertoar.

Den Norske Opera driv tiltaket *Operatoriet* i samarbeid med *Norsk Komponistforening* og *Opera Vest*. Siktemålet er å gje librettistar og komponistar høve til å utvikla ny, norsk musikkdramatikk. Den Norske Opera har dessutan tiltaket Ballettlaboratoriet for å utvikla kompetansen til koreografer og komponistar innanfor dansedramatikken gjennom verkstadprosjekt. Utover dette driv Den Norske Opera eigen ballettskule og eit formidlingsprogram overfor born og unge, innanfor både ballett og opera.

I tillegg til dei kunstnarlege utfordringane må teknisk og administrativt personale stegvis utviklast til å kunna møta nye krav, og kompetanseutviklinga av nøkkelpersonell vil vera overlag viktig, mellom anna for å kunna handtera overgangen til eit moderne og teknisk avansert operahus. Det er lagt til grunn at det må brukast opp til eitt år frå Operaen overtek det nye huset, til opningsframstykkinga kan finna stad.

I perioden 2004–2008 vil Den Norske Opera handsama omstillingsprosjektet som ein rulle-rande plan som ein må gå gjennom kvart år. Med dette tidsperspektivet og med basis i den rulle-rande planen vil departementet rapportera om omstillingsprosjektet i dei årlege budsjettpropo-sisjonane.

Omfattende prosjektet er elles omtala i operahusprosjektonane St.prp. nr. 48 (1998–1999) *Om nytt operahus (II)* og St.prp. nr. 48 (2001–2002) *Nytt operahus i Bjørvika*. Der er det gjort greie for den økonomiske opptrapningsplanen som drifta i eit nytt hus føreset. Ambisjonsnivået på 45–50 mill. kroner i auka driftstilskot i prisnivå 2002 ligg fast. Den Norske Opera får i dag 207 mill. kroner i stats-tilskot. Departementet vil følgja opp dette i framlegget til statsbudsjett dei komande åra.

Det må strekast under at driftsbudsjettet for Operaen i nytt hus føreset både auka driftstilskot frå staten og auka eigeninntekter. Desse inntektene kjem først etter at drifta er sett i gang, noko som vil seja at heile omstillings- og opptrappingsplanen ikkje kan vera gjennomført ved innflytting, men først noko seinare. Departementet legg til grunn at Den Norske Opera legg vekt på desse spørsmåla under utviklinga av omstillingsprosjektet.

Slik det er gjort greie for i St.prp. nr. 48 (2001–2002) *Nytt operahus i Bjørvika*, er kostnader til laust inventar og utstyr halde utanfor kostnadsramma, og departementet vil fremja løvingsforslag seinare. Brukarutstyr omfattar møblar, verstadmaskinar, klaver, IKT-utstyr m.m. Det vert arbeidd med å kartleggja utstyrtsbehovet, og i fyrste fase vil utstyr som påverkar bygget eller installasjonar i bygget, verta prioritert. Departementet vil koma attende til saka når spørsmåla er avklåra.

## 8.4 Opera og dans – landet rundt

*Opera og dans skal gjevast eit lyft i heile landet gjennom å stimulera eksisterande tiltak og initiativ. For å oppnå stabilitet og fleksibilitet ynskjer departementet å leggja til rette for grunnfinansiering av tiltaka og at det i tillegg må kunna søkjast om tilskot til program og prosjekt.*

### 8.4.1 Arbeidet med Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett

Interessa for opera, men òg for dans har auka det siste tiåret, og i budsjettet har Kultur- og kyrkjedepartementet gjeve tilskot til ei rad nye tiltak i fleire regionar. Ei anna viktig finansieringskjelde, både for opera og dans, har vore Norsk kulturråds støtte til fri scenekunst.

Då departementet i 1990-åra arbeidde med operahussaka, var det naturleg å sjå byggjesaka i eit nasjonalt perspektiv, både slik at sjølve operahuset skulle vera for heile landet, og at ein parallelt med bygginga skulle utvikla opera- og ballettkunsten på landsbasis. Dei to operahusproposisjonane frå 1998 og 1999 hadde difor eigne kapittel om opera og dans i andre delar av landet.

Då Stortinget i juni 1999 vedtok å byggja nytt operahus i Bjørvika, vart også følgjande vedtak gjort: «Det utvikles en modell for opera- og ballettformidling i Norge innen ferdigstillelsen av det nye operahuset.» Stortinget har altså uttrykt ein ambisjon om ikkje berre å styrkja Den Norske Opera i

hovudstaden, men også om å fremja kunstformene opera og dans landet rundt.

Etter vedtaket om nytt operahus i 1999 har departementet arbeidd parallelt med byggjesaka og ein nasjonal formidlingsplan. Planen er difor lagd fram langt tidlegare enn føresetnaden var frå Stortinget. Planarbeidet byrja med ein konferanse i Haugesund våren 2000. Same året vart det oppnemnt ei referansegruppe for arbeidet, og departementet har i tillegg gjennomført talrike møte med ulike aktørar på feltet og med regionale og lokale styresmakter.

I 2002 var både ein operahusproposisjon og eit høyningsutkast til den nasjonale planen ferdigstilte. Då Stortinget våren 2002 behandla den tredje operahusproposisjonen, sa komitéfleirtalet seg i Innst. S. nr. 234 (2002–2002) «tilfreds med at den nasjonale planen for formidling av opera og ballett er utarbeidet».

#### 8.4.1.1 Høyningsrunden

Høyningsrunden gav i hovudsak positiv tilslutnad til hovudinnretninga i høyningsutkastet og dermed til dei prinsippa departementet vil leggja vekt på. Det var likevel fleire reservasjonar frå dansefeltet enn frå operafeltet. Norsk kulturråd streka under at dansen treng stabilitet og kontinuitet, noko kunstarten ikkje har i dag. I tillegg var det fleire høyningsinstansar som meinte at noverande finansieringsformer for einsidig legg vekt på produksjon, medan det særleg på dansefeltet er behov for å leggja meir vekt på formidling. Gjennom ulike forslag til tiltak vil departementet søkja å koma dei særlege utfordringane på dansefeltet i møte.

Av andre kommentarar til høyningsutkastet skal nemnast at somme var kritiske til tilrådinga om at nye tilskotsordningar vert forvalta sentralt av Norsk kulturråd og ikkje regionalt. Somme meinte dessutan at planen burde leggja til rette for å skipa faste kunstnarlege stillingar, til dømes for songsolistar.

### 8.4.2 Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett

#### 8.4.2.1 Region- og distriktsopera

For å oppnå best mogeleg utnytting av ressursane og for ikkje å sementera organiseringa av feltet, men leggja vekt på så god fleksibilitet som råd er, vil ikkje departementet ta initiativ til å skipa nye institusjonar. I staden for ein ovanfrå-og-ned-politikk tilrår departementet å utforma politikken ned-anfrå-og-opp. Det vil seja at ein prioriterer å stimulera tiltak med lokal forankring, både eksisterande

og nye. Departementet vil følgja utviklinga av feltet for å sjå til at ei slik tilnærming gjev god geografisk spreing av tilboda.

Over statsbudsjettet for 2003 (kap. 324 post 73) vert det gjeve om lag 16 mill. kroner i driftstilskot til elleve ulike region- og distriktsoperatiltak, jf. kap. 4.3.3.

Der det er fleire tiltak eller initiativ innanfor det same geografiske området, har departementet gjeve signal om at aktørane bør søkja i lag med slike på ei samla organisering som kan gje betre planlegging og ressursbruk. Medio 2003 har samordninga kome langt i Trondheim, der aktørane har sendt felles budsjettsøknad for 2004. Også i Bergen arbeider lokale og regionale styremakter for å fremja betre samordning. Vidare bør det skje ei samordning på tvers av fylkesgrenser der slike samarbeid er naturleg, til dømes mellom dei to trøndelagsfylka.

Det er viktig at tiltak på operafeltet – som på dansefeltet – får hove til kontinuitet i verksemda. Samstundes må det skapast rom for fleksibilitet. Statstilskot vil berre vera eit delbidrag. Departementet vil ikkje tilrå faste fordelingsnøklar for tilskot frå dei ulike offentlege forvaltningsnivåa, men sjá på storleiken av regionale og lokale bidrag som ein indikator på engasjementet for opera i regionen og slik òg for vurdering av statleg støtte. Eit unntak er *Operaen i Kristiansund*, der departementet legg til grunn at den noverande fordelingsnøkkelen bør førast vidare.

Med regionopera er meint operaverksemdu som tek slike på å vera profesjonell i alle lekkjer, kan henda med unnatak av operakor. Dei stadene utanfor hovudstaden som har symfoniorkester og teater med statsstøtte, dvs. Bergen, Trondheim, Stavanger/Sandnes, Kristiansand og Tromsø, har eit særleg godt potensial for å utvikla regional operaverksemdu.

For at modellen med regionopera skal kunna fungera fullgodt, må eksisterande kunstinstitusjonar med tilskot over departementets budsjett medverka til satsinga. Dette gjeld særleg institusjonar på musikk- og teaterfeltet. Det er såleis naudsynt at orkestra og teatra vert trekte med i eit forpliktande samarbeid om eit regionalt opera- og dansetilbod. Mogelege regionale initiativ for å få til ei meir formalisert samanbinding av regionale opera- og dansetiltak med etablerte kunstinstitusjonar vil òg kunna vera tenlege.

I tillegg til faste tilskot må regionoperaene også søkja om tilskot til program og prosjekt frå ei særleg tilskotsordning, jf. kap. 8.6.

Det vil vera eit viktig bidrag til å fremja utvikling av regionoperaene dersom regionale og lokale

styremakter står tiltak for å etablira operakor, til dømes ved å kjøpa fri korsongarane frå det vanlege arbeidet deira. Då vil kora kunne arbeida meir effektivt i høve til dei profesjonelle kunstnarane, og kvaliteten på framføringane kan aukast og profesjonaliseraast.

Dei distriktsoperaverksemduene som får tilskot over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett (kap. 324 post 73), utgjer ikkje ei einsarta gruppe. Spennvidda er stor frå *Operaen i Kristiansund*, som har ei omfattande verksemdu med 75 års tradisjoner, til små tiltak som på prosjektbasis berre har éin produksjon i året. Felles for verksemduene er likevel at dei mobiliserer mange menneske i lokal-samfunnet til friviljug innsats, og at oppsetjingane er tufta på ein kombinasjon av profesjonelle og amatørar. Slik sett har distriktsoperaene i tillegg til kunstnarleg verdi også stor allmennkulturell vekt og omfattande ringverknader.

Distriktsoperaene vil framleis ha behov for faste tilskot til basisverksemdu og administrasjon, men dei må òg kunna søkja om tilskot til program og prosjekt frå ei særleg tilskotsordning, jf. kap. 8.6.

#### 8.4.2.2 Riksoperaen og Nasjonalballetten

Riksoperaverksemdu til Den Norske Opera skal framleis vera ein hjørnestein i den nasjonale formidlinga av opera og dans. Tilboden bør byggjast vidare ut, slik at fleire stader kan ta imot framsynningar, og slik at det kan verta større regularitet i verksemdua.

Eit vilkår må vera at mottakarane har økonomisk støtte til føremålet hjå lokale og/eller regionale politiske styremakter. Den lokale infrastrukturen med omsyn til kultur- og teaterhus og kor og orkester på staden bør òg leggjast til rette for å realisera slike samarbeidsprosjekt.

Departementet ser positivt på at Den Norske Opera utviklar nye samarbeidsmodellar gjennom til dømes produksjon av framsynningar utanfor Oslo, og tilrår at ein slik modell vert lagd til grunn, også etter at *Operaen* har flytt inn i nytt hus. Når opptrappinga av tilskotet til Den Norske Opera gjer det mogeleg, bør *Operaen* prioritera å senda fleire ballettproduksjonar ut på turné enn i dag. Departementet ser positivt på dei nye samarbeidsformene og på produksjonar som er tilpassa arenaene som Nasjonalballetten har utvikla det siste tiåret. Føresetnadene om lokalt engasjement for mottak av Nasjonalballetten bør gjerast gjeldande på same måten som for riksoperaproduksjonane. I samband med dette bør òg utvikling av arrangørnettverk ha priorititet. I nytt hus vil *Operaens* riksdekkjande

verksemd få sterke vekstkraft og betre høve til utvikling, mellom anna gjennom eigen turnéprøvesal. Med dette ligg det til rette for at talet på turnéproduksjonar og turnéframstillingar kan aukast, og at nye typar produksjonar og samarbeidsformer kan utviklast overfor lokale arrangørar. Operaen vil i det heile få føresetnader til å fungera meir aktivt som ressurs- og kompetansesenter. Den vesle salen vil òg vera open for eigna kvalitetsproduksjonar frå musikk- og danseteatermiljøet elles i Noreg.

#### **8.4.3 Nærare om dans**

Noreg kan i dag gle seg over eit høgt og stigande kunstnarleg nivå innanfor dans. Produksjonsmiljøa har hatt ei god fagleg utvikling, og norske koreografer og dansegrupper er etterspurde i utlandet. Danseframstillingar når likevel ut til eit altfor lite publikum og berre til eit fåtal stader. Å endra dette vil krevja auka midlar til produksjon, gjestespel og turnéar, tilrettelegging av arenaer og tiltak for publikumsutvikling. Dette tilseier at det bør finnast stønadssordningar og andre særskilde tiltak som er eigna til å stimulera til auka publikumsinteresse for og betre tilgjenge til danseframstillingar.

Kunstforma dans er lite institusjonalisert. *Carte Blanche*, dessutan Nasjonalballetten, ein integrert del av Den Norske Opera, er dei einaste institusjonane for utøvande dans i Noreg. Riksteatret viser dans på 24 stader innanfor den faste turnéruta si. *Carte Blanche* legg opp til ein til to turnéar i året til tolv faste stader. Aktive relasjonar nasjonalt og internasjonalt har styrkt føresetnadene for utvikling av kunstformene, særleg for dansen. Nettverk for scenekunst og gruppene sjølve har initiert samarbeid med store festivalar og dansescener i Europa og aktivert ei viktig utveksling mellom etablerte utøvarar og nye prosjekt. Utanfor institusjonane finst eit mangfold av utdanna dansarar og koreografer, men dei fleste har lite høvelege produksjonsvilkår og lokale som er lite eigna for framstillingar.

Både det aukande talet på utøvarar med dansutdanning og dansens store popularitet som fritidsaktivitet indikerer eit stort publikumspotensial. Eit slikt potensial bør òg finnast i nye folkegrupper med eigne dansetradisjonar. Moderne dans har for få visingsstader rundt om i landet, og ei kunstform som sjeldan vert vist, får heller ikkje stor etterspurnad. Tilrettelegging av arenaer og utvikling av interesse for dans hjå eit større og meir samansett publikum er difor to sider av same saka.

Utøving av dans stiller særlege krav til spelestade ne når det gjeld kapasitet, utstyr og formidling.

Dei tre scenene innanfor Nettverk for scenekunst stettar desse krava, men har behov for auka ressursar for å kunna ivareta formidlinga på ein betre måte. Institusjonsteatra har på si side utstyr og kapasitet, men få har røysle med formidling av dans. For å få dansen inn på nye arenaer er det difor behov for nytenking som inkluderer nye aktørar og nye samarbeidsformer, ressursar til utvikling av fleksible spelestader og styrkt formidlingskompetanse.

I samarbeid med *Senter for dansekunst* har departementet arbeidd for å etablira ei eiga scene for moderne dans i Oslo. Ei slik scene skal utviklast til ein profesjonell arena for produksjon og formidling av moderne dans, til kompetansesenter og møteplass. Det er viktig å sikra samarbeid med etablerte institusjonar og andre dansemiljø. Det er planar om førebels å etablira ei slik scene i Det Norske Teatret. Det er naudsynt med statleg støtte til husleige og drift. I tillegg vil det verta sett av eigne midlar til eit tidsavgrensa utviklingsprogram knytt til den nye scena. Vonleg vil ei permanent dansescene kunna innpassast i utbygginga på Vestbane-tomta.

Folkedans er sett i samanheng med folkemusikk og drøfta i kap. 7.8.

#### **8.4.4 Særskilt om dansarane i *Carte Blanche***

*Carte Blanche* er landets einaste institusjon for moderne dans. Institusjonen held til i Bergen og vart etablert i 1990. Det offentlege eig institusjonen, som er finansiert med 70 pst. frå staten og 30 pst. av regionale styresmakter.

Dansarar har til vanleg ein aktiv yrkeskarriere på inntil 20 år. For dansarane ved Nasjonalballetten er det etablert ei pensjonsordning frå fylte 41 år. Dansarane i *Carte Blanche* har ikkje ei slik ordning, og pensjonsalderen for desse dansarane er difor den vanlege på 67 år. Med di det er uråd å vera aktiv dansar til fylte 67 år, og for å tryggja *Carte Blanche* som aktivt dansekompagni er det naudsynt å koma fram til ei ordning som gjer det mogeleg for *Carte Blanche* å avslutta tilsetningsforholdet til dansarane når karrieren som aktiv dansar er over. *Carte Blanche* har sjølv utarbeidd eit forslag til ei slik ordning.

Departementet ser positivt på framlegget frå *Carte Blanche*. Det er likevel naudsynt å vurdera opplegget nærare. Det er naturleg at dei regionale eigarane og finansieringspartane medverkar til opprettning og drift av ordninga i høve til den ordinære fordelinga av tilskot til *Carte Blanche* med maksimum 70 pst. frå staten og minst 30 pst. frå regionen. Departementet vil koma attende til saka i budsjettsamanheng.



Figur 8.2

## 8.5 Frie sceniske grupper

*Mangfaldet av scenekunstnarar og sceniske grupper utan fast tilknyting til institusjonar er ein viktig ressurs både for kunstnarleg nyskapning og for formidlingsmessig nytenking og fleksibilitet. Det må finnast tilskotsordningar og samarbeidstilbod som i rimeleg utstrekning gjev desse aktørane handlingsrom og oppdrag og sikrar gode produksjonar eit større publikum.*

### 8.5.1 Tilbod og publikum

Frie sceniske grupper innanfor teater og dans har vakse fram først og fremst i løpet av dei siste to-tre tiåra. I dag er dette eit mangslunge felt med høg aktivitet. Somme grupper har arbeidd i lag i mange år, andre har ein klart tidsavgrensa prosjektkarakter. Tilskotsordninga for fri scenekunst under Norsk kulturråd er den sentrale finansieringskjelda for desse aktivitetane. I 2003 er det sett av 27,5 mill. kroner til denne ordninga. Framsyningar for born og unge i regi av frie sceniske grupper vert i stor grad formidla gjennom Norsk Scenekunstbruk. I 2000 turnerte 19 produksjonar for born, i 2001 var talet 29, og i 2002 hadde dette auka til 39.

I tillegg har Norsk kulturråd fleire andre ordningar som har interesse for det frie feltet, slik som tilskotsordninga for ny norsk dramatikk og ny norsk koreografi, aspirantordninga for kunstnarar i etableringsfasen og gjestespelordninga. Fond for lyd og bilet og Fond for utøvande kunstnarar er også viktige for scenekunsten utanfor institusjonane ved at dei yter tilskot til produksjonar m.m.

Ei evaluering av stønadsordninga for fri scenekunst har som hovudbodskap at dei økonomiske rammene er for små, og at vektlegginga av at pro-

sjekta skal vera nyskapande, har skapt ein vanskeleg situasjon for dei gruppene og scene-kunstnarane som først og fremst er opptekne av å formidla scenekunst til visse målgrupper, særleg born og unge.

Dei auka løyingane til Den kulturelle skulesekken vil kunna representera eit nytt handlingsrom for frie grupper innanfor scenekunstfeltet. I 2003 er det sett av 5 mill. kroner øyremerkte til scenekunstprosjekt, og i St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken* er det skissert at denne summen vil kunna aukast til 13 mill. kroner i 2005. I tillegg kjem prosjekt som fylkeskommunane i samarbeid med kommunane og skulane initierer innanfor rammene av den øyremerkte tildelinga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken.

### 8.5.2 Evaluering av tilskotsordninga for fri scenekunst

Då den noverande stønadsordninga for fri scenekunst vart endra frå 1998, vart det lagt til grunn at ho skulle vurderast på ny etter tre år. Endringane i ordninga skulle medverka til auka fleksibilitet og til å styrkja profesionaliteten i feltet. Stønadsordninga har til føremål å styrkja nyskapande scenekunst utanfor dei offentlege institusjonane. Det ligg føre ei evaluering av ordninga (Norsk kulturråd 2001, rapport nr. 23).

Evalueringa syner at ordninga har fanga opp den eksperimentelle fløya av feltet betre enn den meir målgruppeorienterte. Stønadsordninga er ei avgjerande finansieringskjelde for den frie scenekunsten, og søknadsmengda er mange gonger større enn dei tilgjengelege ressursane. Evalueringa viser at det er ei tilbakevendande problemstilling at ordninga på den eine sida skal ivareta veltablerte prosjekt, og på den andre syta for at nye og unge prosjekt slepp til. Det er sett fram ynske om å splitta ordninga i høve til geografi, kunstartar, publikumsmålgrupper og mellom yngre og eldre deltagarar i feltet. I rapporten vert det argumentert imot at ei oppsplitting vil løysa dei problema delta-karane i feltet ser.

Hovudtendensen i høyringsfråsegnene er at stønadsordninga har styrkt den frie scenekunsten, men at knappe rammer har ført til hardare tevling og mindre breidd i tildelingane. Det vert etterlyst ein auke i midlane til ordninga og friske midlar til infrastruktur, arenaer og formidling og at lengre tidsavgrensa prosjekt bør få statlege midlar direkte frå departementet for å avlasta stønadsordninga. Ein del meiner at ordninga bør ivareta eit større spekter av den frie scenekunsten, og at kravet om nyskapning bør strykast som tildelingskriterium.

Somme ynskjer tilbod til born og unge inn som eit tildelingskriterium. Nokre meiner at handsaming av søknader og rettleiing andsynes dansemiljøa bør styrkjast. Delar av dansemiljøet ynskjer ei eiga stønadsordning for dans.

## 8.6 Nærare om stønadsordningar

Det er uråd å fremja den frie scenekunsten og kunstartane opera og dans i Noreg utan tilførsle av større offentlege tilskot enn i dag. Ein stor del av dei auka tilskota bør gå til stønadsordningar som fremjar fleksibilitet.

Departementet vil i samarbeid med Norsk kulturråd vurdera naudsynte justeringar av kriteria for midlar til fri scenekunst. Ein skal òg sjå på utforminga og forvaltninga av dei relevante tilskotsordningane. Krav om nyskapning for å fremja samtidskunsten skal også gjelda i framtida, men det er naudsynt å sikra breidd blant mottakarane. Ein monaleg auke i dei økonomiske rammene må til for å sikra ei finansiering som gjev større breidd og tryggare rammer for den ikkje-institusjonaliserte delen av scenekunstfeltet.

Norsk kulturråd lyt gå gjennom dei noverande støtteordningane for fri scenekunst og gje råd om korleis fordelinga av støtte til de ulike sjangrane innanfor det frie feltet skal organiserast. Det er viktig at ei revidert ordning ikkje medverkar til fragmentering av scenekunstfeltet, og at produksjonar i skjeringspunktet mellom ulike sjangrar ikkje fell utanfor. For å kunna vurdera aktiviteten og utviklinga på feltet kontinuerleg bør støtteordningane femna om både dei etablerte gruppene og nye prosjekt.

Ein må rekna med at situasjonen vil endra seg over år, og det vil difor vera behov for evaluering og nyvurdering av ordningane med jamne mellomrom. Støtte bør kunne gjevast både som eingongsstøtte til einskildprosjekt og som programtilskot over eit visst tidsrom. Noverande finansieringsordningar har lagt hovudvekta på produksjon framom formidling. Dei framtidige ordningane må òg omfatta støtte til formidling, til dømes til turnéar og gjestespel.

Gjestespelordninga gjev hove til å ta opp att produksjonar, og dessutan vert det gjeve støtte til reiser, diett og opphold utanfor produksjonsstaden både for institusjonsteatra og for frie prosjekt. Ho gjer det òg mogeleg å ta mot gjestespel frå inn- og utland som del av ei internasjonalisering av scenekunsten. Gjestespelordninga har til no vore ei forsøksordning. Dei gode røynslene tilseier at ho no

vert etablert som ei fast ordning, og utvida til også å gjelda turnéar.

Det bør òg leggjast til rette for midlar til tiltak med amatørinnslag, særleg til distriktsopera og dans. Siktemålet med dette vil vera både kunstnarleg og allmennkulturelt, å stimulera tiltak som har som mål å få til eit samarbeid mellom amatørar og profesjonelle, og å utvikla lokal kultur.

## 8.7 Turnéar og gjestespel

*Gjennom turnéar og gjestespel får publikum i ulike delar av landet betre tilgang til gode teaterproduksjonar. Det må til kvar tid liggja til rette for at både den institusjonaliserte delen av teaterfeltet og dei frie sceniske gruppene kan delta som viktige aktørar i slik desentralisert formidling.*

### 8.7.1 Riksteatret

Riksteatret er organisert etter lov om Riksteatret frå 1948. Teateret er tillagt ei sentral rolle i formidlinga av scenekunst. I § 1 fyrste leden i lova heiter det at «Riksteatret har til føremål å fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i bygd og by og på andre tenlege måtar å auka kjennskapen til god dramatisk kunst».

Riksteatret vitjar 66 faste stader fleire gonger årleg, men framsyningars av dans er avgrensa til 24 stader. Riksteatret har eit eige figurteaterensemble.

Gjennom eit omfattande nettverk av spelesterader og lang erfaring med å tilby danseframsyningar vil Riksteatret kunna ivareta ein viktig funksjon i gjennomføringa av Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett, jf. kap. 8.4.1 og 8.4.2.

Repertoaret til Riksteatret er dels eigne produksjonar, dels samproduksjonar med andre teater og grupper og dels formidling av oppsetjingar som andre teater eller frie grupper har arbeidd fram.

Departementet ser det som heilt vesentleg at kvalitetsproduksjonar når eit størst mogeleg publikum på den mest kostnadseffektive måten. Riksteatret må sjølv vurdera korleis dette best kan skje i samband med kvar einskild produksjon og innanfor eit heilskapleg repertoar. Departementet vil følgja opp dette i den løpende dialogen med Riksteatret.

Den gode tilgangen på teaterproduksjonar frå både institusjonar og frie grupper tilseier likevel at Riksteatret i tråd med forslaget frå scenekunstutvallet skal prøva ut ulike former for samarbeid med teater og frie grupper og prioritera arbeidet med å

formidla oppsetjingar som er arbeidde fram av andre. For å letta ei slik omlegging ventar departementet at teaterinstitusjonane har for auga at ein nærmare definert del av oppsetjingane skal kunna tilpassast eit turnéformat. Det inneber at det må stilst last nye krav til teaterinstitusjonane. Det inneber òg at Riksteatret må leggja om arbeidsmåtane sine. Teatret kan byggja ned det fast tilsette skodespela-rensemblet sitt. Departementet legg til grunn at omlegginga av verksemda i Riksteatret bør gjen-nomførast over ein treårsperiode.

Departementet ser ikkje lenger noko grunnlag for å ha ei eiga lov om Riksteatret og vil fremja ein proposisjon om å oppheva lova.

### **8.7.2 Anna turnéverksemد**

Ein stor del av turnéverksemda på scenekunstfel-tet skjer ubunde av Riksteatret, ikkje minst i regi av dei regionale teaterinstitusjonane, og det er særleg dei mindre teatra som utmerkjer seg på dette området. I 2001 hadde til dømes Nordland Teater eit publikum på i alt 35 780. Av dette var berre 5 631 på den faste spelestaden i Mo i Rana, resten – 84 pst. – oppsøkte dei nærmare 30 andre stadene som teatret vitja.

Eit anna døme kan vera Hordaland Teater, som i 2002 hadde framsyningars i 29 av dei 33 kommunane i Hordaland. Av i alt 263 framsyningars vart 81 viste på den faste tilhaldsstaden på Stend, 29 utan-for fylket og 153 på turné i Hordaland.

Gjestespelordninga under Norsk kulturråd, som innanfor ei ramme på om lag 2,5 mill. kroner årleg gjev tilskot til eit femtals tiltak, framstår som eit eigna verkemiddel for å få formidla gode scene-kunstproduksjonar både i og utanfor Noreg.

Black Box Teater i Oslo, BIT Teatergarasjen i Bergen og Teaterhuset Avantgarden i Trondheim presenterer scenekunstuttrykk frå samtidia og samarbeider om formidling gjennom Nettverk for scenekunst. Det kan vera aktuelt å knyta fleire scener til dette vellukka samarbeidet, men eit vilkår for auka statleg innsats lyt vera at det òg er vilje til å prioritera dette på lokalt og regionalt nivå.

Norsk Scenekunstbruk er ei formidlingsordning for frie grupper, og 13 fylke er involverte i ordninga, dvs. at dei respektive fylkeskommunane del-finansierer tilbodet. Det vert formidla framsyningars for ulike målgrupper, men ikkje minst for born og unge. Gode produksjonar som vert formidla gjennom Norsk Scenekunstbruk, har gjerne lang levetid, dvs. at dei turnerer i fleire år. I samband med utviklinga av Den kulturelle skulesekken er det sannsynleg at Norsk Scenekunstbruk både vil kunna få utvida etterspurnaden monaleg og sam-

stundes få lettare tilgjenge til ressursar for å leggja til rette produksjonar for elevar i grunnskulen.

## **8.8 Sending av scenekunst-framsyningars i etermedium**

Gjennom lang tid har det vore eit uttalt ynske om å auka talet på transmisjonar av scenekunstframsyningars i etermedium. Saka har vore omtalt i budsjettproposisjonane gjennom fleire år og har òg vore kommentert i budsjettinnstillingane, sist i Budsjett-innst. S. nr. 2 (2003–2003), då familie-, kultur- og administrasjonskomiteen uttalte følgjande:

«Komiteen har merket seg at det fortsatt arbeides med å realisere planen om utvidelse av antall radio- og TV-transmisjonar, i første rekke fra Den Norske Opera. Særlig sett på bakgrunn av den planlagte offentlige satsingen på opera- og ballettkunst, mener komiteen det må legges økt trykk på begge parter for å sikre at publikum uansett bosted skal kunne oppleve flest mulig oppsetninger.»

Departementet har i fleire år stilt krav til dei aktuelle institusjonane om å medverka til at framsyningars kan få ei best mogeleg spreiing gjennom transmisjonar.

Kultur- og kyrkjedepartementets rolle i høve til scenekunstinstitusjonane må først og fremst vera å sikra deira aktive medverknad til at talet på transmisjonar vert auka. Institusjonane har ei todelt oppgåve, for det første tilrettelegging i høve til kringkastarane, for det andre å avklara spørsmål som gjeld dei tilsette og organisasjonane deira, slik at kringkastarane berre får éin part å halda seg til, institusjonsleinga. Dei to oppgåvene heng nært i hop.

Det har vore hevdat at avtalemessige tilhøve gjer det vanskeleg å få til ein meir regelmessig frekvens i talet på transmisjonar. Men dette er praktiske spørsmål som må kunna finna si løysing. Kultur- og kyrkjedepartementet vil vidareføra og styrkja arbeidet med å stimulera statleg støtta scenekunstinstitusjonar til å forenkle det interne avtaleverket for slik å betra situasjonen. Det er svært positivt at Den Norske Opera no – som ei oppfølging av forhandlingane med NRK – har inn-gått avtale med alle sine interne utøvargrupper, noko som medverkar til enklare handtering av transmisjonar.

I dei årlege framlegga til statsbudsjett vil departementet som ei eiga insentivordning leggja inn særskilde midlar som kan kanaliserast til dei sce-

nekunstinstitusjonane som prioriterer tilrettelegging av transmisjonar, slik at forhandlingar om transmisjonar kan skje heilskapleg mellom leiinga for institusjonen og medieselskapa.

Som lisensfinansiert allmennkringkastar har NRK eit særleg ansvar for å medverka til ein høgare frekvens og større regularitet av transmisjonar. Med tanke på den sterke offentlege satssinga på scenekunst i Noreg vil ein slik kunna sikra at langt fleire menneske uavhengig av bustad kan få oppleva scenekunst.

Departementet har teke saka opp med NRK, som uttrykkjer positiv vilje til å auka talet på trans-

misjonar som ein del av sitt løpende programtilbod. Departementet vil rapportera om utviklinga i saka i dei årlege budsjettproposisjonane.

Transmisjon bør ikkje avgrensast til allmennkringkastarane. Den veksande utbreiinga av breibandkapasitet opnar for at publikum kan sjå transmisjon på Internett. Dette inneber at fleire produksjonar kan formidlast til publikum uavhengig av sendetidspunkt. Mogelege startpunkt for slik transmisjon kan vera heimesidene til einskildinstitusjonar, Kulturnett Noreg eller ulike portalleverandørar.

## 9 Film m.m., dataspel og kino


### 9.1 Omlegginga av den statlege filmpolitikken i 2001

Etter ei omfattande evaluering vart den statlege filmpolitikken vesentleg endra i 2001, jf. St.prp. nr. 1 (2000–2001) og Budsjett-innst. S. nr. 2 (2000–2001)). Hovudmålet med omlegginga var auka publikumsoppslutnad om norske filmar i alle fram-syningsformer. Andre mål var å gjera kontinuiteten i bransjen sterkare og betre, å auka innslaget av privatkapital i filmproduksjonen og ein meir effektiv bruk av statlege ressursar på området. Det vart vurdert som naudsynt å få ei klårare ansvars- og oppgåvedeling mellom staten og bransjen, for dermed å gje filmbransjen større ansvar og fridom. Følgjande prinsipp vart lagde til grunn: Staten sitt ansvar er å leggja tilhøva til rette for bransjen gjennom ulike støtteordningar og andre tiltak, men staten skal ikkje ta på seg oppgåver som private kan ta ansvaret for på ein fullgod måte. Bransjen har ansvar for produksjon, medrekna idéskaping, prosjektutvikling, produksjon, marknadsføring og sal.

Omlegginga omfatta både støtteordningane og forvaltninga av dei. Filmforvaltninga vart omorganisert slik at verksemda vart reindyrka med omsyn til kva målgrupper verksemdene skal yta tenester til, og kva funksjonar dei skal ha ansvaret for, jf. omtale under kap. 4.3.2. Regelverket for tilskotsordningane vart endra i tråd med målsetjingane, mellom anna vart det innført ei ordning med tilbakebetaling av tilskot. Ordninga inneber at for filmar som går med overskot, må produsenten betala attende til fondet noko av tilskotet. Vidare vart det oppretta to nye tilskotsordningar, tilskot etter marknadsvurdering og i form av produsent-lån.

Det vart lagt til grunn at dei nye ordningane skal evaluerast innan fem år etter at dei vart sette i verk.

Departementet vil elles visa til at audiovisuelle tenester er omfatta av EØS-avtalen og må såleis følgja reglane for statsstøtte. Det inneber mellom anna at tilskotsordningane må godkjennast av ESA, EFTAs overvakingsorgan for EØS-avtalen. Nogjeldande forskrift for tilskotsordningane er godkjend av ESA og gjeld fram til februar 2007. EU-kommisjonen har uttala at retningslinene for stats-



Figur 9.1

støtte til film i EU-landa gjeld fram til juni 2004; deretter skal dei reviderast, jf. COM(2001) 534 final. Dette vil òg verka inn på ESAs vurdering/godkjenning av støtteordningar i EØS-landa.

### 9.2 Filmen og det audiovisuelle området fram mot 2014

Vurdert i høve til publikumsoppslutning på kino, video og fjernsyn er filmen det viktigaste kulturuttrykket i vår tid. I tillegg er det ein stor og aukande bruk av nye digitale innhaldsprodukt. Særleg er det kraftig vokster i produksjon og bruk av dataspel. Film og andre audiovisuelle produksjonar vil difor verta endå meir sentrale i kultur- og mediebiletet, særleg for den yngre generasjonen. Marknaden er dominert av utanlandske produksjonar, særleg angloamerikanske. Som regel er desse produ-

serte for ein internasjonalt og global marknad. Dette gjeld både film og nye digitale produksjonar, som dataspel.

Produksjon av film, dataspel m.m. er svært kostbart. Det kostar det same å produsera ein film eller eit dataspel i Noreg som i eit land med langt større marknad og med sjansar for større inntening. Departementet meiner difor at det er ei offentleg oppgåve å tryggja at det i eit lite land som Noreg er eit tilbod av film og andre audiovisuelle produksjonar som reflekterer vår historie, vår kultur og vårt språk. Det er behov for kvalitetsprodukt som alternativ til dei mange valds- og action-prega dataspela som i dag vert tilbodne på marknaden.

Hovudmålet er å sikra eit godt og mangfaldig norsk audiovisuelt tilbod. For å få til dette er det framleis naudsint med omfattande statleg støtte til film og andre audiovisuelle medium. Det er særleg viktig å syta for at born og unge får tilgang til audiovisuelle produksjonar med høg kvalitet, også når det gjeld dataspel.

Departementet vil vidareføra hovudstrukturen i den omlagde filmpolitikken frå 2001. Departementet legg til grunn at ei evaluering av filmpolitikken og ordningane skal setjast i gang seinast i løpet av 2005, jf. kap. 9.1. Alt no er det likevel behov for nokre justeringar tufta på resultata og røynslene så langt.

Norske filmar kan visa til høgare publikumstal enn på lenge, og 2003 ser ut til å verta eit av dei beste åra i den historia norsk film kan visa fram. Dette kjem til uttrykk ved auka aktivitet i form av fleire produserte filmar, men òg ved at publikumsoppslutnaden om fleire filmar jamt over er høgare enn tidlegare. Norsk film er i ferd med å få betre omdøme hjå det norske publikumet, særleg blant den yngre generasjonen. Det har òg vore ein gledeleg auke i talet på barnefilmar. *Norsk filmfonds* del av finansieringa går ned og ligg no samla sett på litt over 50 prosent. Desse utviklingstrekka kan vera eit mellombels oppsving, men departementet meiner det er grunn til å tru at ein meir målretta filmpolitikk og eit høgt nivå i filmløyvingane er ei viktig årsak til utviklinga, og at oppsvinget vil vara, både når det gjeld filmproduksjon og publikumsoppslutnaden.

Dei auka publikumstala medfører at samla utbetaling av billettstøtte vert større. Auka billettstøtte medfører at dei disponibele midlane i Norsk filmfond til produksjon av nye filmar vert reduserte tilsvarande. Ein må kunna venta at somme av desse midlane vert kanaliserte inn i nye filmprosjekt, men det er per i dag ikkje knytt nokon plikter til bil-

lettstøtta. Denne utviklinga har skjedd raskare enn venta, og det er difor allereie no behov for å vurdera reglane. Departementet har sett i gang dette arbeidet i samarbeid med Norsk filmfond og filmbransjen.

Eit anna viktig resultat av omlegginga er at ein redusert del av dei statlege midlane går til administrasjon, og at støttemidlar til filmproduksjon i regi av den private bransjen har auka tilsvarande. Vidare er det no ei langt klårare ansvarsdeling mellom staten og bransjen og mellom dei ulike statlege forvaltningsorgana.

På kurs- og etterutdanningsområdet har omlegginga ikkje gjeve tilfredsstillande resultat. I St.prp. nr. 1 (2002–2003) rådde difor departementet til å leggja om organiseringa av dette området. Det vart føreslått å avvikla drifta av *Norsk filmutvikling* og konkurranseutsetja kurs- og etterutdanningsverksamda på filmfeltet. Målet med omlegginga var å effektivisera filmverkemidla endå meir. Stortinget sa seg samd i behovet for ei sterkare målretting av området og bad departementet gjera ei meir omfattande evaluering og koma attende med spørsmålet til Stortinget seinast i statsbudsjettet for 2004. Departementet har gjennomført evalueringa og kjem tilbake til saka i statsbudsjettet for 2004.

### **9.3 Nye tilskotsordningar til fjernsynsproduksjon og nye medium**

For å styrkja den audiovisuelle sektoren ytterlegare vart det i budsjettproposisjonen for 2003 gjort framlegg om å oppretta to nye tilskotsordningar, tilskotsordning for fjernsynsproduksjonar med høg kvalitet og ei forsøksordning med tilskot til prosjektutvikling innanfor nye medium. Stortinget slutta seg til dette.

Om tilskot til nye medium heiter det i St.prp. nr. 1 (2002–2003) at dataspel er eit område med kraftig vekst, og at utviklinga vert styrt av store internasjonale selskap. Produkta er primært innretta mot born og unge. Det er behov for alternativ til den ofte valdelege og action-prega underhaldninga som dei unge ofte møter i desse spela. For å sikra betre tilgjenge til alternative produkt med norsk språk og innhald vart det i statsbudsjettet for 2003 oppretta ei forsøksordning med tilskot til prosjektutvikling innanfor nye medium. Målgruppa for ordninga er uavhengige produsentar. Ein tek sikte på å gjera denne ordninga permanent og at løyvinga skal aukast.



Figur 9.2

## 9.4 Kino

### 9.4.1 NOU 2001: 5 Kino i en ny tid

Kinopolitikkutvalet la 13. desember 2000 fram NOU 2001: 5 *Kino i en ny tid* for Kulturdepartementet. Innstillinga har vore på høyring.

Utalet konkluderte med at den norske kinomarknaden har fungert godt og har teke vare på folk sine interesser på ein god måte. Vi går oftare på kino, kinobillettane er stort sett billegare, og repertoaret i Noreg er generelt sett breiare enn i grannelanda. Den norske driftsmodellen med ei hovudvekt av kinoar i kommunal eige er eit markant særtrekk i høve til andre land. Utalet la til grunn at den gjeldande ansvarsdelinga mellom staten og kommunane bør halda fram. Departementet sluttar seg til denne vurderinga.

Utalet fremja ei rekke forslag til justeringar av kinopolitikken. Fleirtalet av forslaga rettar seg mot kommunane og kinoorganisasjonane.

Norsk kinopolitikk kviler på tre hovedpilarar; den kommunale konsesjonsordninga, Norsk kino- og filmfond og filmleigeavtalen. Fondet og konsesjonsordninga er heimla i lov om film- og videogram, medan filmleigeavtalen er ein privatrettsleg avtale.

### 9.4.2 Den kommunale konsesjonsordninga

Den kommunale konsesjonsordninga for kinodrift vart skipa 1913. Styresmaktene grunngav i hovudsak ordninga med omsynet til kontroll og folkeopplysning. Dei fleste kommunar tildelte konsesjonen for drift av kino til seg sjølv av dei nemnde grunnane (folkeopplysning og kontroll), men truleg òg av di kinoane den gongen gav store inntekter. Av dei om lag 250 kinoverksemndene i landet er dei fleste framleis på kommunale hender. Med unnatak for tolv kinoverksemder driv norske kinoar no med underskot, og det store fleirtalet kommunale kinoar er i dag avhengige av tilskot for å driva i balanse. Dei strukturelle og økonomiske rammene for drift av kinoar gjer at mange kommunar mellom anna vurderer sal til private og samanslåing i interkommunale selskap eller regionale kjeder. Privatiseringa har likevel ikkje gått så snøgt som mange venta seg for berre eitt år attende. Framleis er om lag 87 pst. av dei norske kinoane i kommunal eige. Eit døme på kommunalt samarbeid er selskapet Norsk kinodrift, som no driv tolv kinoar kring i landet på vegner av kommunane. Det er Bergen og Trondheim kommunar som eig selskapet.

Kinoutvalet viste til dei positive verknadene som er nemnde under kap. 9.4.1, og meinte at det er naudsynt å føra vidare konsesjonsordninga for kinodrift, og at kommunane framleis bør handheva ordninga. Departementet sluttar seg til denne vurderinga.

Utalet peikte likevel på at fleire kommunar ikkje praktiserer konsesjonsordninga i samsvar med intensjonane, og at dette svekkjer legitimeten til ordninga. Utalet meinte difor at det er naudsynt å presisera vilkåra konsesjonsgjevaren kan leggja til grunn i vurderinga av søknader om konsesjon, og legg fram ei rekke forslag til endringar i lov om film- og videogram. Framstillinga i utvalet si innstilling gjev grunn til å tru at problemet i fyrste rekke ligg i korleis konsesjonsgjevaren praktiserer lova, og ikkje sjølv ordlyden i lova. Dersom forslaga vert sette i verk, vil dei utelukkande kodifisera rettstilstanden eller regulera tilhøve som alt er regulerte i forvaltningslova eller gjennom prinsippa for god forvaltingsskikk. Departementet legg til grunn prinsippet om at bruken av verkemiddel bør stå i høve til målet med inngrepet. Det vil innebera eit utilbørleg inngrep å regulera i lov når informasjonstiltak vil vera høvelege og dekjande.

Kinobransjen fungerer godt og framstår som ein seriøs bransje. Departementet kan ikkje sjå sterke grunner for å endra lova om film og video-

gram, men vil utarbeida ein strategi i samråd med Kommunenes Sentralforbund for å gje kommunane informasjon som kan tryggja ei meir korrekt praktisering av konsesjonsordninga.

#### **9.4.3 Film & Kino og Norsk kino- og filmfond m.m.**

*Norsk kino- og filmfond* får inntekter frå ei avgift på omsetnad av film og videogram i næring, fastsett i forskrift med heimel i lov om film og videogram. *Film & Kino*, organisasjonen for dei kommunale kinoane, styrer fondet. Avgifta er i dag 2,5 pst. av brutto omsetnad på kinobillettar og kr 3,50 på kvar videokassett som vert seld eller leigd ut. Avgifta gav til saman om lag 37 mill. kroner i inntekter i 2000. Inntektene dekkjer mellom anna tilskot til bygdekinoen, importstøtte for kvalitetsfilm, barnefilmstøtte, rådgjevingstenester, kurs og seminar, støtte til *Norsk filmklubb forbund* og ulike filmfestivalar. Det vert òg gjeve midlar mellom anna til kompetansehevande tiltak i regi av videobransjen.

Overgangen til digital distribusjon og framsyning av film har gått mykje saktare enn det ein trudde for berre nokre få år tilbake. Men når overgangen kjem, vil han vera ei stor utfordring for kinobransjen. Digitaliseringa inneber investeringar i utstyr som vil svekkja lønsemda og dermed truger eksistensen til dei minst lønsame kinoane og den norske kinostrukturen. Dei høge investeringeskostnadene som elektronisk distribusjon og framsyning fører med seg, vil truleg medverka til at kommunal kinodrift vert svekt. Innsparinga frå meir rasjonell distribusjon vil truleg fyrst og fremst koma produsentane og distributørane til gode. Kinobransjen har internasjonalt framleis ikkje vorte samd med seg sjølv om kva for format som skal nyttast til digital filmframsyning. Det er viktig å einast om eitt format, slik at ein ikkje får den same utviklinga som på videoområdet, der det har vore fleire ulike standardar som har konkurrert med kvarandre.

Utalet meinte det er naudsynt å etablera tiltak som kan letta investeringar i overgangen til digital distribusjon og framsyning, og legg fram eit forslag om ein auke i avgifta på film- og videogram på 1 pst. øyremerkt til føremålet. Utalet meinte at staten i tillegg må løyva pengar til investeringar i digitalt utstyr over statsbudsjettet. Fleire høyringsinstansar var usamde i forslaget, mellom anna av di det vil svekkja inntektene frå kinoane ytterlegare. Frå videobransjen vart det reist tvil om avgifta og ei øyremerking til kinoføremål er i samsvar med konkurranseretten, EØS-retten og forvaltningsretten.

Med di utviklinga av digital distribusjon og framsyning går seinare enn ein hadde trudd, meiner departementet at det på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt å vurdera ein slik øyremerkt auke i avgifta som utvalet gjorde framlegg om. Departementet har difor heller ikkje vurdert nærmere det rettslege grunnlaget for ei slik endring. Departementet vil følgja utviklinga på området nøyne.

#### **9.4.4 Filmleigeavtalen**

Filmleigeavtalen er ein avtale mellom *Norske Filmbyråers Forening* og Film & Kino og regulerer prisar på filmleige på grunnlag av inntektene til kinoane. Avtalen medverkar slik til å halda ved like ein landsdekkjande kinostruktur. Det er i fyrste rekje dei minste og mellomstore kinoane som har fordel av avtalen. Konkurransestyresmaktene har i handsaminga av tidlegare avtalar i fyrste omgang gjort vedtak om at avtalane er i strid med konkurranse-lova, men likevel etter klage gjeve avtalane dispensasjon frå lova av distriktpolitiske og kulturpolitiske omsyn. Ein ny filmleigeavtale tok til å gjelda 2. januar 2002. Oslo kommunale kinematografer (OK) valde denne gongen å stå utanfor avtalen og forhandlar i staden direkte med distributørane. I mars 2002 klaga OK filmleigeavtalen inn for ESA, då dei meiner avtalen er i strid med konkurranse-reglane i artikkel 53 i EØS-avtalen.

ESA avgjorde i desember 2002 å formelt reisa sak mot Norske Filmbyråers foreining og Film & Kino for brot på artikkel 53 i EØS-avtalen. Partane hadde frist ut februar 2003 for å koma med sine syn i saka. Saka er no til handsaming hjå ESA. Det er ikkje venta noka avgjerd i saka før tidlegast hausten 2003.

Filmleigeavtalen er ein privatrettsleg avtale. Ein fyrste føresetnad for at avtalen vert ført vidare, er sjølvsagt at partane ynskjer det. Formelt har ikkje departementet korkje noko med filmleigeavtalen eller prosessen i høve til ESA å gjera. Det er likevel viktig ut frå både kultur- og distriktpolitiske årsaker å halda oppe ein avtale som tryggjer kinodrifta i heile landet. Ei mogeleg løysing som Film & Kino no arbeider med, er å inngå avtalar med kvart einskilt byrå og å la desse avtalane gjelda for dei minste kinoane, til dømes dei med eit årleg publikumstal på opp til 200 000. Ei slik løysing vil innebera at om lag 10 kinoar innanfor Film & Kino-systemet vert haldne utanfor avtalen. Denne løysinga vil vera viktig frå ein distriktpolitisk synsstad.



Figur 10.1

## 10 Biletkunst, kunsthandverk, arkitektur, design og offentleg rom

### 10.1 Innleiande merknader

Hovudprosjektet innanfor dette saksområdet det komande tiåret vil verta å få utvikla det nye Nasjonalmuseet for kunst som formidlingsarena for heile nasjonen, som museumsinstitusjon med internasjonal slagkraft og som fagleg nav i eit mangslunge nettverk av store og små aktørar innanfor dette oppgåvefeltet.

Det norske museumslandskapet er under omskaping, noko det vert gjort nærare greie for i kap. 11.6. I hovudstaden har dette alt fått omfattande konsekvensar på kunstmuseumsmrådet. I Sogn og Fjordane er ei rad småmuseum i ferd med å verta knytte i hop med det nye Sogn og Fjordane kunstmuseum. Prosessar er i gang i andre regionar òg, men resultata er førebels ikkje klare. Aktuelle tiltak kan både vera å knyta i hop sjølvstendige kunstmuseum og å knyta slike i hop med andre kulturhistoriske museum. Staten vil leggja til rette for tenlege endringar gjennom økonomiske verkemiddel, men den valde løysinga må vinna oppslutnad regionalt, dersom resultatet skal fungera godt.

Jamvel om musea er viktige, er det andre aktørar som utgjer det store talet einingar på dette kunstområdet. Som på andre kunstfelt vil desse ha ein flyktig karakter. Dei kan vera nyskapande og fortuna offentlege tilskot i ein periode, men det er inga ulukke om dei etter nokre år krev frå arenaen. Likevel er det eit mål at alle som permanent eller temporært tek del i dette kunstfeltet, skal kunna vera med i eit nettverk som alt i alt femner om eit breitt spektrum av kunstnarleg, fagleg og institusjonell kompetanse.

Slik det er gjort greie for under kap. 4.3.5, spelar ordningane med stipend og garantiinntekter for kunstnarar ei overlag viktig rolle på dette kunstfeltet. Om lag 70 pst. av garantiinntektene og om lag 44 pst. av arbeidsstipenda går til biletkunstnarar, kunsthåndverkarar m.m.

Det kulturelle mangfaldet som pregar det norske samfunnet i dag, avspeglar seg hittil i liten grad på biletkunstfeltet. Ei mogeleg årsak til dette er skilnadene i kunstnarleg profesjonsforståing mellom vestleg og ikkje-vestleg kunst. Følgjeleg er det

naturleg å søkja etter tiltak som kan fremja samforståing, tilvenjing og tilpassing.

Profesjonalisering av biletkunstnarar med minoritetsbakgrunn lyt skje på deira eigne premisser og gjennom aktiv deltaking i kunstfeltet, både i dei etablerte kunstinstitusjonane og på alternative møteplassar. Ei synleggjering av det kulturelle mangfaldet krev utvikling av turvande kunstfagleg kompetanse på området. Institusjonane innanfor kunst- og utdanningssektoren bør samarbeida for å tryggja rekruttering av studentar, kunstnarar og kunstfagleg personale med minoritetsbakgrunn. Musea og andre med formidlingsoppgåver lyt utvikla strategiar for å trekka til seg publikumsgrupper med minoritetsbakgrunn.

Det er store utfordringar i det offentlege rommet når det gjeld tilgjenge for alle. Prinsippet om universell utforming stiller krav til offentleg tilgjengelege bygningar, buområde og møteplassar. Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvar for å stimulera til at dette vert etterlevd innanfor saksområdet åt departementet.

Kvaliteten på våre fysiske omgjevnader vil framleis vera eit prioritert område i kulturpolitikken det komande tiåret. Gode stader og møteplassar i by og bygd verkar positivt inn på folks levekår. Estetisk kvalitet i buområde skaper identitet og rammer for eit godt miljø. God arkitektur og design og kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og rom er i denne samanhengen viktig. Ein best mogeleg samordna innsats frå dei mange aktørane som er involverte i forma av omgjevna, vil vera eigna til å styrkja vektlegginga av den estetiske dimensjonen.

### 10.2 Nasjonalmuseet for kunst

*Det kulturpolitiske målet med Nasjonalmuseet for kunst er å skapa ei kunst- og museumsfagleg sterkt plattform for ei brei satsing på formidling av biletkunst, kunsthåndverk, arkitektur og design.*

I eit museumsfagleg formidlingsperspektiv er det meir som sameiner enn som skil desse kunstformene. Ved organisatorisk å samla den museumsfaglege verksemda får ein høve til å spela på

samanhengane og tilnærmingane mellom bilet-kunst, kunsthåndverk, arkitektur og design. Samstundes vil det vera naturleg å markera dei spesi-fikke kjenneteikna som kunstformene har utvikla, både med eit samtidsperspektiv og eit historisk perspektiv.

Det er naturleg at Nasjonalmuseet for kunst vert ei drivkraft i ein landsomfattande innsats for å styrkja formidling av bilet-kunst, kunsthåndverk, arkitektur og design. Medan dei regionale kunstmusea tidlegare måtte ha kontakt med fleire ulike institusjonar når det galdt spørsmål om samarbeid, vil institusjonane no kunna samhandla med éin institusjon. Dette vil mellom anna ha positive verknader for utvikling av tiltak som kan gje bilet-kunst, kunsthåndverk, arkitektur og design større relevans i Den kulturelle skulesekken.

I samsvar med framlegg i St.meld. nr. 22 (1999–2000), abm-meldinga, om å skapa eit sterkt, samorganisert kunstmuseum i Oslo-området har departementet med verknad frå 2003 etablert Nasjonalmuseet for kunst. Institusjonen tek opp i seg museumsverksemda til tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Kunstdistriktsmuseet i Oslo og Norsk Arkitekturmuseum. Det er òg meininga at Riksutstillingar og Henie Onstad kunstsenter skal integrerast i Nasjonalmuseet, men på eit seinare tidspunkt. Ein intensjonsavtale med Henie Onstad kunstsenter omtalar 2005 som integreringsår, medan verksemda til Riksutstillingar skal evaluerast før departementet tek stilling til korleis denne institusjonen skal samorganiserast med Nasjonalmuseet.

Med året 2003 som oppstartår vil departementet dei nærmaste åra følgja opp den satsinga som er kunngjord i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2002–2003), og som Stortinget sluttar seg til i Budsjett-innst. S. nr. 2 (2002–2003) sluttar seg til:

«Flertallet legger til grunn at Regjeringen fortsetter planleggingen og gjennomføringen av Nasjonalmuseet for kunst, i tråd med den opprinnelige målsettingen skissert i ABM-meldingen, og at Regjeringen vil foreslå bevilgninger i henhold til dette.»

Den organisatoriske delen av Nasjonalmuseet for kunst er del av den omfattande samordnings- og konsolideringsprosessen som abm-meldinga gav tilskuv til på museumsområdet, jf. kap. 11.6. Målet er å skapa museumsfagleg sterkare institusjonar som kan bruka meir av dei tilgjengelege ressursane til fagleg arbeid.

Når no det organisatoriske i Nasjonalmuseet for kunst er på plass, vil departementet retta blikket mot bygningsproblema som museumseinin-

gane i Nasjonalmuseet har hatt over lang tid. Utstillings- og andre publikumsareal er små og delvis lite føremålstenlege. Magasinkapasiteten er for liten, og kvaliteten på lokala gjennomgåande därleg. Med tanke på at Nasjonalmuseet har ansvar for store delar av dei viktigaste kunstsamlingane i landet, er det heilt naudsynt å finna gode løysingar på dette, både på kort og lang sikt.

Hovudføresetnaden for ei bygningsløysing for Nasjonalmuseet for kunst er at hovudbasen skal vera i Tullinløkka-området. I tillegg arbeider ein med å finna løysing på bygningsbehova til Norsk Arkitekturmuseum i eit kombinert rehabiliterings- og nybyggprosjekt på Bankplassen 3. Nybygget er avhengig av privat finansiering, og førebels er ikkje slik finansiering sikra.

I abm-meldinga vart det peikt på ei totalløysing som kan vera fullført i 2014. Ei slik løysing er mellom anna tufta på at Universitetet i Oslo flyttar museumsverksemda si frå Historisk museum og Fredriks gate 3 til nybygg på Sørenga, og at Nasjonalmuseet kan få overta desse bygningane. Vidare er det også ein føresetnad at lokala åt Kunstakademiet i den gamle NGO-bygningen skal kunna overtakast av Nasjonalmuseet for kunst.

Departementet følger no eit opplegg som er skissert i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2002–2003):

- Arealbehova for det nye museet må analyserast, mellom anna ved å samanlikna med utanlandske institusjonar som det er relevant å samanlikna med når det gjeld behov for utstillings- og magasinareal.
- Det må gjerast ein analyse av korleis Historisk museum, Frederiks gate 3 og Kunstakademiets bygningar kan brukast av den nye institusjonen, og kva konsekvensar dette vil ha for byggprosjektet på Tullinløkka.
- Det bør òg undersøkjast om ein kan ta i bruk andre lokale i Tullinløkka-området med tanke på å finna løysingar for kontor, mindre møterom, bibliotek, m.m.
- Med utgangspunkt i dei føregåande punkta bør det utarbeidast eit romprogram som grunnlag for ein ny arkitektkonkurranse for heile Tullinløkka-området.

Slik det vart presentert i St.prp. nr. 1 (2002–2003) Tillegg nr. 4, har det kome til ein ny føresetnad for å finna ei løysing på bygningsbehova til Nasjonalmuseet i Tullinløkka-området. Entra Eiendom AS har sikra seg fleire bygningar i Kristian Augusts gate, og dei kan stillast til rådvelde for Nasjonalmuseet for kunst både på kort og lang sikt. Førebels tek departementet siktet på at Nasjonalmuseet fram til og med 2006 skal kunna leiga inntil 7 500 rute-

meter i eksisterande bygningar i Kristian Augusts gate til kontor- og bibliotekfunksjonar og til mellombels løysing for magasin- og utstillingsfunksjonar. Departementet tek òg sikte på at ABM-utvikling og Utsmykkingsfondet skal dela kontorfasilitetar med Nasjonalmuseet for kunst.

Departementet legg til grunn at ei fullverdig bygningsløysing for Nasjonalmuseet for kunst i Tullinløkka-området må tufta planane sine på eit hovudkonsept der areal og bygningar i Kristian Augusts gate må spela saman med eksisterande museumsbygningar og nybygg. Noverande museumsbygningar og nybygg bør i hovudsak brukast til utstillings- og andre publikumsfunksjonar, truleg også tidhøvelege magasinlokale for omfattande og verdfulle kunstsamlingar. Fyrst då kan ein nå målet om å etablera ein publikumsattraksjon der hundretusenvis av gjester kvart år på eit konsentrert område kan få møta biletkunst, kunsthåndverk og design i mange ulike uttrykksformer, og der historie og samtid spelar saman som kontrastar og samanhengar.

Med utgangspunkt i det nemnde hovudkonseptet vil departementet koma attende med konkrete framlegg til korleis dei bygningsmessige utfordringane til Nasjonalmuseet for kunst skal løysast.

### **10.3 Eit landsdekkjande formidlingsnettverk**

*Mange aktørar er på ulik måte deltagarar i formidlinga av visuelle kunstuttrykk. Jamvel om målsetjingane og arbeidsmåtane er mangefasetterte, er det viktig å leggja til rette for samspel og samarbeid, slik at dei ulike institusjonane, organisasjonane og tiltaka kan inngå i eit nasjonalt nettverk til gagn for alle partane.*

Riksutstillingar har ei landsdekkjande verksamd med produksjon og turnering av vandreutstillingar for skular, galleri og vrimlerom i til dømes kulturhus. Formidlinga konsentrerer seg særleg om samtidsuttrykk innanfor biletkunst, kunsthåndverk, design og arkitektur. Institusjonen har eit særleg ansvar for formidling til born og unge.

Riksutstillingar har eit nettverk av samarbeidspartnerar over heile landet. Dette femner om nasjonale og regionale kunstmuseum, fylkesgalleri, andre offentlege og private galleri, kunstnarsenter, kunstforeiningar, skulestyresmakter, kulturhus, sjukehus og andre allment tilgjengelege visingsrom. I nettverket inngår òg ei rad kontaktpunkt i kommunar og fylkeskommunar. Riksutstillingar hjelper lokale utstillingsarrangørar og andre med

kunnskapar om kunstformidling, utstillingsteknikk og utstillingsdesign. Den pågående evalueringa av institusjonen vil utgjera ein del av grunnlaget for korleis Riksutstillingar vil verta tilrådd knytt til Nasjonalmuseet for kunst, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2002–2003).

*Dei regionale kunstmusea* (knutepunktinstitusjonar m.fl.) utviklar samlingar og utstillingsprosjekt i sine respektive område av landet. Samstundes inngår dei i eit samarbeid mellom regionane og mellom regionale og landsdekkjande kunstinstitusjonar, noko som gjev dei eit nasjonalt delansvar. Desse musea utviklar samlingar med ein regional profil, formidlar vandreutstillingar i eit nasjonalt nettverk og ivaretar rådgjevingsoppgåver andsyntes andre aktørar på biletkunstområdet. Det må leggjast vinn på å tryggja fullgode sambandsliner mellom desse institusjonane og Nasjonalmuseet for kunst i åra som kjem.

*Norsk museum for fotografi – Preus fotomuseum* har ansvar for innsamling, bevaring og formidling av fotografi og anna fotohistorisk tilfang. Frå skippinga i 1994 har museet lagt størst vekt på kunstnarleg fotografi. Museet forvaltar både ei kunstsamling med norsk og internasjonalt fotografi, samlingar av dokumenterande fotografi og ei samling teknisk utstyr som kastar lys over utviklinga av fotografiet. Museet skal altså ivareta både dei kunsthistoriske, kulturhistoriske og tekniske sidene ved fotografiet og på denne måten medverka til at fotografiet vert opplevd som historisk kulturytring, som samfunnsfenomen og som estetisk og kunstnarleg uttrykk. Det er naturleg å vidareutvikla samarbeidet mellom fotomuseet og relevante aktørar innanfor samtidskunstfeltet, slik som Nasjonalmuseet for kunst, Riksutstillingar og dei regionale kunstmusea.

Dei 14 *regionale kunstnarcentra* (eller *kunstsentra* som fleire av dei no nemner seg) er eit hovudelement i den kunstnarstyrte formidlinga av biletkunst og kunsthåndverk. Dei er involverte i mange utsmykkingsoppdrag, som er ei viktig inntektskjelde for kunstnarar over heile landet. I verksamda inngår mellom anna faste utstillingar og vandreutstillingar, faglege råd til aktørar i kunstformidlinga og utforminga av eit landsdekkjande informasjonsnettverk for profesjonelle kunstnarar. Offentlege driftstilskot kjem i hovudsak frå fylkeskommunane; berre eitt mottek statleg tilskot (*Nordnorsk kunstnersentrums* i Svolvær).

*Kunstforeiningane* representerer den publikumsstyrte kunstformidlinga. *Norske kunstforeningers landsforbund*, som mellom anna gjev ut tidskriftet *Kunst*, er interesseorganisasjonen deira med nærare 200 medlemer. I tillegg til utstillingar

er kurs- og informasjonsverksemdund og kvalitets- og kompetanseheving vektlagde aktivitetar. I eit nasjonalt perspektiv er kunstforeiningane ein ressurs i det samla formidlingsnettverket og har ei særleg viktig rolle i område med stor avstand til nærmeste kunstmuseum eller andre arenaer for formidling.

I tillegg motteik ei rad andre mindre institusjoner og tiltak statleg støtte til formidling av bilet-kunst og kunsthåndverk. Fleire av desse er interesseorganisasjonar for ulike kunstnargrupper som driv formidling gjennom eigne visingsstader/galleri. Mellom dei viktigaste er *Norske Billedkunstnere*, som arrangerer den årlege *Statens kunstutstilling (Høstutstillingen)*, *Norske Kunsthåndverkere* og *Unge Kunstneres Samfund*. Andre er tradisjonsrike eller nyetablerte visingsstader for samtidskunst som *Kunstnerenes Hus* og *RAM Galleri* i Oslo, *Bomuldfabriken Kunsthall* i Arendal og *Momentum-festivalen* i Moss.

*Det internasjonale Barnekunstmuseet* i Oslo samlar og formidlar barnekunst frå heile verda og medverkar såleis til å skapa merksemdund om denne delen av borns kulturaraktivitet.

Samarbeidet mellom dei ulike aktørane i bilet-kunstformidlinga bør samordnast betre. Nasjonal-museet for kunst får eit særleg ansvar på området. Med skipinga av den nye institusjonen ligg det betre til rette for å utvikla ein ny type tverrfagleg samarbeid på feltet og å byggja eit samordna nett-verk på landsbasis der aktørane utfyller og ikkje overlappar kvarandre. Strategiutviklinga innanfor bilet-kunst og kunsthåndverk dei komande åra lyt byggja på dette fundamentet.

Formidling av visuell kunst vil òg vera eit viktig element i Den kulturelle skulesekken. Dei nye spesialmidlane som vil verta tilførte desse formidlingsoppgåvene, kan få konsekvensar for korleis desse funksjonane bør organiserast. Ei mogeleg utvikling kan vera at regionale og lokale aktørar rundt om i landet etter kvart akslar oppgåver som til no har lege til Riksutstillingar. Når tida er mogen for å knyta Riksutstillingar i hop med Nasjonal-museet for kunst, kan såleis ein modell vera at dette først og fremst vil femna om samordnande og utfyllande oppgåver, medan det operative arbeidet i stor grad vert lagt til dei regionale kunstmusea m.fl.

Ei anna utfordring vil vera utviklinga av ein samla og allment tilgjengeleg elektronisk kunst-base og kunstnarbase. Det pågår arbeid hjå fleire aktørar om utviklinga av slike basar. Dette arbeidet bør samordnast betre. Slike databasar vil vera verdifulle reiskapar både for kunstnarlege konsulentar, kuratorar, utstillingsarrangørar, kunstnarar, forskarar og ikkje minst publikum. ABM-utvikling og

Nasjonal-museet for kunst må vurdera kva for element av dette som bør inngå i Kulturnett Noreg, og kva som av opphavsrettslege eller andre grunnar bør løysast på andre måtar.

## 10.4 Kunstmusear o.l.

*Kunstmusear, biennalar og liknande mønstringar avspeglar ofte mangfaldet og endringane i samtid-kunsten. Viktige mønstringar av denne art må ha økonomiske rammevilkår som tryggjer planmessige førebuingar og gjennomføring.*

Som konkrete døme på lødige mønstringar av denne typen kan nemnast *Momentum*, *Lofoten Internasjonale Kunstmuseum* og *Oslo Kunsthall*. For alle tre gjeld at det budsjettmessige grunnlaget for framtidige arrangement er veikt og utsynkt.

*Momentum* er tidlegare gjennomført i Moss i 1998 og i 2000 og har i alt samla eit publikum på meir enn 60000. Festivalen har stått fram som eit utstillingsvindauge for ung norsk og nordisk samtidskunst. Under både festivalane har det vore parallele program, som har femna om design, arkitektur, formidling til born og unge, konsertar/performances og seminar. Nettopp denne orienteringa har vorte eit varemerke for *Momentum* og har legitimert nemninga festival. For åra fram til 2005 har *Momentum* sett seg som hovudmål å etablira seg som den viktigaste biennalen for samtidskunst i Norden, tryggja kontinuiteten som institusjon og å få eit godt ankerfeste lokalt og regionalt. Neste *Momentum* er planlagt gjennomført i 2004.

*Lofoten Internasjonale Kunstmuseum (LIK)* vart arrangert første gongen i 1991 og har seinare vore arrangert ytterlegare seks gonger i Vågan kommune. Profilen har endra seg frå samansette separat- og kollektivutstillingar til temabaserte utstillingar. I 1999 (*Neste Stopp*) og 2001 (*Kjærleikens ferjereiser*) hadde festivalane stor internasjonal deltaking. Neste festival skal vera i 2004. Festivalen er tufta på eit samarbeid med ei rad kunstinstitusjonar på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå, frå Nordland Kunst- og filmskole og Nordnorsk Kunstner-sentrums til Nifca (Nordic Institute for Contemporary Art) og Frame. Budsjettet for dei to siste festivalane har vore om lag 2 mill. kroner, finansiert med tilskot frå mellom anna Vågan kommune, Nordland fylkeskommune, Norsk kulturråd og Nordisk Kulturfond. LIK har som mål å vera den viktigaste arenaen for samtidskunst i Nord-Noreg, syna kunst i det offentlege rommet, utvida det tradisjonelle utstillingsarealet, ha ein internasjonal profil og å laga utstillingar med stor spennvidde og høg kvalitet.

Oslo Kunsthall vart skipa hausten 2000 og har seinare vore ein møteplass for internasjonal samtidskunst. Målet har vore å fungera som eit alternativ til dei tradisjonelle kunstinstitusjonane, med vekt på å vera fleksible og opne for å utvikla nye utstillingsmodellar. Tiltaket har vore ein stad å møta kunst som enno ikkje har funne ein definert plass i kunstsystemet. I verksemda er det lagt vekt på internasjonal orientering, nettverksbygging, mobilitet og ikkje minst eit ordskifte om endringane innanfor samtidskunsten. I 2002 gjennomførte Oslo Kunsthall om lag eit dusin ulike aktivitar, som utstillingar, performance, føredragsserie, arbeidsseminar m.m. Om lag 9000 menneske var innom Oslo Kunsthall i perioden 2000–2002. Tiltaket har i hovudsak vore finansiert med prosjektmidlar frå Norsk kulturråd og Oslo kommune. I delar av 2003 nyttar Oslo Kunsthall eit gjesteatelier i Kunstnernes Hus.

## 10.5 Kunsthåndverk

*Utviklinga i norsk kunsthåndverk dei siste åra strekar under den visuelle kunstens skiftande karakter. Statlege stønadssordningar må formast ut med ein fleksibilitet som evnar å fanga opp nye utviklingslinjer. Museumsinnkjøpa, oppbygging av samlingar og formidlinga bør òg avspeglia denne dynamikken.*

Historisk kan ein tala om fleire paradigmeskifte i utviklinga av kunsthåndverket som fag og omgrep. Rundt 1900 vart det lagt vekt på luksusobjekt, i tidbolken 1920–1950 gjekk definisjonane i retning brukskunst, og i 1970-åra fekk kunsthåndverket kunststatus. Samstundes skjedde det viktige institusjonelle endringar; mellom anna vart fagorganisasjonen *Norske kunsthåndverkere* skipa i 1975. Fram til i dag har medlemstalet auka frå 250 til 800.

I 2002 hadde norske kunsthåndverkarar ei omsetjing på meir enn 30 mill. kroner. Av dette var om lag 6 mill. kroner offentlege innkjøp til museum og utsmykking. Statlege stipend og garantiinntekter til kunsthåndverkarar utgjer no om lag 20 mill. kroner. I 1975 var det overslagsvis 50 kunsthåndverkarar som kunne arbeida med kunsthåndverk på heiltid, medan det i dag er vel 200. Dei statlege ordningane med stipend og garantiinntekter har vore heilt avgjerande for denne utviklinga.

Sametinget gjev støtte til utøvarar av samisk kunsthåndverk, «duodji», gjennom Samisk utviklingsfond.

Kunsthåndverk er ei uttrykksform som er kjend i alle kulturar, noko som gjer at kunsthåndverkarar har eit godt utgangspunkt for kommunikasjon med andre kulturtradisjonar. I ei tid med

aukande internasjonal utveksling er det viktig å nytta det handlingsrommet dette gjev. Slike kunstuttrykk bør difor kunna ha ei integrerande kraft i det fleirkulturelle Noreg.

Ei rad norske kunsthåndverkarar har markert seg internasjonalt. Mange kunstnarar har etablert eit omfattande og særeige nettverk i andre land. Den statlege løyvinga i 2003 på 0,4 mill. kroner til utanlandsformidling gjev fleire kunsthåndverkarar høve til å presentera arbeida sine i andre land. Målet er å få til tovegsutveksling der også kunsthåndverkarar frå andre land kan få høve til arbeidsopphald i Noreg.

Organisasjonen *Norske Kunsthåndverkere* arbeider målretta med formidling. Ein viktig del av formidlingsarbeidet er dei to visingsstadene *Format* i Oslo og Bergen, årsutstillinga og tidsskriftet *Kunsthåndverk*. Format i Bergen og Oslo har sett ein standard for utstilling og sal av kunsthåndverk som det vil vera tenleg å vidareutvikla i åra framover.

Dette formidlingsarbeidet er med på å heva statusen åt kunsthåndverket, auka tilgjengeligheten for eit breitt publikum og gjera det lettare for medlemene å arbeida på eit profesjonelt nivå. Det vidare arbeidet med å styrkja kunsthåndverk bør konsentrerast om:

- å vidareutvikla visingsstadene Format
- å leggja vekt på det transnasjonale gjennom arbeid med kunst- og kunstnarutveksling over landegrensene, mellom anna ved å leggja til rette for bruk av gjesteatelier
- å videreføra ordninga for innkjøp av kunsthåndverk.

## 10.6 Innkjøp og samlingsforvaltning

*Institusjonane på biletkunst- og kunsthåndverksfeltet har eit ansvar for å dokumentera mangfaldet i samtidsuttrykka. Institusjonane bør ha eigne innkjøpsbudsjett. Det må leggjast til rette for samarbeid og løpende kontakt mellom musea om innkjøp.*

Institusjonane på kunstfeltet driv innsamling, samlingsforvaltning, forsking og formidling av samlingane sine. Under innsamling fell òg eit ansvar for å dokumentera kunstuttrykk frå samtida. I tillegg til tradisjonelle uttrykksformer omfattar dette i dag også andre resultat av kunstnarleg verksamhet som ikkje treng vera gjenstandsbaseret. Denne nye situasjonen representerer ei utfordring for kunstsamlingane.

Institusjonane på biletkunst- og kunsthåndverksfeltet har varierande praksis ved innkjøp. Ingen kunstsamlingar har ressursar til å driva

encyklopedisk innsamling av kunst. Dei vala kvar ein skild institusjon gjer, er tufta på ein visjon med røter i vedtekten om kva samlinga bør innehalda. Mange samlingar har i tillegg opphav i testamentariske gåver som gjev samlingane eit kunsthistorisk utgangspunkt, og gjev retning for vidare innsamling. Ansvoaret for bevaring, som institusjonen tek på seg ved å gjera innkjøp, kan òg leggja ein dempar på omfanget av tilvoksteren til samlingane.

Ansvoaret for å dokumentera samtidsuttrykk, særleg når bevaring krev andre tekniske ressursar enn det samlingane måtte ha til rådvelde (video, datakunst, dokumentasjon av performative uttrykk m.m.), vert uavlateleg tyngre å ivareta for kvar ein skild institusjon. Det bør difor leggjast til rette for samarbeid, særleg om innkjøp og bevaring, men òg om formidling. Dette gjeld ikkje minst verk av meir immateriell karakter og referanseverk.

I tillegg til innkjøpsbudsjetta åt kvar institusjon finst ei eiga ordning for innkjøp av kunsthandverk og ei innkjøpsordning for samtidskunst.

Innkjøpsordninga for kunsthandverk har eksistert sidan 1995. Ho er no knytt til Nasjonalmuseet for kunst og dei to kunstindustrimusea i Bergen og Trondheim, med komitémedlemer frå desse og organisasjonen Norske kunsthåndverkere. Budsjettmessig vert ordninga forvalta av Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum.

Innkjøpsordninga for samtidskunst i Norsk kulturråd har eksistert sidan 1968 og har gjennomgått ei rad endringar. Dei siste endringane omfatta særleg føremålet med ordninga, innkjøppssystemet, fordelings- og formidlingssystemet, funksjonstida for innkjøpskomiteen og dei økonomiske tilhøva. No er det Bomuldsfabriken Kunsthall i Arendal som oppbevarer dei innkjøpte verka inntil dei er fordelte. Innkjøpsordninga for samtidskunst omfattar alle kunstnarlege uttrykk, kunsthandverk medrekna. Innkjøpte verk vert fordele til 19 kunstsamlingar spreidde over hele landet. Etter dei siste endringane er det vorte ei fleksibel ordning, der innkjøpskomiteen legg vinn på å ha ein god dialog med mottakarsamlingane om innkjøpa.

Dei to innkjøpsordningane bør vidareførast. Samstundes kan det vera naturleg å tilføra dei regionale kunstmusea midlar til innkjøp. Etter kvart kan det verta aktuelt å ta desse musea ut or innkjøpsordninga og konsentrera denne om dei andre mottakarane.

## 10.7 Elektronisk kunst

*Elektronisk baserte kunstuttrykk reiser eit sett av nye utfordringar. Tiltak for dokumentasjon, bevaring og formidling må vurderast særskilt.*

PNEK (*Produksjonsnettverk for elektronisk kunst*) er eit fireårig prosjekt finansiert av Norsk kulturråd. PNEK legg til rette for kunstprosjekt og fagleg utveksling mellom aktørane i nettverket, Atelier Nord, BEK (Bergen Elektroniske Kunstsenter), NOTAM (Norsk Nettverk for Teknologi, Akustikk og Musikk) og TEKS (Trondheim Elektroniske Kunstsenter). Atelier Nord og NOTAM er tiltak som får støtte som faste tiltak forvalta av Norsk kulturråd (kap. 320 post 74). Siktemålet er å tryggja ei basisfinansiering for BEK og TEKS, også etter at prosjektperioden er over.

Det er utarbeidd ein rapport over det elektroniske kunstfeltet i Noreg innanfor rammene av eit nordisk samarbeidsprosjekt. I samband med rapporten vart det gjennomført ei spørjeundersøking i regi av PNEK. Rapporten gjer framlegg om ein del strategiar og område der ei satsing på feltet bør koma. Mellom desse er innkjøp, arkivering, synleggjering av produksjonstilhøva, etablering av distribusjonssystem, utvikling av dokumentasjon og kunstkritikk, styrking av samarbeidet mellom dei etablerte sentra og dei frie miljøa. Dessutan vert det tilrådd at nordisk og internasjonal utveksling og samarbeid vert utvikla vidare. Rapporten slår fast at feltet er prega av høge driftskostnader og stadig utskifting av teknisk utstyr, og at eit utvida samarbeid om det teknisk-administrative nettverket vil vera tenleg for heile feltet. Departementet vil i samarbeid med dei aktuelle aktørane sjå nærmare på korleis dette kan følgjast opp på ein tenleg måte.

Made.no har med støtte frå Norsk kulturråd sett seg som mål å få fram eit oversyn over kva som finst av elektronisk baserte kunstverk (video, datakunst m.m.) frå dei siste 25 åra. Den informasjons-teknologiske utviklinga er med på å vanskeleggjera bevaringa av slike uttrykk, særleg for dei tidlegaste verka. Prosjektet i regi av Made.no vil òg gje oversyn over kostnadene ved bevaringsarbeidet. Resultata av dette arbeidet vil venteleg ligga føre i løpet av 2003. Kultur- og kyrkjedepartementet vil på bakgrunn av resultata kunna vurdera tiltak for bevaring og formidling på dette feltet. I denne samanhengen kan det vera aktuelt å oppretta ein database og/eller ein nettstad i regi av ein aktuell institusjon, eventuelt i samarbeid med Nasjonalmuseet for kunst, Nasjonalbiblioteket eller andre.

## 10.8 Fleksibilitet og prosjekt-finansiering

*Utviklinga på biletkunst- og kunsthandverksfeltet er prega av eit mangfold av kunstnarleg praksis og ei sterk differensiering av korleis kunsten opptrer i samfunnet. Samstundes som etablert produksjons- og utstillingspraksis vert vidareført, tek kunsten i dag gjerne form av hendingar og iscenesetjingar. I ein slik situasjon er det trøng for finansieringsordningar som kan tilpassa seg endringane i kunstnarleg praksis og ta høgde for ny forståing av tilhøvet mellom kunstproduksjon og kunstformidling. Prosjektmidlar, kunstnarretta tilskot (stipendpolitikken) og tilskot til kunstinstitusjonane vil i denne samanhengen vera verkemiddel som må spela saman.*

Den visuelle kunsten er i dag særstak differensiert med eit mangfold av kunstforståingar, framningsformer, iscenesettingsstrategiar, fleirmediale og populærkulturelle uttrykk. Delar av denne kunsten er snarare å forstå som hendingar, handlingar og situasjonar som bryt inn i forståinga av samtida, enn som gjenstandar og bilete som kan stillast ut og bevarast.

På biletkunstfeltet har det vore vanleg å opera med eit klårt skilje mellom produksjon og formidling av kunst, produksjon då forstått som det arbeidet kunstnarane gjer med verket i atelier eller verkstad, og formidling som presentasjon av verket for allmenta innanfor ramma av galleri og kunstmuseum. Innanfor delar av kunstfeltet er dette skiljet ikkje lenger relevant. Endringar i retning av ei meir konseptbasert, flyktig og scenisk forståing av kunst har også ført til endringar i tilhøvet mellom kunstproduksjon og -formidling. Innanfor denne typen kunstpraksis er kunstnarane i større grad aktive deltakarar i formidlinga. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at kunstnarane sjølve set kunsten i scene (performance etc.), at det vert skipa til alternative visingsformer/-rom, som galleri heime i eiga stove, i kjøpesentra eller i massemedium, eller ved at kunstnarane sjølve kuraterer eigne eller andre kunstnarar sine utstillingar. Alt dette utfordrar meir eller mindre uttrykkjeleg det etablerte skiljet mellom kunstproduksjon og formidling. Det er teikn til at særleg den nye forma for kuratorverksemder som vert utøvd av såkalla frie kuratorar, også tek til å få gjennomslag innanfor dei større kunstinstitusjonane. Det er med andre ord oppstått ein situasjon der former for praksis som tidlegare var åtskilde som klårt ulike verksemder, no langt på veg skjer samstundes og vert drivne av dei same aktørane.

I ein slik situasjon må verkemidla på kunstfeltet vera fleksible nok til både å ta omsyn til ny kunst-

narleg praksis og å vera treffsikre vis-à-vis meir tradisjonelle kunstnarlege arbeidsformer. Denne ambisjonen kan realiserast ved å innretta stipendordningar, utstillingsmidlar og prosjektstøttemidlar på ein fleksibel måte, både med omsyn til faggrenser og med omsyn til tradisjonell og nyare kunstnarleg verksemde.

Dagens kunstproduksjon er også på andre måtar prega av verksemde som ikkje finn innpass innanfor tradisjonelle institusjonelle rammer. Kunst produsert innanfor minoritetskulturar, i lokale kontekstar, i transnasjonalt samarbeid, i tverrkunstnarlege og fleirmediale uttrykk eller på annan måte utan institusjonelt ankerfeste må tufta verksemda på prosjektfinansiering.

Frå eit kulturfagleg synspunkt kan ei styrkt prosjektfinansiering medverka til at mangfaldet i kunstproduksjonen vert tryggja. Gjennom finansiering av prosjekt av ulik storleik og gjennomføringstid vil ein kunna skapa meir tenlege og profesjonelt akseptable produksjonsvilkår i ein særstak produktiv del av kunstfeltet.

Kombinasjonar av prosjektstøtte, utstillings- og arbeidsstipendmidlar vil kunna gje kunstnarar høve til å arbeida heilskapleg og uavbrote med kunstnarlege prosjekt.

## 10.9 Aukande internasjonalisering

*Den aukande internasjonaliseringa av kunstfeltet krev at Noreg i større grad lyt delta internasjonalt og motta impulsar utanfrå. Som ein lekk i dette arbeidet vart Office for Contemporary Art Norway (OCA) skipa. OCA skal ivareta internasjonal formidling av biletkunst og styrkja deltakinga frå Noreg på den internasjonale kunstarenaen. Det vil vera tenleg å utvida ansvarsområdet å OCA til også å femna om vising av utanlandsk kunst i Noreg.*

Stiftinga OCA vart skipa i 2001 for ein prøveperiode på tre år. Tiltaket har vore operativt frå 2002 med kontor i Kunstnernes Hus i Oslo. Hovudoppgåvene er å initiera og leggja til rette for dei behova einskildkunstnarar har for internasjonal nettverksbygging, samarbeid og prosjektdeltaking; syta for best mogeleg norsk deltaking ved biennalar og andre større internasjonale biletkunstmønstringar; presentera norsk samtidskunst i utlandet og henta impulsar heim til det norske kunstmiljøet; syta for besøk av kunstekspertar og kunstnarar frå utlandet; informera, gje ut publikasjonar og halda seminar.

OCA skal også hjelpe Utanriksdepartementet med anna internasjonal verksemde på biletkunstfeltet og har teke over arbeidet med å fordela nemnde

departements disponibele prosjektmidlar. OCA har dessutan ansvaret for atelierprogram i utlandet og i Noreg og for somme stipend.

Det tykkjest rett å styrkja satsinga på presentasjon av norsk samtidskunst i utlandet og å betra vilkåra for at norsk samtidskunst kan henta impulsar frå utlandet og utvikla seg i eit samspel med viktige tendensar utanfor Noreg. Dette vil i så fall måtta innebera auka tilskot til OCA.

I 2003 har Noreg ansvaret for utstillinga i den nordiske paviljongen ved biennalen i Venezia. OCA har ansvaret for utveljinga av kunstnarar og kuratorar og for gjennomføringa av utstillinga.

OCA tek ikkje hand om kunsthandverk. For å oppnå ei tilsvarende betring av tilhøva for internasjonal formidling av kunsthandverk er tilskotet til organisasjonen Norske Kunsthåndverkere auka frå 2003, jf. kap. 10.5 ovanom.

Eit anna aspekt ved den aukande internasjonaliseringa er at norske biletkunstnarar i større grad både produserer og formidlar på tvers av nasjonale grenser. Det er viktig å sjå til at dei relevante kunstnarstønadsordningane til kvar tid er forma ut slik at dei ikkje set stengsle for kunstnarleg utvikling i ein internasjonal kontekst.

## 10.10 Elektronisk formidling

*Endringane på biletkunstfeltet den siste tida inneber mellom anna ein tendens i retning av auka vektlegging av ordskiftet og meiningsdanninga i kunsten. I nokre tilfelle kan det til og med hevdast at diskusjonen kring objektet og konteksten utgjer sjølve kunstverket eller det kunstnarlege uttrykket. I denne samanhengen får formidling og informasjon meir å seia, både for dei tradisjonelle kunstinstitusjonane og for det frie kunstfeltet. Samstundes utviklar informasjonsteknologien seg til eit stadig meir fleksibel og nyttig verkemiddel for formidling og informasjon. Det bør vurderast tiltak for å styrkja elektronisk formidling på kunstfeltet.*

Det moderne kunstbiletet har utvikla seg mot aukande pluralisme. Tradisjonelle grenser mellom materialar, teknikkar og medium vert brotne ned, og nye relasjonar vert bygde opp. Sjangrar vert skapte og omskapte. Kunstlandskapet er mindre statisk og kan henda òg meir fleirtydig enn tidlegare. Informasjon om dette må tilflyta dei ulike aktørane.

Trong for lett tilgjengeleg og rask formidling av informasjon og betre struktur i informasjonslagringa kan løysast ved i større grad å ta i bruk elektronisk handsaming av informasjon.

Elektronisk formidling kan tenleg nyttast på fleire nivå. Dette gjeld mellom anna formidling av:

- oversyn over kunstobjekt
- kontekst, som til dømes tekst eller tale som tilleggsinformasjon i utstillingar, som dokument i form av katalogar eller som utdjupande pedagogisk tekst til bruk i samband med utstillingsbesøk, som utdjupande informasjon i objektdatabasar m.m.
- planlagde, pågåande og utførte prosjekt
- kunstprosjekt/kunstprosessar som ikkje har anna fysisk sluttprodukt enn den dokumentasjonen av prosessen som kan formidlast elektronisk.

Mogelege tiltak for å styrkja formidlingsverksamda kan sikta mot å leggja til rette for at fleire utstillingar også vert formidla elektronisk. I den grad det er mogeleg å utvikla standardar for elektronisk formidling, bør dette fremjast, av di det både vil gje oversyn, letta informasjonsutvekslinga og føra til kostnadsreduksjon i innkjøpsavtalar. Alt dette lyt sjåast i samanheng med den vidare utviklinga av Kulturnett Noreg.

Samstundes bør det vurderast å utvida Kulturnett Noreg til også å femna om arkitektur, design og kunst i det offentlege rommet. Spørsmålet om ein eigen nettportal for institusjonar med oppgåver innanfor dette saksfeltet har tidlegare vore drøfta. Den vidare vurderinga av dette bør skje innanfor ramma av Kulturnett Noreg.

For ytterlegare å styrkja den elektroniske formidlinga er ein Internett-tilgjengeleg kunstnardatabase ynskjeleg. ABM-utvikling har sett nærmare på mogelege modellar for eit slikt tiltak. Spørsmålet har òg vore drøfta med relevante organisasjonar, formidlingscenter og ansvarlege for eksisterande nettportalar innanfor dei ulike kunstfelta. Vurderinga er at ein kunstnardatabase eller eit kunstnarregister naturleg høyrer i hop med andre tenester som Kulturnett Noreg skal tilby. ABM-utvikling er budd på at Kulturnett Noreg kan ta eit hovudansvar for å få utvikla dette og å stå føre den tekniske drifta av tenestene.

Siktemålet med eit slikt Internett-tilgjengeleg kunstnaroversyn vil vera å synleggjera dei ressursane kunstnarane representerer, slik at det i heile landet kan leggjast til rette for auka interaksjon mellom kunstnarane og samfunnet ikring. Informasjonstilfanget som Kunstnernes Informasjonskontor (KIK) alt rår over, vil vera eit viktig utgangspunkt, og det er innleia eit samarbeid mellom KIK og Kulturnett Noreg om det vidare arbeidet.

## 10.11 Arkitektur og offentleg rom

*Offentleg og privat byggjeverksemd og den kontinuerlege utviklinga av byar og tettstader er eit vitnemål om vår tid overfor komande generasjonar. Alle vil vera tente med at desse omskapande prosessane har eit høgt kvalitetsnivå, og at det også vert lagt til rette for eksperimentelle og nyskapande tilnærmingar og løysingar. Eit aktivt offentleg ordskifte om arkitekturen si rolle og mening er viktig for å tryggja brei interesse og merksemnd kring planlegging og byggjeprosjekt.*

Arkitektur er mellom dei mest markante uttrykka for kulturen vår og speglar prioriteringane i samfunnet på ein særleg kraftfull måte. I løpet av berre dei siste tiåra har samfunnet endra seg vesentleg. Som følgje av auka yrkesmessig og sosial mobilitet flytter nordmenn meir enn før. Flyttestraumane går til byane, der livsmønstra endrar seg og skaper trøng for nye møtestader ute og inne.

Planlegging og forming av byar og tettstader er ikkje berre eit spørsmål om arkitektonisk kvalitet. Det er òg eit spørsmål om å ivareta ulike interesser og interesseomsetnader, om tilgjenge eller attraktivitet for ulike grupper.

Forminga av dei fysiske omgjevnadene involverer ei lang rad offentlege og private aktørar. Samfunnet vert ikkje som i tidlegare tider styrt i éi lei gjennom planlegging og bygging i offentleg regi, og det finst heller ikkje noko samlande fellesprosjekt som kan styra byutviklinga i tiåra framover. I det offentlege ordskiftet om viktige utbyggingsoppgåver i fleire større norske byar og med tilvising til dei utbyggingsoppgåvene som byane står overfor i åra framover, vert det frå somme hald etterlyst ein meir aktiv og strategisk offentleg medverknad.

Byutvikling er i første rekke eit kommunalt ansvar som vert ivaretake gjennom det kommunale planleggings- og godkjenningsapparatet. Samstundes er staten ein viktig grunneigar i mange norske byar, og i somme tilfelle vil det vera naturleg at dei involverte statlege instansane vurderer korleis ei aktiv forvalting av eigedomane kan medverka til ei byutvikling som tener lokalsamfunna.

Kommunal- og regionaldepartementet har gjennom ei årrekke arbeidd for å betra den estetiske utforminga av det bygde miljøet og har ansvaret for fleire viktige verkemiddel som skal fremja god byggjeskikk. Departementet fekk tidleg på 1980-talet ansvaret for Statens byggjeskikkutval. Frå 2000 har Husbanken overteke det statlege arbeidet med å fremja god byggjeskikk etter at Statens byggjeskikkutval vart lagt ned. Arbeidet er styrkt økonomisk og vert tufta på ei forsterking av innsatsen

både ved dei seks regionkontora i Husbanken og i Husbanken sentralt. Innsatsen skal rettast mot busetnaden som heilskap og omfattar både nybygg og den eksisterande bygningsmassen. Det vert lagt stor vekt på informasjon og haldningsskapande verksemd andsynes publikum generelt, byggjebransjen og overfor statlege, fylkeskommunale, kommunale og friviljuge organ som har innverkan på byggjeskikken. Husbanken påverkar òg byggjeskikken innanfor bustadsektoren gjennom mange av verkemidla sine, til dømes oppføringslån, utbetringslån og kvalitetstilskot.

Statens vegvesen har særleg i dei siste 15 åra satsa systematisk på å tilpassa nye veg- og gateanlegg betre til dei stadene der dei vert lagde. Dette er gjort gjennom å rekruttera landskapsarkitektar og arkitektar til etaten, gjennom opplæring av eigne tilsette og gjennom å arbeida meir tverrfagleg med investeringsprosjekt. Opprettinga av *Vakre Vegars Pris*, som er Vegdirektørens Pris, i 1988 var eit viktig signal frå etatsleiinga om prioritering av estetikk i byggjeverksemda. I dei 15 åra prisen har eksistert, har den estetiske kvaliteten på dei innsende forslaga til prisen vorte stadig betre, noko som er ein god indikasjon på at ei slik langsiktig satsing gjev resultat. Betre estetisk kvalitet i vegprosjekta er ein viktig trivselsfaktor både for trafikantane og dei som bur langs vegar og gater.

Statlege byggjeprosjekt og bygg som staten heilt eller delvis finansierer gjennom eit investeringstilskot, vert gjennomførte i regi av fleire instansar enn det som var praksis tidlegare; mellom anna har Statsbygg ei meir avgrensa rolle.

Kulturdepartementet gav i 1996 ut rettleiingsheftet *Estetikk i statlige bygg og anlegg*. Det vil vera tenleg å vidareutvikla dette dokumentet til å fylla det behovet dei ulike forvaltningsnivåa, utbyggjarane og byggherrane har for eit referansedokument som kan tryggja kvalitativt gode prosjekt.

Arkitektur bør òg inngå i den utanrikskulturelle satsinga. Norsk arkitektur kan medverka til å profilera Noreg som eit land med god kompetanse på dette viktige samfunnsformande feltet. I ei tid med aukande internasjonalisering og interesse frå utanlandske fagmiljø for oppdrag i Noreg er det naturleg samstundes å synleggjera satsinga frå norske fagmiljø i utlandet.

Nasjonalmuseet for kunst skal mellom anna ivareta dokumentasjonen og formidlinga av den norske arkitekturarven, dvs. at dei funksjonane som tidlegare var tillagde Norsk Arkitekturmuseum, vil verta vidareførte og styrkte innanfor ramma av den nye store kunstinstitusjonen. Dette vil òg femna om samtidsarkitektur. Arbeidet med å presentera norsk arkitektur i utlandet vil museet

utvikla vidare i samarbeid med Utanriksdepartementet.

Norsk Form vil frå 2005 verta samlokalisert med Norsk Designråd i Oslo. Saman vil desse to institusjonane skapa ein viktig arena for formidling og kritisk debatt om mellom anna samtidsarkitektur, planlegging og byutvikling. Norsk Form tek òg sikte på å vidareføra dei pågåande programma for ny arkitektur og nye bustadformer.

For å tryggja nytenking og ei kreativ utvikling av norsk arkitektur på ein måte som kjem i møte dei behova samfunnsmessige endringar skaper, tykkjест det maktpåliggjande å leggja tilhøva betre til rette for unge arkitektar. Det er viktig å utnytta den kompetansen, energien, arbeidslysta og skaparleda denne unge faggruppa representerer.

Eit konkret døme på eit opplegg som på ein god måte kan tryggja unge arkitektar og små firma høve til deltaking, er arkitekttevlinga om eit publikumsbygg ved Sigrid Undsets Bjerkebæk på Lillehammer. Konkurransen var open, og omfanget av det materialet som måtte sendast inn, vart avgrensa til eit minimum. Opplegget vart utarbeidd og førebudd av Maihaugen i samarbeid med Norsk Form.

Stiftinga Vestform er eit nyskipa regionalt tiltak som har dei fire vestlandsfylka som arbeidsområde. I eit strategidokument heiter det følgjande:

«Tanken er å knyta i hop aktuelle miljø og aktørar i eit nettverk for å fremja kvalitet i by-, tettstad- og bygdeforming, i utvikling og vern av kulturlandskapet og i arbeidet med arkitektur, kunst og design. Det gjeld om å stimulera både tradisjonelle og nyskapande, eksperimentelle uttrykk i utforminga av det fysiske og visuelle miljøet i by og bygd, i formgjevinga av produkt og i kunstnarleg verksemd. Regionalt kulturelt medvit og identitet er uløyseleg knytt til oppleving av særdrag ved naturen i landsdelen, næringsstrukturen, kulturlandskapet, byggeskikken, gjenstandskulturen og kunstnarlege uttrykk. I brytinga mellom det heimlege og det internasjonale ligg eit potensial for nyskapande og grensesprengjande kulturell verksemd. Regionen bør knytast direkte opp mot internasjonale miljø og vera aktivt med når norsk stad og produktforming skal profilerast internasjonalt.»

Visjonen for Vestform tilseier at dette er eit særskilt viktig regionalt initiativ, som det vil vera rimeleg å yta tilskot til frå statleg hald òg. Dette kan dessutan vera ein modell for andre regionar.

## 10.12 Design

*Design er ein viktig del av kulturarbeidet i Noreg. Innsatsen åt dei ulike departementa med ansvar på feltet må vidareførast og samordnast i det omfang dette er naudsynt. Designfagleg kompetanse bør i endå større grad verta nytta både i offentleg og privat sektor.*

Designomgrepet vert i dag nytta i mange samanhengar. Det kan femna om alt frå eit breitt spektrum av gjenstandar og prosessar til haldningar og livsstil. Omgrepet vert gjeve ulik tyding avhengig av bakgrunn, ståstad og bruksområde.

Designfaga byggjer på tradisjonen frå handverks- og formgjevingsfag. I nyare tid vert designfaga knytte til produktdesign, industridesign og grafisk design. Designfaga omfattar så vel den prosessuelle, den analytiske som den kreative arbeidsmetoden som fører til sluttproduktet. Det estetiske uttrykket er eit resultat av ein prosess. I prosessen inngår analysar av behov, funksjon og identitetssynske hjå brukarane. Ein kvalifisert designar formidlar òg verdiar som økologi og berekraftig utvikling. Designaren innfører ny teknologi og tilfører funksjonelle hjelpemiddel av høg kvalitet til kvardagen vår.

Nyskapande design er viktig både frå ein kulturpolitisk og ein næringsspolitisk synsstad. Som i mange andre fag er det likevel vanskeleg å etablera seg som ung designar. Både opne tevlingsar, utstillinger og stipendordningar kan vera avgjerande viktige for designarar i etableringsfasen.

Fleire departement har viktige funksjonar innanfor designfeltet, så som Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet, Samferdselsdepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Utdannings- og forskningsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. Dei ulike departementa og etatane tilnærmar seg design, arkitektur og stadutvikling frå ulike fag- og interesseområde. Det er viktig å tryggja god informasjonsutveksling og samarbeid mellom dei ulike instansane for å kunna trekka på andre sine røynsler og fagkunnskapar.

Det er sett i verk eit samarbeid mellom *Norsk Designråd*, som har tilknyting til Nærings- og handelsdepartementet, og *Norsk Form* med sikte på samlokalisering i *Norsk senter for design og arkitektur*. Andre mindre miljø vil òg få tilbod om å flytta inn i same huset. Senteret skal opnast seinast i 2005.

Eit senter med fleire aktørar vil kunna trekka eit større publikum til institusjonane og gje eit breiare samla tilbod til publikum. I tillegg til kontor vil

senteret innehalda ein stor utstillingshall og eit konferansesenter. Norsk Form vil òg opna ein ny pedagogisk verkstad, FORMlaben, i senteret. Denne skal gje rom for aktivitetar særskilt retta inn mot skulen, men òg mot målgrupper som lærarar og lærarorganisasjonar, fagfolk innanfor arkitektur- og designfeltet, næringsliv og eit interessert allment publikum. Norsk senter for design og arkitektur vil etablera seg som eit lett tilgjengeleg, tverrfagleg ressurssenter, som skal samarbeida med aktuelle miljø inn- og utland.

Det vil mellom anna vera naturleg å vurdera rettleiing for kommunane innanfor estetiske fagområde i regi av det nye senteret for design og arkitektur. Senteret må dessutan kunna nyttast i den utanrikskulturelle satsinga for å presentera Noreg som ein moderne høgteknologisk nasjon som legg vinn på design.

## 10.13 Utsmykking

*Kunst er ein viktig del av tilveret og kan opna vegar til oppleveling og innsikt. Utsmykking og kunst i offentlege bygningar og uteom framstår i dette perspektivet som særleg viktige tiltak. Målet om kunst av høg kvalitet i det offentlege rommet krev tiltak som syter for at kunsten er til stades i alle delar av samfunnet. Omstruktureringa i offentleg sektor kan føra med seg store endringar i arbeidsmåten åt Utsmykkingsfondet for offentlege bygg.*

*Utsmykkingsfondet for offentlege bygg* har gjennom 25 år vore staten sitt fagorgan for kunst/utsmykking i offentleg rom og har vore viktig for å gjera kunst av høg kvalitet meir tilgjengeleg for alle. Fondet har vore med på å tilføra store verdiar i form av kunst i uteom, statsinstitusjonar og kommunale og fylkeskommunale bygningar over heile landet. Somme stader i landet kan kunstverk i offentlege rom vera den einaste kunsten som er allment tilgjengeleg.

Utsmykking er stadbunden kunst; kunsten uttrykkjer seg i ein arkitektonisk samanheng og overfor definerte brukargrupper. For å finna gode løysingar vert det skipa til utsmykkingsutval med kunstnarleg konsulent, arkitekt og representantar for byggherre og brukar. Kunstnarar over heile landet får gjennom utsmykkingsoppdrag eit breitt publikum i tale og høve til å spela ei aktiv rolle i ei kvalitativ forming av miljøet for menneska som vandrar der. Departementet ser det som viktig at også unge kunstnarar får ta del i slike oppdrag, som kan ha mykje å seia for kunstnarar i etableringsfasen. Det er såleis positivt at om lag tredje parten av dei kunstnarane som dei siste åra har

hatt oppdrag for eller vorte innkjøpte av Utsmykkingsfondet, tilhører aldersgruppa 25–39 år.

Staten har dei siste tiåra auka engasjementet for å betra kvaliteten i den fysiske omgjevnaden, og formgjevinga i samfunnet vert tillagt større vekt. Det offentlege rommet, inkludert utsmykking, arkitektur og design, er sett inn i ein kulturpolitisk samanheng. Utsmykking som stadbunden kunst er med på å forma omgjevnaden. Det bør leggjast ytterlegare vekt på å formidla desse kunstverka og samstundes tryggja at dei òg på andre måtar vert fullgodt forvalta som kunstverk.

Utsmykkingsfondet vil i 2004 verta samlokalisert med Nasjonalmuseet for kunst og ABM-utvikling. Utsmykkingsfondet vil med sine 25 års prosjektrøynsler og breie produksjonsnettverk tilføra denne fellesskapen viktige impulsar. Nærleiken mellom desse institusjonane, som alle har høg kompetanse innanfor nokre av hovudområda for Utsmykkingsfondet, vil gje grunnlag for eit meir effektivt samarbeid og synergieffektar både innanfor kjerneverksemda og innanfor ulike støttefunksjonar.

Verksemda i Utsmykkingsfondet kan delast inn i tre hovudområde – skapa, forvalta og formidla.

Kunstproduksjon – det skapande elementet – er basis i verksemda. Fondet arbeider med tre ulike utsmykkingsordningar:

- utsmykking av statlege bygg
- utsmykking av statlege leigebygg og eldre statlege bygningar ved innkjøp av kunst
- tilskot til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og uteom.

Fondet er med i den skapande prosessen gjennom eit langsiktig prosjektsamarbeid med kunstnarlege konsulentar, kunstnarar, offentlege byggherrar, brukarar og arkitektar.

Som følgje av omstrukturering av statleg sektor er det naudsint å avklára korleis Utsmykkingsfondet også i framtida kan ivareta statens medverknad i utsmykkinga av statlege bygg. Omorganiseringa av Statsbygg, den største statlege byggherren som Utsmykkingsfondet samarbeider med, gjer det naudsint for partane å utvikla alternative modellar. Når staten avhendar bygningar, må det sytast for at kunst produsert med statlege midlar vert teken hand om på ein forsvarleg måte.

Norske representasjonsrom i utlandet er ein del av Noregs utoverretta andlet og ein potensielt viktig profiléringsstad for norsk kunst. Den statlege utsmykkingsordninga bør utvidast til også å femna om ambassadar.

Med di staten i aukande grad skaffar seg areal på andre måtar enn ved å byggja sjølv, vert inn-

kjøpsordninga for leigebygg og eldre statlege bygningar viktigare enn før.

Under tilskotsordninga for kommunale og fylkeskommunale bygg har Utsmykkingsfondet i tråd med *Reform '97* dei seinare åra prioritert tilskot til skular. Denne prioriteringa bør halda fram.

Frå 2001 har Utsmykkingsfondet òg ytt tilskot til uterom for kunst i kommunesektoren der også private kan delta. Denne ordninga vil få positive konsekvensar for både byrom og bustadområde.

Det er trøng for å styrkja dei tre utsmykkingsordningane og setja fondet betre i stand til å verta eit kompetansesenter og ein rådgjevande instans for kunst i offentlege rom.

Kunst i offentleg rom må òg forvaltast i meiningsa forast tilsyn med og haldast ved like. Utsmykkingsfondet har i dag det overordna forvaltningsansvaret for statlege utsmykkingar utførte med midlar som er tildelte gjennom fondet. Det bør vurderast om dei regionale kunstmusea og Nasjonalmuseet for kunst også bør trekkjast inn i forvaltinga. Kunstmuseum med konserveringsteknisk kompetanse vil ha gode faglege føresetnader for å fylla ei slik rolle.

Utsmykkingar og annan kunst i det offentlege rommet møter menneske med samtidskunst der dei ferdast. Dette gjev hove til å vekkja interesse for og formidla kunnskap om kunst utanom dei ordinære institusjonane og lokala for kunst og kunstformidling. Det bør leggjast til rette for at fondet, kunstmusea og andre kunstformidlande instansar på ein meir aktiv måte kan formidla dei kunstuttrykka som er skapte gjennom statlege utsmykkingsordningar.

Gjenstandar som kan eigna seg for utsmykkingsføremål, vert ikkje berre skapte av profesjonelle kunstnarar. Ved Trastad Samlinger utanfor Harstad er det ein imponerande dokumentasjon av kva psykisk utviklingshemma kan skapa av kunst som kan fortæra plassering i det offentlege rommet.

## **10.14 Særskilt om utsmykking m.m. i kyrkjer og andre heilage rom**

*Nye kyrkjebygg representerer eit stort potensial for oppdrag til samtidskunstnarar. Det bør koma i stand ein dialog mellom relevante kyrklelege organ og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg med siktet på ein breiare kontakt mellom kyrkja og kunstnarmiljøa.*

Kunsten har vore knytt til kyrkjesoga gjennom to tusen år. Kyrkjekunst vert ofte omtala som utsmykking, med di kunsten knyter seg til kyrkjerommet og den tilhøyrande arkitekturen.

Kyrkjekunst skal knyta an til både den bibelske bodskapen, til kyrkjelyden og til kyrkjerommet som meinings- og tradisjonsberar. Gjennom det kunstnarlege uttrykket skjer det eit møte mellom det menneskelege og det guddommelege i kyrkja. Denne samhandlinga mellom kunstverket og konteksten gjer kyrkjerommet til ein særmerkt symbol- og verdiberar og verkar inn på korleis kyrkjelyden oppfattar og tolkar sjølv kunsten. Konteksten kan gje verket ei mening som ikkje utan vidare vil vera like berrsynt dersom same verket vert synt fram i eit kunstmuseum. I ei kyrkje vil òg folk i større grad venta at kunsten er meiningsladd.

I konteksten for kyrkjekunsten inngår ritual, rørsler, tekst, musikk og drama. Innhold og tema vekslar med kyrjeåret. Konteksten inviterer til dialog og er med på å definera den særmerkte og verdfulle posisjonen kyrkjekunsten har i kunstfeltet.

Det er eit uutnytta potensial for møte mellom kyrkja og samtidskunsten. Fleire kunstnarar har utført oppdrag i kyrkjer og levert utsmykkingar som bryt med tradisjonell symbolikk og konvensjoner. Slike kunstverk kan representera positive utfordringar både for kunstnarane og for kyrkja. Det bør òg kunna opnast for temporære mønstringar av samtidskunst i kyrkjer og andre heilage rom. Prosjektet *Min Gud, min Gud* i kulturyrkja Jakob i Oslo i 2003, der åtte samtidskunstnarar stilte ut verka sine i kyrkjerommet, er i denne samanhengen eit interessant døme.

I samband med tusenårsskiftet vart det arrangert fleire utstillingar ved kunstinstitusjonar som reflekterte over tilhøvet mellom religion og kunst. Mellom anna synte Lillehammer Kunstmuseum utstillinga *Inderlighetens spill* i 1999 og Galleri F 15 utstillinga *Kristus 2000* i 2001. Utstillingane presenterte kunstnarar, både norske og utanlandske, som er opptekne av symbol og tenkjemåtar i fleire religionar.

Aktørar som er involverte i utsmykking av kyrkjer og andre heilage rom, bør oppmodast til eit ordskifte om roller og funksjonar for samtidskunsten i ein kyrkleleg samanheng.

Utsmykkingsfondet for offentlege bygg har til no ikkje hatt oppgåver i kyrkjebygg eller andre heilage rom, men med den breie kontaktflata dette fagorganet har vis-à-vis kunstnarmiljøa, vil det vera tenleg å trekka fondet inn i ein slik dialog.

## 11 Arkiv, bibliotek og museum

### 11.1 Innleiande merknader

Det samlande hovudprosjektet innanfor denne delen av kultursektoren dei aller nærmaste åra er å intensivera arbeidet med å følgja opp det registeret av tiltak som er skissert i St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling* (abm-meldinga). Med dette som utgangspunkt må det arbeidast vidare med å styrkja og utvikla dei ulike funksjonane som arkiv, bibliotek og museum skal fylla både i ein kulturpolitisk og ein større samfunnsmessig samanheng.

Abm-meldinga vart handsama i Stortinget i desember 2000 og fekk tilnærma full oppslutnad, jf. Innst. S. nr. 46 (2000–2001). Meldinga la opp til ein oppfølgingsperiode på fem år, og arbeidet med dette kom i gang frå og med 2002. På denne bakgrunnen vil abm-meldinga framleis vera det grunnleggjande referansedokumentet for den statlege kulturpolitikken innanfor arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet i åra framover.

Føremålet med gjennomgangen nedanfor er å oppsummera dei viktigaste tiltaka frå abm-meldinga innanfor kvar av dei tre delsektorane, å informera om status i oppfølgingsarbeidet og å presisa og supplera innhaldet i den vidare prosessen.

### 11.2 Vidareføring av opptrappingsplanen i abm-meldinga

*Regjeringa vil arbeida vidare med å følgja opp den økonomiske opptrappingsplanen til arkiv, bibliotek og museum på det grunnlaget som er skissert i abm-meldinga, og som Stortinget tidlegare har slutta seg til.*

I St.meld. nr. 22 (1999–2000) vart arkiv, bibliotek og museum for første gongen handsama under ein felles synsvinkel. Det vart både lagt vekt på dei grunnleggjande fellesdraga desse sektorane har som kulturarvssinstitusjonar og som kunnskaps- og kjeldeforvaltarar, og dei spesielle kjennemerke og særskilde oppgåver og utfordringar som sektorane har kvar for seg.

Tilsvarande vart det skissert tiltak og verkemiddel både av felles og meir sektorspesifikk karakter. Dette omfatta endringar i lover og regelverk, i

organisering, styring og finansiering av institusjonar og ulike former for utvikling og standardheving, ikkje minst for å gjera institusjonane og sektorane betre rusta til å møta nye utfordringar i informasjons- og kunnskapssamfunnet.

Som økonomisk ramme vart det skissert ei opptrapping av dei statlege driftsløyvingane til arkiv, bibliotek og museum med til saman 414 mill. 1999-kroner utover dåverande løyvingsnivå i løpet av den nærmeste femårsperioden. Stortinget slutta seg til dette. Fleirtalet i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, alle unntake medlemene frå Framstegspartiet, uttalte at denne økonomiske ramma var naudsnyt for å nå dei måla ein måtte ha for utviklinga innanfor dette området dei nemnde åra, jf. Innst. S. nr. 46 (2000–2001).

Den skisserte opptrappingsplanen var i meldinga fordelt med 78 mill. kroner til fellestiltak, 62 mill. kroner til arkiv, 72 mill. kroner til bibliotek og 202 mill. kroner til museum. Det vart teke etterhald om at den årlege oppfølginga ville vera avhengig av den økonomiske utviklinga og budsjetttsituasjonen. Dei to fyrste åra i femårsperioden, 2002 og 2003, har det vore ei samla opptrapping på vel 110 mill. kroner, det aller meste til museumstiltak. Den økonomiske ramma som var fastsett i abm-meldinga, svarar til 444 mill. kroner i 2003-prisar.

### 11.3 Aktivt utviklingsarbeid i regi av ABM-utvikling

*Gjennom etableringa av det statlege fellesorganet for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, er det no kome på plass ein viktig reiskap for å kunna driva eit operativt utviklingsarbeid med utgangspunkt i nasjonal samordning og fagleg gjennomtenkte løysingar.*

Eit viktig strategisk grep i abm-meldinga var tanken om å skipa eit felles fagleg-administrativt samordnings- og utviklingsorgan for arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. Dette er no realisert gjennom *ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum*, som vart formelt etablert frå 1. januar 2003. Departementet vurderer dette som ein naudsnyt føresetnad for å koma vidare med å

følgja opp mange av dei større og mindre einskild-tiltaka i abm-meldinga.

Innanfor ansvarsområdet sitt skal ABM-utvikling arbeida på tvers av departementale og andre administrative grenseliner, og hovudoppgåva er å driva aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordna, effektivisera og styrkja arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling skal setja institusjonane og sektorane betre i stand til å løysa faglege oppgåver og til å møta nye utfordringar i samfunnet og skal arbeida med heile spekteret av funksjonar innanfor arkiv, bibliotek og museum.

Det er fastsett i vedtekten at ABM-utvikling skal fremja samarbeid mellom dei tre sektorane der dette framstår som føremålstenleg, men det skal òg leggjast vekt på den faglege eigenarten og dei funksjonane som kvar av sektorane og dei spesifikke samlingane deira representerer. Likeins er det understreka at ABM-utvikling skal samarbeida fagleg med Arkivverket og Nasjonalbiblioteket og tilpassa eiga verksemid i høve til den kompetansen og dei funksjonane som desse etatane er tillagde.

Den avgjerande føresetnaden for at ABM-utvikling skal kunna fungera, er at institusjonen disponerer prosjektmidlar som kan nyttast både til egeninitierte prosjekt og til å stø tiltak i regi av andre aktørar. Dei tidlegare sektororganana Norsk museumsutvikling og Statens bibliotektilsyn, som no er integrerte i ABM-utvikling saman med tidlegare Riksbibliotektenesta, har hatt slike midlar til rådvelde, og ABM-utvikling har teke over forvaltninga av desse ressursane.

Jamfört med dei mangslungne utviklingsoppgåvene ABM-utvikling etter føresetnaden skal ta seg av, er omfanget av prosjektmidlar enno heller lite. Det er difor naudsynt å trappa opp prosjektløyvinga dei komande åra. Dette må sjåast i samanheng med at abm-meldinga i tillegg til generell styrking tufta på standard- og kompetanseheving av permanent karakter også la opp til meir målretta, tidsavgrensa tiltak med vekt på utvikling og endring. Det er først og fremst den sistnemnde tiltakstypen som det er tenleg at ABM-utvikling forvaltar. Det er òg aktuelt at ABM-utvikling forvaltar visse faste tilskotsmidlar, slik både Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling gjorde.

## 11.4 Arkiv

### 11.4.1 Arkivtiltak i abm-meldinga

Abm-meldinga viste til arkivlova som tok til å gjelda frå 1999, og at Arkivverket her hadde fått meir krevjande og omfattande forvaltningsoppgåver. I

tillegg til juridisk kompetanse har etaten behov for større kapasitet til generell saksbehandling og til oppgåver innanfor informasjon, planlegging og utgreiing.

Det største og viktigaste arkivtiltaket som vart varsle i abm-meldinga, var likevel ei omfattande kapasitetsoppbygging innanfor Arkivverket for at etaten skulle kunna ta seg av dei arbeidskrevjande oppgåvene med å bevara elektronisk arkivmateriale. Dette gjeld særleg fagsystem og databasar, der informasjonsinnhaldet står i fare for å verta teknologisk utilgjengeleg og dermed gå tapt etter kvart som systema går ut av bruk, eller som følgje av teknologiske endringar eller administrative oppdateringar. I tillegg er Arkivverket ein sentral aktør i det utviklingsarbeidet som går føre seg for å førebu overgangen til elektronisk sakshandsaming og arkivering i forvaltninga.

Mangel på kapasitet i Arkivverket har òg ein del av skulda for det store etterslepet når det gjeld avlevering av papirbasert arkivmateriale, og i abm-meldinga heitte det at det no må koma fortgang i kassasjons- og avleveringsarbeidet for å få bygd ned dette etterslepet. Her vart det òg peikt på som ein avgjerande føresetnad at Arkivverket til kvar tid har ledig magasinkapasitet til å ta imot komande avleveringar i stort omfang.

Utanom dei grunnleggjande bevaringsutfordringane la abm-meldinga opp til at ein del av kapasitetsoppbygginga i Arkivverket må gå til å leggja til rette for formidling av papirbasert arkivmateriale i elektronisk form, dvs. ved at det opphavlege materialet vert digitalisert og gjort tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester. Med tanke på digitalisering av kulturarvsmateriale meir generelt varsle departementet eit initiativ for å få laga ein statusrapport som grunnlag for meir heilskapleg tenking og planlegging av vegen vidare.

Det heitte i abm-meldinga at departementet tok sikte på å få utarbeidd ein situasjonsrapport om kva som finst av lokalhistorisk og annan kulturvernbasert aktivitet i norske lokalsamfunn med basis i institusjonar, foreiningar og lag av ymse slag. Meldinga varsle elles at departementet ville skipa ei statleg støtteordning for vern og formidling av privatarkiv, og det vart òg slege fast at tilskotet til Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek (AAB) ville verta vidareført.

Departementet oppmoda til skiping av interkommunale arkivordningar i dei fylka der slike enno ikkje fanst, og til at kommunar i andre fylke som enno ikkje hadde gått med i den eksisterande ordninga, melde seg inn dersom dei ikkje hadde handfaste planar om å løysa arkivoppgåvene sine på annan måte. Vidare vart kommunane oppmoda

til å byggja opp dei interkommunale arkivordnингane til depotinstitusjonar.

#### **11.4.2 Kort om status i oppfølgingsarbeidet**

Abm-meldinga skisserte ei økonomisk ramme på 62 mill. kroner for den femårlige opptrappingsplanen på arkivområdet. Dei to fyrste åra i perioden er det lagt inn i alt 3 mill. kroner.

Dessutan har Arkivverket omprioritert ein del ressursar til arbeidet med bevaring av elektronisk arkivmateriale, men dette har til gjengjeld gått ut over andre prioriterte oppgåver.

På plussida må det nemnast at skipinga av ABM-utvikling representerer ein faktisk ressurstilførsel og ei nyvinning på arkivområdet, i og med at det ikkje fanst noko liknande organ frå før slik tilfellet var for bibliotek og museum. Dette vil gje grunnlag for nytt utviklings- og utgreiingsarbeid innanfor delar av arkivsektoren som Arkivverket ikkje har primæransvaret for.

Den nye institusjonen fekk med seg ein stor portefølje av oppgåver frå bibliotek- og museumsfeltet, og dei fleste tilsette har bakgrunnen sin derifrå. Men institusjonen er i utgangspunktet tverrsektorielt organisert. Dessutan er det tilført arkivkompetanse gjennom nyrekryttering, både på leiar- og sakshandsamarnivå. Departementet legg elles til grunn at det er naturleg med ei gradvis oppbygging av ABM-utviklings sektorspesifikke kompetanse og engasjement på arkivfeltet.

Nedanfor følgjer ein tematisk disponert gjennomgang i meir detalj av status og vidare planar på arkivområdet.

#### **11.4.3 Vidareutvikling av arkivsektoren**

##### **11.4.3.1 Samla styrking av Arkivverket**

*Innanfor ramma av opptrappingsplanen i abm-meldinga bør siktemålet vera å auka kapasiteten i Arkivverket med ca. 50 stillingar til prioriterte behov i løpet av fem år. I tillegg må det setjast av midlar til utstyrsinvesteringar.*

Behovet for administrativ styrking av Arkivverket er vorte endå tydelegare dei siste åra. Den sentrale administrative avdelinga i etaten er hardt pressa, fordi ressursar er prioriterte til fagleg aktivitet. I tillegg til dei behova som er nemnde i abm-meldinga, trengst såleis ei styrking av den økonomisk-administrative kapasiteten for å kvalitetssikra arbeidet med budsjett- og økonomistyring.

Omfattande omstillingar i offentleg sektor, oppfølging av arkivlova m.m. har ført til sterke auke i saksmengda dei siste åra. Det krevst større profesjonalitet og meir einskapleg handtering av juri-

diske og økonomisk-administrative saker, men først og fremst større kapasitet. Planlegging og samordning for ein stor etat med eit komplekst spekter av oppgåver er også funksjonar som må styrkjast.

Behovet for styrkt administrativ kapasitet er likevel lite samanlikna med dei faglege utfordringane som det er nærmere gjort greie for nedanfor. Når alt dette vert summert, vert resultatet at det dei nærmaste åra vil vera trøng for å tilføra Arkivverket om lag 50 stillingar på permanent basis. Ved ei gradvis opptrapping vil ein innanfor ei slik ramme også kunna dekkja meir tidsavgrensa ekstrainnsatrar ved at ressursar til prosjektinnsats gradvis vert omdisponerte til å dekkja permanente behov.

I administrasjonsbygningen for Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo trengst fleire kontor og undervisningsrom, dessutan utstillingsrom, eigen mikrofilmlesesal og større publikums- og ekspedisjonsreal. Statsbygg er i gang med å utarbeida forprosjekt for ei utbygging som skal dekkja desse behova innanfor ei kostnadsramme på 100 mill. kroner. Det vil dels vera tale om nybygg, dels ombygging av eksisterande bygning. Prosjektet skal etter planen ferdigstillaust hausten 2005.

I samband med handsaminga av Dokument 8:149 (2001–2002) gav familie-, kultur- og administrasjonskomiteen uttrykk for at den gamle ubåtbunker Dora framleis burde vera eit aktuelt utbyggingsalternativ for Statsarkivet i Trondheim. Departementet har no innhenta tilbod frå Dora AS om leige av magasin med plass til 46 000 hyllemeter arkiv, dessutan publikumsareal, administrasjonslokale og konserveringsavdeling. Dette må samanliknast med eit tilsvarande tilbod frå Statsbygg om utbygging av den eksisterande statsarkivbygningen i Høgskoleveien. Dei to alternativa vert vurderte i samråd med Riksarkivaren, og departementet vil koma tilbake til Stortinget med saka i løpet av hausten 2003.

##### **11.4.3.2 Bevaring av elektronisk arkivmateriale**

*Det må no ha aller høgaste prioritet å koma实质 i gang med å ta hand om dei store utfordringane med å bevara elektronisk arkivmateriale for ettertida. Meir og meir av arkivdanninga i det offentlege skjer i elektronisk form, og viktige spor etter aktivitetten i forvaltninga er no i ferd med å gå taapt pga. teknologiske endringar i programvare og maskinelt utstyr.*

Arkivverket har nedlagt mykje arbeid i teknisk metode- og verktøyutvikling og anna førebuande arbeid dei siste åra, men har på langt nær den kapasiteten som skal til for at sjølv det operative beva-

rings- og avleveringsarbeidet skal mona. Oppgåvane er langt meir omfattande enn dei ressursane som er tilførte gjennom interne omprioriteringar og ein rammeauke på 3 mill. kroner.

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2002–2003) uttalte familie-, kultur- og administrasjonskomiteen at den kritiske ressurssituasjonen i Arkivverket må takast på alvor dersom ikkje svært verdfulle delar av vårt nasjonale minne skal gå tapt for ettertida. Departementet er bede om å gjennomføra ein ny analyse av kapasiteten på ulike område av arkivsektoren med tanke på turvande opptrapping av løyingane i komande budsjett. På dette grunnlaget er det no innhenta meir konkrete overslag over behova.

Arbeidet med å bevare informasjon frå elektroniske fagsystem og databasar er ein samansett prosess. Det omfattar å kartleggja og vurdera system med bevaringsverdig informasjon, å avgjera korleis og kor ofte ein skal henta ut informasjon, å gjera ein teknisk kontroll for å avgjera om avleveringa kan godkjennast, å halda ved like og gjera tilgjengeleg avlevert materiale, å utvikla hjelpemiddel til bruk for arkivskaparar og arkivdepot, dessutan å handtera spesielle vanskar i samband med organisasjonsendringar. Somme av desse operasjonane er meir arbeidskrevjande enn andre, og særleg den tekniske godkjenningstesten med tilhøyrande administrasjon er kritisk i så måte.

Ei kartlegginga frå 1999 viste at det i statsforvaltninga fanst meir enn 11 000 systemførekomstar å vurdera med tanke på bevaringsverdig informasjon. Eit informasjonsuttrekk frå kvart av desse kvart femte år ville føra til at Arkivverket måtte handtera vel 2 200 avleveringar pr. år. I dag har Arkivverket ein totalkapasitet for bevaring av elektronisk arkivmateriale på om lag 10 årsverk, medan det nemnde talet på årlege avleveringar ville krevja 75 årsverk berre til å gjennomføra og administrera den tekniske godkjenningstesten.

To faktorar er usikre, for det første kor mykje ein kan effektivisera dei tekniske operasjonane når det heile kjem meir i system, dinest at ein til no er kome for kort til å kunna vita kor mange av systema som vil visa seg å innehalda bevaringsverdig informasjon. Som eit moderat overslag er det lagt til grunn at det i alt vil krevjast 30 nye stillingar for å handtera avleveringar frå dei høgast prioriterte systema i staten. I tillegg krevst midlar til utstyrsinvesteringar.

Førebelts kan ein leggja til grunn at Arkivverket innanfor desse ressursrammene også må halda oppe kapasiteten til å driva standardiserings- og teknisk utviklingsarbeid for å leggja til rette for meir effektive og automatiserte bevaringsoperasjoner, både frå dei nemnde systema og frå dei nye

elektroniske arkivsystema som etter kvart vil erstatta dagens papirbaserte arkivdanning. I tillegg kjem ulike former for informasjonsarbeid, både i høve til systemleverandørar og statlege arkivskaparar.

Utviklings- og informasjonsarbeid er elles ein føresetnad for at Arkivverket skal kunna ta eit overordna fagleg ansvar for bevaring av elektroniske arkiv i kommunane. Arkivverket har operativt bevarings- og depotansvar berre for statleg arkivmateriale, men har også eit lovfesta rettleatings- og tilsynsansvar for andre offentlege arkiv. Departementet vurderer det slik at det vil vera naudsynt med koordinert innsats frå Arkivverket og ABM-utvikling med tanke på å leggja til rette for bevaring av elektronisk arkivmateriale både i kommunal og i privat sektor.

#### *11.4.3.3 Sektorvise prosjekt for bevaring og kassasjon*

*Det trengst ein ny giv i arbeidet med å utforma bevarings- og kassasjonsplanar i offentleg forvaltning. Dette skal skje i form av landsomfattande prosjekt der ein i tur og orden gjennomgår heile etatar eller sektorar og utformar systematiske og heilskaplege planar, som skal omfatta både elektronisk og papirbasert arkivmateriale.*

Frå arbeidet med elektronisk arkivmateriale har Arkivverket positive røynsler med etatsvise bevaringsvurderingar, av di dei elektroniske systema ofte er felles innanfor ein etat, ikkje særeigne for kvart organ. Eit utval i Arkivverket har no rådd til å utvida denne sektorvise arbeidsmåten til også å femna om bevarings- og kassasjonsplanar for papirbasert arkivmateriale.

Gjeldande ordning krev at kvart einskilt statsorgan utarbeider framlegg til eigne kassasjonsreglar, men dette er i liten grad gjort. Medan elektronisk materiale som ikkje vert vurdert for bevaring eller kassasjon, før eller sidan vil kassera seg sjølv, er det motsett med papirarkiv. Desse vert ståande i uminka omfang og tek opp meir plass enn påkravd i bortsetningsarkiv og arkivdepot, med di ein del av materialet kunne og burde vore kassert.

Målet med bevarings- og kassasjonsplanar for papirbasert arkivmateriale er å få redusert arkivmengdene og såleis spara ressursar seinare. Riksarkivaren reknar med at det totalt kan vera grunnlag for å kassera mykje papirbasert arkivmateriale, men det er korkje rekingssvarande eller forsvarleg å binda seg til ein fastrådd prosent. Riksarkivaren legg til grunn at bevarings- og kassasjonsvedtak må byggja på faglege kriterium. Men vurderin-

gane må skje på eit overordna nivå, slik at ein ikkje gjer ressurskrevjande detaljvurderingar for å oppnå marginale volumreduksjonar.

Føresetnaden for den nye strategien er at Arkivverket har ei initierande rolle, den faglege leininga av kvar einskild sektorgjennomgang og at desse vert organiserte på prosjektbasis. Samstundes må Arkivverket minst halda oppe noverande kapasitet til å førebu og motta avleveringar. Ved at meir materiale vert kassert som resultat av den nye strategien, kan ein då ha von om å byggja ned det store avleveringsetterslepet ein har i statleg forvaltning.

Det er kalkulert med at full gjennomgang av heile statsforvaltninga vil omfatta rundt rekna 40 prosjekt og krevja 60 årsverk frå Arkivverket si side. I tillegg er det lagt opp til at Arkivverket i samarbeid med dei interkommunale arkivordningane skal initiera og delta i tilsvarende sektorvise prosjekt for kommunesektoren, og dette vil krevja ytterlegare 10 årsverk.

#### *11.4.3.4 Utvida formidling av arkivmateriale*

*For å opna arkivkjeldene for eit stort publikum og slik bringa arkiva ut til folket må ein intensivera arbeidet for å digitalisera utvalde kjeldeseriar og gjeira dei tilgjengelege gjennom nettbaserte tenester.*

Tilgang til gode katalogar er sentralt i formidlinga av arkivkjelder. Felleskatalogen for Arkivverket skal etter planen leggjast ut på Internett i 2004. Men alle katalogar for materiale avlevert før 1990 finst berre i papirform, og for mykje av den løpende tilvoksteren er det ikkje kapasitet til å laga fullverdige katalogar. Ambisjonen er difor både å auka den løpende kapasiteten og å konvertera eldre katalogar.

I Arkivverket er hovudstrategien for utvida formidling av papirbasert arkivmateriale at ein fyrst mikrofilmar originalmaterialet, for deretter etter kvart å digitalisera mikrofilmen. Fordelen ved dette er at mikrofilming er mykje mindre arbeidskrevjande og dermed billigare enn direkte digitalisering, at mikrofilmen gjev ein tryggingskopi med ei levetid på fleire hundre år, og at seinare digitalisering av mikrofilm er ein automatisert prosess som er billigare og gjev betre resultat enn direkte digitalisering. Noko materiale må likevel digitalisert direkte frå originalen, til dømes kart og teikningar, der fargar av og til utgjer ein del av sjølve informasjonsinnhaldet.

Tidlegare mikrofilma materiale i Arkivverket omfattar ca. 3 000 hylrometer, og eit tilfang på 8 000 nye hylrometer er no vurdert og tilrådd

mikrofilma i åra framover. Dette er stipulert til 200 årsverk. Noverande kapasitet i etaten svarar til 3,5 årsverk per år. Eit siktemål bør vera ei gradvis opptrapping til 8 årsverk til mikrofilming og digitalisering. Med ein slik innsats vil i alt 7–8 pst. av noverande arkivbestand i Arkivverket vera mikrofilma etter 25 år.

Siste lekken i det utvida formidlingsarbeidet er å leggja ut det digitaliserte materialet på Internett. I Arkivverket skjer dette innanfor ramma av det såkalla *Digitalarkivet*, som er resultatet av eit samarbeid mellom Historisk institutt ved Universitetet i Bergen og Statsarkivet i Bergen. Alle kjeldene i Digitalarkivet inneholder søkbare opplysningar. Tenesta er gratis og kan nyttast av alle som har tilgang til Internett. Hausten 2002 overtok Arkivverket ansvaret også for alle tekniske og administrative funksjonar som Universitetet i Bergen tidlegare hadde dekt.

Departementet har bede ABM-utvikling påta seg eit initierande og koordinerande ansvar for å følgja opp det initiativet som vart varsle i abm-meldinga om å laga ein statusrapport som grunnlag for meir heilskapleg tenking og planlegging av det vidare arbeidet med digitalisering av kulturarvs materiale. Dette vil i utgangspunktet omfatta også anna kjelde- og informasjonsmateriale enn arkivtilfang. Difor må det også sjåast i samanheng med planen om norsk digitalt bibliotek som er omtalt under kap. 11.5.3.2

Som formidlingsmetode er digitalisering av arkiv ikkje uproblematisk. Arkiv er informasjon som er skapt i ein administrativ og samfunnsmessig kontekst, og utan denne konteksten vert kjeldeverdien i nokon grad redusert og dokumentinnhaldet forvrengt. Dei nye brukarane arkiva kjem i kontakt med på den digitale arenaen, vil dessutan mangla mykje av den historiske og kjeldekritiske kunnskapen til dei tradisjonelle lesesaljestene. Det er difor eit stort behov for både arkivfagleg og formidlingspedagogikk metodeutvikling på dette området.

Nettbaseret formidling av digitaliserte kjelder aktualiserer også grunnlaget for det utval av materiale ein må gjera når ein skal velja kva arkiv som i det heile skal bevarast. Ved Internett-formidling må ein gjera eit mykje snevrare utval, og det ein i røynda gjer, er å setja noko på pidestallen og forvisa resten til det ytste mørket. Men dei grunnleggjande spørsmåla vil vera dei same i både tilfella. Det dreier seg om kva kriterium som skal leggjast til grunn, og aktuelle alternativ kan vera ei brukarorientert tilnærming, ei rein verdivurdering, eller å ta utgangspunkt i ein funksjonell modell for å dokumentera samfunnet så breitt som mogeleg.

### 11.4.3.5 *Meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga*

*Som ein utviklingsstrategi på arkivområdet må det i større grad ein hittil siktast mot å bevara og formidla eit breiare spekter av arkiv, for å leggja til rette for heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga, dvs. at ein må få ein betre balanse mellom statlege, kommunale og private arkiv, og at offentleg og privat sektor vert sett meir i samanheng.*

Med heimel i arkivlova fastsette Riksarkivaren i 2002 retningsliner for arbeidet med privatarkiv. Desse byggjer på prinsippet om arbeidsdeling tufta på formelle samarbeidsavtaler mellom institusjonar som verkar innanfor same sektor, geografiske område eller samfunnsområde. Det skal utarbeidast overordna bevaringsplanar på nasjonalt og regionalt nivå.

Den nasjonale planen skal samordnast av Riksarkivaren, og dei regionale planane av eit landsdekkjande nettverk av fylkeskoordinerande organ utpeikt av Riksarkivaren. I samråd med ABM-utvikling har Riksarkivaren delegert ansvaret for å utpeika dei koordinerande organa til fylkeskommunane. ABM-utvikling vil arrangera faglege seminar for dei utpeikte institusjonane og ta seg av ulike utviklingsoppgåver i nettverksbygginga.

Departementet har bede ABM-utvikling ta ansvaret for å følgja opp planen om ein situasjonsrapport om lokalhistorisk og annan kulturvernbasert aktivitet i norske lokalsamfunn, og ABM-utvikling er i gang med å kartleggja bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt kjeldemateriale.

Siktemålet er å følgja opp med ei større kartlegging om det norske arkivlandskapet for å få eit samla oversyn som kan nyttast som grunnlag for planlegging og initiativ over eit breiare felt, mellom anna som grunnlag for prioriteringar innanfor den støtteordninga for privatarkiv som det er semje om at ABM-utvikling skal forvalta.

Den statlege støtteordninga for privatarkiv som vart varsle i abm-meldinga, bør ha ei todelt innretning. Det eine elementet vil vera å stø arbeidet med berging, ordning og katalogisering, det andre å stø ulike formidlingstiltak. Elles vil ABM-utvikling av generelle prosjektmidlar kunna gje støtte til ei rad andre tiltak som òg har relevans for privatarkivarbeidet, til dømes kompetanseoppbygging og utforming av bevaringsplanar.

På noko lengre sikt – fram mot 2014 – bør ein kunna sjå føre seg eit arkivlandskap som er bygd opp rundt eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar med ansvar for bevaring og formidling av arkiv frå både kommunal og privat sektor. Det

vil òg vera interessant å vurdera i kva grad eit slikt nettverk kan sjåast i samanheng med dei regionale statsarkiva, som i dag er ein organisatorisk del av det statlege Arkivverket.

Det er altfor tidleg å dra konklusjonar om eventuelle endringar i ansvars- og organisasjonstilhøve. På bakgrunn av dei omfattande utfordringane arkivsektoren står overfor, kan det likevel vera aktuelt å få gjennomført ei meir prinsipiell utgreiing om status og utviklingsvegar for det norske arkivlandskapet. Perspektivet må i så fall vera å leggja til rette for ein meir heilskapleg og systematisk dokumentasjon av samfunnsutviklinga enn det som tradisjonelt har vore tilfelle.

## 11.5 Bibliotek

### 11.5.1 Bibliotektiltak i abm-meldinga

I abm-meldinga varsle departementet ein gjennomgang av korleis pliktavleveringslova har fungert, særleg med tanke på å finna praktiske og føremålstenlege ordningar for å handtera den sterke voksteren i elektroniske dokument på Internett og for å sjå ho i samanheng med endringar i åndsverkslova som følgje av den teknologiske utviklinga. Det vart varsle ein samla gjennomgang av føresegnene om pliktavlevering for filmar og videogram, mellom anna for å vurdera kva som bør vera avleveringspliktig innanfor dette feltet, kva som kan gjera for å betra den faktiske avleveringa av videogram, og kva som her bør vera framtidig ansvarsdeling mellom Norsk filminstitutt og Nasjonalbiblioteket.

For Nasjonalbiblioteket som institusjon med ei operativ avdeling i Rana og ei i Oslo er det ei viktig utfordring å rotfesta organisasjonen som ein samla heilskap og fjerna alle former for dobbeltarbeid. Bygging av nytt magasinareal og opprusting av den gamle bibliotekbygningen på Drammensveien er ein føresetnad for å gje dei publikumsretta funksjonane ved Oslo-avdelinga ei funksjonell ramme. Målet er å gjera tradisjonelle publikumstenester meir tidsmessige og å vidareutvikla digitale informasjonstenester. Utvikling av depotbiblioteket i Rana kan vera eit tiltak for å effektivisera delar av fjernlånsfunksjonane mellom biblioteka, og det er behov for å prøva ut alternative organisasjonsformer.

Ny teknologi inneber at Norsk lyd- og blinde-skriftbibliotek etter kvart vil måtta leggja til rette for andre tenester enn i dag, og behovet for teknisk kompetanse kunne tilseia ei samorganisering, eventuelt ei samanslåing med Nasjonalbiblioteket. Digitalisering av eit omfattande masterarkiv av lyd-

bøker og lydband vart nemnd som ei naturleg oppgåve å løysa i samarbeid med Nasjonalbiblioteket. Ein ville og vurdera nærmere samarbeid og samordning mellom Norsk barnebokinstitutt og Nasjonalbiblioteket og leggja til rette for fullgod samordning mellom Nasjonalbiblioteket og Norsk Visearkiv, Norsk Jazzarkiv, Norsk musikksamling og delar av arbeidet i Norsk Musikkinformasjon.

Nasjonalbiblioteket og dei fleste universitets- og høgskulebiblioteka samarbeider i Bibsys, og abm-meldinga tok her til orde for å fremja samkvem og samvirke mellom dette bibliografiske systemet og dei ulike elektroniske biblioteksystema som finst i folkebiblioteka. Målet er å skapa eitt nasjonalt biblioteknett på tvers av ulike system, mellom anna for at den offentlege ressursinnsatsen kan utnyttast ubunde av tid, stad og system. Meldinga lanserte også ideen om det saumlause bibliotek som det ideelle målet for den vidare utviklinga på bibliotekfeltet. Omgrepet er definert som et bibliotektilbod som gjer at alle slags bibliotekbrukarar skal kunna venda seg til kva bibliotek som helst uavhengig av type og storleik for å få den teneste og den sørvis vedkomande måtte ønskja.

Abm-meldinga la opp til at det skal ytast statlege prosjektmidlar for å stimulera folkebiblioteka til å utvikla nye og alternative samarbeids- og samordningsmodellar, spesielt samarbeid på tvers av kommunegrensene mellom dei mange små bibliotekineiningane. Det vart varsla eit utviklingsprogram for kompetanseoppbygging, slik at dei tilsette vert rusta til å handtera omstillingar og endringar i samband med den teknologiske utviklinga. Det vart lagt vekt på at etter- og vidareutdanningstiltak helst måtte samordnast for heile biblioteksektoren.

Departementet gav i abm-meldinga uttrykk for at utlån frå folkebiblioteka skal vera gratis, og at det ikkje er aktuelt å skipla dette hovudprinsippet, men meinte at det likevel burde vurderast å justera folkebiblioteklova slik at det vart høve til å ta betalt for skreddarsydde datatenester og informasjonsanalyser som ikkje har interesse for andre enn den som tingar tenesta. Dette vart eit omstridt spørsmål i Stortinget. Abm-meldinga varsla elles ei endring i folkebiblioteklova for å gje fylkeskommunane sjølv høve til å avgjera korleis dei vil organisa dei tenestene som det no lovpålagde fylkesbiblioteket utfører, i hovudsak fjernlån, lånesamarbeid og rettleiingstenester.

Abm-meldinga viste til behovet for å sjå nærmere på litteratur- og informasjonstilbodet til dei døvblinde og ei vurdering av tilrådinga om å skipa eit kompetansebibliotek for døuve. Familie-, kultur- og administrasjonskomiteen gav uttrykk for at det ved 5–6 ytterlegare helseinstitusjonar burde opprettast

liknande tiltak som det staten i dag gjev til pasientar ved nokre utvalde sjukehus. Komiteen gav òg uttrykk for at etterspurnaden etter bibliotektenester i fengsel tilseier at tilbodet bør byggjast ut. Komiteen meinte elles det var behov for ein heilsakleg nasjonal strategi for styrking av skolebiblioteka og for samarbeidet mellom skule- og folkebibliotek.

Departementet tok sikte på at arbeidet med dei fire oppslagsverka Norsk Ordbok, Norsk Riksmaulsordbok, Norsk Biografisk Leksikon og Historisk-kritisk Ibsen-utgåve skulle vera avslutta til tohundreårsmarkeringa for Grunnlova i 2014.

### **11.5.2 Kort om status i oppfølgingsarbeidet**

Abm-meldinga skisserte ei økonomisk ramme på 72 mill. kroner for den femårige opptrappingsplanen på bibliotekområdet. Dei to fyrste åra i perioden er det lagt inn vel 20 mill. kroner, av dette 5 mill. til å forsera arbeidet med dei nemnde oppslagsverka, særleg Norsk Ordbok, og om lag 14 mill. kroner til Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek. I tillegg kjem 1,5 mill. kroner til mobile bibliotektenester som vart plussa på i Stortinget ved budsjettbehandlinga for 2002.

Skipinga av ABM-utvikling har elles lagt eit nytt grunnlag for meir substansielt oppfølgingsarbeid på bibliotekområdet. For det fyrste er den nye institusjonen innretta slik at det skal kunna leggjast større kraft enn tidlegare i meir utviklingsorienterte oppgåver. For det andre representerer ABM-utvikling ei samanslåing av to tidlegare organ med ansvar for separate delar av biblioteksektoren, Riksbibliotektenesta og Statens bibliotektilsyn. Dermed er det lagt til rette for eit sektor- og departementsovergripande nasjonalt koordineringsansvar for heile bibliotekområdet.

I Ot.prp. nr. 82 (2002–2003) *Lov om endringar i lov om folkebibliotek* har departementet gått gjennom det som er gjort for å leggja til rette for ei samordna utvikling på bibliotekfeltet, og kva rolle ABM-utvikling her er tiltenkt. Proposisjonen gjer elles greie for arbeidet med å følgja opp ein del av dei lovendringane som vart omtala i abm-meldinga. Det framgår at departementet i denne omgang har funne det rett å redusera meir enkeltståande endringar i folkebiblioteklova til eit minimum, og at desse i staden bør vurderast i ein større sammenheng.

I høyningsnotatet hausten 2002 varsla departementet eit større utgreiingsarbeid på bibliotekfeltet, og at ein samla lovrevisjon burde inngå som ein del av dette. Her vart òg nemnt tanken om å utvida verkeområdet for lova til å omfatta større delar av

biblioteksektoren, mellom anna for å følgja opp ideen om det såkalla samlause bibliotektilbodet. I proposisjonen er det gjor nærmare greie for bakgrunnen for dette, og det er konkludert på følgjande måte:

«Det må utgreiaast nærmare kva for verkemiddel som kan vera formålstenlege for å leggje til rette for eit meir samordna og saumlaust biblioteksystem. Om ei felles lovgleving vil vere vegen å gå, er enno eit ope spørsmål. Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum vurdera korleis eit vidare utgreiings- og utviklingsarbeid på bibliotekfeltet skal leggjast opp.»

Nedanfor følger ein tematisk disponert gjenomgang i meir detalj av status og vidare planar på bibliotekområdet.

### **11.5.3 Vidareutvikling av biblioteksektoren**

#### *11.5.3.1 Vidare utbygging og utvikling av Nasjonalbiblioteket*

*Nasjonalbiblioteket er den største og viktigaste institusjonelle aktøren i det norske biblioteklandskapet, både i kraft av dei operative og forvaltningsmessige funksjonane institusjonen har direkte ansvar for, og som den sentrale ressurseinininga for resten av biblioteksystemet. Vidare utbygging og utvikling av Nasjonalbiblioteket som den viktigaste drivkrafta i norsk bibliotekstell vil ha fyrsteprioritet, og dette vil innebera så store kostnader at andre viktige oppgåver på bibliotekfeltet i stor grad må venta.*

Jamvel om Nasjonalbiblioteket si avdeling i Oslo har sitt utspring i det tradisjonsrike Universitetsbiblioteket, og avdelinga i Rana har vore i operativ funksjon sidan 1989, var det ikkje før 1. januar 1999 at Nasjonalbiblioteket vart etablert som ein samla institusjon. Det vert no arbeidd med å konsolidera institusjonen og byggja bru mellom dei to geografisk skilde avdelingane. Målet er mellom anna å leggja til rette for optimal og funksjonell arbeidsdeling mellom Oslo og Rana.

Departementet har godkjent framlegg frå Nasjonalbiblioteket til strategiplan for perioden 2003–2006. Planen avspeglar at institusjonen er inne i ein konsolideringsfase der det gjeld å etablira ein felles eigarskap til oppgåver og prioriteringar. Det er lagt vekt på at planen ikkje skal vera statisk, og det er etablert ei tverrfagleg tenkje-gruppe sett saman av både tilsette og representantar frå institusjonens ytre nærmiljø. Desse har fått i

oppdrag å leggja til rette for vidare diskusjon om utviklingstrekk og viktige problemstillingar.

Eit fundament for utviklinga vidare ligg i det arbeidet med omorganisering som no er i gang. Departementet har sluttat seg til eit framlegg frå leiringa ved Nasjonalbiblioteket om at institusjonen skal organiserast i fem sideordna avdelingar på tvers av det operative skiljet mellom Oslo og Rana. Dermed vil alle avdelingane ha medarbeidarar båe plassar. Med dette vil ein redusera dublerande arbeidsoppgåver, opna for fleksibilitet og gje større rom for å tenkja heilskapleg når oppgåver skal løyst. Samla sett skal dette gje ein rasjonaliseringsvinst og gjera sitt til å skapa ein meir samanhengande institusjon.

I Rana er det nettopp ferdigstilt nytt lager for Depotbiblioteket, og ca. 1 million bøker og tidskrift er flytta over hit. For å rasjonalisera drifta og frigjera ressursar er det for første gong i Norden teke i bruk eit høgteknologisk automatisk framfinnings- og uthentingssystem for bøker. Depotbiblioteket har ein viktig funksjon i å effektivisera ressursbruken i det norske biblioteksystemet gjennom innlevering og gjenbruk av lite brukt materiale, artikkelkopiering, fjernlån og tilgang til mikrofilma utgåver av norske aviser. I Rana er det elles planlagt eit tilbygg på 450 rutemeter, for å gje betre plass til lyd- og biletarkivet. Den tidlegare depotbygningen skal byggjast om.

Ved avdelinga i Oslo har situasjonen vore sterkt prega av forsømt vedlikehald gjennom fleire tiår og forelda tekniske og bygningsmessige løysingar i den gamle bygningen som Nasjonalbiblioteket overtok frå Universitetet i Oslo i 1990. Føremålet med den utbygginga som no er i gang, er å sikra samlingane betre i nye magasin, å gje tilsette og brukarar eit fysisk arbeidsmiljø som er fullt tilfredsstillande, og å gje forskrarar og anna publikum tilgang til fasilitetar som gjer det mogeleg å nytta moderne teknologi ved handtering av eit breitt spekter av dokumentkategoriar. I tillegg må Nasjonalbiblioteket som kulturelt symbol for norsk åndshistorie få eit meir dynamisk arkitektonisk uttrykk.

Ved handsaming av revidert budsjett for 2002 gav Stortinget fullmakt til overføring av eigedomsretten til den aktuelle tomtegrunnen til det statlege aksjeselskapet Entra Eiendom. Ved at dette selskapet har fått ansvar for utbygging og framtidig drift av heile eigedomen, vert det underjordiske magasinaarealet bygd dobbelt så stort som det Nasjonalbiblioteket no har bruk for. Entra Eiendom vil disponera overskotsarealet som parkeringsanlegg for utleige på den private marknaden, men staten får opsjon på leige av tilleggsarealet etter kvart som behovet oppstår. Dermed får ein utnytta tomte-

grunnen fullt ut, og ein får god prosjektøkonomi og stor fleksibilitet ved framtidige meirbehov.

Magasinet skal etter planen ferdigstillast hausten 2004 og rehabiliteringa av eksisterande bygning i 2005. Det vert planlagt med siktet på at dei nye lokala også vil gje rom for institusjonar som Norsk Jazzarkiv, Norsk Visearkiv, NORLA, Norsk Barnebokinstitutt og Musikkinformasjonssenteret. Ved slik samlokalisering vil det vera lagt til rette for at desse kan samarbeida nærmere med Nasjonalbiblioteket.

Spørsmålet i abm-meldinga om Norsk lyd- og blindskriftbibliotek teknologisk og organisatorisk bør knytast opp mot Nasjonalbiblioteket, må sjåast i samanheng med oppfølging av ei utgreiing om verksemda ved Norsk lyd- og blindskriftbibliotek som vart gjennomført hausten 2002. Målet med utgreiinga var å få råd om korleis det kan leggjast til rette for finansielle, administrative og produksjonstekniske ordningar som kan gje meir effektiv drift enn i dag, og som kan auka og forbetra tenestetilbodet til dei primære målgruppene monaleg. Ein rapport låg føre våren 2003 og vart deretter send på høyring. Departementet arbeider no med oppfølginga og vil seinare koma tilbake til Stortingset med saka. Målet er at produksjon og formidling av litteratur til blinde og synshemma skal verta vesentleg betre.

Det er dei digitale utfordringane som gjer det naturleg å sjå litteratur- og informasjonstenester for blinde og synshemma i samanheng med den tunge digitale infrastrukturen som er bygd opp ved Nasjonalbiblioteket. Hjernen i denne infrastrukturen er det digitale sikringsmagasinet i Rana. Her skjer all lagring og handtering av informasjon i digital form, anten det er pliktavlevert eller annan digital informasjon eller opphavleg ikkje-digital informasjon som er konvertert til digital form.

Det er ei viktig oppgåve å leggja opp til eit tempo i utbygging av denne infrastrukturen som sikrar optimal ressursutnytting og funksjonell drift. Manglande utbyggingstakt her vil kunna koma til å representera ein urasjonell flaskehals for sentrale funksjonar ved drifta og tenestetilbodet ved Nasjonalbiblioteket.

I løpet av dei fire siste åra er det investert ca. 20 mill. kroner i å få på plass denne infrastrukturen og tilhøyrande kompetanse. Handtering, bevaring og formidling av digital informasjon er ei stor utfordring for heile abm-sektoren, og det kan vera ei urasjonell løysing på sikt å byggja ut sikringsmagasinet ved Nasjonalbiblioteket slik at også andre kulturinstitusjonar kan få plass til dei digitale samlingane sine her, og slik at tilrettelagde formidlingstenester kan utviklast. Mellom anna vil dette

vera eit aktuelt alternativ i samband med utviklinga av eit norsk digitalt bibliotek.

### 11.5.3.2 Eit norsk digitalt bibliotek

*I regi av ABM-utvikling er det lagt til rette for å utvikla eit norsk digitalt bibliotek, dvs. ei organisert samling av tenester og innhaldsressursar som gjev brukarar tilgang til informasjon i digital form formidla via datanett, eit system som sprengjer rammene for kvart einskilt bibliotek, og stiller dei samla digitale informasjonsressursane og tenestene fra deltagarane til rådvelde for alle på ein enkel måte.*

Ei stadig viktigare oppgåve for fag- og forskningsbiblioteka dei seinare åra har vore å skaffa verstsinstitusjonen tilgang til utanlandske elektroniske fagtidsskrift og til ulike fagdatabasar. Slik elektronisk informasjon har meir og meir erstatta tradisjonell papirbasert faglitteratur, og det har dei seinare åra vore sterkt prisauke på dei lisensane som krevst for å få tilgang. Gjennom konsortieavtalar har Riksbibliotektenesta og no ABM-utvikling forhandla fram felleslisensar som reduserer kostnadene vesentleg for kvar einskild institusjon.

Tanken har vore å utvikla dette konsortiesystemet til eit elektronisk fagbibliotek, men i september 2002 tok ABM-utvikling initiativet til å utvida rammene for dette. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å utarbeida eit strategisk plandokument som grunnlag for eit nasjonalt innsatsprogram for det som vart kalla eit felles norsk digitalt bibliotek. Rapporten frå februar 2003 skisserer ei fagleg ramme som går langt utover den opphavlege tanken om eit elektronisk fagbibliotek for å dekkja meir spesialiserte informasjonsbehov. Departementet ser det som tenleg at ein startar ut med eit slik breitt perspektiv, slik at det ikkje vert lagt opp til løysingar som kan gje urasjonelle bindingar for framtida.

Utanom elektroniske tidsskrift og kunnskapsdatabasar nemner rapporten som hovudgrupper av innhaldsingrediensar også elektroniske bøker og «den norske kulturarven». Det siste siktat til eit omfattande materiale, ikkje minst henta frå dei tradisjonelle samlingane både i arkiv, bibliotek og museum, mellom anna materiale som vert konvertert til digitalt form. Det kan også vera ikkje-tekstlege innhaldstypar som til dømes lyd og bilete. I tillegg til desse kategoriene kan det finnast eit stort spekter av innhaldstypar. I prinsippet vil dette kunne omfatta alle slags informasjonsressursar frå dei fleste tenkjelege leverandørar, i røynda eit opplegg for ei revolusjonerande omskaping av heile kunnskapstilgangen i Noreg.

Det vil likevel vera eit sentralt utgangspunkt, i samsvar med den opphavlege tanken bak prosjektet, å vidareutvikla systemet med tilgang til lisensierte innhaldsressursar frå særleg utanlandske kommersielle leverandørar. Desse er ofte svært kostnadskrevjande, og dette vil fyrst og fremst vera av interesse for studentar og tilsette ved institusjonar for høgare utdanning. Innanfor ramma av det digitale biblioteket vil det difor vera naudsynt å differensiera mellom kva ressursar ein skal tilby ulike brukargrupper, og på kva vilkår dette skal skje. Målet på sikt bør likevel vera at ein kjerne av innhaldsressursar er tilgjengelege for alle.

Å byggja ut systemet med konsortieavtalar og lisensiering vil gjera det lettare å utnytta dei totale ressursane best mogeleg. Frå å vera eit system konsentrert om abonnement på fagdatabasar og elektroniske tidsskrift for grupper av fag- og forskningsbibliotek bør dette utvidast til å femna om ei størst mogeleg gruppe av bibliotek. Fleire aktørar kan delta i slike konsortium innanfor eksisterande økonomiske rammer, og ein kan utvida rammene gjennom sentral finansiering av nasjonale lisensar, til dømes i den grad folkebiblioteka skal inkludera i eit slikt system. Samordning av tenestespekteret innanfor eit digitalt bibliotek vil dessutan kunna spara biblioteka for store kostnader til administrasjon og akkvisisjon av digitalt innhald.

Dei opphavsrettlege rammene for tilgjengeleggjering av digital informasjon vil vera eit springande punkt i utviklingsarbeidet alle aktørane i eit nasjonalt digitalt bibliotek må ha tilgang til kompetanse på dette området. Klarering av rettar til digitalt materiale byr på store utfordringar. I hovudsak vil dette vera ordna gjennom lisensavtalar, men digitalisering av store delar av materialet i biblioteka vil ikkje vera dekt av slike avtalar. Det er behov for å sjå bibliotek i samanheng og å få til gode fellesløysingar. Det er difor ønskjeleg med ein felles klareringssentral for biblioteka.

Utviklinga av eit digitalt bibliotek inneber òg utfordringar som gjeld langtidslagring av digitale dokument, og ein meir systematisk innsats for digitalisering av papirbasert og anna ikkje-digitalt materiale. Både delar er drøfta under omtalen av arkiv ovanfor, og ein del av dei problemstillingane som der er skisserte, gjeld til ein viss grad også for andre typar materiale. Mange andre spørsmål må òg utgreiaast vidare. Arbeidet må koordinerast med liknande nasjonale satsingar, så som Kulturnett Noreg, Forskningsnett, Nasjonalt læringsnett og Den kulturelle skulesekken.

Det er tilrådd å etablera eit innsatsprogram over fem år. Her skal det arbeidast systematisk med å løysa alle dei utfordringane som er drøfta i

rapporten. Det er lagt opp til brei representasjon i oppfølgingsarbeidet, og sentrale aktørar vil vera Universitets- og høgskulerådet, Noregs forskingsråd, universitets- og høgskulebiblioteka, Nasjonalbiblioteket, Bibsys og representantar frå fylkes- og folkebiblioteka. Det er også lagt vekt på at institusjonar og ressursar innanfor arkiv- og museumssektoren må trekkjast inn, og at Arkivverket og musea vil kunna bidra med tenester innanfor ramma av eit norsk digitalt bibliotek.

Føresetnaden er at det vert etablert eit sekretariat for å administrera heile innsatsprogrammet, og det naturlege er å plassera dette i ABM-utvikling. Innsatsprogrammet eit norsk digitalt bibliotek vil krevja dels ei organisatorisk omstilling i biblioteksektoren, dels vil det krevja eit økonomisk lyft. Den delen av finansieringa som skal skje i form av friske midlar over kulturbudsjettet, vil i utgangspunktet måtte skje innanfor ramma av den økonomiske opptrappingsplanen som er skissert i abm-meldinga. ABM-utvikling har utlyst stilling som prosjekteiar for å koordinera og prioritera vidare aktivitetar i retning av eit norsk digitalt bibliotek.

Prosjektet eit norsk digitalt bibliotek har ei breidde som gjer det råd å tenkja seg ulike offentleg finansieringskjelder. I den grad dette skal innpassast innanfor den skisserte opptrappingsplanen på bibliotekfeltet, må framdrift og omfang sjåast i samanheng med det som er uttalt ovanfor om å prioritera vidareutviklinga av Nasjonalbiblioteket.

#### *11.5.3.3 Eit saumlaust bibliotektilbod*

*Eit sentralt mål for utviklinga på bibliotekfeltet i åra som kjem, er å leggja til rette for eit såkalla saumlaust bibliotektilbod, noko som i praksis inneber at optimal brukartilgang gjennom nasjonal samordning av informasjonsressursar skal vera eit viktig prinsipp for eit sentralt utviklingsarbeid på tvers av institusjonelle og andre administrative grenseline.*

Ideen om eit tilnærma saumlaust bibliotektilbod tek utgangspunkt i eit prinsipp om at kvart ein-skilt bibliotek i utgangspunktet kan stilla eigne samlingar og tenester til rådvelde også via andre bibliotek enn sitt eige, og at dei så langt råd er, kan gjera dette utan å diskriminera mellom ulike låntakar- eller brukargrupper. Tanken om eit saumlaust bibliotektilbod inneber òg at alle bibliotek har tilgang til fellessamlingar og fellesressursar av ulike slag.

Poenget er altså at det i størst mogeleg grad skal vera råd å nyttja dei samla informasjonsressursane som finst i norske bibliotek, utan omsyn til kvar i landet brukaren oppheld seg, og til kva føremål informasjonen skal nyttast. I praksis vil det

vera fleire kompliserande faktorar både av teknisk, rettsleg og økonomisk-administrativ art som set klåre grenser for kor langt det er realistisk å kunna realisera slike målsetjingar, særleg på kort sikt. Dette må likevel ikkje hindra at ein heile tida sokjer etter konkrete og realistiske samarbeidsløysingar som gradvis kan gjennomførast.

Arbeidet i retning av eit saumlaust bibliotektilbod må mellom anna ta utgangspunkt i at vi i dag har ulike typar av bibliotek som er innretta på å dekkja ulike behov. Eit hovudskilje går mellom folkebiblioteka på den eine sida, som tradisjonelt har allmenn litteratur- og informasjonsformidling som hovudoppgåve, og fag- og forskingsbiblioteka på den andre sida, som har som hovudoppgåve å dekkja meir spesialiserte informasjonsbehov for tilsette og studentar ved den institusjonen som dei er ein del av.

I tillegg kjem at det her er tale om både private institusjonar og offentlege institusjonar som fagleg og administrativt soknar til ulike fagdepartement, medan drifta av folkebiblioteka er eit kommunalt ansvar. Dette inneber ein viss kompleksitet i den underliggjande økonomisk-administrative strukturen i norsk bibliotekvesen. Dette er ein struktur som det ikkje er aktuelt å endra, og utfordringa vert å finna praktiske og fagleg gode løysingar innanfor eksisterande forvaltningsstrukturar.

Arbeidet i retning av eit saumlaust bibliotektilbod må dels innebera å utvikla samarbeidet mellom likearta bibliotek med ulik geografisk basis, dels å utvikla mekanismar og ordningar som kan leggja til rette for samarbeid på tvers av skiljet mellom ulike bibliotektypar, særleg mellom folkebibliotek og fag- og forskingsbibliotek. Spørsmålet er òg i kva grad det kan finnast ordningar som gjer at ikkje einskildinstitusjonar i urimeleg grad tapar økonomisk på å vera del av eit heilskapleg biblioteksystem.

For det fyrste er det behov for å analysera inngåande om gjeldande system for lånesamarbeid mellom folkebibliotek kan effektiviserast og forbedrast gjennom nye organisatoriske løysingar. For det andre er det naturleg å studera nærmare den delen av fjernlånstrafikken som går på tvers av sektorgrensa mellom folkebibliotek og fag- og forskingsbibliotek, og å sjå nærmare på arten og omfanget av den rolle folkebiblioteka spelar i samband med fjernundervisning og livslang læring.

Det at det går føre seg ein omfattande fjernlånstrafikk, er i seg sjølv eit prov på behovet for samarbeid på tvers av institusjonsgrenser. Det er fyrst og fremst biblioteka ved universiteta og dei vitakaplege høgskulane som lånar ut meir enn dei lånar inn, og som dermed i størst grad subsidierer

biblioteknettet elles, men også desse nettoytarane i fjernlånsamarbeidet har eit omfattande innlån. Det viser at alle bibliotek i røynda er avhengige av kvarandre for å imøtekoma etterspurnaden frå brukarane.

Og jamvel om universitets- og høgskulebiblioteka gjennom fjernlånnssystemet dekkjer mykje av låneetterspurnaden i folkebiblioteka, skjer det aller meste av fjernlånet fag- forskingsbiblioteka imellom. Dessutan må ein ta omsyn til at studentar ved universitet og høgskular nyttar folkebiblioteka i samband med studiearbeidet sitt. Denne sektoroverskridande bruksmåten er likevel ikkje så godt dokumentert som fjernlånet. Som ein lekk i det vidare arbeidet med å utvikla nasjonalt overgripande løysingar for informasjons- og kunnskapsformidling bør det difor gjennomførast eit prosjekt for å framskaffa slik dokumentasjon.

Arbeidet i retning av eit saumlaust bibliotektilbod krev òg ei betre samordning av dei mange bibliografiske databasane. Det er grunn til å tru at det her ligg føre eit stort potensial for rasjonalisering og dermed for frigjering av ressursar, som i staden kunne setjast inn i arbeidet med å konvertera papirbasert og analogt lagra informasjon til digital form. I tillegg til slik digitalisering vil stadig meir informasjon finnast i primær digital form.

Eit sentralt mål er at både digital informasjon og informasjon som er konvertert til digital form, så langt råd er skal kunna gjerast tilgjengeleg over datanett, slik at brukarane kan sitja heime, på arbeidsplassen eller på ein bibliotekinstitusjon eller liknande og sjølv sokja opp og henta fram informasjon dei har bruk for. I den grad dette kan realisera, vil biblioteket like mykje verta ein funksjon som ein stad, ein kombinasjon av eit fysisk bibliotek med samlingar som kan lånast ut på tradisjonelt vis, og ein institusjon som er bidragsytar og deltakar i ein digital informasjonsbank.

#### *11.5.3.4 Eit koordinert utviklings- og utgreiingsarbeid*

*Med ABM-utvikling som hovudaktør og koordinerande instans skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet, og Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet oppnemna ei referansegruppe for å sikra brei forankring av arbeidet.*

Både ideen om det saumlause biblioteket og framlegget om eit norsk digitalt bibliotek kan med fordel sjåast som uttrykk for overordna visjonar og ambisjonar for eit nasjonalt utviklingsarbeid der ein legg vekt på å sjå heile biblioteksektoren i

samanheng. Som nemnt i proposisjonen om endringar i lov om folkebibliotek frå april 2003, jf. Ot.prp. nr. 82 (2002–2003), understreka eit uavhengig evalueringsutval våren 2001 at det var behov for eit sentralorgan som var i stand til å arbeida meir heilhjarta og kraftfullt for å utvikla og gjenomføra heilsapelege, strategiske tiltak for ein samla biblioteksektor.

Samanslåinga av dei tidlegare fagorgana Statens bibliotektilsyn og Riksbibliotektenesta innanfor ramma av ABM-utvikling inneber at det no er lagt organisatorisk til rette for eit slikt utviklingsarbeid. Føresetnaden er at utviklingsarbeidet i regi av ABM-utvikling skal omfatta eit vidt spekter av aktivitetar, alt frå reint praktiske oppgåver og gjenomføring av konkrete tiltak til meir overordna utgreiingsarbeid. Det optimale er at praktisk utviklingsarbeid og strategisk utgreiingsarbeid kan gå hand i hand. I den grad begge delar kan organiserast i regi av ABM-utvikling, vil det liggja godt til rette for naudsynt sams spel og koordinering.

I den nemnde evalueringa frå 2001 vart det tilrådd at det burde gjennomførast eit fagleg utgreiingsarbeid som grunnleggjande definerer kva roller biblioteka skal spela i dagens og morgondagens informasjons- og kunnskapssamfunn. Alt i samband med etableringa fekk ABM-utvikling i oppdrag av departementet å følgja opp dette. Vidare vart det i høyningsnotatet med framlegg til endringar i lov om folkebibliotek hausten 2002 varsle ei meir omfattande utgreiing og evaluering av folkebiblioteklova og at dette ville inngå som del av ei generell utgreiing på bibliotekfeltet.

Det ligg implisitt i premissane ovanfor at utgreiingsarbeidet må leggjast opp slik at det ikkje hindrar ABM-utvikling i parallelt å driva eit praktisk utviklingsarbeid og å gjennomføra konkrete tiltak. Samstundes må det overordna utgreiingsarbeidet ha brei forankring i bibliotekmiljøet, og det er også ynskjeleg med ei vidare samfunnsmessig forankring. Med dette som utgangspunkt har departementet vurdert korleis eit vidare utgreiings- og utviklingsarbeid bør leggjast opp. Konklusjonen er at det bør oppnemnast ei breitt samansett referansegruppe for å sikra medverknad frå relevante fagmiljø og god samfunnsmessig forankring, men at leiinga og gjennomføringa av arbeidet skjer med ABM-utvikling som hovudaktør og sentralt koordinerande instans.

I praksis inneber dette at også sekretariatsfusjonane vil liggja i ABM-utvikling, og at ABM-utvikling står formelt ansvarleg for arbeidet. Dette hindrar ikkje at delar av aktuelt utgreiings- og utviklingsarbeid vil kunna skje innanfor eit breiare miljø enn ABM-utvikling. Føresetnaden er også at

ABM-utvikling har kontakt med aktuelle fagdepartement og andre relevante aktørar undervegs, både for å orientera om arbeidet sitt og for å skaffa seg eit best mogeleg grunnlag for å vurdera realistiske løysingar. Det vil vera tenleg at Kultur- og kyrkjedepartementet i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet utarbeider eit mandat for arbeidet.

Mandatet bør mellom anna omfatta ei prinsipiell drøfting av kva rolle biblioteket som samfunnsinstitusjon skal spela i informasjons- og kunnskapssamfunnet, og kva det vil ha å seia for biblioteket at stadig meir informasjonssøking ser ut til å skje over Internett. Utgangspunkt vil elles vera dei premissane som er lagde til grunn i abm-meldinga og i seinare grunnlagsdokument, mellom anna målet om det saumlause biblioteket og planen om eit norsk digitalt bibliotek. Det må gjerast ein analyse av organiseringa av det norske biblioteklandskapet i eit funksjonelt og samfunnsmessig perspektiv. Det er særleg grunn til å streka under at lovgjevinga på bibliotekområdet også må vurderast innanfor dette perspektivet.

Det må vidare vurderast korleis ein kan utvikla og modernisera det landsdekkjande nettverket av folkebibliotek slik at det kan gje eit differensiert og tidstilpassa tilbod til ulike brukargrupper, korleis folkebiblioteket kan utviklast som formidlingsarena og møtestad i eit samla abm-perspektiv, og korleis biblioteket kan spela ei rolle i arbeidet med å utvikla gjensidig kompetanse når det gjeld kunnskap om og forståing for det kulturelle mangfaldet både i eit nasjonal og globalt perspektiv.

Det vert lagt opp til at arbeidet kan koma i gang i løpet av hausten 2003.

#### 11.5.3.5 Særlege biblioteknester

*Som lekk i det komande utgreiings- og utviklingsarbeidet er det behov for å gje ei samla kartlegging av behovet for ein del spesielle biblioteknester som staten heilt eller delvis har ansvaret for, mellom anna for å vurdera om noverande ansvarsdeling og organisering av tenestene samla sett er optimalt rasjonelle og brukartilpassa.*

I lov om folkebibliotek er det fastsett at den offentlege bibliotekverksemda også omfattar biblioteknester for pasientar i statlege helseinstitusjoner og for andre som har særlege vanskar med å bruka biblioteket. Det er fastsett i lova at det kan gjevast statstilskot til visse bibliotekføremål som ikkje naturleg høyrer inn under ansvarsområdet til kvar einskild kommune, eller som er særleg viktige for å halda oppe eit nasjonalt biblioteksystem.

Av statlege helseinstitusjonar er det i dag Riks-hospitalet, som òg omfattar det tidlegare Revmatismesjukehuset, som får statsstøtte til pasientbibliotek, og samla tilskot i 2003 er på vel 1,6 mill. kroner. Frå 2002 overtok staten ansvaret for dei fylkeskommunale helseinstitusjonane, utan at det vart gjort avtalar om bibliotektenestene. Ei spørjeundersøking hausten 2002 viste at bibliotektenestene i desse institusjonane var under avvikling.

Det ligg i dag ikkje føre eit samla oversyn over den faktiske situasjonen og behovet for desse tenestene i helseinstitusjonane. ABM-utvikling vil difor gjennomføra ei nærmare kartlegging og utarbeida ein behovs- og statusrapport, slik at ein kan få grunnlag for å vurdera kva for problem som er mest presserande, og korleis dei best kan løysast.

Bibliotekteneste i fengsel omfattar i dag elleve fengsel. Det inneber at knapt halvparten av soningsplassane har eit bibliotektilbod. Utlånet av bøker i fengsel er høgt. I 2000 vart det utlånt 103 bøker per innsett, medan gjennomsnittet per person elles her i landet er 5,2 bøker. Det overordna ansvaret for tenesta er delt mellom Justisdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet, og dette er ordna slik at kvart fengsel held lokale og inventar, medan utgifter til løn og innkjøp av bøker og andre medium vert dekte av ABM-utvikling, tidlegare Statens bibliotektilsyn.

Bibliotektenesta i fengsel er regulert av avtale mellom ABM-utvikling og kvar kommune, og mellom kommunen og kvart fengsel. Ved bygging av nye fengsel vert det sett av lokale til bibliotek, men det har ikkje vore løyvt midlar til ny bibliotekverksemnd, og lokala vert etter kvart nytta til andre føremål. Auke i lønsnivå og andre utgifter har ført til at dei eksisterande tenestene har fått vanskelegare rammevilkår.


I 1986 vart det oppretta ei stifting i regi av Norges Døveforbund kalla *Døves Video*, og dette tiltaket har frå då av fått eit særskilt statstilskot, som i 2003 er på vel 4,7 mill. kroner. Etter ei omorganisering er det no *Døves Media* som står for dette arbeidet. Målgruppa for arbeidet er døvfolk, ei gruppe som treng spesiell tilrettelegging av program og film på grunn av at dei generelt har vanskar med å lesa. *Døves Media* leverer program i kringkastingskvalitet. Gjennom *Videobokprosjektet* under handlingsplanen for funksjonshemma fekk *Døves Video* auka midlar til produksjon, slik at det kunne vera program kvar veke til faste tider. Etter sending vert programma selde eller utlånt.

Det vert òg gjeve støtte til informasjonstiltak for døvblinde, til *Foreningen Norges Døvblinde* med vel 3,5 mill. kroner i 2003 og til *Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmde og døvblinde*

med ein noko mindre sum. Vidare fekk *Punktskrifttrykkeriet* i Bergen vel 3,5 mill. kroner i tilskot i 2003, og det vart gjeve mindre tilskot til informasjonsverksemnd til *Vestlandske Blindeforbund*.

Sidan 1971 har det vore gjeve investerings- og driftstilskot til mobile biblioteknester. Opphavleg var dette eit øyremerkt tilskot som omfatta alle kommunar som dreiv slik teneste, men reglane vart frå 1986 tilpassa det nye inntektssystemet. Ordninga vart då slik at investeringstilskotet dekta 50 prosent av godkjende investeringar, medan driftstilskotet vart gjeve som starttilskot dei 3–5 første åra, og det vart innført eigne tilskotsordningar for kjøp og drift av bokbuss i samisk område. I 1993 vart ordninga med driftstilskot endra til berre å gjelda SND-kommunar; investeringstilskotet vart vidareført som tidlegare, og tilskot til bokbuss i samisk område vart halde oppe.

Frå og med 2001 er det øyremerkte tilskotet lagt inn i rammetilskotet. Tilskot til samisk bokbussdrift vart halde oppe som før, men er frå 1. januar 2002 overført til Sametinget. Frå 1991 til 2001 har talet på mobile bibliotekningar gått ned frå 50 til 40, noko som kan ha fleire årsaker. Innanfor det same tidsrommet har talet på bibliotekavde-



Figur 11.1

lingar gått ned med 244. Ved utgangen av 2002 var det i alt 31 bokbussar og éin bokbåt på landsbasis. Det vil vera naturleg å sjå nærmare på funksjonen mobil bibliotekteneste i det utgreiings- og utviklingsarbeidet som står for døra.

## 11.6 Museum

### 11.6.1 Museumstiltak i abm-meldinga

Hovudtiltaket i abm-meldinga var å leggja til rette for ei fagleg kvalitetsreform gjennom omfattande restrukturering av det norske museumslandskapet. Det vart lagt opp til at Norsk museumsutvikling, no ABM-utvikling, og dei respektive fylkeskommunane i løpet av ein periode på fem år skulle drøfta seg fram til ei tenleg strukturering og samorganisering av musea på regionalt nivå. Det er óg føresetnaden at musea sjølve og dei aktuelle kommunane er med i prosessen.

Siktemålet er å få til ei institusjonell opprydding, slik at ein i kvart fylke vert sitjande att med eit mindre tal konsoliderte museum eller museumsnettverk, dvs. einingar med ei så sterkt fagleg og økonomisk plattform at dei på ein meiningsfull måte kan inngå i eit samla nasjonalt nettverk. Tanken er ikkje å sentralisera, og det er lagt vekt på at lokale museum skal bestå som formidlingsarenaer innanfor ein konsolidert fagleg og institusjonell struktur. Oppsummert er dei retningsgjevande prinsippa å bevara og styrkja lokalt engasjement og deltaking i kulturvernet, å tryggja fagleg kompetanse på regionalt nivå og å samordna musea i eit nasjonalt nettverk.

I tråd med den nasjonale nettverkstenkinga slo abm-meldinga fast at det ikkje er tenleg å vidareföra systemet med ei oppdeling av musea i nasjonale institusjonar, knutepunktinstitusjonar og ei generell tilskotsordning. I staden for fleire divisjonar av museum er siktemålet å knyta dei ulike tiltaka forvaltningsmessig i hop, slik at ein får eit dynamisk samspele mellom alle musea med tilskot over det statlege kulturbudsjettet.

Eit nasjonalt nettverk skal leggja til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverka konkurrerande overlapping og dermed sikra fagleg samanheng og god ressursutnytting. ABM-utvikling må kontinuerleg vurdera kva for institusjonar og fagpersonar som bør stå i kontakt med kvarandre utover fylkesgrensene, og gjennom aktiv bruk av prosjektmidlar, kurs og konferansar sjå til at sektoren heng i hop på tvers av institusjonelle og administrative grenser.

Abm-meldinga la til grunn at det på museumsområdet til vanleg ikkje er prinsipielt rett at staten

har eit samla økonomisk driftsansvar for ein institusjon, og meldinga la opp til delt finansieringsansvar mellom stat og region som hovudprinsipp. For dei konsoliderte einingane skisserte meldinga to alternativ, anten at ein held fram med den noverande ordninga med driftstilskot via fylkeskommunen, eller at statstilskotet går direkte til institusjonen, men slik at staten dekkjer inntil 60 pst. og regionen minst 40 pst. Som reint unnatak vart det opna for å gje øyremerkte tilskot utan motkrav om regional medverknad for å ivareta særskilde oppgåver.

Abm-meldinga foreslo elles å skipa eit nytt nasjonalt kunstmuseum gjennom ei samorganisering av Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Riksutstillingar, Kunstdistriitmuseet i Oslo, Norsk Arkitekturmuseum og Henie Onstad kunstsenter. Dette tiltaket representerer eit unntak i høve til prinsippa ovanfor. Vi viser til nærmere omtale under kap. 10.

Som lekk i restruktureringa av museumslandskapet tok abm-meldinga til orde for ei kvalitativ oppgradering over eit breitt felt. Det skal leggjast vekt på å opparbeida spesiell handverkskompetanse for vedlikehald av verneverdige bygningar og teknisk-industrielle kulturminne, å utvikla tiltak for standardheving og auka aktivitet når det gjeld drifts- og vedlikehaldoppgåver, dokumentasjon og bevaring, formidling og undervisning for ulike aldersgrupper, og det er eit mål å etablera kvalifiserte konserveringstenester i kvart fylke. Det er naudsynt å oppgradera samiske museum og leggja til rette for museumstiltak for nasjonale minoritetar og innvandrargrupper og såleis prioritera den fleirkulturelle utfordringa.

Av særskilde faglege prioriteringar viste abm-meldinga til kystkultur, fiskeri og sjøfart og industri og tenesteytande næringar og til behovet for å styrkja den naturvitenskaplege kompetansen på regionalt nivå for at musea skal kunna spela ei utvida rolle innanfor økologi og miljøvern. Prioritering av handlingsboren kunnskap ved musea er òg nemnd.

I abm-meldinga er det lagt stor vekt på å streka under den rolla musea kan spela som samfunnsinstitusjonar. Som folkeopplysningsinstitusjonar må musea i formidlinga si kunna kombinera den historiske dimensjonen med aktuelle spørsmål og omvurderingar som resultat av ny kunnskap eller vektlegging av andre verdiar. Skal musea fungera som gode samfunnsinstitusjonar, må dei søkja dialog med omverda. Dette inneber at musea ikkje berre skal generera og formidla kunnskap, men at dei òg skal ha evne til å overraska og utfordra brukarane både emosjonelt og intellektuelt.

Departementet la i abm-meldinga til grunn at tida ikkje var inne til å vurdera generell lovgjeving på museumsområdet, og at tilstrekkeleg styring av museumsfeltet kan oppnåast gjennom eit standard regelverk for dei musea som direkte eller indirekte tek imot statleg løyving eller tilskot over det statlege kulturbudsjettet.

### **11.6.2 Kort om status i oppfølgingsarbeidet**

Abm-meldinga skisserte ei økonomisk ramme på 202 mill. kroner for den femårige opptrappingsplanen på museumsområdet. Dei to fyrste åra i perioden er det lagt inn i alt 77 mill. kroner, dersom ein reknar med 10 mill. kroner i 2003 innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken.

Av totalsummen er 10 mill. kroner gått til institusjonar innanfor ramma av det nye nasjonale kunstmuseet, medan resten er kanalisert til institusjonar som inngår i den landsomfattande museumsreforma. Alt i alt inneber dette at det er på museumsområdet ein er kome lengst i arbeidet med substansiell oppfølging av abm-meldinga.

Det har vore lagt vekt på å fordela dei friske pengane slik at dei stimulerer til konsolidering og nettverksbygging slik det er gjort greie for ovanfor, samstundes som dei kjem særleg prioriterte behov for auka ressurstilførsel til gode. Hovudbiletet er at dette har fungert slik det var tenkt, og at den skisserte kvalitets- og strukturreforma er på god veg til å verta gjennomført.

Det er no om å gjera at denne positive utviklinga kan halda fram, slik at den strukturomlegginga som er føresetnaden for fagleg og kvalitativ oppgradering, ikkje stoggar på halvvegen.

For museumssektoren inneber skipinga av ABM-utvikling at det arbeidet som Norsk museumsutvikling har drive sidan 1994, vil verta vidareført innanfor ei breiare organisatorisk ramme. Evalueringa av Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling som vart gjennomført i regi av eit uavhengig ekspertutval i 2001, gav ei eintydig positiv vurdering av den rolle Norsk museumsutvikling har spelt som eit utviklings- og samordningsorgan innanfor eit sterkt fragmentert museumsvesen.

Evalueringsutvalet streka under at ein måtte halda fram med den særskilt vellukka utviklingsbaserte hovudkursen som Norsk museumsutvikling hadde staka ut. Utvalet rådde til at ein burde forsterka det arbeidet Norsk museumsutvikling hadde byrja med å nydefinera museumsoppdraget i ideologiske og politiske termar, sett mot bakgrunnen av dei raske samfunnsendringane i vår tid.

Det vart peikt på at ein måtte unngå at utviklingsoppgåvene vart skadelidne dersom den rolle

Norsk museumsutvikling hadde spelt, skulle fyllast av ein større institusjon, og etter kvart som institusjonen vart tilført fleire forvaltningsoppgåver slik føresetnaden er i abm-meldinga.

Nedanfor følgjer ein tematisk disponert gjennomgang i meir detalj av status og vidare planar på museumsområdet.

### **11.6.3 Vidareutvikling av museumssektoren**

#### *11.6.3.1 Nasjonal nettverksbygging*

*Staten vil leggja til rette for nettverksorganisering av ei rad ulike museumsfunksjonar ved ulike museum over heile landet.*

Den omfattande museumsreforma som er skissert i abm-meldinga, er ein invitasjon til mange museum over heile landet om å gå inn i eit nasjonalt nettverk av institusjonar. Tanken om eit slikt nettverk inneber at museumsfunksjonar vert samordna og knytte saman på ein slik måte at det gjev optimalt fagleg og økonomisk-administrativt utbyte sett i ein nasjonal samanheng. Fagleg samanheng og rasjonell ressursutnytting kan til dømes i nokre høve tilseia at ein satsar på å dokumentera eit nærmere definert fenomen berre ein stad i landet, i andre tilfelle kan nettverksorganiseringa ivaretakast ved at det vert lagt til rette for samarbeid mellom likearta eller nærskyldne museum i ulike stader i landet.

I praksis vil det nasjonale nettverket vera summen av mange ulike delar, og også om desse delane er det naturleg å nytta omgrepene nettverk; det vil seia at det overordna nasjonale museumsnettverket vil bestå av mange nasjonale nettverk. Dei einskilde nettverka kan definerast på noko ulikt grunnlag. Dette kan vera reint tematisk eller ta utgangspunkt i funksjonar eller metodar.

ABM-utvikling vil utvikla nettverka i samarbeid med musea. Det er vanskeleg på førehand å setja opp eit ideelt oversyn over aktuelle nettverk. Arbeidet vil ta tak i funksjonar, metodar og tema som klårt peiker seg ut, og mange nettverk fungerer allereie på ulike nivå. Eit utgangspunkt vil vera utvikling, ansvar, arbeidsdeling og flyt av informasjon. Ansvoaret må forankrast ved éin eller eit fåtal institusjonar. Desse kan få oppgåver som nettverksmotor. Eit museum kan inngå i fleire nettverk.

Eit nettverk skal vera ope for dei institusjonane som er i stand til og har vilje til å yta noko aktivt, og dei skal tuftast på samarbeid, samhandling og felles interesse. Energien bør i størst mogeleg grad kanaliserast til fagleg arbeid og synlege resultat. Føresetnaden er at institusjonane på førehand gjer det klårt kva motivasjon dei har, kva dei kan tilføra,

og kva evne dei har til å gjennomføra i tråd med dei mål som det aktuelle nettverket skal arbeida etter.

Arbeidet med nettverk må ta utgangspunkt i og forankrast i institusjonane sjølve. Det er ikkje meininga å setja av felles midlar til drift av nettverk; all deltaking skal i staden ta utgangspunkt i dei drifts-midlane dei einskilde institusjonane rår over. Ein institusjon i kvart nettverk skal ha eit hovudansvar og vera den sentrale drivkrafta og sikra kvalitet i utviklinga innanfor nettverket. Men vedkomande skal ikkje kunna gje pålegg eller direkte instruera dei andre nettverksdeltakarane.

ABM-utvikling skal fungera som ein sentralt koordinerande og organiserande lekk slik det er skissert i abm-meldinga. ABM-utvikling skal sjå til at nettverka fungerer i tråd med generelle retningslinjer for nettverk, og skal følgja opp nettverksavtaler, tildelingsbrev og rapportering frå institusjonane.

#### 11.6.3.2 Regional konsolidering

*Grunnlaget for den nasjonale nettverksorganiseringa vil vera eit mindre tal konsoliderte museumsinstitusjonar i kvart fylke.*

Ein føresetnad for deltaking i nasjonale nettverk er at kvart einskilt museum har ein tilstrekkeleg sterk institusjonell basis både fagleg og økonomisk-administrativt. ABM-utvikling har skissert ei minimumsgrense på 8–11 stillingar for ein institusjon som på ein god måte skal kunna ivareta alle dei varierte basisoppgåvene som kjenneteiknar museet som institusjonstype. Dette vil gje eit noko lunde sterkt driftsgrunnlag og vil gjera institusjonen mindre sårbar.

Metoden som er føreskriven i abm-meldinga, er institusjonell konsolidering på regionalt nivå med fagleg kvalitetshøgning som mål. Omgrepene region siktar til distrikt innanfor eit fylke, og den institusjonelle konsolideringa skal helst skje på geografisk grunnlag, ikkje tematisk. Dette inneber at også tematisk ulike museum bør inngå i den same konsoliderte eininga dersom dette kan falla geografisk naturleg. Her vil det også vera opning for eventuelle konsolideringar på tvers av noverande fylkesgrenser.

Det kan tenkjast i hovudsak to modellar for konsolidering. Den eine inneber vidare utvikling av éin einskild institusjon som frå før er godt etablert, og som i storleik skil seg ut frå dei andre musea i regionen. Desse vil då stå organisatorisk utanfor den konsoliderte eininga, men vil likevel kunna nyta godt av samarbeid med ein styrkt institusjon. Modellen tilseier at finansieringa av dei mindre musea vert eit reint regionalt eller lokalt

ansvar, og at det statlege tilskotet vert kanalisert til den konsoliderte institusjonen.

Den andre konsolideringsmodellen ser ut til å vera vanlegare så langt i prosessen. Den inneber at fleire eller alle museum i ein region vert slegne saman til ein ny institusjon. Når ein slår saman fleire institusjonar, er det viktig å utvikla reelle og fungerande arbeidsfellesskap, der samorganisering inneber felles driftsstyre, felles driftseining, felles arbeidsgjeveransvar og felles økonomiforvaltning. Dette treng ikkje innebera at også eide-domsretten vert overført, men både organisatorisk og arbeidsmessig vil det vera føremoner å samla alt. Dette må likevel vegast mot lokal forankring, motivasjon og eigarforhold i kvart enkelt tilfelle.

Det generelle utgangspunktet er at organiseringa skal vera tydeleg, godt planlagd og gje kontinuitet. Ein legg til grunn at musea vert organiserte som sjølvstendige institusjonar, med ei organisasjonsform som er lovregulert, og der fullmakt og ansvar ligg på same nivå og er på same hender. Musea bør difor ha eit styre, mellom anna for å sikra ei armlengds avstand mellom museet og forvaltinga. Musea skal vera aktørar i samfunnsdebatten og må ha handlingsrom til å stilla kritiske spørsmål, også til offentlege styresmakter.

Det er i reformarbeidet lagt vekt på å få fram premissane for ein god prosess, med definering av status og ambisjonar og etablering av felles plattform av mål og forventningar. Det er avgjerande å avklára kvarfor ein samanslutning er ynskjeleg, også ut over dei eventuelle økonomiske gevinstane, før arbeidet med utforminga kan ta til. Ein ser her store skilnader i kvalitet og prosess, der enkelte konsolideringar kan framstå som lause overbygninga utan god nok forståing og vilje i dei opphavlege museumseiningane.

#### 11.6.3.3 Reformprosessen – status og vidare utvikling

*Ved tilførsle av nye ressursar i det pågående reformarbeidet vil ein i all hovudsak prioritera konsolideringsprosessar som kan dokumentera innhald og framdrift i tråd med føresetnadene.*

Arbeidet med regional konsolidering er den kritiske faktoren i reformprosessen. Motsett det som er situasjonen innanfor arkiv- og biblioteksektoren, består museumssektoren i hovudsak av formelt uavhengige og sjølvstendige aktørar, og all omorganisering må skje på formelt friviljug grunnlag. Tilskotsregulering er viktigaste verkemidlet frå statleg hånd.

ABM-utvikling er den operative aktøren på statleg side og har etablert omfattande kontaktar med

museumsmiljøet over heile landet. Den viktigaste samarbeidspartnaren og den direkte tilretteleggjar og organisator i regionane er fylkeskommunane. All konsolidering vedkjem museumslandskapet i fylket og tidlegare fylkeskommunale museumsplanar. Fylkeskommunane er dessutan tungt inne i finansieringa av dei fleste musea.

Det er enno fleire enn 200 museumsinstitusjonar som direkte eller indirekte nyt godt av statlege driftstilskot, og dei fleste av desse får òg tilskot frå regionen. Dei to første åra i reformperioden har nesten 70 institusjonar fått ein permanent auke i den statlege delen av driftstilskotet. Dette kan karakteriserast som ei brei gjødsling av museumslandskapet og har ført til gledeleg stor aktivitet over heile landet. Å strø midlane jamt utover har vore ein medveten strategi i ein tidleg fase av reformarbeidet for å stimulera til at så mange prosessar som råd kunne koma i gang.

ABM-utvikling har rapportert at museumssektoren no er inne i ein omfattande prosess. I mange fylke som fekk lite av dei friske midlane i 2002, er det kome fart i arbeidet i 2003, og andre fylkeskommunar har halde god framdrift i arbeid sitt. Dynamikken i reformarbeidet ser ut til å fungera. Eit landskap av konsoliderte museumseininger er i ferd med å avteikna seg over heile landet. Det er interessant å registrera at strukturomlegginga også har ført med seg ny vitalitet og dialog, ikkje berre om samorganisering og samarbeid, men også om innhaldet i museumsoppdraget, om kva rolle musea skal spela i samfunnet. Den statlege stimuleringsstrategien verkar stort sett slik han var tenkt.

Likevel står enno mykje att, og mange prosesser er ikkje like eintydige i innhald og gjennomføringsutsikt. Ein del av dei prosessane som er stimulerte gjennom tildeling av friske statlege midlar, er utsynsleige og manglar dynamikk. Frå og med 2004 er det difor naudsynt i hovudsak å prioritera prosesser med innhald og framdrift og syna større etterhald der det førebels ikkje er særleg substansielt resultat å visa til. Det skal framleis leggjast vekt på at dei konkrete løysingane veks fram og er godt forankra i dei respektive regionane og i fylka.

Det er til dels store skilnader mellom ulike fylke og regionar både når det gjeld kor langt konsolideringsarbeidet i det heile er kome, og når det gjeld innhaldet i dei einskilde prosessane. Slik det ser ut i dag, kan talet på konsoliderte eininger i kvart fylke koma til å variera frå éin til åtte.

Ei erfaring i reformarbeidet til no har vore at fordeling av friske midlar til drift i større grad burde vore supplert og koordinert med tilførsel av investeringsmidlar. Til dømes viste abm-meldinga

til behovet for betre bevaringstilhøve og magasinløysingar for å leggja til rette for god oversikt og kontroll over samlingane, og mange stader vert det no satsa på fellestiltak og fellesmagasin og andre fellesløysingar. Dette vil òg kunna omfatta andre delar av kulturarvsfeltet, til dømes slik at både museumsgjenstandar, arkivalia og foto vert inkludert.

I kjølvatnet av reformarbeidet melder det seg også ulike behov for fysiske tilpassingar ved dei nye konsoliderte einingane for å leggja til rette for nye møteplassar og formidlingstiltak. Den institusjonelle strukturomlegginga i regionane med samanføring av administrative og museumsfaglege oppgåver vil òg ha visse bygningsmessige konsekvensar. Samla sett er det difor behov for tilgang på investeringsmidlar som ein lekk i oppfølginga av museumsreforma, og departementet vil vurdera korleis investeringsplanen for kulturygg etter kvart kan tilpassast dette behovet, jf. kap. 17.

Det kan òg verta aktuelt å vurdera om noverande ordning med tilskot til sikringstiltak i regi av ABM-utvikling kan utvidast til også å gjelda etter-slep innanfor dokumentasjon og bevaring meir generelt, til dømes med tanke på innreiing, forbetring av klima- og lystilhøve, handtering av skadedyr, elektronisk dokumentasjon og fotografering av gjenstandar. Dette vil i så fall inngå som ein del av dei prosjekt- og tiltaksmidlane som ABM-utvikling forvaltar.

#### *11.6.3.4 Framtidig finansieringsordning*

*Den statlege finansieringa av musea vil skje gjennom direkte tilskot til kvar einskild institusjon, normalt slik at staten kan dekkja inntil 60 pst. av det samla offentlege tilskotet. Det må leggjast til grunn nær kontakt mellom forvaltningsnivåa om musea.*

Den offentlege tilskotsordninga for museum som har eksistert sidan 1975, omfattar både statlege, fylkeskommunale og til dels kommunale midlar. Den statlege tilskotsdelen vert løyvd over kap. 328 post 60 og er i budsjettet fordelt på dei respektive fylkeskommunane, som så fordeler midlane vidare til kvart einskilt museum. I 2003 er det i alt 188 museum som nyt godt av statlege driftsmidlar som vert løyvde og utbetalte på denne indirekte måten.

Av desse 188 musea er det i alt 55 institusjonar som anten frå 2002 eller 2003 har fått ein særskild auke i det statlege tilskotet. Desse friske statlege pengane er løyvde over ein eigen 70-post som er oppretta som lekk i museumsreforma, og er utbetalte direkte til kvart einskilt museum. Dette er eit uttrykk for den statlege stimuleringsstrategien

som det er gjort greie for ovanfor. I abm-meldinga er denne løyvingsmåten også skissert som eit alternativ for ei varig tilskotsordning. Eit generelt ynske om å avvikla formelt øyremerkte løyvingar til kommunesektoren tilseier òg at den gamle tilskotsordninga vert endra.

Frå og med 2004 vil såleis alle statlege museumstilskot verta kanaliserte direkte til einskildinstitusjonar. Dei midlane som til no er løyvde og utbetalte til dei respektive fylkeskommunane over kap. 328 post 60, vil departementet i budsjettframlegget fordela til konsoliderte institusjonar i fylka, eventuelt også til institusjonar som framstår som sentrale i ei potensiell konsolidering med gode utsikter til å lukkast.

I tråd med abm-meldinga vil vilkåret om regional medfinansiering verta utforma slik at det statlege tilskotet normalt ikkje skal overstiga 60 pst. av samla offentleg tilskot til kvar einskild konsolidert institusjon. For dei musea som står utanfor den fylkeskommunale tilskotsordninga og alt i dag får heile statstilskotet sitt direkte frå departementet, vil det derimot vera naturleg i utgangspunktet å leggja noverande tilskotsfordeling til grunn.

Det framgår av dei to siste budsjettproposisjonane at ein har halde fast ved dei tidlegare postane på museumskapitlet i påvente av å få etablert ei ny, samla ordning. Det er vist til at dette har samanheng med at strukturomlegginga til no har vore inn i ein tidleg fase. Frå og med 2004 vil det vera naturleg at alle museumstilskot vert samla på ein og same 70-post på museumskapitlet.

#### 11.6.3.5 Spørsmålet om gratis museum

*Det bør lagast ein samla analyse av ulike røysnslar med fri entré til museum i inn- og utland, og ein bør i tillegg over ein toårsperiode prøva ut ulike modellar med gratis tilgjenge ved utvalde institusjonar, kombinert med systematiske publikumsundersøkingar og tilhøyrande evaluering.*

Tradisjonelt har offentleg museumsfinansiering vore kombinert med krav om eigeninntekter, og inngangspengar utgjer her ein hovudpost. Gjennomgåande har såleis ikkje eit museumsbesøk i høve til kostnad for publikum vore vurdert på same måten som det å vitja eit offentleg bibliotek eller eit arkiv.

Dei siste åra er det gjort forsøk med gratis tilgjenge til grupper av museum i fleire land i Europa, og dette har skapt offentleg og fagleg debatt om temaet. Storbritannia opna for fri entré til nasjonale museum og galleri i 2001, og Statens Historiska Museer i Stockholm gjennomførte ein prøveperiode med fri entré i januar–mai 2002. Den svenske

regjeringa har vedteke å innföra fri entré ved nokre museum frå 2004. I Danmark er det gratis å koma inn ved nokre museum på onsdagar, i samband med utvida opningstid denne dagen.

Å kunna koma inn gratis på museum kan til ein viss grad sjåast i eit demokratiperspektiv. Å gje alle lett tilgang til informasjons- og kunnskapskjeldene er med på å leggja til rette for at demokratisk deltaking kan skje på så like vilkår som mogeleg. Musea skal etter føresetnaden vera aktive formidlarar av kunnskapsressursar i samfunnet. Kulturarven skal vera lett tilgjengeleg for eit breiare publikum. Også i eit direkte læringsperspektiv, særleg i høve til kravet om livslang læring, er det om å gjera at musea er lett tilgjengelege.

Debatten om det skal vera gratis på museum, kan ein òg sjå i eit meir strategisk kulturpolitisk perspektiv. Spørsmålet vert då i kva grad eit slikt verkemiddel kan påverka ulike publikumsgrupper til å vitja museum oftare enn dei elles ville gjort, og ganske særleg om ein ved dette kan trekka til seg eit publikum som elles ikkje ville gått på museum i det heile. På bakgrunn av gjennomførte forsøk i ulike land er det no naudsyst å analysera røysnlene før ein dreg sikre konklusjonar.

Der det har vore forsøk med gratis tilgjenge, har ein nokre stader registrert aukande besøk, både frå lokalbefolkning og tilreisande, og det er tendensar til at det er vorte meir blest om musea i offentleg samanheng. Til ein viss grad har ein òg registrert nye publikumsgrupper. Salet i museumsbutikkane har gått noko opp, og dette erstattar noko av inntektstapet frå billettsalet.

På den andre sida har auken i besøksvolumet ført til større driftskostnader og eit press på institusjonane i form av meir arbeid for dei tilsette, slitasje, meir arbeid med tilrettelegging og liknande. Dette gjer at institusjonane må omstilla seg. Det stiller nye krav til formidlinga, og det krevst større ressursar utover erstatning for tap av billettinntekter, fordi delar av drifta og publikumstilbodet må leggjast om. Skjerpa krav til sikring er ein del av dette.

Fleire museum her i landet er gratis for alle besøkande eller for utvalde besøksgrupper i visse periodar av året eller på visse vekedagar eller likande. Dei faste utstillingane i Nasjonalgalleriet har i alle år vore fritt tilgjengelege. Eit anna døme er museumspasset på Sørlandet i 2002, ei prøveordning med gratis museum på sundagar. Det er ikkje gjennomført systematiske undersøkingar av verknadene.

Publikumsundersøkingar i regi av Norsk museumsutvikling i 1995 og 2000 har vist at det ikkje er spørsmålet om inngangspengar som er avgjerande

for om folk ynskjer å besøkja musea, og svenske undersøkingar har vist det same. Gjennom dei forsøka som no er gjennomførte i Stockholm, viser det seg likevel at publikumstilstrøyminga i praksis aukar når gratistilbodet er der.

Ein bør no prøva ut ulike modellar for fri entré, til dømes gratis tilgjenge for alle besøkjande eller spesielle publikumsgrupper, så som born, skuleklassar, pensjonistar, barnefamiliar eller andre. Likeins bør ein freista skilja mellom om gratis tilgjenge berre gjeld éin eller visse dagar i veka, heile året eller delar av året. Ulike typar av museum rundt i landet bør inviterast til å vera med å prøva dette ut.

Mange museum har store eigeninntekter frå billettsal. Dersom staten skal kompensera for bortfall av slike inntekter, vil dette kunna innebera at andre udekte behov og viktige utfordringar på museumsfeltet ikkje vil kunna prioriterast. Dette ville i så fall vera uheldig.

#### *11.6.3.6 Museet som samfunnsinstitusjon*

*Jamvel om dei fleste musea har si faglege forankring i ei anna tid og arbeider med gamle ting, er det eit mål at dei fungerer som moderne samfunnsinstitusjonar som går aktivt inn i si eiga samtid, og legg til rette ei formidling som engasjerer nolevande menneske.*

Den pågåande museumsreforma har først og fremst som føremål å utvikla musea slik at dei samla sett vert betre i stand til å oppfylla dei faglege krava vi i dag bør stilla til museet som kulturstasjon, og ikkje minst til den funksjonen museet skal fylla som ein utoverretta samfunnsinstitusjon som står i ein kontinuerleg dialog med omverda og si eiga samtid.

Målet om at musea er institusjonar som engasjerer seg i si eiga samtid, inneber at dei ikkje berre skal spegla av ei anna tid; dei skal mellom anna gjera historia og kulturarven relevant her og no. Etablerte museum må kasta av seg det dei måtte ha av ein tilstivna museumstradisjon i formidlinga av det tradisjonelle, av det som har vore. Dette kan høyrast som eit paradoks, og i dette ligg ein del av utfordringa.

Musea skal forvalta gjenstandstilfang frå farne tider og ta vare på gjenstandsmateriale frå vår eiga samtid med tanke på ettertida, og museumssamlingane dannar grunnlaget for ein viktig del av den kunnskapsproduksjonen som skal til for å utvikla og halda oppe eit kollektivt medvitt om tidssambanhengane i samfunns- og kulturutviklinga. Denne rolla er grunnleggjande for musea til alle tider.

Samstundes må det i samtida rettast eit kritisk blikk, både i museumsmiljøet sjølv og frå samfunnet ikring, mot det biletet musea til kvar tid teiknar av fortida, og mot det utvalet av gjenstandstilfang som musea skal bringa med seg inn i framtida. Musea skal vera arenaer for kunnskap og opplevingar og skal vera ei kjelde til kritisk refleksjon og skapande innsikt for nolevande menneske gjennom å knyta notida saman med fortid og framtid.

Dette krev òg at formidlingsverksemda vert innretta slik at musea når ut til eit breiast mogeleg publikum, men dette må ikkje gjerast ved å setja fagleg kvalitet til sides til fordel for populært publikumsfrieri. Undersøkingar viser likevel at mange oppfattar musea ikkje først og fremst som informasjonskjelder, men som keisame, støvete, statiske og gammaldagse. Musea har ikkje hatt tradisjon for å setja publikum og deira opplevingar og læringsutbyte i høgsetet; det er gjenstandane som har vore viktigast. Noko særnorsk fenomen er dette ikkje.

Abm-meldinga drøfta særleg utfordringar i formidlingsarbeidet og gjorde mellom anna greie for den rolla den såkalla vitensenter-modellen kan spela i så måte. Tradisjonelt vert musea assosiert med ikkje-rør utstillingar. Vitensenter-pedagogikken er motsett; den byggjer på ideen om læring gjennom aktivitet og er i stor grad tufta på interaktive utstillingar som siktar mot å engasjera både born og vaksne gjerne gjennom felles aktivitetar. Førebels er det berre få vitensenter som har eit publikumstilbod av ein viss storlek, Vitensenteret i Trondheim og Norsk Teknisk Museum i Oslo og etter kvart også Jærmuseet, og det bør vera ei prioritert oppgåve å byggja vidare ut slike formidlingstilbod. Innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken er vitensenter-modellen særskilt prioritert, jf. omtale i St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*.

Nyare kunnskap om læring i ung alder viser at elevar som har god tilgang på såkalla kulturell kapital, har eit stort overtag på dei andre elevane i læringsprosessen i skulen. Museet er ein institusjonstype som nettopp kan gje slik kulturell kapital som det her er tale om, og det er difor om å gjera at musea maktar å drive ei form for kulturformidling som når breitt ut blant born og unge. Dette vil krevja eit tett samarbeid med skuleverket i utvikling av relevante tilbod som også kan utnyttast i undervisninga.

Dersom musea skal fungera som gode samfunnsinstitusjonar, må formidlinga vera tufta på eit fagleg grunnlag som er etablert gjennom eiga forsking. Men det lèt seg vanskeleg gjera å leggja til rette for aktiv og god forsking ved mange små insti-

tusjonar. I hovudsak vil slik aktivitet difor måtta drivast i regi av dei konsoliderte museumseininiane. Men det er då om å gjera at også dei lokale formidlingsarenaene og dei musea som står utanfor konsideringsnettverket, får tilgang til relevante forskingsresultat, slik at formidlinga deira kan byggjast på eit fundament av oppdatert kunnuskap.

#### 11.6.3.7 Særlege prioriteringar

*Gjennom den aktive rolla ABM-utvikling er tiltenkt i det nasjonale museumsnettverket, er det lagt til rette for at ein kan få til ei betre samordning og styring og gjera meir spesielle prioriteringar tufta på ei meir gjennomtenkt og systematisk vurdering av dokumentasjonsoppgåvene, og det er grunn til å presisera og supplera dei særlege satsingane som vart drøfta i abm-meldinga.*

Etter at Norsk museumsutvikling vart skipa i 1994, har det frå statleg hald vore lettare enn før å gjera særlege tematiske, faglege og metodiske prioriteringar på museumsfeltet. Gjennom den nøkkelrolla etterfølgjaren ABM-utvikling er tiltenkt innanfor eit samla nasjonalt nettverk, vil det oppstå eit utvida handlingsrom for særlege vektleggingar og prioriteringar innanfor eit overordna nasjonalt perspektiv.

I abm-meldinga vart det trekt fram fleire område der det er særleg trøng for å utvida, samordna og tydeleggjera museumsinnsatsen. Dette galdt kystkultur, industri og sørvisnæringar, økologi og miljøvern og handlingsboren kunnuskap, dessutan den fleirkulturelle utfordringa.

Alt dette vil framleis vera prioritert i den statlege museumspolitikken, men vektlegginga dei nemnde områda imellom og dei meir detaljerte løysingane og prioriteringane innanfor kvart område vil stadig måtta vurderast i ein større samanheng og på bakgrunn av dei konkrete prioriteringane som er gjorde dei siste åra. Til dømes har det på få år skjedd etter måten mykje innanfor kystkulturfeltet.

På det fleirkulturelle området vil det enno vera mykje å gripa fatt i. I tillegg til det samiske urfolket har vi fem nasjonale minoritetar og mange nyare innvandrargrupper. For alle desse er det ei sentral oppgåve å dokumentera historia deira, deira møte med storsamfunnet og med kvarandre. Musea kan som institusjonstype i høg grad gjera sitt til at dei ulike gruppene får betre kjennskap til eigen kultur, og til at andre grupper, mellom anna etniske nordmenn, får utvikla ny kunnuskap ikkje minst som eit korrektiv til stereotype oppfatningar og fordommar.

Ei generell utfordring når det gjeld nasjonale minoritetar og museumsverksem, er korleis minoritetane sjølv skal kunna delta i prosessen på ein måte som kombinerer museumsfaglege og minoritetspolitiske prinsipp. Dette er ei fagleg utfordring for aktuelle museum og for ABM-utvikling. Av konkrete prosjekt skal nemnast Kvæntunet i Porsanger og romani-avdelinga ved Glomdalsmuseet på Elverum.

Tradisjonelt har mykje museal dokumentasjon og innsamling vore meir innretta mot bevaring av objekt enn bevaring av kunnuskap. Men store samlingar av reiskapar og andre gjenstandar har avgrensa verdi dersom ein ikkje lenger kjenner dei prosessane og den bruk materialar og ressurser inngjekk i. Dette er kunnuskap som musea sjølv også har bruk for i bevaring av samlingar og anlegg. Det ligg ei stor utfordring i å få til ei betre samhandling og arbeidsdeling på dette feltet, ikkje minst med skuleverket for å sikra vidareføring av viktig kunnuskap innanfor små og verneverdige fag, særleg gamle handverk.

Det er elles ei særleg utfordring både forvaltningsmessig og fagleg å få til ei best mogeleg koordinering mellom musea og den offentlege kulturminneforvaltinga, som på statlege hald er forankra i Miljøverndepartementet, og med Riksantikvaren som overordna fagdirektorat. Det er også viktig å utvikla samarbeidet med Forsvaret om framtidig bevaring og bruk av dei mange historiske bygningsane og anlegga som ikkje lenger skal nyttast til militære føremål. Musea og kulturminnevernet har generelt store felles utfordringar ikkje minst i vidareføring av gamle handverk, konserveringsarbeid og innanfor bevaring av bygningar, tekniske og industrielle kulturminne og anlegg for sørvisnæringar. Her må bevarings- og formidlingsfunksjonen omfatta både sjølv anlegga og dei prosessane som desse er bygde for å ta hand om.

I samband med vern av teknisk-industrielle kulturminne vil det framleis vera trøng for museale prioriteringar. Mange institusjonar innanfor museumsfeltet er anten skipa på grunnlag av eit verna teknisk-industrielt kulturminne eller har ansvar for slike anlegg. Somme av dei har vore særleg utpeikte som nasjonale satsingar i kulturminnesamanheng, og både mellom desse og andre vil det finnast institusjonar som kan spela sentrale roller i ulike nasjonale nettverk. Døme på dette kan vera Rørosmuseet, Norsk Bergverksmuseum, Nes Jernverksmuseum og mange andre.

Tilsvarande utfordringar som ein finn i forvaltinga av teknisk-industrielle kulturminne, møter ein også når det gjeld forvaltning og bruk av verna fyrstasjonar. Riksantikvaren har laga ein nasjonal

verneplan for fyrtasjoner, og 83 fyr er freda etter lov om kulturminne. *Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet (SAVOS)* har teke eit initiativ i denne samanhengen, og dette vil vera interessant å følgja vidare med tanke på å få til ei felles tilnærming til forvaltning og bruk av fyrtasjonane, der kulturminneforvaltning, museum, reiseliv og næringslivet elles spelar saman.

Gjennom skipinga av ABM-utvikling som ein tverrsektoriell og departementsovergripande institusjon er det på sentralt administrativt nivå lagt betre til rette ikkje berre for nettverksutvikling, men også for meir systematisk samordning mellom kulturminnevern og museumsdrift. Frå museumshald vil ABM-utvikling kunna framstå som ein meir likeverdig aktør i samarbeidet med Riksantikvaren. Føresetnaden er mellom anna at Abm-utvikling kan ha direkte dialog med både Riksantikvaren og Miljøverndepartementet i saker som vedkjem kulturminnevern. Det er elles fastsett i vedtekten for ABM-utvikling at eitt av styremedlemmene skal oppnemnast i samråd med Miljøverndepartementet.

I ein særskild miljøhandlingsplan for perioden 2001–2004 har Kultur- og kyrkjedepartementet skissert nærmere retningsliner for samarbeidet mellom museumssektoren og kulturminnevernet. Dei strukturendringane som den pågående reformprosessen legg til rette for, vil generelt gje museumssektoren betre grunnlag for å ta eit sjølvstendig ansvar for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Ein sterkare museumssektor vil kunne fungera betre i eit definert samarbeid med kulturminneforvaltninga.

Kunnskap om kultur og natur og om samspelet mellom desse er på mange måtar ein føresetnad for å ta vare på miljøet og for ei berekraftig utvikling. Musea har her ei oppgåve i å vera med på å formidla kunnskap om samanhengen mellom natur og kultur sett i eit langt historisk perspektiv. Til dømes vil museal formidling av dei vilkåra som fortidsmennesket levde under, kunna gje ei form for økologisk kunnskap som kan visa seg å vera nyttig som eit grunnlag for miljømedveten åtferd også i det moderne industrisamfunnet. Satsinga på naturhistorie har til no stort sett vore prosjektorientert, og det har vore vanskeleg å få etablert varige tiltak. Difor er det framleis behov for å satsa på dette feltet.

Det bør etablerast eit nettverk i samband med museumsreforma som har tema i skjeringspunktet natur og kultur og der siktemålet bør vera å integrera kultur og natur. Døme kan vera bergverk, kulturlandskap, oljeindustri, mat, helse og medisin

o.a. Eit dagsaktuelt emne er miljøvern. Her kan musea spela ei rolle både i haldningsarbeid, i bevaringsarbeid, oppbevaring av materiale og forskingsarbeid. Dette må skje i tett samarbeid med miljøvernstyremaktene både lokalt, regional og nasjonalt.

Det vil generelt vera ei oppgåve for ABM-utvikling å vurdera udekte felt og uløyste dokumentasjonsområde innanfor det vidfemnande spekteret som den materielle gjenstandskulturen spenner over. Det museale ansvaret omfattar i forlenginga av sjølvé gjenstandstilfanget også tradisjonar, teknikkar og kunnskapar knytte til bruk og utnytting av materiell kultur og natur.

Matkultur kan her trekkjast fram som eit døme. Norsk matkultur er i den vidare samfunnsmessige tyding summen av norske mattradisjonar, eteskikkar, måltidsordningar, tillagingsmåter og haldningar til mat. I motsetnad til ein del større europeiske land har Noreg liten tradisjon med kulinarisk hoff- og adelskultur og med borgarleg restaurantkultur.

Det meste av norsk matkultur har hørt til i heimen. Formidlinga av mattradisjonar har difor i fyrste rekje skjedd gjennom kvinner, frå mor til dotter, eller frå slutten av 1800-talet på husmorskular og i husstellopplæringa i folkeskulen. Nye produkt og tillagingsmåtar har delvis vore introduserte på skulane, men i fyrste rekje gjennom kokebøker, dei fleste skrivne av kvinner.

I tillegg til å sjå matkultur frå eit ernæringsmessig synspunkt kan det vera grunn til å retta blikket mot mattradisjonane som ein del av kulturarven vår i breiaste mening. Det bør difor gjerast ei kartlegging av den historiske utviklinga av norsk matkultur, slik det er gjort dei seinare åra i til dømes Storbritannia og Frankrike.

Ein utgangspunkt vil vera å leggja til rette eksisterande kjeldemateriale om matkultur for dei kultur- og forskingsinstitusjonar som har dette som ein del av interessefeltet sitt. Som døme kan nemnast at *Norsk Etnologisk Granskning* har eit stort materiale av handskrivne svar på spørjelister om ulike matskikkar, og svara kjem frå alle delar av landet. Dette materialet bør gjerast tilgjengeleg på data og eventuelt på Internett.

Det kan dessutan vera tale om å gjennomføra undersøkingar av kva innverknad det har vore frå utlandet på norsk matkultur dei siste tiåra, spesielt når det gjeld dei nye innvandrargruppene. Det bør også gjerast ei prinsipiell drøfting av korleis ein skal sjå på den nye kreative og originale matkulturen hjå stjernekokkane. Er det snakk om kunst, brukskunst, kunsthåndverk eller rett og slett handverk som for andre kokkar?

#### 11.6.3.8 Samiske museum

*Ansvaret for dei samiske musea er overført til Sametinget, men departementet tek sikte på å følgja opp med ei styrking av det økonomiske driftsgrunnlaget.*

Samiske museum arbeider for å sikra vern om samisk identitet, språk og tradisjonar. De Samiske Samlingar i Karasjok er det største museet for samisk kultur i landet. Ei eiga avdeling for samisk kunst er under planlegging ved dette museet. I investeringsplanen til Kultur- og kyrkjedepartementet er dette nemnd som eit prosjekt det kan vera aktuelt å realisera etter 2006. Dei to største samiske gjenstandssamlingane i landet vert forvalta av Norsk Folkemuseum og Tromsø Museum.

Som lekk i arbeidet med å gje utvida fullmakter til Sametinget vart ansvaret for å forvalta seks samiske museum overført til Sametinget frå 1. januar 2002. Dette gjeld Dei Samiske Samlingar i Karasjok, Kautokeino bygdetun, Tana museum, Varanger Samiske Museum, Arran lulesamiske senter i Tysfjord og Saemien Sijte i Snåsa. Sametinget gjev òg tilskot til Gallogiedde Samisk friluftsmuseum i Evenes, Kokelv Sjøsamiske Museum, og Saviomuseet i Kirkenes. Vidare har Sametinget peikt ut Østsamisk museum i Neiden som samisk tusenårsstad. Dette museet er ført opp i den nemnde investeringsplanen med ei samla løyving på 30 mill. kroner. Nybygget skal etter planen stå ferdig ved utgangen av 2005.

Sametinget og Porsanger kommune har i 2003 bede om at forvaltningsansvaret for Porsanger

museum, som formidlar ei trekulturell historie knytt til samisk, kvensk og norsk busetjing i området, vert overført til Sametinget frå 2004. Departementet ser positivt på at Sametinget ynskjer å ta på seg ansvaret for eit fleirkulturelt museum og dermed samarbeida med aktuelle norske og kvenske miljø. Reint generelt må det understrekast at også andre museum enn dei samiske må kjenna ansvar for å dokumentera og formidla ulike former for samfunnsmessig kontakt mellom folk med ulike kultuelle tradisjonar og ulik etnisk bakgrunn, både med eit historisk og eit meir samtidsorientert utgangspunkt.

Sametinget er elles godt i gang med konsolideringa av museumsstrukturen i samiske område. Ein tek her utgangspunkt i fire konsoliderte museumseiningar ut frå mellom anna geografi, kompetanse og språk. Planen er å samla musea i ein sør-samisk, ein midtsamisk, ein nordvestsamisk og ein nordaustsamisk region.

Sametinget vil arbeida for ei styrkt, samordna og heilskapleg samisk museumsverksemeld tufta på føresetnadene til samane som folk og urfolk. Samordningsprosessane mellom Sametinget, aktuelle kommunar, fylkeskommunar og dei samiske musea skal verka til sikring, dokumentasjon, kunnaksutvikling og formidling av samisk historie og kultur. Det ligg store faglege og organisatoriske utfordringar i den samiske museumsreforma, og det vil vera trond for ei generell styrking av dei samiske musea.

## 12 Språk

### 12.1 Innleiande merknader

Språk er eit komplekst og nyansert instrument for kommunikasjon av tankar og kjensler, men det er òg eit kulturprodukt, skapt og utvikla gjennom fleire tusen år; det er med på å gje ulike folkeslag kulturell identitet. Kanskje er språket det fremste kulturelle særmerket vi kjänner. Språk har òg ein estetisk dimensjon og ein symbolsk funksjon. I dikt-kunsten vert språket delvis dyrka for si eiga skuld. Språket kan liknast med eit blodomsløp i kultur- og samfunnslivet. Språk og kultur vert ofte uttalt i same andedrag. Vår kultur er langt på veg ein språkkultur.

Alle språk representerer ein språkfellesskap, og språket er ein del av den sosiale interaksjonen og dermed ein sosial institusjon. Eit språk er eit integrert system av sosiale normer for tale og skrift, dei to grunnformene av språkleg kommunikasjon. I eit moderne samfunn er det nært samband mellom talespråk og skriftspråk. Skrifta tilfører språket ein tidsdimensjon og er kan henda den viktigaste mekanismen i det kollektive samfunnsminnet. Boktrykkarkunsten la grunnlaget for ei omfattande spreiing av skrivne tekstar i tid og rom, og noko av kjenneteiknet ved eit kulturspråk er at det har utvikla sin eigen skriftkultur.

I dag tek institusjonaliseringa av skriftspråket mange former, og vi har fått ein stadig meir differensiert skriftkultur. Men for små språk er det krevjande å halda skriftkulturen levande. Når teknologi og marknad får stadig meir å seia, vert små skriftkulturar og små språk meir utsette for påverkanad frå dei store. Rett nok har språk alltid påverka kvarandre. I eit historisk perspektiv ser ein ikkje berre omfattande språkendringar, men òg at mange språk har forsvunne, og at nye språk er komne til. I dag gjer globaliseringa og den teknologiske utviklinga sitt til at slik påverknad truleg er meir omfattande og går raskare enn nokon gong tidlegare i historia.

Det moderne samfunnet vert i stadig større grad eit teknologibasert informasjons- og kunnskapssamfunn. Språkkompetanse er ofte nøkkelen til suksess og framgang i samfunns- og yrkeslivet. Funksjonell analfabetisme har vore peikt på som eit problem for mange, og det er no mykje tale om

for dårleg lesedugleik blant norske skuleelevar. Kompetanse i norsk språk er grunnleggjande når nye innvandrarar skal integrerast i det norske samfunnet. Men skal dei halda kontakt med sitt eige opphav og dyrka sin eigen kultur, er det samstundes naudsynt å halda morsmålet ved like. Retten til eige språk er eit viktig prinsipp, både for einskild-personar og grupper, men kor langt slike rettar kan strekkjast, må nærmere definerast og regulerast.

I arbeidet med vern av minoritetsrettar og minoritetskultur inngår språkvern ofte som eit sentralt element. Det europeiske sjarteret for regions- og minoritetsspråk har som føremål å verna og utvikla språk som har ein mindretalsposisjon eller ein avgrensa regional basis innanfor nasjonalstaaten. Verkemidla er positiv diskriminering og kollektive rettar. I verdsmålestokk minkar talet på språk dramatisk, og språkdød vert oppfatta som trugsmål mot eit verdfullt kulturelt mangfold. I regi av UNESCO er det sett opp lister over språk som står i fare for å forsvinna. Sørsamisk og lulesamisk er til dømes rekna som alvorleg truga språk, og også nordsamisk er klassifisert som truga. I Europa er norsk eitt av 40 språk som ikkje er utsett for overhengande fare.

I eit lengre tidsperspektiv er det ikkje til å unngå at også norsk vil forsvinna, meiner somme; andre legg vekt på at det fremste målet for ein nasjonal språkpolitikk nettopp må vera å hindra ein slik skrekkevisjon i å verta realisert. Ei meir fruktbar tilnærming er truleg å halda seg til dei meir nære utfordringane. Det er knapt til å unngå at eit opnare internasjonalt samfunn fører til sterkare språkleg påverknad, ikkje minst frå engelsk. Det skjer til ein viss grad ved at framande språkelement påverkar norsk innanfrå, men først og fremst er det spørsmål om i kva grad norsk er i ferd med å verta erstatta av engelsk som bruks- og arbeids-språk innanfor sektorar som er strategisk viktige i eit sterkt spesialisert samfunn.

*Norsk språkråd* vedtok på årsmøtet sitt i februar 2002 å tilrå overfor regjeringa å oppnemna ein språkkommisjon for å greia ut vilkåra for norsk språk og for språk i Noreg i dag og i framtida og på dette grunnlaget utforma ein nasjonal språkpolitikk. Spørsmålet om ein slik kommisjon var drøfta også på rådsmøtet året før. I St.meld. nr. 9 (2001–

2002) *Målbruks i offentleg teneste* stilte departementet seg positivt til dei tankane som her låg til grunn, men fann det ikkje naturleg å ta konkret stilling til spørsmålet før saka var ferdigbehandla i Språkrådet. Annan stad i meldinga gjorde departementet greie for status i arbeidet med å førebu ei omlegging av Norsk språkråd. Det var her nemnt at dette mellom anna måtte sjåast i samanheng med ideen om ein språkkommisjon, og at departementet ville koma attende til desse sakene i ei seinare generell kulturmelding.

I St.prp. nr. 1 (2002–2003) gjorde departementet greie for at omlegginga av Språkrådet i mellomtida var aktualisert, og at det i samråd med styret var lagt opp til å setja i gang ein utgreiings- og omdanningsprosess i 2003 med sikte på å etablera ein ny institusjon, førebels omtala som eit kompetansesenter for norsk språk. Som lekk i det førebuande arbeidet med ei slik omdanning måtte departementet også ta førebels stilling til framlegg om ein språkkommisjon. I brev til styret av 21. juni 2002 vart det konkludert med at det ikkje ville vera tenleg å ha eit langvarig og uavhengig kommisjonsarbeid gåande parallelt med at ein arbeidde med omdanninga av Språkrådet. Ein la vekt på at dette ville binda opp både ressursar og handlefridom, og at det slik kunne hemma arbeidet med å utvikla den nye institusjonen.

Det er lagt til grunn at den nye institusjonen som skal koma i staden for Norsk språkråd, må spela ei sentral rolle i arbeidet med å utforma og gjennomføra ein framtidig språkpolitikk. Det er difor naudsynt å få dette instrumentet på plass og i operativ funksjon før ein vurderer i kva former det eventuelt vil vera tenleg med eit meir omfattande utgreiingsarbeid. Norsk språkråd har ikkje hatt merknader til denne prioriteringa. Slik departementet vurderer det, er det å få etablert eit nytt statleg fagorgan for språkspørsmål eit så avgjerande viktig strategisk grep at denne saka no må ha høgaste prioritet.

Utanom omdanninga av Språkrådet er det fleire andre spørsmål som har stått på den språkpolitiske dagsordenen i fleire år. Det gjeld eit tradisjonelt stridstema som heile rettskrivingssituasjonen og tilhøvet mellom målformene. Spesielt gjeld det verkeområdet for lova om målbruks i offentleg teneste, og det gjeld det stadig viktigare tilhøvet mellom språk og teknologi.

Før vi går inn på slike spørsmål, vil departementet minna om dei overordna mål og rammer for språkpolitikken som vart skisserte i St.meld. nr. 9 (2001–2002). Til slutt i dette kapitlet vil vi så koma noko nærmare inn på ein del prinsipp og premissar

for arbeidet med å utforma ein meir samla og heilskapleg språkpolitikk for framtida.

## 12.2 Mål og rammer for språkpolitikken

I St.meld. nr. 9 (2001–2002) vart det stilt opp som eit overordna språkpolitisk mål å verna og styrkja norsk språk, slik at bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonssamfunnet. I tillegg vart det formulert som eit eige mål å tryggja og styrkja posisjonen for nynorsk, både som levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål.

Det heitte vidare at det går klare grenser for i kva grad språk og språkutvikling er noko som kan og bør dirigerast av offentlege styremakter, og at den viktigaste typen av verkemiddel difor vil vera avgrensa til å forma rammevilkår som gjer at språket har eit godt jordsmonn å veksa i. Det vart framheva som den viktigaste føresetnaden for å halda eit språk i hevd, at det må brukast. Den største utfordringa er difor å hindra at norsk som det naturlege bruksspråk blant nordmenn etter kvart vert trengd til sides av engelsk innanfor sentrale delar av samfunnslivet.

Då Norsk språkråd vart oppretta ved lov i 1971, heitte det at dette skulle vera eit råd for språkvern og språkdyrkning. I meldinga frå 2001 gav departementet uttrykk for at det i omgrepet *språkvern* kan hevdast å ligga noko visst defensivt. Det vart vist til at *språkstyrking* etter kvart er teke i bruk som eit meir offensivt uttrykk, og at dette på sett og vis representerer ei samansmelting av *språkvern* og *språkdyrkning*. Det vart vist til at ein likevel burde halda fast ved språkdyrkning som eit gangbart uttrykk, ikkje minst for å leggja til rette for at språkleg kvalitet kan få ein meir framskoten plass som eit mål å streva mot i offentleg språkpolitikk og offentleg språkbruk.

Rettsskrivingssituasjonen og tilhøvet mellom bokmål og nynorsk har vore eit gjennomgangs tema i norsk språkpolitikk, og i arbeidet med normeringa av skriftspråket har den såkalla tilnærningslinja stått meir eller mindre sentralt. Etter framlegg i Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) har Stortingen no oppheva den såkalla tilnærningsparagrafen i lov om Norsk språkråd, jf. Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Med dette er det i offisiell språkpolitikk sett punktum for tanken om å smelta dei to målformene saman til eitt norsk skriftspråk.

## 12.3 Eit kompetancesenter for norsk språk

*Departementet er i gang med å skipa eit nytt kompetancesenter for norsk språk i staden for Norsk språkråd, i samsvar med det opplegget som vart skissert i St.prp. nr. 1 (2002–2003)*

Norsk språkråd vart skipa som eit organisatorisk uttrykk for eit ynske om å byggja ned frontlinene i språkstriden og leggja til rette for språkfred. Langt på veg har Norsk språkråd lukkast i dette, og det er ikkje lenger dei tradisjonelle rettskrivings-spørsmåla som representerer dei største utfordringane i ein framtidsrettet språkpolitikk. Språkvern eller språkstyrking i vid meinung, ved sida av tradisjonell språkrøkt, står fram som meir påtrengjande oppgåver. Dette gjer det naturleg å kanalisera den statlege innsatsen inn i organisatoriske former som er betre tilpassa ei ny tid.

Jamvel om Norsk språkråd har representert ein arena for språkpolitisk tilnærming og forsoning, er dei gamle motsetnadene til dels ein refleks av ulike språkpolitiske grunnsyn som knapt vil forsvinna, og som er ein del av eit verdfullt språkpolitisk engasjement. Den nye institusjonen kan difor ikkje gøyma dei gamle motsetnadene, men må vera open for debatt om alle spørsmål som melder seg. Ambisjonen bør likevel vera at institusjonen som operativ aktør konsentrerer innsatsen sin om saker som kan vinna brei tilslutnad hjå dei som er opptekne av vilkåra for norsk språk i vid meinung, jamvel om dei kan ha ulike syn i meir tradisjonelle språkpolitiske spørsmål. Dette vil gje institusjonen større legitimitet og gjennomslagskraft.

Det nye kompetancesenteret skal ha eit språkleg forvaltaransvar. Det skal stimulera språkleg kvalitet og aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv. Dette arbeidet må byggja på kunnskap om språkleg tradisjon og observasjon av aktuell språkutvikling. Kompetancesenteret skal stå til teneste for dei som treng råd og rettleiing, hjelp og støtte i språklege spørsmål. Det nye organet må kunna arbeida strategisk, både gjennom prioritering av oppgåver og i måten det opptrer på overfor samfunnet ikring.

Den nye institusjonen skal byggjast opp på grunnlag av dei ressursane som vert frigjorde gjennom ei avvikling av Norsk språkråd. Det er lagt opp til at dei tilsette i sekretariatet får tilbod om stillingar i den nye institusjonen. Det går no føre seg ein utgreiingsprosess på grunnlag av ei samla prosjektskisse som departementet har utarbeidd i samråd med leiinga i Norsk språkråd. Ein organi-



Figur 12.1

sasjonskonsulent har innhenta informasjon og vurderingar fra styret og fagnemnda i Norsk språkråd og frå dei tilsette i sekretariatet og har analysert kva endringar m.m. som bør gjerast med tanke på arbeidsoppgåver, arbeidsmåtar og organisering av den nye institusjonen. Dette materialet utgjer ein del av grunnlaget for den eksterne fasen i utgreiingsarbeidet, som tek til hausten 2003.

I samsvar med føresetnadene vart det våren 2003 utlyst stilling som direktør for den nye institusjonen, og tilsettjing er nyleg skjedd. Direktøren tiltrer 1. januar 2004, men vil frå hausten 2003 delta i den vidare utgreiings- og omdanningsprosessen. Viktige spørsmål her er korleis institusjonen formelt skal organiserast og styrast, og korleis ein skal leggja til rette for ei vidare samfunnsmessig forankring. Departementet uttalte i St.prp. nr. 1 (2002–2003) at ein rådsmodell av Norsk språkråds type ikkje nødvendigvis er den mest tenlege modellen i så måte.

Departementet vil koma tilbake til Stortinget med desse spørsmåla i løpet av 2004. Såleis vart Norsk språkråd i si tid oppretta ved eiga lov og kan ikkje avviklast før lova eventuelt er endra eller oppheva, jf. lov av 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd.

## 12.4 Stabilisering av rettskrivinga

*Norsk rettskriving skal stabiliserast; dvs. at ein så langt råd er skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i einskildspørsmål.*

Norsk språkhistorie i førre hundreåret er i stor grad ei historie om rettskrivingsendringar. I 1917, 1938 og 1959 skjedde det meir gjennomgåande reformer i både målformer, i nynorsk dessutan i

1901 og 1910 og i bokmål i 1907 og 1981.<sup>1</sup> I regi av Norsk språknemnd, som vart oppretta i 1952, vokst det i tillegg fram ein tradisjon for eit meir løpende normeringsarbeid, og Norsk språkråd har halde fram dette arbeidet. I samsvar med det som vart skissert i St.meld. nr. 100 (1980–81), er det fastsett nærmare reglar om dette i vedtekten for Norsk språkråd.

Gjeldande system inneber at departementet kvart fjerde år får tilsendt til godkjenning meir eller mindre omfattande lister med rettskrivingsendringar som er vedtekene på føregåande rådsmøte. Desse byggjer på framlegg frå ei fagnemnd som møtest fire-fem gonger i året og gjer ulike normeringsvedtak, mellom anna på grunnlag av førebudande arbeid i sekretariatet. Arbeidet i sekretariatet og fagnemnda omfattar også normering av nye ord og andre enkeltord som ikkje tidlegare er normerte i norsk, dessutan meir tekniske skriveregler av mange slag, som til dømes forkortinger, teiknsetjing, stor og liten førebokstav osb. Slike spørsmål krev ikkje godkjenning av departementet.

Alt i alt inneber dette at mykje stort og smått er endra, og at endringar skjer så ofte at det kan vera vanskeleg for språkbrukarane å halda seg oppdatterte. Fleire faktorar er med på å komplisera situasjonen. I tillegg til dei to offisielle formene av skriftspråket, bokmål og nynorsk, har vi i kvar målform både ein trone og ein vid normal, den trone til bruk i lærebøker og i statstenesta, den vide i andre samanhengar. Til dette kjem at det ofte finst fleire valfrie former både innanfor den trone normalen, jamstelte hovudformer, og innanfor den vidare normalen, jamstelte sideformer. Ulike tendensar og motsetnader i normeringsarbeidet er ofte løyste i praksis ved å utvida valfridomen.

I St.meld. nr. 13 (1997–98) *Målbruk i offentleg teneste* heitte det at det var grunn til å vurdera om normeringsvedtak burde skje gjennom mindre frekvente og meir heilskaplege rettskrivingsreformer. Det vart òg nemnt at Norsk språkråd var i gang med å førebu ei opprydding i gjeldande rettskriving. I St.meld. nr. 9 (2001–2002) er det vist til at dette resulterte i endringar som vart vedtekene på rådsmøtet i 2000, men at departementet sende desse tilbake til Norsk språkråd. På grunnlag av merknadene frå departementet har Norsk språkråd arbeidd vidare med saka og har etter vedtak på rådsmøtet i 2003 sendt departementet eit nytt framlegg.

<sup>1</sup> Landsmål og riksmål var dei offisielle nemningane inntil 1929.

I bokmål har Norsk språkråd gått inn for i praksis å fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer, dessutan å redusera den totale valfridomen ved å ta lite brukte former heilt ut or rettskrivinga. I nynorsk har siktemålet vore å redusera talet på valfrie hovudformer, men å halda oppe systemet med ein vidare rettskrivingsnormal med etter måten stor valfridom. Departementet bad i 2000 Norsk språkråd greia ut om ein ikkje kunne fjerna skiljet mellom den vide og den trone normalen også i nynorsk, men etter ny handsaming har Norsk språkråd vedteke å halda fast ved dette skiljet.

Som lekk i arbeidet med å vurdera dei innsende framlegga gjer departementet no ein samla gjennomgang av heile rettskrivingssituasjonen. Spørsmålet er mellom anna om dei innsende endringane kan seiast å innebera ei forenkling som vil leggja til rette for framtidig stabilitet, eller om stabiliteten er best tent med at ein heilt eller delvis held fast ved gjeldande rettskriving.

Føresetnaden om stabilitet inneber mellom anna at omfanget av det løpende normeringsarbeidet vert nedtona, og avvikling av Norsk språkråd vil dessutan føra til at det noverande normeringsregimet fell bort. I prosjektskissa for det nye kompetansesenteret er det lagt til grunn at institusjonen ikkje skal byggjast opp med det for øye at han skal tilleggjast direkte språknormerande funksjonar. Erfaring viser at ein del normeringsspørsmål likevel vil reisa seg frå tid til anna, men omfanget av dette og korleis slikt best kan handterast, kan vera noko usikkert.

Korleis det i framtida skal arbeidast med slike normeringsspørsmål som framleis kan koma opp, og kva funksjon den nye institusjonen eventuelt skal ha i så måte, inngår i dei samla vurderingane som departementet no gjer av heile rettskrivingssituasjonen. Departementet vil koma tilbake til Stortinget med dette i løpet av 2004, mest truleg i samband med framlegget om å etablera det nye kompetansesenteret for norsk språk.

## 12.5 Innsamling av stadnamn

*Departementet vil ta initiativ til ei kartlegging av kva som er innsamla av gamle stadnamn her i landet, og vurdera behovet for eit meir systematisk innsamlingsarbeid.*

Ei særleg form for normeringsarbeid gjeld skrivemåten av stadnamn, for her er det etablert eit eige normeringsregime som skil seg nokså mykje ut frå det systemet som det er gjort greie for ovanfor. Det er lov om stadnamn med tilhøyrande for-

skrifter som her er utgangspunktet. Lova fastset som hovudprinsipp at skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske/kvenske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk. Med stadnamn er meint namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast.

Stadnamnomgrepet i lova omfattar òg såkalla bruksnamn, dvs. namn på eigedomar med gards- og bruksnummer eller gards-, bruks- og festenummer. Her er hovudprinsippet at den som eig eller festar ein eigedom, fastset korleis namnet skal skrivast. Men dersom eit bruksnamn språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som skal brukast av det offentlege, skal skrivemåten fastsetjast etter dei prinsipp og prosedyrar som er nærmare fastsette i lova.

I tillegg til prosedyrane i lova er det fastsett meir detaljerte reglar både om sakshandsaming og det språklege grunnlaget i forskrifter. Det er etablert ei eiga stadnamnteneste for å gje råd og rettleiing om skrivemåten av stadnamn. Det er òg skipa ei nemnd til å avgjera klager på vedtak om skrivemåten av stadnamn. Både stadnamnkonsulentane og klagenemnda er administrativt knytt til Norsk språkråd. Som nemnt i kap 4.1.2 førebud departementet no endringar i lova, særleg med sikte på å forenkla saksgangen, fjerna eller mjuka opp uheldige føresegner og innføra føremålsparagraf og reglar om namnevern.

Stadnamn er eit viktig hjelpemiddel i kommunikasjon og samferdsel. Ved sida av denne praktiske funksjonen er mange av dei berarar av slektstradisjonar og lokal og regional identitet. I tillegg til behovet for ein fast skrivemåte av stadnamn som er i bruk i ulike samanhengar, er det òg behov for å ta vare på gamle stadnamn som held på å gå i gløyme-boka. For stadnamn kan på fleire måtar også ha karakter av kulturminne.

Stadnamn kan visa eldre ord, former og uttale og kan fortelja om særdrag ved namneobjektet på den tida då namnet vart til. Slik kan dei gje informasjon om levekår, arbeids- og næringsliv, tru og tenkjemåte og forholdet til naturen, og dei kan minna om ulike typar av hendingar i eldre tid.

Å halda stadnamna i dagleg bruk er det beste vernet mot at namna vert borte. I alle kommunar er det kvart år gater og vegar, plassar og bustadfelt m.m. som får offisielle namn, og det er då ofte naturleg å leita seg bakover i tid for å finna namn som er gode og høvelege. Likevel er det år om anna mange namn som går i gløyme-boka, etter

kvart som dei personane som har kunnskap om dei, fell ifrå.

Det har i ulike samanhengar og på ulike initiativ vore gjennomført eit meir systematisk arbeid med å kartlegga og samla inn gamle stadnamn. I ein del fylke, som til dømes Østfold, Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Nordland har det vore til dels omfattande namneinnsamlingar. I andre fylke er framleis mykje u gjort, som i Finnmark, Troms og Trøndelags-fylka. Særleg utsette er finske/kvenske og samiske namn. Her står det att særleg mykje innsamlingsarbeid.

Ein har i dag ikkje ei samla oversikt over innsamla materiale. Det finst samlingar ved universitet og høgskular, i Statens kartverk, i fylke og kommunar, i ulike arkiv og i etatar som i årevis har nytta stadnamn i tenesta, som veg-, post- og telesamanhengar. Mengda av informasjon om dei enkelte namna varierer frå samling til samling. Mykje av desse samlingane er ikkje lagt inn på data og er slik lite tilgjengelege.

Før ein kan ha grunnlag for å meina noko sikkert om behovet for eit vidare innsamlingsarbeid, trengst difor ei oversikt over alle stadnamn som alt er innsamla. Dinest må det vera semje om kva for informasjon ein treng om kvart namn for at dette skal kunna fungera både som kulturminne og som hjelpemiddel i ulike praktiske samanhengar. Det er heller ikkje alle namn som vil vera i bruk; dei vil inngå i register og arkiv som rein informasjon om tidlegare namngjeving, som til dømes avspeglar eit behov for fleire namn enn det vi treng i dag.

Behovet for innsamling og organiseringa av stadnamnarbeidet i det heile vil mått greia ut nærmare. Departementet vil vurdera om det nye kompetansesenteret for norsk språk vil kunna ta på seg å koordinera desse oppgåvene.

## 12.6 Verkeområdet for mållova

*Som eit offisielt uttrykk for jamstellinga mellom målformene, i respekt for både nynorsk- og bokmålsbrukarar og for å signalisera at begge målformene både kan og skal brukast i alle samanhengar, skal det etter nærmare reglar nyttast både nynorsk og bokmål i all verksemnd med statleg tilknyting.*

Ein del av grunnlaget for dette er å sikra den formelle likestillinga mellom målformene, slik denne er regulert i lov om målbruk i offentleg teneste. Det er her fastsett at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Kravet om likeverd inneber at både målformene skal godtakast og respekterast, og jamstel-

lingskravet at både målformene også skal brukast. Lova inneheld dessutan meir detaljerte reglar om bruken, men desse gjeld berre statstilknytt verksemnd.

Det har lenge vore uklårt kor langt verkeområdet for målbruksreglane strekkjer seg når det gjeld ulike statstilknytte organ eller verksemder som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga, men i staden eigne rettssubjekt, så som til dømes aksjeselskap, føretak, særlovselskap, stiftingar eller liknande. Spørsmålet vart sist omtala i St.meld. nr. 9 (2001–2002), og departementet varsla der at ein ville koma tilbake til saka i ei seinare generell kulturmelding. Det vart i mellomtida tilrådd at utskilde selskap og andre organ der det er rettsleg tvil, så langt råd er følgjer tilsvarande prinsipp for målbruken sin som dei som ligg til grunn for mållova.

Etter gjeldande rett kjem det i prinsippet an på ei samla vurdering i kvart tilfelle om lova vil gjelda, og konklusjonen vil framstå som resultat av ei avvegning av fleire ulike faktorar som alle har å gjera med kor nær den statlege tilknytinga kan seiast å vera. Vurderinga vil i praksis vera den same som etter lova om offentleg innsyn. Men det framtidige rettsgrunnlaget for denne lova er framleis uavklart, og det er i utgangspunktet lagt til grunn at avgrensinga ikkje utan vidare treng vera den same, av di føremålet med dei to lovane er ulikt. Det kan likevel henda at det eit stykke på veg vil visa seg naturlig med samanfallande avgrensingar.

Departementet vil vidare leggja til grunn at føretak som følgjer den ordinære statsføretakslova, bør omfattast av målbruksreglane, eventuelt med individuelle tilpassingar. Statsføretaksforma representerer ei form for fristilling frå den ordinære forvaltninga, men skal samstundes leggja til rette for å ivareta særlege sektorpolitiske omsyn og sterke politisk styring og kontroll enn det som er tilfelle for til dømes statlege aksjeselskap. Tilknytinga til staten er dermed så pass nær at det er rimeleg å krevja at dei også tek kulturpolitiske omsyn, samstundes som dei ikkje er utsette for så sterkt konkurranse frå private at slike omsyn kan representera alvorlege ulemper.

I brev til Helsedepartementet av 23. januar 2002 har Kultur- og kyrkjedepartementet konkludert med at alle dei føretaka som er organiserte etter lov om helseføretak, klart fell inn under verkeområdet for mållova alt etter gjeldande rett. Bakgrunnen for dette er at dei i utprega grad framstår som ein reiskap i den statlege helsepolitikken, dinest at dei er så nært knytte til staten organisatorisk og økonomisk. Dei er dessutan viktige samfunnsinstitusjonar med brei publikumskontakt, og det ville vore

klårt urimeleg dersom dei ikkje skulle retta seg etter målbruksreglane.

Andre former for verksemnd som staten har lagt til rette for gjennom individuelle særlover, bør også som generelt utgangspunkt følgja målbruksreglane, og dette bør innarbeidast i mållova. Også stiftingar eller liknande der staten har vore tungt inne i etableringa, eller der staten yter substansielle tilskot til drifta, bør som generelt utgangspunkt omfattast av målbruksreglane, og dette bør også innarbeidast som ein hovudregel i mållova. Ikkje minst er det viktig at aktørar som driv utoverretta informasjons- og formidlingsverksemndverksemnd med heile landet som nedslagsfelt, kjem inn under målbruksreglane. Denne gruppa er likevel lite homogen, og det bør vera ei opning for i særleie tilfelle å gjera heilt eller delvis unnatak, etter at spørsmålet er lagt fram for og vurdert av Kultur- og kyrkjedepartementet. Nærare føresegner for den einskilde stiftinga bør takast inn i vedtekter eller liknande.

Når det gjeld andre selskapsformer, vil truleg innslaget av forretningsmessig konkurranse normalt vera så pass sterkt at dei i utgangspunktet ikkje bør omfattast av dei formelle krava i lov og forskrift. I staden bør det fagdepartementet som forvaltar dei statlege eigarinteressene, i samråd med Kultur- og kyrkjedepartementet fastsetja meir tilpassa retningsliner for målbruken. Desse kan til dømes ta utgangspunkt i dei noverande vedtekten for Posten Noreg AS, der det er lagt til grunn at selskapet i den utoverretta verksemnda bør følgja prinsippa i mållova så langt dette ikkje representerer ei stor konkurranseulemp.

Det følgjer av omgrepet «prinsippa i mållova» at også til dømes statlege aksjeselskap bør leggja vekt på å avspeglia den regionale fleirtalsmålforma når dei eksponerer seg offentleg i dei aktuelle regionane, til dømes på skilt, i brosjyremateriell, i namnnebruk og liknande.

Teknologibasert språkbruk har endra noko på dei typiske språkbrukssituasjonane som mållova regulerer. To situasjonar skal difor understrekast her.

Dersom eit statstilknytt organ korresponderer med einskildpersonar, andre private rettssubjekt eller med kommunar og fylkeskommunar på grunnlag av eit elektronisk system som produserer standardiserte meldingar eller svar, skal dei standardiserte tekstane finnast både i ein bokmåls- og ein nynorskversjon, og systemet skal kunna registrera kva målform den einskilde korrespondansepartnar brukar eller ynskjer, og vera innretta slik at dei automatisk får standardmeldingane i den målforma dei er registrerte med. Dette kan til dømes

dreia seg om kunde- eller medlemsregister, men det kan vera kva som helst anna slags register eller system.

Dersom eit statstilknytt organ driv aktivitetane sine over heile landet eller i prinsippet vender seg til heile landet, skal allment informasjonstilfang som vert lagt ut på Internett, avspeglar at landet har to offisielle målformer, anten ved at tekstane finst både i bokmåls- og nynorskversjon, slik at ein velja målform ved å klikka på bokmål eller nynorsk, eller ved at minst fjerdeparten av tekstane er på nynorsk, eventuelt på bokmål.

## 12.7 Aktiv støtte til nynorsk skriftkultur

*Gjennom eit breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil òg omfatta tiltaka som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk.*

Jamvel om talet på primærbrukarar av nynorsk prosentvis er halvert sidan krigen og den geografiske utbreiinga har gått kraftig tilbake, kan det likevel hevdast at nynorsk aldri tidlegare har hatt ein meir framståande posisjon i det norske samfunnet enn i dag. Dette er resultat av dels ei sterke regionalisering av nynorsk som kvardagsspråk, dels ei sterke nasjonal institusionalisering av den nynorske skriftkulturen.

På den eine sida har nynorsk i aukande grad vorte eit landsdelsspråk for Vestlandet og fått eit sterke fotfeste i dei stroka der han vert mykje brukt, til dømes ved at stadig fleire lokale bedrifter nyttar nynorsk. På den andre sida er nynorsk sterke institusjonelt rotfesta i det offisielle Noreg gjennom skuleverk, offentleg forvaltning, radio og fjernsyn, kunst og litteratur, akademisk liv og gjennom etablerte ordningar som parallellutgåvestøtta for lærebøker, innkjøpsordninga for skjønnlitteratur og ikkje minst pressestøtta.

Samstundes møter nynorsk framleis aktiv motstand i visse krinsar, og – meir vanleg – ulike former for passiv motstand. Mest av alt er dette kan henda eit utslag av dei ulike utfordringane som mange har erfart at språkkloyvinga stiller den einskilde og samfunnet overfor. Men til dette kjem at nynorsk også avspeglar ein kollektiv kulturell identitet som tradisjonelt har stått i opposisjon til ein dominerande fleirtalskultur. Målrørsle, lekmannskristendom og fråhaldsrørsle vert gjerne rekna som dei klassiske motkulturane i norsk historie.

Utgangspunktet i dag må vera å sjå nynorsk språk og kultur som ein integrert del av ein nasjo-

nal fellesskultur. Dette er ingen einskapleg fellesskultur, men ein kultur som har bygd inn i seg eit tradisjonelt kulturelt mangfold der nettopp språkkloyvinga er eit sentralt element. Integrering må bety å akseptera og å ta vare på dette mangfaldet, ikkje å viska det ut.

Dei nye gruppene av innvandrarar til landet vårt dei siste tiåra har gjort at fleirkulturell toleranse har vorte ei reell utfordring for det norske samfunnet. Men toleranse for nye kulturimpulsar må heller ikkje verta eit påskot til å fornekta det tradisjonelle kulturmangfaldet vårt. Det ville vera eit ironisk paradoks dersom behovet for å leggja tilhøva til rette for våre nye landsmenn skulle verta eit argument for redusert nynorsk målbruk i ulike offentlege samanhengar, eller dersom hevdvunne eller lovfesta språklege eller kulturelle rettar vart sette til sides for at dei nye etniske minoritetane skulle få oppfylt sine rettar.

Nynorsk og bokmål er formelt likestilte, men reelt har nynorsk vanskelegare vilkår. Både for å ta vare på det kulturelle mangfaldet som det representerer å ha to norske skriftkulturar, og for at dei som soknar til nynorsk, skal kunna bruka og utvikla språket sitt på nokolunde like vilkår, må det offentlege prinsipielt kunna favorisera nynorsk språk og kultur. Ei viss positiv diskriminering av nynorsk er rimeleg både ut frå allmenne rettferdsprinsipp og med basis i internasjonal språkrettstenking. Ulike tiltak i offentleg regi vil likevel berre delvis kunna vega opp for dei særlege motkretene som nynorsk i alle høve vil vera utsett for jamført med bokmål.

Jamvel om nynorsk språk og kultur i dag er tungt institusionalisert, har språket mot seg eit fleirtals- og marknadspress, og ein del av institusjonaliseringa er offentlege ordningar eller tiltak som må haldast ved lag, fornyast og byggjast ut dersom den nynorske skriftkulturen skal tryggjast.

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Asen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar. Her skal berre nemnast nokre hovudpunkt av ambisjonar som det er naturleg å ta utgangspunkt i.

Ein ny offensiv for nynorsk målbruk i staten vart varsla i St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentlige teneste* og vil krevja intensivert innsats i lang tid framover. Det same gjeld arbeidet med språkleg jamstelling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Eit stort prosjekt er planane om ein allmenn elektronisk kunnskaps-

base på nynorsk. Fleire offentlege støtteordningar av allmenn karakter har særleg mykje å seia for den nynorske skriftkulturen, mellom anna pressestøtta, innkjøpsordninga for litteratur og anna. Og ikkje minst vil arbeidet med ei betre sidemålsundervisning i skulen høyra med som eit viktig grep innanfor ein offensiv handlingsstrategi.

Viktige nynorske institusjonar som til dømes Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrums må ha rimelege rammevilkår for god drift i åra frametter. Ikkje minst vil det å vidareutvikla og byggja ut samarbeidet med Det Norske Samlaget vera eit sentralt kulturpolitisk verkemiddel i tiåret som kjem.

I NRK vert det arbeidd med å etablera eit eige nynorsk kompetansesenter i Førde. Drifta startar frå nyttår 2004 i NRK-regi med tre tilsette og åtte praktikantar. Året etter skal det skipast eit nasjonal nynorsk kompetansesenter med fleire bein å stå på enn NRK. Føremålet er heile tida å fremja bruken av nynorsk i etermedia, på både sider av mikrofonen. Kompetansesentertanken kan vera ein god modell også på andre område enn på mediefeltet, og ein bør difor vurdera å oppretta tilsvarende arrangement andre stader. God eksponering av nynorsk målbruk i riksdekkjande etermedia er særleg viktig for å profilera nynorsk språk og kultur i det offentlege rommet.

Det bør leggjast til rette for tett samarbeid og tenleg arbeidsdeling mellom Nynorsk kultursentrums, det nynorske kompetansesenteret og det nye kompetanseorganet for norsk språk. Det vil vera fornuftig at desse tre institusjonane utviklar eit tett samarbeid som kan fremja ei viss fordeling av oppgåver og samordning av større tiltak som skal koma språkbrukarane til gode, og som kan styrkja norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

## 12.8 Nynorsk programvare m.m.

*Ved å leggja til rette for eit samspel mellom offentlege og private aktørar må det i åra framover takast eit krafttak for reell likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.*

Dataskjermen er i ferd med å verta det viktigaste tekstmadiet. Dette må ein ta konsekvensen av både for å styrkja nynorsk spesielt og for styrking av norsk språk meir generelt.

Elektronisk programvare på norsk har funnest nesten berre på bokmål, av di produsentar og leverandørar stort sett ikkje har funne det økonomisk

rekningssvarande å laga parallelversjonar på nynorsk. Dermed må nynorskbrukarar oftast ta til takke med program der mellom anna menytekstar, dialogboksar og hjelpeTekstar er på bokmål.

Dette er eit døme på korleis teknologi og marknad skapar vanskelegare vilkår for nynorsk som bruksspråk enn for bokmål, og gjer at nynorskbrukarar ikkje får den same støtta til å utvikla og halda fast ved si eiga målform. Det går òg på tvers av prinsippet om likeverd og likestilling mellom målformene i offentleg teneste og fører til at dei lovfesta reglane om tenestemål i lokale og regionale statsorgan i nynorskområde ikkje fullt ut kan oppfyllast. Kommunar og fylkeskommunar med nynorsk som vedteken målform er òg mellom dei som på denne måten ikkje får dei språklege rettane sin oppfylte.

Vanlege brukarprogram som tekstbehandling, rekneark osv. har etter kvart også gjort sitt inntog i skulen, og slik «administrativ programvare» vert stadig viktigare i læringsarbeidet. Opplæringslova krev at lærebøker og andre lærermiddel skal liggja føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, men på grunn av manglande nynorskversjoner i marknaden er det i forskrift gjort unntak frå dette parallellitetskravet for administrativ programvare.

Det har vore arbeidd for å leggja til rette for å oppheva unntaket, og i juni 2001 rådde Lærings-senteret til ei gradvis oppheving, men dette har ein førebels ikkje kome i gang med. Særleg i dei lågare klassetrinna der den grunnleggjande skriftspråkopplæringa står sentralt, er det uheldig at nynorskelever ikkje får konsekvent støtte for opplæringsmålet sitt gjennom dei lærermidlane dei nyt tar.

Eit opprop med krav om nynorsk programvare samla for tre år sidan underskrifter frå mellom anna 110 ordførarar og over 400 rektorar. Eitt av krava var at det burde takast inn ei føreseggn i relevant regelverk om at programvare som skal kjøpast inn av offentleg forvaltning, må liggja føre både i nynorsk- og bokmålsversjon. Det vart òg teke til orde for eit samarbeid med databransjen om utvikling av nynorskversjoner, dessutan at den nemnde føresegna i opplæringslova måtte opphevast.

Når ein ser under eitt regionale og lokale statsorgan med nynorsk tenestemål, kommunar og fylkeskommunar som har vedteke å krevja nynorsk i skriv frå staten, delar av dei statlege og kommunale organa som er språkleg nøytrale, grunnskular eller klassar med nynorsk opplæringsmål, næringsliv i nynorskområde og privatpersonar som har nynorsk som målform, er den samla nynorskmarknaden ganske omfattande. Samla sett kan ein truleg rekna med at det finst noko over ein

halv million med nynorsk som primærspråk. Men det er ein føresetnad for full utteljing at heile denne potensielle nynorskmarknaden er medviten om kva det vil kunna ha å seia dersom dei står samla bak eit krav om nynorsk programvare.

Det har vore vurdert om det offentlege gjennom ein samordna innkjøpspolitikk kunne stilla som krav at aktuell programvare skal liggja føre både på nynorsk og bokmål før dei kan kjøpast inn av statlege eller kommunale organ eller i skuleverket. Gjennom å samla den offentlege marknadsmakta på denne måten kunne ein kanskje tvinga produsentar og leverandørar til å laga programpakkar der den einskilde innkjøpar kunne velja mellom målformene. Men førebels har ein ikkje funne tenlege mekanismar for å få dette til. Frå 1. januar 2003 er til dømes dei sentrale rammeavtalane for offentlege innkjøp anten avvikla eller det er avgjort at dei skal fasast ut, og det er no eit overordna prinsipp at offentlege innkjøp i utgangspunktet skal vera eit desentralisert ansvar.

Det har elles vist seg at ein halv million personar ikkje er mange nok til å øva eit tilstrekkeleg press på produsentane. Sjølv ikkje aksjonar for nynorskversjonar der det er vorte oppfordra til kjøpsboikott eller anna medviten forbrukaråtferd, har lukkast i nemnande grad. Det er vanskeleg å pressa marknaden når det ikkje byr seg alternativ. Ei viss betring i så måte er i siktet ettersom nokre datamiljø med tru på fri programvare med open kjeldekode, mellom anna Linux, er i ferd med å ferdigstilla vanleg programvare i likeverdige versjonar på bokmål og nynorsk. Når desse produkta ligg føre, vil det i noko større grad enn i dag vera reelle alternativ til produkt frå Microsoft, den dominerande produsenten på den aktuelle marknaden sidan tidleg i 1990-åra. Denne tilstundande konkurransesituasjonen har då også fått Microsoft til å setja i gang utvikling av avgrensa nynorskversjonar som er venta å koma i handelen hausten 2003.

I utgangspunktet vil sjølve nynorskversjonen frå Microsoft vera gratis dersom ein har programlisens frå før. I praksis kan det likevel koma til å kosta ekstra, av di tilgangen til nynorskversjonen truleg krev at ein må oppdatera heile programlisensen til 2003-versjonen, dessutan at det kan henda også må andre oppdateringar og kjøp av ny og kraftigare datamaskin til for å kunna køyra den nye programpakka som inneheld nynorskversjonen. Såleis er det enno uvisst kva det nye tilbodet frå Microsoft i røynda vil innebera.

Det er eit faktum at utviklinga av dataprogram, Internett og elektroniske hjelpemiddel generelt har skjedd på bokmålets premissar. Det har vore viktigare å få tilgang til alt det nye enn å sjå til at både

målformene vert integrerte i utviklinga. Dette vil både på kort og lengre sikt svekkja nynorsken der som ein ikkje set inn ekstra ressursar. At Microsoft vert utvikla for nynorsk, kan eventuelt vera eit godt steg framover.

Men det løyser ikkje eit anna problem, nemleg det som har å gjera med gjenfinning av tekstar og dokument på tvers av målform. Her er det søkjefunksjonen som avgjer, men skal ein kunna søkja etter ord og uttrykk uavhengig av målform, må systemet vera slik innretta at søk ved hjelp av eit ord i bokmålsform også gjev treff for dei tilsvarande nynorskformene og omvendt, og i hovudsak vantar ein denne funksjonen i dag. Nynorskbrukarar vert dermed tvinga til å bruka bokmål, og både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar mistar informasjon av di det ikkje er teke omsyn til at vi har to offisielle målformer.

Heller ikkje elektronisk arkiv- og sakshandsamingssystem som no gjer sitt inntog i offentleg forvaltning, er utvikla med ein slik funksjon. Følgjeleg opererer ein no med eit uoffisielt påbod om at alt skal registrerast på bokmål for at det skal vera søkbart. Eit slikt forbod mot registrering på nynorsk er direkte i strid med likeverdsprinsippet i mållova. Utfordringa no er å utvikla og ta i bruk ein språkmodul som lenker saman bokmåls- og nynorskformer slik at det lèt seg gjera å gjennomføra parallellsøk.

Denne funksjonen vil òg vera svært nyttig i offentlege informasjonskjelder på Internett, til dømes i Odin. Målet må vera at offentleg internettbasert informasjon skal vera tilgjengeleg for alle, uavhengig av på kva målform tekstane er skrivne, og kva målform publikum nyttar når dei søker elektronisk.

I St.meld. nr. 9 (2001–2002) er det under kap. 5.2 vist til St.meld. nr. 13 (1997–98), der det vart formulert som eit mål å sikra både nynorsk- og bokmålsbrukarar gode reiskapar til støtte for språkhandsaming og å tilby relevante informasjonstenester o.l. på både målformer. I handlingsplanen for norsk språk og IKT frå 2001, utarbeidd av ei arbeidsgruppe i regi av Norsk språkråd, er det sett som mål å auka tilbodet av norskspråkleg programvare, særleg på nynorsk, og at føresegnene i opplæringslova om språklege parallellutgåver av elektroniske læremiddel må oppfyllast i praksis.

Departementet vil vurdera om det er tenlege verkemiddel som bør takast i bruk for å understøtta utviklinga av nynorsk programvare og andre mekanismar som kan hindra diskrimering av nynorsk i samband med teknologisk basert språkbruk. Det bør òg utgreiast om det kan gjerast lov- og forskriftsendringar for å sikra norske arbeidstakrar og forbrukarar norsk grensesnittspråk i

meny-, styre- og hjelpelekstar i elektroniske apparat, maskiner o.l. og norsk språk i brukarrettleiingar og annan dokumentasjon for slikt utstyr og på all emballasje og i all merking der språket har noko å seia for helse, miljø og tryggleik.

## 12.9 Ein norsk språkbank

*På noko sikt er det eit mål å få bygd opp ein norsk språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytt til utvikling av språktek-nologiske produkt på norsk.*

Det andre hovudspørsmålet som det har vore arbeidd med å følgja opp etter at handlingsplanen for norsk språk og IKT vart lagd fram i 2001, er korleis ein eventuelt skal få bygd opp ein språkbank.

Utgangspunktet for det heile er fagfeltet språk-teknologi, som kort kan definerast som utvikling av dataprogram med språkmodular som hand-samar naturleg språk. Dette gjeld ikkje berre pro-gram som ein køyrer på ein datamaskin, men også program innebygde i moderne tekniske innretningar, mellom anna program som gjer det mogeleg å styra maskinar med røysta.

Felles for all slik teknologi, anten det dreier seg om program for til dømes korrekturlesing, infor-masjonssøking, maskinomsetjing, eller – det kan-skje mest spektakulære – talegenkjenning og tale-syntese – er at dei aktuelle programmodulane må innehalde ein database av digitalisert språkmateriale tilpassa føremålet med programmet. Program for maskinomsetjing mellom to språk må innehalda ordlistar for både språka, men skal det fun-gera slik at omsetjinga gjev mening, krevst også ein omfattande base av større tekstsekvensar slik at programmet kan identifisera og analysera skilna-der i grammatiske, syntaktiske og semantiske strukturar språka imellom. Dess meir slikt språk-materiale som vert lagt inn i programmet, dess meir avansert kan det gjerast.

Eit taleteknologiprogram er i tillegg avhengig av mengder av førehandslagra digitalisert tale som i programmet er konvertert til akustiske modellar tufta på statistisk analyse. Når ny tale vert mata inn i programmet, kan det dermed kjenna att mottekne lydsekvensar som meaningsberande ord og setnin-gar. Slik kan det lagast alle slags tekniske innret-ningar som kan styra med stemma, eller ulike dataprogram som kan omforma naturleg tale til tek-st og tek-st til kunstig tale.

Det er altså tilgangen til digitaliserte språkres-sursar i form av tale, tek-st og ordlistar som er den

kritiske innsatsfaktoren og dermed i stor grad det som set grenser for i kva omfang det vil svara seg for norsk forsking og industri å utvikla kommersi-elle språktek-nologiske produkt tufta på norsk språk. Skjer ikkje slik norskspråkleg produktutvik-ling, må ein rekna med at det vert teke i bruk engelskspråklege produkt i staden. Her ligg truleg ei av dei store utfordringane for norsk språk i tida framover. Difor framstår dette no som eit viktig kulturpolitisk spørsmål. Språktek-nologifeltet kan vera ein av dei fremste arenaene der kampen om norsk språk og kultur vil utspela seg i tida fram-over. Dette var ganske breitt omtala i den språk-meldinga som sentrums-regjeringa la fram i 1997.

I februar 2002 fekk Norsk språkråd i oppdrag av Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet å initiera og koordinera ei utgreiing om dette. Hovudpunktet i mandatet var å skaffa fram ein oppdatert og realistsikk analyse av behovet for å gjera norske språkressursar tilgjengelge og kva innsats dette ville krevja. Det skulle òg utarbeidast ein finansieringsplan, og føresetna-den var at denne skulle tuftast på ein kombinasjon av privat og offentleg finansiering, og at aktuelle finansieringskjelder skulle identifiserast.

I den framlagde rapporten frå oktober 2002 er konklusjonen at det vil kosta 100 mill. kroner for-delt over fem år å få på plass det minimum av språk-ressursar som skal til for at dette skal fungera som ein språkbank, dvs. ein infrastruktur til bruk i norsk språkforskning og industriutvikling. Dessutan er det lagt til grunn at det offentlege må bera til-nærma heile finansieringsansvaret. Dermed er det lite realistisk å få realisert dette som eit samla prosjekt, og det må i staden arbeidast vidare med saka i eit noko lengre tidsperspektiv.

Utgangspunktet for eit eventuelt statleg enga-sjement må vera ei vurdering av kva effektar ein norsk språkbank kan tenkast å få i høve til priori-terte mål innanfor ulike politikkområde, og vurde-ringa må difor skje på eit breitt grunnlag. Særleg aktuelt vil det vera å sjå nærare på kva ein språk-bank i den eine eller andre forma vil kunna ha å seia når det gjeld å opna for ny næringsutvikling og for effektivisering i offentleg sektor, både generelt og innanfor tunge tenestegreiner som til dømes helsesektoren.

Noregs forskingsråd vedtok hausten 2000 ei ny programsatsing for språktek-nologi med føremål å styrka grunnforskning og kompetanse innanfor fag som informatikk, informasjonsvitenskap, fonetikk og formell lingvistikk, dessutan å gjera norsk språk i ulike variantar, både tek-st og tale, tilgjengeleg for datamaskinell prosessering. Programmet går under nemninga *KUNSTI, Kunnskapsutvikling for*

norsk språkteknologi, og skal gjera sitt til å utvikla og fremja bruken av norsk språk i datakværdagen.

Eit viktig delprosjekt er å betra talekvaliteten i norsk talesyntese, dvs. å få fram ei naturtru norsk-talande datamaskinrøyst, noko som er ein nøkkelfaktor for å utvikla kommersielle produkt tufta på talegenkjenning, dvs. produkt som kan styrast med stemma, som til dømes tingingssystem, e-postsystem, kalendrar og webapplikasjonar. Tale gjer det mykje enklare å bruka slike system enn å betena dei ved hjelp av tastar. Ein føresetnad for dette forskingsprogrammet er dessutan lett tilgang til relevante språkdata.

Ein språkbank har som det framgår direkte relevans for fleire ulike politikkområde. Sakskomplekset reiser i særleg grad spørsmål som har å gjera med nærings- og teknologiutvikling. Spørsmålet om ein språkbank må sjåast i samanheng med den språktekologiske utviklinga meir allment. Internasjonalt er det framleis mykje som er usikkert både når det gjeld teknologiutviklinga på feltet, og det som har å gjera med forretningsmodellar for bruk og formidling av språktekologiske ressursar.

På kort sikt er det difor ikkje aktuelt å setja av statlege midlar til å utvikla ein norsk språkbank. Men regjeringa vil følgja utviklinga nøy i åra som kjem. I dette inngår også aktiv norsk deltaking i dei satsingane på språkteknologi som skjer innanfor EU. Likeins vil KUNSTI-programmet halda fram.

## 12.10 Ein samla norsk språkpolitikk

*Med utgangspunkt i det nye kompetansesenteret for norsk språk skal det leggjast til rette for å konkretisera, utdjupa og supplera dei overordna måla og rammene for språkpolitikken, for slik å utforma ein heilskapleg og praktisk orientert politikk tufta på systematiske analysar og strategiske prioriteringar.*

Som kommunikasjonsmiddel og kulturprodukt gjennomsyrer språket heile samfunnet, og vilkåra for norsk språk og norske språkbrukarar kan i avgrensa grad styrast innanfor ei sektorpolitiske ramme. Den teknologiske utviklinga har gjort det endå tydelegare enn før at det er på andre arenaer enn der kulturpolitikken tradisjonelt opererer, at viktige premissar for språkutviklinga vert forma. Ein samlande språkpolitikk vil difor i mangt og mykje ha ein sektorovergripande karakter og må i stor grad ha å gjera med korleis ei rad andre samfunnsektorar ter seg i sin omgang med språket.

Til dels vil språklege omsyn falla saman med respektive sektoromsyn, men ofte vil det vera inte-

ressekonflikt. Då må interessene vegast mot kvarandre. Men i fyrste omgang gjeld det å identifisera og skapa medvit om kva som er føremålstenleg sett frå ein språkpolitisk synsvinkel. Systematisk påverknad og haldningsskapande arbeid vil vera eit svært aktuelt verkemiddel, og dermed vert utdanningssystemet, kanskje meir enn før, den sentrale arenaen der kampen om norsk språk må førast.

Eit avgjerande utgangspunkt for ein språkpolitikk som kan få noko reelt å sei til for språkutviklinga, ikkje minst for å tryggja posisjonen for norsk språk i Noreg og for nynorsk i høve til bokmål, er at ein i større grad enn i dag maktar å formulera kva verdi dette har. Dette må gjerast på ein slik måte at det vert forstått og akseptert av sterke språklege premissleverandørar i samfunnet og hjå den unge generasjonen. Det må leggjast vekt på å byggja opp prestisje for morsmålet vårt, for norsk språk. Dette krev òg at det må tenkjast strategisk, dvs. at ein ikkje berre kan leggja til grunn det som kan henda fagleg og vitskapeleg ville vera den beste løysinga, men at ein må ha eit sideblikk til kva det er som kan vinna oppslutnad hos språkbrukarane.

Ein lekk i den strategiske tenkinga vil òg vera å vurdera nøy kva for mål og kva for tiltak som tykkjест realistiske på kort og lang sikt. Dette har òg med ressursbruk å gjera. I arbeidet med å utforma ein konsekvent norsk språkpolitikk vert det såleis svært viktig å vurdera kva handlingsrom som finst på ulike område. Fyrste fase av arbeidet vil difor måtte vera å klårgjera måla for språkpolitikken, og så formulera ein strategi.

Det er grenser for kva eit kulturbudsjetten kan utretta for å fremja språkpolitiske mål. Språklege omsyn må byggjast inn som eit integrert element innanfor dei ulike samfunnssektorane og politikkområda. Som generelt prinsipp kan ikkje kulturbudsjettet nyttast til å retta opp att den skade som skjer på grunn av manglar eller forsømingar innanfor andre område av samfunnet eller politikken. I så fall ville ikkje midlane rekka langt, og det ville dessutan flytta noko av ansvaret bort frå der det primært må liggja, dvs. hjå alle norske språkbrukarar på alle frontavsnitt av samfunnet. Slik sett må språkpolitikken også vera ein integrert del av ein samla norsk kulturpolitikk.

I ein framtidig språkpolitikk bør elles situasjonsanalyse og utforming av realistiske tiltak vera viktigare enn spådomar om framtida. Ein offentleg språkpolitikk må difor utformast i eit tiårsperspektiv og konsentrerast om det som ein frå det offentlege si side kan og bør gjera noko med.

## 12.11 Samisk og andre minoritets-språk

*Også vilkåra for samiske språk og andre minoritets-språk må ivaretakast innanfor ramma av ein samla norsk språk- og kulturpolitikk, i samsvar med etablerte prinsipp og dei pliktene norske styresmakter har teke på seg nasjonalt og internasjonalt*

Ansvaret for samiske språk er ein viktig del av ein samla norsk språk- og kulturpolitikk. Departementet legg vekt på aktivt å følgja opp språkreglane i samelova og vil på ulike måtar leggja til rette for gode utviklingsvilkår for samiske språk. Operative oppgåver er i stor grad lagde til Sametinget, i tråd med dei allmenne prinsippa for forvaltning av samiske spørsmål, og ei lovendring som tok til å gjelda frå 1. januar 2003, fastset at Sametinget skal arbeida for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg.

Noreg har også teke på seg visse plikter etter Den europeiske pakta om vern av regions- og minoritetsspråk, som tok til å gjelda frå 1. mars 1998. Her er det fastsett kva føremål og prinsipp statane skal leggja til grunn for å sikra minoritetsspråka naudsynt vern. Pakta inneheld også meir konkrete plikter for styremaktene om bruk av minoritetsspråk på ulike felt, mellom anna i utdanning, rettsstell og offentleg forvaltning. Desse konkrete reglane er for Noreg gjevne verknad berre for samisk. Andre norske regions- eller minoritetsspråk som elles kjem inn under pakta, er kvensk/finsk, romanes og romani.

Det er fastsett i pakta at partane periodvis skal leggja fram ein rapport til Generalssekretæren i Europarådet, og den fyrste rapporten frå norsk side vart laga i 1999. Rapporten vart gjennomgått av ein ekspertkomite i Europarådet, og komiteen var i hovudsak tilfreds med dei tiltaka som er sette i verk for å sikra bruken av samisk språk i Noreg. Ein ny norsk rapport vart lagd fram i mars 2002.

Det kan vera grunn til å streka under det generelle prinsippet om at eit språk må kunna brukast for at det skal kunna haldast i hevd. Dette inneber mellom anna at storsamfunnet også opnar for at til dømes samisk språk kan sleppa til på andre arenaer enn dei som berre vedkjem samane sjølv, dvs. at også nordmenn generelt sett må akseptera å verta eksponerte for samisk språk i visse sammenhengar, til dømes i riksdekkjande etermedia og som paralleltekst i ulike offentlege dokument. Dette er i seg sjølv er verdfull påminning til storsamfunnet om at vi har eit samisk urfolk i landet vårt.

Europarådet har bede Noreg om å avklara status for kvensk, dvs. om ein skal sjå på kvensk som eit eige språk eller som ein finsk dialekt. Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har tinga ein rapport om dette spørsmålet. Utgreiarane har også vorte bedne om å jamføra kvensk med *meänkieli* (tornedalsfinsk), som er eit offisielt språk i Sverige. Rapporten og merknadene frå høyningsinstansane vil utgjera grunnlaget for ei avgjerd i saka.

## 13 Litteratur

### 13.1 Innleiande merknader

Det vert årleg selt meir enn 40 millionar bøker i Noreg, åtte per ibuar, og kvar tredje bok er ei gåve. Dersom ein held unna lærebøker med meir enn 4 mill. selde eksemplar og samstundes avgrensar ibuartalet til alle over 15 år, inneber dette eit gjenomsnitt på 14 kjøpte bøker per person i året.

Heile bokomsetninga var i 2002 i overkant av 5 mrd. kroner. Medlemsforлага i *Den Norske Forleggerforening* (43) har knapt 57 pst. av dette salet. Av omsetninga til medlemsforлага utgjorde skulebøker/lærebøker/faglitteratur i 2002 om lag 35 pst. mot 50 pst. i 1998, då arbeidet med skulereforma var på sitt høgste. Skjønnlitteratur og generell litteratur utgjorde om lag 56 pst. i 2002 mot 39 pst. i 1998, og verk, elektroniske publikasjonar m.m. utgjorde 9 pst. Import av utanlandske bøker utgjer om lag 7 pst.

Bokklubbane har over tid auka omsetninga si både relativt og reelt og stod i 2002 for om lag 25 pst. av alt boksalet mot 21 pst. i 1998 og 12 pst. i 1991. Dei fleste bokklubbane har eigagarar som er medlemer i forleggjarforeininga.

Det er om lag 590 bokhandelutsal i Noreg, og av desse er 287 filialar, dvs. utsal som har andre bokhandelutsal som eigagarar. Etablering av bokhandlarkjelder som eig bokhandelutsal, har ført til ein sterk auke i talet på filialar. To av medlemsforлага i Den norske Forleggerforening kontrollerer to kjelder som har ca. 38 pst. av bokhandelomsetjinga og ca. 110 filialar. Alle byar og tettstader med meir enn 8 000 ibuarar har bokhandelutsal, og 64 pst. av omsetninga er bøker. To tredjedelar av heile bokomsetninga går gjennom bokhandlane. Boksalet gjennom internettbutikkar står for ca. 4 pst. av omsetninga, nær ei dobling av salet siste året.

Bokprisen er fast for medlemer i Den Norske Forleggerforening og *Den Norske Bokhandlerforening* i utgjevingsåret og kalenderåret etter. Bøker utgjevne av andre forlag treng ikkje seljast til fast pris. Undersøkingar viser at prisen på bøker dei siste 15 åra har stige om lag 50 pst. meir enn prisen på andre varer og tenester.

Dei siste åra har *Norsk kulturråd* fått utarbeidd ei rekke rapportar om ulike sider ved litteraturens

kår i Noreg. Eit viktig spørsmål er å fastsetja kor langt det statlege engasjementet skal gå på dette feltet. Tilhøva i 1960-åra, då innkjøpsordningane vart oppretta og momsfritaket iverksett, var heilt annleis enn i dag; det var då eit problem at det vart utgjeve så få norske bøker, medan det no kjem ut så mange at innkjøpsordninga vert sett under press.

Det er ikkje lett å trekka eit meiningsfullt skilje mellom på den eine sida litteraturpolitikk og på den andre sida bibliotek- og andre formidlingpolitiske utfordringar. Men dei litteraturpolitiske verke-midla tek ofte meir sikte på å sikra tilgangen til bøker, produksjon og distribusjon, medan formidlinga siktar mot å nå lesaren.

Hovudformålet med den statlege litteraturpolitikken er å leggja til rette for kvalitet, breidd og mangfald med omsyn til innhald og sjanger, i fag- og skjønnlitteratur. Vidare må den litteraturen som vert skapt, distribuerast slik at han når fram til publikum gjennom mange og vel eigna kanalar. Sentrale verkemiddeld har i fleire tiår vore innkjøpsordningane, momsfritaket og dispensasjon frå konkuranselovgjevinga for bransjeavtalen. Gjennom eit godt utbygd distribusjonssystem har bøkene nådd fram til lesarane, og utanlandske forlag kjøper og gjev ut fleire norske bøker enn nokon gong.

Nye utfordringar har meldt seg dei siste åra. Dei nye eigarkonstellasjonane og konsentrasjonen innanfor bokbransjen pregar biletet. Det gjeld særleg det oppkjøpet av bokhandlar som dei to største forлага har gjort, oppbygging av kjelder innanfor bokhandelbransjen, oppretting av nettbockhandlar og visse sider ved bokklubbsystemet. Internasjonalt er delar av bokbransjen i ferd med å verta ein del av ein større medieindustri, med krav om betre inntening. Dei store eigagarane vert større, mektigare og meir synlege, og nye delar av bok- og underhaldningsbransjen vert kjøpt opp. Mykje av den diskusjonen som går føre seg i Noreg, er prega av uro for at også delar av den norske bokbransjen skal verta innlemma i internasjonale mediekonsern og påverka av verdiane og tenkjemåten deira. Problem omkring opphavsretten er ei anna utfordring.

Ferske rapportar syner at norske elevar les dårlegare enn born i mange andre europeiske land, og

at lesedugleiken i Noreg generelt har gått attende. Det er eit viktig mål at alle skal kunna ha tilgang til eit breitt utval av litteratur. Utan evna til å kunna lesa og å forstå det ein les, det som gjerne vert kalla lesekunstnere, som òg femner om leseglede, har ein heller ikkje tilgang til litteraturen.

## 13.2 Innkjøpsordningane

*Innkjøpsordningane er eit vellukka litteratur- og språkpolitiske verkemiddel og vil vera vidareførte. I tillegg til dei eksisterande ordningane bør rammene etter kvart aukast slik at det òg vert rom for innkjøp av verdfull sakprosa.*

Dei statlege innkjøpsordningane for litteratur, jf. kap. 4.3.7, vert forvalta av Norsk kulturråd og er eit av dei viktigaste statlege verkemidla på bokområdet. Dei kanaliserer ein jamn straum av bøker for born, ungdom og vaksne gratis til folke- og skulebibliotek i heile landet og er slik med på å halda oppe lesing, språkkunnskap og språkinteresse. Ordningane er òg eit kunstnarpolitiske verkemiddel, med di dei fører til at det kjem ut fleire bøker enn det som elles ville vore tilfelle. Ordningane er regulerte ved avtale mellom Norsk kulturråd og forlaga. Bøker som åndsverk er eit kulturgode i seg sjølv, og innkjøpsordningane er så populære at dei er komne under press. Det er difor innført eit økonomisk tak på om lag 200 skjønnlitterære titlar (for vaksne) i året. Dersom fleire titlar vert påmeldte, vert det gjennomført ei proratarisk avkorting per tittel.

Då innkjøpsordningane vart innførte i 1960-åra, vart det utgjeve få norske skjønnlitterære bøker, og å tryggja ein fullverdig litteratur på norsk språk var eit hovudmotiv for å byggja opp slike ordningar. No vert det gjeve ut mange bøker her i landet, og det er såleis liten tvil om at dette har vore eit vellukka verkemiddel, jamvel om det også finst andre forklaringsfaktorar.

Den einaste kritikken som frå tid til anna vert sett fram mot innkjøpsordningane, er at ein del av dei bøkene som biblioteka får tilført, i liten grad vert etterspurd. Dette kan nok vera rett, men folkebiblioteka er eit viktig desentralisert nettverk for spreiing av ny norsk litteratur, og der må også den smale litteraturen vera å finna.

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne femner altså om ca. 200 titlar årleg, og desse vert distribuerte i 1000 eksemplar til folkebiblioteka. Ordninga for ny norsk skjønnlitteratur for born og unge femner om ca. 100 titlar i året. Desse vert distribuerte i 1550 eksemplar til folkebiblioteka og bibliotek i grunnskulen. Ordninga for ny

norsk faglitteratur for born og ungdom femner om ca. 15 titlar årleg innkjøpte i 1550 eksemplar, og ordninga for omsett skjønnlitteratur for born, ungdom og vaksne femner om inntil 50 titlar årleg i 500 eksemplar. Det vart i 2001 gjennomført ei evaluering av ordningane med særleg vekt på dei to som gjeld norsk skjønnlitteratur, og høyringssvara var samstemte om at dette verkemidlet fungerer etter føresetnadene, og at det bør halda fram, rett nok med somme justeringar.

Norsk kulturråd har vedteke å innføra eit økonomisk tak på dei to skjønnlitterære ordningane, slik at ordningane for faglitteratur for born og ungdom og omsett skjønnlitteratur kan utvidast noko. Vidare vil rådet skipa til eit partssamansett, rådgjevande utval som årleg vil drøfta viktige spørsmål i tilknyting til ordningane. Hyppigare utsending av bøker til biblioteka er alt sett i verk.

Rådet ynskjer å oppretta ei ny, selektiv innkjøpsordning for verdfull sakprosa, men til dette trengst det nye midlar. Rådet ser her føre seg innkjøp til folkebiblioteka av mellom anna essayistikk, biografiar, reiseskildringar og dokumentarlitteratur, men ikkje av profesjonsretta faglitteratur eller bøker som høyrer med til undervisningslitteraturen, eller reine hobbybøker.

Spørsmålet om faste eller frie prisar på bøker vedkjem også innkjøpsordningane for litteratur. Alle avtalane for korleis ordningane skal gjennomførast, vil eventuelt måtta reforhandlast dersom fastprissystemet vert avskaffa eller sterkt endra. Det same gjeld dei avtalane som inneheld reglar om royalty for forfattarane. Desse er fastsette på bakgrunn av normalkontraktar mellom forlag og forfattar. I varierande grad – etter kva innkjøpsordningane har å seia økonomisk for dei ulike sjangrane – kan frie bokprisar koma til å verka inn på utgjevingsprofilen til forlaga og dermed innkjøpsprofilen under dei ulike ordningane.

I tillegg til innkjøpsordningane administrerer Kulturrådet ei rekke tilskotsordningar til andre litteratursjangrar, produksjonsstøtte til skjønnlitteratur og generell litteratur utgjeven på nynorsk, til biletbøker for born, klassikarutgjevingar og til nye teikneseriar og til kulturtidsskrift. Desse ordningane vert evaluerte jamleg, og dei er viktige for at lesarane skal kunna møta eit breitt utval av kvalitetslitteratur.

### 13.2.1 Innkjøpsordningane i framtida

Innkjøpsordningane fungerer som eit verkemiddel både i kunstnar-, språk- og litteraturpolitikken og er samstundes ein aktiv, konkret og synleg del av statleg bibliotekpolitikk. Årleg vert det registrert

utgjeving av om lag 7500 titlar i Noreg, og av desse er vel 2000 skjønnlitterære. Departementet har som hovudmål på dette området å stø opp om produksjon, distribusjon og formidling av litteratur på norsk innanfor ulike sjangrar. Dette er viktig for å verna, styrkja og vidareutvikla norsk språk i både målformene og for å synleggjera breidda i den norske skriftkulturen i samtidia.

Støtteordningar som innkjøpsordningane inneber at det ikkje utelukkande er marknadspotensialet som avgjer om ei bok skal gjevast ut eller ikkje, og nye røyster får lettare høve til å verta høyrd. Innkjøpsordningane utvider marknaden nett så mykje at forlaga kan gje ut eit breitt spektrum av bøker av god kvalitet.

Dei innkjøpsordningane som alt er etablerte, syter for at særleg skjønnlitterære bøker fysisk når fram til nærmiljøet til lesarane. Samstundes vert det utgjeve stadiig meir av det ein kan kalla allmenn sakprosa, som essay, debattbøker, biografiar og memoarar, historie og kulturhistorie, reiseskildringar og bøker om religion, filosofi, biletkunst, og dette er emne som appellerer til mange, og som mange ynskjer å finna på biblioteket. Ein reknar med at det vert utgjeve 250–260 aktuelle titlar kvart år.

Ei selektiv innkjøpsordning for slike bøker, med til dømes 50 titlar kvart år i 1000 eksemplar, ville kunna stimulera til auka tilvokster av sakprosa slik dei alt eksisterande innkjøpsordningane har gjort for skjønnlitteraturen. Dette er tilrådd i ei utgreiing om innkjøpsordningane (rapport nr. 26 Norsk kulturråd 2001), og Kulturrådet og dessutan Norsk språkråd har sluttat seg til dette framleggjet. Ei slik ordning vil kosta 8–10 mill. kroner årleg. Departementet ynskjer ei slik ordning og vil koma attende til dette i budsjettetsamanheng.

### 13.3 Fritaket frå meirverdiavgift

*Fritaket frå meirverdiavgift er eit viktig indirekte støttetiltak for bokbransjen.*

Momsfritaket vart innført i 1967 og gjeld for prenta papirbøker og frå 1995 også for lydbøker som er parallelutgåver, men ikkje for elektroniske utgjevingar. I 2000 utgjorde momsfritaket om lag 1,2 milliardar kroner i indirekte støtte til bokbransjen. Jf. elles kap. 4.2.5.

Trass i at bokprisane har auka mykje raskare enn prisane på andre varer, og at momsfritaket av somme er vurdert som lite treffsikkert, er det liten tvil om at dette er eit verdfullt støttetiltak for bokbransjen.

Bokproduksjon er likevel ikkje lenger avgrensa til prenta ord på papir, noko ein tok konsekvensen av då det vart innført momsfriftak for lydbøker. Definisjonen av kva ei bok er, treng modernisering, i momssamanheng også, og bransjen legg til grunn at det bør vera momsfriftak på bøker ubunde av publikasjonsform. Det er innhaldet som utgjer ei bok, ikkje innpakninga. Det er dessutan slik at for mange er det naudsint med spesielle utgåver for at dei skal kunne gjera seg nytte av innhaldet.

I EU er det eit hovudprinsipp at produksjon og handel skal skje på marknadsmessige vilkår utan statleg innblanding og støtte, særleg støtte som kan gje ulike konkurransevilkår og handelshinder. I praksis har statsstøtte til kultur vore fullt tillate i EU så lenge det ikkje har vore til hinder for konkurransen og den frie handelen på den indre marknaden, og kultur har vore sett på som ei sak for nasjonale styresmakter. Organa i EU har gått med på særordningar og unnatak for ein heil bransje i alle medlemsland på kulturpolitisk grunnlag, av di «books are a special item». Spørsmål om låg eller ingen moms har her vore eit sentralt spørsmål.

Av 29 europeiske land har fem momsfriftak. Utanom Noreg er det Irland, Polen, Russland og Storbritannia. I alt 19 land har momssats opp til 10 pst., og dei resterande fem har momssats frå 12 pst. til 25 pst. Det er uvisst om det pågående arbeidet i EU med å harmonisera avgiftssatsar i medlemslanda vil få noko å seia for moms på bøker i EU-land.

I samband med momsreforma la Finansdepartementet til grunn at ei tilpassing til EUs regelverk om meirverdiavgift er ynskjeleg, jf. St.prp. nr. 2 (2000–2001), men det ligg ikkje føre noka plikt til ei slik tilpassing gjennom EØS-avtalen.

EØS-avtalen art. 14, som forbyd interne avgifter som verkar proteksjonistiske, har noko å seia for vurderinga av særskilde avgiftssatsar og fritak. Avgjerda ved EFTA-domstolen i sak E-1/01



Figur 13.1

22. februar 2002 syner at eit momsfriftak eller ein lågare sats som favoriserer norskspråklege bøker, neppe er i tråd med EØS-avtalen. Derimot er det uproblematisk dersom ordninga er generell, slik at ho femner om alle bøker som vert omsette i Noreg, og det er dette som er stoda i dag.

## 13.4 Nærare om bransjeavtalen

*Bransjeavtalen er ein friviljig avtale mellom to private partar, Den Norske Forleggerforening og Den Norske Bokhandlerforening. Gjeldande avtale går ut 31. desember 2004. Statlege styresmakter kjem inn i biletet med di det er ein kartellavtale som krev unntak frå konkurranselovgjevinga, jf. kap. 4.2.5. Bransjen sjølv lyt ha hovudansvaret for å finna fram til tenlege løysingar for tida etter 2004.*

### 13.4.1 Gjeldande avtale

Bransjeavtalen gjeld handelsvilkår mellom medlemsforlag og medlemsbokhandlar og omfattar om lag 50 pst. av den totale bokmarknaden i Noreg. Forlag eller bokhandel som ikkje ser seg tent med medlemskap i dei respektive bransjeorganisasjonane, er ikkje bundne av avtalen.

Regelen om fastpris i bransjeavtalen inneber at det er forlaga og ikkje bokhandlane som fastset utsalsprisen for det året boka kjem ut og neste salsåret, og at prisen på ei bok skal vera den same over heile landet. I Noreg gjeld fastprisen alle kategoriar bøker, medrekna skulebøker, som bokhandlane etter gjeldande avtale har einderett på å forhandla. Andre boktypar kan seljast overalt. Fastprisen gjeld i alle salskanalane, men med føresegner om rabattar for folkebibliotek (maksimalt 20 pst.), grunnskular (maksimalt 7 pst.), vidaregåande skular (maksimalt 5 pst.) og bokklubar (maksimalt 25 pst.).

Bokhandlane har skaffeplikt, og forlaga har leveringsplikt. I tidlegare avtalar hadde bokhandlane dessutan ei gradert lagerplikt. Dette er i gjeldande avtale erstatta med ei friviljig abonnementsordning for ulike kategoriar av bøker, men helvta av bokhandlane i landet har ikkje abonnement i det heile for skjønnlitteratur eller generell litteratur.

### 13.4.2 Avtaleprosessen

Fastprissystemet i Noreg er eit priskartell og må difor ha dispensasjon frå konkurranselovgjevinga. Denne kompetansen ligg til Konkurransestilsynet. Konkurransestilsynet har fleire gonger stilt seg kritisk til føresegner i framforhandla avtale og avgje-

eller stilt vilkår for dispensasjon, men etter klage er vedtaket omgjort av Arbeids- og administrasjonsdepartementet. I samband med handsaminga av klage har òg Kultur- og kyrkjedepartementet gjeve fråsegn i desse sakene.

Grunngjevinga for dispensasjon har vore at avtalen vart sett på som kulturpolitisk viktig, ved at han er med på å tryggja eit desentralisert bokhandelnett over heile landet, og ved å sikra utgjeving av og tilgjenge til alle typar litteratur til lik pris. Når bransjeavtalen skal reforhandlast, er dette i utgangspunktet ei sak mellom dei to bransjeorganisasjonane. Konkurransestilsynet kan gje dispensasjon frå konkurranselovgjevinga, og Arbeids- og administrasjonsdepartementet er klageinstans. Kultur- og kyrkjedepartementet kjem inn i saka som høyringsinstans under klagebehandlinga.

Konkurransestilsynet kan likevel på sjølvstendig grunnlag ta opp til vurdering tilhøve som tykkjест ha tevlingsavgrensande effektar. Våren 2003 har Konkurransestilsynet såleis ført ein innleidande dialog med partane i bokbransjen om bransjeavtalen. Tilsynet har hatt møte med både forleggjarane, forfattarane og bokhandlarane. Denne dialogen vil tilsynet vidareføra hausten 2003 for å gje partane ei meir konkret rettleiing om dei krava som følgjer av konkurranselova. Siktemålet er gjennom ein open dialog å arbeida fram noko som er betre enn gjeldande avtale, som ivaretak både dei litteraturpolitiske og dei konkurransemessige omsyna, og som kan tryggja bransjen faste og oversynlege rammevilkår i åra frametter.

### 13.4.3 Ulike posisjonar og synspunkt

For konkurransestyresmaktene vil det generelle utgangspunktet vera at tevling medverkar til lågare prisar, breitt produktutval, nyskaping og innovasjon. Applisert på bokbransjen lyt konkurransopolitikken samstundes byggja på ei erkjenning av at marknad og tevling ikkje utan vidare er tilstrekkeleg for å tryggja låge nok prisar, mange nok utgjevingar, utgjeving av smale titlar og slett ikkje geografisk lik tilgang til bøker. Sett frå ein konkurransepolitisk synsstad vil difor utfordringa vera å finna fram til eit nytt system som er tilpassa utviklingstrekka i bransjen, som helst ikkje inneber omfatande kryssubsidiering, og som fremjar den typen konkurranse som er viktigast i eit litteraturpolitisk perspektiv.

Både frå konkurransepolitisk og frå skulepolitisk hald har det vore reist innvendingar mot den form for kryssubsidiering som fast pris og bokhandelmonopol på skulebøker kan hevdast å innebera. Jamvel om eineretten på sal av skulebøker er avgje-

rande for eksistensen til mange bokhandlar i distrikta, hevdar mange at dette fører til dyrare lærebøker, og at skular og skuleelevar dermed lyt bera ei særskild økonomisk bør som det er urimeleg å plassera der.

Forfatterforeningen og Bokhandlerforeningen har både uttrykt ynske om at bransjen skal verta regulert gjennom ein friviljug bransjeavtale også etter 2004. Dette vil gje tryggleik og stabilitet for desse interessentane. På forleggjarhald gjer det seg derimot gjeldande fleire synspunkt, men Forfatterforeningen gjorde på generalforsamlinga 24. mai 2003 vedtak om å arbeida for ei vidare avtalebasert regulering av bokbransjen etter 2004. Forfatterforeningen vil arbeida for «å bevare prinsippet om fast pris, fri flyt av bøker, abonnementsordninger, lager- og skaffeplikt og en effektiv distribusjon av skolebøker.»

Forlaga Cappelen og Schibsted deler ikkje fleirtalet sitt syn på fastprisspørsmålet. Cappelen har gjeve uttrykk for at faste prisar kombinert med vertikal integrasjon frå dominerande aktørar skaper monopolisering, høgare bokprisar og opnar for misbruk av marknadsmakt, og at faste prisar i kombinasjon med rabatt til bokklubbar fører skjønnlitteraturen bort frå bokhandelen. Dei legg til grunn at frie prisar vil skapa dynamikk i bookmarknaden og førebyggja misbruk av marknadsmakt. Cappelen ynskjer ein friviljug bransjeavtale tufta på frie prisar.

Det Norske Samlaget er tilhengjar av ei lov om faste prisar. Dei grunngjev dette med eit ynske om å koma unna den uvissa som følgjer av meiningsbrytingane mellom forleggjarane om fastprisspørsmålet, og at langsigktig planlegging krev kjende og trygge rammevilkår. Andre hevdar derimot at ei lov vil kunna gje eit for rigid system, dvs. at aktørane ikkje like lett vil kunna gjera naudsynte tilpassingar når ytre eller indre endringar tilseier nye grep.

I sluttrapporten frå referansegruppa for Norsk kulturråds utgreiingsprosjekt om bokbransjen (Norsk kulturråd 2003, notat nr. 53) vert det mellom anna konkludert slik:

«... faste priser er det virkemiddelet som best ivaretar litteraturpolitiske helhetshensyn, og kan ikke se at nye konkurransevilkår innad i bokbransjen rokker ved denne egalitetsfremmende og kulturpolitisk motiverte ordningen.

Til spørsmålet om hvordan den faste bokprisen skal håndheves, har referansegruppen vurdert forholdet mellom en fortsatt frivillig avtaleform og muligheten for implementering av et

lovalternativ. Referansegruppen har her konkludert med at en frivillig inngått avtale er best egnet til å videreføre den konsensus som bransjen trenger for å opprettholde stabilitet og forutsigbarhet.»

I same rapporten heiter det at rabattar på skulebøker og medlemsrabattar til bokklubbmedlemer har vist seg å vera kompliserande tilhøve i andre europeiske land ved bruk av lovalternativet i ein fastprispolitikk for bøker, og at dette er endå meir komplisert i Noreg av di bokhandlane etter bransjeavtalen har einerett på å forhandla skulebøker til grunnskule og vidaregåande skule.

#### **13.4.4 Ulike modellar i andre land**

Rundt om i Europa finst det fleire ulike modellar for regulering av bokomsetjinga. I Norden har Finland, Island og Sverige frie bokprisar. Danmark har ein bransjeavtale som gjev forleggjarane høve til å setja fast pris på ein boktittel, men for skulebøker er det alltid fri pris. Vidare har Storbritannia og Irland frie prisar. Det same gjeld for dei tidlegare kommunistiske landa i Aust-Europa.

Lover som regulerer bokprisane, finst i Frankrike, Hellas, Italia, Portugal, Spania, Tyskland og Austriike, men det er i hovudregelen frie prisar eller store rabattar for skulebøker i desse landa.

Avtalebasert prisregulering finst i Belgia, Danmark, Luxembourg, Nederland, Noreg og Sveits.

Rapporten *Å sette pris på bøker* (Norsk kulturråd 2001, rapport nr. 24) gjer greie for dei varierte rammevilkåra for bokbransjen i Vest-Europa. I den før nemnde sluttrapporten frå Kulturrådets referansegruppe vert det mellom anna gjeve denne kommentaren:

«Det er en gjennomgående tendens til å ville beholde den prismodellen og det systemet man har, framfor å foreta grunnleggende endringer i markedsforholdene. (...) Uansett endringer og løsningsalternativer later det til at bokbransjen finner sin nye form, og i den grad det er kulturpolitisk støtte for det, har myndighetene tilrettelagt kompenserende, direkte og indirekte litteraturpolitiske støttetiltak.»

Slik er det òg i grannelanda våre Sverige og Finland. Både på forleggjar- og bokhandlarhald er den dominerande oppfatninga tilslutnad til friprissystemet, og bransjen ligg på ingen måte på sotteseng. Det er nesten berre dei skjønnlitterære forfattarane som ynskjer seg attende til ei ordning med prisregulering.

### 13.4.5 Vegen vidare

For Kultur- og kyrkjedepartementet vil det overordna omsynet vera å tryggja utgjeving av eit breitt utval bøker – på bokmål og nynorsk – som spenner over eit vidt spektrum av sjangrar, og å tryggja at desse vert spreidde og gjorde tilgjengelege for lesarar i heile landet. Det må finnast fram til ein modell som på ein god måte tek høgde for både konkurransopolitiske, litteraturpolitiske og relevante allmenne kulturpolitiske omsyn.

Bokbransjen verkar i eit dynamisk felt. Grunnleggjande rammevilkår endrar seg både internt (t.d. eigarskap) og eksternt (t.d. teknologi for produksjon, distribusjon og handel), på ein slik måte at adekvate løysingar på eitt tidspunkt kan framstå som mindre tenlege i løpet av kort tid.

Å regulera prisar og andre vilkår i lovs form tykkjест såleis lite aktuelt, med di dette kan medverka til å låsa fast rammer som etter kvart kan verka uheldig konserverande.

Det må difor framleis vera bransjen sjølv som har hovudansvaret for å finna fram til tenlege løysingar for tida etter at nogjeldande bransjeavtale går ut ved utgangen av 2004.

## 13.5 Bokklubbane

*Bokklubbane har ein sterk posisjon i Noreg, både økonomisk og kulturelt. Utan bokklubbane ville færre ha kjøpt og lese den nye skjønnlitteraturen. Bokklubbanen kan hevdast å vera den største distriktsbokhandelen i landet, men det kan også hevdast at suksess for bokklubbane gjer tilhøva vanskelegare for dei lokale bokhandlane.*

Talet på bokklubar har vore stabilt dei seinare åra, bortimot 50 med smått og stort. Dei fleste store norske bokklubbane er kvalitetsbokklubar, mens det vanlege i store klubbar i utlandet er tilbod om lettare underhaldningslitteratur.

*De norske Bokklubbene* er den største klubbeigaren med bortimot 750 000 medlemsskap, elleve klubbar og fire abonnementsseriar. Eigarrar er *Aschehoug* og *Gyldendal* med 48,5 pst. kvar og *Pax* med 3 pst. Halvparten av norske husstandar har medlemskap i éin eller fleire bokklubar, og det vert selt om lag 2000 titlar i året gjennom klubbane. At bokklubbøkene er 25 pst. billigare enn i bokhandelen, medverkar til å gjera dei populære, jamvel om det når påslag av porto og ekspedisjonsgebyr kjem til, er tale om ein nettoraabatt på om lag 15 pst.

Klubbane er ikkje medlemer av bransjeforeiningane, og i bransjeavtalen er dei nemnde med eit pålegg til forlaga om å avgrensa medlemsrabatten

til 25 pst., ikkje nytta bøker utgjevne dei siste ni månadene til medlemsverving og heller ikkje i vekkampanjar like før jul. I ein eigen avtale mellom bokklubbane og bokhandlarforeininga har bokhandlarane gått med på prisskilnaden for bokklubbøker.

Dei store bokklubbane er nybok-klubbar som sel vanlege bokhandelutgåver frå utgjevingsdagen i direkte konkurranse med bokhandlane. Mellom dei landa som har fast eller regulert pris, har dei norske bokklubbane dei friaste vilkåra. Nesten overalt i fastprislanda i Europa har nye titlar karantene i minst eit halvt år før bokklubbsalet kan ta til, og for å vera medlem må ein kjøpa ei viss mengd bøker kvart år og vera medlem ei viss tid.

## 13.6 Elektronisk publisering, distribusjon og handel

*Den digitale epoken har også nådd bokbransjen, i form av e-bøker, tinga prent (print on demand), nett-bokhandlar og e-bokhandlar. Med IKT vert både produksjon og handel meir effektiv, og fordyrande mellomledar kan takast bort, så som sats og prenting, frakt og lagerhald. Konsekvensane for bokbransjen kan vera store, men det er uråd å seia noko visst om kor snøgt eller i kva omfang endringar vil skje.*

Ei e-bok (elektronisk bok) er i trong meinung ein digital tekst til å lesa på små, bokliknande leseapparat. Det meste av den skjønnlitteraturen som kjem som e-bøker, er tidlegare utgjevingar, såkalla *backlist*, ofte bøker som har falle i det fri og som er lagde ut på Internett til gratis nedlasting. Den vanlege, prenta boka vil i mange sjangrar og kan henda i fleire tiår enno vera elektronikken overlegen. Dessutan er det ikkje alle slag bøker og tekstar som kan gjera seg nytte av det som er dei sterke sidene ved e-boka. Ho kan romma levande bilete og musikk, ho kan vera interaktiv, vi kan kopla oss til andre e-tekster ved hjelp av hyperlenker, og boka kan lett og fort oppdaterast. Dette vil vera eit revolusjonerande framsteg for kunnapslitteraturen, men dei fleste trur i dag at det vil gå lang tid før det kjem eit gjennombrot for nyskrevne skjønnlitteratur som e-bok. Før dette skjer, må leseapparata betrast radikalt, og ein heil kulturkring den prenta boka må ha endra seg.

Tinga prent (*Print on demand* eller *On demand publishing*) har gjort det mogeleg å prenta små opplag etter tinging til ein overkomeleg pris, slik at bøker som elles ikkje ville vera utgjevne av økonomiske årsaker, vil kunna koma ut. Tinga prent vil med andre ord kunna føra til ei breiare utgjeving og gje fleire høve til å uttrykkja seg i bokform.

Hittil har mindre enn 10 pst. her i landet kjøpt bøker via *nettbutikken*. Det er mest faglitteratur som vert kjøpt, og den vanlegaste kunden er mann mellom 25 og 39 år, busett i Oslo og med ei årsinntekt på over kr 500 000 (kjelde: MMI: Bokbransjeundersøkelsen 2003). På kort sikt er nettbutikken ein sterkare konkurrent til den tradisjonelle bokhandelen enn e-bokhandelen, men når e-boka verkeleg slår gjennom, kan følgjene verta langt større.

E-bokhandelen er ein database på ein stor server, ein virtuell bokhandel utan prenta eksemplar i hyller. Han er ein klareringssentral som mot betaling låser opp ein database med krypterte tekstar for kundane, og som administrerer handelen slik at forfattarane og andre opphavsrettshavarar får det vederlaget dei har krav på (*Digital Rights Management, DRM*). I dag er det ingen internasjonal fellesstandard korkje for teknologien eller formatet, og dette hemmar utviklinga på e-bokområdet.

Problema med å administrera dei økonomiske rettane til forfattar og forlag er ikkje løyste enno, og før ein kan få til ein trygg og enkel handel, vil det ikkje koma noko gjennombrot for utgjeving av e-bøker. Det vil fyrst vera aktuelt å utforma ein litteraturpolitikk for e-bøker dersom marknaden ikkje skulle gje vilkår for kvalitet, mangfald og breidd, dersom økonomiske og ideelle rettar og krav til forfattarar og andre opphavsmenn ikkje vert tekne vare på, eller dersom føremonene ved den nye teknologien ikkje gjev lågare prisar for publikum.

Elektronisk publisering i litteratursektoren må sjåast i samanheng med den auka rolla elektronisk publisering vil få reint allment. Regjeringa la i april 2002 fram *Strategi for elektronisk innhold 2002–2004*. I dette dokumentet identifiserer ein utfordringane som det offentlege har, mellom anna

- å sikra økonomiske rammevilkår som ikkje gjer skilnad mellom elektroniske og andre medium
- å fremja konkurranse og mangfald i marknaden
- å sikra tilgjenge til kulturarven og syta for at offentleg elektronisk materiale vert verande tilgjengeleg
- å sikra bruk og utvikling av norsk (både bokmål og nynorsk) og samisk språk i ei verd som stadig meir vert prega av angloamerikansk kultur
- å syta for opne standardar og hove til informasjonsutveksling og attfinning
- å utvikla ordningar som sikrar at Internett er ein arena som ivaretak ytringsfridom, opphavsrett, personvern og forbrukarrettar, og som vernar mot ulovleg og uynskt innhald.

### 13.7 Lydbøker

*Lydbøker fyller funksjonar som vanlege bøker ikkje kan dekkja like godt – både for vanlege brukarar og for folk med ei eller anna form for lesehemming. Det må leggjast til rette for at den positive voksteren i frambodet og bruken av lydbøker kan halda fram.*

Frå midten av 1990-åra har produksjon av lydbøker, seinare òg av CD-ROM, skote fart. Fram til byrjinga av 1990-åra vart lydboka mest sett på som eit hjelpemiddel for personar med ei eller anna form for lesehemming. Dei fleste vart produserte ved Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og kunne dermed berre låna av lesarar som kunne dokumentera lesehemming, og dei kunne ikkje kjøpast. Lydbøker som parallellutgåver kom inn under momsfritaket i 1995.

I perioden 1990–1993 vart Lydbokprosjektet *Hør en bok* gjennomført, finansiert gjennom regjeringas handlingsplan for funksjonshemma med 12 mill. kroner over fire år. Då prosjektet starta, var det vel 30 lydboktitlar i Noreg. I 1993 hadde talet auka til om lag 550. Seinare har produksjonen auka år for år. Statistikken viser at vel 6 pst. av medieinnkjøpet i norske folkebibliotek er lydbøker, cd og video. Utlånet av lydbøker vart meir enn seksdobla i perioden 1992–2001, til i alt 1 253 000 i 2001. Lydbøkene vert òg brukte på grunn av sine kunstnarlege kvalitetar. Det er mange som opplever at god opplesing av ein litterær tekst tilfører lydboka ekstra kvalitetar i høve til papirutgåva.

Dei skjønnlitterære lydbøkene gjev leseveike høve til ei litterær oppleving dei elles ikkje ville fått, og for mange gjev lydbøker lettare tilgang til generell litteratur, som biografiar, hobbybøker, reisebøker og mykje anna. Fagbøker i lydutgåve er særleg aktuelle i undervisningssamanhang. Lydbøkene kan brukast åleine eller av fleire saman, på skulen, heime, i bilen eller på hytta, anten ein sit i ro eller gjer andre ting samstundes, og er slik ei fleksibel formidlingsform.

Kravet i føremålsparagrafen til biblioteklova om at kvart bibliotek skal leggja vinn på kvalitet, mangfald og aktualitet i tilboda, gjeld sjølvsagt òg for grupper med særskilde behov, jf. kap. 13.8 nedanom. Det vil difor vera viktig å halda oppe høg kvalitet på den offentleg finansierte lydbokproduksjonen i Noreg.

Over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett vert det i tillegg til Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek også gjeve støtte til lydbokproduksjonen til *Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte (KABB)*, med vel 0,9 mill. kroner i 2003.

### 13.8 Tilrettelagd litteratur

*Den statlege innsatsen for å leggja til rette litteratur for folk med lesevanskars har først og fremst vore innretta mot synshemma. Perspektivet bør utvidast også til andre grupper.*

Eit av tiltaka i Lydbokprosjektet var å leggja til rette for produksjon av tilrettelagde lydbøker. Det vart utgjeve 20 titlar med forenkla tekst og redusert innlesingsfart. Men tilrettelagd litteratur er meir enn spesielle lydbøker og gjeld mange ulike typar funksjonshemming: syns- og hørselshemming, rørslehemming, utviklingshemming, afasi, dysleksi og andre tilstandar som gjer det svært vanskeleg eller umogeleg å nytta seg av den vanlege boka.

Om lag 20 pst., dvs. ca. 900 000 menneske, har problem med å lesa og forstå innhaldet i ein vanleg tekst. Ca. 2 pst., dvs. 90 000 menneske, klarar ikkje å ta imot informasjon gjennom tekst. Problema spenner frå lette lesevanskars til manglande evne til å oppfatta eller sjå bokstavar og ord. Tilrettelagd litteratur er spesialprodusert for menneske som ikkje i det heile eller berre i liten grad kan nytta vanleg litteratur. Det kan vera følebøker, lydbøker/spesialinnlesingar, punktskriftbøker, bøker med storskrift, lettlestbøker, videobøker m.m.

Foreininga *Leser søker bok* har sett nytt sokjelys på desse problemstillingane. Bak foreininga står Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere, Norske grafiske designere og illustratører, Den Norske Forleggerforening, Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, Pensumtjeneste, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Den norske Forfatterforening, Lettlest forlag, Synshemmde akademikeres forening, Lydbokforlaget og Norsk lyd- og blindeskribtbibliotek.

Innanfor kvar målgruppe vil lesarar på ulike alderstrinn ha behov for bøker på ulikt nivå. Og det skortar særleg på tilrettelagd litteratur for vaksne. Tilrettelagde bøker er tunge å driva fram, både av di forfattarane ikkje kjenner målgruppene, og av di sjølv produksjonen kan vera svært kostbar og tidskrevjande. Produksjon av ei følebok kan kosta mellom kr 350 000 og kr 500 000, og opplaget ligg truleg mellom 700 og 1000 eksemplar. I neste omgang kjem utfordringane kring sal og marknadsføring av bøkene til brukargruppene. Dette er nok viktigaste årsaka til at det vert produsert svært få tilrettelagde bøker.

*Leser søker bok* har fått ei eingongsløyving på 2 mill. kroner frå Sosial- og helsedirektoratet for 2002–2003.

Norsk kulturråd kjøper inn 1550 eksemplar av lettlest-bøker for born og unge og 1000 eksemplar

av slike bøker for vaksne. For ekstra kostbare bøker, som følebøker, som i utgangspunktet har fått produksjonsstøtte, vert det kjøpt inn 500 eksemplar.

Til samanlikning har Sverige hatt sitt *Centrum för lättläst* frå 1968. Regjeringa har utarbeidd vedtekten og oppnemner styret. Verksemda er finansiert ved statlege tilskot og forretningsverksemd. Omsetninga var i 2000 om lag 27 mill. svenske kroner, og av dette utgjorde statsstøtta om lag 14 mill. Stiftinga gjev ut avis som tilsvavar *Klar Tale*, lettlest-litteratur (skjønn- og faglitteratur), og ho har postordrebokhandel. Sverige har òg 2500 leseombod, som har ansvaret for å syta for lesehjelp i institusjonar, bustader for funksjonshemma, på arbeidsplassar og for einskildpersonar. Det er òg ei rekke andre tiltak for desse gruppene, inkludert *Det lätta priset*, som kan delast ut til person eller organisasjon for fortenestefullt arbeid for auka forståing innanfor eit kunstnarleg område.

Dette er eit oppgåvekompleks som vedkjem fleire departement. Det er viktig å få i stand ein god og løpende dialog mellom desse og relevante interesseorganisasjonar, mellom anna for å få vurdert korleis det betre kan leggjast til rette for utvikling, produksjon og formidling av tilrettelagd litteratur for alle former for lesehemmingar.

### 13.9 Litteratur på nynorsk

*Dersom ein ser bort frå skulebøkene, er den norske bokbransjen dominert av bøker på bokmål, meir enn tilhøvet mellom talet på nynorsk- og bokmålsbrukarar skulle tilseia. Det Norske Samlaget, som årleg får driftsstøtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet, er det einaste forlaget som gjev ut bøker i alle sjangrar på nynorsk, og det står no for om lag 73 pst. av alle nynorskutgjevingar. Departementet ynskjer å auka tilskotet til dette forlaget.*

Om lag 80 pst. av driftsinntektene til Samlaget kjem frå sal av bøker og tidsskrift. I 2002 gjekk forlagsdrifta nesten 7 mill. kroner i underskot med ei årsomsetjing på om lag 75 mill. kroner. I 2003 får Samlaget 6,6 mill. kroner i statstilskot. For 2004 har forlaget sokt om ein realauke i tilskotet på 3,4 mill. kroner for å halda oppe produksjonen på dagens nivå.

Mange av problema kan tilskrivast endra rammevilkår, som endring i samhandling mellom forlag og bokhandel, koncentrasjon på eigarsida i forlagsbransjen, mindre forlagsmarginar på grunn av auka bokhandlarrabattar, lite sponsormidlar og generell kostnadsauke. Forlaget har gjennomført

omfattande omstilings- og effektiviseringstiltak for å redusera dei faste kostnadene.

Nynorske bøker har ikkje ei stor nok kjøpargruppe til at eit spesialforlag som Det Norske Samlaget kan fungera i marknaden utan statlege tilskot. Den kulturpolitiske grunngjevinga for eit slikt tilskot vil vera støtte til nynorsk språk, litteratur og kultur i det heile.

Norsk kulturråd gjev òg støtte til utgjeving av bøker på nynorsk innanfor desse bokkategoriane:

- omsette barne- og ungdomsbøker og omsett dramatikk
- faglitterære barne- og ungdomsbøker
- essayistikk
- norsk sakprosa med kunst- og kulturfagleg innhald
- omsett sakprosa med kunst- og kulturfagleg innhald

For dei tre første kategoriane gjeld at bøkene ikkje kjem inn under dei respektive innkjøpsordningane. Det vert til vanleg ikkje gjeve støtte til koke-, humor-, hand- eller hobbybøker. Dei bøkene som får tilskot, må vera av høg kvalitet og ha ein nasjonal marknad. Krevjande utgjevingar vert prioriterte, men det kan i visse høve gjevast tilskot til marknadsføring. I 2002 nytta Norsk kulturråd 1,5 mill. kroner til slike særskilde tilskot for nynorsk litteratur.

### **13.10 Kulturelt mangfold og litteratur**

*Både frambodet og formidlinga av litteratur i Noreg må avspeglia den kulturelle og språklege bakgrunnen til alle som bur i landet i dag.*

Impulsar frå andre land og språkområde når Noreg gjennom mange ulike kanalar, ikkje minst gjennom fjernsyn og film. Nordmenns kunnskapar i fleire språk enn engelsk er ikkje større enn dei var, og dei fleste av oss er framleis avhengige av å få bøker omsette. Heller ikkje bibliotekbruken til innvandrarar og flyktingar er problemfri, men krev ressursar og utvikling av nye tenester; det er ikkje tilstrekkeleg med sirkulering av samlingar av prenta materiale på dei aktuelle språka. Betre utnytting av informasjonsteknologi og nasjonale, nettbaserte tenester saman med utbygging av biblioteka som møtestad vil vera ein framtidsretta strategi. Det må vidare satsast på barnebiblioteka som kulturformidlarar. I eit multikulturelt Noreg må biblioteka vera i front når det gjeld ytringsfridom og meiningsmangfold, og dei skal formidla

kultur- og litteraturuttrykk som speglar dagens samfunn.

For å tryggja at publikum skal ha eit tilbod om litteratur frå ikkje-vestlege land, har Kulturrådet starta prosjektet *Mosaikk-litteratur* for norske forlag. Inntil fem titlar årleg frå dei sju største minoritetsspråka som finst i Noreg, er sikra både innkjøp til folkebiblioteka og dekning av heile omsetjarhonoraret. Norsk Oversetterforening og Lingvistisk institutt ved Universitetet i Oslo har i samarbeid med Kulturrådet sett seg som mål å rekruttera unge og tospråklege skjønnlitterære omsetjarar til dette programmet. Åtte ungdommar tok imot utfordringa i 2002, og den fyrste romanen som er omsett direkte frå urdu til norsk, kjem ut i 2003 ved hjelp av ein av desse ungdommane.

Minoritetsspråklege forfattarar som er busette i Noreg, ynskjer også å gje ut bøker på norsk. Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur har vore opne for desse sidan 1991. For dei forfattarane som ynskjer å skriva manus på eige språk, kan Norsk Forfattersentrum medverka med midlar til korte prøveomsetjingar som kan presenterast for forлага. Forfattarar som til ein viss grad kan norsk, kan få hjelp av Norsk Forfattersentrum til å samarbeida med ein norskspråkleg forfattar om språkleg tilrettelegging. Forлага kan på si side søkja Kulturrådet om tilsvarande midlar til prøveomsetjingar for å kunna vurdera manus for utgjeving som for manus frå norskspråklege forfattarar. Kulturrådet har laga ein brosjyre for dei som vil gje ut bøker i Noreg, med tanke på korleis ein best skal kunna koma inn i det litterære systemet. Målgruppa er først og fremst dei forfattarane som er komne til landet i vaksen alder; yngre forfattarar som har lært norsk i grunnskulen, vil lettare finna seg til rette.

Mange minoritetsspråklege forfattarar vil ha gode forlagskontaktar i heimlandet eller ha kontakt med andre forfattarmiljø i eksil og vil kunna både prenta og distribuera bøker på eige språk.

Deichmanske bibliotek i Oslo er utlånsentral for heile landet når det gjeld bøker på mange språk som er utgjevne utanfor Noreg, for tida 37 språk. Kulturrådet har difor ikkje ynskt å prioritera utgjevingar på eige språk, dette også med tanke på vanskane med å kvalitetsvurdera bøkene.

Dette gjeld med unnatak av kvensk, der Norsk kulturråd nettopp ynskjer å stimulera eit skriftspråk som ikkje har offisiell rettskriving og grammatikk. Den fyrste kvenskspråklege romanen i Noreg kjem ut i løpet av 2003.

### 13.11 Norsk Forfattersentrum

*Å møta ein levande forfattar kan kveikja interessa for litteratur hjå mange, ikkje minst born og unge. Det er naturleg å byggja vidare opp under den formidlingsverksemda Norsk Forfattersentrum har utvikla den siste mannsalderen.*

Norsk Forfattersentrum har som sentral målsetjing å koma i kontakt med flest mogeleg av ibuarane i Noreg, særleg grupper som ikkje til vanleg søker til skjønnlitteraturen. Dette vert oppnådd ved formidling av samtidslitteratur til skule, bibliotek og anna publikum. I 2002 fekk meir enn 100 000 elevar i alle skuleslag besøk av ein forfattar. Gjennom prosjektet Den kulturelle skulesekken vil det venteleg ligga til rette for at Norsk Forfattersentrum får eit endå meir mangslunge og vidspreidd verkefelt.

I 2003 får Norsk Forfattersentrum om lag 6,6 mill. kroner i statsstøtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet. I 2002 utgjorde statsstøtta 43 pst. av inntektene. Same året hadde dei 878 medlemene om lag 4200 oppdrag, og det er formidling til born og unge som aukar mest. Medlemene dreg på turnéar; i 2002 fekk til dømes vidaregåande skular i ni fylke forfattarbesøk. Innanfor turnéopplegget *Den grønne hesten* vart det gjennomført 295 oppdrag i Midt-Noreg, og 15 forfattarar var engasjerte i 150 turnédagar hovudsakleg i grunnskulen i Hedmark. Tolv forfattarar var «premiar» i *tXt-konkurransen* som vert arrangert av *Foreningen !les* kvart år. Dei deltek i Bokdagen, festspel, litteraturfestivalar og mindre arrangement, ved seminar, formidling til formidlarar og opplysningsverksemnd. Dei er alle reie også aktivt med i tiltak under Den kulturelle skulesekken.

### 13.12 Born og litteratur

*Born møter i dag eit mangfold av medium og kulturuttrykk, men lesing er likevel eineståande som erkjennings-, lærings- og opplevingsmetode. Hovudutfordringa er å inspirera born til å lesa, og mange leselystprosjekt er etablerte dei siste åra. Slike prosjekt lyt det satsast på i åra framover.*

Barnebiblioteka kan brukast som fyrtårn for utvikling av metodar for formidling, nye samarbeidsformer, ny institusjonsprofil og nye profesjonsroller. Bibliotekets barneprofil må ha det nyfikne barnet som utgangspunkt. Mediebruksstatistikken fortel om nedgang i lesing av bøker, men at born og unge framleis er dei mest ihuga brukarane av norske bibliotek. I 2002 lånte norske born og unge i gjennomsnitt vel ni bøker kvar på biblioteket, medan vaksne berre lånte i underkant av tre bøker kvar.

Å ha herredøme over lesekunsten er grunnleggjande for læring og for å kunna gå inn i bøkenes verd. Fleire undersøkingar har vist at lesedugleiken til norske born er for dårlig, og norske born og unge les mindre enn tilfellet er i andre land det er naturleg å samanlikna med. Dette gjeld i særleg grad gutane. Det er sett i gang fleire leselystprosjekt som arbeider for å betra situasjonen.

Biblioteka er sentrale når eit lesande samfunn skal skapast, og for born er biblioteket ofte den einaste tilgjengelege kulturarenaen og det einaste friviljuge læringsenteret i lokalsamfunnet. For å stimulera lesehugen hjå born er det viktig å få til eit tettare samarbeid mellom ulike aktørar innanfor litteratur- og bibliotekområdet og skulen.

Dei fleste biblioteka har eigne barneavdelingar, og mange har spesielle arrangement mynta på denne målgruppa, til dømes eventyrstunder, dokke- og barneteater og forfattarbesøk. Mange bibliotek lånar også ut CD-ROM, video og lydbøker, og dei tilbyr gratis Internett-tilgang.

*Foreningen !les* byrja som eit leselystprosjekt og vart i 2000 etablert som foreining med 28 medlemer, som alle er sentrale aktørar i bokbransjen, både private og offentlege. I tillegg har dei mange samarbeidspartnarar. Dette er ein ideell organisasjon som skal arbeida for å fremja lesing, særleg mellom born og unge. Dei arrangerer årleg *Aksjon tXt*, i 2002 *Tekst blir bilde* med 35 000 unge deltakrar, fører vidare *Lesestafetten Ungdom formidlar til ungdom* frå *Troll i ord*-prosjektet i Stavanger, arrangerer Verdas bokdag i Noreg og mange seminar og møte for formidlarar av ulike slag rundt i landet. Tiltaka har ein ungdommeleg profil og når mange i målgruppa. Statstilskotet er i 2003 på kr 854 000. ! les tek sikte på å arrangera eit leseår i 2005 i samarbeid med Hundreårsselskapet Norge 2005 AS.

I Øvre Eiker kommune i Buskerud har det i ein treårsperiode vore tilsett ein *BokBamse* som ein del av prosjekt leselyst i kommunen. BokBamsen er med i barselsgrupper, tilbyr heimebesøk med gavebok og tilbod om boklån, arrangerer 4-årstreff på biblioteket og den store bokutdelingsdagen like etter skulestart. Alt i alt vil tilbodet gje born i Øvre Eiker seks bøker i løpet av dei seks første leveåra. Andre tiltak i prosjektet er filialar med utlånsbøker i barnehagar, lesestunder på biblioteket og seniorlesing i barnehagar og skular.

Den store statlege satsinga på stimulering av leselyst og lesedugleik er det femårige prosjektet *Gi rom for lesing!* i regi av Utdannings- og forskningsdepartementet, med stikkorda leselyst, lese-dugleik og kunnskapsglede. Prosjektet skal styrkja

lesedugleik og motivasjon hjå elevane, styrkja lærarkompetansen, motivera born, unge og vaksne til lesing i barnehage, skule, heim og fritid, auka medvitet om lesing som grunnlag for anna læring, livskvalitet, deltaking i arbeids- og samfunnsliv og stimulera til formidling av litteratur. Det er rekna med å bruka om lag 100 mill. kroner dei fyrtre tre åra. Det er lagt opp til samarbeid med Barne- og familiedepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet.

Ufordinngane på dette området høyrer naturleg i hop med prosjektet Den kulturelle skulesekken, jf. St.meld. nr. 38 (2002–2003), kap. 4.5.

### 13.13 Litteraturfestivalar

*Litteraturfestivalar er viktige tiltak som skaper blest om litteratur og forfattarar, og som på den måten kan medverka til å fremja den allmenne interessa for litteratur som kunstform og kunnskapskjelde.*

Store og små festivalar vert kvart år arrangerte mange stader i landet. Nokre er store og internasjonalt kjende, andre er små og lokale, og dei fleste ligg mellom desse ytterpunktene. Nye tilskiparar melder seg kvart år med ynske om støtte. Arbeidet med å arrangera desse tiltaka, anten dei er store nok til å ha løna medarbeidarar, eller alt er tufta på friviljug innsats, er med på å vekkja og seinare halda ved like interesse for kultur og litteratur spesielt. Fleire av festivalane får kvart år støtte over budsjettet åt Kultur- og kyrkjedepartementet.

*Bjørnsonfestivalen i Molde* og *Norsk litteraturfestival, Sigrid Undset-dagane* på Lillehammer er dei mest kjende. Festspela i Bergen, festspela i Nord-Noreg og Dei nynorske festspela vel seg alle ein festspeldiktar som det vert lagt særleg vekt på. Både Ibsen og Hamsun har sine «dagar», med *Hamsundagane* på Hamarøy og *Ibseniana* i Grimstad. Det finst elles eit arrangement om Ibsen og Hamsun for ungdom, også dette i Grimstad. Annakkvart år vert det arrangert *Petter Dass-dagar* på Alstadhaug. Stavanger arrangerer kvart år den såkalla *Kapittelfestivalen om litteratur og ytringsfriedom*.

Dei nynorske festspela er ei årleg markering av den nynorske skriftkulturen, med gode forfattarar, god musikk og gode bilete, og er ein del av verksemda til Nynorsk kultursentrum, det nasjonale dokumentasjons- og opplevelingssentret for nynorsk skriftkultur. I dei ti åra festspela har vore skipa til, har det vore avvikla om lag 400 arrangement med meir enn 51 000 deltakarar.

### 13.14 Norsk litteratur i utlandet

*Verksemda til NORLA er eit viktig tiltak for å fremja norsk litteratur utanfor landegrensene.*

*NORLA* (Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet/Norwegian Literature Abroad. Fiction & Non-fiction) er ei ideell stifting som skal informera om og formidla norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet i samarbeid med norske forlag og andre organ. Stiftinga har eigne faglege råd for skjønn- og faglitteratur. NORLA vil verta samlokalisert med Nasjonalbiblioteket i Oslo.

Inntil i år var verksemda i dåverande NORLA avgrensa til skjønnlitteratur, medan MUNIN arbeidde med faglitteratur, men no er innsatsen frå dei to tidlegare skilde tiltaka samorganisert i nye NORLA. Tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet, som i 2003 utgjer nær 6,7 mill. kroner, er auka i høve til tidlegare år.

NORLA skal:

- informera om og formidla norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet i samarbeid med norske forlag og andre organ
- forvalta støtte til omsetjingar av norsk skjønn- og faglitteratur
- initiera tiltak som kan fremja norsk litteratur i utlandet
- ha oversyn over omsetjingar av norsk skjønn- og faglitteratur og vera eit senter for kunnskap om norsk litteratureksport

Dei viktigaste verkemidla er nettopp omsetjingsstøtta, som særleg går til land med vanskeleg økonomi, reisestøtte til forfattarar, dessutan deltaking på seminar, bokmesser og andre arrangement for å synleggjera norsk litteratur og utgjeving av publikasjonar.

Av andre tiltak for å spreia norsk litteratur i utlandet vil vi nemna at Utanriksdepartementet har ei eiga eining for norskundervisning ved utanlandske universitet, og denne har kontakt med om lag 130 undervisningsstader. Alle desse får tilbod om bøker frå innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur for vaksne. I alt om lag 7000 bokeksemplar vert årleg fordelte til institutt og fakultetsbibliotek rundt om i verda. Bøkene inngår då som eit tilbod til studentar og tilsette for å styrkja språk- og litteraturundervisninga i norsk.

Ei rekke nordiske institusjonar, som til dømes *Nordens Hus* i Reykjavik og Torshavn, *Nordiska folkhögskolan* i Kungälv og *Bibliothèque Nordique* i Paris, dessutan norske sjømannskyrkjer og norske grunnskular i utlandet, mottek òg bøker frå innkjøpsordningane som gårer.

## 14 Kunstnarane

### 14.1 Innleiande merknader

Det går fram av fleire andre kapittel i denne meldinga at ei rekke institusjonar, støtteordningar og tiltak under budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet har direkte innverknad på arbeidsvilkåra til kunstnarane. Faste stillingar og tidsavgrensa engasjement for kunstnarleg personale ved store og små institusjonar og tiltak på dei ulike kunstområda er ei avgjerande viktig inntektskjelde for ei stor gruppe kunstnarar. I dette kapitlet er det dei direkte økonomiske verkemidla, dei statlege stipend- og garantiinntektsordningane, som skal omtalaast særskilt.

Det er grunn til å streka under at dei kulturpolitiske grunngjevne vederlagsordningane som bibliotekvederlag og visningsvederlag er sentrale verkemiddel i kunstnarpolitikken, og desse bør sjåast i nær samanheng med dei statlege stipend- og garantiinntektsordningane. Ein monaleg del av vederlagsmidlane går til kunstnarar, i form av ulike stipend- og støtteordningar. Samla utgjer desse ordningane ca. 90 mill. kroner. Bibliotekvederlag og visningsvederlag er særskilt omtalte under kap. 4.2.1.

Kunstnarpolitikken i Noreg har vorte forma gjennom eit nært samarbeid mellom staten og interesseorganisasjonane til kunstnarane. Mange av verkemidla i dagens kunstnarpolitikk vart utvikla i byrjinga av 1970-åra. Den gongen var føresetnaden hjå både kunstnarorganisasjonane og staten at kunstnarpolitikken skulle sikra visse minimumsinntekter for profesjonelle, norske kunstnarar. Auka offentleg og gjerne også privat bruk av kunst og offentlege kompensasjonssystem som skulle godtgjera for bruken direkte og indirekte, skulle sikra eit inntektsgrunnlag for kunstnarane. Stipend og garantiinntekter skulle for ein periode kompensera for individuelle vanskar med å byggja opp ein økonomisk berekraftig marknadsposisjon tufta på sal, oppdrag, royalty osb. Kunstnarstanden var liten, i 1972 rekna til 3 200 personar. Profesjonskontrollen var sterkt, både gjennom utdanningsinstitusjonane og kunstnarorganisasjonane. Det tyktest difor sannsynleg at omfanget av profesjonane ville vera relativt stabilt, og at det offentlege bidra-

get ville ha vesentleg effekt for dei profesjonelle kunstnarane.

Fleire av dei viktigaste rammevilkåra for kunstnarpolitikken har endra seg radikalt dei siste 20–30 åra. Kunstnarstanden har vakse kraftig, utan at marknaden eller inntektsgrunnlaget har auka tilsvarende. I løpet av dei siste 25 åra er talet på kunstnarar i Noreg meir enn tredobla og er no ikring 10 000. Særleg har det vore ein auke i talet på nyutdanna unge kunstnarar, delvis som resultat av internasjonaliseringa av kunstutdanninga. Jamvel om dei kunstnarpolitiske ordningane reelt sett har hatt ein kraftig vokster, har auken på ingen måte vore så stor at han har kunna fanga opp den store tilvoksteren av nye kunstnarar. Dette har ført til hardare konkurranse om ressursane. Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet vil i samarbeid setja i gang eit arbeid med å kartleggja behovet for ulike kunstutdanningar og yrkesaktiviteten til kandidatar frå slike utdanningar, inkludert dei som er utdanna i utlandet.

Med aukande internasjonalisering har samstundes organisasjonsformene på kunstfeltet endra seg, slik det er gjort greie for i kap. 3. Stadig fleire av kunstnarane sysselset seg som frilansarar, og fleksibel prosjektorganisering har vorte stadig vanlegare. Ulike kunstartar flyt saman i større grad enn tidlegare, og grensene mellom skapande og utøvande verksemeld har vorte vagare. Kunstnarar arbeider og samarbeider på tvers av tradisjonelle sjanger- og faggrupper. Samstundes har det vakse fram ein akademisk utdanna ekspertise som supplerer kunstnarane og organisasjonane deira som legitime ekspertar. Dette har skjedd parallelt med at mange av dei unge internasjonalt orienterte kunstnarane har vendt seg bort frå kunstnarorganisasjonane, som dei delvis oppfattar som vaktarar av interessene til dei etablerte kunstnarane meir enn som reiskapar for å fremja deira eigne interesser. Med internasjonalisering og aukande innvandring frå ikkje-vestlege delar av verda vert tradisjonell vestleg kvalitets- og profesjonsforståing utfordra og påverka.

Den siste stortingsmeldinga om kunstnarpolitikken, St.meld. nr. 47 (1996–97) *Kunstnarane*, vart lagd fram av Jagland-regjeringa. Slik det vert for-

mulert i denne meldinga, er hovudmålet for staten på kunstområdet å skapa vilkår for at heile samfunnet skal kunna ta del i eit levande og mangslunge kunstliv. I erkjening av at marknaden åleine ikkje er tilstrekkeleg for å sikra kvalitet, nyskapning og mangfald på kunstområdet, må det offentlege inn med tiltak som skal tryggja eit mangfald av ulike kunstuttrykk av høg kvalitet. I dette ligg det eit særleg ansvar for den eksperimentelle og risikofylte delen av kunstlivet.

I kunstnarmeldinga frå 1997 vart det ikkje gjort framlegg om drastiske omleggingar av garanti- og stipendordningane. Men for å styrkja kunstretningar med særlege behov for stimulering og nyutvikling vart det lagt opp til ei viss omfordeling av midlar frå ledige garantiinntekter til arbeidsstipend. Samstundes vart det lagt opp til ei satsing på unge, nyetablerte kunstnarar. Det vart innført særskilde stipend for denne gruppa og ei aspirantordning for unge kunstnarar i etableringsfasen.

Aspirantordninga vart skipa som ei forsøksordning. Føremålet er å skapa tidsavgrensa aspirantstillingar som skal gje kunstnarar i etableringsfasen sjanse til å utvikla seg kunstnarleg og etablera seg i det yrket dei har valt. Stillingane skal gje kunstnarane høve til å utvikla sin eigen kompetanse og å arbeida med kunstnarlege oppgåver saman med andre som arbeider ved dei kunstverksemndene dei er tilknytte. Ordninga omfattar i alt 18 stillingar per år, og dei vert tildelte innanfor kategoriene musikk, biletkunst, scenekunst og «andre».

I dei fire åra ordninga har fungert, har det vore fordelt til saman 72 stipendheimlar. Ordninga vart evaluert i 2002. I evalueringssrapporten vert det tilrådd å vidareföra og utvida ordninga. Samstundes vert det peikt på konkrete tiltak som bør setjast i verk, mellom anna for å gjera ordninga betre kjend og for å sikra ei betre oppfølging av søkerane. Arbeidsgruppa som vart oppretta etter konferansen om kulturelt mangfald i Drammen 2002 (jf. kap 6), rår til at det vert oppretta ekstra aspirantstillingar for å styrkja føresetnadene for yrkesaktivitet for nyuttanna kunstnarar med minoritetsbakgrunn.

Det vart vedteke å leggja ned det tidlegare kunstfagstipendet med verknad frå våren 2002. Stipendordninga galde studentar ved Kunsthakademiet i Oslo, ballettutdanning og studentar som tok rein musikk- eller songutdanning. I tillegg var Teaterhøgskolen med under ordninga, men med litt lågare stipendbeløp. Ordninga vart òg gjort gjeldande for tilsvarande fagområde i utlandet. Som erstatning for kunstfagstipendet vart det innført eit stipend tufta på gjennomført kunstuddanning. Ferdig uteksaminerde kunststudentar får dette stipen-

det. Stipendtildelinga gjeld ei rekke høgare norske utdanningsinstitusjonar innanfor biletkunst, kunsthandverk, dans og opera, dessutan studentar med diplomgraden i komposisjon, orkesterleiing og vokalutøving ved Noregs musikkhøgskole, studentar ved Akademi for figurteater og studentar ved instruktørlina ved Statens teaterhøgskole. Då ein utarbeidde forskrift om stipend tufta på gjennomført kunstuddanning, fann ein rom for å inkludera nokre fleire kunstnargrupper enn dei som var spesielt nemnde i premissane for løvvinga, jf. Budsjett-innst. S nr. 2 (2001–2002).

Samhandlinga mellom staten og kunstnarane om kunstnarpolitiske spørsmål skjer mellom anna gjennom forhandlingar, drøftingar og ulike møte. Regelverksavtalen frå 1978 inneholder reglar for forhandlingar mellom staten og kunstnarorganisasjonane. Avtalen vart oppsagt av kunstnarorganisasjonane i byrjinga av 1980-åra, men partane har ved særskild semje i kvart einskilt tilfelle likevel lagt avtalen til grunn i seinare samhandling. I lys av at kunstnarorganisasjonane har sagt opp avtalen, at Noregs Kunstnarråd er nedlagt som samordnande organ, og at avtalen i noverande form skaper fleire tolkingsproblem, har departementet i samråd med organisasjonane ei tid arbeidd med å erstatta avtalen med eit meir einfelt regelverk som er betre tilpassa tilhøva i dag. Eit nytt regelverk skal regulera i kva samanhengar partane skal møtast, og dessutan innehalda prosedyreregler for slike møte. Departementet vil leggja til grunn at det ikkje er aktuelt å innføra forhandlingsrett for talet på og storleiken på stipend og garantiinntekter eller for tiltak for å fremja auka bruk av kunstnarlege prestasjonar. Dette er budsjettspørsmål som ikkje bør vera gjenstand for forhandlingar.

Det kan ikkje lenger vera eit mål at den statlege innsatsen på feltet skal kunna innehalda ein automatisk økonomisk vokster etter kor stor tilvoksten av kunstnarar er. Det er det heller ingen andre yrkesgrupper i samfunnet som har garantiar om. Av di dei økonomiske rammene er stramme, er det særleg viktig at dei ordningane som finst, er effektive og føremålstenlege. Det er behov for meir fleksible ordningar som er betre tilpassa arbeidsformene på dagens kunstfelt. Det er viktig at ordningane treffer der behovet er størst, og at det er rom for sirkulasjon slik at ordningane kjem flest mogeleg kunstnarar til gode. Med den aukande konkurransen bør det vera prinsipiell lik sjanse blant kunstnarane når det gjeld tilgang til kunstnarpolitiske ressursar. Samstundes bør det vera eit grunnprinsipp at ordningane fremjar kunstnarleg produksjon med høg kvalitet. I eit samfunn prega av kulturelt mangfald må det likevel vera rom for



Figur 14.1

fleire måtar å vurdera estetiske verdiar og kunstnarleg praksis på. Dette vil krevja at ulike typar kompetanse er representert i fordelingsprosessane.

## 14.2 Garantiinntekt

*Garantiinntekta (GI) inneber på den eine sida ein relativt trygg økonomisk situasjon som gjev høve til kunstnarleg fridom og fagleg fordjuping. På den andre sida låser garantiinntektsordninga ein stor del av dei kunstnarpolitiske midlane til ei lita gruppe kunstnarar, og ordninga gjev lite rom for kontinuerlege kvalitetsvurderingar. For å gjera bruken av midlane meir fleksibel tek departementet siktet på å overföra ein del ledige garantiinntektmidlar til arbeidsstipend.*

Hovudformålet med garantiinntekta er å gje ein viss økonomisk tryggleik og stimulera til auka kunstnarleg produksjon. Det vil framleis vera behov for langsiktige ordningar som gjev eit tilsvarende grunnlag for kunstnarleg utvikling. I kunstnarmeldinga frå 1997 vart det likevel konstaterat at ein ikkje hadde fått oppfylt føresetnaden om at garantiinntekta skulle fungera som ei hjelptil sjølvhjelp, i den meinings at kunstnaren skulle få ro til å skapa prestasjonar som i neste omgang ville gje større inntekter. Regelen om avkorting av garantiinntekta etter kor stor eigeninntekt mottakarane har, har ikkje ført til den venta sirkulasjonen av midlar blant kunstnarane. Talet på kunstnarar som er omfatta av ordninga, har vorte lågare enn det som var føresetnaden, av di det er låge eigeninntekter blant dei som mottek garantiinntekt. Stor vokster i talet på kunstnarar og eit garantiinntektssystem som i liten grad gjev rom for løpende kvalitets- og aktivitetsvurderingar, gjer det vanskeleg for nye kunstnarar å koma med i ordninga. På den måten vert ein høvesvis stor del av

dei statlege midlane til kunstnartiltak låste til ei relativt lita gruppe kunstnarar.

Sidan kunstnarmeldinga vart lagd fram i 1997, har talet på garantiinntekter vore heller stabilt, rundt 520. Det vart i 2003 gjort ei viss omfordeling av midlar frå ledige garantiinntekter til arbeidsstipend, i samsvar med intensjonen i meldinga, for «å styrkja dei kunstretningar som treng stimulering og nyutvikling, ...». Ti av i alt 22 ledige garantiinntekter vart såleis inndregne i 2003. I staden vart tolv nye arbeidsstipend oppretta.

Departementet går framleis inn for ei fri vurdering av ledige garantiinntekter, slik at ein kan styrkja kunstfelt der det er spesielle behov. I dette ligg det òg at ein kan omgjera «frie» garantiinntektsmidlar til arbeidsstipend. Med ei slik omgjering tek departementet siktet på at kvar garantiinntekt skal erstattast av to arbeidsstipend. Dermed vil dobbelt så mange kunstnarar i nokre år få ein yrkesmessig tryggleik, og med refordeling av arbeidsstipenda vil ein over ein del år nå langt fleire kunstnarar med statlege midlar til kunstnarleg verksemd.

I dag er det eit krav at kunstnaren må vera yrkesaktiv som kunstnar for å kunna oppretthalda garantiinntekta. Sidan 1999 har utvalet teke seks kunstnarar ut or ordninga grunna manglande yrkesaktivitet, og då har det vore tale om ingen dokumentert kunstnarleg aktivitet i vurderingsperioden. Departementet går inn for at yrkesaktivitetsvurderinga skal vera slik at dei som over tid har så låg dokumentert yrkesaktivitet at dei i realiteten ikkje lenger kan seiast å vera yrkesaktive, misser retten til garantiinntekt.

Det er behov for å vurdera reglane om avkorting av garantiinntekta. Avkortingsregelen har som nemnt ikkje ført til den venta sirkulasjonen av garantiinntektsmidlar blant kunstnarane; det gjenomsnittlege uttaket av garantiinntekt ligg no på nær 90 pst. av maksimumsbeløpet, som tilsvarer lønssteg 1 i det statlege lønsregulativet. Per 1. mai 2003 utgjer maksimumsbeløpet kr 161.000. Reglane om avkorting har òg vorte kritiserte for å vera vanskelege å forstå for kunstnarane og for at dei får utslag først to år etter det aktuelle inntektsåret, med di det etter reglane skal gjerast eit frådrag tilsvarande 65 pst. av inntekta to år tidlegare. I tillegg er det hevda at avkorting verkar demotiverande på kunstnaren sitt ynske om å skaffa eigeninntekter.

For å redusera den demotiverande effekten avkortingsregelen kan ha på ynsket om å skaffa seg eigeninntekter, vart det innført eit fribeløp i garantiinntekta i 2002. Fribeløpet vart framforhandla av 16 kunstnarorganisasjonar. Ordninga inneber at kunstnaren kan gjera frådrag for eit visst

fribeløp ved utrekning av den eigeninntekta som skal gje grunnlag for avkorting. Fribeløpet er frå og med 2004 på 1 G. (1 G = grunnbetaket i folketrygda, per 1. mai 2003 kr 56.861). Det er for tidleg å seia noko om kva verknad innføring av fribeløp vil ha. Men reglane om avkorting har ikkje vorte lettare å forstå for kunstnarane, og forvaltninga av ordninga har heller ikkje vorte meir einfald.

I kunstnarmeldinga frå 1997 gjekk departementet inn for å vidareføra reglane om avkorting av garantiinntekt og grunngav dette med den solidaritetstanken som heile tida har vore eit sentralt element i ordninga. Dette bør òg vera eit element når ein vurderer eventuelle endringar, men dette må vegast opp mot mogelege uheldige verknader av eit slikt regelverk, mellom anna det byråkrati handhevinga av avkortingsreglane inneber.

### 14.3 Arbeidsstipend

*Arbeidsstipend for kunstnarar bør styrkast i åra framover. Talet på stipend bør aukast, mellom anna ved at ein over tid omprioriterer frå garantiinntekter til arbeidsstipend. Arbeidsstipenda bør innrettast på ein måte som tek vare på behova kunstnarane har for konsentrasjon og fagleg fordjuping.*

Etter at kunstnarmeldinga vart lagd fram i 1997, er det skipa 167 nye arbeidsstipend som er øyremerkte unge/nyestablerte kunstnarar. Det har òg vore ein auke i talet på ordinære arbeidsstipend frå 168 i 1997 til 195 i 2003. Beløpet har vakse frå kr 104 000 i 1997 til kr 154 000 i 2003.

I tillegg til å auka talet på arbeidsstipend bør stipendsummen for slike stipend tilsvara maksimal garantiinntekt og følgja lønsutviklinga tilsvarande lønssteg 1.

I dag kan stipendkomiteane innstilla til arbeidsstipend for ein periode frå eitt til fem år. Arbeidsstipenda vert tildelte på bakgrunn av dei ynska einskildsøkjarane har om stipendlengd og føremål. Ein har i liten mon nytta høvet til å innstilla til arbeidsstipend over periodar på fem år. For å skapa større tryggleik i den kunstnarlege prosessen kan det i større grad leggjast opp til å innstilla og gjen-innstilla til femårige arbeidsstipend. Det er rimeleg å tru at dette vil kunna medverka til at fleire oppfattar denne ordninga som eit alternativ til garantiinntekt.

Det kan vidare vera relevant å vurdera andre typar langvarige stipend som skal møta behovet for fagleg konsentrasjon og fordjuping. Til dømes kan ein vurdera å oppretta ei form for åremålsstipend som kan søkjast for ein lengre periode, til dømes ti år, med ei obligatorisk kvalitetsvurdering etter til



Figur 14.2

dømes fem år. Dette vil gje fleire kunstnarar enn i dag høve til økonomisk tryggleik og fagleg fordjuping.

I ein prosess med omprioritering frå garantiinntekter til arbeidsstipend er det viktig at det framleis finst ordningar som sikrar yrkesaktive kunstnarar gode arbeidsvilkår gjennom heile den kunstnarlege karrieren. Garantiinntektsordninga har vore praktisert på ein måte som har favorisert etablerte kunstnarar. Ho har slik sett fungert som eit særleg viktig kunstnarpolitisk tiltak for eldre yrkesaktive kunstnarar. Det kan difor vera behov for å vurdera ei ny stipendordning som skal vera særskilt tilpassa eldre yrkesaktive kunstnarar. Dette er relevant sett på bakgrunn av ein generell tendens i kunstfeltet til å syna særleg interesse for dei helt unge kunstnarane og for nyare kunstnarlege uttrykksformer.

Arbeidsgruppa som vart skipa etter konferansen om kulturelt mangfold i Drammen 2002 (jf. kap. 6), har peikt på at svært få kunstnarar med minoritetsbakgrunn har nytt godt av statens kunstnarstipend. Arbeidsgruppa gjer difor framlegg om å oppretta ti arbeidsstipend som er øyremerkte kunstnarar med minoritetsbakgrunn, utan omsyn til kunstform. Departementet er generelt skeptisk til øyremering av stipendmidlar. Dei øyremerkte stipendmidlane til samiske kunstnarar vart overførte til Sametinget med verknad frå 2002. Departementet vil likevel sjå nærmere både på dette framlegget og andre mogelege verkemiddel.

### 14.4 Stipendstrukturen

*For å oppnå større fleksibilitet og forenkling både for kunstnarane og i tilskotsforvaltinga bør det vurderast å avvikla dei fem små stipendordningane med eigne føremål og tildelingskriterium. Midlane bør leggjast inn i ei ny stipendordning, der søkeren sjølv*

*definerer kva stipendet skal brukast til ut frå eigne behov i den kunstnarlege verksemda.*

Departementet gjer framlegg om at ein held fast på det ordinære arbeidsstipendet og på arbeidsstipendet for yngre/nyetablerte kunstnarar. Dei andre fem diversestipenda bør ein vurdera å slå saman. Det gjeld følgjande ordningar:

- reise- eller studiestipend
- vikarstipend
- etableringsstipend
- etableringsstipend for skjønnlitterære forfattarar og omsetjarar
- materialstipend

Med ei slik forenkling av stipendstrukturen kan midlane utnyttast betre, og stipendet kan tilpassast dei behova kunstnarane har, ikkje omvendt. Samstundes vil det verta meir oversiktleg for stipendkomiteane når den kunstnarlege kvaliteten og aktiviteten skal vurderast. Det administrative arbeidet for både sokjarane, komiteane og utvalet vil verta enklare og mindre tidkrevjande.

## 14.5 Strukturen på stipendkomitéane

*Apparatet som fordeler statlege stipend og garantiinntekter til kunstnarar, er av historiske grunnar svært omfattande i Noreg. Det er eit mål å tilpasse strukturen betre til situasjonen i dagens kunstfelt ved å gje stipendkomité-strukturen enklare. Forenklinga kan gjerast ved at den noverande ordninga med 24 fagspesifikke stipendkomitear vert erstatta av ei løysing med langt færre, kan henda så få som fem eller seks større komitear.*


I Noreg har kunstnarorganisasjonane teke seg av forvalningsoppgåver som inneber kunstfagleg evaluering. Ein har meint at kunstnarane har den viktigaste ekspertisen på eigne saksfelt. Slik har forvaltninga av statens kunstnarstipend og garantiinntekter historisk vore knytt til kvar einskild kunstart. I dag er det fleire grunnar til at denne ordninga er mindre føremålstenleg.

For det første er utviklinga i kunstartene slik at dei faggruppekategoriane som organisasjonane representerer, ikkje motsvarar dei mangslungne

praksisformene som pregar store delar av den profesjonelle kunstnarlege verksemda. For det andre er det fleire drag ved utviklinga som gjer kunstnarorganisasjonane i dag mindre eigna som innehavarar av funksjonar innanfor kunstnarpolitikken enn då noverande ordningar med stipend og garantiinntekter vart etablerte. Kunstlivet har gått frå å vera profesjonsregulert til å verta meir konkurransegeregulert. Ekspansjonen i talet på kunstnarar som konkurrerer om dei offentlege midlane og utviklinga i tilhøvet mellom dei ulike kunstnargruppene, har skapt fordelingsproblem internt i og mellom kunstartane. Ettersom organisasjonane skal ivaretake fleire og motstridande interesser, medverkar dei til at dagens forvaltning av kunstnarpolitikken vert lite dynamisk. Dette kjem særleg til syne ved at det er liten vilje til å vurdera endringar til dømes i komitéstrukturen og i kvotefordelinga mellom kunstnargruppene. Ein tredje faktor som talar for ei omlegging av systemet med stipendkomiteane, er at det nå finst fleire former for kunstfagleg ekspertise enn kunstnarane sjølv. Kunstnarrepresentantar bør framleis utgjera eit fleirtal i komiteane, men i tillegg kan kunstvitayar og kunsteksperter som kjenner dei kvalitetskrava som gjeld i ulike fagmiljø og institusjonar, med fordel supplera stipendkomiteane slik som i kunstforvaltninga elles.

Ein forenkla komitéstruktur kan innebera ei halvering av talet på komitear, men eit endå meir radikalt grep vil vera å redusera talet til fem eller seks komitear. Etter ein slik modell bør dei nye komiteane dekkja områda litteratur og annan skriftbasert kunst, visuelle kunstartar, skapande musikk, utøvande musikk og scenekunst. Eventuelt kan ein sjette komité opprettast for å handsama stipendsøknader som ikkje naturleg kan knytast til dei fem hovudkomiteane.

Ein slik komitéstruktur har som føresetnad at det bør vera fleire medlemer i kvar komité enn det som gjeld i dag. Medlemene bør oppnemnast som personlege medlemer, ikkje som faggruppe- eller organisasjonsrepresentantar. Oppnemning bør gjerast av eit organ med «arm lengds avstand» frå departementet, etter framlegg frå kunstnarorganisasjonane og helst også frå dei kunstfaglege utdanningsinstitusjonane.



Figur 15.1

## 15 Friviljuge innsats på kulturfellet

### 15.1 Dei friviljuge organisasjonane og kulturlivet

Historisk sett har sivile, friviljuge samanslutningar vore ein viktig del av det norske samfunnet. Dei eldste landsomfattande organisasjonane har røter heilt attende til 1840-åra. Andre former for sivilt samarbeid knytt til dognadsordningar, kollektive hjelpe tiltak og lokalt samvirke har forankring endå lenger attende i tida.

Dei fyrste landsomfattande organisasjonane som dukka opp på midten av 1800-talet og utover, hadde utgangspunkt i frähalds-, misjons- og arbeidarrørsle, i kulturvern, idrett og friluftsliv. Dei bygde på ei brei folkeleg mobilisering som sprang ut av eit personleg, ofte moralsk og politisk engasjement. Som organisasjonar var dei prega av aktiv grasrotdeltaking, eit omfattande lokalt foreningsarbeid og låg grad av formalisering. Dei var både politiske og friviljuge aktørar på same tid.

I dei friviljuge organisasjonane gjekk haldningsskapande arbeid og praktisk innsats hand i hand. Dei største organisasjonane hadde fleire tusen lokale lag, og dei omfattande aktivitetane knytte folk tett saman og gav dei ei kjensle av å høyra til ein fellesskap.

I framvoksteren av organisasjonssamfunnet vart det ikkje sett på som naturleg at staten skulle yta omfattande støtte til dei friviljuge samanslutningane. Men etter kvart vart det meir vanleg at staten ytte økonomisk stønad til einskilde organisasjonar dersom aktivitetane vart vurderte som spesielt samfunnsvnyttige.

Meir omfattande var samarbeidet mellom kommunale styresmakter og friviljuge foreiningar. På fleire område oppstod det ei arbeidsdeling mellom kommunar og organisasjonar.

Framvoksteren av den moderne velferdsstaten førte med seg grunnleggjande endringar i tilhovet mellom staten og organisasjonane. Bakgrunnen for desse endringane var først og fremst den sterke utvidinga av det offentlege ansvarsfeltet. Gradvis auka det offentlege engasjementet på område der dei friviljuge samanslutningane tidlegare hadde vore einerådande.

I dag er organisasjonssamfunnet prega av ei omfattande fritidsorganisering. Heile 50 pst. av dei

friviljuge organisasjonane arbeider innanfor idrett, kultur og fritid. Vi skil oss frå Europa utanfor Skandinavia og frå USA, der aktivitet i organisasjonar som driv sosialt arbeid, er langt viktigare.

Sidan midten av 1980-åra har fritidsaktivitetar og individuell utfalding vorte ein viktigare del av det aktive organisasjonssamfunnet. Friviljug sosialt arbeid og humanitært arbeid har stagnert. Det kan ha samanheng med at det offentlege tek seg av sosial- og helsefeltet på ein langt meir omfattande måte.

Framvoksteren av eit rikt tilbod innanfor kultur og idrett må sjåast i samanheng med eit auka behov hos folk flest for å utfalda seg meir aktivt i friida. Vi har eit meir stillesitjande arbeidsliv, og stadig fleire nyttar dagen sin framfor dataskjermen. Dei daglege oppgåvene i heim og yrke krev mindre kroppsarbeid enn i tidlegare tider. Mange har difor behov for andre måtar å aktivisera seg på, i ulike former for fysisk og kreativ verksemد.

Mesteparten av midlane på det statlege kulturbudsjettet går til å støtta det profesjonelle kulturlivet i Noreg. Men departementet legg samstundes vekt på at dei friviljuge organisasjonane har ei viktig rolle å spela i samfunnet, og at det er om å gjera å stimulera innsatsen og deltakinga i friviljug aktivitet i regi av organisasjonane. Dei friviljuge organisasjonane har ulike funksjonar som har mykje å seia både for samfunnet generelt og for kulturlivet spesielt:

- Dei friviljuge organisasjonane er viktige i kraft av det arbeidet dei utfører. Innanfor dei fleste samfunnsområda, kulturlivet medrekna, finn ein friviljuge organisasjonar som er engasjerte i arbeidet for ei sak, ei gruppe eller eit standpunkt. Organisasjonane utfører mange tusen timer i arbeidsinnsats for fellesskapen, og mange millionar kroner kjem inn i gåver, kontingent eller i andre former. Dersom det friviljuge arbeidet vart borte, måtte mykje av dette erstattast av betalt arbeid som truleg ville kosta staten milliardar av kroner.
- Friviljuge organisasjonar har også ein viktig funksjon som demokratiske aktørar. På den eine sida opererer dei i eit slags mellomrom mellom staten og marknaden; på den andre sida er dei eit formidlande ledd mellom staten

og einskildmennesket. Dei er med på å kanalisa kulturelle impulsar av ulike slag inn i dei offentlege avgjerdssarenaene. Organisasjonane representerer også eit mangfald som er noko av eit vilkår for at demokratiet skal kunna fungera på ein god måte. Og ikkje minst gjev organisasjonsdeltaking individet trening i samarbeid og ulike former for demokratisk aktivitet, og det er med på å utvikla leiarskap. Alt dette kjem i siste instans både kulturlivet og heile samfunnet til gode.

- Dei friviljuge organisasjonane skaper mange former for sosial fellesskap. Dei mange musikkorpса, frå skulemusikk til janitsjarorkester, kan tena som gode døme i så måte, og dei er på alle måtar svært viktige i norsk musikkliv. Musikkopplæringa og musikkøvingane i korpsa har stor verdi gjennom det menneskelege samveret dei legg til rette for, dei fellesskapsopplevelingane dei gjev opphav til. Kor og korps er med på å byggja bruer i mange nærmiljø; dei engasjerer ofte familie og venner til ein innsats av administrativ, kunstnarleg eller økonomisk art. Dette skaper i neste omgang sosiale relasjonar og er med på å utvikla samhald, solidaritet og lokal identitet.
- Friviljuge samanslutningar har evne til å skapa tillit i samfunnet. Fordommar, skepsis og motvilje mellom menneske frå ulike miljø og over generasjonsgrensene har ofte å gjera med for dårlig kjennskap til kva dei andre står for, og for liten sosial nærbond. Friviljug samarbeid i foreiningar og lag vil vera med på å byggja ned slike sosiale motsetnader. Slik vil område med velfungerande nettverk av friviljuge aktivitetar byggja opp ein slags sosial kapital i samfunnet.
- Dei friviljuge organisasjonane har stort potensial for å skapa engasjement. Dette kan vera av ulik karakter, men ofte vil organisasjonane vera ein sentral arena for kunnskapsformidling. Gjennom deltaking i organisasjonslivet kan medlemene skaffa seg kompetanse innanfor ulike saksområde og i mange tilfelle også generell samfunnskunnskap. Samstundes skaper dei friviljuge organisasjonane rom for dei ikkje-profesjonelle til å formidla kunstnarlege uttrykk.
- Friviljuge samanslutningar medverkar til mangfaldet i samfunnet. Når etnisk og kulturelt mangfald aukar, er det viktig at det finst ein flora av alternative organisasjonar som kan fanga opp ulike interesser og uttrykk. Dermed kan individet i større grad velja mellom ulike kultur- og verdifellesskapar, og dette er med å gje kulturlivet eit friskt pust av nye impulsar.

- Friviljuge organisasjonar fungerer som rekrutteringsarena for deltaking i kulturlivet på mange nivå.

I tillegg til det arbeidet som vert utført av friviljuge, landsomfattande organisasjonar, skjer mykje friviljug innsats utanfor organisasjonane. I kap. 3 er det gjort greie for markante endringar i det friviljuge organisasjonslivet. Mellom anna har det vore ein sterkt vokster i den friviljuge innsatsen som spring direkte ut av offentlege og halvoffentlege institusjonar og verksemder. Det har ført til at friviljug arbeid ikkje lenger er einstydande med friviljug organisering. På kulturområdet har det vakse fram ei rekke lokale og regionale verksemder som i stor grad vert borne oppe av friviljug innsats for det aktuelle tiltaket. Viktige døme er dei mange festivalane rundt om i landet og distriktsoperaene, som ofte har sterkt lokal forankring, og som mobiliserer mange menneske til friviljug innsats. Sameleis finst det mange museumslag o.l. som yter ein mangslungen innsats og utgjer ein viktig del av det samla kulturvernet.

## 15.2 **Frifond – tilskotsordninga for lokalt friviljug arbeid blant born og unge**

Tilskotsordninga til lokalt friviljug arbeid blant born og unge, *Frifond*, vart skipa på grunnlag av meldingane om statens tilhøve til friviljuge organisasjonar, jf. St.meld. 27 (1996–97) og St.meld. nr. 44 (1997–98) og handsaminga av desse meldingane i Stortinget. Løyvingane går over budsjettet til to departement, Barne- og familidepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. Pengane går til lokale grupper og lag og vert kanaliserte via tre landsomfattande paraplyorganisasjonar etter ein fordelingsnøkkel. Det er *Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)*, *Norges musikkråd (NMR)* og *Norsk Amatørteaterråd (NAT)*. Midlane skal brukast til eit breitt spekter av lokale aktivitetar blant born og unge. Både grupper og lag med tilknyting til sentralt organiserte friviljuge organisasjonar og lokale grupper som ikkje har tilknyting til nokon landsomfattande organisasjon, kan få støtte gjennom ordninga. NMR skal fordele midlar til musikkføremål, NAT til amatørteaterforemål og LNU til alle andre typar aktivitetar som høyrer inn under ordninga.

Frifond-ordninga vart evaluert i 2002 på oppdrag av dei to departementa, jf. *Har dere hørt om Frifond!? – evaluering av ny støtteordning for lokalt barne- og ungdomsarbeid*, (Rogalandsforskning:

2002). Ein hovudkonklusjon i evalueringssrapporten er at noverande fordelingsmodell i regi av dei tre paraplyorganisasjonane stort sett fungerer tilfredsstillande. Men den noverande løvingsmodellen har likevel klare ulemper. Frifond-løvingsane når ikkje godt nok ut til frittståande lag, dvs. til den lokale aktiviteten som ikkje er knytt til ein landsomfattande organisasjon. Problemet gjeld først og fremst den frittståande lokale aktiviteten som LNU i dag fordeler midlar til, og i mindre grad for musikk og amatørteater. Mellom anna gjeld det friviljug aktivitet blant born og unge i dansegrupper, litteratur-, film- og kunstorganisasjonar og det omfattande kulturvern- og kulturminnevernfeltet. Evalueringssrapporten tilrår difor at ein bør vurdera å endra den måten midlane i dag vert kanaliserte på, slik at ein kan nå betre fram til desse målgruppene.

Utfordringa med å nå ut til frittståande lag og aktivitetar vert ytterlegare aktualisert gjennom dokumenterte utviklingstrekk innanfor det friviljuge feltet. Forskinsresultat som er lagde fram etter at stortingsmeldingane om friviljug arbeid vart fremja, syner at det er skjedd viktige endringar i organisasjonsformer og organisasjonsgrad. Minst like mange born er med på aktivitetar som før, men langt færre ynskjer å vera med i ein organisasjon. Aktiviteten skjer i lausare og meir prosjektbaserte former, og banda mellom lokale aktivitetar og sentralleiden i organisasjonane er svekt. Evalueringa av Frifond underbyggjer desse resultata. Ei særleg granskning syner såleis at den delen av lokale lag og aktivitetar som er frittståande, dvs. at laget eller aktiviteten ikkje er knytt til ein regional eller landsdekkjande organisasjon, er langt høgare enn det som er lagt til grunn i dagens Frifond-modell.

Med verknad frå 2003 vart Frifond tilført ein øyremerkt del av midlane til kulturområdet frå speleoverskotet. Dette er i medhald av endring i lov av 28. august 1992 nr. 103 om pengespel m.v., jf. Besl. O. nr. 52 (2001–2002) og Innst. O. nr. 44 (2001–2002). Prognosane for speleoverskotet tilseier at den delen av overskotet som skal gå til Frifond, vil utgjera om lag 135 mill. kroner frå og med 2005. I tillegg kjem det som vert løyvt til ordninga over statsbudsjettet. Både resultatet av evalueringa og behovet for å kvalitetssikra ordninga med tanke på den monalege auken i den økonomiske ramma for ordninga tilseier ei justering av korleis midlane i Frifond-ordninga vert kanaliserte til målgruppene. Barne- og familidepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har på denne bakgrunn vurdert ulike alternativ til den noverande modellen.

#### a) *Paraplyorganisasjonane som tilskotsforvaltarar*

Jamvel om evalueringa av Frifond-ordninga dokumenterer behov for justeringar og endringar, kan det likevel vera ein modell å gje organisasjonane sjølv ansvaret for å utvikla system for å nå betre ut til målgruppene, tryggja likebehandling mellom ulike lag og utvikla kontroll- og rapporteringsrutinar som gjev målretta og kostnadseffektiv bruk innanfor ei styrkt ordning. Som organisasjonane sjølv har peikt på, kan fordelinga av midlar til frittståande lag forvaltast samla frå éin av paraplyorganisasjonane.

Dersom landsomfattande organisasjonar skal for dela Frifond-midlar, bør ein vurdera å inkludera ein organisasjon i tillegg til dei tre noverande. Det gjeld Kulturvernets fellesorganisasjon (KORG), som har 17 medlemsorganisasjonar og totalt ca. 185 000 medlemer i 1 300 fylkes-/lokallag. Dette er òg naturleg av di kulturvernaktivitetar for born og unge så langt har kome därleg ut når det gjeld tildeling av Frifond-midlar. KORG har i tillegg til meir tradisjonell barne- og ungdomsaktivitet ei rekke aktivitetar som legg til rette for generasjonsmøte og tradisjons- og kompetanseoverføring. Vi viser her til Innst. S. nr. 101 (1998–1999) *om statens forhold til frivillige organisasjoner. Styrking av aktivitet i lokale, frivillige organisasjoner*, der det heiter at det er «behov for å stimulere frivillig arbeid som har som siktemål å samle mennesker fra forskjellige aldersgrupper». Det kan òg vera aktuelt å kanalisa støtte gjennom andre paraplyorganisasjonar.

Å byggja vidare på dagens forvaltningsmodell med somme justeringar kan vera tenleg for å tryggja einskapleg informasjon om ordninga, marknadsføring og saksbehandling. Dersom forvaltinga av midlane til frittståande lag er samla på éin stad, kan ein også oppnå betre likebehandling av frittståande lag. Ei slik vidareføring av dagens ordning kan likevel medverka til å sementera dagens organisasjonsstruktur og dessutan gje grobotn for interessekonfliktar og habilitets- eller legitimitsproblem, av di paraplyorganisasjonane ikkje samlar eller er representative for heile det friviljuge feltet. Behovet for kontroll med dei auka midlane kan også ha som utilsikta effekt ei sterkare byråkratisering av dei friviljuge organisasjonane. Administrasjonskostnadene for organisasjonane, som vert dekte innanfor Frifond-midlane, er alt i dag store og vil venteleg måtta auka ved tilførsle av midlar til ordninga frå speleoverskotet.

### b) Sentral forvaltning

Ein annan modell ville kunna vera å byggja på ei sentral statleg eining, til dømes Barne-, ungdoms- og familieforvaltninga (BUFA), som forvaltar av Frifond. Ei slik eining kunne tenkjast å få eit todelt ansvar, for det første å fordela tilskot til landsdekkjande friviljuge barne- og ungdomsorganisasjonar som i sin tur fordeler midlar vidare til lokale grupper, for det andre å kanalisera midlar direkte til frittståande lag og aktivitetar. Modellen samlar ansvaret for forvaltninga av Frifond på éin stad. Ei slik forvaltning kan gje visse samordningsvinstar gjennom eintydig kommunikasjon og klageordning. Paraplyorganisasjonane har i samband med evalueringa av Frifond som nemnt teke til orde for å samla forvaltninga av midlar til frittståande lag på éin stad og å fordela midlane under eitt. Ei slik sentralt organisert forvaltning ville kunna fanga opp slike omsyn. Men evalueringa peikar på at hovudutfordringa er å nå ut til ein større del av dei lokalt forankra målgruppene innanfor det friviljuge feltet. Eit sentralt organ kan vanskeleg ha oversyn over og nå ut til slike lokale aktivitetar. Lokalt baserte strukturar vil ha eit betre utgangspunkt for å lukkast med denne forvaltningsoppgåva.

### c) Kommunal forvaltning

Trongen for lokalt ankerfeste og breiare dekning av den friviljuge kulturaktiviteten tilseier at kommunane bør tilleggjast oppgåva med å kanalisera Frifond-midlane. Aktivitetane har lokale aktørar og spring ut av interesser og behov lokalt. Dersom kommunane fordeler Frifond-midlane, vil dei få eit betre verkemiddel til å leggja til rette for ein heilskapleg barne- og ungdomspolitikk enn det som er tilfelle med noverande ordning. Med tilvising til den allereie sterke vektlegginga av barne- og ungdomsarbeid innanfor kommunale kulturbudsjet, jf. kap. 4.8.2, må det kunna leggjast til grunn at kommunane har eit eigna administrativt apparat og kunnskapar om og oversyn over lokale lag og aktivitetar på ein slik måte at dei ikkje vil ha vanskar med å nyttar Frifond-midlar heilt ut i samsvar med føremålet med ordninga.

At kommunane får ansvaret for fordelinga av alle midlane, vil òg vera meir rettvist i høve til dei ulike typane organisasjonar. Ei slik ordning vil vera konkurransenøytral ved at ho ikkje gjer skilnad på lokale lag i landsomfattande organisasjonar og frittståande lag og grupper, og vil best kunna dekkja dei lokale behova som gjer seg gjeldande i organisasjonslivet i kvar einskild kommune.

Jamvel om kommunane bør gjevast stor fridom til å vurdera kva for lag og aktivitetar som skal prioriterast, må dei påleggjast å halda fast ved det overordna målet om auka aktivitet og deltaking i det lokale barne- og ungdomsarbeidet og å stø opp under ei utvikling der born og unge er med på å styra innhaldet i aktivitetane. Vidare må det vera ein føresetnad at dei statlege midlane kjem i tillegg til og ikkje i staden for noverande kommunal støtte til friviljuge organisasjonar. Kommunane må kontrollera at støtta vert nyttta i tråd med det overordna målet for ordninga, men samstundes må dei unngå å leggja opp til rapportering som gjev ei urimeleg administrativ bør for lokale lag o.l. Frå statleg side vil det vera naturleg å følgja utviklinga gjennom evalueringar.

Kommunane vil langt lettare kunna handtera informasjonsansvaret andsynes lokale lag og grupper. Den styrkte kontakten mellom kommunane og friviljug sektor som vil følgja av dette, vil dessutan gje kommunane betre oversyn over omfang og verdi av det lokale friviljuge barne- og ungdomsarbeidet.

### d) Ansvarsdeling mellom organisasjonane og kommunane

Å bruka kommunane i Frifond-ordninga er vurdert i høve til Stortingets tidlegare vedtak om å nyttar sentrallekken i organisasjonane som fordelingskanal, jf. Innst. S. nr. 101 (1998–99) med tilhøyrande vedtak. Den gongen var spørsmålet om Frifond-midlene anten skulle kanaliserast via paraplyorganisasjonane eller via kommunen/fylkeskommunen. Den gong som no er problemstillinga i kva grad det er føremålstenleg at landsomfattande organisasjonar på sentralt hald skal kanalisera midlar til lokal aktivitet.

Ein fjerde forvaltningsmodell kan vera ei både-og-løysing. Det er behov for ei endring som gjev Frifond-midlane det breie nedslagsfeltet som ordninga er meint å ha. For å få det til må kommunane inn som medaktørar. Samstundes kan det vera grunn til å halda fast ved den positive effekten som dei noverande paraplyorganisasjonane har innanfor sine spesifikke ansvarsområde. Ein modell kan difor vera at organisasjonane held fram med å fordela midlar til lokale lag i landsomfattande organisasjonar, medan kommunane fordeler Frifond-midlane til lokale frittståande lag og barne- og ungdomsaktivitetar som ikkje er knytte til landsdekkjande organisasjonar.

*Vurdering*

Barne- og familiedepartementet og Kultur- og kyrjedepartementet ser både føremoner og ulemper ved dei ulike modellane som her er skisserte. Røynslene med Frifond-ordninga så langt har vist at paraplyorganisasjonane har problem med å nå tilfredsstillande ut til målgruppene for ordninga. På den andre sida har dei tvillaust verdfull kompe-

tanse på området. Ei sentral statleg forvaltning vil betre kunna tryggja krav om likebehandling og effektiv ressursbruk, men samstundes innebera ei svekking av den lokale forankringa av ordninga. Dei to departementa ser alt i alt store føremoner med ein modell som legg til rette for ei betre lokal forankring og ein heilskapleg politikk overfor born og unge lokalt ved å gje kommunane ein sentral plass i Frifond-ordninga.

## 16 Verkemiddel – nærare om nokre aktuelle spørsmål

### 16.1 Innleiande merknader

Denne meldinga legg ikkje opp til omfattande endringar i den statlege verkemiddelbruken på kulturområdet. Den ansvarsdelinga mellom forvaltningsnivåa som vart innført for ein del kulturinstitusjonar i kjølvatnet av St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden* og den tilhøyrande Innst. S. nr. 115 (1992–93), kan leggjast til grunn også for dei komande åra, og på abm-området er det naturleg å vidareføra arbeidet med å gjennomføra dei nyordningane som følgjer av St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* og den tilhøyrande Innst. S. nr. 46 (2000–2001).

Det er likevel somme konkrete verkemiddel-spørsmål som på ulik måte har vore framme i det kulturpolitiske ordskiftet, og som det difor er på sin plass å drøfta særskilt i denne meldinga. Fyrst og fremst gjeld dette Norsk kulturråd, og drøftinga nedanfor dreier seg i hovudsak om regelverksmessige og styringsmessige spørsmål i tilknyting til dette statlege fagorganet.

Vidare vert spørsmålet om kulturlov kommentert, og det er dessutan tenleg å seia litt om kunnskapsbehovet i form av forsking og utgreiing om kultursektoren.

### 16.2 Om Norsk kulturråd

#### 16.2.1 Bakgrunn for drøfting av Norsk kulturråd

Gjennom alle dei snart 40 åra institusjonen har vore til, har Norsk kulturråd spela ei viktig rolle i kulturpolitikken. Ved å yta tilskot til eit breitt spekter av prosjekt og tiltak har Kulturrådet stimulert til nyskaping og mangfold og fremja ny aktivitet på mange ulike område. I denne meldinga av det verdfulle ved prosjekt, frie grupper og andre ikkje-institusjonaliserte tiltak innanfor mange delar av kulturfeltet streka under i fleire samanhengar. Ei styrking av det såkalla frie feltet i åra frametter vil samstundes kunna innebera ei ytterlegare styrking av Norsk kulturråds posisjon.

I St.prp. nr. 1 (1999–2000) rådde Kulturdepartementet til å delegera forvalningsansvaret for ei rad faste tiltak til Norsk kulturråd. Stortinget aksep-

terte dette for dei tiltaka som hittil hadde vore forvalta av andre organ under departementet, men i den grad det var tale om tiltak som hittil hadde vore forvalta direkte frå departementet, bad Stortinget om at dette vart utsett, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (1999–2000), side 73:

«Komiteen viser til at inneværende rådsperiode utløper ved årsskiftet 2000–2001 og ber departementet i denne sammenheng foreta en nærmere analyse av Kulturrådets framtidige rolle, herunder bl.a. rådets sammensetning og organisering, virksomhetsområder og tildelingskriterier. Komiteen ber departementet komme tilbake til Stortinget med resultatet av en slik gjennomgang med sikte på behandling i Stortinget i vårsesjonen 2000.»

Kulturdepartementet gjekk på denne bakgrunn i gang med å førebu ei eiga stortingsmelding om Norsk kulturråd, men som følgje av regjeringsskiften i mars 2000 stogga dette opp, og i St.prp. nr. 61 (1999–2000) *Omprioriteringer og tilleggsbevilninger på statsbudsjettet 2000* som Stoltenberg-regjeringa la fram 12. mai 2000, vart det (side 53) uttala følgjande:

«Stortinget har bedt om en bred gjennomgang av rolle- og oppgavefordelingen mellom Kulturdepartementet og Norsk kulturråd. En slik analyse bør være grundig og vurdere alle sider av styringsforholdet mellom departementet og rådet. Departementet anser arbeidet som såvidt viktig og omfattende at en finner det nødvendig å bruke noe mer tid. (...) Kulturdepartementet mener at en endring av arbeidsdelingen mellom Kulturrådet og departementet bør inngå i en samlet drøftelse av virkemiddelbruken på kulturområdet i forbindelse med Kulturdepartementets forberedelse av en ny kulturmelding.»

Norsk kulturråd arbeider innanfor ramma av dei føresegne som er nedfelte i eit særskilt regelverk, jf. kap. 4.4.2. I tråd med vanleg etatsforvaltning er Kulturrådet dessutan underlagt ei meir detaljert styringsramme knytt til den årlege budsjettprosessen. Styringsdialogen mellom Kulturdepartementet og Norsk kulturråd følgjer ein årvis syklus.

Som statleg verksemd skal Kulturrådet innan 1. mars leggja fram for departementet eit framlegg til budsjett for det etterfølgjande året. Budsjettframlegget skal vera tufta på det budsjetttrundskivet som departementet sender underliggende etatar ved årsskiftet.

I løpet av andre kvartal vert det avhalde budsjettmøte mellom representantar for Norsk kulturråd og departementet. I dette møtet vert Kulturrådets verksemessplan, budsjettframlegg og resultatmål for det komande året og resultatrappoen for det føregående året gjennomgått. Departementet vil ved dette høvet sjå til at det vert teke omsyn til eventuelle føringar frå regjeringa og Stortinget i samband med handsaminga av den sist framlagde budsjettproposisjonen og den tilhøyrande budsjettinnstillinga o.l.

Resultatrappoen og budsjettframlegget frå Kulturrådet vert lagde til grunn for arbeidet i departementet med å førebu den komande budsjettproposisjonen. Her kan departementet framheva visse satsingsområde og einskildtiltak og eventuelt tilrå generelle eller spesifiserte endringer i løvingsnivået. Tilsvarande vil Stortinget i samband med handsaminga av budsjettproposisjonen i desember på vanleg måte kunna formulera føresetnader og føringar for bruken av løvingsane både til Norsk kulturfond og dei faste tiltaka som Kulturrådet forvaltar.

Etter at Stortinget har gjort endeleg budsjettvedtak, sender Kulturdepartementet tildelingsbrev til Norsk kulturråd med informasjon om den vedtekne budsjettamma, mål- og resultatkrav og andre føresetnader og vilkår for bruken av midlane.

På dette grunnlaget fremjar Kulturrådet i løpet av januar framlegg overfor departementet om hovudfordeling av fondsmidlane til faste oppgåver og tidsavgrensa satsingar. På grunnlag av ei tilråding frå departementet vert hovudfordelinga fastsett ved kgl. res. i januar-februar. Innanfor rammene av hovudfordelinga har Kulturrådet fullmakt til å nytta fondsmidlane til store og små einskildtiltak. I praksis har Kulturrådet alltid hatt stor fridom til å utforma tildelingskriterium og til å utøva fagleg og kunstnarleg skjøn på dei innsatsområda som hovudfordelinga spesifiserer.

### 16.2.2 Særkjenne ved Norsk kulturråd

Under kap. 4.4.2 er det gjort greie for gjeldande regelverk for Norsk kulturråd. Siktemålet her (kap. 16.2 – 16.5) er å gje ei vurdering av dette styringsgrunnlaget for tilhøvet mellom departementet og Norsk kulturråd og tufta på denne drøftinga sei-

noko om korleis regelverk som gjeld Norsk kulturråd bør formast ut i framtida. Innleiingsvis er det naturleg å nemna nokre generelle karakteristika eller særkjenne ved Kulturrådet, regelverket og aktiviteten.

Det første særkjennet gjeld korleis institusjonen Norsk kulturråd framstår. I praksis er Kulturrådet som eit organ med tre delar. Den første delen er sjølv det kollegiale organet, rådet, som har 13 medlemer og no møtest frå seks til åtte gonger i året. Det dreg opp hovudlinene i arbeidet som skal utførast av administrasjonen, og vedtek fordelinga av dei midlane Kulturrådet har til disposisjon.

Den andre delen av Kulturrådet er den permanente institusjonen, som formelt er omtala som administrasjonen i Norsk kulturråd, og som vert leia av direktøren i Norsk kulturråd. Administrasjonen er ein stab på noko over 40 personar, som står for saksførebuinga på dei ulike faglege områda der Kulturrådet arbeider, og for kontor, rekneskap og leiarfunksjonar. I tillegg er nokre forskarar knytte til administrasjonen på prosjektbasis. Administrasjonen har dessutan sekretariat for *Fond for lyd og bilete* og for *Utvælet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar*.

Den tredje delen er utvala. Kulturrådet har åtte faglege utval pluss underutval. Rådet nemner opp fagutval og underutval etter behov. Leiar i dei faglege utvala er normalt peika ut mellom medlemene i det kollegiale organet Norsk kulturråd.

Titlane på dei åtte faglege utvala speglar av arbeidsområdet for Kulturrådet:

- Fagleg utval for litteratur og allmenne tidsskrift
- Fagleg utval for musikk
- Fagleg utval for biletkunst og kunsthandverk
- Fagleg utval for kulturvern
- Fagleg utval for kulturbrygg
- Fagleg utval for barne- og ungdomskultur
- Fagleg utval for scenekunst
- Utgreiingsutvalet.

Alle dei andre faste utvala arbeider innanfor desse same områda.

Det andre særkjennet gjeld tilhøvet mellom det formelle styringsgrunnlaget og aktiviteten. Det formelle styringsgrunnlaget speglar i liten grad den kontinuerlege aktivitet som sekretariatet og dei faglege utvala og underutvala utfører. Regelverket er først og fremst koncentrert rundt hovudløyvinga til Kulturrådet (kap. 320 post 50 Norsk kulturfond) og til arbeidet i det kollegiale organet Norsk kulturråd. Men arbeidet i dei faglege utvala framgår mellom anna av forskriftene om tilskotsordningane.

Det tredje særkjennet gjeld Kulturrådets hovudfunksjon. Kulturrådets hovudoppgåve, ved

sida av innkjøpsordningane, har vore å vera ein dynamisk aktør i kulturfeltet. Dette er ein historisk observasjon, men går no òg fram av forskriftsverket. Til dømes heiter det i § 3 i forskrift for tilskot frå Norsk kulturfond:

«Tilskudd fra kulturfondet gis i første rekke til enkelttiltak og til forsøksvirksomhet på kunst- og kulturområdet. Det gis ikke støtte til ordinær drift av institusjoner og organisasjoner.»

Denne forskriften regulerer ikkje innkjøpsordningane for litteratur og samtidskunst og støtteordninga for fri scenekunst. Av forskriften for fri scenekunst framgår det tilsvarende av § 2 at Kulturrådet kan gje prosjektstøtte «til enkeltproduksjoner eller til prosjekter for en tidsavgrenset periode, maksimalt over 4 år.»

Innkjøpsordningane for litteratur er etter sin natur knytte til årlege bokutgjevingar, og ikkje institusjonsstøtte, men for forlaga som mottakarar representerer dei likevel kontinuitet.

Ein fjerde observasjon gjeld omfang og fordeling av løyvingar under Kultur- og kyrkjedepartementet. Løyvingar til permanente kulturføremål over departementets budsjett går stort sett ikkje gjennom Norsk kulturråd.

Det økonomiske omfanget av støttetiltak som vert fordelt av Kulturrådet, framgår av statsbudsjettet for 2003, der løyvinga til Norsk kulturfond er på ca. 232 mill. kroner (kap. 320 post 50). Løyvinga til tilskot til andre tiltak under Norsk kulturråd er på ca. 105 mill. kroner (kap. 320 post 74). I tillegg kjem nokre mindre løyvingar til aspirantstillingar (kap. 321 post 73) og utstillingsstipend (kap. 321 post 75). Til samanlikning er det samla omfanget av utgifter i Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett til dei saksområda som denne meldinga drøftar, på om lag 3,8 mrd. kroner i 2003, dvs. at Norsk kulturråd forvaltar mindre enn ein tiandedel av desse ressursane.

Av tabell 16.1 går det fram at bruken av dei samla fondsmidlane har endra seg over tid. Somme innsatsområde har vorte sterkare vektlagde, andre har vorte nedprioriterte eller avvikla som følgje av at andre organ har fått ansvar for konkrete saksfelt. Nye område er komne til med eigne avsetjingar i hovudfordelinga dei seinare åra. For nokre innsatsområde er føresetnaden at dei skal vera klart tidsavgrensa. Bruken av fondsmidlane har altså vore prega av ein viss dynamikk, jamvel om det formelle regelverket i liten grad har vorte brigda. Prioriteringar frå det til kvar tid oppnemnde rådet,

Tabell 16.1 Disponeringa av Norsk kulturfond 1965–2003 (i 1.000 kroner)

	1965	1970	1975	1980	1985	1990	1995	2000*	2003
Litteratur	3 410	5 000	7 250	21 985	29 500	50 050	60 500	69 210	75 400
Tidsskrift	–	400	400	1 000	1 400	2 140	2 300	2 440	2 600
Biletkunst	1 000	2 400	4 000	6 400	9 200	11 400	8 500	9 846	13 800
Musikk	900	2 500	2 400	4 000	7 400	7 300	8 000	47 425	52 300
Kulturvern	750	2 500	3 400	5 100	7 100	11 000	12 100	12 693	14 800
Kulturbrygg	3 300	6 100	9 200	7 100	8 000	10 600	8 500	9 430	12 100
Arkitektur	–	–	–	–	–	–	3 500	2 517	–
Samisk	–	–	490	1 000	1 800	3 300	–	–	–
Film	300	500	–	–	–	–	–	–	–
Born/unge	–	–	–	–	–	5 700	7 500	7 590	8 700
Scenekunst	–	–	–	–	–	11 100	–	31 520	36 000
Teknologi	–	–	–	–	–	–	–	2 904	–
Helse	–	–	–	–	–	–	–	5 000	–
Mosaikk	–	–	–	–	–	–	–	5 000	–
Anna	120	700	1 000	2 415	6 500	10 000	11 700	14 866	16 000
Admin., utgr., utval	220	900	1 860	3 300	3 700	5 800	6 300	–	–
I alt	10 000	20 000	30 000	52 000	74 600	128 400	131 900	215 441	232 000

\* Store delar av voksteren frå 1995 til 2000 har samanheng med at tilskotsordningar innanfor musikk- og scenekunstfelta er flytta frå andre forvaltningsinstansar til Norsk kulturråd.

departementet, regjeringa og Stortinget har på ulike vis medverka til den utviklinga som tabellen speglar av.

### **16.2.3 Vurdering av regelverket**

Generelt er regelverket prega av at det er vorte til på ulike tidspunkt, og at det ikkje på noko tidspunkt etter at Kulturrådet vart skipa, er gjort ei samla gjennomgåing av det formelle grunnlaget. I den vidare vurderinga er det tenleg å skilja mellom forskriftene for tilskotsordningane og regelverket elles.

Forskriftene for tilskotsordningane er i all hovudsak uproblematiske. Det er historiske grunnar for at støtte til scenekunst er skild ut i ei særskild forskrift, medan andre støtteordningar vert regulerte generelt. Departementet vil vurdera om det vil vera tenleg å slå dei to forskriftene saman til ei. I denne forskrifta vil ein så også kunna ta inn andre tilskotsordningar.

Innkjøpsordninga for litteratur er ikkje regulert i forskrift i det heile, men følgjer av avtale mellom forlaga og Kulturrådet. Det vil vera tenleg at hovudtrekka i ordninga vert fastsett på ein lettare tilgjengeleg måte. Dei konkrete punkta om prisnivå m.m. bør ikkje stå i forskrift, av di dei lyt endrast ofte.

Regelverket for Kulturrådet og Kulturfondet har ei knapp form, men § 4 i forskrifta for Kulturrådet gjev på ein treffande måte uttrykk for det som framleis er oppgåvane forrådet. Regelverket har likevel nokre veikskapar. For det fyrste inneheld regelverket ikkje særleg klare reglar for kor sjølvstendig Kulturrådet skal vera i høve til Stortinget og til departementet når det disponerer over Kulturfondet. For det andre inneheld det heller ikkje noko om at tilskot over Kulturfondet ikkje skal gå til permanente tiltak, slik arbeidsdelinga er vorten i praksis, og slik det går fram av dei to tilskotsforskriftene. For det tredje går det ikkje fram av regelverket at Kulturrådet har ei oppgåve som forvaltningsorgan også ved fordeling av ordinære løvviningar over kap. 320 post 74. Og for det fjerde er regelverket litt ufullstendig på den måten at det berre er det kollegiale organet, som i realiteten er leiinga for Kulturrådet, som går fram av føresegnene.

Arbeidsdelinga mellom departementet og Kulturrådet har i all hovudsak fungert godt. Likevel vil det vera tenleg å sjå nærmare på korleis det samla regelverket kan gjevast ei meir samla og heilskapleg form, mellom anna for å klårgjera kompetanse tilhøva ytterlegare.

### **16.2.4 Kulturrådet som uavhengig forvaltningsorgan – spørsmålet om instruksjonsrett**

Reguleringa av kor fritt Kulturrådet står i å nytta midlane som vert løyvde til Norsk kulturfond, er vag. Dette er eit sentralt spørsmål, og det er grunn til å vurdera spørsmålet om instruksjonsrett for departementet og Stortinget noko nærmare. I tillegg kjem at fleire spørsmål kring instruksjonsrett vart diskutert både i Stortinget og i media hausten 2001. Nedanfor vert dei ulike spørsmåla analyserte.

Dei viktigaste spørsmåla gjeld instruksjonsrett knytt til løvinga på statsbudsjettet under *kap. 320 post 50 Norsk kulturfond*. Tilsvarande spørsmål kan reisast i høve til den løvinga Kulturrådet får under *kap. 320 post 74 Tilskot til tiltak under Norsk kulturråd*, og desse vert òg kort gjennomgått.

I statsbudsjettframlegget for 2002 frå Stoltenberg-regjeringa vart det i merknadene til kap. 320 post 50 Norsk kulturfond uttala at «tilskuddet til Oslo Danseensemble skal videreføres i 2002» (St. prp. nr. 1 (2001–2002) s 53). Dette framstod som ein instruks til Kulturrådet om korleis ein del av løvinga til Norsk kulturfond skulle brukast.

I det reviderte budsjettframlegget frå Bondevik II-regjeringa vart dette endra:

«I St.prp. nr. 1 (2001–2002) er det forutsatt at tre konkrete tiltak – Grenland Friteater, Nordlysfestivalen og Oslo Danseensemble – skal tilgodeses ved fordeling av fondsmidler. Regjeringen er enig i at dette er gode tiltak, men forutsetter at Norsk kulturråd på vanlig måte kan vurdere også disse tiltakene på faglig grunnlag når avsetningene innenfor fondet skal fordeles» (St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2001–2002) s 57).

Det sentrale i denne samanhengen er at instruksen om støtte til Oslo Danseensemble ikkje vart halden oppe.

Under budsjetthandsaminga i Stortinget vart det inngått eit forlik mellom Arbeidarpartiet og regjeringspartia om kulturbudsjettet. I dette forliket vart 1 mill. kroner løyvd direkte til Oslo Danseensemble under kap. 324 post 78 Ymse faste tiltak, altså under ein post utan tilknyting til Norsk kulturråd. Grunngjevinga var «at Oslo Danseensemble utgjør en viktig del av bredden i satsingen innenfor dans» (Budsjett-innst. S. nr. 2 (2001–2002) s 93). Samstundes vart det sagt: «Kap. 320 post 50 reduseres tilsvarende.» Dette vart òg sagt direkte i merknadene til kap. 320 post 50 (jf. nemnde budsjettinnstilling s 80).

Løyvinga til Oslo Danseensemble framstår dermed samstundes som ei direkte årsak til at løy-

vinga til Norsk kulturfond (kap. 320 post 50) vart redusert med same summen.

I budsjettdebatten i Stortinget 14. desember 2001 kom desse spørsmåla opp i fleire av innlegga. Ordskiftet i og utanfor Stortinget var innom fleire rettslege spørsmål som har prinsipiell interesse.

For det fyrste kan ein slå fast at Stortinget står fritt til å fastsetja omfanget av løvinga til Norsk kulturfond. Dette følgjer av grunnlova § 75 d. Stortinget står fritt til å ta inn i statsbudsjettet også slikt som ikkje er med i budsjettframlegglet frå regjeringa, og likeins til å redusera på postar som det er gjort framlegg om.

I forskrifa for Norsk kulturfond er det ikkje sagt meir enn at «Stortinget løyver kvart år midlane til fondet», jf. § 1. Dette inneber heller ingen avgrensingar i Stortingets budsjettfridom.

Då vedtekene for Norsk kulturfond, som dei den gongen vart kalla, vart vedteke i Stortinget 19. juni 1965, var ordlyden: «Midlene til fondet bevilges årlig av Stortinget og forutsettes minst å svare til inntektene av omsetningsavgiften på periodiske publikasjoner» (S.Tid. 1964–65 s 4097). Heller ikkje dette ville vore rettsleg bindande for seinare storting. Vedtekene vart fastsette ved plenarvedtak, og difor kunne seinare storting omgjera dei ved plenarvedtak, som til dømes budsjettvedtak.

I saka om støtte til Oslo Danseensemble stod difor Stortinget statsrettsleg heilt fritt til å gje direkte støtte under den valde budsjettposten og til å redusera løvinga til Norsk kulturfond tilsvarende.

Det andre spørsmålet som melder seg, er om Stortinget har høve til å instruera om bruken av Norsk kulturfond. I utgangspunktet er det råd å tenkja seg at Stortinget kan ha slik instruksjonsrett som lekk i budsjettførehavinga eller utan tilknyting til budsjettførehaving. Instruksjonsretten kan gjelda generelle eller individuelle instruksar.

Dette reiser problemstillinga om Stortinget ved plenarvedtak kan vedta generelle instruksar for bruken av Norsk kulturfond. I forskrifa om Norsk kulturfond er det fastsett i § 3 at disponeringa av midlane til Norsk kulturfond skjer «i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett». Det framgår av samanhengen i Innst. S. nr. 294 (1964–65) at dette er dei retningslinene som Stortinget fastsette 19. juni 1965, og som no er kalla «Forskrift om bruken av midlar frå Norsk kulturfond». Og det må vera klårt at Stortinget, om det ynskjer, kan vedta nye generelle instruksar.

Den neste problemstillinga er om Stortinget som lekk i budsjetthandsaminga kan vedta individuelle instruksar. Generelt er det i statsretten for lengst lagt til grunn at Stortinget i tilknyting til bud-

sjettvedtaket har kompetanse til gje pålegg om bruk av løvingar. Slik instruksjonsrett kan tenkjast å vera avskoren ved lov, av di lovvedtak står over plenarvedtak. Men om Kulturrådet og Norsk kulturfond er det ikkje gjort noko lovvedtak, og difor er instruksjonsretten ikkje avskoren på det grunnlaget.

Forskrifa om Norsk kulturfond er fastsett ved plenarvedtak i Stortinget. Den regulerer tilsynelatande instruksjonsspørsmålet. I § 4 er det fastsett at «Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet». Av samanhengen med § 3 framgår det at dette ved ei språkleg tolking må innebera at det er Kulturrådet sjølv som vedtek den konkrete fordelinga av midlar. Dette vert òg støtt av det som er framgår av dei stortingsfastsette retningslinene om bruken av midlar frå Norsk kulturfond. Men sidan både desse forskriftene er fastsette ved plenarvedtak i Stortinget, kan dei statsrettsleg ikkje binda Stortings kompetanse til seinare ikkje å vedta noko anna ved plenarvedtak. Rettsleg må difor Stortinget stå fritt til å vedta individuelle instruksar som lekk i budsjettvedtaket. Derimot vil plenarvedtaket avskjera instruksjonsrett for departementet.

Den tredje problemstillinga er om Stortinget, utan samanheng med budsjettførehavinga, ved plenarvedtak kan instruera om bruken av midlane som vert løyvde til Norsk kulturfond. Svaret på dette må òg klårt vera ja. Ved eit nytt plenarvedtak er ikkje Stortinget statsrettsleg bunde av eit tidlegare plenarvedtak. Men det ville framstå som merkeleg om ein slik instruks vart vedteken utan at ein samstundes diskuterte det prinsipielle i å leggja om ordninga slik ho er etablert og har vore respektert.

Eit tredje hovudspørsmål er om Kultur- og kyrkjedepartementet kan instruera om bruken av midlar i Norsk kulturfond generelt eller individuelt. Utgangspunktet er at eit departement har instruksjonsrett i høve til eigne underliggende etatar. Men slik instruksjonsrett kan vera avskoren ved Stortings plenarvedtak eller ved lov. På dette fellet er det inga lovgjeving, og spørsmålet er difor korleis ein skal tolka dei plenarvedtaka som vart gjorde i samband med opprettinga av Norsk kulturråd.

Tolkinga gjeld særleg §§ 3 og 4 i *forskrift om Norsk kulturråd* sett i samanheng med innleiinga til *forskrift om bruken av midlar frå Norsk kulturfond*. Systemet som forskrifa om Kulturrådet etablerer, er eit system der Stortinget har gjeve retningsliner og Kultur- og kyrkjedepartementet gjev tilråding til regjeringa om disponeringa ved kgl. res. tufta på

tilråding frå Kulturrådet, men at Kulturrådet så har «ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde».

Språkleg er ikkje desse føresegnene heilt heldig utforma, men det er naturleg å leggja til grunn at det siterte uttrykket nettopp tek sikte på at det er Kulturrådet som sjølvstendig avgjer dei individuelle tildelingane. Og det har òg ei viss støtte i innleiinga til forskrifta om bruken av midlar. I tillegg kjem at når Stortinget på grunn av plenarvedtaket slik det noe lyder, er avskore frå å gje individuelle instruksar, er det eit støtteargument for at forskrifta må lesast slik også i høve til departementet.

I tillegg kjem at teknikken med å løyva pengane som ei samla løyving og å kalla denne løyvinga eit kulturfond i seg sjølv peikar på at forvaltninga skal vera sjølvstendig, jamvel om fondet ikkje er eit fond i tydinga eit sjølvstendig rettssubjekt. Dersom det hadde vore eit fond i denne meininga, ville det rettsleg sett vera ei stifting, dvs. ein sjølveigande formue. Eit slike fond ville ikkje kunna instruerast dersom ikkje det uttrykkjeleg var fastsett i den disposisjonen som oppretta det.

Vidare kjem at fleire tilhøve underbyggjer at det i praksis er lagt til grunn at departementet ikkje kan instruera i individuelle saker. I alle fall er det fastsett i dei to tilskotsforskriftene at søkerar ikkje har rett til å klaga til departementet over tildelingsvedtak «hva angår Rådets faglige kunstneriske skjønn», og dette framgår òg av forskrifta om unntak frå klagerett etter forvaltningslova. At overprøving er avskoren i høve til klage, er ein sterk indikasjon på at retten til å gje detaljerte instruksar samstundes er avskoren.

Konklusjonen er difor at departementet ikkje har rett til å instruere Kulturrådet om individuelle avgjerdar om tildeling frå Norsk kulturfond.

Når det gjeld generelle instruksar om saksføring og kva for omsyn ein bør leggja vinn på ved avgjerdene, er det lite grunnlag for å seia at denne retten er avskoren. Og praksis har altså vore at departementet mellom anna har fastsett dei generelle forskriftene om tilskotsordningar i 1998 og 1999. Konklusjonen på dette er difor at departementet har rett til å gje generelle instruksar.

For løyvinga til Kulturrådet under kap. 320 post 74 *Tilskot til tiltak under Norsk kulturråd* er det ingen særskilde haldepunkt for at instruksjonsrett er avskoren. Dermed må ein her følgja hovudregelen om at både departementet og Stortinget kan instruera individuelt, både gjennom særskilde instruksjonar og i samband med budsjettvedtak.

Post 74 er den posten der departementet mellom anna har lagt inn løyvingar til hovudtyngda av

dei tiltaka som etter kvart har vorte overførte til Kulturrådet frå andre organ.

Av budsjettproposisjonen går det fram at det ligg relativt detaljerte foringar for post 74. Men like fullt uttrykkjer departementet samstundes at

«Norsk kulturråd har innenfor de foringar som gis i de årlege budsjetter, anledning til å behandle de ulike tiltak ut fra en faglig vurdering når bevilgningen under posten skal fordeles» (St.prp. nr. 1 2002–2003 s 54).

Utsegna inneber at departementet meiner det er viktig at Kulturrådet bruker sitt faglege skjøn ved fordelinga av post 74 òg, utan at ein med dette uttaler noko om at det ikkje ville vera høve til å instruera i detalj.

I samband med ei vurdering av korleis regelverket skal utformast for framtida, kan det òg vera grunn til å gå litt inn på meir generelle synspunkt om i kva for tilfelle eit forvaltningsorgan bør få ein meir uavhengig status. Slike spørsmål har vore vurderte i litt ulike samanhengar.

Den viktigaste generelle gjennomtenkinga i nyare tid av spørsmål om statleg organisering er tilrådinga frå det såkalla Hermansen-utvalet, som presenterte utgreiinga si i NOU 1989: 5 *En bedre organisert stat*. Der har utvalet vurdert ulike organiserings- og tilknytingsformer ved statleg oppgåve-löysing i samfunnet:

«Staten står også som beskytter og bevarer av en rekke verdier som framstår som grunnleggende samfunnsmessige fellesverdier, og som ikke er gjenstand for en tilsvarende politisk uenighet og kamp som en rekke andre verdier og mål. Eksempler på slike verdier er: nasjonens selvstendighet og frihet, rettsstatsverdiane, verdier som knytter seg til grunnleggende politiske rettigheter og til det politiske demokratiet. Et tilsvarende ansvar har staten for kunnskapsforvaltning, fagkyndighet og forskning, kulturell utfoldelse og kunstnerisk frihet, kirke og kristenliv osv.» (s 58, utheva her).

På grunnlag av desse observasjonane syner Hermansen-utvalet til at dei statlege institusjonane som skal ivareta slike oppgåver er «preget like mye av selvstendighet som av at de er et instrument for statsmakten». Og utvalet konkluderer med at tilknytingsforma til staten bør kunne utformast «med vekt på å gi slike institusjoner en mer grunnleggende autonom stilling» (s 59).

Og på same måte som verdirelatering kan tala for sjølvstende for forvaltningsinstitusjonar, syner utvalet til at kravet til fagleg kvalitet kan tilseia det same:

«På andre områder vil verdiforankret autonomi og frihet for det faglige arbeid stå mer sentralt. Eksempelvis gjelder dette forskning og kulturrell virksomhet» (s 68).

Desse synspunkta er ganske treffande for ein stor del av arbeidsoppgåvene i Norsk kulturråd.

Ytringsfridomskommisjonen er òg inne på spørsmål knytte til uavhengige tilskotsinstitusjonar. Eit grunnlag for at statlege institusjonar som gjev tilskot til kunstnarleg verksemd, bør vera uavhengige, kan ein òg finna i ytringsfridomsverdireringar knytte til kunstnarlege ytringar, jf. NOU 1999: 27, særleg s 32.

I forvaltningsrettsteorien er det lagt til grunn at eit kollegialt forvaltningsorgan kan ha ein uavhengig status når samansetjinga av organet er gjord ut frå å samla særskild ekspertise på eit område. Dette er klårt tilfelle ved oppnemninga til Kulturrådet.

Samla sett taler mange tilhøve for at Kulturrådet bør ha ei uavhengig stilling i høve til Stortinget og regjeringa, i alle fall for ein del av dei midlane det disponerer, nettopp av di det gjev eit godt grunnlag for at rådet kan vera ein slik aktør i den dynamiske utviklinga som det til no har vore.

### **16.2.5 Korleis forma ut nytt regelverk**

Jamvel om behovet ikkje er akutt, bør det setjast i gang eit arbeid med å forma ut eit nytt regelverk for Norsk kulturråd. Det nye samla regelverket bør ordnast i to delar, ein del som regulerer organiseringa av Kulturrådet og tilhøvet mellom rådet, departementet og Stortinget, og ein del som regulerer tilskotsordningane og dermed tilhøvet mellom tilskotsmottakarar og rådet. Den siste delen treng ikkje nærare utdjuping her; arbeidet vil fyrst og fremst gå ut på å skriva saman dei to tilskotsforskriftene og å innarbeida hovudreglane for innkjøpsordningane for litteratur.

Det grunnleggjande regelverket bør utformast i lov, ikkje som no i plenarvedtak. Det høver som lovgjeving av di det har synt seg å vera lite behov for endringar over tid, og av di lovs form vil vera betre eigna til å regulera instruksjonsrett for Stortinget. Ei tilskotsforskrift vil då kunna vera heimla i lova.

Når det gjeld det materielle innhaldet av det grunnleggjande regelverket, er avklaring av grensene for instruksjonsrett det sentrale. Kulturrådet og bruken av Kulturfondet har generelt vore særsvellukka. Det er då viktig å føra vidare dei gode sidene ved ordninga. Det gjeld særleg den sjølvstendige stillinga Kulturrådet har hatt ved den kon-

krete disponeringa av Kulturfondet innanfor dei hovudprioriteringane som er fastsette ved kgl. res.

Jamvel om Kulturfondet ikkje er eit særskilt rettssubjekt, kan det verka som om den sjølvstendige stoda løyvinga over statsbudsjettet har fått ved at ho har eit eige namn og vert løyvd som ein uspesifisert stor sum, har gjort sitt til å framheva at Kulturrådet skal vera uavhengig i sine konkrete prioriteringar. For dei fleste mottakarar av tilskot frå Kulturrådet er det mindre viktig om pengane kjem frå Kulturfondet eller over post 74. Den sjølvstendige stoda er truleg viktigast for dei som skal ta avgjerdene. Og funksjonen av dette sjølvstendet er nettopp å prøva å tryggja at Kulturrådet spelar den dynamiske funksjonen det er meint å spela i kulturlivet.

I tillegg til å regulera bruken av Kulturfondet bør regelverket regulera bruken av andre løyvinagar som Kulturrådet forvaltar (post 74). Og då må ein ta standpunkt til om individuell instruksjonsrett frå departement og Storting skal avskjerast, og om det skal vera høve til å klaga over det fagleg kunstnarlege skjønet ved tildelingsvedtak.

### **16.2.6 Delegering av faste tiltak**

Under gjennomgåinga av dei økonomiske verke-midla i kap. 4 vart det både for musikkfeltet (kap. 4.3.2) og scenekunstfeltet (kap. 4.3.3) streka under at det framstår som noko tilfeldig kva for faste tiltak som per datum budsjettmessig er plasserte på den posten som Norsk kulturråd forvaltar (kap. 320 post 74), og kva for faste tiltak som ligg til departementet på ulike 78-postar.

Føremonene med å samla forvaltningsansvaret for ei lang rekke meir eller mindre faste tilskot i Norsk kulturråd vart i St.prp. nr. 1 (1999–2000) summerte opp i fire punkt:

- Ei meir einskapleg fagleg handsaming. Likearta tiltak vil verta handsama etter dei same kriteria og ved hjelp av samansett kompetanse. Dette vil tryggja likebehandling på fagleg grunnlag.
- Betre samanheng og heilskapsperspektiv i dei kulturpolitiske prioriteringane. Likearta tiltak vil verta sett i samanheng. Dette vil gjera det lettare å leggja til rette for mangfald og fornying som føresetnad for eit levande kulturliv.
- Meir samla formidlingspolitikk. Norsk kulturråd vil få eit betre grunnlag for å formidla kulturgoda til så mange som råd er. Særleg viktig kan dette vera i arbeidet med å utvikla nettverk og kompetanse innanfor formidlingsarenaer/institusjonar og i arrangørleden.

- Administrativ forenkling og effektivisering i den statlege kulturforvaltninga. Flytting av oppgåver frå departementet til Kulturrådet vil innebera ei meir rasjonell arbeidsdeling, der departementet i større grad kan konsentrera seg om å utøva ei overordna rolle.

Punkta ovanom vart elles ytterlegare utdjupa i brev frå Kulturdepartementet til Stortinget 22. oktober 1999. Departementet streka i St.prp. nr. 1 (1999–2000) under at framlegget om overføring av oppgåver til Norsk kulturråd både ivaretok omsynet til departementets overordna styring og Kulturrådets kulturpolitiske rolle. Overføringa inneber ikkje ei endring i ansvarstilhøvet mellom rådet og administrasjonen. Rådet vil ha det samla ansvaret for dei fullmaktene som departementet gjev, og rådet må sjølv ta stilling til kva for avgjærder som skal underleggjast handsaming i rådet, og kva som kan avgjera rast på andre nivå i organisasjonsstrukturen:

«En større grad av samling av tilskuddsforvaltingen i Norsk kulturråd foreslås gjennomført ved:

1. Økning av avsetningen til Norsk kulturfond, kap. 320, post 50.

Til disposisjon for tiltak med et klart kunstnerisk preg, og hvor driftsaspektet har prosjektkarakter/tidsavgrensing. Når tiltak og midler overføres til Norsk kulturfond skal disse forvaltes etter de samme regler som gjelder for fondet ellers. Dette betyr at Kulturrådet fremmer forslag til fordeling av bevilgningen under kap. 320, post 50 innenfor rammen av de førinnger som er lagt i Budsjett-innst.S.nr. 2 og St.prp.nr. 1.

2. Overføring til Norsk kulturråd, kap. 320, post 74.

Post 74 vil være knyttet til formål og tiltak som det ikke vil være naturlig å dekke over Norsk kulturfond. Det gjelder i første rekke tiltak der hensyn til kontinuitet mht. drift går utover hva Norsk kulturråd ordinært tar i betrakning i sin disponering av Norsk kulturfond. Når tiltak og midler legges til post 74, vil Kulturdepartementet kunne angi mer spesielle og detaljerte forutsetninger for bevilgningen. Styringsdialogen vil finne sted gjennom budsjettprosessen. Det vil si at Kulturrådet fremmer budsjettsoknad for tiltak som allerede er lagt til, eller er aktuelle for denne posten. Departementets tildelingsbrev vil spesifisere rammer for bevilgningen. Dette vil kunne innebære større eller mindre grad av handlefrihet for rådet, alt fra disponeringen av en pott til tiltak innenfor et visst område til at departementet fastsetter summer og forutsetninger for tilskudd til enkelttiltak. Ordningen vil gi mulighet

for stor variasjon i departementets styringsgrad.»

Å føra konkrete arbeidsoppgåver ut av departementet er i samsvar med allmenn forvaltningspolitikk. Norsk kulturråd og administrasjonen har fagkunnskap på dei områda løvingane gjeld, slik at tildelingane kan skje på eit godt fagleg grunnlag. Samstundes har Kulturrådet røynsle med å følgja opp og evaluera bruken av statlege tilskot på ein effektiv måte.

Kulturrådet har vore vellukka som ein relativt uavhengig og dynamisk aktør på kulturfeltet. Ei mogeleg innvending mot å overføra faste oppgåver frå departementet kan vera at rådet då vil kunna storkna til ved at ein større del av arbeidet vert prega av meir administrative oppgåver, som ikkje reiser dei same kunstfaglege utfordringane. Somme kan dessutan tenkja å streka under at slike faste forvaltningsoppgåver vil måtta innebera tettare band departementet enn det som er ynskjeleg for å ta vare på den rolla rådet har som kreativ frispelar.

Ingen av desse innvendingane kan etter departementets vurdering tilleggjast avgjerande vekt, men det lyt sjølv sagt tenkja nærare i gjennom korleis ein organiserer dei ulike arbeidsoppgåvene for å tryggja dei positive særdraga ved Kulturrådet.

Det kollegiale organet (rådet) bør formelt vera overordna også i høve til oppgåver knytte til forvaltning av faste tiltak. Men for ikkje å leggja for mykje på det kollegiale organet, bør det sjølv truleg i hovudsak delegera desse oppgåvene til direktøren, som igjen fordeler dei innanfor administrasjonen. Rådet sjølv bør berre ha generelt tilsyn med korleis oppgåvene vert utførte.

### **16.2.7 Tilhøvet til ABM-utvikling**

Det samordna forvaltningsblikket på saksfelte arkiv, bibliotek og museum som skipinga av fagorganet ABM-utvikling mogeleggjer, kan også innebera at det etter kvart vil vera tenleg å gjera somme justeringar i oppgåvedelinga og grenselinene mellom dette organet og Norsk kulturråd.

Departementet vurderer likevel situasjonen slik at det ikkje ligg føre eit akutt behov for opprydding. Det er heller ikkje eit mål å byggja skigardar mellom skapande/utøvande kunst og kulturvern/kunnskapsformidling. Derimot vil det vera avgjande viktig at dei to fagorgana kommuniserer godt med kvarandre, både om den generelle rollefordelinga og om konkrete saker. Dette siste er ikkje minst viktig for å unngå at prosjekt og planar fell mellom stolar.

I samband med Den kulturelle skulesekken er det alt etablert eit godt samarbeid mellom dei to organa.

Departementet vil i nær dialog med Norsk kulturråd og ABM-utvikling lopande vurdera mogelege gråsonar og høvelege åtgjerder for å løysa dei vanske som måtte oppstå.

### 16.2.8 Samansetjinga av rådet

Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre sterke grunnar for å tilrå endringar i samansetjinga av rådet i samband med nyoppnemninga frå 2005. Storleiken på rådet tykkjест også vera tenleg. Færre medlemer vil redusera det faglege ankerfestet i dei ulike kunstfelta eller svekkja den allmennkulturelle kompetansen. Balanseringa av medlemer oppnemnde av Stortinget, av Kulturdepartementet på fritt grunnlag og av Kulturdepartementet etter tilråding frå Kommunenes Sentralforbund tykkjест også vera rimeleg godt avstemd.

### 16.2.9 Ordskiftet om regionalisering

I det kulturpolitiske ordskiftet har spørsmålet om ei regionalisering av Norsk kulturråd vore framme. Somme ser føre seg ei overføring av oppgåver til fylkeskommunalt nivå; andre har halde fram eit nytt regionalt nivå (Vestlandet, Trøndelag osb.). I denne samanhengen vert det også gjerne vist til tenkinga om regionalisering på europeisk nivå.

Til dette siste er å seia at regionar i europeisk terminologi i stor grad dreier seg om geografiske område med eit folketal som er langt større enn ibuartalet i heile Noreg.

Norsk kulturfond omfattar i 2003 ei løvning på om lag 232 mill. kroner. Av dette utgjer dei ulike stønadssordningane på litteraturfeltet om lag tredjedelen. Desse knyter an til forlagsbransjen, som i all hovudsak er organisert og agerer på eit nasjonalt nivå. Det er med andre ord vanskeleg å sjå føre seg ei mogeleg form for regional oppsplitting av innkjøpsordningane for litteratur.

Den summen som ein eventuelt kunne vurdera å splitta opp i bitar, er på om lag 150 mill. kroner. For å forvalta desse midlane på forsvarleg vis har Norsk kulturråd eit administrativt og kulturfagleg apparat med både ein fast stab og ei rad utval, slik det er gjort greie for tidlegare. Ein god del av dette ville måtta dublerast dersom fondsmidlane skulle forvaltas regionalt. Dette ville med andre ord ha ført til auka forvaltningskostnader. Auka nærleik til det regionale kulturlivet kan frå ein synsstad sjåast

på som positivt, men frå andre synsstader kan det vera meir problematisk. Det vil kunna oppstå fleire habilitetsspørsmål, og det nasjonale perspektivet ville kan henda koma for mykje i bakgrunnen.

Alt i alt tykkjест det ikkje vera avgjerande grunnar for å leggja om forvaltninga av Kulturfondet i ei meir regional lei. Men samstundes er det viktig å ha auga for at Norsk kulturråd til kvar tid skal fanga opp verdfulle prosjekt og planar i heile landet. Det kan utan tvil oppstå situasjonar som tilseier nye arbeids- og tilnærningsmåtar og justerte kriterium for å vurdera prosjekt og planar. Men Noreg som heilskap er i eit europeisk perspektiv berre ein mindre region, og det vil vera til bate for alle delane av landet å halda oppe ein samlande og dynamisk forvaltningsarena for statleg stønad til tiltak og prosjekt på kulturområdet.

### 16.2.10 Nokre hovudkonklusjonar

- Gjeldande styringsgrunnlag er samansett og prega av å ha vakse fram over tid. Det er lite dekkjande for den samla verksemda i Kulturrådet. Omfanget av instruksjonsrett for overordna organ er uklårt utforma. Styringsgrunnlaget bør difor reviderast.
- Framtidig regelverk bør delast i to: Ein grunnleggjande del om organisering, oppgåver og styringsstruktur, som bør vedtakast som lov, og ein underordna del om dei einskilde tilskotsordningane m.m., som framleis bør vera i forskrift.
- Overføring av forvaltningsansvaret for ein del faste tiltak frå departementet til Norsk kulturråd kan gjennomførast utan at ein svekkjer dei gode sidene ved verksemda i Kulturrådet.
- Norsk kulturråd bør vidareførast som eit samla landsdekkjande fagorgan.



Figur 16.1

### 16.3 Spørsmålet om kulturlov

Med jamne mellomrom dukkar det opp ynske og krav om ei kulturlov. I 2001 forfatta ei rekke norske kulturorganisasjonar eit «kulturbrev», *10 boddord for kulturen*, der det mellom anna vart sett fram eit ynske om ei lov om kommunal og fylkeskommunal kulturverksemd. Politiske parti som Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre har programfesta ei kulturlov. LO har òg teke til orde for ei allmenn kulturlov.

I kap. 4. 1 vert det vist at det eksisterer ei rekke lover som gjeld kultursektoren, både direkte og indirekte. Slik sett er det urett å hevda at kultursektoren er utan lovregulering. Når likevel spørsmålet om ei allmenn kulturlov dukkar opp i ulike samanhengar, er det først og fremst eit uttrykk for eit ynske om å gje kultursektoren som totalitet eit sikrare fundament, både statusmessig og økonomisk.

Argumentasjonen til støtte for ei allmenn kulturlov legg vekt på følgjande moment:

- Det trengst ei lov som pålegg stat, fylkeskommunar og kommunar å støtta, fremja eller leggja til rette for ulike former for kulturtilbod for ibuarane. Spesielt i fylkeskommunar og kommunar er det berre lovpålagde oppgåver som kan prioriterast, vert det hevda. Difor vil kultursektoren vera avhengig av å vera definert som lovpålagd oppgåve.
- Det trengst lov for å sikra tilnærma likeverdig kulturtilbod for ibuarane uavhengig av kvar dei bur i landet.
- Det trengst lov for å gje kultursektoren same legitimitet og autoritet som andre samfunnssektorar.

Eit hovudpoeng i argumentasjonen for ei kulturlov er at ho skal sikra finansieringa av tiltaka i kultursektoren. Ender og då vert det nemnt krav om lovfesta prosentsatsar o.l. av budsjettet som skal gå til kulturtiltak. Tankegangen er at kultursektoren ikkje bør omfattast av politiske prioriteringsdebattar, der kultursektoren vert vurdert opp mot andre samfunnsområde. Det har òg vore frammet tankar om at ei kulturlov skal påleggja faste organisatoriske løysingar i kommunane for å handtera kultursakene.

Dersom departementet skal gå vidare med vurderingar av ei eventuell kulturlov, vil det vera uaktuelt å gå inn på framlegg som inneber å lovfesta spesielle prosentsatsar o.l. til kultursektoren. Bruk av offentlege midlar er og skal vera tufta på politiske prosessar og avgjerder. Det vil vera feil å binda Stortingets budsjettkompetanse i lovs form.

Dersom det skal fastsetjast prosentsatsar eller andre former for strukturering av storleiken på dei økonomiske ressursane, bør det formulerast som politiske vedtak og ikkje i lovs form. Ein kan ikkje argumentera med at kultursektoren er viktig for samfunnslivet, og samstundes gjennom lov hindra samfunnet og det politiske systemet å vurdera kor viktig kultursektoren skal vera.

Heller ikkje er det aktuelt å vurdera lovfesting av organisatoriske prinsipp for korleis til dømes kommunane skal leggja opp engasjementet sitt i kultursektoren. Det vil vera å gripa inn i det kommunale sjølvstyret på ein måte som er i strid med det hovudmålet regjeringa har om å styrkja lokaldemokratiet og å la kommunane sjølve avgjera korleis dei vil organisera verksemda og tenestene sine. Korkje i lovs form eller på annan måte vil difor regjeringa detaljregulera i kva grad kommunar eller fylkeskommunar skal ha eigne kulturforvaltingar eller ikkje.

Etter departementets oppfatning er det berre ei allmenn kulturlov som det kan vera aktuelt å vurdera, dvs. ei lov som eventuelt lovfestar at stat, fylkeskommunar og kommunar skal leggja til rette for, støtta og fremja eit sett av kulturtiltak som ibuarane kan oppleva og ha glede av. Verdien av ei eventuell lov vil først og fremst liggja på symbolplanet; kultursektoren vil tilhøyra dei samfunnsområda der det offentlege har plikt til å yta ein innsats.

Ei eventuell kulturlov vil isolert sett ikkje sikra kultursektoren anna enn ein viss minimumsinnslagsats. Ei kulturlov vil slik sett ikkje vera tilstrekkeleg til å kunna fanga opp det mangfaldet og den dynamikken som kultursektoren er samansett av. Hovudverkemiddelet i gjennomføring av kulturpolitiske tiltak vil vera dei økonomiske rammevilkåra for kultursektoren som totalitet. Den framgangen som kultursektoren har hatt dei seinaste tretti åra, er i stor mon eit resultat av at dei økonomiske rammene i heile perioden har hatt ein realvokster. Utan kopling til økonomiske rammevilkår vil difor ei kulturlov i seg sjølv ikkje skapa betre utgangspunkt for kultursektoren.

Debatten om kulturlov har så langt vore svært introvert, i den meining at perspektivet har vore avgrensa til tilhøva mellom kulturlivet, staten, fylkeskommunar og kommunar. I aukande grad er òg utforming og gjennomføring av kulturpolitikk påverka av internasjonalt avtaleverk, i fyrste rekje gjennom EØS-avtala og medlemskapen i WTO. Spørsmålet er då i kva grad og på kva måtar ein kan ta i bruk kulturpolitiske verkemiddel for å støtta kulturytringar som er viktige i norsk samanheng. Så langt har ein frå norsk side ikkje kunna peika på vanskar for utforming av norsk kulturpolitikk. Men

i 2001 fekk vi ein prøve på kor langt EØS-avtala til-lèt ein å gå når det gjeld å støtta kulturytringar i eit medlemsland. Island fekk ikkje medhald i EFTA-domstolen når det gjeld å brukha lågare meirverdiavgiftssats for bøker på islandsk språk enn for andre bøker. Det illustrerer at val av verkemiddel for å fremja ein nasjonal kulturpolitikk ikkje berre er eit nasjonalt spørsmål.

I WTO-samanheng er kulturområdet, i fyrste rekkje det audiovisuelle området, unntake fra frihandelsreglane. Men innanfor eit multilateralt frihandelsregime kan det oppstå interessekonfliktar mellom kulturpolitisk grunngjevne økonomiske tiltak og dei generelle frihandelsreglane. Noreg og mange andre land som i global samanheng representerer små språkgrupper, vil ha stor felles interesse av å kunna utforma offensive, stimulerande, økonomiske kulturtiltak, til dømes for å tryggja at det vert skrive skjønn- og faglitteratur på norsk, og at det vert produsert teater, video og filmar med norsk som bruksspråk. Ein fyrste prøvestein på kor lett eller vanskeleg det kan verta å halda fast med ein slik politikk i internasjonal samanheng, kan verta arbeidet med ein eventuell konvensjon for kulturelt mangfald, jf. kap. 6.

## 16.4 Kunnskapsbehov og FoU om kultursektoren

Kultursektoren har vakse fram som eit mangarta landskap av aktørar som på den eine sida samhandlar med eit publikum, stort eller lite, og som på den andre sida i stor grad er avhengig av offentlege styresmakter for å få rammevilkår, i hovudsak økonomiske, som gjer det mogeleg for aktørane å fungera og overleva som del av kultursektoren. Utforming av kulturpolitikk går for seg i skjeringspunktet mellom kulturaktørar og styresmakter. Det er tale om ein kontinuerleg prosess med definering av mål, identifisering av verkemiddel og tiltak, posisjonering, forhandling, av og til konflikt, heile tida med eit mål om å ha ein kultursektor som påverkar samfunnet med utfordringar og opplevingar.

Både Kultur- og kyrkjedepartementet og dei mange ulike aktørane i kultursektoren har behov for kunnskap om korleis politikk og konkrete tiltak faktisk fungerer. Dei seinaste ti-femten åra har det vakse fram eit særskilt forskingsfelt som nasjonalt og internasjonalt vert kalla kulturpolitikkforsking.

Hovudinnsatsen i kulturpolitikkforskinga har vore og er innretta på dei tradisjonelle kjerneområda i kulturlivet, prosessar og relasjonar på kunstfelta, i amatørkulturen, kulturforvaltninga, kulturbransjane og på sjølve kulturpolitikken på ulike forvaltningsnivå. Fleire studiar har mellom anna teke for seg korleis den økonomiske situasjonen er for dei ulike kunstnargrappene.

Ser ein på utviklinga av kulturpolitikkforskinga over tid, har Noregs forskingsråd og Norsk kulturråd spela ei særleg viktig rolle. Kultur- og kyrkjedepartementet har engasjert seg i kulturpolitikkforsking på to måtar. For det fyrste er departementet oppdragsgjevar for prosjekt og studiar i samband med utforming av stortingsmeldingar og konkrete tiltak. For det andre har departementet sidan midten av 1990-åra gjeve tilskot til fleire forskingsprogram i Noregs forskingsråd, program som mellom anna også har inkludert forsking om kulturpolitikk. I tillegg har departementet engasjert seg økonomisk i eit nordisk prosjektet som nett er avslutta, og som Nordisk Ministerråd har hatt hovudansvaret for, *The Nordic Cultural Model*, med vekt på samanlikning av kulturpolitiske tiltak i dei nordiske landa.

Når det gjeld kulturstatistikk, yter departementet tilskot til Statistisk sentralbyrå, slik at årleg kulturstatistikk og serien *Norsk kulturbarometer* frå Statistisk sentralbyrå vert publisert. På statistikkfeltet vil det vera særleg behov for meir analytisk statistikk.

Fleire forskingsmiljø kan i dag utføra FoU-oppdrag innanfor kulturpolitikkforsking. Utgreiingsseksjonen ved Norsk kulturråd og Høgskulen i Telemark har markert seg som dei mest aktive miljøa. Dei medievitskapelege miljøa ved universiteta i Oslo og Bergen kan òg nemnast i denne samanhengen.

Ser ein på dei konkrete prosjekta som har vore utførte dei seinaste ti åra, dominerer prosjekt som er innretta mot det tradisjonelle kunstområdet. Det har vore mindre aktivitet når det gjeld abm-feltet. Rett nok hadde Noregs forskingsråd eit program for bibliotekforsking i åra 1996–2001, men samla sett har likevel kunstområdet vore av størst interesse for kulturpolitikkforskinga. I åra frametter vil departementet føra ein løpende dialog med Noregs forskingsråd, Norsk kulturråd og ABM-utvikling om forskings- og utgreiingsbehova. Departementet vil ha interesse av at FoU-innsats over tid kan gje ny kunnskap om heile kultursektoren, og vil følgjeleg vurdera tiltak som kan gje ei slik utvikling.



Figur 17.1

## 17 Kulturbygg

### 17.1 Innleiande merknader

Kulturtiltak krev fysiske rammevilkår som gjer det mogeleg å realisera dei måla som gjeld for dei respektive institusjonane eller prosjekta.

Til dømes vil det vedtekne nybygget for Hålogaland Teater gjera det mogeleg for dette teateret å utvikla seg vidare kunstnarleg og byggja seg opp med siktet på formidlingsoppgåver i regionen. Dei treng ein heimebase som legg tilhøva praktisk tilrette for alle førebuingar.

På same område har Noreg – til dømes samanlikna med grannelanda våre – kome seint i gang med å gjennomföra nasjonalt viktige byggjeprosjekt på kulturområdet. Nybygget for Den Norske Opera er eit døme på at ein berrsynt mangel i ein naudsynt infrastruktur av kulturbygg er i ferd med å verta retta opp.

På andre område har dei bygningsmessige løsingane vorte utdaterte i den grad at turvande oppgraderingar kjem kostnadsmessig på line med nybygg. Hovudbygningen for Nasjonalbibliotekets Oslo-avdeling er det mest opplagde dømet.

Arbeidet med å konsolidera museumsstrukturen har ikkje uventa synleggjort ei rad investeringsbehov. Å ta vare på kulturarven krev gode lokale både til å formidla og til å oppbevara. For at Sunnmøre Museum skal kunna fylla rolla som konsolidert museumseining i regionen sin, lyt det finnast ei løysing på eit godt dokumentert magasinbehov. For at Nasjonalmuseet for kunst skal verta ein i internasjonalt perspektiv framståande formidlingsarena og ein kvalifisert kunstvitskapleg institusjon, krevst fullgode fasilitetar både for publikum og for dei mange faglege funksjonane som publikum i liten grad møter, men som er minst like viktige.

Bygningar for formidling av kultur skal vera tilgjengelege for alle. Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvar for å etterleva handlingsprogrammet for universell utforming innanfor departementets saksområde. I samband med alle byggjeprosjekt som departementet gjev tilskot til, vil kravet om tilgjenge for alle verta sett som vilkår for tilskot.

Det er eit mål at det nye operahuset i Oslo i størst mogeleg grad skal vera tilrettelagt slik at ein oppnår godt tilgjenge for alle brukargrupper. Det

er difor etablert eit tett samarbeid mellom Statsbygg og organisasjonane for dei funksjonshemma med regelmessige drøftings- og informasjonsmøte og med ei arbeidsgruppe som kan trekka inn i prosjektarbeidet på kort varsel for å avklåra tilhøve som krev snøgge avgjerder.

Under kap. 4.3.1 er det gjort greie for gjeldande statlege ordningar for løyvingar og tilskot til kulturbygg. I framstillinga nedanfor er siktet målet med utgangspunkt i dei eksisterande ordningane å skissera ein tenleg modell for korleis kulturbygg bør handterast forvaltningsmessig i åra frametter.

### 17.2 Rom for kunst – midlar frå Norsk kulturfond

Norsk kulturråd har heilt sidan organet vart skipa i midten av 1960-åra nytta ein del av fondsmidlane til kulturbygg. Medan 33 pst. gjekk til kulturbygg i 1965, utgjorde dette berre om lag 3 pst. av dei samla fondsmidlane i 2002. Det følgjer av dette at det berre er nokså avgrensa prosjekt Norsk kulturråd har funne høve til å medverka med midlar til dei siste åra.

Avsetjinga har tradisjonelt gått til toppfinansiering av spesialbygg som ikkje har falle inn under ordninga for lokale og regionale bygg, eller som ikkje har fått tilskot frå løyvingane til nasjonale kulturbygg. Jamvel om tilskotet frå Norsk kulturråd har utgjort ein mindre del av den samla investeringa, har tilseyna frå Kulturrådet i mange tilfelle framstått som eit kvalitetsstempel som i neste omgang har hjelpt søkerane med å tryggja ei samla finansiering av det aktuelle prosjektet.

Kulturrådet ynskjer å stimulera til nyskapning kring kulturbyggets arkitektur og innhald. Særleg prioritert er realisering av bygg for produksjon og formidling av nyskapande og profesjonell kunst. Samstundes er rådet oppteke av å heva den arkitektoniske kvaliteten på ulike visingslokale. Det er gjeve tilskot både til galleri, teater, konsertlokale og museum.

Gjennom prøveprosjektet *Rom for kunst* som Kulturrådet sluttførte i 2002, vart det avdekt eit stort behov for nye arenaer og oppgradering av eksisterande lokale, både innanfor det prosjektba-

serte og det institusjonelle kunstfeltet. I lys av desse røynslene ynskjer Norsk kulturråd i år framover først og fremst å medverka til å utvikla nye arenaer for formidling av kunst.

Departementet legg til grunn at dette i investeringssamanheng vil vera ei tenleg hovudprioritering for Norsk kulturråd i komande år, men dette inneber samstundes at det lyt finnast andre løysingar for ulike typar spesialbygg, mellom anna museumsbygg, som rådet tidlegare har ytt midlar til, men som ikkje kan ventast å verta prioriterte i eit Rom for kunst-perspektiv.

### **17.3 Evalueringa av ordninga for tilskot til lokale/regionale kulturygg**

Tilskotsordninga for lokale og regionale kulturygg var tidlegare knytt til ein eigen post i statsbudsjettet (kap. 320 post 60), men no vert desse tilskota henta frå spelemidlane, med 45 mill. kroner i 2003. Retningslinene for søknad om statlege midlar til slike bygg er omfattande og detaljerte.

Ein stor del av forvaltningsoppgåvene i tilknyting til denne tilskotsordninga er delegert til fylkeskommunane, som tek imot, handsamar og godkjenner søknader etter at desse er førehandsgodkjende i vedkomande kommune eller i departementet. Fylkeskommunen gjer vedtak om i kva for kommunar regionale kulturygg skal plasserast, og skal dessutan uttala seg om kva for regionale funksjonar bygget bør innehalda. Årleg sender fylkeskommunen eit oversyn til departementet over innkomne og godkjende søknader, og dette oversynet dannar grunnlaget når departementet fordeler midlar mellom fylka. Midlar avsette til lokale kulturygg vert fordelt av fylkeskommunen, medan departementet fordeler tilskot til regionale bygg. Fylkeskommunen utbetalet innvilga tilskot til kommunane og fører oversyn over tildelte og utbetalte summar, mottekne rekneskapar, inneståande og ikkje utbetalte midlar.

Ordninga er nyleg evaluert. Rapporten *I hus med kulturen* låg føre sommaren 2002 (Østlandsforskning, rapport nr. 12/2002). Siktemålet var å få dokumentert kva ordninga har hatt å seia for lokalt og regionalt kulturliv. Brorparten av informantane i kommunar og fylkeskommunar er samde i

- at ordninga er naudsynt for å tryggja infrastruktur på kulturområdet i heile landet
- at ordninga medverkar til å løysa ut monalege summar frå andre kjelder
- at ordninga har mykje å seia for lokalt og regionalt kulturliv

- at kulturyggja er viktige arenaer for både formidling og produksjon av kunst og kultur
- at behovet for ombygging og modernisering er større enn trangen for nybygg.

Rapporten tilrår på dette grunnlaget å vidareføra ordninga, men med ein del justeringar.

Helvta av informantane meinte at ordninga ikkje er tilpassa dei behova kulturlivet har i dag, og tredjedelen av informantane meinte at kulturhusa er lite eigna til å fanga opp endringar i kulturlivet.

På grunnlag av ein konkret og djupare analyse av kulturygg i tre ulike regionar deler rapporten bygningane inn i kategoriane forsamlingshus og kulturhus. Denne inndelinga går på tvers av oppdelinga i lokale og regionale bygg etter tilskotsordninga.

Forsamlingshus er først og fremst sosiale samlingsstader som manifesterer vitaliteten i det aktuelle lokalsamfunnet. Dugnader og friviljug innsats er kjenneteikn ved drifta, men bygningane har i periodar særst i låg bruksfrekvens. Rapporten legg til grunn at behovet for slike bygningar i stor grad er dekt opp.

Profesjonelt drivne kulturhus er derimot viktige for produksjon og formidling av kultur. Behovet for slike er ikkje dekt, vert det halde fram i evalueringssrapporten.

I rapporten vert det vidare konstatert at mange kulturhus har ein vanskeleg driftsøkonomi grunna behov for teknisk oppdatering og vedlikehald.

### **17.4 Ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus**

Med tilvising til evalueringa av den noverande ordninga med statlege tilskot til lokale og regionale kulturygg vil departementet tilrå ei ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus. Ordninga bør tilførast 40 pst. av den delen av spelemiddeloverskotet som skal nyttast til kulturygg. Frå 2005 vil dette utgjera overslagsvis 55 mill. kroner. I 2004, då berre to tredjedelar av spelemidlane vil vera innfasa, bør det som som ei overgangsordning leggjast til grunn at fylkeskommunane disponerer ein noko større prosentdel av desse midlane, slik at ca. 50 mill. kroner kan tilførast denne ordninga.

Midlane vert stilte til rådvelde for fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel som tek utgangspunkt i ibuartalet justert med utjamningsfaktorar som tek omsyn til areal og til samferdslemessig og annan relevant infrastruktur.

Fylkeskommunane bør stillast nokså fritt i bruken av desse midlane, dvs. at dei statlege føringane

vert avgrensa til eit sett av premissar som skal gå fram av det årlege brevet der midlane vert stilt til rådvelde. Midlane bør kunna nyttast både til nybygg og ombygging eller modernisering, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Tilskot til bibliotekbussar kan inngå i ordninga.

Eit anna vilkår bør vera at tilskotet frå spelemidlane ikkje skal utgjera meir enn tredjedelen av den samla finansieringa av det aktuelle tiltaket.

## 17.5 Ny ordning for tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur

I departementet ligg det føre ei rad søknader om tilskot frå budsjettposten til nasjonale kulturygg (kap. 320 post 73). Brorparten av desse har ein karakter og eit omfang som gjer det naturleg å kategorisera dei som regionale prosjekt, jf. budsjettproposisjonen for Kultur- og kyrkjedepartementet, der det årleg vert gjeve eit oversyn over prosjekt som departementet er kjent med, i tillegg til dei prosjekta som er tekne inn i den fireårige investeringsplanen.


Dette dreier seg om å leggja til rette kulturelle møteplassar for både unge og eldre og for aktivitar på tvers av generasjonar og grupper.

Geografisk vil prosjekta over tid fordela seg på heile landet, men i kvart einskilt budsjettår vil tilskota måtta koncentreras om eit avgrensa tal prosjekt. Følgjeleg vil det vera naudsynt med ei samla prioritering på nasjonalt nivå.

Døme på prosjekt som det alt ligg føre søker om midlar til, og som vil kunna falla inn under ei slik tilskotsordning, er:

- ombygging av turnhall for å leggja til rette for barneteateret ved Rogaland Teater
- bygg for Ruija kvenmuseum i Vadsø som del av eit samla abm-senter, der folkebibliotekdelen alt er opna
- tilrettelegging av turbinhall i Tyssedal til kulturhus
- blues-senter på Notodden
- publikumsbygg for Telemark museum i Skien.

Departementet vil tilrå at desse og mange andre liknande regionale prosjekt i åra frametter vert delfinansiert med midlar frå den delen av spelemiddeloverskotet som skal nyttast til kulturygg. For å kunna dekkja ein rimeleg del av dei melde behova bør 60 pst. av dette øyremerkte spelemiddeloverskotet setjast av til slike tiltak. Frå 2005 vil dette utgjera overslagsvis 80 mill. kroner.



Figur 17.2

Tilskota bør avgrensast til maksimalt 60 pst. av dei samla prosjektkostnadene.

## 17.6 Nasjonale kulturygg

Dei siste åra har posten for tilskot til nasjonale kulturygg (kap. 320 post 73) femna om fleire prosjekt enn det som har vore vanleg tidlegare. I hovudsak har dette samanheng med gjennomføringa av programmet med såkalla fylkestuseårsstader. Etter kvart som desse prosjekta vert fullførte, vil denne budsjettposten venteleg femna om noko færre prosjekt, men likevel vil det også dei nærmeste åra vera eit sterkt press på denne posten. Til dømes er nybygget for Hålogaland Teater åleine gjeve tilsegn om statlege tilskot med i alt nærmere 175 mill. kroner.

I åra frametter vil kategorien nasjonale kulturygg både femna om prosjekt av eit særleg stort omfang, prosjekt der staten åleine skal dekkja ein særleg stor del av dei samla investeringskostnadene, og andre prosjekt som etter sin karakter utan vidare høyrer heime i denne kategorien.

I somme tilfelle vil det vera ei skjønsmessig vurdering om eit prosjekt skal plasserast i denne kategorien, eller definerast som ein regional møteplass og formidlingsarena for kultur. Dette er i seg sjølv ikkje eit problem.

## 17.7 Statlege bygg

Det vert lagt til grunn at investeringsprosjekt ved statlege institusjonar skal fremjast som før med løvingar over budsjettet å Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Ikkje minst for Arkivverket vil det måtta pårekna fleire prosjekt i løpet av det komande tiåret.

## 18 Økonomiske og administrative konsekvensar

I dei årlege budsjetta vil Kultur- og kyrkjedepartementet leggja særleg vinn på å møta dei utfordrингane på kulturfeltet som det er gjort greie for i denne meldinga, jf. oppsummeringa i innleiinga til samandraget (kap. 1).

Mykje i norsk kulturliv fungerer godt, og ein del kan verta betre gjennom betre organisering og meir optimal bruk av tilgjengelege ressursar. Departementet legg stor vekt på å utnytta potensi-alet for meir effektiv ressursbruk i store og små institusjonar. Dessutan må det leggjast til rette for tilflyt av midlar frå ikkje-offentlege kjelder i dei tilfella dette er realistisk.

Likevel syner denne meldinga at det vil vera behov for å trappa opp dei statlege løyingane til kulturføremål i det komande tiåret.

Dei fyrste åra vil *hovudprioriteringa* måtta vera å følgja opp dei opptrapplingsplanane som følgjer av dokument som alt er lagde fram tidlegare, og som Stortinget har slutta seg til. Dette gjeld fyrst og fremst St.meld. nr. 22 (1999–2000) om saksområda arkiv, bibliotek og museum, St.prp. nr. 48 (2001–2002) om nytt operahus, dessutan St.prp. nr. 69 (2002–2003) om Stavanger som europeisk kultury, dersom denne søknaden vinn fram. Men òg på andre område gjer det seg gjeldande påtren-

gjande behov som tilseier snarleg budsjettmessig prioritering.

I samsvar med dei mål, strategiar, tiltak og prioriteringar som denne meldinga har gjort greie for, vil oppfølginga skje i dei ordinære budsjettproposisjonane, i tråd med vanleg praksis, dvs. at omfanget og innfasinga av nye midlar skal skje som lekk i den årlege budsjetthandsaminga.

Meldinga gjev i seg sjølv ingen konkrete tilvisingar om i kva omfang eller i kva for budsjettår opptrappingane skal skje, av di dette er spørsmål som må handsamast i dei årlege statsbudsjetta på vanleg måte. Departementet må difor ta kläre etterhald om den økonomiske utviklinga, statens økonomiske handlingsrom og dermed om kva for økonomiske rammevilkår kultursektoren skal gjevast.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i r å r :

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 29. august 2003 om kulturpolitikk fram mot 2014 blir send Stortinget.

**Vedlegg 1****Publiserte bakgrunnsdokument*****Arkiv, bibliotek og museum***

Evaluering av Statens bibliotektilsyn og Norsk museumsutvikling. Rapport fra et evaluatingsutvalg oppnevnt av Kulturdepartementet (2001). Kulturdepartementet. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

Evaluering av Kulturnett Norge (2001). Kulturdepartementet. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

Rapport fra Bevaringsutvalget 2002. Riksarkiven.

Tverrsamband. Rapport fra Arbeidsgruppe for IT og andre sektorovergrepende spørsmål innenfor bibliotek, arkiv og museum – mars 2001. Kultur- og kyrkjedepartementet. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

***Biletkunst m.m***

Aslaksen, Ellen (2002): Fornyet og forbedret? – Evaluering av innkjøpsordningen for samtidskunst. Arbeidsnotat nr. 50, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Utsmykkingsordningen for statlige bygg. En evaluatingsrapport (2002). Kultur- og kyrkjedepartementet.

***Kulturbrygg***

Vaagland, Jorid, Andersen, Torhild og Eide, Trude Hella (2002): I hus med kulturen. Evaluering av den statlige tilskuddsordningen til lokale og regionale kulturbrygg. Rapport nr. 12/2002, Østlandsforskning.

***Kunstnarane***

Borgen, Jorunn Spord (2002): Aspirantordningen – ny stipendordning for nye kunstnerroller. Evaluering av aspirantordningen. Arbeidsnotat nr. 49, Norsk kulturråd. Notatet er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

***Litteratur***

Asbjørnsen, Dag (2002): Ebøker: rettigheter og marked. Høgskolen i Stavanger. Rapporten er tilgjengeleg på <[www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport2.htm](http://www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport2.htm)>

Fjeldstad, Anton (2003): Får man lov? Bokpriser på norsk. Arbeidsnotat nr. 5, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Fjeldstad, Anton (2001): Å sette pris på bøker. Om prissystema i ein del vesteuropeiske land. Rapport nr. 24, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Fredriksen, Terje (2003): "Den usynlige hånd" eller "Lovens lange arm". Et bakgrunnsnotat om Bransjeavtalen, litteraturlov og bokpriser. Notat nr. 52, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Freihow, Halfdan W. (2001): Den edle hensikt – helliger den midlene? En utredning om statens innkjøpsordninger for litteratur. Rapport nr. 26, Norsk kulturråd. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Hillesund, Terje (2002): Digital lesning. Høgskolen i Stavanger. Rapporten er tilgjengeleg på <[www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport3.htm](http://www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport3.htm)>.

Lekvam, Knut (2002): Ebokteknologi. Høgskolen i Stavanger. Rapporten er tilgjengeleg på <[www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport2.htm](http://www1.his.no/ebok/ebokinor/rapport2.htm)>.

Referansegruppen for Norsk kulturråds utredningsprosjekt om bokbransjen (2003): Strukturendringer i bokbransjen. Sluttrapport. Notat nr. 53, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Ringstad, Vidar og Løyland, Knut (2002): Norsk bokbransje ved tusenårsskiftet. Endringsprosesser og litteraturpolitiske perspektiver. Rapport nr 197, Telemarksforskning-Bø.

Vestheim, Geir (2001): Ni liv. Om legitimitet og overlevingsevne i innkjøpsordningane for norsk skjønnlitteratur. Rapport nr. 25, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

### Musikk

Arnestad, Georg (1996): Improvisasjon sett i system – om etablering av Norsk jazzforum. Rapport nr. 4, Norsk kulturråd.

Arnestad, Georg (2001): Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst og omskapt ... Om folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg. Rapport nr. 27, Norsk kulturråd. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Arnestad, Georg (2001): System eller improvisasjon? Norsk jazzforum og regionale jazzsenter fem år etter ... Ei utgreing for Norsk jazzforum.

Den norske jazzscene. En utredning om etablering av en nasjonal scene for jazz i Oslo (2002). Norsk Jazzforum.

Gripsrud, Jostein(red.) (2002): Populärmusikken i kulturpolitikken. Utredning om populärmusikkfeltet i Norge. Rapport nr. 30, Norsk kulturråd. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Langdalen, Jørgen (2002): Musikkliv og musikkpolitikk – en utredning om musikkensemblene i Norge. Rapport nr. 31, Norsk kulturråd. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Nesheim, Elef (2002): Internasjonalt orkesterperspektiv. Tillegg til Ny orkestersatsning. Kultur- og kyrkjedepartementet. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

Nesheim, Elef (2001): Symfoniorkesterutredning. Ny orkestersatsning- kvantitativt og kvalitativt. Kulturdepartementet. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

### Scenekunst

Bergsgard, Nils Asle og Røyseng, Sigrid (2001): Ny støtteordning – gamle skillelinjer. Evaluering av ordningen med tilskudd til fri scenekunst. Rapport nr. 23, Norsk kulturråd. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Berkaak, Odd Are (2002): Fri for fremmede. En evaluering av signalprosjekt Open Scene. Arbeidsnotat nr. 46, Norsk kulturråd. Notatet er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Nasjonal plan for produksjon og formidling av opera og ballett (2002). Kultur- og kyrkjedeparte-

mentet. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

NOU 2002: 8 Etter alle kunstens regler – en utredning om norsk scenekunst. Rapporten og høyningsfråsegnene er tilgjengelege på <[www.dep.no/kkd](http://www.dep.no/kkd)>.

### Språk

Handlingsplan for Norsk språk og IKT – Revidert utgave (juni 2001). Norsk språkråd. Dokumentet er tilgjengeleg på <[www.sprakrad.no](http://www.sprakrad.no)>.

Samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknolegiressursar. Prosjektgruppe oppnemnd av Kultur- og kyrkjedepartementet. Rapport, oktober 2002 – korrigert versjon mars 2003. Norsk språkråd. Dokumentet er tilgjengeleg på <[www.sprakrad.no](http://www.sprakrad.no)>.

### Generelt

Berg, Christin, Nødland, Svein Ingve og Opedal, Ståle: Hørt om Frifond! Evaluering av ny støtteordning for lokalt frivillig virke blant barn og unge. Rapport 2002/355, Rogalandsforskning.

Bjørkås, Svein (2002): Kulturelle kontekster. Kulturpolitikk og forskningsformidling bind I. Kulturnstudier nr. 24. Høyskoleforlaget AS, Kristiansand.

Bjørkås, Svein (2002): Individ, identitet og kulturell erfaring. Kulturpolitikk og forskningsformidling bind II. Kulturnstudier nr. 25. Høyskoleforlaget AS, Kristiansand.

Bjørkås, Svein (2002): Kulturproduksjon, distribusjon og konsum. Kulturpolitikk og forskningsformidling bind III. Kulturnstudier nr. 26. Høyskoleforlaget AS, Kristiansand.

Baklien, Bergljot og Krogh, Unni (2002): Evaluering av Mosaikk – et program under Norsk kulturråd. Rapport nr. 29, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.

Duelund, Peter (red.) (2003): The Nordic Cultural Model. Nordic cultural policy in transition. Nordic Cultural Institute, Copenhagen.

Gran, Anne-Britt (2002): Mosaikk – når forskjellene forener. Evaluering av programmet for kunst og det flerkulturelle samfunn. Rapport nr. 28, Norsk kulturråd. Rapporten er tilgjengeleg på <[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)>.